

Ord og vendingar
frå
Syvdemålet

ORD og VENDINGAR

frå

SYVDEMÅLET



Av

Arnold Nordal

Blommenholm

1998

Til lesaren.

For fleire år sidan, nemnde eg i eit brev til Bjørnar Osnes, som den gongen var redaktør for "Synste Møre", nå kalla "Vest-Avisa", at bladet kanskje burde ha ein språkspalte med ord og vendingar frå bygdemålet vårt, og eg tok på meg å lage ei utkast til ein slik spalte. Det er dette som nå er blitt til det manuskriptet som her ligg føre, og som er totalt overdimensjonert for ein lokalavis.

Arbeidet treng likevel ikkje om å vere bortkasta, for dersom det finst noko av verdi i dette materialet, kan det brukast på to måtar:

1) Veat-Avisa kan plukke ut det den har lyst til, og 2) personar som måtte vere interesserte, kunne få tilgang til det ved at eg sender eit eksemplar av manuskriptet til Aasen-museet.

Mesteparten av tankearbeidet i samband med manuskriptet, er gjort i mi sjukeseng, som ein (viktig) del av min eigenterapi i ein vanskeleg fase i livet.

I dei seinare åra har eg hatt skrivemasminen ståande framfor senga, slik at eg lett kunne få tak i henne når eg kom på eitt eller anna som eg ville feste til papir. Det som ligg føre, er å sjå på som ein kladd til det som skulle bli eit arbeid med tittelen "Ord og vendingar frå syvdemålet". Når eg ikkje har ført arbeidet vidare enn til kladdstadiet, er det fordi helsa og kreftene ikkje rakk lenger.

Dette er det eine av dei fire eksemplara som finst av manuskriptet.

Blommenholm, mai 1998.

Arnold Nordal.

ORD OG VENDINGAR FRÅ SYVDEMÅLET

Av

ARNOLD NORDAL

FORORD

Like frå 15-16 årsalderen har eg interessert meg for ord (språk), og grunnane til det er fleire: Nærmaste grannen vår, Severin T. Nordal (1885-), lærde seg tysk sjøl. og sidan vi den gongen gjekk fritt gardimellom, var eg ofte borte i Toregarden og snakka med Severin, når han , serleg om søndagane då han hadde best tilsatt ved størebordet med ein norsk og ein tysk Bibel og arbeidde med tysken sin. Ved sida av dei to Biblane, hadde han også "Kursus paa 100 timer i tysk", ei lærebok til sjølstudium. Gjennom denne kontakten med den interessante grannen vår, snappa eg opp nokre få tyske ord , og dette hadde eg glede og nytte av, då eg i 1911 tok til på eittårig realskule i Volda.

Ein annan person som var med og vekte mi interesse for ord, var Egil Landsverk (1891- 1909). Han var einsleg ungkar, og sidan han var litt i slekt med oss på Jostøylen, var han ofte der. (Jfr. "Jofolket".) I 1880 åra herja tuberkulosen fælt i bygdene våre og Ellingefolket i Landsyrket, var av dei som vart hardast råka. For å berge livet til borna Aron og Egil, vart dei sende bort, Aron til slektningar i Ålesund, Egil til kjende ved Bergen, til han kom heim att og fekk skøyte på farsgarden i 1909. Dette Bergensopphaldet, sette merke på Egil for resten av live. Han klædde seg og tedde seg litt annleis enn "hittfolket", m.a., brukte han ein del ord , serleg framandord, som på den tida ikkje var vanlege i bygda.

Det følgde alltid ei viss høgtid med Egil når han kom til oss. Han var langt meir interessert i "åndelege ting" enn i vedslege, siterte dikt og nytta ord og vendingar som eg undra meg over, og som gjorde meg nysgjerrig. I den samanheng vi eg gjerne få nemne at den første boka eg kjøpte (uinnbunden) for eigne pengar, var "Fremmed-Ordbok av Dr. Ernst W Selmer" Kristiania 1923. For at boka skulle bli meir varig, fekk eg hjelp av søskenborna mine i Åmundgarden til å binde henne inn (med fast skinnrygg). Denne boka hadde eg i mange år stor glede og nytte av. For med dette "hemmelege våpen", kunne eg lettare hamle opp med Egil og andre som slår rundt seg med frammandord.

Ein tredje person som, på sin måte, fekk innverknad på mi språkutvikling, var bestefar, Erik Jonsson Nordal (1840- 1930). På den tida då bestefar vari 9-10 årsalderen, var far hans, Jon Eriksson Morstøyl (1812- 1887), berre bygslemann på Støylen. Bestefar var den nest eldste av 7 systken, og ettersom barneflokker vart vart det trangt både i den vesle røykstova og rundt matbordet hjå Jon og kona Pauline (frå Ellingegarden i Landsyrket). For å ha ein mindre å skaffe mat og klær til , vart bestefar som 11-åring sendt syd på Skorbøen i Selje, for å tene for

sitt brød, og der vart han til han vart konfirmert i 1856 .Det er ikkje langt fr
Skorbøen og til Selje seentrum , der soknepresten på den tida, prost Wilhelm
Frimann Koren,budde. Nå høvde det seg slik at ein av sønene til presten, "gjekk å
lese" saman med bestefar. Dei to gutane vart gode venner , og bestefar fekk gå
nokså fritt ut og inn i prestegarden, når han hadde tid til det.Prestane på den tid

måtte lære ein god del naturfag , serleg botanikk, for lettare å kunne gripe
og forstå Guds stordom. Prost Koren var svært interessert i medisiplantar og den
nyttige bruken av dei,og denne kunnskapen førde bestefar seinare over til meg
når vi ferdast saman i skog og mark. Bestefar kjende, og viste namn på dei fleste
plantane i dalen ,og denne kunnskapen fekk eg inn litt etter kvart. Også dette har
eg hatt stor glede og nytte av, m.a.då eg studerte til apotekareksamen.

Under dette studiet lærde eg også ein del latin, og her hadde eg eit godt grunnlag
frå før , ettersom eg tok latinartium i Volda i 1932.

I dei fire åra eg gjekk i Volda, vart eg,serleg gjennom rektor Olav Riste, kjend
med skriftene til Hans Strøm og Ivar Aasen, og serleg vart eg tidleg fasinert av
Ivar Aasens enkle , men geniale måte å definere ord på. Eg skaffa meg difor tidleg
Norsk Ordbok av 1864, og andre Aasen-skrifter,som eg gjerne slo opp i m.a. når eg
ville vite meir om ord og vendingar som vi brukte i Syvde.

Like frå 17-18 årsalderen, har eg likt å skrive dagbøker, i dei første åra svært
lite,seinare meir og meir etterkvart. I desse dagbøkene har eg notert ned ting som
eg kanskje kunne få bruk for seinare, m.a. ord og vendingar frå Syvdemålet..
Slikt materiale har eg ofte diskutert med familien når eg har vore heime på ferie
og ein del av materialet har eg ordna i eit kartotek, som etterkvart er blitt nokså
stort.

Då eg fyllte 80 år, og endå kjende meg frisk, tenkte eg å ta for meg dette materi-
alet, ordne det litt, og skrive det ned på maskin, slik at det kunne vere leseleg
om nokon skulle vere interessete i det, men slik gjekk det ikkje. Like etter
80- årsdagen fekk eg slag, og deretter kom det til , det eine etter det andre, m
ein tung depresjon, som tok alt livsmot og livskraft frå meg. Nå er eg blitt 87 år
og er nokså svekt både fysisk og psykisk. Når eg nå likevel vil prøve å få
gjort litt ut av dette ordmaterialet, er det to hovudgrunnar til det: For ca. to
år sidan, då eg kjende meg rimeleg frisk for ei tid, gjorde eg ein avtale med
Bjørnar Osnes, som den gongen var redaktør for Vest-Avisa, om at eg skulle lage
ein følgjetongserie for avisa om " Ord og vendingar frå Syvdemålet". Det har
lege litt over meg at eg ikkje har klart å oppfylle dennes lovnaden.

Den andre grunnen til at eg nå vil prøve å sjå nærare på dette materialet er , at
litt puslearbeid som dette, er terapi for meg i min nåverande alder og tilstand,
og ein måte til å skape litt innhald i dagane på.

Når ein er blitt 87 år og endå er nokorlunde ved sans og samling, sit ein inne med ein god del livsrøynsle og kunnskap om ting som har interessert ein i livet. Når det gjeld lokalt språktilfang, går språkrøttene mine, gjennom foreldra og besteforeldra mine like tilbake til 1840 åra. Begge bestefedrene mine, Anders Amundsen og Erik Jonsson, var fødde i 1841, og eg hadde nærkontakt med dei begge til dei døydde, Erik i 1930 og Anders i 1933.

Serleg bestefar Anders, heldt sterkt på det gamle språket. Såleis snakka han om "mekedag" i staden for onsdag. Når han talde, sa han "ein, tvau try" i staden for ein to, tre. Han sa "pÿse bær" i staden for å plukke bær, "Ut på stråndå", i staden for ute på strendene, etc.

Dersom unge folk frå Syvde les dette, vil dei kanskje undre seg over at slike ord og vendingar finst eller har funnest i Syvdemålet, men det har si enkle forklaring: Dei som uttrykte seg på denne måten, er for lengst borte, og det same er mange av dei uttrykksmåtene som dei nytta.

Når eg nå legg dette gamle språktilfanget fram offentleg, er det under ein viss tvil, med ei underliggjande redsle for at her kan vere mange feil, for eg er ingen språkman, eller målgranskar. I beste fall må eg kunne rekne meg for amatør på dette området. Men eg får berre la det stå til og vone at fagfolk og andre som er interesserte i bygdemåla våre, vil finne eit eller anna som dei kan bruke.

Under arbeidet med dette skriftet har eg hatt stor hjelp av syskena mine, Klara Eike og Amund Nordal.

I N N L E I I N G

I Physisk og Oekonomisk Beskrivelse over Fogderiket Søndmør, som kom ut i 1762, skriv presten Hans Strøm m.a.dette om syvdingane og syvdemålet: "Ligesom folket i henseende til deres tarvelige levemåde meget synes at ligne vore gamle forfedre, så have de og, frem for alle deres naboer, meget længe beholdt forfedrenes sprog, sæder, klædedragt og overtroiske meeninger, efter vælbemeldte Hr. Wiingårds beretning.

Af denne Beretning vil jeg anføre 1) nogle fåe gamle norske ord, som hidindtil ikke have været mig bekjendte, nemlg: Ålakke, beklikke, bagtale, sætte lak og lyde nogen. Banne eller bane, at dræbe. necare; hvoraf det endnu brugelige ord banemand har sin oprindelse. Fud eller fudda, partes pudentæ equæ. Hyming, tusmørke. Kanne eller kande, at telle småe qvæg, numerrare pecudes; bruges ei om andet. Qvambel, samtale, sermocinatio. Qvambleide, snaksom, garrulus dicax. Qvambelsmand, en talsmand, som bære ordet for en frier."

Sidan dette vart skrive for godt og vel 200 år sidan, er vel syvdemålet blitt ein god del avslipt mot andre bygdedialektar.

Dei sunnmørske bygdemåla har mykje til felles, men likevel er der små nyansar og mindre skilnader både i ordvalg, tonelag og uttrykksmåtar, som ein lokalkjen person vil oppdage når han flytter seg frå bygd til bygd. Ein Nordaling treng såleis ikkje om å gå meir enn ca. ein time over fjellet til Dalsfjorden, før han vil oppdage at dei snakkar annleis enn han er vand med: Medan vi i Nordalen (resp. Syvde) brukar vi som personleg pronomer, brukar dei i Dalsfjorden me, og det kunne lett nemnast fleire eksempel.

Ein grammatikk er bygd opp etter visse hovudprinsipp. (Lydlære, Ordformer, Bøyning former etc.) Det same gjeld ordbøker, der orda er ordna alfabetisk, med kommentarar og døme på bruk i viktige samanhengar.

Når det gjeld ord og vendingar, t.d. frå eit bygdemål, står ein langt friare når de gjeld systematisering eller ordning av materialet.

For å gjere det så enkelt som råd er, har eg valgt å ordne materialet i grupper etter objekt og situasjon, eller også etter lydsamanhengen mellom orda.

Men først ei kort forklaring på faguttrykk, forkortingar etc. som er nytta i teksten nedanfor.

FORKORTINGAR

Adj adjektiv, eigenskapsord ("god", "raud", "kvit". Snøen er kvit.)

Adv adverb, ord som oftast er underordna eit verb (gjerningsord) eller adjektiv og seier noko om grad, måte, stad eller liknande.

akk. akkussativ, objektskasus.

dat. av latin, dare "gje", egentleg "gje- kasus", også kalla "indirekte objektform

Visse preposisjonar "styrer" dativ (jfr. ut på strondå". Strondå er ei gammal dativform av strand. I setninga: "Han ga hunden mat", er Han subjekt, ga, er predikat, hunden er indirekte objekt, eller dativ og mat er (vanleg) objekt. I setninga: "I æ so låke i hauda", er hauda dativform av substantivet (namneordet) haud styrt av preposisjonen i.

dvs det vil seie

f femininum, hokjønn, hokjønnsord

gen. genitiv, eigeform (td "Vinjes" i "Vinjes skrifter".)

gno gammalnorsk.

inf infinitiv, nemneform av verbet. "Gå" og "kome" er infinitivformer..

jf jamfør

konj konjunksjon, bindeord. "Og", "men", "for". "eller" er jamstellande konjunksjonar, medan "at", "som", "då", "fordi" og fleire, er såkalla underordnande konjunksjonar.

m maskulinum, hankjønn, hankjønnsord.

m a mellom anna, andre.

m m med meir

n neutrum, inkjekjønn. Ordet "barn" er neutrum.

o a og anna(n), andre.

obj objekt, emne (føre)mål for ei handling, "Mor les avisa". I denne setninga er avisa objekt.

o l og liknande.

osv og så vidare.

prep preposisjon, styreord. Ubøyeleg ord som står saman med eit substantiv el. eit substantivisk ledd og merkjer uttilhøvet mellom dette og andre ord el. ledd i setninga. "Av", "over", "på" og "til" er vanlege styreord. Jfr. setninga: "Dra til fjells". Her er "til" preposisjonen som "styrer genitiv" slik at vi får forma "fjells" av substantivet "fjell". Preposisjon + styring vart tidlegare kalla kompliment.

pron pronomen, stadord, tilvisningsord. Substantivisk el. adjektivisk ord som får tydingsinnhald frå ord el. uttrykk i den språklege samanhengen el. frå noko(n) som det blir vist til i den aktuelle situasjonen. "Som" kan vere relativt pronomen. I setninga: "Den bilen er min", er den eit peikande pronomen. "Eg" er eit personleg pronomen.

s d sjå der, sjå det(te).

sj sjeldan

subj subjekt, setningsledd som predikatet seier noko om, som saman med predikatet utgjer ei setning, og som nemner det som er el. gjer noko i aktive setningar og de som handlinga blir retta mot i passive setningar. I setninga: "Jenta lo", er jenta subjekt.

subst substantiv, namnord, som "hest", "stein", "kjærleik", "skriking", "Kari!"

Substantivere: lage substantiv frå ord av ei anna ordklasse: "skrive" blir til "skrivning" "å lese" til "lesing" osb.

t d til dømes

v verb gjerningsord, ord som kan bøyast i tid og som oftast nemner ei handling, e tilstand eller ei tilstandsending. "Skrive", "leve", "slokne" er verb.

K O D E N Ø K K E L

Substantiv

	<u>ubf.eint.</u>	<u>bf.eint.</u>	<u>ubf.fl.</u>	<u>bf.fl.</u>
f1	bygd	bygda	bygder	bygdene
f2	vise	visa	viser	visene
f3	dronning	dronninga	dronningar	dronningane
m1	båt	båten	båtar	båtane
	hage	hagen	hagar	hagane
	lærer	læraren	lærarar	lærarane
n1	hus	huset	hus	husa
	rike	riket	rike	rika

Verb

	<u>infinitiv</u>	<u>presens</u>	<u>preteritum</u>	<u>perfektum</u>
v1	kaste	kastar	kasta	kasta
v2	føre	fører	førte	ført

Adjektiv

	<u>hankjønn</u>	<u>hokjønn</u>	<u>inkjekjønn</u>	<u>fleirtal</u>
a1	stor	stor	stort	store
a2	norsk	norsk	norsk	norske
a3	grepa	grepa	grepa	grepa
a4	open	open	ope	opne
a5	vakse	vaksen	vakse	vaksne

NOKRE REGLAR FOR UTTALE

Aksentteikn merkjer av trykk, tonelag og lydlengd. Teiknet ` (høgrevend aksent, akuttaksent), er brukt i ord med tonelag 1 (dvs. med tonelag som i hen`der = fleirtal av hand). Teiknet ` (venstrevend aksent, gravaksent), er brukt i ord med tonelag 2 (dvs. med tonelag som i hen`der = presens av hende). Aksenten står etter vokal når vokalen er lang. Er vokalen stutt, står aksenten etter den konsonanten som kjem etter vokalen. Døme: hóv (på hest), hòv (gudehus i norrøn tid), erstatning.

ORD OG VENDINGAR FRÅ SYVDEMÅLET , I KVAR DAG OG FEST, FRÅ VOGGE TIL GRAV

Talemålet , sjøl i ei lita avstengd bygd, er så rikt og nyansert, at dersom ein skulle setje alt på papiret og kommentere det, ville det fylle mange store bøker. Tanken med dette er ikkje å gå nærare inn på syvdemålet, men berre dra fram ein del ord og uttrykk som er, eller var nytta i dette bygdemålet, slik eg har opplevd og registrert det.

For å kome så nær inn på den folkelege uttrykksmåten som råd er, har eg prøvd å skrive ned orda og uttrykka etter lyden, så langt det let seg gjere, for deretter kome med ein kommentar der eg syntest det trengdest.

For at materialet ikkje skulle serverast i ei surpe, har eg prøvd å dele det inn i store grupper, som visst nok overlappar kvarandre, men som likevel kan vere til hjelp for lesaren.

Desse gruppene har følgjande overskrifter: 1. Mennesket. 2. Mann og kvinne. 3. Hus og heim. 4. Bø, utmark og fjell. 5. Året. 6. Vêret. 7. Liste over ein del sjeldne, norske ord og vendingar, med sikre røter i syvdemålet. Storparten av materialet fell under punkt 7, med ein god del overlappingar.

M E N N E S K E T

Haudet n1 (gno høfud), kroppsdel med hjerne, sanseorgan, munn og opning for luftvegane.

Eit storehaud, ein kloking: `anj e` liten av vekst, men `anj he` eit godt haud Haudeskål el. heileskål. Heile: hjerne. Storeheilen og lisseheilen, storehjernen og småhjernen. Haudeburd, måte å halde eller røre hovudet på: `anj vagga me` hauda; `anj riste på daudet; `anj bar haudet høgt i dag. Stort haud og lite vit Her går stort på den fysiske storleiken, og ikkje på vitet. Lissebanet klarte svidt å bere haudet: dvs, haldet hovudet oppe. Haudeplagg, 1) Brukt generelt om eit plagg til å dekkje hovudet med (hatt, lue, sydvest, etc. 2) Brukt spesielt om eit meir eller mindre forseggjort, helst firkanta stykke av tøy, som kvinnene brukar på hovudet: Ho fekk eit svart faksahaudeplagg (hovudplagg med faks) til bryllaupsdagen. Haudetynn: I fekk eit slikt haudetynn (eg vart så svimme Haudeør: I verte so haudeør når i skal gå eller arbeide i høgdenje. I e`so låke i hauda; i he`like haudeverk. Du ska`kje bryte haudet ditt med det; ditte var eit heilt haudebrot; det går ikkje alltid ette`ditt haud.

Å fare fram å haude, fare hovudstups. (Jfr. Dette att å ende, falle baklengs.)
Haudesmotte, halsopning på klæsplagg so er til å drage over hovudet, t.d. ein busserún (busserull). Haudeende, haudegavl, haudegjerd, på seng. Haudepute.
Kleie si i hauda, vere rådvil, uviss på kva ein skal gjere. Få inn i haudet, forstå Haudelaus, hugselaus, i he'vorte so hugselause: har vanskar med å hugse.

Skolt ml, skalle, panne. Saupskolt (saup: kjernemjølkk), ein dumming, ein "tosk".

Fleinskalle, ein som er hårlaus på hovudet, som er skalla.

Hår, hudvedheng hos flercella dyregrupper. Hårrot, hårsekk, hårbotn, hårbust, hårstrå
Hårgard, grense mellom hovudhåret og den snaue huda: Ho raudna like opp i hårgaren.
(Hår)reik, stripe, linje, skil i håret: Skeivreik, beinreik. Kverel el. kvervel,
fleck eller punkt oppe i kollen (oppe på hovudet) der håret deler seg til alle
sider. Bustehirr, ein snarsint person som lett fyk opp og "bystar seg".

Aue f2, augne-: som har samanheng med auget el. augene, eigenleg ein genetiv:

Augnebrun, augnelok, augnekvarm, augnehår, augnekrik, augnekrok, augneball, augneopl.
augnestein, augneklåre (glasväske), tåreväske, kvitebikkje (det kvite i auga),
Augnelag: utsjånad og rørsler med augene, som viser noko om sinnelaget og lyndet
til personen: blåøygd (forutan om augnefargen, også brukt om ein person som er go-
truen og lett å lure), brunøygd, kvassøygd, surøygd, bjartøygd, skjeløygd (ein
som skjeglar, eit kroppsslyte). Det tilsvarande substantivet er skjogl ml).

Augnekast, kaste auene sine på noke: trå etter, interessere seg for noko. Få auene
sine i gjestebod: Å bli var noko somein har sterk lyst på. Majen verte mette før au-
ene.. He' du vaska di i auenje i dag?: Har du vaska deg i andletet. Han va' heilt
kølsvart i auenje. I dei to siste setningane, er "auenje" dativ fleirtøl av auene.
Eit øyeblik (open "i"), augneblink. / Dårleg betaling: I fekk 'kje so mykje at
kunne gjere ilt i mi auene.

Syn fl el nl (gno: Sýn; same ord som sjón). 1) evne til å sjå: i e'åt å dimnest på
syna. 2) syn, det ein ser: det var eit trist syn, eit sær-syn.

Sjónalyte, eit lyte som er lett synleg. Dette ordet frå den gamle nordalsdialekten
har eg høyrte brukt berre ein gong, og i ein heilt spesiell samanheng: Under leik,
i 2. eller 3. klasse på folkeskulen, var eg så uheldeig å fare "fram å haude" over
ein steingard, slik at eg slo av to framtenner. Då far ei stund etterpå kom til og
såg kvz som hadde hendt, sa han: "Ditte va' fælt leidt, Arnold! Du he' fått eit
skjónalyte som du vil måtte dragast me' resten av livet l".

Nase f2 (gno: nòs) I bunden form eintal: nasa el. naså: kan du syne mi naså di?
(kan du vise meg nasen din?). Lukteorgan.

Naserot, naserygg, nasebein, nasebore, nasetipp, naseveng, nasevorte (han hadde ei
skjeggvorte på nasenje), nasedrope, snørnaseslim, nasebjønn (inntørka snør).

Naseformer: Krylnase, kroknase, ørnenase, oppstoppnase, nasegrev (lang framstikkande
nase). Snyteskaft. Snulle vl, snakke gjennom nasen, Snull ml, ein som snullar.

Lukt fl (det same som luft, eigentleg stoff i gassform (ein luftstraum) som stry forbi og påverkar lukeorgana. God lukt: ange, dâm, brål , snøk: det bråla so fint ta stokksveva (ein korgblomst): i kjende ein slike(gode) snøk når i gikk forbi, so i måtte inn o' sjå ka de dreiv på me. Vond lukt, stygg lukt: Tev (subst) og tevje (ver Det tevja so i grisehuset at der var mest ikkje verande. Liklukt, svidlukt, lortelukt, skitlukt. det luktar land (urin, mest brukt om kuland), det luktar stramt. Også brukt i overført tyding: det luktar pengar (jfr. pengar luktar ikkje). Det lukta korrupsjon ta heile sa'kjenje. Nasevis, frekk, "innpåsliten" ufint nyfiken. Det gjere mykje me ein tume på ei nase o' ei aln på ein dverg (?) Det e' for seint å snyte si når naså e' vekk! (vere for seint ute).

Øyre f2 (gno eyra n), høyreorgan. Øyrestol, øyrebrosk, øyregång, øyreskjå (trommehinne) øyrevoks, øyretopp, øyresus, øyrebløke, øyresnipel, øyreflipe. Du får ha tjukke øy du ska' kje lest (låst) høyre, du får la det gå inn eine øyrå o' utatte hi. Dau , adj, som ikkje høyrer, dauhøyrte ; ånj e' vorte so daue (el dauhøyrte), ja, e' mest steindaue.

Munn ml (gno munnr) kjeft, gap, strut. strypte, rott; Overlippe, underlippe. munnvik, kjevvik; tenner, tanngard, tannkjôt, tannfesta (gomane). Himmel (kvelv over munnhola) open himmel (open gom, gane); tunge, tungerot, tungebånd; ulv (drøvel), ha mot (svelg). - Smilebånd, smiledokk (smilekopp). Frammynt: som har "tennene på tø". Jasemynt (haremynt): person som har "hareskår". Skeivmynt: som er skeiv i munnen. Gje munnen, kysse: han fekk både fång o' munn (fång, storefång: omfanning). Munnherkje: ha eit herkje i målet, ha vanskeleg for å tale reint. Sleikje si om munnen, snakke me' mat i munnja. Tei munnen din, eller endå sterkare: tei kjeften din! Kjeftause, ein som tjandrar og snakkar i tide og utide. Flåkjeft: ein som "slengjer" med Drage på smilebandet, lægje, storlægje, skrattlægje; i trudde `anj skulde lægje si ihel! Tungebånd: Band av slimhud som fester bakdelen av tunga til botnen av munnho. Han var jammen (vel) skoren for tungebåndet!: Ja, han hadde lett for å snakke! Dei (gjestene) site so stille o' forknytte. Dei vente visst på noke (øl, dram) so kan løyse på tungebåndet! Kleis adj: `anj e' so kleise, Kan ikkje uttale hard "r" Tonn fl (gno tönn, gen. tannar), bite- og tyggjereidskap feste til kjevane i munnen Gristent (open "i"), som har stort rom mellom tennene, serleg framtennene, hjørnetonn, visdomstonn, holtonn, tannverk, tannrôte. Tannlykel: gammalt reidskap til å dra ut tenner med. Brukt mellom andre av bygdedokteren Åsebø i Vanylven. Ordtak: Ein ser ikkje mannen lenger enn til tennene. Flekkje tenner: vise tanngarden: (Når ein hund eller eit vilddyr flekkjer av tennene, er det gjerne for å vise mishag eller aggressivitet.) Gleipe: gjere grimaser, skjere ansikt", vringje munnen. Smak ml, eigenskap hjå ei vêske eller eit oppløyst stoff, som gjer at det kan kjenna og særkjennast (karakteriserast) av smaksvortene (smakspapillane) på tunga. Søt, sur, beisk, salt, vond smak , osb. Keim: avsmak, endring i den opphøvelege, ekte smaken, td. av øl som tar til å bli surt, eller flaut. Det hadde fått ein keim frå veden i den gamle øltyнна, som ikkje hadde vore skikkeleg reingjort. _

Hake f2 (gno haka), framstående del av andletet nedanför munnen. Ha klyft i haka ei hakeklyft. Hakeskjegg, kinnskjegg, bart, snurrebart, heilskjegg, skjeggpryd.

Andlet n1 (gno andlit), framsida av hovudet. Andletskap: Småleitt, rundleitt, larleitt, Andletsfarge: raudleitt, bleik, brunbarka, vårgjælet (som har vårgjæler, dvs. fregner.)

Nakkje m1, nakke: baksida av halsen. Nakkekul, nakkegrop. Nakkeburd: Kaste me' nakkja: setje nasen i veret, vise seg overlegen. Ein stivnakkje, ein som er stirrig, og aldri vil gje etter. Få lensmannen på nakken: få lensmannen etter seg. Få grannane på nakken: bli usams med grannane. Ølnakkje. Nakkekjelve: musklar i nakken (mest om

Halsen m1 (gno hals), lekamsdel mellom hovud og kropp, omfattar m.a. dei sju hals-tølene (halsvirvlane), svelget, øverste delen av vølendet (matrøyret) og barken (strupen) med barkekylen (den øvste utvida delen av barken, det same som Adamseplet Strekkje hals: tøyse seg for å kunne sjå lenger. Ta strupetak på noken: i overført tyding: Å presse ein til det ytterste. "Der var hand i hår og kniv i strupe!": karakterstikk av ein stad der det "går hardt for seg" (td. ved mykje drikk i eit danselok.

Aksl f1 og herd f1, skulder. Aksl og herd er synonyme, og dei to namna blir brukte som stadnamn på to fjellformasjonar i Nordalen. I samband med det siste, har vi og stadnamnet Herakassen, som er det høgste punktet av Hera, sett frå dalbotnen.

Kass m1, krøkt rygg, særleg i den øvre delen av ryggen, pukkel: anj Pål e' vorte so kassen i det siste. Han fekk på kass'en, han fekk på pukkel'en: han fekk skjenn. Aksle seg fram: trengje seg fram. Herablåd (scapula). Breidhera, tverrhera, sluthera, med nedhangande skuldre. (Jfr. slute: adj, hange ned, skråne.)

Arm m1, framlem hjå menneske og aper. Armane er bygde opp av herablådet, heraleden, overarmen, albogen med albogeleiden, underarmen med underarmsbeinet og spolebeinet, vesaleleden (handleden), og handa med handrota og fingrane. Fingrane har desse namna: tommeltott, sleikjepott, långemann, gullbrand og lisse Petter spelemann. Dette er kanskje mest ei barneregle, jfr namna på tærne (nedanfor) Når ein skal rekkje- eller drage krok (prøve fingerstyrken), snakkar ein alltid om å bruke långetångja.

Nagl (f1 negler: dat f1 noglå), tynn hornplate på dei ytste ledda av fingrar og tær. Gjere noke me' noglå: gammal dativform (dativ fleirtal) brukt av gamle folk i Syvde då eg vaks opp. Anjenagl (and/nagl): hudfliser ved naglerota.

Handabak, oversida (utsida) av handa. Ta svensketak: det same som å bryte handba Lóve m1, innsida av handa, mellom vesaleleden og fingrane. Jfr løvd: gammalt mål; ei løvd er breidda av ei tverrhand, dvs. avstanden tvers over løven. Ei løvd me' nysnåiy (nysnø). Dette uttrykket vart ofte brukt av eldre folk i Nordalen då eg vaks opp. Handamilten m1, Den kjøttfulle muskelen inne i loven, ved rota av tommelfingeren. Tù'me (tomme). lengden av ytste tommelfingerleddet. Aln: lengden mellom albogen og fingerspissane. Gripe (open "i") m1, romet mellom tommelfingeren og de andre fingrane: du kan berre ta di ein gripe, dvs. så mykje som du får i gripen.

Gaupn f1, så mykje som du kan halde inne i handa; ei handfull: det va' fält so han gaupna til si. Gaupne til seg: forsyne seg grådig.

Bulen , dvs. kroppen, frårekna hovud, armar og bein. Bulen omfattar brøstet med brøstkassa (thorax) og nedre delen av bulen med tilhøyrande organ.

Brøstet (brøstkassa) er avgrensa øverst av herdane og kragebeina, på sidene av ryggen, sidereva (sidebeina) og skirla (brystbeinet), og nederst av taindra (tindra), dvs. mellomgolvet (diaphragma). I brøstkassa finn vi den nederste delen av barkjen og volendet, lungene med lungepipene og hjartet med hjartesadelen (hjar-teposen).

Den nedre delen av bulen, omfattar, på framsida, sjølve buken (el. magen) med navler og kjønnsorgana. På ryggsida og sidene har vi veikryggen, tynnsidene og hoftene med hoftebeina, setet og røyrane eller lyskene.

Namn i samband med abdomen, dvs. den delen av kroppen som er mellom mellomgolvet og hofte skåla: Mage, vomb, krel, pøk; magemunn, mageport. Tarm. Småtarmar, tjukktarm, blindtarm, endetarm.

Beina (el. ganglemene): Lår, kne, kneled, kneskjel, kalbot el. kalvbot (knehase, knesbot på gammalnorsk: kalfabot). Substantivet kalv ml, er eit gammalt namn på baksida av leggen. (jfr: kalvbeint: med legger som går litt innover ved knea, i motsetning til hjulbeint.) Hosebandstad (like under kneet), tjukklekken, grannleggen, og oklet med okleleden (okleleddet),

I samband med oklet og fotbladet, har vi desse namna: rist, ristakrok (kroken, vinkelen, mellom fotbladet og leggen). Hæl, hælsen, gelenk el. fotsvokk (det oppsvingga midtpartiet av fotsolen). Jarkane (dvs. "muskelputene" bak tærne): storetåjark på innsida av foten, bak storetåa, lissetåjarken på utsida av foten, bak lissetåa. Dette er namna på tærne, i følgje ei barneregule: lissetå. tå tille, tilleros. abelfru og store skrubbehesten på skogen.

For fleire ord og vendingar med menneske- og dyrekroppen, Jfr. Jofolket, 223-230. Som før nemnt, har fleire måleeiningar sitt opphav i hendene og armene (tomme, løv-alen, ei "armlengd"). Den best kjende måleeininga i samband med føtene, er fot, men forfedrene våre brukte også mindre veldefinerte "måleeiningar" avleide av ganglemene: Når det galdt snødjupna eller snølaget, snakka dei ofte om ein okle - snåij, ein leggsnåij, ein knesnøij; at snåijen nådde opp i hosebandstaden, opp på låret, osv.

Holl al, som held godt mål: ei holle tynne. Sterk og traust , når brukt om personar

Bestefar, Erik, vart ein gong karakterisert på denne måten av ein mann i bygd
 " Det va' mange sterke kara i Nårdala på denj tidenje, men `anj Eirike va' denj
hollaste. `Anj fekk ein slike nerk ti si denj tidenje `anj tente på Skorbønå, for d
 va' nøgda både ta laks o' gjeitakjöt"¹⁾ Nerk: "innsprøyting" av kraft og mot: "giv"
Kvæden a4, veik . tynn, liten: `Anj va' ein liten kvæden kzz, men `anj klarte si
 godt, for `anj va' utrulle' seige te'å arbeide.

Bere seg, føre seg, vere attråverdigg: Ho va' ei so' bar si då `o' va' i si velmakt!
 Ho va' spretta som ei loppe.

Han gikk som lusa på ein tjerekost!

Stikte vl, halte seg fram på dårlege bein: Han stikta si fram på tvo stava.

Ho va' krokete som ei grytehodde (dvs. handtaket på ei gryte).

Myte, myte seg, prøve å ikkje bli sedd: han for og mytte si utafor huset om kveld-
 ane.

Han for o' spjõta me' ein paraply. Spjõte: peike, fikte.

~No kan du gjerne sekkje naså i sky, for no he' du vunne.

~anj gikk o' spankulerte me' hendene på ryggja.

Bedageleg, seint og verdigg: Han gjekk so bedagele som ein prest.

Lute, lut, lutryggja: `anj he' alltid hatt slike dårlege holdning, for `anj e'
 både kassen o' lutryggja; `anj e' gammale og går å lute mot gravenje.

Det e' mång ein långe og late, o' mång ein liten og kvate. Kvat: kvikk, effektiv

1) Sitatet er etter Johan Landsverk (Bakke-Johan) , som sjøl var kjend for
 å vere ein sterk kar.

ORD OG VENDINGAR SOM GÅR PÅ DEI SJELELEGE EIGENSKAPANE AV MENNESKET

For å få eit visst system i ordtilfanget, har eg prøvd å setje opp ord med positivt og negativt innhald eller meining, i eit slags "dobbel bokhalderi". Det viste seg då at omtalsorda med negativt innhald var i stor overvekt.

Omtalsord med positivt innhald (Godord, lovord, skryt)	Omtalsord med negativt innhald (Ofte skjellsord (invektiv))
<p><u>Ho (han) e' opa (open) som ein sko.</u> Brukt om ein person som er beint fram, som er heilt ærleg og fritalande, men som kanskje er litt dum.</p>	<p><u>'Anj e' kje alle der 'anj e' sedde,</u> dvs. du ser han ikkje lenger enn til tennene. Han er innful. sl u og kanskje litt uærleg.</p>
<p>Klok(e), forstandig(e), vitig(e), ha gjevnad for, vere rådig(e), ein som har godt vit.</p>	<p><u>Det e' lite me' nå. Han e' svært småfaingjen</u> <u>'Anj e' kje me' sine fulle fem. 'Anj he' kje vite' so' lesse si.</u> Han er ein gap, ein tosk, ein tyl. <u>Å nei, å nei at du kunne vere so uvitige!</u> <u>Når tyl kjem til torgs, får kremmaren penge.</u></p>
<p>Snild(e), god(e). <u>Ho e' eit eie-godt menneskje.</u></p>	<p>Stygg(e), ful(e)(dvs. sint). <u>Han e' kje god takast me' Det fy'le alltid ein ofjelde me'</u></p>
<p>Ærleg, reideleg, or(d)halden,</p>	<p>Oærle', oreidele'. <u>Han både lyge o' stele.</u></p>
<p>Ein ordensmann, ein som ein kan stole på. <u>Han e' alltid so trurø-kjen</u>.</p>	<p>Ei greinaløyse; <u>han e' heilt greinalause;</u> <u>det e' kje noke grein på 'nå.</u> (jfr. Grein f1, (gno <u>grein</u>; av grei): skipna skikk, orden: gjere grein på noko; det er, bl inga grein på dette; gjere noko <u>med grein.</u> Greinaløyse f2, det å vere greinalaus, dvs d å vere uordentleg, slurvet, upåliteleg.)</p>
<p>Tolmodig, trottig, uthaldande. roleg, som kan styre seg, tøyme seg.</p>	<p>Oppfarande, hissig, snarsint, ustyrleg. <u>'Anj he' kje trott til slikt. 'Anj brasa opp som ein raudeine. 'Anj gøyvde over som ei sa grye. Anj fauk opp som ein hjort o' datt ned som ein lort.</u></p>

Omtalsord med positivt innhald
(Godord , lovord, skryt)

Omtalsord med negativt innhald
(Ofte skjellsord (invektiv))

Vyrk, omtenkjam, trurøkjjen.

ʻAnj vaʻ soʻ vyrke fyr lissesysstra si:
dvs. : han passa godt på henne.

Folkele, gemeinsleʻ

Lettliva.

Vènelskjjen, tirande, imøtekomande.

Han eʻ ein morgåfugl, Han eʻ oppe
før fugl skjit på jor. Vi vaʻ oppe
i grisottenje i dag.

Griseotte: Når dei skulle slakte
(jule)gris, og dagane var korte,
måtte dei stå tidleg opp for å bli
ferdige til kvelds.

Mild og stillfarande.

Ho likte å vere oppe i det. Ho vaʻ
alltid so selskapsjuke.

Ho eʻ so gjæve. Gjæv: som er gavmild,
som gjerne gjev bort.

Dyreglad og godsleg.

Likeglad , likesæl, like syten.

ʻAnj eʻ like glade enten i sekke elleʻ i
flyte. Han vaʻ like syten fyre kor det
gikk meʻ hine.

Hoven. store på det.

Han vaʻ ein hoven dritsekk. Han vaʻ allt
soʻ store på det at ʻanj såg ikkje mai!

Tungsindig, sturen.

Truten: i dårleg lune, som gjekk og løta.
Substantiv lèt nl: i dårleg humør, tverr,
Ho va bra truta i dag: var utilnærmeleg,
Gjekk oʻ løta oʻ surmula, var humørsjuk.

Han eʻ ein sjusovar.

ʻAnj legge si meʻ hønsa oʻ står oppatt
meʻ grisa.

ʻAnj ligge oʻ porka oʻ søve til langt ut
over dagen.

Han vaʻ alltid tonge oʻ morgågrettenj

Ein storekjeft, ein flåkjeft, eit våbøle,
ei kjeftause, ei munngjyte, eit tøthol.
Ho vaʻ nærmaste folkestygge. Folkestygg: s
ikkje likar , eller torer å møte folk,
som held seg vekk frå folk.

Grisk, grådig , gråhækjen. Han gaupna allt
teʻ si oʻ fekk aldre nok.

Ein hestsprengjar oʻ ein kjæringedengjar-

Omtalsord med positivt innhald
(Godord, lovord , skryt)

Omtalsord med negativt innhald
(Ofte skjellsord (invektiv))

Ho va´ småleitte o´ fine.

Ho va´ ei grovskora skjebbe.

Han e´ rokjen: han har vore ute og lært i omgang med framande.

Han e´ so heimalen, han e´ ein heimføding, ein tuntirl. Anj e´nettop greven uta haua.

(Jfr. Han vil nok reke larkane.

Larke: Ein tørr klump av samanflita hår og lort, på låra av hestar og kyr som har stade inne på bås om vinteren. Når dyra blir slept ut på beite om våren , rek dei larkane og får fint hår i staden.)-

Modig og framtøk.

Redd og stakarsleg. Ein sta´kar.

Han va´ kje bobberedde, (Bobbe:bok-kje, busemann. Den karen va´ kje redde skuggen sin: va´ kje skuggeredde, Han va´ alltid so idige o´ arbeidde me´plan.

Han va´ ein reddhare. Han va´ myrkredde o´ trudde på spøkjelse. Han va´heilt tiltaks-lause og arbeissky.og stakk si helst att om når noke sto på elle når noke skulle gjerast

Ord og vendingar som går på karakterisering av ein person eller situasjon ved samanlikning med plantar, dyr eller andre ting.

Glade som ei lerke. Blide som ei erle. Klope som ein røv. Sterke som ein bjønn. Flittige som ein maur. Sta som ein bukk. Trufaste som ein hond, Kjelen som ein kat Venelskjen som ein kalv. Spretten som ei loppe. Seine som ei lus. Svolten som ein varg (skrubb). Friske som ein fisk. Ser som ein ramn. Springe som ein hjort. Renne som ein laks. Kalde som ein isjukel. Sveitte som ein laskesyl. Turre (tyste) som ein jol. Sure som ei pissebytte . Han e´ som potetå, han kann brukast til alt. Mette som ein flått.

Skjellsord (invektiv)

Syvdemålet har eit rikeleg utvalg av invektiv, eller skjellsord, dvs ord og vendingar med negativt eller nedsetjande innhald, og her er ein del av dei:

Attegløyne (ugift, eldre kvinne, ei tausakjering). Bikkje, hondsbikkje. Breidekjeft. Byting. Dass. Dott. Djevel. Dragedokke (ein som naskar, eller som ikkje leverer til bake). Gorsekk. Grahond. Gråbein. Helvete. Helvetesbrand. Hore. Horebuk. Hønehau. Idiot. Istrevomb. Kjeltring. Knehøne. Kuselest. Larv. Ludder. Lusehond. Nasebræde. Purke. Pissebytte. Rakkar. Rekekjepp. Satan. Sjuske. Skjelm. Skjekl. Skjithus. Skurk. Slask. Slembe. Slåp. Snushane. Stamegauk. Storekjeft. Storevomb. Stakje. Sugge. Sureh. Søje. Tispe. Tju. Tøthøl. Tosk. Toskehaud. Troll. Vømul. Ølvomb. Øydeland.

Når grannebygdingar møtest.

(Om bruk og uttale av det personlege pronomen "e" (dvs. eg), og preposisjonen "ta" som eigentleg er ei forkorting av utav, dvs. frå eller utifrå. "Ta" styrer dativ. Dalsfjordingen (D.): "Kar e den mannen i frå?" Syvdingen (S.): "I e ta Syvda, o du då?". D.: "Aij?, e e innja Dalsfjåra". S.: "Ja so då; då e vi næsten grannje. Det va mykje samkvæme mylljå bygdå våre i eldre tid. Frå Nårdala og inn til Ainselset gjikk vi på vel ein time, o slekta mi på mannssidenje kom frå Dalsfjåra". Det personlege pronomenet "e", varierer i uttale mellom "e", "i" og "aij" alt etter det trykk pronomenet har i setninga: "I ska seie di ein taing Jakob: i ve kje vere me på ditte!". I desse to setningane blir pronomenet uttala fort og lett, og lyder som "i".. "E o anj Rasmus fylde nå over fjellet!" "E o du, men berre v ska gå dit!" "Va kje det so at anj Per også vilde vere me?" "Nei, det veit ikkje aij!". Har pronomenet trykk, blir uttalen omlag som i det engelske "I". (jfr. "I don't know".)

M A N N O G K V I N N E

I Syvde blir nemningane kar og kvinnfolk, tidlegare også selle og kjelle, vanleg brukt i staden for mann og kvinne. I dag heng dei to siste nemningane mest att i stadnamn og faste vendingar (Jfr. Kjellefossen i Nordalen. Det va ein ondale sell det var ein merkeleg fyr. Ho va ei heile kjelle: ho var flink og dugande. Det va kjellå si det: det var ei som kunne sine ting. Ei storekjelle: ei fin fornem dame. Kåne eller kjæring er dei vanlege namna på gifte kvinner; taus og tausonge på ugifte kvinner av den yngre garde. Dei tilsvarande for ein ugift mann og ein unggut, er gut og gutonge. Ordet mann har eit meir "verdig" innhald (jfr. det vart no mann ta

hånå også til slutt; Vis deg som ein mann).Ordet kalj (med lang "a"), blir ofte brukt om ein aldrande mann eller oldig (jfr. ein gammale kalj).

Giftarmål.

Det heiter seg for eit gammalt ord at trælen fann sitt gifte i tunet , bonden i heimbygda, og hersen i andre bygder eller bygdelag.

Oldefar min drog over fjellet for å finne seg ei kone,og slo seg ned i ei ny bygd. Far og bestefar fann sine ektemakar i denne bygda, men sidan slekta deira var så ny her, vart det ikkje spørsmål om inngifte, slik det ofte var i dei gamle bygdesamfunna. I følgje Hans Strøm, var det ikkje uvanleg i Syvde at dei nytta ein mellommann, ein såkalla kvambelsmann, når ein unggut skulle ut og skaffe seg eit gifte. Eg hørde ingen ting om dette , då eg vaks opp. Derimot hørde eg stundom snar om eit beilevekkje: Når ein mann hadde fleire døtre,og det gjekk tregt med å få de gifte, skaffa han seg eit såkalla beilevekkje, dvs. ein ung ugift mann, som synleg la seg etter ei av døtrene for å gjere henne interessant og attråverdig.

Eit bondebryllaup i førre hundreåret, var eit stort arrangement.Då bestefar(Erik) 1865 gifte seg med ei gjente frå bygda,var der ca. 100 gjester. Bryllaupet varde i tre dagar , og der gjekk med sju tønner øl og ei halv tønne brennevin. Ølet bryggj dei på garden,og berre denne delen av førebuinga til bryllaupet, kravde ein god de tid, spesialkunnskap og arbeid.

I boka "Jofolket", har eg gitt ei heller grundig innføring i bryggjarkunsten. Her får eg nøygje meg med å ta med ein del ord og vendingar som har tilknytning til sjølve brygginga:

Råemna til ølet var hommel (el. hummel, eit gammalt namn på bygg),humle og eineløg (dvs. utkok av einebar; brukt som ekstraksjonsmiddel for maltet.).Først vart bygge lagt til bløytings (i blòt)nokre dagar for at kornet skulle bli mjukt , og deretter vart det lagt til groings på ein høveleg varm stad til eit knippe av fine røtter hadde grodd ut frå kvart korn, og groen (dvs. kimbladet) var komen godt og vel midt fram i kornet. Då vart den ihopfilta massen smuldra opp og sendt til kylna for tørking. Ordet kylne vart brukt som namn både på kylnehuset(som på grunn av brand fåren gjerne låg litt avsides). og på sjølve tørkeomnen. Denne såg ut som ei vel meterhøg steinkasse, med eit ilegg for varmen nederst i eine enden,og med eit "lok eller overside som var forma som ein rist,laga av gjennombora årefjøler(dvs.bord eller fjøler laga av vedsorten or. Rundt risten,var ein karm som heldt maltet på pl under tørkinga.

Næste steg var grøyping (dvs. grovmaling) av maltet. Dette fekk dei til ved at dei "la kverna så høgt" at ho berre så vidt "kløyvde" malkorna, for vart maltet for finmale, ville det tette seg til i ekstraksjonskaret (rystesåen) slik at ein ikkje fekk ekstraksjonsvaska (eineløgen)i gjennom.Rystesåen var namnet på det store tre karet der maltet vart ekstrahert. Ryste el roste ml, tyder meiska malt, og malte

måtte difor meiskast før det kunne ekstraherast. Meiskinga gjekk for seg på den måt at det grevmalne maltet vart blande med eineløg av ein høveleg temperatur, og se til side ei tid slik at enzymba i maltet kunne overføre stivelsen i maltet til sukker. Etter denne prosessen, som heitte malting, smaka maltmassen søtt, og det same gjorde vytret (eller vørteret) som vart tappa ut av rystesåen. På denne vart det slege kokande einløg etter kvart som vørter vart tappa av såen, og det vørteret som kom ut, var difor temmeleg varmt. Det vart etterkvart samla i gilsåen (etter Gil ml, som tyder øl under gjæring), der gongen (eller ølgjæren) seinare vart se til. Men for ikkje å skade eller drepe gjæren, måtte dei vente med det til vørteret hadde kolna av, slik at det var skikkeleg mjelkeflødt, dvs. litt varmare enn sper varm mjølk. - Medan vørteret stod og kjølte seg av i gilsåen, vart humla sett til og godt blanda med vørteret. Av og til kremta dei humla (dvs. pressa den mellom hendene) for å få ut krafta av henne. Dette kalla dei for humling av ølet.

Til gjæringa vart brukt ein gammal sort "overgjær" som gjorde at ølet vart ferdiggjæra og kunne skakast opp, dvs. fyllast over i lagringstønnene etter 3-4 dagar. Til oppskøka (dvs oppausing eller overføring av ølet frå gjæringskaret til lagringskara), vart grannane ofte inviterte for å smakwe på ølet og vurdere velsmak og styrka., og under denne "seremonien" kunne det ofte gå livleg for seg.

Ølbrygginga grunna seg på tradisjonskunnskap og røynsle, og dei hadde ingen faste oppskrifter å gå etter. For lite kunnige folk som prøvde seg, hadde det difor lett for å gå gale. Dette var vel ein av grunnane til at heile bryggingsprosessen var omgitt med ein heil del mystikk og tabuførestellingar, dvs. forbod mot visse handlingar. Såleis måtte ein ikkje snakke om at einlogen kokar, men seie at no leikar bryggjarkjeilen. Kom ein framand inn og vart beden om å smake på vytret, var det god folkeskikk å seie nei på ein pen måte, td. slik: "Nei takk, i går ikkje me lostå". (Gå med lostå: eg går ikkje og lystar. Lostå er (gammal) dativ fle. taal av lyst.) Ein framand måtte heller ikkje sjå i gilsåen under gjæring, for då kunne det kome ustall i ølet. Det ekstraherte maltet (dravet) vart ofte brukt til gris. Vart det ståande ei tid, hadde det lett for å surne, og då ville ikkje grisene ha det. I samband med dette hadde dei eit ordtak: "Når purka e full, e dra ve surt". Gjærbrukt om ein som forsmår mat som blir sett fram for han.

Forutan til bryllaup og andre spesielle høve, var det helst om vinteren at folk bryggja til eige bruk. Før kaffen kom i vanleg bruk, og det var vanleg med seinbære kyr som stod turre om vinteren, brukte folk gjerne øl til maten, til avveksling for syre blande (dvs. gjæra myse, som var rik på mjølkesyre, utblanda med vatn. Jfr. følgjande innskrift på ei gammal ølskål: "I Juulen Man øllet må drikke; thi Syreblande duger ikke").

Eg har sjøl vore med å bryggje øl på gamlemåten, og difor veit eg litt om det. Derimot veit eg svært lite om dei gamle bryllaupsskikkene, bortsett frå visse historier som er gått vidare, td. om mannen som syntes at han fekk for lite øl, og som derfor drog frå garden med følgjande våbøn retta til brureparet: "Mätte Vårherre drygje ar beidet fyre dokke!".

Graviditet og fødsel.

I samband med graviditet ,abort og fødsel, finst det i syvdemålet mange, både gamle og nye ord og vendingar. Når ei gift kvinne skulle ha barn, heitte det gjerne at nå skal dei ha små, ventar småfolk eller skal ha arvingar.

Var det ei unggjente som var komen i ulykka, vart det kanskje kommentert på denne måten: Herr A:" Det går rykte om at 'o Petra he' vore uheldige, o' at det e'anj Hans dokka som ska ha skulda." Herr B:"Å, det e' no ikkje godt å vite kven som e'faren, for det seiest at dei får sin vilje me`nje allje so' prøve si".

Når ei kvinne aborterte, snakka dei gjerne om at ho for ille.

Når fødselen nærma seg, heitte det at ho ventar seg då og då, at ho er på fallande fot, eller at ho snart e' daglause ,dvs at tida er ute og at fødsel kan ventast når som helst.

I førre hundreåret fødde kvinnene kneståande på golvet, og då var der alltid nokon, helst husbonden, som sat og stytte dei. Dette kalla dei å sikkje onde håndå.

Mellom ridene , la kvinna seg gjerne i senga for å kvile.For at det ikkje skulle vere for hardt å stå på knea på golvet(tidlegare jordgolvet), la dei ein halmvisk (ein dott med halm) under knea. Dette kalla dei for knedotten. Den siste rida, då ungen skar ut, var gjerne følgd av eit høgt skrik. Dette kalla dei for ljøserida (ljøserida: då barnet kom ut i lyset).Jfr. ordtaket: Det høyrdest ut som ljøserida.

Brukt spottande om eit umotivert kvinneskrik eller kvinneglam.

Etter fødselen låg kvinna nokre dagar for å kvile ut, og for å samle styrke etter fødselen. Dette vart kalla for sengjalega, og i denne tida kom grannekonene for å sjå på barnet, og for å ha med styrkande mat til barselkona. Dette vart kalla sengmat, og som oftast var det rømmegraut, med mykje feitt over, son dei hadde med i ein ambar .Dette var ein ca to liters trebutt med lok , og handtak i loket. Var det på den tida av året då det var rikeleg tilgang på mjølk og rømme, kunne det kome : mykje rømmegraut til gards,at det vart eit grautgilde for heile familien.

H U S O G H E I M

Til ut mot slutte av førre hundreåret , var det mange og små hus på dei fleste gardane i Syvde. På Jo-Støylen i Nordal, den garden som eg kjenner best, var det desse husa:

1. Røykstove, bygd i den vanlege Sunnmørsstilen. Då Støyle- Jo tok over garden, var det sett opp grue med skorstein, i hjørnet til venstre for inngangsdøra til stove-romet. På baksida av stova, var det bygt inntil ein sklå., Det var også ein liten kjellar under huset.

2. Kårstove med skjå på baksida. (. Dette var kårstova til Støyle-Jo.)

3. To små sengjabuder.

4. Løde med kufjøs og smalefjøs. (Bygd av Støyle-Jo. I løda hadde Jo båtverkstaden

5. Stall.

6. Kvernhus, i sameige med to andre gardar.

7. Smie. 8. Stabbur.

9. To utløder.

10. To vakstrehus. Eit på Sætra, i sameige med andre, og ei på Risegjerdet. Vakstrehu var små hyskje, der gjætarane kunne ha tak over hovudet når dei vakte mot udyra.

Ord og vendingar.

Ein del ord og uttrykk i samband med tunet er nå blitt borte, dels fordi sjølve tinga er blitt borte, eller fordi driftsmåtane nar endra seg. Dels av andre årsaker Ein del av desse orda og uttrykka kjenner eg likevel, fordi eg lærde dei av bestef min eller av foreldra mine. Eg vil derfor ta med litt av dette gamle kulturstoffet

Røykstova.




Fig 3. Støyletunet i tida mellom ca. 1840 og 1895

Fig. 5.
Grunnriss av Gamlestova: Bustadhus for familien i tida mellom ca. 1840 og 1896.





Fig. 6. Benkjekråa i Gamlestova med langbord og forset.




Fig. 11. Kole (tranlampe).




Fig. 7.
Skjol: Til venstre, undersida med feste for ljørestanga. Til høgre, oversida.




Fig. 9. Ein skjerding.

Det var ei dørhelle utanfor dørå som førde inntil det vesle romet som dei kalla for utdyra. Det var i dette romet at Støyle-Jo sette frå seg arbeidsbeina (verktøy) når han kom heim frå båtarbeid. Og det var denne lyden kona, Pauline; hørde som "framfaret" (vardøgeret) til mannen ei stund før han kom, og sette frå seg arbeidsreidskapen på reelt vis. Det vert fortalt, at når Pauline hørde framfaret: Jo, då gjekk ho og sette på maten, for då visste ho at mannen snart var ventande. Til venstre for utdøra var koven. Det var eit lite soverom som det berre var inngang til frå stoveromet. Over koven, var eit lite loft, kovelemen. Og opp til denne førde ei slags tropp eller stige frå utdøra. Kovelemen vart nytta som lagerplass for diverse ting. Den kunne også nyttast som soveplass.

Frå utdøra førde ei låg dør inn til sjølve stoveromet (røykstova), som var utan loft og med ljore i taket. Ljoren var ein firkanta opning i mønet omlag midt i romet. For at nedbøren (reg, snø) ikkje skulle falle ned i stoveromet, var ljoreopningen dekt av ein trelem (skjolet; jfr. fig.), som kunne løftast opp med ei stang (ljore stanga) inne i stova. Om sommaren og i fint ver, kunne dei byte ut skjolet med ei treramme med "skjåglas", dvs. halvt gjennomskinlege magehinner frå ku. Ljoren hadde to funksjonar: Når ljoren var open kunne røyken frå romet finne vegen ut gjennom ljoreopningen, og litt dagsljøs kome inn.

I denne samanheng ligg det nær å nemne skjålykta. Det var ei firkanta handlykt, der ei lykt med handtak som såg ut omlag som dei gamle parafinlyktene, men med talglys som lyskjelde.

Møblementet i røykstovene var enkelt, og stort sett det same i alle gardane, men her skal vi framleis halde oss til Jogarden: Det første ein får auga på når ein opnar dørå inn til stoveromet, er langbordet (rett fram til høgre), med ein benk (forset) på framsida av bordet, og benken på baksida inn til veggen. Framfor høgebordsenden av langbordet, står ein kort benk (hoksetbenken), og mellom denne plassen og benken er benkjekråa med eit lite kråskap over. Her hadde dei få, men viktige bøkene i huset plassen sin, nemleg Bibelen, salmeboka (salmebøkene), tekstraboka (huspostil og almanakka plassen sin). Etter at Snorres kongesogor kom som folkeutgåve, var og dette verket svært vanleg i dei fleste heimane..

5 Dei ulike familiemedlemene hadde sin faste plass ved bordet: Til høgre for husbonden (i hoksetet), sat gutane, ofte etter alderen, med den eldste nærmast husbonden. På forsetet sat gjentene og tenarane, om dei hadde slike. Kona i huset sat gjern på ein laus krakk (trefot) ved nederse bordenden. Til det var det vel nærmast praktiske årasker, for det var nærmast til grua og maten, og der hadde ho godt oversyn over bordet når ho skulle etle (uttal. eschle, dvs. porsjonere ut) maten. I matknappe tider vart dette alltid gjort for at kvar skulle få sitt etter alder og tre. Der det var trong til det, vart maten servert på bureskar (vel eig. borddiskar), eller i skåler eller fat om det var skeimat. Ein borjonge (bordkniv) hørde med, gaffel vart ikkje brukt i eldre tid. Derimot var tollekniven vanleg brukt av karar.

Grua og det som hørde med til den.

I kråa til venstre for inngangsdøra, hadde grua plassen si, med randåsen tvers over litt over ein meter over sjølve eldstaden. Over randåsen hang dei to skjerdingane (jfr.fig.), som kokekara kunne hengjast opp i. Skjerdingane kunne regulerast i lengden ved hjelp av skjerdingelaga. Ved grua hadde fyrstellet (med flntstei, fyrst og knøsk (knusk) sin faste plass. Gejkk varmen ut på grua, gjekk dei gjerne til grannen og fekk med seg nokre glør tilbake, i staden for å skaffe seg ny eld med fyrstellet, for det var trass alt ein omstendeleig prosess. Som oftast gjorde dei ture kort når dei var ute for å skaffe seg ny eld, og i dette finn vi opphavet til ord-taket: Å vere so tidelause som om anj skulde vere ute fo å låne eld!.

I samband med randåsen, hadde vi også ei interessant regle, som vart brukt når born hadde vanskeleg med å uttale den harde sunnmørs-"r"-en på rett vis. Denne regla l der slik: Ein får ikkje vere kleise på sitt morsmål som skal seie tre gonger utan å ande: raudt, rakt, strakt råbarka røveskinn over randås. Ein får ikkje vere kleise sitt morsmål etc.... Altså: regla tre gonger utan å dra pusten.. Ordet kleis, eller kleise blir brukt om ein person som uttalar "r" bak i halsen (som bergenserane) i staden for med dirrande tungespiss.

Kola.

Ved sida av lyset frå grua, var kola den viktigaste lyskjelda i dei lange, myrke vinterkveldane. Kola (jfr.fig.) var ei flat, hjarteforma jarnskål med eit feste i den breidaste enden, som gjorde at ein kunne hengje henne opp vassrett. Brennfanget, tranoljen, vart fyllt i ei tilsvarand, laus jarnskål, og sett opp i sjølve kola. Denne oljeskåla kalla dei for yvekola, dvs. overkola). Frå oljeskåla og fram på den spisse kanten av overkola førde ein veik, som drog fram olje, og so m stakk litt utanfor skålkanten. Når ein tende på her, brann veiken med ein liten flamme. Tilfanget til desse koleveikane, fekk dei frå planten sevveik, ein severt med stor merg som veks i dalen. Å ta ut denne mergen frå planten, var ein kunst som eg har omtala i boka "Jofolket. Når den spissen av sev-veiken som stakk utanfor kola vart for kort (brannop), drog dei veiken litt fram. Dette kalla dei å byrte kola.

Kola kunne dei flytte rundt til der dei hadde bruk for "godt lys", men elles hadde kola sin faste plass i kolestanga, som var fest og innretta slik at den kunne svingast fram og tilbake over langbordet.

Av det faste inventaret i røykstova, må også nemnast storesenga, senga til sjølefolket. Det var ei såkalla dragseng, dvs. ei seng som ein kunne dra fram til sider om natta når ho skulle brukast. Under storesenga, var det plass til ei låg barneseng som dei drog fram ved bruk.

Denn røykstova vart opphaveleg bygt med ljore. seinare vart der bygt inn skorstein pipe til over taket, og til slutt vart det sett inn ein jarnomn med to kokarhol ved sida av grua (jfr."Jololket").

Bak røykstova var det ein skjå, eit lagerrom utan tømmervegger. Ein tilsvarande sk

var det bak kårstova til Støyle-Jo. Han var rekna for den flinkaste snekkaren i byg og var gjereren den som laga likkistene til folket i dalen. Han laga også, i god tid, ei likkiste til seg sjølv, som han hadde ståande i skjåen, og om sommaren brukte ha å kvile midag i denne likkista, vart det fortalt.

Fjøsene og løda.

I eldre tider hadde mange i dalen fjøsene og løda i særskilde hus. Då Støyle-Jo to over garden, bygde han ny løde med fjøs under. Denne løda var etter måten stor og rømesleg, for det var i dette huset han dreiv med båtbygging om vinteren og elles ledige stunder. Elles veit eg lite om løda til Støyle-Jo. Derimot veit eg ein god del og den neste løda som vart bygt på garden, nemleg den driftsbygningen som far sette opp på garden i 1906, og som står der endå.

Bortsett frå gjødselplassen, som var vanskeleg å leggje inn i huset på grunn av de flate terrenget, var dette ein moderne og vel planlagd driftsbygning for si tid. Her var kufjøs, smalefjøs, stall og løde bygde saman, og kufjøsene var avdelt frå smalefjøsene med vegg og dør. Under fjøsgolviet var det støypt kummar til kulandet (ku-urinen), som rann ned frå dei støypte rennene bak kubåsane.

Mellom båsrekkjene var ein fôrgang, der loda (dvs. høy og halm til dyra) vart sen ned gjennom ei luke i lødegolviet, slik at fôret deifrå kunne lempast direkte over i båsane til dyra. Dette var langt meir lettvint enn slik dei måtte gjere det tidlegare, då dei måtte viske våndlar (dvs. lage små "høyballar" som dei batt saman med halmsnar (dvs. samantvinna halmreip), som dei deretter bar ned til kyrne i fjøsene.

Fjøsene var ca. ein meter tjukke steinmurar. På desse var lødestavane reiste, på desse kvilde dei digre bètane, som heldt lødegrinda saman. Bètane var lagt ned gradvis i den fremste enden av løda, slik at ein seinare lett kunne byggje til kørebru i staden for lødetropp (og det vart også gjort).

Før køyrebrua vart bygd, førde ei heller bratt lødetropp inn på låvegolviet, der de var høybrut (dvs. plass til høyet) til venstre og kornbrut til høgre.

Arkitekten for driftsbygningen var far, kanskje med onkelen Sivert (Nordal på Sto eide), som hadde landbruksskule), som konsulent.

Alle husa på garden hadde i eldre tider torvtak. dvs. over trodet som er fjølelaget over sperrene, låg bjørkenever taklagt etter eit visst system for å halde vatnet u
Over låg eit 10-15 cm tjukt torvlag, som nederst på ufsa vart halde på plass av torvane og torvkrokane.

I gode år. rakk både høystålet og kornstålet mest opp under lødebètane om hausten. Når det meste av grøda var komen i hus, stod truskinga for tur. Tidlegare skilde dei matkornet frå halmen (kornneka) med tuster, skjedder, heresåld og dryftetrøg. I min ungdom, "truska vi med vatn" dvs. vi overførde kraft frå kvernkallen i kvernhuset til truskemaskinen på låven.

Sjølve truskinga (treskinga) tok berre ein dag, men då måtte alt vere godt førebudd og organisert, m.a. gjennom bytearbeid med grannane: Treskemaskinen var plaser midt på lodegolvet, og fram til den bar ein mann kornneka frå kornbruten, ein annan stod og løyste opp halmbanda om kornneka, og den tredje mata treskemaskinen som surra rundt med stor fart, og eit høgt støynivå. På baksida av treskemaskinen kom det ut ein "foss" av knuste halmnek, saman med korn og agner. Her stad to "ristara" som fjerna det grøvste av halmen. Den skulle tilbake til kornbruten etterkvart som han vart tom, og der lagra som vinterfôr til dyra. Den siste jobben var det gjer dei halvaksne borna som tok seg av.

Det ureinsa kornet som låg att bak treskemaskinen etter at halmen var fjerna, kall dei for drøsen. Av den vart kornet reinsa ut ved hjelp av dryftemaskinen, som med eit viftesystem bles bort agnene og halmrusket, slik at matkornet kom ut reint og fint. Det vart teke over til stabburet, der det vart lagra i kornbÿrene, som var store, firkanta trekasser. (For fleire detaljar om dette emnet, sjå "Jofolket".)

Akting, dvs. vinterstell av dyra.

Mor og far arbeidde som oftast saman i fjøs og lode om vintrane, men på andre gardar hadde dei ofte eit menneske (helst ei middelaldrande kvinne) som tok seg av akta. Dette vart gjerne uttrykt slik: "Det var ho Kari som hadde akta (eller som akta) der vinteren". Dette arbeidet omfatta mange ting: Fôring og brynning av dyra. (Brynning eigentleg den ting å bere vatn frå brynnen (dvs. brønnen) til drikke for dyra.) Vidare: reinhald i fjøs og lode, mjølking og stell av mjølka, paring av dyra, til under "svangerskap" og fødsel, etc.

Om hausten var det viktig å setje på høveleg mange dyr, slik at det svara til den fôrmengde ein hadde. Sette dei på for mykje, eller brukte for mykje fôr først på vinteren, kunne det reultere i lodaløyse om våren, og det kunne ha katastrofale følgjer. Då vart det gjerne å tigle seg i gjennom vårknipa med tilleggsfôr, som rogne bork, skav og kvist, lyng etc. I verste fall kunne det kome så langt som til svelte fôring, då dyra vart så vêike at dei vart vårskrakar og stundom strauk med av fôrlø. For å halde styr på forbruket, hadde dei som akta sine måt eller merke i lodebruten (gjerne i lodestavane eller skytjekantane), som viste kor langt dei var komne i forbruket. I den samanheng, snakka dei gjerne om "Julemåt", "Kyndelsmyssmåt", etc.

Paring av dyra var ein viktig del av arbeidet til dei som akta. Dei måtte følgje med og passe på når dyra kom i brunst, slik at dei kunne bli para i rett tid. Dette kra ein del kunnskap om dei endringar mellom anna i kjønnsdelane, som dyra viste i brunsttida. (Endringar i kjønslippene, det kunne stekke "slitaumar" frå kjønnsopning etc. Slitaum: seig slimtråd eller silmstreng). Dei hadde ulike nemningar for ulike dyreslaga når desse var i brunst: Det heitte at sauene og geitene blesmar, kua løyp, purka og merra flyg. Det heiter også at merra lid når ho er i brunst (underforstått at ho lid eller lir, dvs. toler eller tolererer hingsten.)

Dei som akta , måtte også ha så pass kunnskap om fødselshjelp, at dei kunne ta i n ein kalv, eit lamb eller eit kjid, og ^{kunne} /hanskast med dei komplikasjonar som stur kunne melde seg, td at bunene (etterburden, morkaka) ikkje kom i rett tid, at kalv lægjet fall ut (uterusprolaps), eller at ei grisepurke prøvde å ete opp ungane sine, etc.

" .Viss du vil vite kva som bur i ei gjente, ska´ du heilder møte `nje i fjøsdýrenj enn i kjirkjedýrenje", Dvs: vil du lære ei gjente å kjenne, skal du heller møte henn i fjøsdøra enn i kyrkjedøra".(Ordtak frå Syvde.)

Der det var plass, vart lødehusa også brukt som lagerplass, m.a. av gardsreidskap, treskeutstyr. ved, trevyrke av ymse slag, som gagnved til sledemeidar, hjulbukter På vår gard var det dessutan på lødebètane eit godt utval av likkistefjøler slik dei kunne hjelpe både seg sjøle og andre med slikt materiale når det trongst. (Jfr. "Jofolket", s.272.)




Fig. 37. Støylen, i 1959. I bakgrunnen: Toregarden. I forgrunnen: Jogarden. Lengst til høgre ser vi kårstova til Støyle-Jo og Pauline. Deretter følger Jostova av 1896 med eit lite tilbygg.

Løda, (driftsbygningen) av 1903 er blitt utvida med to siloar (kvite) i fremste enden og der er kome køyrebru.

Ord og uttrykk brukt i samband med livet og arbeidet i fjøs og løde.

Skytje (utt. skjytje): Namn på romet mellom lødestavane og ytterveggen i dei såka Skytjelødene; eldre byggemåte for lødehus).

Høystål: Tett samanpakka stabel av høy i ei løde. Høystålet har form etter romet, når gjerne ut til veggene i den ein enden av løda. I eldre tid hadde høystålet all ein loddrett kant mot låvegolvvet omlag midt i løda.

Høykrok : Spiss jarnkrok med "agnhald" og handtak, brukt til å "drage høy" ut av høystålet med. Høykniv:Reidskap til å"skjere skiver" av høystålet med.

Jonsokløde : Tidlegare vart det ofte arrangert dans i lødene Jonsokkvelden. Lødene vart då pynta med friskt, angående bjørkelauv, og dei valde jonsokbrur og jonsokt gom .

Dyra i fjøsen.

Det heiter at: hesten kneggjar,kua rautar,oksen rautar eller beljar, sauene jermar, geita mekrar ,høna kaklar og hanen gjel.

Når ei merr aborterer, heiter det at ho missar eller kastar fylet.Det tilsvarande/seie om ei ku som aborterer. Men meir vanleg er det å seie at kua (eller kyra) st rar, og det ikkje fullborne fosteret heiter ein størakalv, og den generelle nemning for eit dødt, ikkje fullbore foster er eit stør.

Livmora (uterus) heiter hjå merra belg(altså: marabelgen), hjå kua kalvslægje, og hjå sauene lambelægje.Eg har også høyrte ordet grisebædet brukt om livmora hjå pua

Namn ,nemningar og ordtak (ordspel) i samband med husdyra.

Vi hadde både artsnamn (td,gris), og namn på hankjønnet(galt) og på hokjønnet/(p og på fosteret (griseonge). Der var også namn som viste visse alderstrin av dyra (rempling: unguke i alderen 2-3 år).Der var namn som viste om dyret var kasterer eller ikkje (gjelk: kastret hest,Å kastre heitte i den saanheng " å skjere". J skjere hest, skjere eller gjelde gris,etc.Hesteskjerar: ein som kaster hestar) Det blir mange namn i denne samanheng, og for å forenkla det heile, vil eg setje dette opp i ein slags tabellarisk form:

Art	Hankjønn	Hokjønn	Foster el. ungdyr.
Øyk ,m	Hest. (fole).	Merr	Fyl.n.
Naut,n. (Bufe).	Ukse	Kyr(ku),kvige ^X	Kalv,m.
Saud,m. ♀	vêr.(saubukk.)	Gimber.(søye.)	Lamb,n.(Eit gimbramb.)
Geitefe. (geitesmale)	Bukk.	Geit	Kid,n.
Svin,n	Galt, rone	Purke.Su.	Grisonge,m.
Hund,m.	Rakke.	Tispe, Tik-	Kvelp, m.
Katt,m.	Fross.	Kjette,Køyse.	Kattungem,m.
Høns	Hane.	Høne. (tuppe)	Kykling.

Ei ku heiter i Syvde ei kyr og fleire kyr, men kufjøs,kubås etc.
(jfr.: Han e' stad o' ser ette kunå (etter kyrne))

Gimber (el.gjimber) fleirtal:Gimbrar,ungsau som ikkje har hatt avkom, Gimrelamb.

Gjellku og gjellsau : Brukt om kyr og sauer som ikkje har avkom (det året).

Bukk (tilllegg). Bukkelukt: Sterk, ram lukt av bukkane i brunsttida om haupten (grabukkelukt)
 Bukkelur: "Lur" laga av bukkehorn, etter at stykelen er fjerna. Stykel.Den indre, "levande" delen av hornet. (Dette ordet som er brukt i Syvde, har eg ikkje funne hos Aasen,

Kommentarar til "tabellen":

Grahest: hest som ikkje er kastreert, ein hingst.

Dei adjektiviske formene av hest og merr, er: heste- og mara-. (Jfr.: hesterède: penis hos hest; hestesko, hesteskys, etc, og Maramjolk, maraland, maralort, etc.

Ordtak: Ein hestesprengjar og ein kjæringedengjar, dvs. ein som er stygg med hesten er også leid mot kona si. Fylmerr: merr som skal ha fyl.

Ku: Kvige kalv og okse kalv. Kvige: Hodyr av storfe, frå eittårsalderen og til den første kalvinga. Kalvtung: ei ku som går med kalv. Kalvedans: Geléaktig matrett av hovud og innmat av kalv. Råmjolk: Proteinrik mjølk frå eit spendyr rett etter fødsle. koagulerer lett ved oppvarming. Råmjolk frå ku gjev råmjolkpudding, kjeleost, også kalla kalvedans. Ordtak: Kua har vanskeleg for å hogse at ho har vore kalv. (Vaksne folk har ofte lett for å kreve eller vente for mykje av born).!)

Smale: Samnemning for sau og geit (jfr. geitasmale og saudesmale). Smalefjøs, smalega (avdelt plass til smalen i fjøsen). Smalemèle eller smaletad (Tad: gjødsel (jfr.: maketad, dvs. tad brukt på slåttemerka for å få gras til å gro. jfr- også ordet tedgjødsle). Smalebeite, smalehøy, smalekjøt, smalelem: lår eller bog av småfe (geit eller sau). Smale, også brukt om ein flokk eller hop (jfr: heile smalen). Smalehaud eller myljehaud: Det siste ordet stundom brukt som skjellsord. Bukk (jfr: tilllegg (til ven: Eit kiestille eller kiestekkje: Lite, avdelt rom for kida (utt. kjèda) i ein smalefjøs.

Gris. Grisegare: Avdelt plass (gjerne med grindar) for grisen(e) i eit fehus.

Grisebol: Liggeplass for grisen i grisebaren. Grisebrye: Matkaret til grisen. Smågrise eller grisonge. Grise: 1) å føde grisungar. 2) søle eller rote som ein gris.

Fotesykje hos gris: Rakittliknande beinsjukdom som griser får når det er for lite D- vitamin i kosten. (Kan rettast på ved å gje grisene litt tran).

Ordtak: Rine som ein gris. Leggje seg med hønsa og stå opp att med grisen. Å vere oppe i grisotta (referer seg til at dei i eldre tider stod svært tidleg opp når dei skulle slakte gris). Når purka er full, er dravet surt. (Brukt om ein som mi mater maten som blir sett fram for han. Drav: Ekstrahert malt frå ølbrygginga.

Hund. Tispe og bikkje: Ofte brukt som skjellsord om ei erotisk lettferdig kvinne. Kvelp: Hundsunge. Stundom brukt nedsetjande om ein "umoden" ung.mann.

Katt. Kjette og køyse: Brukt i overført tyding omlag som tispe og bikkje. (På til svarande måte blir ordet grabukk brukt om ein overerotisk mannsperson.)

Ordtak: Å kroeg seg og male som ein katt. Mjuk og kjelen som ein katt.

Høns. Blautegg: Når hønsa stod mykje inne og fekk for lite kalk i maten, hende det at dei la blautegg, dvs. mjuke egg som berre hadde ei tjukk hinne rundt seg.


Treegg. "Narreegg", dreia av tre, helst bjørk, lagt i verpekassene til hønsa for å "stimulere" verpelysta.

1) Tungmylkt og lettmylkt: Ei ku som hadde trange speneborar, kalla dei tungmylkt dva. det var tungt å få mjølka ut av henne. Dette i motsetning til ei so hadde store speneborer, og derfor var lett å mjølke.

Buda eller stabburet.

(Forrådshuset på garden.)

Budene (stabbura) var meir eller mindre like på alle gardane. Difor vil eg, atter gong, bruke Støylrbuda som eksempel, for det er den eg kjenner best



Gamlebuda på Jostøylen sett frå sydaust.

Buda eller "buret", her i tydinga hus, har namnet sitt etter dei stabbnane eller soklane som huset står på. Gamlebuda på Jostøylen stod på 12 steinlad (budalada). Øverst på desse låg det steinheller, som gjekk ca. 10-15 cm ut om sjølve soklane. Dette var for å hindre mus og rotter og anna utøy i å kome seg opp gjennom golvet og inn på stabburet. Av same grunn, var dei to steintroppene som fødde inn på buda (ei i kva ende), frittstående. Buda hadde torvtak, slik som alle andre hus og garane i eldre tider, og ofte kunne det vere ein livleg vegetasjon på desse taka (jfr. figuren:)

Kva budene vart brukte til.

Budene var først og fremst lagringsplass for mat. Her var store trækasser (kornbære) til lagring av kornavlinga, tønner med heimemale og innkjøpt mjøl, til den daglege kveldsgrauten, og til den årlege bakinga av flatbrød, som stod i store staplar, oppi i avdelte "matrom" på stabburet (jfr. "Jofolket" s. 55-56). I same romet var staplar av hardingleifser, som var gjærbakst i motsetning til flatbrødet, der tilfanget berr var mjøl og vatn. På dette romet (innanfor glaset til venstre på fotografiet) var sett opp hyller der ostetjuker (kjegleforma skyrostar laga av lett gjæra kasein og ostestoff og krydra med karve) stod til tørking og lagring.

Av andre matvarer som var lagra på stabburet, må først og fremst nemnast: spekekjøtt, spekeflesk og morpylse, for ikkje å gløyme turresild i fleire variantar. nedsalta kjøtt i buttar (avskjeringar) og ringer (låge, runde trekar i ymse storleikar), kli fisk, anten i lad, eller opphengt på hjellar saman med turresilda. Alt dette var matvarer som ein tok til heile året, og som dei helst skaffa seg i tider på året då de var "sesong" for dei. (I slaktetida om hausten, og under dei store vinterfiskja.)

Stabbura var også lagerplass for klær, reidskap og husgeråd av mange slag : Dei mest verdfulle tinga hadde dei nedlæste i kister og skåp. Mor hadde to raudmåla og rosemåls kister i heimafølgje. Når ein opna loka, slo det i mot ein ein ange av lavend og malurt. Desse urtene var lagde der for å gje god lukt, og hindre at mølmakken åt e bunaden hennar, og andre av dei beste klærne sine som ho hadde der. I kisteleddika hadde ho bunadsylvet, lukteflasker, og andre vedfulle småting.

Eit tilsvarende innhald var der i gjentekista til bestemor. Også drengjekista til bestefar stod der. Det mest interessante (og skræmmande) i denne kista, var eit svøyp (likleret, likskrud), om dei skulle få bruk for det i ein fart, for det var langt til byen, der slikt stoff var kjøpsvare. Det låg den same nøkterne og jordnære livsfilosofien bak denne skikken som bak mange andre ting i dette samfunnet, td. at dei hadde likkise materiale liggjande på lødebetane. I kisteleddika til bestefar var der, mellom andre småting, ein sylytomling og ein såkalla "sylyknapp". Det sistnemnde var ein slags knapp med eit vedheng, brukt som pynt øverst i skjortebrystet når dei var i stasklær. Tomlingen vart eit lite beger som dei brukte når dei skulle servere brei vin (jfr. namnet).

Stabburet var gjerne forvaringsplass for gamle bjønnabyrser med ammuunisjon, kulefor og andre utrangerte ting, men også for aktuelle bruksting som ski og skøyter, tryge (truger), etc. Her hang ku-, saue- og geitaklavar, sauesakser i fleire variantar, og der var skrin, føringskorgar og matabomber, smørformer og osteformer.

Føringskorgene var runde, ca. 60-80 cm. i diameter og flate under. Sidene i føringskorga var ein ca. 15-20 cm. høg trøsk (ringvegg, ring som utgjør sidene i eit kar) laga av eit samanbøyggt bord, og med ein bøygd kylp over til å bere etter. Matabombene var store skrin, brukt til å ha mat eller niste i, td. når karane var ut på vinterfiske.

Ordtak: Ein må ha ei fagna matabombe som livet ut av ein annen skal stonde.

Alt det som ovanfor er nemnt, er berre ei del av alt det som hadde sin plass på bu. I tillegg kan nemnast ulike slag sengklær, som kvitlar (ullteppe), yvebreidsler (åklær) og napparyer. Dette var sengjaplagg som på undersida var lodne av 4-5 cm. lange nål dvs. tåttar samantvinna av tjukk ulltråd. Her hang også kyrkjeklædeza (besteklær) saman med finehattane. Der var også sydvestar og oljeklær, ei hylle med gamle, mest religiøse bøker, svarte av elde og mange års bruk i dei gamle røykstovene.


Av omsyn til brandfåren , vart kannene med parafinolje, brukt til fjøslykta og mange parafinlampane, også lagra på stabburet og ikkje i hovudhuset.

Under budagolvet, mellom budalada, var det ein tørr og luftig og lett tilgjengeleg plass. og her stod mesteparten av det rikelege utvalget av dragsledar og hjulsledar på garden (vager (stuttingar), høysledar, vedasledar, møksledar (spesielle sledar å køyre møk eller gjødsel i) , steinsledar , moldsledar, hjulsledar og triller (trilbårer).

Som vi forstår, hadde stabburet ein sentral plass ikkje berre i tunet, men også i daglege livet på garden.

Gamlebuda på Jostøylen vart sett opp ca 1895, og ho var i bruk til ymse formål til vart teken av storstormen nyttårshelja 1992 (?).

Mangt har endra seg i dei ca. hundre åra som er gått sidan dette stabburet vart bygt. Folk har fått ein annan matheming (matskikk, matstell) der fersk og djupfrosen mat minerer, men på gardane på landet, forsvarer stabbura endå sin plass, både som lagplass for spekemat, og som ein nyttig lagerplass for diverse bruksting.



Smia

Mange gardar hadde smie, men slett ikkje alle. Gamlesmia i Jogarden gjekk tilbake til Støyle-Jo som hadde bruk for smie i samband med båtarbeidet sitt. Det var ei smie med enkelt utstyr, men gardssmia hadde likevel sin funksjon, For som hsa ein gong , grannvæn vår, Støyle-Tore; " Det var viktig for ein gard å ha eit l "høkelse", om ikkje det var for anna enn at ein skulle krøkje ein torvkrok , eller kvesse ein minebor!"

Hùkelse: noko som varmar litt (jfr den lyden som kjem fram når ein pustar eller bles i hendene for å varme dei. Dette ordet , som er eit såkalla onomatopojetikum dvs, lydliknande ord, eit ord som liknar lyden på den tingen det er tale om, har eg berre høyrte brukt av Støyle- Tore. (jfr.å hùke eller hòke i hendene.)


Ei vårnatt i 1907, vart det brand i gamlesmia. Sidan dette hende om natta,tok det ein del tid før branden vart oppdaga, og den nye løda , som ikkje stod langt i fr var i fåre. Dei fekk berge løda ,med vatn frå Rise-elva, som ikkje var langt unn og då dei bygde opp att smia (jfr,figuren), la dei henne tett inn til elva.

Også denne smia var enkel. Det viktigaste innventaret var kanskje smiebelgen , so gjennom vindpipa og avltøta førde luft inn i smieavlen, der jarnet (resp. stålet som skulle formast vart gjort raudglødande, for deretter,med smietonga,å bli før over til smiestedet (ambolten),der det fekk ein omgang så gneistane fauk.

Avltøta var ein gjombora, grøtstein (olivinstein), som var bindeledd mellom de lite varmeresistente luftpipa og den gloheite smieavlen (eller essen).Opphavet t det interessante namnet avltøta, må vi truleg søkje i dei to orda avl (smieavl),o verbet tyte (å tyte,taut,tôte; sive fram ,kome fram, tyte fram). Her brukt om ein luftstraum.

Av anna viktig utstyr i smia, må nemnast arbeidsbenken med skruestikka, ei heimel boremaskin for jarnarbeid, filar, jarnsag, etc.

Kylna. I kroken lengst til venstre i smia (jfr.figuren), var det bygd inn ei kyl dvs. ei tørkeinnretning for malt.Ei skisse av denne innretninga er vist på den f gjande figure:



Kylns sett i lengdesnitt:Til høgre, ilegget for veden. Over:"grisen",dvs. ein trergående, flat stein som dekkjer ilegget, og går§ litt inn i sjølve kylnerome Grisen skulle hindre at malt som datt ned frå tarren (dvs.tørkeristen) når dei snudde i maltet, ikkje skulle brenne opp. Rundt tørkeristen var det ein karm, so heldt maltet på plass. (For fleire detaljar, sjå "Jofolket", s.55-56.)

Gardskvenna.

Alle gardane i Nordal i Syvde hadde kvennarett. Det var eit gode som hørde gard og som var dokumentert i skøyter og jordskifteprotokollar. Dersom det var ei elv som hadde vassføring og fall til ei kvenn nær tunet, hadde garden si eiga kvenn, men elles slo to eller fleire grannar seg saman om eit kvennabruk, som då var sameige på alle måtar. Dei samarbeidde om å lage kvenneveiter eller kvennadamar som kunne føre vatn frå ei større elv, ofte gjennom fleire hundre meter lange veiter, og frå til ein plass i terrenget der dei kunne få fall til eit kvennaslok. Ei slik avgreining frå ei større elv, kalla dei for ei avveite.

Dei to Støylegardane, og Eirikegarden i Nordalen hadde kvenn i lag. Når det gal fjellbeita, og visse andre rettar og beiterettar, var dalen delt i to: i heimgardingar og framgaringar, men kvennarettane gjekk på tvers av desse grensene. Støylekvenna låg ca. 200 meter sydaust for tuna, og fekk kvennevatn frå Bruelva gjennom eit inntak som låg 50-60 meter lenger fram mot dalbotnen. Frå dette inntaket vart vatnet førd gjennom ein oppbygd kvennadam og heim til kvennaøset, som var inntaket til sjølve kvennasloket.

Gardskvenna representerte det mest avanserte utstyret på gardane i Nordalen då eg vaks opp der. Gardskvenna og alt det som hørde med til den, bygde på lange tradisjonar, noke ein kann slutte seg til, dels frå dei mange interessante namna folket vårt hadde på dei ymse delane av kvennautstyret, dels ut frå dei funna av handkvennar og anna gardsutstyr, som far og bestefar fann, då dei braut jord nær tunet. Gardskvennane i Syvde vart brukte og haldne i hevd til bort i mot slutten 1920-åra. Då tok dei gradvis til å forfalle, men fekk ein renessanse under siste krigen, då det var vanskeleg å skaffs mat. Frå ca. 1950 heldt forfallet fram, i dag er dei fleste gardskvennane i kommunen borte. Eit av dei få kvennhusa med rest av utstyret som ennå står att, er Støylekvenna, takk vere nedervd pietet, av dei som nå driv Jogarden, for det som forfedrene skapte og brukte.




Figuren viser Støylekvenne ca, 1957.

Lengst til høgre, skimtar vi enden av den oppbygde kvennadamen, og vidare til venstre kvennasloket og kvennastema. Sloket er breidast oppe ved inntaket frå

kvennedamen, og smalnar nedover mot spjelda på kvennekalen, som står omlag midt i kvennhuset. Den øverste delen av sloket hallar lite, men eit par meter nedanfor inntaket, har sloket eit kne eller ein knekk nedover, slik at vatnet får større fart. Og dette saman med at sloket smalnar nedover, gjev maksimal kraft til vatn når det susar mot spjelda (dvs. drivarmene) i kvennakalen. Like nedanfor "kneet" sloket, har kvennastema plassen sin. Stema er ei firkanta luke som passar akkurat ned i sloket : Ho blir halden på plass av ein svingbar tverbjelke, som er innfelt i to oppstandarar, ein på kvar side av sloket. Ved hjelp av denne innretninga, kan ein med ei stang (stemestanga), som er fest oppe på stema og kviler på ei skoløfte og senke kvenneatema. Står vatnet på, blir det då ein diger foss (stemefoss) på kvar side av kvennasloket. (Jfr. figuren ovanfor.)


Den mest interessante delen av kvennabruket , finn vi likevel inne i og under kvennhuset. Det er denne delen eg har prøvd å få fram på den følgjande skissa, som viser eit tversnitt av kvennhuset:



Snitt gjennom kvennhuset.

1: Grunttre; 2: Grunnmus; 3: Grunnpik; 4: Kvennakalen; 5: Kvennasloket;
 6: Tylet (tilet, golvet i kvennhuset); 7: Mjølkkiste; 8: Benk ;9: Lurås (bje eller planke under luren, dvs.: kvennabenken); 10 :Understeinen ; 11: Siglet (dvs eit avlangt stålstykk som er fest på toppen av kvennakalen, og som dreg rundt oversteinen når kvennakalen går rundt) ; 12 :kvennasteinen med kvennaauga); 13: Lur (dvs. kvennabenken, dvs.; det golvet som ber uppe kverna); 14 :Lettet (innretning som gjer at ein kan løfte opp kvennakalen saman med oversteinen; 16: Skoen; 17: Stillet; 18: Skakarm med skaktein; 19: Toppåsar

Til kvennabruket h yrde ein del ekstrautstyr, brukt til   halde kvenna i orden og til transport av mj let.. Eit supplement til den f rre figuren, saman med det utstyret , er vist p  den f lgjande figuren. Her er m.a. ei skisse av det snorhjulet som vart sett p  kvennasiglet n r dei skulle truske. (Jfr. "Jofolket", s.14



A: Truskarhjul (snorhjul, drivhjul) med snorfar(a), st lpik(b) til   feste i overliggjande bjelke,og spor under(c) til feste av siglet.

B:  verste del av kvennakalen, med spen l (sp nol eller spenvol)(a); gr tte (b), siglet (c). Gr tte: Rundt trestykke som omgjev spen len, og utfyller holet i mid av understeinen. Spen len , som er godt fest i kvennakalen,endar i sigletunga, og driv siglet rundt n r kvennakalen roterer.

C: Mj lause.D: Kvennapikke (brukt ved "hogging" av kvenna for   f  fram tytene.

E.B tte med skjelsand (brukt til sandmaling av kvenna f r   rense opp, td. ett at kvenna hadde kleimt seg, dvs,n r kvennasteinane kleimer eller klistrar seg saman ved maling av for d rleg t rka korn. F: Mj lhit: Rundfl dd skinnsekk, helst av sau, med sn ringeband i halsen, brukt til transport av mj l.

Kverna i folkefantasien.

Sett i landssamanheng, er mykje folkløre knytt til kverna, og her er prøver på lokalt stoff frå Nordalen i Syvde: Også i denne bygda, hadde vi eit kvennatroll som svara til "Nøkkèn"; men det lokale namnet var her: "Kvennakletten". Malinga gjekk oftast for seg i asvêr (styggvêr med storm og regn), når det var god kvennabÿr (rkeleg med kvennavatn, dvs., mykje vatn i elvane). Under malinga måtte kvenna passat både natt og dag, og i mørke haustkveldar og netter kunne nok tida falle lang, slik at det var lett^c dubbe av, for den som sat på kvennabenken lydde til den nonotone lyden frå kvenna. Det var kanskje når dei sat slik halvt i øraska, dei tykte at kvenna tok til å "snakke", og her er eit døme på kva som då kunne hende: Han Gulek hadde ete skÿrsoppa si, og sat og halvsov på benken. (skÿr: sukmjølkk, Skÿsoppe: flatbrød, brote i småbitar og rørt ut i surmjøls:) Då hørde han tydeleg at kvenna sa: "Gulek skÿrvomb, Gulek skÿrvomb". Gulek, som var kjenc for å vere snarsint, og kunne brase opp som ein raudeine, treiv ei sleggje som stod der og deisa til kvenna, så det for ein møle ut av den eine sida. Då tok kvenna til å skeive (slingre). Ho fekk eit nytt mål, som sa: "Gulek sto-re-sinne, Gu-lek sto-re-sinne, Gu-lek sto-re-sinne". Då vart Gulek^u endå sintare. Han greip sleggja på nytt og slo til det som var att av kvenna så molanê for til alle kantar. Då var berre siglet att, og ettersom den tunge kvenna som det skulle dra, nå var vekk, sette det opp farten, og i kvikk takt ropte det hêdande ut til Gulek; "No kan du ha inkje, no kan du ha inkje, no kan du ha inkje ! !"

Kvennane i bygda hadde kvar sitt mål. Kvennamålet til Støylekvenna lydde slik: "Hommel og rug; hommel og rug!" Hommel er eit gammalt ord for bygg. (Fortalt av bestefar: Erik Jonson Nordal.)

UTMARKA, INNMARKA OG FJELLET

Ord og vendingar brukt til karakterisering av topografien, og som delar av stadnamna i bygdene våre.

Topografien har som mål å gje ei detaljert skildring av eit geografisk område, og omfattar m.a. terrenghøve, kommunikasjonar, busetnad, etc. Til slike skildringar trengst det mange, råkande ord, og når det gjeld stadnamna, som oftst er eit resultat av ordkombinasjoar, må vi vedgå at forfedrene våre har vore utrule råkande og oppfinnsame i namnevalga.

Her følgjer ein del av dei orda og namna som i Syvde er brukt i topografisk samanh

Aksl f1, rundvoren utkant på eit fjell eller ei bergside (jfr. stadnamnet Hæra (He

Attelege f2, åker som er tilsådd med grasfrø og omgjord til eng. Åleggje att ein åker: gjere han om til graseng.

Aur m1, laus masse av grus og sand blanda med stein, eller fast og hard grun

av aur under matjordlaget, ofte kalla for aurhella. Jfr aurskide: den nederste delen av ein plog av eldre type; den delen der plogjarnet var fest. Gråaur og raudaur. Det siste slaget truleg litt jarnhaldig. Jfr. Raudeveien (stadnamn): Fjellveg eller fjellrås langs ein fjellrabb, der grassvoren er bortsliten, slik at raudauren ligg fram i dagen.

Bakke (Bakkje) m1, skråning i terrenget, særleg om sida av ein ås eller haug (jfr. hoppbakke); mykje brukt i stadnamnsamanheng, og ofte knytt til ein preposisjon som viser retninga i høve til der ein er: Opp i Bakkja, heim i Bakkja, fram onde Bakkja heim onde Bokkå. Det siste er ei gammal dativform (dativ fleirtal), som endå er i bruk i Nordalen.

Ordtak: 1) Det er ³ motbakken ein går oppover. 2) Det e' tungt i mote bakkja gå, Der e' tyngre å frie o' ikkje ja få..

Berg n1, samanhangande steinmasse; fjellgrunn. Går inn i mange stadnamn, ofte i dativform (Berje eller bergja). Jfr. Tverberg (stadnamn); der også Berjehauen. Øvreberg, Nedreberg, Oseberg,

Bleie f2 eller blæje (gammalnorsk: Blæja); klut eller duk; nå mest brukt om ein klut til å sveipe underkroppen til småbarn i. Ordet viser tydeleg lydsamanheng med fjellnamnet Blæja (Storeblæja og Lisseblæja), utan at den logiske samanhengen syn klår. Kanskje har namnet referanse til ein snøbrede i området; Jfr ordet bleie eller blæje, som er eit gammalt namn for alterduk (og namn på netja, den sterkt fei haldige hinna kring innvolane på dyr). Blæja kan også tyde alter. Jfr. ""Inna ma Blæja": oppe ved Alteret" (I. Aasen, Norsk Ordbog). Etter dette kan det tenkjast, a den majestetiske og høgreste formen av dei to fjelltoppane, som kan føre tanken inn på eit alter, eller ei orientalsk kongetrone, har spela ei rolle i namnegjeving. Sett i ein slik samanheng, kan ein tenkje seg Store-blæja sett frå Syvdesida, som ei mektig altertavle, der alterbordet med alterduken, er myrkevasskåla med snøbre en i fjellsida over myrkevatnet.

Blå, adj. i stadnamnsamanheng: Sjå namn avleidd av feld og blå.

Bost: Tyder i ending av stadnamn Bustad, jfr: Myklebost, el. Myklebust*)

Botn m1, i topografisk samanheng: inste ende av ein dal, ein fjord eller eit vatn.

Jfr. Syvdsbotn: området kring inste delen av Syvdefjoren; Botnn på Nordalsfjellet, m.

Brand m1, brennande eller halvbrendt, kolsvart vedstykke. Går i Nordalen inn i sta namnet Brandefjellet, der første stavinga kanskje refererer seg til dei fjelltungar som ein frå dalbotnen ser i himmelsjå (dvs. sett mot himmelen), og som kan minne om eldtungene på ein brand.

Braut f1, veg som er graven inn i einbakke eller bakkekant. På Nordalsvegen hadde vi tidlegare tre brauter. Desse tunge og bratte vegstykkja var: Vikebrauta, på overgangen mellom Vikebøen og utmarka frammanfor. Dei to andre, Varebrauta og Bakkbrauta, representerte opp- og nedstigninga av den sidemorenen eller plataet, som

*) Myklebost: Etter gammalnorsk, mikjel bustadir dvs. stor buplass, stort gardstun.

lagar Bakkane og Lødebakken. Ordet vare (varde), som vi gjerne assosierer med ein steinstolpe eller eit opplødd steinlad på ein fjelltopp, refererer seg til ein liten varde som tidlegare stod ^{medanfor vegen} til venstre for vegen på toppen av Varebrauta.

Brekke f2, ein bakke, særleg brukt om ein stor, bratt bakke mellom ei lågare og ei høgareliggjande flate i terrenget. På Nodalsfjellet: Brekka, Brekkebakken og Brekkeskaret. Brekka, på overgangen mellom Myklebust og Saurdelen.. Også Kilebrekka mellom Øverberg og Vanylvsdalen.

Brensle f2, merke etter avsvidd område, helst lyngmark i ei bergside-

Brot n1, det å bryte eller bli broten; i topografisk samanheng, eim stad der noko blir laga ved bryting jfr. steinbrot, nybrot: Vadeplass i elv, jfr vad.

Stadnamnet Tåbrotet i Røfsdalen, har kanskje samanheng med dette ordet?)`.

Brote f2, stad der eit gjerde er nedbrote, eller opna for gjennomgang.

Bru f1, byggverk som lagar veg over ei hindring, særleg over elvar og sund.

Jfr. vad, byks, klopp.

Brun f1, fjellbrun, kant mellom ei flate og ei nedgåande skråning. Går inn i mange stadnamn (Långeteig-brunå, Rysta-brunå, Hjelle-brunå. I akkusativ eintal, Brunå : Skal du fram på Brunå? I dativ eintal, Brunje: Kynne (kyrne) går fram på Brunje.

Byks n1, større steinar lagt i rekkje over ei grunn elv, slik at ein kann kome tørrskodd over ved å bykse (hoppe) frå stein til stein.

Bø m1, inngjerda mark på ein gard. Bøgarden skil bøen frå utmarka. Bøgarden var tidlegare ein steingard, nå oftast eit gjerde eller eit bægje laga av bægjestaur og netting, Bægje n1: eit anna ord for gjerde (eigentleg hindring) .jfr: bægje inne og bægje ute (bægje inne hønsa, men bægje ute geitene, så dei held seg i utmarka og ikkje slepp inn på bøen). Meinbægje eller meinbekse: ei hindring; noko som er til meins for ein eller annen. Gardane ligg bø i bø, dvs. heilt inntil kvarandre. Slepp på bø: sleppe krøtera inn på bøen om hausten, etter at slåttan er ferdig, og før de blir sette inn for vinteren. Gamle genetivsformer av bø er bægjar og bjår. Den siste har halde seg i visse stadnamn fram til vår tid. Stadnamnet Bjårdal i Syvdsbotn, er truleg eitt av desse. Dativ eintal av bø er bønå. Jfr. Kynne (kyrne) går heim på bønå.

Dal m1. stort og langstrakt søkk i terrenget. Går inn i mange stadnamn: Bjårdalen, Brandalen, Gryddalen, Keipedalen, Kvandalen, Lindalen (på Myklebust og på Nordalsfjellet), Nårdalen (Nordalen), Sandfjelldalen, Saurdalen (Sørdalen), Storedalen. Fram i dolå; uttrykk med dativ fleirtal av dal. Tidlegare brukt av eldre folk i byg

Dekk fl , Rundvore søkk i ei flate; omlag det same som dokk eller sæld. Det siste gjerne eit litt meir langstrakt søkk i terrenget.

Depel ml, (lite) område med bleut jord eller slamm. Også som del av stadnamn; Svartedepelen, Depleelva. Deplehylen, Deplekloppa. Jfr. Gardsnamnet " Deplane" i Saurdal. Det offisielle namnet er Lade (sjå nedanfor).

" Det dett ikkje ned i deplane når ho får tak i det!", dvs.: Ho (slarvekjerringa) nok sørgje for at det blir kjett olover.

Dike (utt. dikje) nl, Gjørme(hol), omlag det same som depel. Svartedepelen(stadnamn)

Djuv nl (I Syvde også ei dju ell, . djue), eit søkk i terrenget, ei hule eller bergkløft. Flate holer eller søkk i terrenget, høver også med lokalitetane rundt Djuetunet i Bjårdalen i Syvdsbotn. Jfr. bygdauttrykket: Opp i Djuene.

Dys fl , Så vidt eg veit, finst dette ordet i Syvde berre i samband med eit stadnamn, nemleg Dysa , ikkje langt frå der (det nye) "Hansetunet" ligg i dag. Ordet dys , tyder gravplass på gammalnorsk, men kan også tyde ein plass der det er små røyser i terrenget. Den siste tydinga høver best her, ettersom den plassen som heiter dysa , eigentleg er restene etter eit gammalt fonnaud, frå ein fonn som det viser fram etter i bergsida ovanfor.

Verbet dysje, som i syvdedialekten tyder; fare fram og tilbake og ha det travelt (jfr. uttrykket: "Ka du dýse mæ?"), synes ikkje å ha noko med dette ordet å gjere

Eid nl , Landstripe (med vatn på sidene) som bind saman to landområde(jfr. Eid på Nordalsfjellet), eller tverrdal eller skard der ein lett kan kome over frå eit strøk (bygdelag o.i.) til eit anna (jfr. Eidet(med Storeide og Lisseide) mellom Eidså og Fiskå.

Elv f3 , stor. naturleg vasstraum i lendet; større enn bekk. grov og sikle. Går inn i ein mengde stadnamn, oftast knytt til namnet på ein lokalitet i landskapet som viser kvar elva finst, eller også til ein spesiell eigenskap eller eit særkjenne ved elva (Tenneelva, Holeelva, Brekkeelva, Bruelva, Sandfjellelva, Grøtelva, Kjeleelva osv). Andre ord i samband med elv: Elvabar(d), elvabakke, elvasød (elvasus), elvafar, elvamøl eller elvamèle, dvs. blanding av sand og småstein i elvafar eller området langs ei elv, etter at elva har ræst og gått utanom sitt naturlege elvafar

Egg fl , kvass fjellrygg; øvre kant av ein fjellkam, Går inn i mange stadnamn; Høge nipegga, Kvandalsegga, Skålaegga, Myrkavassegga, Arehammarsegga, Storeskålegga, Lisse skålegga , m.fl. Bakegges adv.: attanfor egga eller fjellkanten. "Han språng so fort at `anj e´ bakeggjes långe sidå!". (Dvs: Han er ut av syne, eller bak sedde for lengst.).

Far nl, spor, merke, avtrykk: far etter folk, slede, vogn, rev, fonn, elv, bekk osv. Jfr. sledefar, skifar, elvafar, bekkifar. tytefar. Tyte: korn eller små knurpar av granat eller staurolitt i den mjukare grunnmassen av ein kvernstein. Tytefar: dei striper eller forer etter tytene som etterkvart lagar seg i kvernsteinane når desse gnir mot kvarandre.

Tidlegare brukte eldre folk i bygdene dativ-fleirals- formen gø-rå i staden for gardane, når dei meinte Storetunet." Han er opp i gø-rå ! Her er brukt tostávings tonelag. Faste uttrykk: gard og grunn; gard med lut og lunnende eller lut og lunnende "Han fekk garden med lut og lunnende",dvs. med alle tilhøyrande rettar og føremunar "Han gjekk frå gard og grunn". Ordet jord, blir ofte nytta i staden for ordet g Jfr.: ei joraløysn (jordaløysn), dvs. så mange pengar som skal til for å løyse ut (betale for) ein gard.Jordataus og jordagut:som har odelsrett eller eigedomsrett i ein gard . " Dei delte jora mylljå si" (Dei delte garden mellom seg.) " I eige no både jor og jarrède!". (jar-rède (jarnrède): "nemning" for plog). Sitat etter Støyle-Gommer, når ho var i feide med mannen sin.)

Gjel nl (gil, open "i" ,uttal. jyl. Dativ fleirtal:Gyljå (saudene går opp i jyljå) djup , trong kløft i berg eller fjell, oftast med ei elv eller ein bekk nederst i kløfta.Jfr Jylstrek: stripe eller renne i ei bergside der det ofte går ras eller fonn.Stadnamn: Allskredjylet, Ormetungjylet, Holejylet, Jutulejylet, Sandfjelljyl Gurijylet, Røyrbergjylet, Løskogjylet. Jylét, gardsnamn på Myklebost.

Gjerde nl (uttal gjære). av gard; oppsett vern. stengsel; skilje mellom eller kring jordstykke.Stadnamn: Kvilåbskkgjerdet, Lemhaugjerdet , Åregjerdet, etc. Gardsnmn: Koppegjære eller berre Gjære .

Glenne f2 , open ,helst grasvaksen plass i ein skog.Jfr!"På skogsturen kom vi fram til ei lita glenne , og det sette vi oss ned og åt nista vår".

Glivr nl, langstrakt opning (eller "gate") i skogen. Stadnamn: Glivret (jfr:" I bort i Glivret, for e såg nettopp geitene bort i Glivra!)(Det siste: dativ eintal)

Göte f2, ein smal køyreveg,ofte innskoren i ein bakke,Same ord som gate. Stadnamn : Tverbergsgötå, Heggegötene (mellom Miggaren og Koppemyrane).

Grande ml,Tørrt område av sand og småstein i eit elvefar; sandmele. Trollet i eventyret som far fortalde til meg, "rok opp på ein grande!" (jfr."Jofol

Gróv, gróva, grøver , grøvene:bekk. Eigentleg ei renne som vatnet har grave i jorden. Stadnamn: Svartegrova; Longegrova . jfr, " Longrohola"Vel egentleg Langegrovhola(

Grofs fl , Hole med bratte sider,ofte utgropa av rennande vatn .

Grop fl,omlag det same som ei grofs,men gjerne litt mindre i omfang.

Grø og grøde nl, ein plass der noko gror. Går inn i stadnamnet Jolegrødet, ein stad i Kvanndalén på Nordalsfjellet, der det tidlegare vaks kvannjol .Jfr. stadnamnet Turtagrø . der det veks eller vaks turt eller bjønnastryft.

Grøt nl , stein eller steinmasser;ein stad der ei vassfonn eller ei elv som raser legg etter seg stein og grus; eit fonnahaud etter ei vassfonn. Stadnamn i Nordal: Grøtet med Grøtelva ved kroken på Sandfjellelva nedanfor Rabbeplassen. Det tilsvarende i og ved Grøtelva framnafor Holbakken og ned mot Gamleelva..

Ordtak : "Han (ho) he´ tekje si´ eit nytt tytefar", dvs. dei har börja på eit nytt liv, med ein ny levemåte. "Du får fare som ført er!". Eigentleg: fare som føret er til. Mest brukt i overført tyding: innrette deg etter tilhøva; tenkje seg om , sjå deg føre.

Feld ml , pels (dyrepels) eller ývebreidsle, (jfr. skinnfeld). I Syvdsbotn mot sydvest, Blåfelden: hornliknande fjelltopp med bratt fjellvegg mot bygda; ligg i ein blåleg dis, særleg på soldagar på ettermiddagen.

Fjord ml, arm eller belte av havet; eller innsjø (særleg på austlandet, jfr. Randfjorde, Tyrifjorden). Går inn i talrike stadnam i landet vårt. Jfr. Ivar Aasen: "Tusen fjordar og tusen fjell".

Fjell nl , stort , høgt berg (over snøgrensa) eller område (vidde) som ligg høgt; fjellstrok, fjellvidde. Går i Syvde inn i mange stadnamn, som Breiteigsfjella, Vikefjella, Brandefjellet , Blåfjellet, Sandfjellet, m.fl.

Flog nl, hengjebratt fjellside; stup. "Han for ut for floje og slo si i hel". Flå, flåa, flæ(r), flånje; avsats i ei bergside, berghylle. Flå, brukt også som adjekt i tydinga flat, vid open. Jfr. flågryte og djupegryte: to gryteformer med tre beil under, brukt i dei gamle vedkomfyrane. "Til slutt fann e gjeitenje opp i Lissje-hammarflånje"

Fonn fl, samandriven snømasse t.d på ein veg; skred eller ras frå eit høgdedrag eller eit fjell: snøfonn, mjellfonn (skred eller ras av tørr, laus snø), steinfonn, vassfonn (når snømassene i eit vassgil kjem i fart etter hastig tøyr med sterk ne bør av regn). Fonnaskot, fonnafar, fonnahaud (haug av grus, stein og røtter der fonnene stoggar nede på flata; fonnatrygt, fonnahøvt (ein stad der det ofte går fonn). Stadnamn i Nordal: Allskredfonna, Haggarsfonna, Raudefonna. Det sistnemnde ei blanding av steinfonn og vassfonn frå Sendegrovhola og nedetter i bergsida. Rau fargen skriv seg frå oksydert grøtstein (olivinstein).

Foss ml, stor mengd med fallande vatn; fossedur, fossefall, fossekraft. Stadnamn i Syvde knytt til ordet foss: Breiteigsfossen, Sarpefossen (eller Sarpen), den største fossen i Nordalselva, ca. 12-15 m høg; Haggarsfossen. Elifossen, Kjellefossen. Gard ml, eigedom. bustad med hus og dyrkingsjord (over eit visst areal). Bondgard, fjellgard, odelsgard; steingar(d) eller steingjerde. Tidlegare mykje brukt som hegn mellom utmark og innmark. Geilagard: Brei , tung steingard på begge sider av ein smal køyreveg (geil), eller ei (dyre)rås som fører frå tunet og opp til utmark. I Syvde og mange andre stader på Sunnmøre, blir ordet gar (el. gard) ofte knytt saman med eit mannsnamn, eller med ei anna karakteriserande førestaving, for å peik ut dei enkelte tuna, eller bruksnummera, innanfor eit feles gardsnummer. Jfr. Mons-garden, Jakobsgarden, Jogarden, Åmundgarden etc. Vanleg har det også vore å setje namn på tuna (resp, gardane) etter den plassen dei hadde i eit skrånande tunlandskap eller Storetun. Jfr. Øvstegard, Miggard (Midtigard) og Niggard (Nedrega

Hals m1, lekamsdel mellom hovud og kropp. I topografisk samanheng: ein dalopning eller overgangen mellom ein nakkeliknande fjellrabb og eit flatare lende.

Stadnamn: (Nordals) halsen, eller berre Halsen, som er det vesle området mellom nederste delen av Plassenakken og Landsyrkplataet, dvs. enden av den sidemorenen som ligg mellom Nordalselva og Tungåstøylen. Jfr. også Halsane på Nordalsfjellet.

Hammar. hammaren, fl. hamrar, hamrane. I topografisk samanheng: stupbratt bergve Går inn i mange stadnamn: Arehammaren, Sætrehamrane, Tverbergshamrane, Sillehammar Lynghammaren. etc.

Haug m1, mindre, rundvoren høgd i terrenget. Ordet knytt til talrike stadnamn: Skinstødhaugen, Gurihaugen, Jutulehaugen, Kvandalshaugen, Gyrihaugane (i Sandfjell-dalen), Sandfjellhaugen, Berjehaugen, Bjønnahaugen, Jonsokhaugen, m.fl. Haugen, gardnamn i Nordalen.

Hjell m1, terrasse; ei høgd i lendet som er flat oppå. Ofte ein sidemorene i ei dalside. Slik også med Hjellen i Nordalen, det tilfanget til hjellen synet å ha ko frå bergsida ovanfor (frå Storeskåla øverst i fjellsida).

Denne hjellen har spela ei viktig rolle for busetnaden i dalen i eldre tider. Und Hjellen var det nemleg fonnatrygt, og difor bygde fleire gardar (i alt sju) husa sine her, medan dei hadde jorda i teigeblending rundt om i dalen. I dagleg tale, vart denne husgruppa kalla for Storegardeⁿ eller Gardane. Med innmarksutskiftninga dvs. jordskifte av innmarka, vart nokre av desse gardstuna flytte til andre stader i dalen, der det etter eldre folks oppfatning ikkje var heilt trygt å bu.

Hól m1, låg haug; ein liten, tørr haug på ei myr, eller på ei lågtliggende flate. P slike tørre holar på torvmyrane, la dei gjerne torvene til tørk om ~~vårane~~ når dei skar brennetorv om vårane.

Hòle f2, eit søkk i lende eller eit holrom inne i berg eller jord. Stadnamn: Sende grovhola, Holå (nedanfor Tennehonnet), Lisseholå, Lisseholbakkane, Holå i Brågnane i Kvandalen, Holå, som gardsnamn på Myklebust, Trollholene, som gardsnamn i Saurdalen m.fl.

Holm m1, lita, ofte berglendt øy i sjø, vatn eller innsjø.

Honn (horn) n1, i topografisk samanheng: kvass fjelltopp. Ordet er knytt til ein men dew stadnamn: Tennehonnet, Kvandalshonnet, Skoretehonne, Vikehonnet, etc.

Hyl eller høl m1, djup hole i elv eller bekk, Går inn i mange stadnamn: Holmehylen, deplehylen, Skinnyhylen, m.fl. Skinnyhylen i Nordalselva: ein stad det dei la skinn til røytings, så dei kunne fjernast før garving.

have

Hylle (uttal. hille) f2, avsats eller flå i fjellet. Stadnamn: Storehilla, Hida-
hilla.

Jøtte: Sjeldant stadnamn i Nordalen. Brukt om dei små grasslettene som ligg mellom svarte steinhamrar (Svarteomnane) øverst i nordbåret, mellom Allskredgilet og Blå-
fjellet. Fleirtalsform: Jøttane. Kanskje same ordet som Gjote (f), jfr. Ivar Aasen:
"Langaktig græsplet mellem Bakker eller klipper". I nordalsdialekten blir ødet berr
brukt i fleirtal: Opp i Jøttane; geitene går opp i jøttå.

Kass m1, pukkel, lutrygg. Han var så kassen: han var så lutryggja. Jfr stadnamnet
Her(d)akassen: den øverste parten av fjellformasjonen Her(d)a i Nordalen.

" Dei fann saundenje atte opp på høgsitte Herakassa".

Keip m1, vinkelforma årefeste, Jfr. stadnamna Keipen og Keipedalen. Namna etter
ein fjellformasjon som liknar på ein keip. (over Botnen på Nordalsfjellet.)

Klopp f1, enkel gangbru eller smal bru til å køyre over. Stadnamn: Deplekloppa,
Løskogkloppa, Haggarskloppa, Landsyrkekloppa. Sarpekloppa, Risekloppa, m.fl.

Kopp m1, lite, djupt drikkekar, oftast med hank. I topografisk samanheng, ein
koppliknande formasjon i landskapet. Stadnamn: Koppen og Koppegjerdet, syd for
Koppemyrane på Nodalsvegen.

Krik m1, krok, bøyg, bukt på ei elv; ein stad der ei elv buktar seg fram.

Stadnamn: Kriken; sletta mellom Jarholene og Grøtrindane i Nordalen; Krikane i Sand-
fjelldalen. Gardsnamnet Kriken på Myklebust.

Kvisl f2, grein, arm av ei elv. Kvisla på Garden Espeholen, var tidlegare matelv o
kjøleplass for mjølkespannene. Matelvar, kjelder eller bekker i eller nær tuna,
hadde dei mange stader i bygda tidlegare, og derifrå henta dei drikkevattn både til
folk og fe.

Tunbekken, eller berre "Bekken", som var det vanlege namnet, var ei vasshole.-
Ca. 1-2 meter under bakken, var det grave ei grop som var steinsett rundt kantane
for at den ikkje skulle rase saman og fyllest med jord og grus. Av same grunn
var også brønnekantane oppover steinsette. Vasshola i botnen fekk sitt tilsig og si
utløp frå ei underjordisk kjelde eller grøft. Rundt kantane av bekken oppe, var d
lagt heller eller fjøler, og over låg det ein flake eller lause bord, Dersom
nokon gløynde å leggje dekselet over bekken, var den ei felle for småborna, og de
hende at born datt ned i bekken og drukna.

På Støylen hadde dei i mange år to bekkeaurar (kreder) i bekken. Dei hadde eit sk
nede i bekken, der dei kunne gøyme seg, men kom fram når ein kasta mat ned til de
Eit år hadde to unggutar frå bygda vore der og fiska dei opp, og dermed vart det
slutt på den moroa, til stor sorg for folket på garden.

Land n1, del av jordoverflata som ikkje er dekt av vatn, i motsetn. til vatn, hav, omfattar også strand, kyst og sidene av ei elv; eit landområde med spreidd busetning; eit landdistrikt i motsetning til ein by; eit jordstykke eller ein eigedom. Har gjeve opphav til ein mengde stadnamn, og gardsnamn.

Stadnamn: Storelandet; stor, sidlent slette heimst på Støylevollen i Nordal. Gardsnamnet Haukeland, på nordsida ytterst i Syvdefjorden. Førestavinga refererer seg truleg til fuglenamnet hauk (jfr. O. Rygh). Namnet blir å syvdedialekten uttala Høke land.

Leite n1, Bakkehøgd med godt utsyn. Stadnamn: gardsnamnet Leite, mot Røfsdalen på Myklebust. Leitet, på overgangen mellom Eidså og Lisseide.

Lege f2, liggjeplass, serleg for krøter og vilddyr. Stadnamn: Bulegene, ved Osebeid i Vika. Legene, mellom Bruelva og Sandfjellgilet. Tidlegare, vanleg overnattingsplass om sommaren for "framgardskyrne" i Nordal.

Løg og løge f2, har samanheng med lag, ligge eller leggje.

Stadnamnet Vedlog: O. Rygh har ei heller spisfindig forklaring på dette gardsnamnet ettersom han meiner at namnet heng saman med det gammalnorske vidrlög, dvs, skadebrot for eit brotsverk. Ei enklare tyding kan vere ein opplagsplass for ved. (Jfr: Aasen Løga "af Roden. lag i leggja". Innlogene: eit jordstykke som er innlagt frå utmarka med ny bøgad. Jfr stadnamnet Innlogene (under Jo- støylen)-

Lykkje f2, inngjerda mark, lite jorde. Stadnamn: Bjørlykke; sydvest for Koparnes mot Rovdefjorden.

Løk m1, ei vasshole, td. i ei myr der det er skore ut brennetorv, jfr. torvløk. Også brukt om ein djup, stillerennande bekk, utan straum.

Myr f3, våtlendt, flatt og oftast trelaust landområde, med plantar som byggjer opp eit torvlag. Jfr. blautmyr, sekkjemyr, hengjemyr, torvmyr, moltemyr. Mange stadnamn og gardsnamn knytt til ordet. Stadnamn: Myrane, Storemyra, Koppemyranre. Gardsnamn: Kringemyr eller Klingremyr (dialektformen).

Nakk og nakke m1, baksida av halsen. I topografisk samanheng; bergknatt; framstående knaus på sida av eit fjell. Stadnamn: Plassenakken. Haudenakken, Taksetnakken.

Naus m1, bergknatt det same som knaus. Stadnamn: Nausen og Tytebærnausen i nordberget i Nordalen.

Nes n1, spiss og smal landtunge som stikk ut i sjøen eller ut i eit vatn. Går inn i mange stadnamn. Dativ flertal: nesjå, jfr. ut på nesjå. Stadnamn: Koparnes, Syvdesnes (Ofte uttala Syssnes)

Nibbe f2, framstående spiss eller skarp kant; jfr. fjellnibbe og nibbestein- Stadnamn: Nibbå i Nordberget (Nordalen) Han er bort i nibbenje (dativform).

Nipe f2 , Fjelltopp med bratt framside. Stadnamn: Breiteignipa, Høgenipa.

Okle n1 , område på overgangen mellom leggen og foten. Oklekul: beinknok på utsida av okleleden. Det er tydelegvis denne beinknoken som har gitt opphav til stadnamnet Eidsåokla eller Eisså-okla, ein fjelltopp i fjellet syd for Eidsane, lett synleg også når ein kjem høgt nok i Nordalsfjella.

Omn m1 , innretning til oppvarming , koking og steiking. I topografisk samanheng. ein liten svart hammar, lett synleg mellom grassletter: jfr. stadnamnet Svartomnar øverst i Nordberget i Nordalen.

op n1 , ope rom; hol, opning, rivne , sprekk.spalte. Jfr. gardsnamnet Opet eller Åpe i Saurdalen.

Opsal; stadnamn og gardsnamn på nordsida av Syvdefjorden. I følgje O. Rygh. tyder namnet "høgtliggjande gard", jfr. Oppsalbakken. Sal på gammalnorsk, tyder hus, busta

Os m1 , Stadder elv renn ut i vatn eller sjø, eller der ei elv renn ut frå eit vatn eller ein innsjø. Ordet har gitt opphav til talrike stadnamn: Oseelva, Oseberget, Buvassosen, Kvandalsvassosen , etc.

Plète f2, liten , open grasflekk i skogen: " Dei kom fram til ei lita plète i skogen ,og der sette dei seg ned og åt nista si".

Pøyte f2 , søylepytt, depel, gjørmehol, skitdike.

Rabb m1, steinet låg jordrygg. Stadnamn: Geitarabben, Rabbane, jylsrabb, m. fl.

Reit m1 , liten åkerlapp, jfr. potetreit, nepereit. Stadnamn: Reitane. Gardsnamn: Rieten på Myklebust.

Rim -ma, -mar, lang og smal fjøl. Også lang og smal teig i teigeblanding på eit jorde; jfr. Åmundrima, Hauerima, Gulekrima, etc.

Lem -men. -mar, hems, hjell. I stadnamnsamanheng (Nordal): Den kanten av ei fjellbru som vender mot dalen, jfr. "fram i lemen". Lemane: små hjellar eller terrasser ned mot dalbotnen under Blåfjellet. Der også Lemhaugane og Lemhauggjerdet.

Rinde m1 , berg- eller jordrygg. Stadnamn: Rinden og Rindetua på sydsida av Nordalen.

Ris n1 , bakkekam, jordrygg; den nederste, bratte kanten av ein liten sidemorene. Gå opp på riset (eller reeset, open i): gå opp på bakkekanten, der motbakken blir kare oppover. Stadnamn : Risebakken, Riset, Risemyrane (Nordal).

Rør f1 , kant, rand; kanten av eit stup: Han våga seg så langt fram på røra at han kunne sjå fjorden lnagt under seg.

Plass i rinde, rim, ris

Rås; ei rås. fleire råser eller rås'e; gangstig eller krøterstig; ein farande veg fo folk eller fe som lagar seg ved bruk, mest i fjell eller utmark; jfr. kurås, geitarås
Per: " He' du sett noke te' kunå mine?" Pål: " Ja, i såg dei fram i råseme i aftes"
(Per: " har du sett noko til kyrne mine?". Pål: " Ja, eg såg dei framme i råsene(elle råsene) i gårkveld".

Sarpen: Høgste og mest vassrike fossen i Nordalselva. Litt lenger framme i elva er det ein annen sarpefoss, nemleg Tjøvesarpen. Førestavinga tjøv eller tjov, skal visst nok hange saman med ordet tjuv utan at eg veit meir om denne eventuelle sama hengen.

Litt om orda sarp og sarpen: Orda går inn i fossenamn fleire stader i landet. Mest kjend er Sarpefossen eller Sarpen ved Sarpsborg. Her er namnet i gammalnorsk skriv Sarpr. I islandsk tyder sarp fuglekrås, dvs. den attarste delen av fuglemagen med kraftig muskulatur, og evne til å knuse og elte fôret. Etter dette kan ein kanskje seie at Sarpen fungerer som ein "knusemaskin" for alt som følgjer elva.

Skar (skard) n1, i topografisk samanheng: fjellkløft: Stadnamn: Blæjeskaret, Brekkeskaret, Nonsskaret, Tenneskaret, osv. Jfr. stadnamnet Skørene på Nordalsfjellet, Namnet kan vere dativ fleirtal av skar. Det høver også bra med terrenget: Eit fjellplatå omgitt av høge knausar med skar i mellom.

Skred n1, masse av stein, jord, snø og liknande, som raser eller har rasa nedover ein skråning, eit stup og liknande.

Skrede f2, far, merke etter eit skred; stad der det går eller har gått skred. Stadnamn: Allskridå (Allskrida), Skredene. Per: " Ska du heim i Skredene?". Pål: " Ja, for kynne går opp i Skredå".

Skyle n1, rom eller holer til å gøyme seg i eller søkje livd i. Stadnamn: Bukkeskylet

Slätte n1, utslåt, stader i utmarka der dei slo gras til vinterfôr tidlegare.

Stadnamn: Blåfjellslättet, Storeslättet m.fl. Frå desse slætta, som ofte var høgt oppe i bergsidene, tok dei graset (høyet) ned til flata anten med meis eller med sloger etter spesielle slogvegar.

Stød f1, ein landingsplass der ein kan drå båtar på land; båtstø.

Støde n1, ein stad, ein plass; mest brukt i samansette Ord, jfr stadnamna Skinstøde og skinstødhaugen. Skinstøde: Ei (sand)gryne inne ved land i eit vatn eller -ei elv der kyrne står og kjøler seg av når det er for varmt. Skjene v1, brukt om krøter: fare (skeivt) avstad med stor fart for å bli kvitt plagsame innsekt eller for å kome fram til eit skinstøde (i eit vatn eller ei elv) der dei kan vade ut i til kness og slette vatn over seg med halane.

Steinar som "landemerke". Store eller karakteristiske steinar, helst på spesielle stader i terrenget, er fleire stader i Syvde brukte som orienteringspunkt eller "landemerke". På Nordalsfjellet har vi Gildresteinane og Lusetuå. Nede i dalen m.a.

Risesteine. På Landsyrkefjellet, mot Dravlausdalen, Trygesteinen, Ved garden Urene

Løsetstranda, Urasteinen o g på Syvdseidet Leitesteinen.

Gildresteinane er fleire meter høge, rundaktige gråsteinar, som ligg framme i Botn nordaust for Sævvatnet. Dei svære kolossane kviler på digre steinblokker, og serle den ein er det så mykje plass under, at ein kan krype under den.

Det kan vere to nærliggjande forklaringar til forstavinga gildre- i Gildresteinane

1) Den gongen det var bjørn i fjellet, la dei ut ei sjølskotinnretning, eit såkalla gidr eller gilder visse stader på fjellet for bjørnen. Det er kjent at Nordølingen ein gong sette opp gildr for bjørnen ved Bjønnahalla ved Jutulejylet, men at det vart sett opp gildr i Botnen ved Gildresteinane, finst det, så vidt eg veit, inga melding om. 2) Det andre alternativet er, at dei mektige steinane var "gildra opp" me mindre steinar under, slik at dei låg fritt over bakken. Ser ein på lokalitetane på staden, synes den sistnemnde forklaringa å vere mest rimeleg. Jf<r. verbet gildre vl, stable opp, setje noko opp laust, ustødt og valkevore. I dette høvet ligg nok dei store steinane stødt, fordi dei har lege der lenge, sjøl om det kan sjå u som om dei ligg laust.

Lusetua er ein lysegrå stein, med mørke flekker og prikkar, som ligg ved råsa gjennom Botnen og over Hida nederst i Lindalsberget. I den tida då eg ferdast der, var han delvis overvaksen med lyng og mose.

Risesteinen ligg (lag) ovanfor Risegjerdet, på sydautsida av Riserinden. Det var e lite skyle under han, og vi ungane brukte han som leike- og klatreplass.

Trygesteinen ligg på overgangen mellom Brudvollsfjellet og Dravlausdalen. Det er ein stor, bortimot firkanta stein med eit lite skyle under. Folk kvilde gjern he når dei gjekk fram og tilbake mellom Syvde og Dravlaus. Det er ein del usikkert kv forstavinga tryge i namnet Trygesteinen refererer seg til. Ordlekken tryge blir i syvdedialekten uttala akkurat som i ordet tryge f2, ei slags treramme til å spenn under føtene så ein ikkje skal søkke ned i snøen. Skal ein halde seg til uttalen i bygda vår, bør difor forstavinga skrivast med enkel "g". Om ordlekken har noko med brukstingen tryge å gjere, kan nok vere usikkert, sjøl det har heitt seg at syvdi ane hadde hadde liggjande eit trygepar under denne steinen, som dei tok på seg om dei hadde bruk for det, når dei vinterstid skulle ned Dravlausdalen, som ligg slik til at den lett " blir fulldriven av snø".

Urasteinen var (er) ei svær, avlang steinblokk, som står og hallar nedover, i bakke ved Uragarden på Løsetstranda. Det såg ut som den kunne falle over ende når som he men kvar gong eg drog der forbi, stod han der like godt. Steinen var lett å leggj merke til, og han har vore samlingspunkt og leikeplass for borna i nabolaget.

Leitesteinen kunne (kan) ein sjå på høgre sida av vegen, når ein følgjer riksvegen frå Eidså og sydover til Eide. Bestefar (Erik) hadde ein yngre bror som var nyryd ningssmann på Storeide, og då eg var i 10-12 årsalderen, fulgte eg ofte bestefar når han var syd på Eide og vitja. Då stogga vi alltid ved Leitesteinen, kvilde og stell

oss litt før vi kom til gards. I eldre tid, var det vamnleg kvileplass ved Leite-steinen , når folk ferdast over Syvdseidet.

Svør fl, lite , kort gil, helst med grasmark på sigene. Gardsnamn: Svøra ved Nordvik i Syvdsbotn. Forstavinga i stadnamnet Svaragjølet i Nordal, er truleg ei avleidning av ordet svør.

Svæde (svad) nl, naken, meir eller mindre slett, skrånande fjellgrunn, der jordlage er avskrapa av fonn eller liknande. Stadnamn: Svartesvædet, Blånkesvædet, dvs. det bla- svædet, etc.

Sæld fl, ei lita avlang lægd eller dekk i ei slette

Teig ml , lite , avgrensa stykke av eit større område av innmark, ^{út} innmark eller åkerland.: Dette systemet ar kalla teigeblanding. Jfr. Skogteig, slåtteteig, etc Gardsnamn: Breiteig. Ormeteigen og Teigane.

Tind ml, høg kvass fjelltopp. Stadnamn: Kvandalstinden, Myrkevasstinden , m.fl.

Tjenn (tjønn) fl, ei lita samling av stillestående vatn, liten innsjø.

Tenne fl, det avflådde skinnet frå hovudet på eit dyr. jfr. haudetenne: I topografis samanheng, noko som liknar på ei haudetenne. Ordet har kanskje samanheng med for- stavinga i Tennehonnet, som i sin tur har gitt opphav til atadnamna Tenneskaret, Tennevatnet etc. Det er særleg når det er rovletøya, at venstre delen av Tennehonnet sett frå Nordalen, kan minne om ei haudetenne. Rovletøya adj.: eit (fjell) landskap der det ligg att snøflekke i holene mellom knausar og rabbar under snøsmeltinga (om våren.)

Tue (tuve) f2., liten topp eller kuv(grastue), eller eit tueliknande høgdedrag over ei fjellside eller ein fjellrygg. Stadnamn; Maraftatua (gammalt solmerke. Når sola stod over Maraftatua, var klokka ca 18⁰⁰), Rindetua, Sandfjelltua..

Tunge f2, beinlaust, muskuløst organ i munnen hos menneske og dyr: I topografisk samanheng: eit tungeliknande jordstykke mellom to småelvar, eller bekker. Stadnamn Ormetunga og Ormetungelva, (I Nordberget i Nordalen. (To småelvar renn saman omlag midt oppe i bregside til ei litt større elv, slik at det tilsaman ser ut som (ei klyf^få) ormetunge, Småtungene (på sydsida av dalen).

Ur fl, (skrått) lende dekt med (store) steinar, (eller seinare forvitring og ras). Stadnamn Gråura. Langura, Storeura, Skoraura, m.fl. Gardsnamn: Ura (På Løsetstrand)

Vad nl , vadeplass for folk og fe i bekker og elvar, før der kom byks, klopper og bruer. Stadnamn: Gunnasvædet, Lissevædet, Rabbevædet, Storevædet, m-fl.

Veg ml , ferdseisåre, særleg utranfor byane, jfr. mjelkeveg (mjølkeveg): rås som ferdast etter, i utmarka eller på fjellet, når dei skal avstad og mjølke buskapen.

Slogeveg ml , ei stripe i skog eller utmark, der det er rudd så pass at det gar an å drage ei sloge. Sloge: Lauvgrein eller lite lauvtre, helst bjørk, mest brukt til å dra høy på frå utslåttane.

Voll ml, jordstykke med fast og jamn grassvor, engslette. Stadnamn: Myrkevassvollen. Tryftevollen (ved Landsverk. Forstavinga tryft, er etter planten bjønnastryft eller turt), Støylevollen. Gardsnamna Velle og Vellane, er namneformer avleidde av orde voll.

Vør ml , rygg av stein, ofte køyrt bort frå nybrot og lagt opp langs elvar til vern mot flaumvatn. Ordet også brukt om opplødd stein på ei eller begge sidene i ei båtstød; steinbryggje, jfr. båten la til ved vøren.

Å fl , elv, særleg ei mindre elv. Stadnamn: Tungåstøylen (mellom Brudevoll og Landsverk). Tidlegare deltaliknande område der den samla vassføringa frå Bruelva og Kjel elva spreidde seg og laga små "landtunger" før dei rann ut i Nordalselva. Stadnamnet Eidså, kan høyrast ut som om det heng saman med ei å (elv) som kjem frå Eidet, altså frå Syvdeidet. Det gjer vel namnet og, men i følgje O. Rygh, heng namne saman med ei elv som heiter Eidså (jfr. elvenamna Rauma og Glomma), og at det er syvedialekten som gjer dette namnet til Eidså, på tolsvarande måte som at riva blir til rivå og slira til slirå i bunden form eintal.

(Hit 7.12.1996, kl.7 (19). A.N.)

Dette kapitlet om topografi, stadnamn etc. som eg nettopp har avslutta, skulle etter planen omfatte heile Syvden, men som ein vil sjå, krinsar det meste om tilhøva i Nordalen. Grunnen er, også her, at det er berre denne delen av soknet eg kjenner så pass godt, at eg kan stå på rimeleg fast grunn når eg skal skrive om dei i detalj. Det er likevel mi von, at det eg har lagt fram, kan ha ein viss verdi, også sett i ein større samanheng. (Hit 9.12. 1996. A.N.)

Til naturgrunnlagrt for soknet, høyrer også minerala og bergartene, og plante og dyrelivet. Til dette materialet knyter det seg ikkje så få lokale ord og vendingar. Det var også tanken å ta med ein del om dette, men nå kjenner eg at kreftene minkar: Eg må difor få vise eventuelt interesserte til det eg har skrive om desse emna i "Jofolket"

Hit 13.12. 1996. A.N.

uar 1997.

ÅRET

I boka mi, "Jofolket", er det gitt eit oversyn over arbeidsløvet gjennom året slik dette arta seg for nordølingar i første delen av dette hundreåret .

I Syvde er det gode fjellbeite, og tidlegare vart desse godt utnytta om sommaren : gardbrukarane. Såleis gjekk mjølkekyrne fleire viker på fjellet i sommarhalvåret der dei vart mjølka kveld og morgon av ein mjølkar frå kvar gard. Dette var eit

spesielt arbeidsfelt, som nå for det meste er historie, og vi skal difor sjå litt nærare på ein del av dei ord og uttrykk som knytte seg til dette arbeidet og den fjellgonga som følgde med:

I Syvde var mjelk det vanlege ordet for mjølk. Ei mjelkekyr var namnet på ei ku som mjølka, i motsetning til eit turrekratur, som kunne vere ei gjellku (ei ku som ikkje hadde hatt kalv det året) eller ei kvige som endå ikkje hadde hatt kalv.

Ei ku kunne vere tidlegbær(e) eller senbær(e), dvs. Ho kunne kalve tidleg eller seint på vinteren. Sidan kyrne mjølkar mest i første tida etter at dei har kalva, hadde bøndene tidlegare mest seinbære kyr, som kunne gje mykje mjølk om sommaren, når kyrne var på dei gode fjellbeita.

Ferskemjelk eller søtmjelk var namnet på den nymjølka varen. Mjelkeflød var den temperaturen som svara til spenevarm mjølk. Mjelkeflød var eit kjent omgrep som ofte vart nytta av eldre folk i bygda når dei skulle gje uttrykk for temperaturen på ei vāske.

Ei ku kunne vere lettmylkt eller tungmylkt alt etter kaliberet på speneborane.

Vart nysilt mjølk sett bort ved romtemperatur ei tid, steig feittet opp, og la seg som eit tjukt, gulleg (feitt)lag over den underståande kvite mjølka, som etter kvar koagulerte (stivna). Dette produktet heitte åfalleringe. Før dei fekk separatorar, vart dette den vanlege måten til å skilje feittet frå mjølka på. Rjøme (rjome) var det vanlege namnet på feittlaget på åfalleringa, og rjømeskыр eller berre skыр på den syrlege mjølka under. Skыр var elles det vanlege ordet for surmjølk. Braut dei opp flatbrød og blanda det med skыр, fekk dei skыrsoppe. Det var på mange gardar ein vanleg matrett, særleg om sommaren. Blanda ein osteløype til søtmjølke ved ein høveleg temperatur, skar mjølka seg, dvs. den koagulerte, og delte seg i kost og myse. Blandinga av kost og myse, heitte dravle, og den vart brukt anten som sjølstendi matrett, eller saman med annen middagsmat. Dravle kunne lagast både av skumma mjølk (separert mjølk) eller av søt mjølk. Det siste slaget var litt finare enn den først nemnde, og Jonsokdravlen, som etter skikken skulle vere middagsmat Jonsokdag, vart alltid laga av søtmjølke. Vart dravle, laga av søtmjølke, kokt inn og blanda med sirup og rosiner, og krydra med kanel, fekk dei søst, som var brukt som pålegg.

Mysen kunne anten arbeidast opp til prim eller myseost, eller den kunne samlast i store trekar, der den fekk stå og surne til matsyre. Blanda med vatn, ga den syreblende, som var ein vanleg laskedrikk i det gamle bondesamsunnet. I mjølkeknappetider, td. om vinteren, vart syreblende ofte nytte som grautasul, dvs. som drikke til kveldsgrauten.

Ordet mjelk gjekk inn i mange samansette ord (mjelkebytte, mjelkespann, mjelkost, m. fl.). Men i visse samansette ord, vart ordet mjelk til mjelte-Jfr.: fram i mjeltevegan stadnamnet Mjeltebakken, m. fl.

Mjølkarane måtte vere ågagnå, dvs. "på farten" i 4-5 tida når dei skulle på fjelle å mjelke om mennå... (Uttrykka ågagnå og om mennå, var vanleg brukte i denne samanheng. Uttrykket ågagnå, skal i følgje Ivar Aasen, vere ein gammal dativ, ågunum: Mennå er dativ fleirtal av morgon.)



Den utrustninga mjølkarane hadde når dei tidleg om mennå (om morgonane) drog til fjells, var eit tomt mjelkehylkje og ei mjølkebytte med skant (jfr. nedanfor).Var det regn, hadde dei oftast på seg oljetrø og sydvest .

Mjølkarane gjekk alltid berrføtte. men var det altfor kaldt og ufyse, slik det ofte var om haustane, brukte kvionnene strupler som kunne live om leggane når dei gjekk gjennom lyng og moras. Struplene var gamle hoser som lesten var klipt av, og som rak omlag til kness. Hadde kvinnene tunge, så stakkar, som var det vanlege, batt dei de oftast opp når dei gjekk.

Karane drog gjerne opp langbuksene litt, batt eit band, helst eit hoseband, rundt like under kneet (i hosebandstaden).

Seinare , då det kom til hus på fjella, så at mjølkarane kunne overnatte. måtte dei med to hylkje når dei drog til fjells om kveldane. Men på denne tida gjekk dei sje berrføtte lenger, i allefall ikkje ungdom. For fleire detaljar , sjå "Jofolket" sidene 40- 45.

Når mjølkarane, seint på ettermiddagane, fram til sæterstøylane, hadde buskapane så oftast samla seg der. Var dei ikkje komne måtte dei hentast før mjølkinga tok til. På dei gardane der det var kårkyr. måtte

mjølka mælast, før den vart slegen saman med den andre gardsmjølka. Til dette bruk dei ein skant. Dette varein ca.20-25 cm lang, rund trepinne, som det var knytt 1-2 trådar rundt, slik at desse "trådringane" kunne flyttast opp og ned på trepinne. Når dei skulle mæle kårmjølka, sette dei skanten i mjølkebytta. og såg ett kor høgt den gjekk opp på skanten, og dit flytte dei så ein av trådringane. Når så mjølkarane kom ned til garden, vart kårmjølka skanta frå på tilsvarande måte. Det kunne ofte gå livleg fore seg oppe i mjeltevegane, og ungdomen på gardane kap gjerne om å få "gå å mjelke" i staden for å måtte drive med det vanlege gardsarbe "Klientellet" av mjølkarar, var gjerne ei blanding av purve ungdomar og eldre v røynde folk, som i sin ungdom hadde vore ute i verda, og såleis hadde noko å for telje ,

Mjølkarane heldt alltid saman som gruppe, og hjelpte kvarandre når det trongdest. td. når eitt av dyra hadde skadd seg, eller om ein av mjølkarane hadde vore ute for eit uheld.

Mjølkarane sang ofte saman. Det kunne vere songar brukte i ungdomslaget, eller i lag og lyd i bygda. Eller det kunne vere viser som ein av mjølkarane hadde som si "spesialitet", og som han gjerne framførde på oppfordring. Ein del av desse visene er tekne med som eit tillegg til dette skriftet, under tittelen:

"Døleviser-brukt av Nordalsungdomen i 1920-åra," mellom anna som underhalning i mjølkevegane.

V E R E T

(dag og natt, sommar og vinter)
mindre

Veret er meir eller/viktig for allå menneske, men særleg er det viktig for dei som driv jordbruk og skogbruk, og for dei som har arbeidet sitt på havet.

I dei ulike miljøa har det gjennom tidene utvikla seg ein mengde ord og vendingar til karakterisering av veret i vidaste tyding av ordet, og i det følgjande vil e prøve å kome inn på ein del av det filolgiske materialet som i Syvde er, og har vore nytta i denne samanheng.

Sidan dette materialet er svært heterogent, har eg prøvd å samle det om stikkord som deretter er ordna meir eller mindre alfabetisk.

1. Atmosfæriske tilhøve.

Klåre heid. skyfri himmel. Mest brukt om den stjerneklåre natthimmelen.

Bleik, f. høgtliggjande lag av bleike, lyse skyer. Skytokje, skybakkje, skyhause.

Slime, f. slørtynnt lag av lyse skyer; nær det same som bleik.

Dæmbe, f. tynnt, mørkt skylag på himmelen

Dism, n. Dis, uklår, ofte blåleg luft i dei nedre luftlaga.

Nist, n. Grå, ofte drivande morgondamp, helst over myrar, elvar og votn.

Skodde, f. Tåke. jfr. myrkeskodde, og skoddestål, dvs. ei tett skoddesamling.

Skoddehav: Ein skoddefyllt dal eller eit dalstroksett frå ein høgareligande stad. t.d, frå ein fjelltopp.

Drætte, n. og drag, f. Skyer som sig seint over himmelen, men fort nok til at ein kan merke vindretninga: Det var eit lite synnadrag i lufta.

Skjelle, f. Kald trekk eller vind, som følgjer elvar og dalstrok i kaldt ver.

Frostrøyk, m. Skoddeliknande eim som lagar seg over vatn og våt jord i kaldt ver.

Græle, f. Ein jamn, lett vind som lagar små krusingar på vassflata. Kanskje mest bru i samband med fjellvatn og innsjøar: Det var godt otervêr, for det var så fin gre på vatnet.

Utrøne, f. Pålandsvind, solgangsvind, vestavind.

Gruggjen, han "bryggja" på uver. Han står og brenne mæ' nårvesta

Vind ,m. Vindgust, lettvind, vind frå alle himmelretningar:austavind, synnavind, vestavind,nåravind.Vindretninga kan vere meir nyansert: nåraust, sydaust,nårvest, sydvest, etc.Vindretninga har meir eller mindre innverknad på veret: Austavind og turrevêr; synnavind og spillevatn; vestavind og regn; kalde nåravind og regn gjev "surnåra"; lange bolkar med kalde nåravind og turrevêr, gjev"kaldeskjøning". Vindrykk, vindrøse; hardvêr (uvêr med storm), husehardvêr; kastevind, vindkast; orkan .Løgje,n. stille, opphald. Det vart eit løgje: vinden eller stormen stilna a for ei stund.

2. Åvabýr (nedbýr), frost , snø, tøyr og is.

Héle ,f. rimfrost;mest brukt om frosen dogg på marka etter ei frostnatt seinhauste Yr,n. fint regn som fell frå skodde (skoddeyr); jfr. uttrykket: kalde skoddevind c muggeregner.

Regn, n. nedbør i form av vassdropar: duskreng, vårregn,ausregn , striregn, fossre spillevatn. regndriv, regneling. Flod,n.og toreflod (regnskyll, og elding gj.m.tore)

Snø ,m.(uttala "snåy" på syvdedialekt). nedbør som fell som iskrystallar, snøfluke, snøfille. snøkave. Det kom ein oklesnø(el.ein leggsnø) i natt) Rennedriv: snø som driv med vinden.Tynnaknut: snødriv i ein kvervelvind. Snøkonsistens: mjellsnø(tørr lett snø); krøm eller kram snø (tung , våt snø); blåstøde (blanding av vatnog snø; snøen er feimen (mjuk og f kornet); skaresnø(snølag med hard skorpe på toppen); avrøng(snølag med tjukk og fast skare, som ein kan gå og køyre på utan å falle i gjennom.D einaste som eg har høyrte bruke dette ordet i Syvde , var far, Jakob E. Nordal (1878-1965).

Snøsløtte (blanding av regn og snø). Droivgard(^{da} vertikale striper av s som driv med vinden langs bergsidene.Snølykt, snøhus, snøhole, snømann; snødyr (store snøkuler som born lagar(rullar saman) når dei leikar seg med våt nysnø). Snørid (stort snøfall som gjev eit tjukt snølag på jor Snøfonn; snøberr,snøbert ;eit snøfjom (ein snøkrystall, ein liten snøp tikkel);snøskavl; snøfonn. Opplyse ,n.Eit opphald i regnet eller snøkave.Tøyr,m. Linnver , låke, snøsmelting. Tøye,v.tine, Jfr.: det var god tøyr, så snøe bråna (smelta) fort. Rovletøya ,adj. Helst brukt om eit fjelllandskap d knausar o^g rabbar er berre, medan snøen endå liggj holer og dekker.

Hagl,n.nedbør som fell i harde , rundvorne snø- eller isklumpar av ulik storleik. Haglebar,n., det sama som hagl. Ordet skal ha samanheng med verbet berje, dvs, slå, banke. Haglebareling(haglskur).

Is,m. frose vatn.Isflogge:tynn, frosen skorpe på vatn.Omlag det sama som krape. Isen ber(e): isen er så sterk at ein kan gå på den.Stålis(hard gjennomskinleg is på vatn eller stillestående elv.Skuggål(brukt om serleg hál is serleg på køyreveg). Hål(glatt). Hålskje (det at eit område er glatt ell hålt. Jfr: Der var slik hålskje at der var ikkje framkomande.

Isjukel, m. (istapp) isbrede, isbrand (skade på gras (rota) under eit tynnt islag so sola skin gjennom om våren. Klakje, m. jord stivna av frost: Klakjehelle (eit frose jordlag); det same som tele, m.; teleglop eller telegrop (ho er og skade som kjem fram, serleg på køyreveggar, når telen tinar.

Vøk, n. eit hol, eller ei større eller mindre opning i isen; mest vanleg når isen er "solroten" om våren.

3. Kulde og varme.

Det er friskt, svalt, kjøleg. Det er kaldt, råkaldt, hutrekaldt, kaldvore, kaldsnekj iskaldt. Det er gnallefrost (jfr. frostlyder som knirke, knake, smelle, gnelle). Det trekk (kald trekk), Kÿld (kulde), kaldebolk, kalderid. Dåse, v2, omkome, krepere av frost og utmatting. Mest brukt om dyr. Dåsingevêr (uver med storm og kulde).

ÿl, m. linn varme (jfr. der vÿr ein liten ÿl, eller ein god ÿl). Lonk (mild varme). Det er mildvêr, linnvêr, låke. Heitt. brennheitt, kokheitt. Heitt og sodde (fuktig). Fjelde, m. ein god flelde (ein mild varme). Hête, m. (varme). Brennhête (sterk varme).

4. Lys og mørker gjennom døgnet.

Kveldssol, sola gladar, det er soleglad. Det kan vere kveldsrøde i skyene og i fjell Skyming, dagen er på hall, det myrknar, det er myrkt, det er bekmyrkt, det er svart natta. Det lid på morgonen, det grånar i verda, det er grålysing, det er i grålysin Det ljøsnar Der kan vere morgonrøde aust i skyene og i fjella. Det er ålljøst. Det høgst ådag.

5. Sol og måne.

Solaua, f. (Solkoronaen). Solrenning, sola renn, solstrime, solglytt, solmerke: I eldre tider hadde folk sine merke i fjellbrunene og visse fjelltoppar, som viste omlag kva klokka var når sola passerte desse stadane. Solbakke, solside. Forsøle, f. skug der sola ikkje kjem til fordi eit eller anna er i veggen, td. eit hus eller eit tre. Avsøle og avsølt: ein stad der sola ikkje kjem til på grunn av topografiske tilhøve Solrøv (solrev), jfr.: "Du må passe di for solrøva; du må passe di so ikkje solrøven tæ'di!". Humoristisk utsagn, mest brukt av eldre til born, som sit og døsar og blir trøytt i middagssola. Skjøning, solskjøning, f. uttørking, jfr.: Skoa hans stod så lenge i sola, at dei vart heilt oppskjante.; det var slik skjøning den sommaren, alt turka vekk. Solformyrking, meir eller mindre fullstendig. Sola snur (solvending) Rettsøles (med sola); andsøles (mot sola). Gil (jil). n. ("dobbelsol", bisol; lys flek i skylager nær sola.

Måne, m. (Luna). ^{fullmåne} Nymne, veksande måne, halvmåne, /minkande måne, (Der er) månemyrkt, dvs de tida då månen ikkje lyser. Månetending (den tid på døgnet då ein ny måne tar å lyse. Austamåne (måne som tendrast om morgonen.) Måneskifte (skifte i månefase t nymåne). Måneformørking (det at månen kjem inn i skuggen av jorda, når ho står mell sola og månen). Månesigd, m. (månen når han ser ut som ein sigd.

Gamle namn på tre vintermånar(i min ungdom endå kjende og brukte i Syvde):

Julemånen (desember-januar):Etter gammel oppfatning , er dette den månen som er oppe i jula, dersom den rekk så langt som til 6.januar (Trettandedag). Dersom ikkje, vil den etterfølgjande måne bli Julemåne. Tørre,m.Den månen sm følgjer næst etter Julemånen (omfattar det meste av februar. Gjø, f. Den nymånen som følgjer næst etter "Torren", og tida derifrå og til neste nymåne. Omfattar slutten av februar og ein større del av mars (alt etter måneskifta).

6.Turt og vått. Turrevêr, ein turrebolk,eit turreår(ein turrevår, ein turesommar osv.). Skjøning (uttørking). Opplett,eit løje, eit lyse, eit opplyse (ei stund då det ikkje er nedbør).

Vått, våtasmt, ein våtebolk; ålvåt (skinnvåt, skinnblaut):Våt som ein slentr(oter Eit våtår(ein våtsommar, ein våthaust, osv.)

Gamle vêrmerke.

Morgonrøde nyttårsdag, varslar eit tungt år.

Ein austamåne varslar turrver , medan ein vestamåne (ein nymåne som "tendrast" om kvelden), gjev survêr, regn og storm.) Ein gil føre sola, varslar uver.

Ein tråvêrsgard (ein ring kring skyene rundt månen), varslar ein tråversbolk (savver i lang tid.) Jfr. uttrykket: " Han vart samvêrle(g)" Og her er ein danskspråkleg vess om kveldsrøden, morgonrøden og vêret:" Aftenrøde klar som morgonrøde pisser i hø".

Ein vess (etter mor: Anne A. Nordal, 1877.1959),om "Torre" og "Gjø"(jfr. ovanfor Torre med sitt skjegg, lokkar bonna under solvegg. 'O Gjø mæ'sitt skinn, jaga(r) bo inn.

Bestefar(Erik Jonson Nordal (1841- 1930), hadde to "sikre" merke på synnavêr, nemlig makrelskyene og gikta i tommelfingeren. Om makrelskyene heitte det: "Skye , sk krita og små; he kje du hatt synna før, so får du det då!"

Bakgrunnen for "giktvarselet" var dette: Ein vinterdag då det var synnavind og gl stålis på Kvandalsvatnet, dreiv bestefar og drog bjørkeved over isen. Under dette beidet datt han og braut den eine tommelfingeren.Fingeren grodde i hop att, men kv gong det stunda mot synnavêr, melde gikta seg i denne fingeren.

Mange andre giktiske (rheumatiske) folk i bygda påstod at dei kjende på seg når de bar mot vêskifte. Andre fekk ei spesiell frostkjensle i beina når det var snø i ve Det heitte seg at dersom vatnet ^{Gjås} natta til sommarmålsdag(14. april), då måtte ein vente eit dårleg år.

I hundredagane (frå 23.(24.) juli til 23.(24.(august), rekna folk med ustadigt vêr og mykje regn. I fleire gamle Bondepraktikaheitte det at dersom hundredagane går i med godt ver, går dei ut att med regn, og omvendt. Våre folk såg meir pessimistisk på det, for her heitte det kort og godt: " Dersom hundredagane går inn med regn, gå dei ut att med spillevatn", dvs. plaskregn.

9) Av dei såkalla "Aspetkene" i dei gamle Almanakken, som m.a. viste månefasene, kunne folk finne ut når månen "tendra", og såleis spå om veret- trudde dei.

7. Natthimmelen.

Om natta nytta folket vårt stjernene til orientering om tida.

Viktigast i den samanheng var Vagnen (Karlsvigna), Fiskaren (Oriongruppa) og sju-stjernene (Pleiadene). Også Kveldsstjerne (Venus) var velkjend.. Den vart stundom kalla "fatig(e)stjerna", og i følge mor, måtte ingen tiggjar som bad om hus, bli avvist etter at "fatig(e)stjerna var blitt synleg om kvelden.

Vagnen, Fiskaren og Sjustjernene sopplerte kvarandre som "klokker" om natta, ettersom året skreid fram. Mest stabil var Vagnen, som krinsa om polstjerna, og såleis var synleg heile året når det var klårt og myrkt nok. Skåka på Vagnen, peika i syd vestleg retning tidleg på kvelden. Ved midnatt peika den omlag rett nord, og mot nordaust når det leid ut på morgonsida. Fiskaren var mest nyttig frå Jul og utover. då den var lett synleg over fjella i syd. Som "klokke", kom sjustjernene gjerne i tredje rekkje.

7. LISTE OVER EIN DEL (SJELDNE) ORD OG VENDINGAR MED SIKRE

RØTER I SYVDEMÅLET

I Norsk Ordbog (1860) av Ivar Aasen og i Nynorskordboka (1986), finn vi mestepart av dei ord og uttrykk som i dag høyrer heime i nynorsken. I syvdemålet møter vi ikkje så få ord og uttrykk som ikkje er omtala i dei nemnde ordboksverka, og det er særleg slikt dialekttolfang som vil bli presentert i den følgjande lista.

A

Aft, f. (jfr, ei Juleaft, ei Påskeaft, etc.), tidsromet frå ca. kl. 16 og til sengetid som i eldre tid var ca. kl. 20, særleg vinterstid.

Når sola om ettermiddagen stod over Maraftatua i Nordalen, var klokka ca. 18. Marafta (midr aftan på gammalnorsk), tyder midaft eller midaftan, og svar til kl. 18.

I aftes. i gårkveld: blir gjerne uttala: i jaftes. Jfr. "Han Per var her ein tur i jftes". Afta er bunden form av aft. Jfr: "Juleafta i fjor var det ein fæl snøstorm"

Age, v., tukte, halde styr på. Jfr. "Du må sjå å age ungane dine, Petter, so dei ikkje fer åt som ville!".

Age, m. respekt, vørndnad, Jfr. "Vi hadde ein svære aje for gamle lærera!" (Jfr. Oje).

Agg, n. nag, motvilje. Jfr. "Etter det bar han agg til meg heile si tid".

Agn, n., lokkemat, særleg for fisk. Agnhald, n., mothake på ein ongel. Egne, v. setje a på ein ongel (fiskekrok). Som agn til krødene (bekkearen), nytta vi hels raudemak (Lumbricus terrestris).

Akt, f., tilsyn, stell, særleg av husdyr.

Akte, v., føre og stelle husdyra. Jfr. "Ken ska akte mæ dokke i vinter?" Å. det vert vel 'o Paula som må ta akta dinne vinteren mæ".

Alved, m. (ordet har samanheng med Adel), kjerneveden i nåletre(særleg furu) som vanskeleg rotnar, i motsetning til geiten eller blågeiten, dvs- yteveden som ligg nærmast ut mot borken.

All, adj. , heil, slutt. endeleg. I fleirtal, olle, alle saman. Jfr. "No e'ogso dinne dagen snart all'e (snart slutt:)" Ja, men i tæ mæ mi olle try bonna!". " Ska' du no virkele'forlate oss fyr' ollo?" (for godt, for alltid.)

Alm, m., almetre, ofte planta i tunet, for å tene som nødanker i ei borkabrødstid. Almebork, bork av almetreet. Almeborken er utan garvestoff og rik på karbohydrat (slim). Almeseige, f., silmet væske som ein får når ein legg almebork vatn. Brukt i staden for vatn, når dei skulle lage flatbrøddeig av mjøl frå dårleg matkorn(dvs. lettekorn når det var grønar). Almeseiga tente til å halde brødleivane saman under bakinga og steikinga. Den hadde også matverd
Aln, f., gammalt lengdemål; eigentleg eit gammalt "kroppsmål", her lengden av under armen. Ei norsk aln = 0,6275 m. Alnestokk ,alnsmål. Ordtak: " Dei va'ei aln a same stykke", dvs. dei var like dårlege (eller like gode).

Alveld, m., sauesjukdom som har si årsak i planten Rome(Narthécium ossifragum). Dyr blir m-a. overkjenslege for lys.

Ambar, m., trekar med lok og hank midt på loket. Grautambar, tjeremabar, brukte res til transport av graut og til forvaring av tretjere.

Andpusten, adj., som dreg anden fort og ujamnt likesom etter ein springmars.

Andast, v., ande ut, slokne, døy. Jfr. " Han va' so sjuke, i trudde han skulde andast!

Ank, m., uro i sinnet, Jfr: "I he'hatt slike ank fyr'nå Hans so'e'ute på sjømå i ditte fæle veira".

Anke, v. vere fælt lei seg for eit eller anna, Jfr. " I he'anka so på den fine kyra vi mysste, ho so'for og slo si ihel!"

Agnoring, f. omtanke, omsorg. Jfr" Det va'kje rart at det der gikk gale: han so' mann skulde vere, hadde kje agnoring for noken ting!".

Andatak, n. pustevanskar under sjukdom, Jfr. " Han hadde nokre fæle andatak på slutte

Attegløyme, f., ei kvinne som ikkje er blitt gift. (Anna namn for peparmøy)-

Aule, v., krype som ein makk. Jfr. "Der aula ta lus over alt". " Du ska'inkje forhast di, men berre gå i aulande makje" (lyder nærmast som: i aurande makje).

Are, m. ørn. Arereid; areklo. Arehammaren: stadnamn i Kvandalen på Nordalsfjellet.

Attelitt, n. redsle for at noko vondt skal hende: jfr. "I he'hatt eit slikt attelitt fyre di, sida du ikkje kom i gjen so som du hadde sagt! Attelitlaus, adj. roleg, trygg. Jfr. " Du kann vere bra attelitlause fyre nå når ànj fyle fa: Gå med eit attelitt, gå og vere redd for at noko vondt skal hende.

Avbakeleg, adj., som ligg avsides. Jfr. " Der var so avbakele at det var ingen so' vilde bu der"-

Tillegg til bokstav "A":

Alekatt, n, ein bortskjemd unge, jfr. Dei he´ no berre dinnj´a gutenj, o´ hanj he´ no alltid fått gjort so anj he´vilja; og derfyre e´ anj vorte ein reidige alekatt!".

Avskaftig, adj., heilt ifrå seg av sinne, bortimot hysterisk: (gått av skaftet?)

Ampe, m., oppassar, oppvartar, friar, jfr. følgjande ordveksling mellom foreldra til dottera Petra: Mora: " Kar det e´ vorte ta `nje Petra?" Faren: Å. det e´ `kje godt å vite. E såg at ampen (friaren) kom i stad!".

Anntidig, adj., tidelaus; som har brått om; jfr . følgjande ordveksling: "E´ ´anj Ola gått alt?". Svar: "Ja". " Det va´ då fælt so anntidige han va´ i dag!".

Audkjend, adj. lett kjenneleg, jfr. " Hanj va´ so audkjende myllj´å hine kar´å ford´anj va´ so høge!"-

Arbeidsgnaur, m., ein trurøkjen slitar, jfr. " Hanj va´ liten av vekst, men `anj va´ ein arbeidsgnaur allje sine dage!". Gnaure, v., mase og stå på, jamnt og trutt.

Ant, adj., flittig, oppteken med; annsam, travel, jfr. " Ka e´ du so ant´e med i dag Petter?". (kva er det du dreiv så fælt med i dag , Petter?).

Ant: perfektum partisipp av verbet anne: haste, skunde seg , drive på. (jfr. " No må vi anne på so vi verte færige til kvelds!".)

Avdaga, adj. ein seier at det er avdaga når dagslyset er blitt heilt borte på himmen og det er like mørkt i vest som i aust; (myrk) natt. jfr. "Ditta var ei långe lekse (ein långe tur), for det va´ for lengst avdaga då dei kom heim!".

Ark, f., utbygg med glas på utsida av hustak; kvist. jfr. "Du kanj få velje, enten du vil liggje opp på arkjenje elle´ ned i stovenje".

Austr, f., flatbotna metalause. Før dei fekk innlagt vatn, var vassausa eller austra ein vanleg følgjesvein til vassbytta i kjøkenet.

Avlite, v., avfarge, ta bort eller fjerne farge; bleikne. Avlitt, adj., som er bleikna eller avfarga, eller som viser ein avstikkande farge, jfr. " I ser at kjo-len din e´ vorte avlita alt. Han kan `kje ha tolt sola!". Ordveksling: "T du at i kan bruke dinnje lappenj te´bot på bûkså mi?". Svar: "Nei, den for avlitte til det!".

Agne , f., (fleirtal: agne(r)): på grasarter: dekkblad kring småaks og blomstrar. Nå ein treskar, blir agner og snerp skilde frå kornet. Snerp: stiv (lang) brøvst på agnene hjå plantar i grasfamilien. Byggaksa har lange snerpar: Talemåte: fyke som agner for vinden (brukt om noke som er lett (tomt) o verdlaust.

Ampløy,n., arbeid,oppgåve,hardkøyr,jfr." Ja, hanj ska´jammen få ampløy so´ ska´ halde dinnje veienj oppe vinterstid!".(dvs. skal få meir enn nok å g. Ordet er truleg innkome frå engelsk: to employ,dvs. gje arbeid til.

Avhol,n.,utkant; avsidesliggjande stad eller bygd,jfr." I kan `kje forstå at du vil slå di ned i eit slikt avhol!".

Avskjekle,f., stad som ligg utanfor alfarveg; omlag det same som avhol.

An-nagl,eller anje-nagl,m., (vel eigentleg andnagl; mest brukt i fleirtal, som an negler (annegle));oppflisa hud eller rivner i naglerøtene.

Lese tekstra: 1: halde husandakt: samle familien dei søndagane då det ikkje var gudsteneste i Syvdekyrkja, og lese preika til dagens tekst frå ein huspostill (preikesamling).2) Lese tekstra for ein: gje noken ein repremande,jfr. " I måtte lese `nå tekstra idag, for slik kan `anj i få ture fram!"

Andektig,adj.,andaktsfull,jfr".Bonnja måtte sikkje andektige meda faren las tekstra Jfr. andakt,f.,religiøs stemning;stemning av alvor og høgtid.

Angestei-kjede,f., angestei-smykke;halskjede som liknar ein mynt eller medalje, fes til ei (hals) kjede: Til grunn for namnet ligg det latinske Agnus D Guds lamm, som i mellomalderen også var namnet på ein medalje eller e skodemynt med religiøse symbol,mest vanleg eit lamm og eit kors. Slike Agnestei- kjeder (eller ang-steikjeder som dei helst vart kall fann ein tidlegare på visse gardar i Syvde ,mellom anna i Tore- gard på Støylen i Nordal.

Avkjenneleg,adj., vanskeleg å kjenne att,jfr." Du he´vorte so avkjennele´sida´ du tok ta di skjeggjet!".

Avleide,v., utsetje, vente med eitt eller anna som skal gjerast," Det he´ vorte av leiddt og avleiddt, og til slutt vart det for seint!".

Avleiden,adj., å vere avleiden,som ikkje får gjort det ein skal i tide.

Andøve,v., halde ein båt mot vinden og straumen; ro eller skute med årane for å hal båten på same staden, td. på ein fiskeplass .

Avgjerast,v.,falle av og bli mager av sjukdom eller eldejfr." I ete o´ avgjerest (replikk etter ein gammal mann i bygda, på spørsmålet : " Nå, korlei går det med deg ,Tore?".)

Avhaude ,v., kutte hovudet av. jfr. " Du får gå og avhaude eit par kjuklinga,

Sivert, so vi får mat te gjestene våre". Mest brukt om fisk.

Aving ,m. eller avingetråd, Stubbar av varpen (renningsgarnet) som blir til over når veven er ferdig.

Avmerkes ,adj. som ligg bortanfor veg og merke. Jfr." I høyre at det e din hond so he skremt geitene våre avmerkjes so dei ikkje kom heim til mjelketi

Ansløkte ,v.. Bry seg om , ha interesse for. Mest brukt i tilhøvet okse-yksnekyr, vêt- blesmesau, bukk- blesmegeit- Jfr." Det vart ikkje noke ta det, for bukkjen vilde kje ansløkte òje (henne, dvs. blesmegeita).

Avrång,m. tjukt, fast lag av haresnø, som ein kan gå på utan å falle i gjennom.

Avreidsle,f., grov kjeft, reprimande. Jfr." han fekk ei fåle avreidsle då han kom t lands, for at han hadde sett liv på spel i slikt uvêt".

Avstyre ,v., skuilje åt to som slæst. Jfr: " I trur dei hadde drøpe kvarandre, had kje anj Pål kjème til og avstyrt".

B

Både - og .konj. "E kan både gjere og late (vere)" Jfr." Skal, skal ikkje?" Ofte brukt av ein som står over for eit (usikkert) valg.

Bås, m., plass for fastbundne husdyr i eit fjøs. I overført tyding, brukt i mange samanhengar. Jfr. Båsinnmstilling: trongsynt instilling som berre tar c syn til eigenbaten." Han er ikkje god å stå i bås med", dvs, ikkje god å ha hopehav med, fordi han er ein stor kranglefant og vriompeis.

Bak,n. Oppvarming; eit varmt, medisinsk omslag (kornbak, jordbak:vått, oppvarma kor eller jord i ein pose, brukt til omslag på folk og dyr.

Bake, v. i tydinga varme, eller varme opp. Jfr. "Dei sat og baka seg i sola"

Bake trekjørelid : Reinse dei, td, ved å la dei stå fyllte ei tid med kok heit einelog (eit utkok av einer)-

Bakke,m. terrengskråning, særleg ved sida av ein ås eller haug. Motbakke og undaba Jfr." Det e i motbakkja ein kjem oppover". (Trøyst, td. for ein som kla over tungt skulearbeid.) Ordtak: Det e tungt i mote bakkja gå, men tyngre frie og ikkje ja få". Bakkje , bakkjen :ryggen på ymse bitjarn, i motset ning til eggja .

Bakst el bakstr ,m. baking. Bakstebord ,langt , spesiallaga bord, brukt til flatbrødbaking ein til to gonger i året. Bakstedag,Dag, helst om våren, då 3- bakstekåner sat . jamsides ved bakstebordet og baka flatbrød, Abeidet tok ved 4-5 tida om morgonen, og varde til kl 17-18 på ettermiddagen.. På der tida vart det baka og steikt flatbrød til minst eit halvt år.

Baksele,m. Sterk lerreim som går frå oreringen i hestreselen , langs sidene og rundt låra på hesten, for å halde att (bremse med) når ein køyrer nedoverbakke.

Baksett.adj., som er tungt lasta bak.

Ball,m., klump, kule av ulikt materiale: snøball,raspeball,fiseball (fruktlekamen av røyksopp), rundvoren kjøttfull kroppsdel: rompeballane, ballane (koddar eller testklane); det går opp i ball (det vert berre rot). Ein tullball: ei greinaløyse og ein rotepave.

Band,n. snor,snøre , reip, tau. Bande, setje band på, td. ei tynne(tynneband).

Bandjarn, bandforma,tynnvalsa jarn. Jarband. lekkje av jarn, brukt til å binde dyr med på båsen. Bundan,n.: det same som kornband eller kornnek, dvs.eit knippe av kornstrå ombunde med eit halmband.

Binde,v., gjere fast, knyte, surre. Ofte brukt i overført tyding:" Ho har alltid vore sterkt bunda til broren"." Endeleg har han fått banda på herne" dvs. fått henne til å ta imot giftingen,"No har han butte attfor enene", dvs.nå er det slutt, td . på tildeling av pengar.

Bandestakje,m., emne til band på eit trekjærald. Mest brukt vart kanskje renninga av selje. Jfr. " E må avsted o' skjere mi ein bandestakje".

Barke.m. el barkje, strupe, luftrøyret i halsen, Barkekyl,m..barkeknuten eller Adareplet

Barke,v. garve med barkeløg (huder ,skinn, garn, nøter etc.Garvesyre,f. Surt garvestoff, utvunne av galleple og anna garvestoffhaldig materiale.td. bork frå mange t

Barn,n. , blir uttala banj (lissjebanjet), fleirtal:bonnj; mæ'bonnjå,dativ fleirta Jfr."He du gitt mat åt bonnjå?".Banjegn (barnegn) , som har evne til å få barn, eller:"Ho er ute av baneignene dvs. ho har ikkje lenger evne til å få barn, ho er koma inn i menopausen.

Bansfostre,f. ei (eller ein person) som passar barn(svare til "babysitte

Bask,m., kort übersrid,,jfr."Her var ein fæle bask like fyre middag.

Baske,v., plaske, kave ,flakse med vengene(slik visse fuglar gjer når dei skal lette frå sjøen); liggje å velte og rulle seg med kavande rørsler, som n ein som ikkje kan symje er redd for å drukne.Også, liggje og baske i snø

Bast,n., langcella, seigt cellelevv frå visse plantar (lin,jute,hamp, nesle, lind. m.fl.). Velkjend og mykje brukt er bast frå innerborken av lind (lindebast)Jfr uttrykket.Basta og bunden(på hender og føter).

Beste ,v. egentleg: sy med bast. Beste ihop: sy slurvet med grove sting.

Bide,v., vente , vente på.Jfr." Du får bide te' (rute)båtene kjeme,og sjå kven so går på land". Bide oppe. vente til noko hender.Jfr"Ho sette seg på ein st for å bide opp postmannen når han for forbi,og ho sat der og bidde til h kom". " Du får bide på lissebroren din , so de kan fyljast åt!"

" Bi'no (bide no) Tore , te' i får ta mi spennetak!". Bi'no : vent litt)

Bide på(som gjev styrke lenge),Jfr.Raspaball med mykje flesk i, og skyr attåt, det e' mat so'du kan bide lenge på".

Bide, v., (bide, beid, bide), finnast, vere til. Jfr. "Den dagen beid det ikkje folk heime , for alle skulde ut og sjå på.."

Bidige ,adj., som kan vere, som finst eller er for handa- Jfr " Der var alle bidige slag". Det hende kvar bidige dag heile vika i gjønå." Dei forfor (gjennomførte) kvart bidige hus i heile bygda, for å sjå om dei kunne finne `nå Beinkløyvd, adj., som er lett å kløyve. Beinkløyvd ved: ved (kubbar) som er uten kvoter , og såleis er lette å kløyve-Jfr: " Det er ikkje so beinkløyft": det er ei heller vanskeleg sak.

Beine, f., og bein, m., Sjøbeine: det utstyret som trengst når ein skal drive sjøe Jfr." Det e`kje rart at `anj Lars fiska godt, slike beine so`han he`!"

" Han Jo va`båtbyggjar, og når han kom heim om kvelden, sette han alltid frå arbeidsbeinen i utdyra".

Beine, f., hjelp, teneste. Jfr "I ska`gjærne gjere di ei beine i staden, når det det høver so"

Begynde (uttal. Bjåynde el.bjynde), ta til, setje i gang, börje.Jfr. " Ska`vi sna bgynde?" Ordet "begynde" , var lite velsett i nynorsk tidlegare, men det er eib`svært nødvendig ord i mange dialektar, og i dag er det teke opp s fullverdig ord i Nynorskordboka i formene: Begynne, begynnar(som tidleg gjærne vart kalla for nybyrjar eller nåming), begynnarbok, begynnarkurs.

Beltestad, m., midje, der beltet har plassen sin, ffr. hosebandstaden, like under kret, der dei batt rundt hosebanda.

Bergul, m. (bergugle), ^{stynylv}hubro./Bergulen var ein varselfugl og ein feigdafugl (ein fugl som varsla feigd, dvs.død). Difor var det best å prøve å få livet av han så snart råd var. Gjekkk ikkje det, måtte dei høyre etter når han lét n ein stynjande lyd, og ta varsel av det:Sa han Buu ut, buuut, var det ein ein av folka på garden som var feige. Sa han skuu-skuuut, var det eit av husdyra som var i faresonen.

Beride, v., halde ut verk og pine.Jfr. " Han for nakk og nur(kasta og vreid seg), f han vissste kje å beride for verk"

Bèkskrå, f., ein skinnlapp med ein bèkklatt i midten. brukt når ein skal lage bekatråd (jfr.beksaum, beksaumsko).Emnet til bekatråden , er eit spesielt slintråd, som blir impregnert med bèk ved å drage bekskråa, med bèksida in fram og tilbake over tråden.

Bin, n., noko stort som ein må leggje merke til, eit særstyn.Jfr." Det var eit bin at du klarte det!". Åbin, eit storverk, noko å vere kryav.Jfr. "Ditte verte reine åbinet når du får det ferdig!" (noko å bisne på).

Bine, v., og bisne, v., sjå nysgjerrig på eit eller anna.Jfr."Kva du står der og bir (el: glane) ette?", " Alle måtte avsted å bisne på den nye rutebåten".

Bise, f.(open "i")., rykte.Jfr. " Det gikk ei bise i bygdenje om at..!". " Biseposten" (lokalavisa). "Bise og tise": kviskre og sladre.

Bite, n. (open "i"), ein bit, noko til å bite i. Mest vanleg brukt om to stykke flatbrød med (nykinna) smør eller rjome mellom. Jfr. Kinnabite, smørbite, rjømebite.

Bite, n. (open "i"), tverrbjelke i eit (late) hus. Stovebjelke: stor tverrbjelke mellom sideveggene i ei røykstove.

Blåse, f., kule, blære, Griseblåse: urinblære frå gris. Under slaktinga tok dei gjerne vare på griseblåsa og bruke henne til ymse formål, m.a. til forvaring av ister, utsmelta av innvolsfeittet.



Bismar, m., bismar. Stangvekt med lyftering, hengjekrok og eit lodd som kunne flyttast fram og tilbake på stanga. Dei eldste bismarvektene var registrerte for merker og pund, dei nyare for kilo. Eit bismarpund svara til 24 merker, eller 12 pund. Bismaren var den vanlegaste gardsvekta tidlegare.

Blauthjarta, adj., ein kjenslevar person, ein som lett lar seg røre. jfr. "Ho va' so blauthjarta at ho klarte `kje å drepe ei fluge!".

Blåstøde, f., blanding av snø og vatn under snøsmelting.

Blesme, v., vere i brunst. Brukt om sauer og gøeiter: ein blesmasaud, ei blesmegei. Jfr. Brunde.

Blik, n. (open "i"), ein bleik eller kvit flekk på ein stein eller ein fjellskrent. Jfr. Kviteblik: flekker av lavarten Pertusaria corallina på steinar og bereskråningar: Blikstein: stein med mykje (kvite)blik, studom brukt som bytestein (grensestein, merkestein) mellom eigedomar, td. skogteigar, samtidigt med at det vart hogt inn eit merke, td. eit kors i steinen. Jfr. "Jofolket", s. 83 og 194,)



3. 100. Kviteblik
(PERTUSARIA CORALLINA).

Fig. 60. «Bliksteinen» er ein av grensesteinane mellom gardane Nordal og Tverberg.

Blive, v. (blive, bliv. bleiv , blive (open"i")). drukne, bli borte på sjøen (vatnet).

Jfr. " Den vinteren var det mange som bleiv under vinterfisket".

Bløke, f., liten lapp , td. av skinn ellet ty: Jfr. Hanen har to bloke(r) (skinnlapp: under nebben. I kortbuksene til gutungane, var det gjerne ei (ty) bloke som stengde for bukseholet.

Blòt, n., det å gjere, eller bli blaut.: Jfr. leggje i blòt: (leggje til bløytigs) å oppnå eit eller anna: Leggje klærne i blot for at dei skal bli lettare å vaske; Leggje klippfisk i blòt for å gjere han mjuk: leggje saueribbe i blòt for å få ut overskot av salt, etc. Leggje haudet i blot: grunde alvorleg for å kunne løyse eit problem.

Blòte, v., ha laus avføring: Brukt mest om kyr. Jfr. "Kynne (kyrne) blòta mest alltid når dei slapp nedpå honå". (Ho , f., eller hå : ho-gras, etterslått). Ho á svart saftig, og når dyra fekk "rive i seg" alt dei vilde av dette graset vart dei sjuke.

Blæme, f., blemme, blære. Jfr. vaskfull blæme i huda "kroppen va'fulle ta blæme(r)

Blod, n. Blod hjå menneske og dyr: Raud væske med celler som hjartet pumpar gjennom blodårane, og som fører oksygen og næringsstoff til kroppscellene, og avfallsstoff bort frå dei. Raudfargen i blodet er knytt til dei raude blodcellene (erytrocyttane). Å røre blodet: Får nytappa blod (under slaktning) få stå urørt, vil det koagulere (renne saman, storkne, levre seg). Rører ein i det nytappa blodet, vil blodtagene (fibrinet) samle seg til ei blodkake som ein kan fjerne, og dermed vil blodet halde seg rennende.

Blodlivr: ein klump av koagulert Blod. Boldpropp: (sjukdom framkalla av) ein klump av koagulert blod (trombe), som set seg fast i ei åre eller i hjetet. Blodmat. (jfr. Blodklubb: Potetklubb tilsett blod; , blodsvèler, mf Blogge (eig. blodge), få til å blø(de). Blogge fisk: skjere over den store blodåra som går frå hjartet til toknene (hjellane), for å tappe blodet av fanga (levande) fisk. Nokre uttrykk i samband med blod: Blodskam: kjønnsleg gang mellom personar som er så nærskylde at dei ikkje har lov å gifte seg (incest). " Hugs at blod er tjukkare enn vatn": påminning om slektskap, dermed dei rettar og plikter som dette fører med seg. Blodsmak, jfr. " I språk so e kjende blodsmaken i munna".

Bobbe, m., fantasifigur, eit skremsel; omlag det same som buse, troll, bokke). Brukt i samband med ein som er eller ikkje er redd for små eller tenkte fårar. Mest brukt i formen; "Den karen e' kje bobberedde (eller skuggeredde)".

Bog, m., øverste del av framføten på eit dyr. Fleirtal: bøggje(r). Bunda form: bøggjene. Bogbrå el bogrå: det øverste beinet i bogen.

Bøgje, m., bøge, ein bogeforma figur, ein del av ei sirkelline. Sprettebøgje: skytebøge, brukt som leiketøy, seæleg av unggutar.

Bogne, f., overvintringsstadiet (overvintringsmycelet) av den giftige kornsoppen Secale cornutum (mjølauke).

Bogne, v., bøye seg, det å bli (litt) bøygd. I overført tyding: gje etter, gje seg. Jfr. "Han er betre (betre) den kvisten ssm bogna(r) enn den so'breste". dvs.: det er betre (klokare) å gje seg (gje etter, td. i ein tvist), enn å stirre i mot til det heile endar i ein katastrofe.

Ból, n., 1): reir eller kube, som mange dyr lagar for yngelen (musebol, kvepsebol humlebol, revebol, ormebol. 2): liggeplass for dyr (grisebol). Bolrøt: spøkefull eller harselerande omtale av usemje og trette mellom nære skyldfolk som bur i same hus. Ivar Aasen forklarar ordet ut frå "Ból (Leie) og rjota (knurre)". I min omgangskrins, blir det helst oppfatta som "ein stad der det er gått røte i bólet" Bolgris, m., brukt spøkefullt om den yngste av eit barnekull: Jfr. "Jau, dei va' mange, og ánj Ola va' no bolgrisen, då" - Ivar Aasen har ikkje ordet "bolgris", men derimot ordet "boggris". Om dette skriv han slik: "Den sistfødte Griis i et Kuld (sædvandlig lidt mindre end de andre: I Spøg ogsaa om den yngste Søn i en Familie.-- Ogsaa i Sverige boggris, den yngste grisen, som har sin føda vid bogen længst fram

Bøl, m., eller bül, kroppen utan lemer. Jfr. "Han hadde ein stor og oformeleg bøl. s. ikkje sto i forhold te' dei små beina."

Bolt, m., ein stor nagle av metal. Ein boltar eller ein boltebùkar: "ein som slær store boltar", dvs: ein storskrytar. Buke, v., bamke, slå.

Borisk, m. (eig. borddisk), brikke, tretallerkan. I eldre tider var boriskar i vanleg bruk.

Borjunge, m. (bordjunge, eller berre junge), eldre namn på bordkniv,

Bork, m., den vevssona som er utanfor veden i ein plante. Hjå mange treslag m.a. bj kan ein i borken skilje mellom to tydelege lag, sjølve borken og nevra.

Om våren, i lauvsprettet, når det er rikeleg med sevje i trea. kan ein a bjørka lett flekkje ^{av} borken og nevra saman, og deretter skilje nevra frå borken. Ein får då bjørkelurar, som ein kan tørke for seg (det var tidlegare handelsvare), og nevrerullar som ein kan brette ut og presse flate eit nevrelad. Borken er, som regel, rik på garvestoff, og bjørkebork vart tidlegare mykje nytta til garving av huder og skinn, garn, nøter etc. Nevra, som er oppbygd av korkvev, er vasstett, og blir framleis mykje brukt som vasstett underlag i torvtak. Borkelut eller borkeløg (garvestoffhaldig vas ekstrakt an (bjørke)bork. Borkebrend (brukt om skinn og huder som er blit skadde under barkinga. Borkeså (borkekar). Borkaløype: ta borken av ei*)

Bronde, v., brunde, vere i brunst. Brukt om handyr og mest om grabukkar. Bukkelukt (sterk, ram lukt av bukkar i brünstida om hausten.).

Også haneinen brundar: Når (han) einen står full av mode (moge) blomsterstøv (pollen), fer det ein gulbrun røyk frå han, når ein kjem bort i han, ell slær på han med ein kjepp. Då heiter det at einen brondar.

*) bjørk (eit tre) på rot. Brykje bork: knuse borken før bruk til garving

- Brygging, f. Ølbrygging var eit spesialarbeid, som det var knytt mange seremoniar til og som hadde eit rikt vokabular av "faguttrykk". Jfr. "Jofolket". s. 154-163.
- Bråfengje, n., noko å ty til i eit knipetak, men som ikkje er godt nok til varig bruk (eit substututt). Jfr. "Det får tene (gjere tenest) som eit. bråfængje".
- Brigde, v., endre, omforme. jfr. "Han brigda foten i oklelida" (han vrikka foten i ankelen (fotleden)).
- Brikne, f., lett, lys tilstand. Brukt om veret: "Ditte vart noke til brikne" (gjerne brukt om (uvent) oppklarning etter ein surebol).
- Brik, f., låg kant (bordkant), tidlegare bruktom skiljet mellom sjølve låvegolv og brūtane i ei lode (låvebrikja).
- Bringekoll, m., den fremste delen av brystet hjå dyr (bringeknuten)
- Bris, n. (open "i"), eitlikeknande knutar eller trevlar i dyrekjøtt; er rekna som usunne til mat, og blir difor kasta. Eitel: lymfeknut.
- Bruse, m., gripe (open "i") avkornaks, bunden saman med eit halmband: oftast plukka saman av lausaks frå ein åker etter at skurden var ferdig. Å plukke brus var gjerne noko borna dreiv med, meir eller mindre for moro skuld.
- Gripe, m., gripet i handa; romet mellom tommelfingeren og dei andre fingrane.
- Brynne, v., gje vatn til dyra: eigentleg: ta dyra til brynnen så dei får drikke. Jfr. "Du må hugse på å brynne kynne (kyrne) i kveld, før du går."
- Brål, m., sterk, aromatisk ange; sterk, god blomsterlukt, som t.d. av stokksvev (Arnika montana).
- Bræde, v., smelte: bræde smør
- Brøysk, adj., som er lett å bryte. jfr. "Granved er for brøysk til sprettebogar. Her trengst noke som er seigare, for eksempel ein hasletein eller ein selje renning.
- Brøssvid, m. (open "i"), eigentleg brøstsvide (brøstsviding); vondt under brystet, krampe i magemusklane, eller for mykje magesyre; halsbrand, sur mage, kardialgi.
- Brytje, v. hogge i stykke, findele. td. hogge opp kjøtt med bein i, eller brytje (bjørke)bork for garving. Det vart oftast gjort ved å fylle litt om gangen av dei tørke borkalurene i ei tom tønne og støyte dem i småbit med ein spade som var kutta tvert over nederst.

.februar 1997: Det har vore eit opphald i skrivinga etter at eg for ca tre viker sidan raut opp att ein gammal skade i ryggen, då eg skulle strø singel på glattisen opp til ostkassa: Det er framleis nokså vondt. om ein vil sjå er denne ista ikkje strengt alfabetisk, ettersom eg har kome på nye ord under skrivinga. Nå får eg prøve å kome så smått vidare, og vone på at ryggen vil rett eg.)

Bratle ,v. (uttal. brahje, Same lyd som i hatl, sutl, putl, krutl, etc.): klusse eller streve med eit eller anna som ikkje fører fram: Jfr." Ikkje driv og bratle me' det lenger. Kast det frå di, og kom og hjelp mi me' høynå" (dvs. med høyet)

Byste ,v., eigentleg: reise bust, fare opp i eit sinne. Jfr."Du trengje ikkje om å byste di, Du veit godt at e ikkje e' redde di !".

Bÿr,n., drivkraft, medvind, Jfr" I dag e' det fine bÿr, so'då kan du sigle." Det e' godt at det regne, so'det kan verte kvennabÿr" (dvs : nok vatn i elva til å drive kvenna:) " Ja, den friaren , han fekk bÿr" (dvs. : han vart ja frå huset.)

Byrkje.f..bjørkesaft: søt, lettrennande saft, som tyt ut av bjørkekvistene (bjørke greinene) når ein kuttar dei tidleg om våren.

Bÿrt,m., rekkjefølgje, tur ; tørn (til å gjere eller bli utset for noko).Jfr." Stå du og o' vente på bÿrt?", " Ja, no e' det min bÿrt!"

Bumerke.n., merke eller figur som eigarane av ein gard brukte å setje på trekjøte og reidskap for å vise kven eigaren var. Kvart bruk hadde gjerne sitt eige bumerke.

Busteleiv,f., bekatråd (skotråd) med ei grisebust påfest i begge endane, for å lette arbeidet med sauminga. Dei finaste og stivaste grisebustene fekk dei gjerne av nakkeskinnet av gamle galtar.

Bÿrse.f., skytevåpen av ulike slag: Munnladningsbÿrse med flintelås;munnladningsbÿrse med ladetein, knallkøyr, knallpære (knallperle) og hane.. Jaktvåpen: hane og refle. Militærvåpen: Lunse, Krag-Jørgen, Mauser , m.fl.

Sådebÿrse: namn på den menneskelege luftbÿrsa, jfr. gåta:" Bÿrsa av skinn, kula av luft. Sikta på hælen, men råka naså. Kva er det?". Svar: Sådebÿrsa
Jfr. såd og såder-

Bütel,m., flaske; jfr fransk: bouteille.

Bÿks ,n., brukt om ei rad av stein tvers over ei elv, slik at ein kan bykse(hoppe frå stein til stein og kome tørrskodd over.

Bÿre,f., ei stor trekasse eller kiste, særleg brukt til forvaring av korn (ei kom bÿre).Også ei bÿre til å ha på ryggen (jfr. høybÿre og byratog ,dvs. eit tåg eller reip til å bere i.),Jfr:" Han Johan he' bore mång ei tonge bÿr' opp dinne bakkjenj!"

Byting,m., ein raring eller tufsing: ein som ikkje var lik hittfolket. Ordet skal hange saman med den gamle trua om at underjordiske eller andre menneskelik nande "vesen" tok menneskebarnet or; vogga og la i staden eit av sine avkø. Ein byting var altså eit individ som var "bytt inn" mot det som var det rette. For å verne seg mot slikt, la dei gjerne ei saks , ein kniv eller ein annan ting av stål i vogga når dei var ute frå barnet, og i tillegg , for å ver heilt sikre, også ei salmebok eller ein Bibel.

Byrte, v., stelle, ordne; brukt i samband med kòla (tranlampen): Å byrte kola, dra fr og stelle veiken i kola så ho brenn og lyser klårare. Jfr. kole.
sjå også "Jofolket", s. 16.

Bægje, n., gjerde, oftast av netting og stundom med piggtråd over; hindring.

" Dei sette opp bægje myllå innmarkja og utmarkja for å bægje ute kratura".
Bægjestolpe eller bægjestaur. Meinbægje eller meinbekse: hindring, noko som var i vegen eller til meins, jfr: " Ditta vart noke til meinbekse".

Bræde, v., smelte ved oppvarming, jfr. "Du får bræde smør til fiskjen!"

Bræde, n., omslag på bok; bokbræde. Jfr. "Sjølve bokja va´ heile, men beggje bræda va´ avrivne"

Brå, adj., hastig, utolmodig. Ordtak: " Han vinne som trå er, men tape som brå er".

D

Dag, m., den tida av døgnet då det er lyst. Dògå el. dågå: gammal fleirtalsform av dag brukt av eldre folk i dalen tidlegare, jfr: " Du ska´ hugse på at det kj døga ette´ dinne", dvs. det kjem dagar etter denne dagen.

Daglaus, adj., som går (lever) på overtid: som har brukt opp dei tilmålt dagane (den tilmålte tida). Jfr. " Ho e´ snart daglause", dvs. ho kan vent fødsel når som helst.

Dauremål og dauremålsgraut: Desse to orda brukte far og bestefar stundom og dei har samanheng med ordet dag på denne måten: Dauremål er avleidd av det gammalnorske dagverdr og det norske dugurd, eit måltid som i eldre tid hadde sin plass mellom frukost og middag. Tidspunktet for det måltidet varierte litt frå landsdel til landsdel. På våre kantar, var d ca. kl. 10 på føremiddagen.

Dausne, v., glane, stire, snuse (lukte); ord med nedstjande innhald. Jfr. "Kua stod og dausna på ein lort; på eit stør (eit daufødt foster). Også brukt i tydinga atimle saman, td om krøter som vêrar udyr. Blir det brukt om samanstimling av folk, er det gjerne i litt nedsetjande meining: Jfr. "P. kaia krydde det av folk som hadde vore av stad og dausna på den nye rute båten"

Tillegg til bokstav "B".

Ball, m., (uttalast ballj) jfr. dette ordet ovanfor (s. 60).

Til uttrykket "det går opp i ballj" knyter det seg ei lita, underfundig historie frå førre hundreåret, fortalt av ein gammal mann i bygda: Ein bonde var hjå presten for å be om barnedåp for sonen til tenestetausa, som han var far til. Tidlegare, same året hadde han vore der i same erend, men den gongen for den "ektefødde" sonen sin: Presten, "Jeg synes å huske at du har vært her i et lignende ærend tidligere i år?". Bonden: "Ja, og som prestenj forstår. so går det berre opp i ballj for mai i år!", Presten (med eit lurt smil): "Nei, det kan du ikke si mi gode mann, at det går opp i ball for Dem i år!!".

Berje, .. slå, banke. Same ordet som det gammalnorske berja. I formen bere, går det

inn i eit par faste uttrykk: Bere flokje: slå hendene bak om skuldrane for å få varme i fingrane når det er kaldt (slå flokje). Bere hendene: få armslag, jfr "flytt dokke bonnj so i får bere hendene!".

Berje, f., flo eller lag av kornband som blir truska (eller treska) på same tid et den gamle truskemåten med tuste og skjedde).

Bùke, v., banke, slå. Bùking, f., banking, jfr. "vi vart so oroa ta dinnja fæle bùkingjene!" Boltebùkar: ein som likar å overdtive og skryte.

Blåmjelk, f., sepatert mjølk. I (sterkt) lys viser den eit blåleg skjær, som har sarsak i fluoresserande vitaminer, først og fremst laktoflavin..

Blånekte, v., nekte plent, tverrnekte.

Bandestakje, m., hasseltein eller seljetein, dvs. renningar av hasset og selje, bruk til band på lagga trekar.

Bane, v., Om høy: visne og tørke litt. Når det nyslegne graset får liggje og bane ei tid, blir det mjukt og lettare å hesje.

Bardus, adv., brått, uventa, jfr. "Det kom so bardus på mi!".

Basme, f., del (skiftande etter vevslaget) på 20 eller 30, 40 eller 60 renningstadar i ein vev. Basmetal: tal på spiler (mellomrø) i ei vevskei (seier noke om kor lang vevskeia er.)

Bèkatråd, m., lin- eller hampetråd innsett (inngnidd) med bèk, og med påsett grisebust i enden, brukt ved skomakering.

Bekaskrå, f., skinnlapp med ein bèk-klump i, brukt ved laging av bekatråd.

Bekslebit, m., (mest brukt i bunden form: bekslebiten), munnjarnet på kekslet i hesteselen.

Tillegg til bokstav "B"

Ben'del,m., (tostavings tonelag), band av kornstrå rundt kornbundanet (kornneke

Bùl,m., 1) kropp uten lemer,2) bul eller buling : kledningsstykke for overkroppe

utan ermar.Bulig.adj, ha stor bul.jfr" Hanj he'alldit vore so bò'lige!

(har hatt stor bòl i høve til armar og bein).

Bere seg: Ta seg godt ut; vere stilig og vakker.jfr." I ska ' seie di at ho va'ei

bar si, då 'o va' ong'e!":

Barstek,adj. (utt. barstæk), vill og ustyrleg, jfr." Dinnja storebukkenj va' so

barsteke at det va' mest oråd å halde nå!"" Hanj va'bra :steke i

går,(vinden).Hanj hilt mest på å rive ta mi klæda!".Stæk: hard .sterk

Brøssvid,m., brystsvide; sure oppstøytar frå magen, kardialgi.

Birren,adj. , byrg og sjølsikker.

Blengje,v, varme opp mjølk og setje til sprengje slik at ostestoffet og mysen ski

lag, Blandinga av kost (ostestoff) og myse, kalla dei for dravle.

Borkløype,v., avbyrkje, flekkje av bork (og never) av ein trestomn.

Brøthogg,n., skarvøks, brukt til brytjing,dvs. til opphogging av kjøt og bein til

koking; kjøtøks.

Bjørld,n., gavl i ein tømmervegg;den øverste delen av gavlen som lagar ein spiss

eller trekant under taket.

Brage,m., kraft, styrke,jr." Han vart riven vekk (omkom ved ei ulukke) då han sto

i sin beste brage!" (i si beste ungdomskraft).

Bóng ,(el. búng) ,m., bulk i eit metalkar (kaffekjel, mjølkehylkje,etc.)

Byrkje,f., bjørkesaft; søt væske som ein kan få ved å kutte ein bjørkekvist eller

ei tynn bjørkegrein tidleg om våren og hengje under eit kar.

Byrte,v.,stelle veiken på ein tranlampe (kole) eller eit kjerteljøs(talg eller

vokslys) slik at kola eller lyset brenn bjartare.

Bøvel,m., eit umenneske, fark.Bøvelstræk,m., udåd,skammeleg framferd.

Død eller dè: Ordet brukt i samband med banning (med eidar),jfr, Bitter død: håre død; pina død; håre heinneske død ,osb.Ordet synes å vere av uklårt o hav. Kanskje har det samband med død (daude).

De,pron., fleirtalsform av du.Blir uttala nærmast som open "i", Vart tidlegare alltid brukt som høfleg (underdanig) tiltaleform overfor "kondisjonert og overordna, men også for å vise vørdnad, td. overfor far og husbond. Far brukte alltid De- forma når han snakka til far sin.Jfr!" Kva meiner D far om det?". Også " underdanige " koner brukte De- formen når dei snak til mannen sin.

Dokke,akkussativform av De, jfr."Slo De Dokke far?".

Deggje, v., deggje for: stelle pent med;vise overdreven omsorg for; skjemme bort. Jfr. " Ho må alltid deggjast for,vis `o ska´ vere te´ friss!".(til freds eller nøgd).

Deise,v., slå,"dra til".jfr " I deiste te´ nå so `anj trainta!"(trinta, dvs.datt eller rulla over ende.

Deise ,dette, falle over ende.Jfr "Han deiste i golvet so det small" ell " Han deiste i bakken".

Dambe,f., skitsøyle (skjitsøyle),Jfr.fjøsdambe:blanding av gjødsel,land(urin) og v i ein gjødselkjellar eller i utkanten av ein fjøsdunge(lortedunge).

Dette,v.,falle: han datt ned av taket og braut av ryggen. Også brukt i overført tyding av ordet,Jfr:" Han fauk opp som ein hjort og datt ned att som ein lort", dvs.Han for opp i eit rasande sinne, men spakna og ga seg fort.

Ein dett : mest brukt om eit brått fall; også brukt i overført tyding av ordet,Jfr,"Overmodet `ass fekk ein bra dett då `anj tapte skattesakja!"

Dille,v.,Le(d)e på; svinge fram og tilbake eller opp og ned; riste og slenge.jfr.

"Lambet dilla gjerne på rompå når det står og syge mora". Også hunden k dille på rompa (logre med halen)-

Dingle,v.,hange og slenge,svinge laust,jfr."Han sat på eit bord og dingla med bein Han hang og dingla i eit tøg (eit tau)"-

Digne, v., surne (om mjølk);det som skjer når søtmjølk går over til åfalleringe: Set ein søtmjølk bort i eit kar (fat, ringe) ved romtemperatur (ca.20 g der), vil den gradvis surne (mjølkesyrebaktriar). Feittet stig opp til overflata, og mjølka under løyp saman (tjuknar, koagulerar) til ein mju gelé. Resultatet blir åfalleringe. Setje mjølk til digning(s):setje den bort så den kan surne til skyr (surmjølk).

Dim,n., (med lang open "i"; halvmyrke. Eit nattedim: den mørkaste delen av natta sommaren.Dimist, bli mørkare,jfr." I e´ åt å dimest på syna"(eg tar t å bli svaksynt). Ei dimme: myrk og uklår luft. Jfr." Det va´ ei slike dimme den dagen at det va´vanskeleg å sjå midene inne i fjellå". Sjå mi

Dirre,v. skjelve, riste.Jfr. følgjande regle, som eg har etter rektor Olav Riste:
Når Riste riste, og Skorpå skolv,og Ronde dirra som ein trommekolv, og ei kunne plukke småhyse på høgste Jønje,- då va' det harvêr på sjønå .

Dirle,v. og darle,v., lyder laga av eit eller anna som er laust og rører på xeg. t noke som er laust på ei vogn eller ein hjulslede,og som blir sett i gang når ein tar til å køyre.

Disse ,v., svinge eller røre seg opp og ned, td. ved å bøyge knea og hofteleden.
" Han hadde for vane å disse på raua når 'anj glkk, og difor fekk han kler gjenamnet Disseberg." "Den svære barmen hennar dissa når ho skunda seg".

"Det dissa under føtene hans når han sprang over grassvoren på blautmyra".

Djup,n., djupt vatn,jfr " du må passe di o' ikkje kom ut på djupetfør du har lært å symje"

Djupål,m., den djupaste renna i ei elv eller eit sund.

Djuptenkt,adj., som tenkjer grundig i gjennom ein ting.Jfr." Nei, den var for djup for meg" (nei, det fekk eg ikkje tak i; det skyna eg ikkje).

Dos ,f., stakk til kvar dagsbruk, Jfr" Kast på di ei dos, kjæring,og kom ut og ^hhølp mi me' gjeitene!".

Døv,f., kryss, lend på dyr,særleg på hestar,jfr"Han klappa alltid merra på døva nã han tok av henne selen og sette henne på stallen(som takk for velgjort arbeid).

Dombe,f., støv, dust; lette ,fine partiklar som sviv i lufta,og etterkvart set seg av på vegger.golv,inventar osv.Husdombe,fjøsdombe. høydombe. dombe av tre king.Jfr" Truskemanskinå gikk so domba stod som ei grå sky ut gjønå løde dýra".(Skrivemåten dumbe er normalform.)

Drav ,n., Maltavfall etter brygging;ekstrahert malt.Griser et malt når dei er svolne, men ikkje elles,Jfr ordtaket:Når purka er full,er dravet surt.(Det er mangt ein klarer når ein må, eller når ein ikkje veit om anna.)

Dravle,m., mjølkerett,laga på følgjande måte:Mjølka,søtmjølkk eller nyseparert mjø blir varma opp til høveleg temperatut og tilsett sprengje under omrøring. Mjølka deler seg då i myse (valle) og kost (ostestoff , kasein) som sam seg i klumpar. Denne blandinga av kost og myse er dravle.

Jonsokdravle. Dravle var ein tradisjonell rett Jonsokdag. Jonsokdravlen v alltid laga av søtmjølkk. Sprengje: jfr Sprengje under bokstaven "S".

Drage,v., drage fram, trekkje.Drage i hop , samle saman , gjerne til eit visst for mål.Jfr." Dei drog ihop pengar til jordakjøpet : dei drog i hop rjømme(rjc til slättegrauten etc. Drage seg til (utvikle seg), Jfr."Det drog seg ti med ilske i eit sår ut over sommaren , og det gjekk etterkvart over til kreft".

Drevæde,v., snakke fort, rotet og usamanhengande,Jfr." Han Hans va' fæle te'å drevæde i dag, Ein kunne mest ikkje forstå kva 'anj meinte".

Drøse ,m., urensa korn etter trusking (tresking). Sjø:korn, matkorn, trusking, dryftin

Drått,m., det å dra . Dråttareim:sterk reim mellom bogtreet og oreringen på ein hesresele. Sjø hestesele.

Drøge,f., så mykje ved (busker , skat etc.) som ein kan dra etter seg med hendene. Jfr. "Ditta va' ei fagna drøge for ein gutonge å vere!" (det var gjort av ein unggut å dra så mykje). Sjø skat og skating.

Dombjelle (dumbjelle),f.,ei slags bjelle, forma som ein rund kapsel med innlagde kuler, og som regel fest til hyrvet på hesteselen. Når hesten går eller tråvar, kjem kulene i rørsle og dumbjella gjev frå seg ein matt, fin klar Blir berre brukt om vinteren på snøføre(sledeføre), og då helst til finskyss (som på veg til julegjestebod i finsleden, i Julotte tidleg Juledags morgonen, etc.)

Dunge, m., ihopkasta haug. Fjøsduge: gjødseldunge utanfor ein fjøs. Sorpedunge: et avfallsduge. Tidlegare hadde dei stundom slike i utkanten av tunet.

Duse,v.,falle ned brått,jfr. han duste i golvet.

Dus,n., kort tilstand av sanseløyse, varer gjerne frå sekund til nokre minutt. Mes vanleg hjå gamle folk: jfr. " Han fekk eit lite dus; han hadde stundom små dus." Skal ha si årsak i svikt i blodtilførsel til hjernen , eller til viss delar av hjernen. Fører ofte til skader, når personen dett og slær seg.

Duns,m., tung (dump) lyd av eit fall jfr. " Dei hørde ein duns i golvet, og då kom til , var han død"

Dunse,v., dundre, gje frå seg ein lyd,som når noko tungt dett ned.

Dylje,v., gøyme, løyne,jfr. " Fatigdomen e'kje god å dylje!" Dulgsmål,jfr,: gjere noko i dulgsmaal, dvs, gjere noko så ingen ser det.

Dyl . adj.,som er større enn det ser ut til,Jfr " Ho e' dyla flatå":(eit jordstykke på flat mark ser mindre ut enn det er, særleg samanlikna med om det same området låg i eit brattheng.). Jfr: " Ditta nybrote' åss Anders e'kje so stort so' det ser ut te; men det " belgja ta det" for di det ligge oppe i brattenje", (Belgje: her "rope ut", "gjere seg synleg")

Dÿn ,n, tung, dundrande lyd,jfr" Det va'eit fælt dÿn då fonna gjikk!"

Dÿne ,f., lyden av ei tore (eit toreskrall.Jfr" Haure du dÿnenje i natt?"

Dynje,v., dure, dundre; mest brukt om ein tung lyd langt unda.

Dysje,v., vere travelt oppteken med , Jfr " Ka du dÿse me' Petter, ska du reise?"

Dyfte,v., fare og vimse, og ikkje få gjort det ein skal.

Dæse,v., Omkome av frost og utmatting,jfr " Det va'månge låmb(lamb) som dæste den kaldevåren". Dæsingevêr: uve^{er}og frost som går ^hhardt utoverkrøtera.

Døyve,v., 1) sløve, gjere sløv, uskarp, td. egga på eit bitjarn,jfr " Ljåen sløves fort når du steinhogg han". 2) lindre : døyve verken (med eit hveleg middel),3) gjere mjuk og føyeleg, td. døyve nyspunnen ulltråd: dæ tråden over ei gryte med vatn "for å ta vekk snuren" så tråden blir lett å arbeide med under renning og veving.

Dåne, v., uvite, misse sans og samling.

Dåtteleg, adv., brått, uventa. jfr " Det kom so dåtteleg på mi at i mysste både mål og mæle" Dåneferdig: som er i ferd med å svime av.

Dåvr, n., bråttkomande kjensle av kraftløyse og avmakt, jfr " I fekk eit slikt dåvr at i heldt mest på å sige ihop." Jfr: dåne.

E

E, (eg), personleg pronomen. I syvdemålet varierer uttalen på det personlege pronomenet med den plassen og med det trykket som ligg på pronomenet i setninga. Startar setninga med eit lett eg (dvs. "e"), lyder pronomenet nærmast som "i". Jfr. " I ska seie di ein ting, Jakob!". Lyder setninga: Eg og han Jakob skal til fjells i dag, blir det personlege pronomenet uttala som vanleg "e" (e o' anj Jakob). Har pronomenet trykk, og står sist i ei setning, lyder det som "Aij". jfr. "Nei, det veit ikkje aij!".

Egle, v., provosere, utfordre til krangling eller slåsting. Jfr. " Han dreiv og egla si inn på mi, og då i snudde ryggjen til `nå og gjikk i frå `nå, fylde `anj ette mi på same måten".

Eine, m., brisk, brakje. Einen er særbu (har han- og hoblomstrar på kvar sin busk.) Fruktene som kallast bær, er eigentleg (såkalla) bærkonglar. Dei tar to år på å bli modne. Dei umodne fruktene er grønne, dei modne brunsvarte, men har eit vokslag, som gjer at dei skimrar i blått. Det blir såleis aldri berre blå bær på einen. Jfr. talemåten (ordtaket): Når alle einbær blir blå, vert alle jenter gifte.

Einekagje: Vid, flat eine (vaksen ut frå ei rot).

Eineløg: Utkok av friskt einebær, spelar ei viktig rolle ved ølbrygging. ("Jofolket", s. 154-164). Eineløg blir også brukt til mange andre formål: Til baking (reinsing) av trekjørelid, til hårvask, etc. Finhakka, friskt einebær vart tidlegare strødd ut over tunet under gravferder, for gjennom sin karakteristiske ange å skape ei viss høgtidstemning. Fruktene blir brukt i meisin under namnet Fructus Juniperi. Dei verkar m.a., urindrivande.

Einbær (einebærølje, Aetheroleum Juniperi) gjev den karakteristiske smaker til einbærbrennevin.^{*)} og dei blir brukt som krydder (smakskorrigens) i visse matretter.

Eign, f., eigeendom, kanskje helst jordgods, Jfr: " Han hadde store joreigne fleire st. i landet." Eignalut: ein verdfull og kosteleg ting, gjerne eit arvestykk. Baneign (barneign), evne til å få (eige) born. Jfr. " Ho e' for lengst ute av baneignen" (dativ av baneign), ho har for lengst mist evnen til å få barn.

*) jfr. Gin og Genèver.

Tillegg til bokstav "D".

Dabbe,v., veikne, minke, ta av,jfr" Ette kvart som `anj vart trøytt, dabba det n
og meir av på farten"." Det dabba litt etter kvart av med brevskrivinge

Daffe,v,gå seint og slenrande,jfr!" Hanj gikk berre o´daffa, og gjorde næsten inge
ting!"

Dake,m., (utt.dakje), ei dugløyse; ein som ikkje idst å gjere anna enn det han
absolutt må. -

Daldre,v., skramle, som når ein køyrer tome mjølkespanner på ein hjulslede.

Deplesvørte,f., jarnhaldig myrjord brukt til svartfarging.

Disletut,m., (eller meir vanleg: tisletut), ein som sladrar, og derfor er upopula
sladrehank,jfr.: sladrehank skal sjøl få bank ,og: den so`putra`(kv:
krar, tislar), hanj lyge!

Døs,f., stakk, skjørt.

Døsasau,m., 1) Utmagra sau (vårskrakje) som dei stundom batt ei gammal dos rur
om våren for å verne mot kulda) jfr." Jofolket", s 315.

2)ein blyg eller skremd unge , som heng i stakken til mor si.

Dregse,n., kornavfall; det som blir raka saman rundt kornhesjane (lause aks og st

Drøge,f. , bør(av skogsved eller andre ting) som på ein gong blir sendt avgarde
på ein løypestreng.

Drøge,f., medisinsk utgangsmateriale frå plante- eller dyreriket(røter, blad,
blomst, feitt,voks, hormonkjertlar,m.m)

Dyft,f., ein liten mengde. Mjøldyft: ei " mjølsåd", ein mjølneve.,jfr " Dersom
ikkje kyra vil ha ditte skølet (dinnje lodabyttå),får du ha ned på ei
mjøldyft, so tæ `o det kanskje!"

Drè- vøde,v., tale fort og usamanhengande," Det e´ fóle kor `anj drévøde i dag!"

Dekkje,v., vatne; slå vatn på,jfr." Du må hugse på å dekkje plantane, so dei ikkje
dauda meda vi e´vekk!" " `Anj kjeme no snart tel å dekkje dinnje vair
ska du sjå!". Dekkje vinden:"sløkkje"vinden med regn.

Dribbe.v., støyte bort i eitt eller anna og falle framover: Gå å haude; dette fra
å rame; dribbe å haude.

Duse,v., falle brått (som følgje av at ein " blir vekk" ein augneblink) jfr " Han
duate fram å haude og slo seg i panna!"

Dus,n., det å.duse,jfr " Han fekk eit lite dus, men kom seg fort til att!"

Dus,m., turing, festing; leve i sus og dus. (leve flott og sutalaust).

Duse,v., leggje av dei høgtidelege tiltaleformene,særleg De-forma og seie du til
kvarandre. Tidlegare, ja like inn i vår foreldregenerasjon, var borna læ
opp til å seie De til foreldra sine, særleg til faren, for å vise han
spekt. Av same grunn sa kona De til mannen sin.

Tillegg til bokstav "D"

Drøse, m., blanding av korn, agner og halmstubb, etter trusking (med truskemaskin).
Av drosen måtte kornet reinsast ut, tidlegare med hørsåld og dryftetrøg
seinare med dryftemaskin.

Dørgått, f., dørstokk og karmen rundt døropningen.

Demble, v., drikke fort og grådig som når folk eller dyr er uttørka og forslukte
etter drikke..., jfr. " Det va' følt so'ò dagros dembla ti si i dag då 'o
fekk vassbytttå. 'O måtte vere gruele' tyste!".

Einrøden, .adj., Brukt om ein person som kan og veit lite, Jfr "Han va´ so einrøden so om `anj nettopp skulle vore grevenj ut ta hua", (som om han nettopp skulle ha vore komen til folk).

Einstøding, .m, ein som held seg mest for seg sjø1, ein stabeis, ein original. Jfr. " he ´ alltid vore ein einstøding, og slike folk he´alltid sine egne meininga" (som ein, underforstått, ikkje må ta alvorleg).

Eir, .n., grønt belegg, særleg på kopar; "koparrust", eit oksydasjonsprodukt av metallet kopar, på tilsvarande måte som (raudbrun) jarnrust er eit oksydasjonsprodukt av jarn. Eirgrøn: grøn som eir.

Elding, .m., Lyn, lyneld, med tore eller dýne etterpå.

Eldjarn, .n., eldstål, fyrstål; ein viktig del av det gamle fyrstellet, dv s. det so trengdest når dei skulle "gjere eld", menleg fyrstål, flint og knøsk.

Elje, .v., slite seg : vere kvalm og kjenne trang til å kaste opp, utan å få det retteleg til. Sjå igle.

Elje.f., fjorgammalt, nedvisna og uttørka gras. Når slætta (utslåttane) berre var brukte (slegne) av og til, vart det mykje elje i graset, som dermed ga dårleg fôr.

Eiste ,f., pung (scrotum), testikelpung med testiklane i. Stundom også brukt om sjølve testiklane (ballane, koddane, steinane).

Eling ,m., byge, skur; regneling (regnbyge), hagleling (haglskur).

Emne, .n., utgangsmateriale, tilfang til eit eller anna. Fløyteemne: seljegrain eller seljetein som høver til å lage seljefløyte av. Også: mannsemne (ein unggu som teiknar bra), koneemne (eit godt koneemne), hestemne etc.

Endefare, .v., gjennomsøkje, jfr " Han endefór heile huset, men fann ikkje det han leitte etter.

Enderøyse (endereise), .v., reise på enden. Jfr : enderøyse ei avlang steinblokk, ei telefonstolpe , etc.

Enkje, .f., enkjemann, .m., ektefelle som har mist partnaren. I den samanheng høyrer ei stundom følgjande talemåte (ordtak): " Albogdaskjen og enkjemannsorja gå: som regel fort over.

Erle, .f., erlefuglen; symbol på noko som er nett, muntert og velstelt, Jfr. "Ho var blid som ei erle".

Etr (utt. ætr, fl. ætr'e), frukt av erteplanten (pisum). Ættrskalme (erteskolm, ertebelg), ættresupe, ættrestuing etc. Skalmerye: samanhengjande klyngje av viltveksande vikker (av erteplanteslekta vikke (vicea). Vikkene (og andre erteplantar) har klengjetrådar, som gjer at plantane klengjer seg saman (jfr. skalmerye), .og dette er grunnen til at erteplantane er blitt eit symbol på samhald. Jfr. talemåten (ordtaket): Å henge i hop som ættr

Eitel.m., lymfeknut. Brunleg klumpar, særleg i feittvevet (hjå slakt). Blir i matsa anheng rekna for ureine, og blir difor fjerna frå feittet før bruk. Jfr Talemåtar " Der det e' ein feite homp, der e' det jamnast ein eitel" (I som ser bra ut, kan ofte ha sine lyte.). "Ja, ditta e' ein" gode" eitel!" (den karen bør du passe deg for).

Eitr (eiter).n, gift; ormegift, insektgift. Talemåtar: " Han va' eitrande sinna". "E spydde eiter og galle" (Det var dei fælaste ting som kom ut av (munnen på)han. Eitreorm: eiterorm, giftslange. Eitremaur: eitermaur, pissemaur (Formica rubra) . Eitrepose : giftpose, giftkjertel.

Ekse,n., det å vere oppstemt, opprørd, uroleg ,sint, jfr "Han va' i eit fælt ekse idag!".

Etle.v., (utt. ehjle, same lyd som i hatl: tunga blir presse opp bak framtennene, sa tidig med at ein gjer musklane slappe i ansiktet , og blæs luft ut av munnen.); dele ut , porsjonere ut(om mat). I matknappe tider etla husn alltid maten til familien, som sat rundt langbordet(i røykstova), slik kvar fekk det han måtte ha etter sin alder og sine arbeidsplikter.

Etter (ette),adv. , prep.(og konj.), etter.

1) Adverb: " Å ikkje gjere opp for si ettekvart (økonomisk), e' som å drage buskå ette ska'ta" (den fyllest med snø og rusk, blir tyngje etter kvart). Å drage buska ette skata: drage `nje rangséles (rangseles, rangsøles, range vegen, dvs. etter toppen, slik at greiner strittar imot. " Han tok det (dei) ette røkes (etter rad, i tur og or (jfr. rad og røke).

2) Preposisjon (med dativ): " Dei kom heim atte alle ette fiskjenje (vinterfisket) det året." "Ska'du stad ette'kolvå?". (skal av stad og hente kalvane?) Ette heljenje (helga) , ette preikenje (pre

3) Konjungsjon: " E kom ikkje dit før ette at slagsmålet va' slutt.

Etter, går inn i mange samansette ord: etterfølgd, etterrøkt, ettersedd, etterslått, etterkomar, etterlysing, ettermæle, etterskrift, etterspel ettersyn, ettertanke, ettertid.etc

Eve,v., vere i tvil, drye, tvike, grue seg for, kvi seg for. samle mot til å gjere noke som er vanskeleg eller fårleg. Jfr "Han stod og eva seg før han se' ut for hoppet".

Evje,f., sidestraum som gårt i ring (i elv), bakevje; veikt , roleg straumdrag vatn; sidegrein av elv; lita vik; gjørme. Evjesand: finsand frå ei evje

Tillegg til bokstav "E".

Eiste, f., 1), testikkelpung, eistepung (Scrotum) 2) testikkel.

Eisteverk, m., smerte i testiklane etter langvarig kjønnsleg opphissing.

Endig, v., snar , rask, svint; som gjer seg raskt ferdig med ein ting; mest brukt saman med nekting. Jfr. følgjande: Hushjelpe, Petra, skulle eit lite æren bort i grannegarden, men vart lenge borte. Mannen til kona: " Er 'kje 'o Petra koma atte endå?". Kona: " Å , du veit 'o Petra e' kje so endige når 'o finnje noken å prate med!"

Ermeskjortå, adv., i skjorteermene; utan jakke, jfr. " Der va' so heitt , et dei tok ta si jakkene og gjekk ermeskjortå!"

Endefète, v., endefare, saumfare; granske alt svært nøye frå først til sist.

F

Fair, adj., fager; i godt hold, velstelt (når det er tale om dyr), jfr. "I he´ vor ned i fjøsen og sett på kynne dokka, o´ dei va´faire!" (sagt av bestef Erik Jonson Nordal (1841- 1930) under vitjing på Storeide i 1920- åra, hjå broren Sivert , som var bureisingsmann.

Faireskogen: namn på eit skogsområde på vestsida av Saurdalsvatnet. I fø gje eit sagn (foralt av bestefar), budde det ein underjordisk (ein bakk i dette området, og ein gong han hadde vore heime på Myklebost, skal han ha sagt følgjande: "Det e´fagrar´ i Faireskog´ mine enn på Bryllausa dokka". Bryllaupsane skulle vere namn på ein stad på Myklebost.

Fal.adj., til salgs. 1) Om eigedom. Jfr. "I he´frett at Rasmusgaren e´fale. og so høyre e at du he´ei kalvkyr te´ fals". 2) Om personar (korruperte,prostituerte, ledige (ubundne), arbeidsledige), Jfr. " Han e´ fale for høgstb ande (korrupert). Ho e´ fale når som helst når du berre he´penge. Han e´ fale på ekteskapsmarknaden (ikkje gift eller trulova). Han e´fale på arbeidsmarknaden (arbeidsledig)".

Fall,n., fall, det å falle; brukt i mange samanhengar.

1) Om eit materielt fall, jfr. " Det fall 10 cm snø i natt. " ho fall utf troppa og braut lårhalsen". 2) Om fall i overført tyding .jfr. "Han Hans fortalde at det hadde vore mysesfall i dag" (presten var sjuk og kunne ikkje halde gudsteneste etter planen". " Han fall pladask fyre `nje" (d var kjærleik ved første augnekast.)

Falle,v., falle, falle til jorda. Verbet blir brukt i mange samanhengar, både om materielt og immaterielt. Jfr. "Det fall mykje dogg i natt" Han fall (datt) ned frå taket og slo seg stygt". " Ho e´ snart på fallande fot (ho kan vente seg når som helst). "E hugsa godt kor orda fall". " Han v følt modfallen då han kom heim". " Det va´den vinteren då mor fall frå(d

Fallesott,f., fallesykje, krampeslag, epilepsi.

Fant,m., splint, tater, "sigøyner": sjøl likte dei å kalle seg omreisande .

Fantefylgje. splinte:fylgje , taterfylgje: Det var gjerne ein storfamilie som reiste saman, og dei tok inn på garane, der dei tigga, naska (om de kunne kome til) og baud: fram til salgs småting som vispar, knivar etc. men først og fremst var dei interesserte i å byte eller selje klokker

Fante,m., ein upåliteleg person.

Fantast,v., skjemte; jfr. " E fantast me´nje (gjentungen) og spure om `o vilde gift si mæ´ mi når `o vart vaksa".

Fallere.v., gje etter(for overmakta),fire, gje fal,gje slakk. jfr " Dinne gångjen laut `anj Store-Knut fallere. han so´ alltid hade vore vande å vere den sterkaste".

Far.m., -en, fedre, fedrene (eller fedrar, fedrane), mann som har barn (sett i høve til barnet el borna), Også brukt om forfedrar (landet som fedrene bygde),om overhovud, om Gud himmelske far,om opphavsmann til eitt elle anna; i tiltaleform: hei far!; nei far, den går ikkje.

Fyndord (etter far min): " Lyd gamle faders råd min søn, at du ei sukk skal i lønn når salte tårer falde".

Fare el. farde.m., flogge (himme)av skimmel(sopp)på væsker, særleg på mjølk.Sjå skimmel og mygl.

Farre.m., skurk, dårleg person, jfr uttrykket:"Ja, det er ein fine farre!".

Fastre,v., gøyme noko ved å grave det ned i jorda.I Syvde gjekk det mange historie i eldre tider om korleis bjørnen fastra dei delane av slakta sine som ha ikkjẽåt opp med det same. Det heitte seg at han ofte grov fastra sine i ei myr der det var frisk sprengjemose (Sphagnum), som er kjend for å konserverande eigenskapar. Fastr el.faster).n.,namn på det som vart fara, dvs. gøymt ijorda.Også mange andre dyr enn bjørnen kjenner kunsten å fastre, m.a, kråker og skjor, visse gnagarar,etc.

Fatl.n.,(uttal.fahjl),band; tidlegare bruktom dei banda som heldt vevjasteinane p ein oppstadvev(jfr "Jofolket",67). Skulderband til å bere ein skadd ar: Jfr.Å bere armen i fatle.Ordet har samanheng med

Fetling,m., skinn flådd av føtene på eit dyr.Fetlingane vart brukt som berereimar (skulderreimar;på dei rundflådde skinnsekkane (skinnhitene)som var mykje brukte i bygdene våre i eldre tider,(Dei var oftast av sauer og geiter

Fatle,v., binde om, bandasjere; lage ein fatle.

Fète,m., fid (open "i"), lokk,ein vissdel av trådane i ein vev.

Fètil.m., band, stropp, det same som fetling.

Fatne,v., fengje, ta fyr.Jfr." Det fatna i ^λhyvlekaurane i verkstedet, og snart stod heile huset i ljøs lögje!".

fate,v.,gripe fatt i, feste seg;"slå til", td. om vaksinasjon,jfr."Dei prøvde å valnere `nå, men pøkå (kopppevaksinen) vilde `kje fate.

Fale,m., oskeformasjonar i eit bål, ei brandtuft,etc, som kan vise litt om formen : det som er brendt, jfr." Falen i elden viste at....."

Fausk,m., omlag det same som fale; også brukt om trøsved.dvs.greiner i skogen som så opprotna at berre hamen er i gjen.

Hit,27.2.1997,

" Og mange kom ikkje so langt som dei vilde!".

Ivar Aasen.

Feig.adj., 1) som snart kkal døy, nær døden. Det tilsvarande substantivet er Feigd.f., det å vere feig ; snarleg dødsfall.Feigdabod : Ein person kunne oppleve eit eller anna uvanleg , som han tolka som eit feigdabod:Det kunne vere ein sjeldan fugl, som viste seg eller skreik. Ugla vart av mange rekna : ein feigdafugl eller varselfugl. Kom ho nær husa og ga seg til å skrike måtte ein høyre vel etter kva "ho sa". Sa ho Buu- ut, Buu-ut, då gjekk fegdarbodet på buskapen. men sa ho Skuu-ut, Skuu-ut, då var det ein av folket på garden som var feige. Ein uvanleg fiskpå kroken kunne også vere eit fegdamerke- ein fagdafisk.Også "mystiske" lys i terrenget (fegdalj eller nåljøs) kunne vere feigdabod.

Feig.adj., 2) stakarsleg,umannsleg,jfr." Han var for feig til å seie sanninga".

Fingen .adj., lei seg, skammfull.jfr." Ho vart so faingja då alle dei andre tausen vart oppbodne til dans, og ho sto´att åleine som veggjepyrd".

Fèt,n.,steg, merke etter ein fot.jfr." Han fylgde oss fot og fet" (gjekk like ette oss).

Fik.m., slag med knytneve eller flathand mot kinnet: øyrefik).jfr. " Han prøvde å kysse henne, men ho kvitterte med ein øyrefik! "

Fikte,v., fekte, slå omkring seg.Jfr." Han for der og fikta me´ein kniv i handenj so vi va´redde anj skulde gjere ei olukke".

Firre,v., drive på, jage på. " Firr!!" : signal til hesten om å gå , i motsetning til "Ptro!", som er signal om at hesten skal stogge. Jfr." Han firra merra , og avstad bar det!!"

Finne,v., oppdage, treffe på, finne att. jfr." I fann den kniven so´de leitte ett Finne åt: klandre. Jfr." Han fann åt mi for det e brukte dialekt!".
Ordtak: Kjeilen finn at grytenje, o´so e´dei svarte beggje".Brukt i omta av to personar som ein meiner er "like gode", dvs.like dårlege.

Fikke.f, lita lomme. Vestefikkene på mannfolkvesten, tente fleire formål. Den eine (den venstre)var for lommeuret (klokkelomme), den andre var for skrå-
tobakken, som låg laus, utan innpakning. Etterkvart vart foret i denne fi
ka grundig impregnert med tobakksaus , og det heitte , om ein mann i
bygda,atnår han vart tobakkelaus, reiv han foret ut av denne fikka og tog
det i staden for skråtobakk.

Fise,v., sleppe ut tarmgass, fjerte,sleppe ein skit.

Fis.m., skit, jfr. braskjitt: ei sterk og "lydeleg" utblåsing av tarmgass .

Fiseball(open "i"),m., røyksopp (Lycoperdon og Bovista sp.)

Firmenning, slektning i fjerde led.

Fiskebeine,,f., fiskereidskap, fiskegreie.

Fiskemond (fiskemund),n.,den tid på døgnet då fisken brukar å bite (best). Jfr. i gjande ordveksling:Per. "Fæ´ du fisk?". Hans: "ikkje eit napp!". Per:"
det e´ nok ikkje rette mondet!"

Fiskeslog.n., innvolar frå fisk.

Fiskesød.n., vatn som fisk er kokt i.

Fiskevær.n., Strandstad der folk samlast og driv fiske, og der fangsten blir teken hand om. Sandshamn, Eggesbønes og Fosnavåg var fiskevær før syvdingane gjerne heldt til i 1920-30 åra.

Fikle.v., firle, pusle, plukke på. Jfr, "Han sat og fikla med ei klokke som ikkje vilde gå".

Fjom.n., liten og lett, fast ting; fnugg; støv. Eit lite fjom: ein bitte liten ting.

Fjong, adj., flott i klærne, fiks, elegant, sveisen. Jfr. "Det e' svært so fjonge du e' i dag!" Fjonge seg: gjere seg fjong.

Föne (el, fjone), v., pusle, somle, gje seg irriterande god tid. jfr "Ka e' det du gje og føna ette' ?".

Fjott.m., ein usjølstendig, naiv person; ein dott. jfr. "Han va' ein dust o' ein do og ein godfjott all sin dag!".

Fjellskarv .m., Fjellrupe, ein rypeart (Lagopus nutus), som til vanleg liver over tregrensa i motsetning til skogarupa (lirypa.)

Fjølhogg.n., Gammalt nemn eller "nemning" for ein hoggestabbe. Eg hugsar ordet frå regle som bestefar (Erik) fortalde etter ein mann som skulle lære sone korleis han skulle klare å drage ei tung vedsloge ned fjellsida: Faren: " Du spenne i markja og gjere di til. Du svar at 'o ette'ska' fylgje!

Du banna 'o skal på fjølhoggjet gå
før du ska 'di mæ 'hinne skjylje!". (Sjå sloge).

Flane.v., glane, måpe; gå og sjå seg tosket omkring. Jfr. " ka du frje' o' flane ette' ?
Ei flane: ei halvtomset jente .

Flage.f., rid. rykk.. jfr. "Han fekk ei fæle hosteflage". " Bjellekyra e' åt å fe' flage, so 'o kjeme snart til å kalve". " Det kom ei fæle vaindflage o' reiv takjet ta budenje".

Flein.m., snau flekk på hovud, hud, trestamme, etc. Fleinskalla.adj., hårlaus på hovudet, eller "glaskollete" som det heiter på syvdemålet.

Fjåp.m., ein dumming. jfr. " Ikkje bry di om ka 'anj seie, for 'anj e' no berre ein fjåp!".

Flå.v., 1) flå, ta huda av. Ordtak og talemåtar: " Alt he' ein overgang, sa røven dei flådde 'nå" " God reidskap gjer godt arbeid, sa mannen han flådde me me'navara . (brukt om ein som arbeider med dårleg (uhøveleg) reidska " Han e' kje te'å flå me' navara!". (han er ikkje lett å hanskas med; han er ein smarting).

2) flå, ruinere økonomisk, jfr-" Dei (kreditorane) flådde han til skinnet".

Flå.f., (Fl. flæ(r); slette, hylle eller skrånande avsats i fjellet.

Flå .adj., flat, vid, open. Flågryte: ei gryte som er flat, vid og grunn, i motsning til ei djupegryte. Begge desse grytetypane var i vanleg bruk t legare då dei brukte vedkomfyrar. Flåkjeft: ein som er uvøren og frekk munnen, og som gjerne slepper ut av seg ting som er mindre gjennomtenk

Flakkfør, adj., som klarer å gå og greie seg, sjøl om han ergammel. jfr. "Han va'like flakkføre sist e trefte `nå, sjøl om `anj går i sitt åttiande".

Fégen, adj., (utt. fegjen), glad og til freds, jfr. "Han va' so fegjen som om han sku ha vunne eit halvt kongerike!2.

Fleipe, v., gjere narr, gjøne, erte. Jfr. "Han va' alltid so fæle å fleipe", eller: "Han va' alltid so fleipete".

Fleip, m., skjemt, gjøn, ironi, erting, spitor. jfr. "Det va' `kje alvårle meint. Han sa det berre på fleip".

Fløg, n., hengjebratt fjellside. Jfr. "Bukkjen for ut for fløje`og slo si i hel".

Flugse, f., lapp, fille, ræde. Jfr. "Han brukte so lengje klæda at det va' berre flugse ne i gjen". Snåyfløkse (snøflugse): snøfille.

Flækje, v., sprikje, vere open. Jfr. "Trøya (jakka) di flækje` so i halsa. Du må ta på di eit halsplagg elle`so kjeme du til å fryse!"

Flint, m., hard svartgrå steinart, som er aggregat av den tette kvarts-typen kalsedo: Flintebørse : genær med flintelås, dvs. eldre børselås der ein hane med flintestein slær gneistar mot eldstålet og tenner krutet. Flint var ein viktig del av det gamle fyrstellet (med flint, eldstål og knøsk) som dei brukte når dei "skulle gjere eld".

Flisme, f., beinverk (osteomyelit: beinbetennelse med pussproduserande mikrobar- of stafylokokkar-i beinvev. Sat betennelsen i ein finger, heitte det gjerne flismefinger, og mot den hadde dei mange råder, m.a. såkalla " ureint band, som var ein leivning etter den gamle, tyske "Dräck- medisinen".

Flire, v., le, gjerne spottande, fnise, småle. Fliremikkel: ein som er "full av lått".

Flir, m., eit spottande smil, ein kaldflir. jfr. "Berre vent, so ska` e snart ta spo fliren frå `nå!".

Flitte, v., skunde seg, vere trottug. jfr. "No må vi flitte på so vi verte ferdige t kvelds!".

Flokje (floke), m. samanvikla vase, td. av tråd, hår, garn etc. (hårflokje, garnflokje).

Fløkje, v., vase i hop, fløkje i hop: gjere noko vanskeleg, eller innfløkt.

Jfr.: Ein juridisk floke: ei vanskeleg og innfløkt sak.

Flod- leggje, el. flo-leggje, v., leggje i velordna lag (av Flo.f., fl. flør el. flo).

Jfr.: "Ho var ein meister i å flodleggje sild (i tønner under vinterfi et.)

Flod, n., ein kraftig regneling som raskt kjem på og raskt stuttar. Kjem ofte saman lyneld og tore. Ein snakkar då om eit toreflod eller ein floding.

Floden, adj., flodvêr. jfr. "Han j e` floden om dagjenj!". (det er ofte toreflod, som gjer det vanskeleg å få høyet tørrt)-

Floghevre (floghavre), (Avenna fátua), ugras i åkrar og på avfallsplassar.

Flogse, f., jente eller kvinne som er fjaset og ustadig.

Flogge, f., tynn hinne på væske, td. ei tynn isflogge på vatn, feittflogge på mjøl.

Flogmerr, f., ei merr som "flyg", dvs. som er i brunstperioden. Verbet flyge (flau floge), kan tyde " å vere i brunst", når det er tale om visse hodyr. D

heiter såleis at merra og purka flyg, geita og sauene blesmar, etc.

Flukret, adj., spraglet, flekket, småflekke. Ei flukrete høne: ei høne som har to eller fleire fargar i fjørklædnaden. Den kan vere gråflukrete, brunflurete, etc. alt etter kva for farge som dominerer.

Flÿs, n., ein liten smule, eit fjom. Eit tobakkeflÿs: ein smule tobakk. Jfr. "Du he`kje eit tobskkeflÿs so` e kan få innpå tonna, for i he slike tannverk (Herme etter ei gammal kjerring som brukte skråtobakk, og som gjerne tiggja på denne måten.)

Flysje. v., falle av i små bitar, skale av. Jfr. " Målinga var gammal, og heldt på å flysje av. Flas i håret kan flysje eller drÿsje av.

Flød(e), adj., lunke, jfr. mjelteflødd (el. mjelkefløtt): temperatur som spenevarm mjølk.

Fløde, n., flaum, overfløyming av vatn etter sterk nedbør: vassfløde.

Fód (fôr), n. Mat til dyr, Eit kufod: fôr til ei ku frå hausten og til ho slepp ut i beite om våren (Dette var før stallfôringa kom i bruk). Setje bort kyr på fod: Leige fôring for ei ku i vinterhalvåret.

Folkeaeue (folkeauge), f., "lett synleg" Brukt i fleirtal i visse samanhengar. Jfr. " du at e ska stå her halvna kja midt i folkeauenje?" " Du må kje fa so åt midt i folkeauenje!". (slik at alle kan sjå det).

Folkeløyse, f., skort på folk. Folkelaust, jfr. " Det vart folkelaust her på gara ett at her vart banjelaust!": (etter at her ikkje kom arvingar) .

Folle, v., få noko til ^å mune. jfr. " jau, no folla det" (om arbeid som går radigt unna)

Forfare. v., gjennomsøkje, jfr. " Han forfor bygdene og kjøpte opp gamle ting"

Forfarast, v., forfalle, ta skade, jfr. " Alt forferst når det ikkje vert stllt og ettersett".

Fôring, m., skrømt, ein person som "går att". Jfr. " Er du redd for foringar?".

Forflegre, v., stelle, vøle, reparere. Forflegring: omvølsle.

Forkludre, v., skape ugreie; hindre ein plan i å bli gjennomført.

Forgje (forgjeve), v. gje for mykje, t.d. av ein sterktverkande medisin. Jfr. " det gikk rykte om at ho hadde fått feil medisin og at dei forga `nje".

Forsmå, v., ringeakte, seie nei til eit tilbod. jfr. " Det va` andre friaren ho smådde".

Framfar, m., førevarsel om at ein person snart kjem til huset; gjev seg til kjenne gjennom lydar eller på annan måte. Også kalla for vardøger.

ikkje alle personar har framfar. Oldefar min (Støyle-Jo), som drog run og bygde båtar, skulle ha hatt eit "sterkt utvikla" framfar: Når kona se i stova om kveldane og venta på at mannen skulle kome frå arbeid, kunne tydeleg høyre at nokon kom inn i huset og sette frå seg arbeidsbeinen i utdyra. Då tok ho til å gjere i stand kveldsmaten, for då visste ho at mannen var ventande. Ei stund etter kom han, og dei same lydane i utdyr tok seg opp att.

Framferd, f., driv, pågangsmot, initiativ, jfr. "Det e' kje noka framfar ti `nå" (de er ikkje noko greie på han, Det går heller smått med han).

"Hadde det vore noke til framferd ti `nå, so hadde han brote opp det fl jordstykket for lengst".

Framfødd, adj., Brukt om dyr som er blitt fora så lenge inne om våren at dei kan si past ut på grønegraset. Også brukt om folk som er komne så langt i utdanning eller har skaffa seg ein slik økonomisk basis at dei kan stå på ei ne bein. Jfr. "Han har arva den rike onkelen, so då e' i allefall han fr fødde".

Framgrytt, adv., lut, framoverbøyd. Jfr. "Han går alltid so framgrytte".

Frammynt, adj., som har framstående munn og tenner. Jfr. slenguttrykket: "Han (ho) he' tennenje på turk".

Framfus, adj., djerv, modig; pågåande for å kome seg fram.

Framfot, m., 1) framfot på dyr 2) Brukt om ein person som alltid skal stikke seg fr Jfr. "Han he' no alltid vore slik ein framfot!".

Framtøg, n., festetau i framstammen på ein båt.

Fransos (el franzos), m., bygdanamn på venerisk sjukdom. jfr. "Nei, hånå vilde e ik ha i mitt hus, han so e' fulle ta fransos". (herme etter ei kjerring som kasta ut ein kar som kom og bad om hus).

Frege, v., spørje, fritte; spørje nøye og gjerelitt pågåande. Jfr. "Kva frega du, og såg du?". Spørsmål som gjerne blir stilt til ein som har vore ute og re

Frette, v., høyre, få kjennskap til. jfr. "Vi he' frett at sonen din e' komen heim at frå Amerika". "Frette du noke nytt me' kjirkjenje i dag?"

Fross, m., hannkatt, i motsetning til køyse eller kjette (ho-katt)

Frostnæm, adj., brukt om ein gard eller ein stad som er utsett for tidleg frost om hausten." jfr. "Der var so frostnemnt, at der hōvde dårleg for poteter av di potetlauet (potetriset) fraus og vart svart.

Fræning, m., vindbyge. Snøfræning: snø som driv med vinden.

Frøse, v., blåse væske (vaskedropar) ut av munn eller nase. Det siste mest om dyr.

Ful, adj., sint, jfr. "Papenj va 'so fule på `nå, so `anj fekk ikkje vere me' å fiske kræde". Ful: sløg, smart. Jfr. "Den som har ansvaret må vere" fremst fulaste"-

Fýd, f., (el. fud), ytre kjønnsdelar hjå hodyra (vulva). Mest brukt i samband med me:
Formen fu: brukt andre stader i landet om raua eller bakenden (podex) og
om "skamregionen" (pudenda).

Fùgl, m., fugl (avis). I visse samanhengar, same form i eintal og fleirtal. Jfr. "I
va' mykje fùgl på sjønå i dag. Dei he' kanskje sett ein fiskestim"
" Det va' lite fùgl (rupe) i fjel'la iår, ette' ein dårle' rugesesong".
"Ditte e' verken fùgl elle' fisk!". (Dette er dårlege greier; ubrukele
Feigdafùgl : varselfugl, ein fugl som varsla feigd(død). Sjå feigd.
Fugleskræmsel: gammal råde av eit klæsplag som vart sett opp, td. i ha
gen for å skreme vekk fuglane. jfr. " Ho såg ut som eit fugleskræmsel"
(Ein lite flatterande karakteristikk).

Fullmata, adj., mett, som har fått nok mat, jfr. " Krødene va' so fullmata at dei vi
kje bite!". (dvs. bry se om agnet). Fullmata: brukt om fullmoge korn.

Fùglekonge, m., ein liten skogsfugl (Regulus cristatus). I følgje ein fabel (fort.
av bestefar, Erik J. Nordal), skulle alle fuglane prøve kven som kunne
flyge høgast, og den som vart best , skulle vere fùglekonge.
Før tevlinga tok til. lurte den minste skogsfuglen seg til å setje se
på ryggen til ørna. Han var så liten og lett at ørna merka ikkje at
set der. Og då ørna hadde floge så høgt som ho orka, då hoppa den vesl
fuglen av ryggen hennar og flaug endå litt høgare, og dermed vart han
fùglekonge!.

Fuke, f., ein vindkykk, ofte i følgje med regn eller snø. Vindfuke, snøfuke, et
Fulltakke, v., å kunne takke nok. jfr. " Du he' gjort mi ei so store tjeneste, at i v
aldre kunne klare å fulltakke di!".

Fylle, f., Kollik, trommesykje. Sterk utvikling av gass i vomma på visse husdyr
(hestar, kyr) etter stort inntak av visse plantar (t.d. blåflis: Nard
stricta).

Furte, v., vise seg sur og fornærma, jfr. " Han gjekk for det meste for seg sjøl og
furta. " Furten.

Furt, m., ei furterid. jfr. " Erten og furten går dårleg i hop". Furten: tilsvarand
adjektiv. jfr. " Han hadde so lett for å verte furten".

Fyne, v., Skjenne på (helst om dyr), skamme seg. Jfr. " Han fynte på hunden" og: " Han
gikk sin veg som ein fynte hond!".

Fynd, f., Kraft, understreking, ettertrykk. jfr. " Han sa det med fynd og klem!".

Fyndord .n., sterke, velvalde ord som "sit".

Fyndel, m., ein hendig kar som folk gjerne tyr til for å få hjelp.

Fus ,adj., huga , lysten. framfus . brå, pågåande

Fysne. f., lyst, trå, ihuge. jfr. "Den fysna varde ikkje lenge!".

Forgjord ,adj., forhekksa. Jfr. " Han va' som forjore ette' `nje!".

Ord om fall: Han for fram-å-haude. Han for fram-å-rame (han for haudestups).
Han for att-å-ende (baklengs).

Fyrefer(d),f., oppspart forrråd.Jfr." Han hade eit års fyrefær me´ såkonnj".

G

Gand,f., ein slags trolldom. Gandkule: ein slags ball eller kule som trollfolk kan kaste på dyr og menneske.Heime hadde vi ei ku som hadde ein eggstor kul nær volendet (matrøyret) i halsen. Bestefar (Erik) sa at det var ei gand. Då vi seinare slakta kua, tok vi ut denne kulen, som var inne kaps i ei hinne, og skar hol på han.Innhaldet var ei blanding av sandkorn, små jarnbitar, hår og eit par rustne hektekrokar, Det er kjent , at sli ting som kan følgje med fôret, kan setje seg fast i matmeltingsgangen,c kapsle seg inn i vevet.

Gane,v., ta hovudet av fisk, rense småsild ved å knipe av hovudet slik av innvolar følgjer med.

Gan,n., toknene (gjellane) i ein fisk; hovud og innvolar av småfisk,serleg sild.

Gang(el, gång),m., gang, det å gå. Å gågnå: i gang, på ferde.jfr." E´ du alt å gågnå?".(sagt når ein møter ein granne uventa tidleg om morgonen).

Gang, eller helst gång(gjær, ølgjær, kveik).Jfr." No e´ výtret(vørter høveleg varmt, so no må du kome å sekkje te´gångjen".Sjå "Jofolket" s.1 og 162.)

Gange el . gånge),f., gåing, det å gå.Jfr." Det va´ ei slike gånge me´ tonge styv la ute på veia i heile natt".

Gängelag.n-. måte å gå på.jfr. "Han va´ so lett kjennele´ på gängelaje".

Gångsperre ,f., å vere stiv og sår i beina etter å ha gått lenge og hardt.

Gap,m., ein tosk, ein som kan og veit lite. Gapen. tilsvarende adjektiv.

Gape,v., halde munnen open.jfr." Ka du står og gape ette?" (stå ikkje der og sjå dum ut!". "Gap opp!" (opn munnen), Gapande: med munnen open.Jfr."Hunde kom i mot meg med gapande kjeft!".

Galltrakke.v., trakke ned,trakke i hop.Jfr." Åkeren var heit galltrakka av buskape som hadde kome seg inn på bøen"."Smalemèlen i saudegaranje va´ so galltrakka at det va´ sø det skulde ha vore eit jorgolv".Smalemèle: smale- gjødsel, smaletad.

Gaman el. gammen,n.,moro, hugnad glede: jfr." Laget bjáynte vel,men enda med eit skjitegammen" (det utarta til kiv, slåsting og spetakkel).

Gardsdreng,m., gardsgut, tenestegut på ein gard. Som oftast avkorta til dreng. jfr. " I eldre tider hadde dei både taus og dreng"

Garve,v., barke,impregnere med garvestoff.Om garving,sjå "Jofolket, s.167-169.

Gate,v., stikke, skjere eller bore med kniv, jfr." Han sat og gata på ein knurtekj

Gauk,m., gauk(fugl) Stamegauk: ein som stamar,dvs. som har vanskeleg med å få ord fram. Stundom brukt som skjelsord.

Tillegg til bokstav "F"

Fime,f., 1) innfall, påfunn; noke som snart går over, 2) eit uventa tiltak eller ein " arbeidsrykk" av ein som eller er svært makeleg; jfr. " Nei, sjå på `nå Rasmus! Hanj he`fått ei fæle fime i dag!".

Fagna,adj., 1) gild, bra, respektabel: fagna folk; ein fagna kar; ei fagna kjerri.
2) dugande, kraftig: Dei fekk seg ei fagna bløyte (dei vart heilt gjenomvåte: han skulle hatt seg ei fagna mykje!(han skulle hatt kraftig ju ling!).

Ful, adj., 1) sint, hissig jfr. " Læraren vart so fule på oss fordi vi va`olydige!"
2) ivrig, dugande, klok, slu, jfr. " Hanj va`alltid fremst og fulaste!"(han var den ivrigaste; han ville alltid vere førstemann, td. i sigling og idrett) ` Ei ful`e høne: ei rugehøne; ei høne som ligg på egg og rugar, som er amper og hogg rundt seg når noken uroar henne.

Fragg,b., partikkel eller flis: det kom eit lite fragg i oljen.

Fåregard,m., gjerde i fjellet som skal hindre at husdyr kjem bort i slikt ulende (fårleg terreng) at dei kan gli ut og slå seg i hel.

Frøse,v., blåse sterkt gjennom munn og naseslik at litt væske følgjer med.

Frusken,adj., urydig, vannstelt, jfr. " Hanj va` so fruskjenj på hå`ra, at anj så ut som ein einekagje!".

Firle,v., fingre med, jfr. "Du ska`kje drive o`firle me` dinnje klokkenje, for du kanj snart øydeleggje `nje!"

Flakkfør,adj., oppegående og sprek atter alderen, jfr. " Hanj Ola e` 77 år, men `an so flakkføre at `anj går endå på fjellet og mjelka(r)!".

Frakk,adj., omlag det same som flakkfør.

Fleir,n., vorteliknande utvekst i huden på dyr.

Flikre.v., kjæle, flørte. Flikredagar: første tida i eit ekteskap; kveitebrødsdaga.

Fross,m., hankatt, ffr. " Dei hadde tvo katta: ein fross o` ei kjette!".

Fulfiktig,adj. mannevond, utilnærmeleg, jfr. " Ho va` alltid so fulfiktige, at det ingjen so`våga å gifte si me`nje!".(Jfr. ful ovanfor) .

Flåkjeft,m., ein som er uvøren og stor i kjeften.

Flåløyse,f., ein upåliteleg person som finn på allslags galskap.

Fesje,f., ei lausaktig kvinne; ei tausafesje; ei flokse.

Flükse,f., fille. Klædeflükse; eit utbrukt klæs plass

Garfløgd,adj., brukt om eit krøter som har vandt seg til å hoppe over bøgarder og gjerder for å kome inn på dei beste beita.

Gaule.v., skrike,brøle; rope høgt og ukultivert.jfr."Han sto´ o´ gaula som ein hor
Gaupe,v., ause med hendene.Jfr. uttrykket å gaupne til seg:kare til seg; forsyne seg grovt, gjerne på kostnad av andre.

Gaupn,f., ei bøygd hsnd; handflate med halvt innbøygde fingrar; ei handfull.

Gaupne,v.,. ause med handa. jfr." det va´fælt so´ han gaupna ti si!".(han glefste i seg grådig og ukultivert).

Gjøse (gjose) ,v.,(gÿs, gaus, göse); strøyme, strøyme ut , om væsker eler luft jfr." Det gyse kaldt vintersdag frå sprekkemne i det gisne huset.

Gøys,m., luftstraum, sterk lukt,td. slik det strøymer ut av eit gjæringskar under ølbrygging (ølgjøys).

Gil,m., øl under gjæring, men ennå ikkje ferdiggjæra.Gilså: gjæringskar for øl. Sjå "Jofolket",s.159.

Gil,m., lys flekk i skylaget nær sola.

Gildr (gjildr),n., felle,"sjølskot",i Syvde brukt til bjørnejakt.Eit gildr som var brukt i Nordalen,vart ein gong sett opp i bjørmeråsa over Jutulejylet, like ovanfor kvandalsvatnet,men der skaut dei berre ein sau.

Gildre,v., stable opp eit eller anna slik at det står altfor laust,eller ragar høg Jfr. Gildrestéinane i Botnen på Nordalsfjellet.Namnet kan tyde på at det her har vore oppsett eit gildr ein gong i tida, men studerer ein lokalitetane, synes det like rimeleg at namnet heng saman med at dei store steiane"ligg og gildirar på nokre mindre steinar slik at det er eit skylende dei.

Gimbr(utaal. jaimbr),f., ung sau som endå ikkje har hatt lamm. Jaimbrelamb (gimbr lamm), ung hosau:

Geipe (gjeipe),v., vrenge munnen, grine, gjere grimaser,jfr." Han sto´ o´gjeipe^r åt mi" (ei uvenleg handling).

Geire gjaire),m., strimmel, tøystrimmel, åkerstrimmel, engstrimmel.

Geispe,,v., Gape og dra inn pusten (gjennom ein refleks, uvilkårleg),jfr. " Ein gjeisp og ein gap tyde´ enten somn elle´mat!".

Geite,f., Den ytste og minst verdfulle delen av veden i nåletrea; yteveden.Her ha veden ofte ein blågrøn farge frå ein sopp: Blågeite.

Geit (gjeit).f.,geit (capra); omfattar geiter, bukkar og kid.Brukt i eintal som kollektiv nemning.Jfr." På den garen drive dei berre me´gjeit.Det seies at dei ska´ha over hundrede geisskratur(gjeisskrøter!".

Talemåtar:"Han e´ alle stess framme, likeso´gjeita". " Hanj e´likeso´ gjeita: Hanj e´alle stess frame o´ingjen stess velkomen". "Hanj e´som gjeita: te´meir du banna `nje, te beire trivst ho"." Det e´det same kor mykje o´ kvitegjeit mjelka, når o´stige opp i byttå".

Gjeitafjøs, gjeitarås,gjeitamark, gjeitamjolk, gjeitadravle.

Geiten,adj. stivhåret,om ullkvalitet;som kan minne om geiteragg.

Gjeisskog,m., det lokale namnet på planten geitrams(etter bestefar,Erik).

Gjeissymbre f., kvitesoleie, kvitsymre (etter bestefar, Erik).

Gjevle (gjelvle),v.,gomle og tyggje seint og med møde.jfr." Ho gjevla og togg på s
kjekjøtflisa o´det hare flatbrødet, men det gikk smått,for ho va´so
tannlause".

Gidre (gjidre),v., skjelve ,ristre ,dirre.Gjidr, tilsvarende substantiv.

Sågjidr:synleg rørsle i vassmette luft over ein nypløgd åker om våren
i solskinet.

Gim, m.,eim, dunst, vellugt, brål.jfr." Når ho opna glaset, strøymde det inn ein
slike fine gim frå rosentreet i haja(hagen)".

Gir (gjir).m., sterk lyst, trå ,brennhug. hækne, hugbrand, ustyrleg trang etter å
oppnå noko.jfr. " Dette sette giren i han". " Han fekk ein slike gir
si då ånj fekk sjå kva hine hadde fått tak i". " Det va´berre so´ per
gegjiren lyste ut ta auenje på `nå".

Gristent, adj., romtent; som har store mellomrom mellom tennene.(Også gistent
eller glistent).

Gjeld ,adj.; i samansette ord , oftast formen gjell-. 1)brukt om hodyr : som ikkj
ber foster når det normalt skal gjere det (gjellkyr, gjellsaud, gjell
gjeit),2) Tildels også brukt om mjølkedyr: som ikkje gjev mjølk dei si
vikene før fødsel.I Syvde seier vi helst at dyra står turre i denne ti
Jfr. ordet turrekratur som omfattar ikkje kjønnsmodne dyr,hanndyr og
gjellfe). 3) Om hanndyr som er gjorde ufruktbare ved kastrering.

Gjelde,v., Kastrere: øydeleggje eller fjerne kjønnskjerlane hos hanndyr.Når det
galdt hest, brukte dei helst uttrykket "å skjere", jfr.hesteskjerar: e
mann som kastrerer hestar.

Gjelk,m., ein kastrert hest,vallak. Halvgjelk: hest eller mann som berre har ein
testikkel.(Berre brukt i nedsetjande meining om personar.)

Gjeldekløve,m., eit primitivt "torturapparat" brukt til å øydeleggje kjønnskjerl
(sedstrengane) hos bukkar og vêrar.Prosedyren kalla dei for klapping,
visst nok avdi sedstrengane, resp.testiklane, vart knuste med ein klapp
(eit slag) mot kloven. Denne kastreringsmetoden er ikkje lenger i bruk
- heldigvis.

Gjalle,v., lyde høgt og sterkt,ljome. jfr. "Han ropte so´det gjalla myllå fjellå!

Gjelle,v., rope , skrike, gøy.Jfr." Honden din står o´gjelle ute o´ oroa oss i mi
dagskvilda". Omlag det same som gnelle .

Gjerande,adj., som lar seg gjennomføre, jfr" Nei,dette e´kje gjerande!".(Nei, c
te er for resikabelt).

Gjere.v., arbeide til. lage, skape. produsere. Spesielle uttrykk: Gjere eld (gjere opp eld på gamlemåten, med flint, stål, knøsk. etc,) Gjere åt: lækje ein sjudom med magiske råder. Ordspel: I kan no både gjere o´late (vere).

Det må no vere godt som ta godt e´ta gjore (dvs, som er gjort av godt)

Gjerande, adj., som lar seg gjere. jfr. " Nei, det e´ikkje gjerande (el. gjerandes)" (det er for fårleg til å prøve). Gjerande(s)laus: som ikkje gjer noko. jf " sit ikkje der gjerandeslaus, finn di ein kniv o´ein kjepp o´lag eit-kvart!".

Gjète, v., (gjète , gat, gjète). gisse, gjette, prøve å finne løysing, td, gjète ei gåte. Å spyrje og gjete gåter var svært populær underhaldning når beste faren skulle passe borneborna, ja, så populær at bestefaren ofte vart lei av maset. Då kunne det hende at det kom til følgjande ordveksling: Barnebarnet; " Besten, kan `kje du spyrje ei gåte?"-

Bestefaren: " Honden skjeit o´du kom te måte!".

Barnebarnet: "Isssa, nei ditte e´ kje noka gåte".

Bestefaren: " jau då, det e´ det!".

Barnebarnet: " Ka då?".

Bestefaren: " Å kome te´måte. Ka´ betyde`det?"

Barnebarnet, etter å ha tenkt seg om ei stund: " Nei, det veit ikkje a: spyr ei skjikkele`gåte!".

Bestefaren: " Å kome te´måte e´å kome til der noke hende".

For ein del av dei mest vanlege gåtene i Syvde i eldre tider, sjå " Jofolket, s.295-297.

Gjor, adj., moden, fullmoden (om bær of frukt). jfr: " Du må `kje pýse(plukke) o´ et bæra før dei e´gjorne, for då verte du låke i maja!".

Gjære, n., bægje, gard. Ordtak: Det lågaste gjæret er lettast å klive over.

(Brukt m.a. om fatigfolk , som tidlegare ofte hadde vanskeleg for å få sin rett når dei var ikonflikt med dei store.) Hønsebægje (hønsegjære ute i det fri): Eit hønsebægje skal vere så godt at det kan halde ute bå "fuglen flygande og musa smygande!"

Gjyre (gjyrde).v., binde, surre, td- ^{sk} _λ som skalkøyrast på ei vogn eller ein slede Her til Gjyratøg: tau brukt til surring eller ombinding, t.d. av ei vedby

Gjæte.v., passe på , ha tilsyn med. I eldre tider hadde ordet gjæte ei spesiell tyding, nemleg å følgje husdyra i marka og gjæte dei mot fårar og udyr.

Jfr. Gjætargut og gjætartaus.

Gjæv, adj., gavmild, som gjerne gjev bort, i motsetning til nisk, påhalden , gjer: Jfr: " Dei va´two ulike brøre: den eine va so gjæve at `anj kunne gje ve sjortå, meda hin va´so niske at `anj aldre ga vekk eit øre!".

"Dei so he´store glis myllå framtennå e´ gjerne gjæve".

Gjø,f., Den nymånen som følgjer etter "Torren", og tida derifrå og til neste nymåne. Omfattar slutten av februar og ein større del an mars. (Kan variera ein del med måneskifta.)

Gamle vêrmerke (etter mor): Han Torre med sitt skjegg lokka bonna onde so vegg, Ho Gjø me' sitt skinn, jaga bonna inn.

Gjø,f., muskelsmerter, mest i hendene, og særleg etter tungt og einssidig arbeid.

Gjånse, (gynse),f., alenlang fjøl , med klyft i begge endane. til å surre opp hes streng på.

Glan,ⁿ, ein opning , med glytt av blå himmel, i eit mørkt skylag. Vêrmerke: Eit kvelsglan må du ikkje lite på. (Fører sjeldan til varig godvêr .)

Glasbrôt.n., glasbit, brotstykke av ein større glasting t.d. ei glasrute.

Glaskvarm,m., vindaugskarm.

Glaskollet (glasskollet), utan hår på hovudet, skalla. fleinskalla.

Glefse,v., snappe etter noko med munnen, prøve å bite kjapt og iltert. jfr. " Hon denj glefste ette mi o' prøvde å bite mi".

Glefs, det å glefse (ein gong). jfr "Han (hunden) tok pylsa i eit einaste glefs

Glye,f., geleliknande masse, slim. jfr. Grolappeglye el. grolappegauple: klump av froskeegg.

Glyfs,n., glip, op, lite mellomrom, t.d. mellom fjølene i ein vegg.

Glipe,v., vere eller halde litt open, jfr. " Han låg o' glipte me' auene og prøvde å vakne",

Glip,n., sprekk, liten opning.

Gisen (gjèsen),adj., utett, mest brukt om trekar som har stått og gisna opp, og som må setjast til trutning før dei kan brukast.

Glod (el glo),f., eit stykke glødande kol. Jfr. " Han sto' som på gløde" (som er desrat uroleg over et eller anna).

Glop.n., hol, gap , opning, Teleglop: blautt hol eller grop i veg eller jord etter issmelting.

Gløpur,f., ei ur der det er store rom mellom steinane.

Glore,v., glinse , tindre, vere lett synleg, p'ranngje.

Gloret,adj. med sterke , urolege f argar.

Glugge,m., ein liten opning for lys og luft, ein luftegluggje.

Gløse ,v., sjå, sjå etter noko. jfr " Han sto i glasa o' gløste på fonnenⁿje då o' bar lause". Han gjikk o' gløste ette bryna so' hadde vorte vekk i høyet^q".

Glytt,n., ein opning til å sjå gjennom ,ein glimt. jfr, " Dyra sto' på glytt (eller lærr) då han kom), "Vi fekk so vidt ein glytt ta solenje i dag".

Glytte,v., sjå (gjennom ein opning), jfr: " Han glytte på dyra før ång gjikk inn'

Gnure,v., gni, skubbe og velt^e seg når ein ligg; nare seg. jfr " hunden låg og gnu^ra (nara) seg.

Glivr,n., bergufs, bergkløft. Glivret: stadnamn i Nordberget i Nordalen.

Gløæ, adj., bleik, gulbleik, "jfr." Ho va' so glæ 'o Petra i dag. I trur 'kje 'o k vere friske".

Glegg (gløgg),adj., skarp, klok, som har lett for det: "Han va' slik ein gløgge k

Gløymsken (gløymskjen),adj. som har lett for å gløyme.Jfr, " Han vart so gløymskj

dei siste åra,so ånj va'mest ikkje te å snakke til"

Gløype (I Syvde "løype"),f.,svelg (jfr.gløype,slukje), ei djup grop ; ein skade, eit uheld med skadelege følgjer. Det er berre i den sist nemnde samanhen at ordet blir brukt i Syvde.jfr!"No må vi passe oss, so vi ikkje gjere ei løype" ." Det e' 'kje noke nytt at hanj gjere ei løype, so ovÿrenj so' hanj e'!".

Gnag,n., det å gnage, tyggje eller bite, og merke etter slik aktivitet.Skognag el nogg, sår eller merke etter for trange eller for harde sko.

Gnage,v., (gneg , gnog,gnege (gnèje);gnage, skave med tennene:(gnage(på) eit kjøt bein).Tygge, helst på noko hardt:(han gjekk og gnøg på ei turesild). Talemåte: " So lengje du e'hond, ska' du gnage bein".Brukt i tydinga: tr le, mase,Jfr." Han gjikk her so lengje o'masa o'gnog om disse pengane, til slutt so laut han få dei !".

Gneldre,v., kvine, skrike . gøy (jfr. gneldrebikkje).

Gnallefrost,m., " klingande kjyld", som når snøen knirkar under føtene.

Gnallhard,el. gnallande hard,som når ein kjepp brotnar med eit smell når ein bryt han over.

Gnasse,m., ein djerv , hardfør kar, eller eit stekt, tettvakse dyr. Jfr . "Dinna storevêren din,det e'virkele'ein gnasse!".

Gnaure,v., arbeide seint og jamnt, slite og mase.

Gnaur,m., ein seinvoren, men uthaldande arbeidskar.

Gnavle,v., gnage og tygge seint og smått.Jfr." Han sat og gnavla og åt på ei gulrø

Gneistre,v., skyte gneistar (dvs,brennande eller lysande partiklar):jfr." Han ba so det gneistra (so det lyste!"

Gnette, v.,knette, gje lyd frå seg. jfr."Dei (dei tyske torturistane)slo han s 'anj datt i svime, men det gnatt ikkje ti nå!".

Gnikse,v., rikte,knirke, kvine, "skrike", jfr." Det gniksa i dÿra; i det usmøre v hjulet"

Gnike,v., gni,(g)nike , gnukke.jfr." Ho sat o' nika si rinn te' 'nå heile kvelden. "Når hanj hade ei ledige stond,sat hanj o'gnika (el, gnukka) på felå"

Gnyst (el.knyst), Ein veik lyd,jfr." No får de vere stille, onga.Høyre i ein kny so smellje det!".

Gofs,n., ofse, med stor fart, med ein rykk. jfr. " Han gjordet arbeidet unda med

Gom,m., Gane,munntak. Open gane :open himmel, holgom.Gomrøyte: munnskåld (betenne i munnslimhinna. Gomane: tannfestet, tannkjøtet. Jfr. " Etter at i mysst tennenje, he'i måtta klare mi me'å tyggje me'gomanje".

Fingergom: fingerspissen; innsida av den fremste leden på fingeren. Meir vanleg brukt er formen fingregom. jfr." I bruka helst å blade om me'fingregoma".

Gor,n., (gammalnorsk: gor), 1) Gjørme,særleg i myr 2) Halvmelta innhald i mage og tarmar. 3) Innvolar i fisk.4) Ordet brukt som forsterkande førestaving (prefiks) i samansette ord,jfr.gorlat, gorleting, gorsjuk,etc).

Gorhol: sump, blautmyr. Gorkvade: Blaut eller rennande harpiks(renneskjitkvade). Gorløype: rive hol på innvolane (ved uheld) når ein opnar nyslakta dyr. Gonn,f.,(fleirtal: gonnje : avleidd form av gorn: tarm): Gonnenje, dei smalare delane av innvolane, var, etter skålding (avskraping av slimhinnene, etter dopping i kokande vatn), det vanlege materialet til pylsevær (pølsevar,pølseskinn).Gorrotten: opproten, gjennomrot Gorsekk, gorkagge(og storevæmbre): Klengjenamn på stormaga personar. Gorvomb:stormagen; den fremste magen hjå drøvtyggjarane. Gorhauudet:blaugen. Gor og gjenne : slog.innvolane i fisk.

Gosse,m., ein stor, sterk og dugande kar,Jfr." Han va'virkele'ein gosse".

Gyte,v.(gyt,gaut, gote).Om fisk: leggje rogn eller sprøyte ut mjølke.

Got,n., (jfr gyte), Fiskegot: gytt rogn og mjølke.

Gøtbøre ,f., endetarmsopning (anus) hjå fisk.

Gøve,f., eim,damp; synlege dunstar som stig opp frå ei varm, fuktig masse, eller eit kar med kokande vatn.Jfr:" Gøva strøymde ut frå tuten av kaffekje.

Gra (grad el.grad'e), adj., avlsfør (ikkje kastret), i motsetning til gjeld; geil brunstig. Brukt mest om dyr av hankjønn.Jfr.gravrêr,grabukk, gragalt, grahest (hingst), grahond .

Grède,f., brunst,kjønnsdrift. Stålgrède: urimeleg sterk kjønnsdrift: Jfr. " Det e no grabukkane fæ'stålgrèdå"(om hausten i brunsttida). Sitat etter ein gammal mann i bygda.

Grakse,m., (jfr.grugg),partiklar, grums som flyt opp eller legg seg på botnen i ei væske ,td. ved trandamping(trankoking , tranbrenning).

Gramme(Gramme seg),v., klage, særleg over sjukdom.Jfr." Han gramma si aldre, sjølkor sjuke `anj va'!".

Grand,m., smule, smitter.dyft, såd;ein bitte liten del.Jfr." Han fekk kvar ein gram som vi hade". " Ein liten grand med mat".

Grande,m., tørr grunn, med sand eller småstein i ei elv eller ved ein vasskant.

Grann,adj., tynn, fin (i motsetning til grov).Brukt helst om runde ting, som tråd, streng, etc.Brukt om folk i tydinga slank.jfr." Ho he´vorte grannare i det siste"." Lissebokkjenj va´so granne i måla".(hadde så tynnt mål).

Granne,m., Person som bur like i nærleiken; nabo.jfr." Dei e´gode grannja"."

Grannje e´ grannje vest (vrest)". Ordet blir brukt som førestaving i mange samansette ord:Granneby, grannebygd, grannefolk,grannegut, grannetau; grannegard, grannelag, etc.

Grann-ende,m., smalende; den tynnaste delen, td.på ei stang.

Gras-svór ,m., jordskorpe med gras og grasrøter.

Gravøl,n., gjestbod i samband med ei gravferd

Gråaur, m., hard grusjord med gråleg farge.

Gråbein,m.,eit av fleire namn på ulven(jfr. skrubb og varg).Gråbeinsild: stor og mager vintersild.

Grålysing,f., daggry,dagning.jfr." Dei va´oppe i grålysinga dei dagane dei skulde på sjøen".

Gråleitt, adj., gråbleik,jfr." Ditta folkeslajet va´allje so gråleitte ta si".

Gråne,v., verte grå, td.gråne i håret ; lysne, gry av dag. Jfr." Den dajen va´ ån oppe før det gråna i væreinje ",(i verda,dvs. i atmosfæren).

Gråt,m., det å gråte, Vanlege uttrykk i samband med gråt:Ta til gråten; stå med gråten i halsen (vere gråteferdig). Gråte, grine, rine. I vår dialekt, e det ein nær samheng mellom bruken av desse orda:Det er kanskje knytt mjukare kjensler til gråt og gråting, enn til grining og rining,og lyd styrken aukar gradvis frå gråt, via grining til rining,jfr." Ho snufsa og gret. " Han rein som ein gris" (gråte,gret, grète^{*)}grine,grein,gri
Grøte,v., få til å gråte. jfr." Her er so vent det kan meg grøta, fordi om eg er vaksen kar" (Vinje). " Hanj e´ alltid so stygge me´ systrenje sine, og i e´ sikker på at `anj gje´ kje si før `anj får grøte `nje dinr gongjen heilder!". (Han er alltid så leid mot syster si, og eg er si ker på at han ikkje gjev sog før han får henne til å gråte denne gonge og.)

Gris,m., tamsvin (Sus scropha domesticus). Ord og vendingar i samband med gris: Mykje skrik og lita ull,såmannen hån klippte grisen. Han er kje stor grisen før han slær krull på rova (spel på Syvdemålet). Han hylte som ein stukken gris. Dei vil alle ete flesket, men ingen ale grisen, Han rota som ein gris. Grisete: ureinsleg som ein gris. Grisebol, grisehare. Julegris. griseotte, grioeslakting,grisebust.Gris haud. griseaue (grisøygd: med små plirande auge som ein gris; også brukt om folk). grisetryne,grisesvór, griselabbar (Jfr, syltelabbar) Grisebē^{de}(livmor hjå gris), griseblåse(urinblære),grisesmolt (griseiste Griseprat (usømeleg tale), griseblad (pornoblad).

*) Jfr. " Ho va´heilt utgrèta"(ho vixte tydelege merke etter gråt).

Grommt,adj., staseleg, fint, "skjittfint". jfr. " Alt ska' no vere so gromt der i gara".

Grøtte,n., Del av kvennautstyret. Sjå "Jofolket",s.118.

Gróv,f., liten bekk eller skølelv, ei elvasikle.Svartegrova, sendegrova (stadnamn)

Grøvmælt,adj. grøv i målet; som har djupt og kraftig mål.

Grøvlagd ,adj., grovbygd.

Grøvemjøl,n., usikta mjøl.

Grøvskoren,adj., 1) grovt skoren eller hoggen (tabakk, stein),2) grovlagd,grovle:
3) grovkorna, plump, grov i kjeften.

Grugg,n., grut,undestand, botnfall.jfr. kaffebrugg. og koke på grugget.

Gryle, v., skrike skjerande og langdrege.Grisen gryler.

Gryl,n., det å gryle; lang grylelåt; grisen sette i eit gryl.

Grynsodd,v., Kjøtsupe med gryn i.

Græle,f., vindpust, jamn, veik vind som gjev græle(småkrusing)på ei vassflate.

Det er godt otervêr når det er grele på vatnet

Grøn,adj., som har ein farge mellom gult og grønt i spektret.Grasgrønt: grønt som gras,Talemåtar: Love gull og grønne skogar. Graset er alltid grønst på den andre sida av gjerdet. Håpet er lysegrønt. Ein grønskoiling: ein omoden f. Han er for grøn for den oppgåva:for ung og urøynd.Grøn av misunning.

Grønt (substantiv, ubøyeleg), grønfarge(stoff).Bladgrønt; fargestoffet som gjev plantane den grønne fargen,og som spelar ei grunnleggjande rolle i fotosyntesen dvs,prosess i dei grønne plantane der karbondioksyd og vatn blir omforma til sukker. (Den andre grunnleggjande faktoren i fotosyntesen , er sollyset.)

Grøn,n., deig til å bake (flatbrød og lefser) av;grønndeig, mjøldeig.

Ordet grøn, har samanheng med det gammalnorske grjón, som tyder matvarer laga av korn eller mjøl (altså mjølmat). Ordet grjon, vart tidlegare brukt om all føde, i motsetning til suvl el suul, dvs. noko feit eller saftigt til å ete attåt brødet.(Graut og suul var tidlegare den vanlege kveldsmaten på bygdene, Suulet(sulet) vardå som oftast mjølk,sur eller søt).I Syvde skil dei tidlegare mellom to slags sul:brødsul, som kunne vere smør,flesk,ost, rjømme (rømme), brødgraut,etc., og grautasul, som var mjølk, syreblande, og stundom lettøl.Det gammalnorske grjón , finn vi i dag att m.a. i ordet gr som er avskala korn (bygggryn, havregryn ,etc.),og som før nemnt i ordet grøn, eller mjøldeig.

Gryte,v., kaste, slengje; kaste saman i einfart.jfr." Han grytte hølå fulle med stein!" "Han grytte stolane bort i eit hjørne".

Gryte,f., kokekar. Talemåtar: Grytå syde like lett for tvau som for sjau.(Det er stort sett det same om ein kokar for sju som for to). Små gryte he' også øyre! (Småborn legg også merke til kva som vert sagt, så pass munnen din!)Ho va' krokete som ei grytehodde. Grytehodde: hank,handtak;hengebøyel på gryter og kjelar. Flågryte: vid,open gryte, imotsetn.til djupegryte.Gryte

Gråhækjen, adj., uvanleg hækjen (grådig) etter gods og ære. (grå: her forsterkande) ^{prelik}
Gjôle, v., smiske, smigre, rose, kjæle. Jfr. Ho dreiv og gjølte me' nje Kari for å
nje på si side. Han dreiv og gjølte med honden til kjeresten for å vis
sitt gode sinnelag.

Gleidne (el. gleide), v. Setje føtene så vidt frå kvarandre til sides at det gjer vor
Spærre ut føtene (ved uheld). jfr. "Ho hilt på o'gleidne si på det sle

Gjeil (geil), f., veg eller rås med gjerde på begge sider, td. frå) /gölva"
gardstun til utmark

Gjøys (Gøys), m., raskt framvellande straum av gass eller væske; sprut.

Jfr. "Det sto' ein gjøys av gjærande øl opp av gilsåen (gjæringskaret) da
dei opna han",

Gjøyse (gøyse), v., gøyve, strøyve fram.

Gøyve, v., bruse opp, gå over kantane, koke over.

Talemåte: "Han gøyvde over som ei saupgryte" (han brusa opp i sinne).

Saup (kjernemjøl) har svært lett for å koke over.

Gjøyme (gøyne), v. 1) forvare (ta i forvaring). 2) gøyne vekk (løyne, skjule) så
"ingen" finn det. Gøyne seg, fare og gøyne seg: dra til ein stad der ir
finn ein. Gøyne av: leggje til sides til seinare bruk. Gøyne unda: stikk
til side, jfr. "Han gøynde unna det meste av arvesylvet under konkursop
gjeret".

Gjøymsle, f., gøymestad, ein stad der noko er (ligg) trygt.

Går: ord, førstaving, brukt i tidssamanheng. Jfr. I dag, i går og i fyrdags.

I gårkveld: I Syvde seier vi gjerne "i aftes" (lyder som. i jaftes)

Gåre, f., linje, stripe, spalte eller åre i stein eller fjell.

Gått, f., fals i dør eller glaskarm. Dýragått: den nederste delen av falsen i dør-
karmen. Jfr. "Det he' lagt se' is i dyragåtta."

Tillegg til bokstav "G".

Glývr,n., opplyse i regnvêr;jfr." No vart det eit lite glývr, so no må vi prøve å kome oss ut på åkren ei stond!".

Glivr,n., langstrakt opning eller gate i skogen i ei bergside. Også brukt som stacnamn, mellom anna i nordberget i Nordal.

Glip,m., eller glipe,f., lang, smal opning; spalte, sprekk: ei glipe mellom fjellene.

Glis,m., person som gliser mykje:vere til glis og lått (vere til (hån)flir for lida. Tørke av noken glisen: (få noken som flirer og gjer narr til å bli avvorleg ved å seie eller gjere noke med han).

(Glis ,n., glipe eller sprekk: der vareit glis mellom stakkane.

Glise,v., le, flire (breidt,fornøgd, hånleg, stilt).

Glisen eller glissen,adj., gisen, utett; med opne mellomrom: der var glise på benradene den dagen!.

Godædig, adj., godhjarta: som gjerne hjelper; mest brukt saman med nekting,jfr " nei, ho e'kje so godædige , so der kan du ikkje vente noke hjelp!".

Galtrakke,v., trakke ned, trækkeflatt,jfr " Der va' so galtrakka at der fanst ikkje atte eit grønt stråd!".

Glæ,adj., bleik, sjukeleg bleik (om ansletsfarge)," Ho va' so glæ. Det e'sikker noke so' feila `nje!".

Gnyst,n., veik lyd,jfr." Der va' so stilt, der va'kje ein gnyst å høyre!.

Gramme seg, klage,jfr." Ho va'alltid so fæle å gramme si: Alltid va'det eit elle annja `o måtte gramme si over!".

Gribben,adj., skryten; som har grove andletsdrag,jr." Det va'ei gribba kjelle `a. Ola he' fønnje si!".

Gråhækjen, adj.; ein som sparde og pinte og aldri fekk nok av jordisk gods,jfr." va'so gråhækjen at `anjga kje vekk ein femøring " om du slo `nå i hell!

Gråhækne,f.,det å vere gråhækjen ,jfr. " Du skulde kje sett på makje te' gråhækne!".

Gråleting;m., storleting,fr." Han e' ein gråleting so' alltid skjyve si attom nå eit tongetak ska'takast!".

Ho gutina , brukt om ei gjente som er svært glad i gitar,eller som ter seg meir e mindre som ein gut.

Gjenegert.adv, fortredeleg at noke hender.jfr." Det e' so gjenegert at o' Kari ve so lett fruktsommele`!". Det e' so gjenegert for gamle folk å dette og bryte lårhelsen når det e' so hålt ute!".

H

Ha,v., 1), eige, rå over , disponere.jfr."Han hadde både hus og heim". " Han hadde verken far eller mor!" "Han kunne ha henne(erotisk) når han vilde".
" Han hadde noke å leve for"."Dei hadde noke godt i vente".
2) vere utstyrd med (ein viss eigenskap, karakteriserande trekk); lide av.Jfr." Ho hadde raudt hår og vårgjæle (fregner), men ho hadde bein i nasenje (kunne vise sterk vilje), so ho klarte se'godt"." Han hadde ovanle'lett fyre de: " Kjært banj he'månge namn".
3) oppleve; få, møte;vere utsett for. jfr. " Ha ein fin dag, ei lar natt, ein vond draum; ha medgang og motgang, sorg, hastverk, etc."
4) vere pålagd, oppteken med; vere nøydd, pliktig til, måtte, skulle Jfr:" Han måtte ha plikte, ha lekse, ha inn saudenje, ha ut kjynnje Ordet(verbet) ha, kan også brukast i mange andre samanhengar,utan at skal kome inn på det her.

Hale,m.,vedheng i bakenden av kroppen, særleg hjå virveldyr.Dette vedhenget kan ha ulike namn hjå dei ulike artene: 1) hale: hest ,2) rompe(rumpe): ku sau, hund,katt, rev, mår, 3) spæl: geit,gris,hare, 4) stjert (stert vyle): Fuglar, 5) Spor(spord): fisk.

Haine,f., ung geit som ennå ikkje har hatt kje.jfr." Der va'småbokka o'kjid,og so va' der ei lita haine"-

Hakje (hake),m.1) krok,reidskap med framstikkande krok til å gripe tak med(båts hake, tømmerhake). Haldehakje :jarnstang med spisse vinkelkrokar i endane. 2) ulempe, vanske, som det er eit" aber" ved.jfr." Det e' mångt so'kan sjå fint ut, men som likevel he'sine haka:"

Hakke,v., hakke, hogge, karve,pikke,grave,hakke på (klandre , kretisere),Jfr. Hakke på eit kvart; hakke tenner: skjelve (særleg av kulde) så tenner skranglar mot kvarandre;hakke med nebbet;hønene hakkar på kvarandre: dei heldt på å hakke ut augene på kvarandre (dei var rasande på kvara dre); hakke einer, persille, halm, etc.
Hakkekniv , hakkefjøl, hakkeblokk, hakkegrev. Hakkelse: halm opphakk korte bitar og brukt i surpe til dyrefôr. Hakkamat: finhakka kjøt og innmat, brukt til morpylse (tidlegare),Eit kraftuttrykk:" Slutta `a: ikkje me'dissa skarvestrikkjå, ska'i snart gjere hakkemat ta `nå!".

Halda,adj., fruktsommeleg (gravid).jfr." O Kari gjikk halda på denj tidenje,so ` kunne ikkje vere me'.

Halde,v.,(held, hilt,hilde), halde, ha i handa;stogge, halde tilbake,akte, verdset m.fl. jfr:" E' du sikker på at du helde takjet(taket),Per?"." Han hilt saudenj meda mora klipte `nå ." Hanj va' `kje hilden fyr noke i bygde nje" (dei heldt han ikkje for noke til kar,i bygda).

Halden (hilden), adj. partisipp, velstående, akta, jfr.: ein velhilden mann.

Halle (hallje), v., stå skeivt el. liggje på skrå. jfr. " Stolpen hallja te sides".

" Hanj sat o' hallja på haudet".

Halm, m., tørka eller visna strå av kornplantar, etter at agner og korn er fråskilde ved tresking. Halmstål: Stål (stabel, lad) av halm i ei løde.

Halsmot-n., svelget i halsen.

Ham, m., 1): ytre kropsdekke (hud, fjør- el. hårklednad), som skifter med årstida. Krypdyra skifter eller kastar hamen. jfr: ormeham (avkasta ormeskinn). Kan stundom kome over slike i utmarka. 2) klednad, bunad. jfr. " Han gikk i same hamen i både helg og yrke!". " Sida anj va' i Amerika, he' anj forandra se' både i ham og hått" (lynne, veremåte).

Hamskifte, n., Brukt om gjennomgripande endringar , td. av driftsmåtane i fiske, industri og jordbruk.

Halv, adj., halv (1/2), som utgjør halvparten av ein ting. I Syvde brukar vi former "halt" ved inkjekjønnsord. jfr. "eit halt lass; eit halt hus", og i talemåten: "godt begynt Bejåynt) e' halt fullendt". I samansette ord, blir hal ofte til hal- , eller hall-, jfr. hallgjort arbeid.

Holve (halve), f., ein halvpart av ein ting, jfr. " Hanj fekk skjøyte berre på holve ta jorenje (garden)".

Hal(v)annen, adj., halvannen (1 1/2). Skifer form med kjønnet til dei orda det står til. Jfr.: halannjen sekk(m.), halonna tynne)f:), halannja lass (n.). " Hanj gikk o' bar på ei halannja-kannja-spannj" dvs. ei spann som tok ca. 3 liter. Kanne: gammalt holmål på ca. 2 liter) kunne variere frå landsdel til landsdel.)

Hallgått, adj., kvinne som har gått halvparten av svangerskapet.

Hallgjeik, m., hanndyr med berre ein testikkel.

Heilt, f., halvpart, jfr.: " Du ska' få heilta, vis du ve' hjelpe me å pyse (plukke) ha bære våre". Heilta: tidlegare (fram til siste jordskiftet), namn på ein halv gard i Landsyrket (Landsverk) i Syvde.

Halvårsgammal, adj., som er eit halvt år gammal, td. ein halvårsgammal ukse.

Halvemål, n., namn på dialektar, der bokataven "h" blir sløyfa i visse ord, og set til der han ikkje skal vere, td. "est" for "hest", "av" for "hav", etc.

Dette har gitt opphav til mange "gode" vitsar. og her er eit par av de
1) Etter eit kveldsmøte dreiv ein lekpredikant og tinga bort eit misjorblad. Ei kone som heitte Ane Håbakk var interessert, og då predikanter spurde etter namnet og adressa hennar, svarta ho: " I eite Hane Åbakk". Mannen syntes nok at namnet lydde litt underleg, men han skreiv det ne etter lyden, og fram kom bladet!.

2) Det var på den tida då Fylkesbåtane tok med dyr. Ein hestehandlar vi så nødig at den fine hingsten hans skulle bli tatt med vinchen og firt ned i romet for pakkgoods. Han vende seg difor til kapteinen og bad om å ha hesten oppe, altså på dekk. Uttrykt på hans halvemål lydde dette ønsket målet slik: "Kaptein, i ve' at (h)ingsten min ska' vere hoppe!".

Dette med å manipulere med bokstaven "h", er ikkje spesifikt for det typiske halv målet. Også i syvdemålet og andre dialektar og språk, finn vi den same tendensen. Såleis sløyfar vi i syvdemålet "h"- en i visse ord og samanhengar: Han Hans og ho Henna, blir til `anj Hans og `o Henna; `anj Per og `o Petra, etc:
Ser vi fenomenet i ein internasjonal samanheng, finn vi same tendensen: Bynamnet Haleppo (i Syria), blir skriva og uttala med og utan "h", Jfr. haleptiske eller aleptiske galleple. (ei garvestoffdroge.) Jfr. "Vi so`snakka alvemaal.brùka kje h i framlyd framfor vokal, men vi set `nå ofte te`der an hikkje øyre eime!"

Halvliden, adj., halvparten (av tida) er brukt opp. (jfr. bruken av verba gå, lide skride i tidssamheng,)

Hal(v)sliten, adj., halvt utsliten, (eit par hallslitne sko.)

Halvdaud (el. halvdød), adj. halvt daud el. nesten daud. (ei halvdaud fluge i glasskarmen.)

Halvkveden, adj. brukt mest berre i talemåten: " ei halvkvæda vise", dvs. noko so ikkje blir sagt rett ut.

Hame, v., pynte, stelle seg, jfr "E ve`gjerne vere me di på kino, men då må du vente i får hame mi litt".

Hammar, m., bratt bergvegg. (dativ ^g fleirtal: håmbrå). jfr. " gjeitene går opp i håmbrå." (oppe i hamrane.)

Hamle, v., ro framover ved å sitje med anlitet vendt mot framstammen, og føre åra frå seg (når åreblad~~er~~ i vatnet); skute: ro baklengs, drive båten att utan å snu han.

Hamleband, n., vid (vidjeband) eller tøg (tau) som held årane faste til keipen.

Hamlit, m., Hudfarge, anlitsfarge.

Hamnegang, m., beitemark. I Syvde var det gode hamnegangar i fjellområde, både fo mjølkydyra (kyr , geiter) og for turrekratura.

Hamp, m., namnet brukt 1) både om sjølve planten (Cannabis) og 2) om det fibermater et som blir isolert av den overjordiske delen av plantekroppen.

Talemåten: " Å stige på hampen", blir gjerne brukt om ein person som er så lur at han lurar seg sjø. Bakgrunnen for talemåten er denne: Ein mann dr til byen for å kjøpe hamp. Då han kom heim att spurde kona korleis det ha gått med handelen. "Jau. det gjekk fint", sa mannen, " for eg lurte kjøp- mannen!". "Men, korleis klarte du det?", ville kona vite, Mannen: "Eg steig på hampen når han vog!"

Hams, m., krans eller skål av samanvaksne høgblad kring visse frukter og frø, td. fruktbegeter eller hamsen på hasselnøtter. Sat det berre ei nôt (nøtt) i hamsen , snakka vi om ein einhamsing (eller enkje). To nête, ga toham- sing, tre, trehamsing, osv. Arbeidet med å plukke nøtter ut av hamsen, kalla "å tine nête". (Ei nôt, fleire nête (r). Jfr. uttrykket " Å tine sild". (plukke sida ut av sildegarna.

Handa, og ord og vendingar som har samband med handa.

Hand, f., (fl. hende(r), dativ fl. håndå. Brukt av eldre folk tidlegare, Jfr. " gjere noke med håndå"

Hand, 1) Brukt om heile armen, frå herdaleden og fram til fingerspissane
2) Brukt om sjølve handa, frå vesalleleden (handleden) og fram til fingerspissane.

Fingrane. Syvdemålet har mange namn på fingrane:

1) Barnespråk: Timmeltott, slikkepott, långemann, gullbrand og lisse Pette spelemann.

2) Dei vanleg bruke namna: 1. Tommelfinger, tommel, tommeltott. 2. Peikefinger, sleikjepott, slikkepott. 3. Långetång (langetang), 4. Ringfinger el. ringfinger). 5. Lissefinger el. lissefingr.

Handflata. Oversida: Handabak el handabakjen: Love el. loven. Handamilte, e handamiltet (den kjøtfulle muskelen under tommelfingeren inne i loven.

Andre stader brukar dei dette namnet "^{cm}den indre Side af Underarmen" (Aase Neglene. (Nagl, fl. negle(r), noglå (dativ fl.), Jfr. " Gjere noke med noglå " I min ungdom renska vi potetenje me' noglå". (etter Støyle- Tore).

Naglerot. naglebit, naglefrost: vondt i naglerøtene av frost. Nagleband Anjenagl (el. andnagl) og anjenegle(r): oppflising av huda i naglebanda og i naglerøtene. Også kalla naglesprett. Kattnagl el. kartnagl: knurpet eller vanskapt fingernagl, etter skade i naglerota.

Gamle " kroppsmål", som har samanheng med hendene.

1. Aln (el. alen): egentleg "underarm", dvs. lengden frå albogen og til fingerspissane. Ei norsk aln var 0,6275 m. (jfr. talemåten "ei aln av same stykket" (av same slaget, ikkje betre.)

2. Tùme (tomme): egentleg breidden av den fremste leden av tommelfinger (ein tùme= 2,615 cm)

3: Løvd, ei handsbreidd, avstanden tvers over handflata (ca. 9-10 cm). Ord har samanheng med love, jfr. ovanfor.

Diverse: Tommelen eller tumarsfingeren: egentleg den sterke, tjukke fingeren som kan motstillast dei andre fingrane , slik at ein får grep. jfr. grep og grepen (romet mellom tumarsfingeren og dei andre fingrane.)

" Å vende tommelen opp (eller ned)" for ei sak: seie ja, eller nei; gjenkjenne eller ikkje godkjenne.

Sleikjepotten el. peikefingren: Den fingeren som det høver best å sleil (slikke) og peike med. jfr . husgerådet slikkepoø.

Långetångja (langetanga, langfingeren): den lengste og sterkaste av "små fingrane": Jfr. fingerleiken å drage krok: to personar krøkjer langfingra saman og dreg til for å sjå kven som er sterkast (krokfingerkonkurransen)

Langfingra, adj., brukt om ein person som har tendens til å naske og stele.

Ringfingeren (Gullbrand), Den tridje "småfingeren" på høgre handa, har lenge vore d mest vanlege ringfingeren. særleg for giftingen.



Talemåtar, etc.

" Når handa krøkje, då gape munnen": sitat etter Støyle-Jo. - frå matknappe tider. Han måtte ty til almebork (borkebrød) når det var på det verste, for å dryge mate til familien. "Gripe til med begge hendene": ta i mot med stor iver." Ta skeia i anna hand ": ta seg saman. "Leve frå hand til munn": berre så vidt ha til levemåte
Avleidde ord.

Handfallen, adj., forvirra, lamslegjem, som ikkje veit kva han skal gripe til.

Handfare, v., ta på med hendene, ta og kjenne på. Jfr. " Han handfor alle hundsungane før han endeleg fann ein han likte."

Handkvenn, f., handkvern, liten kvernstein til å dra rundt med handkraft.



Fig, .

Skisse som viser prinsippet for bruken av handkvernar.

(Jfr. "Jofolket, s.63-67)

Handled, m., vesalleled, uvled: ledem mellom underarmen og handa.

Handylve. n., kjepp, eller anna å ha i handa, til å slå med.

Haudesmotte , f., halshol på klær

Haudetynn,n., det å vere svimmel.jfr" I fekk eit slikt haudetynn" (eg vart såsvim

Hangle,v., 1) slite seg i gjennom med møde, berre så vidt greie seg, Jfr. "Jau, de hanglar og går, 2) kjenne seg uvel , vere sjukeleg, skranke.,jfr." Han gjekk og hangla heile sommaren,før han kom seg til dokteren".

Hank,f., (i Syvde uttala hånk)., band,ring,kvistkløft, streng, el.liknande til å trå noko på. jfr. lyklehånk,fiskehånk, krædehånk , dvs,kræde(r), bekk aure,moldkræder,trædd på ei kvistkløft .Dette var den vanlege måten å bere fisken på når vi var på fisketur.

Hank,m., (hankje el.hånkje), handtak på gryte, mugge,bøtte,etc. Ta hand i hånkje: trå til , ta styringa,jfr." Det va´hanj so´måtte ta hand i hånkje når v. stellet va´på det veste!"

Hardbeitt,adj., brukt om tørt gras som ljåen ikkje retteleg vil bite på. jfr. : har(d)beitt slette, ein stad der det var tungt å slå.

Hardbalen,adj. hardfør, som toler mykje, so ikkje er redd for å lide vondt.Jfr.: "H va´ein harbalenj kar!"

Har(d)ne,v., verte hard. jfr."Myranje harna til når gnalljefrostenj kom, so ein kunnje kjøyre på dei".

Har(d)sett,adj.,trassig, stivnakka, hardnakka. Jfr." Han va´ so harsette at i klar `kje å råde me´`nå!".

Har(d)vêr.n.uvêr med sterk storm.jfr."Det va´mykje storm og asveir den vainterer o´ ei harveirsnatt gjikk takje´på lødenje!".

Hare,m., (dyr), eit anna namn er jase (sjå det).Haren er kjend for å vere svært sky og redd, jfr. ein reddhare.

Harefot,m., harelabb. Bakføtene til haren har ein tett filt av lange hår under,og har vore brukt som kost på møblar, til støvtørking, etc. Jfr . uttrykk " Å fare over med harelabben ", dvs. ta lett på ei sak, gjere dårleg arbeid, (i motsetning til grundig arbeid.)

Haremunn.m., munn med hareskår (labium leporium),medfødt kløft i overlippa.

Haremynt,adj., som har hareskår i munnen (også kalla jasemynt.)

Harke,v., klare strupen, kremte,jfr."Han harka og hosta i eitt køyr".

Harm,adj.sint,med god grunn,Jfr." Bestenj va´so harme på me,for at e´hade kasta vekk tolleknivenj `ass ,so´ e´lånte me´ `nå!"

Harme,m., vreide , indignasjon.jfr." Det vekte slike harme i bygdenje at tysker- anje stengde ongdoms-huse o´arresterte formannenj i ongdoms-laja!".

Harmast, el. harme seg over: angre, trege på. Jfr."I harmast so på at e ikkje kjø P-garen den gongjenj `anj va´ fal´e !".

Harmeleg,adj., forargeleg , sørgjeleg.

Harpe,v., sælde, reinse. Drive t.d. matjord gjennom eit (metal)såld ("harpe") for få vekk småstein og rusk, slik at jorda høvsr til blomsterjord.(Harpe j

Hit 2.påskedag (31/3-1997). A.N..

Harpeis,m., harpiks, kvae el. kvade

Hase,m., kne (med sener og bein)melom underlår og fotrot på bakføtrne hjå (hov)dy
På menneske: sene på baksida av kneet; søkk bak kneleden (knehase).

Hatl(Utt.Hahjl),m., hassel (Corylus). Hatlerunn: hasselbusk. Hatlekommar: rakler, hanblomster. Hatletein, hatlerenning: eit ungt skot på hasselbusken. Hatleskog,el.nataskog.jfr." Dei e´nettopp gått på nataskojen" (dei er nettopp gått til skogs for å plukke nøtter).

Hastig,adj., brå, som kjem brått på..jfr." Han e´ alltid so hastige (snarsint,oppfarande),men ånj angra si like ette´på". " Når det ligge ei store snåiri (snørid), o´ det kjeme hastige tøyrd,å e´det alltid stor´e fonnjafåre". (fåre for vassfonn i snøfyllte elvaggjel , og for snøfonn i bratthenga).

Hastverk,n., å gjere noko unna i ein fart,jfr talemåten:"Hastverk er lastverk!".

Hatt,m., hovudbunad, som oftast med pull og brem (filth-hatt, floss-hatt,etc).
Talemåtar:"Vere mann for sin hatt"ikkje vere ringare enn det ein gjev seg ut for; klare å ordne opp i eigne saker."Stå med hatten i handa" : vise overdreven vørndnad. "Ta sin hatt og gå": slutte brått i ei stilling eller eit verv i protest eller harme.

Hauke,v., hue (huje) og rope; mest brukt til kommunikasjon i fjellet.

Hause,m., ei tjukk og mørk haugsky (kumulussky):ein regnhause.

Hovold, el,havald,n., eit av dei banda som, i ein vevstol,dreg varptrådane vekselvis opp og ned ^{for å lage"skjyl"} /slik at veften (islåtten)kan førast inn med skutelen.

Hovolde, el.havalde: træ varptrådane gjennom "augene" i hovolda.

Havaldetre(d).ramme eller stativ til å rade opp hovolda på når dei ikkje er i bruk. For fleire detaljar, sjå "Jofolket",s.152.

Hefte,v., seinke (td.i arbeidet), øyde tida for nokon,hefte vekk,jfr." Anj Lars l o´hefte mi vekk, so e vart ikkje færige so som i hade tenkt".

Hefte,n., hindring, avbrot i eit arbeid eller ein plan,jfr." I fekk eit hefte på veia, so derfor kjeme e for seint".

Hegde,v., halde måten ,styre seg. jfr." Når `anj såg all godematen, so klarte `anj ikkje å hegde si; `anj åt si sjuke!":

Hegg,m., hegg, heggetre (Prunus padus). Heggjetrose(r): heggeblomster.Heggjebær: sm steinfrukter , med sterkt garvande smak.Heggjelukt oo heggjesmak : st karakteristisk lukt og smak av heggeprodukt.

Heidning, m., 1) som ikkje høyrer til kristendomen (ei, andre store kulturreligion:
2) nyfødt, udøypt barn. Heidningehår: hår på nyfødde born. 3) gudlaus,
ukristeleg persom, ateist, fritenkjar: Heidningeland: heidensk land, og
kollektivt, den heidenske verda. jfr. "Han e´ bort i heidningelândia (han
borte i heidningelanda). Lândia: dativ fleirtal av land.
4) ein umelande skapning, eit dyr. jfr. "Det e´ synd på den stakars heid-
ningjen!" (td. den forsvoltne, vanstelte hunden).

Heile. m., hjerne.

Heileskål, f., haudeskål, hjerneskal.

Heimalen, adj., urøynd, uvitande om folkeskikken utanfor heimen. jfr. "Hanj e´ kje
so gapen, men hanj e´ so heimalenj" (han er ikkje så dum (u-intelligen
men han manglar folkeskikk!).

Heimafyre, adv., heimanfor, lenger nede i dalen, nærmare sjøen. jfr. "E´ ånj far din
heime?" "Nei, hanj e´ heima´fyre!" (eller: "heim me´ sjø´nå").

Heimafylgje, f., medgift; utstyr, penger, etc, som ei gjente får med frå heimen når
ho gifter seg.

Heime, adv., heime, i heimen; nær tunet, garden. jfr. "Han sto´ heim på tuna då fonnj
gjikk" (han stod på tunet (og såg) då fonna losna).

Talemåte: "Hyggje (el. hugnad) heime, er dagleg gjestebod".

Heime-: førestaving i mange samansette ord: heimebakt, heimelaga, heimespunnen, heime
voven, heimebryggja, heimedøpt, etc

Heimekjær, adj., som er glad i heimen, og gjerne vil vere heime. Jfr. "Anj Petter va
denj mest heimekjære ta syskjenå".

Heimsleg, adj., som høyre til, som er særmerkt for heimstaden; som minner om heimen
(til ein sjøl); hyggjeleg, fri, fortruleg.

Henn. m., eit svært finkorna bryne. Henne: slipe med henn (eller bryne). jfr. Hennje
kniven (slipe kniven).

Heit, adj., heit; varmare enn fjelg og varm. jfr. "Sola e´ heite i dag". "Badevatnet
e´ for heitt."

Heitt, adv., "Sola skjine heitt i dag", "Der gjikk det heitt for si!" (der var ei
fælt oppstyr, dei slost so busta fauk!)-

Heite, v., ha til namn, kallast. Jfr. "Hanj heite Per!" "Ho´ eite ette´ bestemorenje"
(ho er oppkalla etter bestemor si). "Ka eite du?". "I eite Per!"

Heitfengd, adj., som toler sterk varme, eller kan handtere heite ting. Jfr. "Gamle-
smeden va´so heitfengde at anj mest kunnje handtere gloande jarn".

Hitne, v., varmast, bli varm. Jfr. "Når vatne´ hitna litt til, kan du leggje opp i
fiskjenj"

Hekel, (uttal. hekjel), ein lang, skranglet fyr, jfr. "Hanj va´ein långe hekjel!!"
"Din långe-hekjel!" (skjellsord, sagt i sinne).

Hekke, f., trehyll med fleire hiller (tvergåande bord) og gardin på framsida; brukt til å setje kjørelid og mat i.

Hekle, v., (etter tysk: hekele, jfr. hake: reidskap med framstående krok til å gripe med). Lage plagg av samanhengande maskerekker av tråd med heklekrok eller heklenål. jfr. "Ho sat og hekla på ein duk".

Hekte(hekle), v., hekte småfisk, mest sild: tråde hovudet av den eine slida inn gjennom tokneringonen og ut munnen på den andre. slik at to og to sildar heng i hop, og kan hengjast til tørking over ei snor, ei trode eller liknand. I Syvde kallar vi sild tørka på denne måten for hektasild. Den blir bruk til folkemat eller dyrefôr.

Hekle, f., 1) treplate med fleire spisse tindar av jarn eller stål, til å rense li eller hamp med. 2) Fiskesnøre med blylodd i enden og mange krokar på. (Fiske med hekle?)

Heks, el. hekse, f., (etter tysk Hexe), kvinne som etter folketrua står i samband med overnaturlige krefter, demonar eller djevelen, og kan føre vondt på folk og fe; trollkjeriing. Vart trollkjeriingane funne skuldige, enda dei som oftast på bålet. Ein av dei siste, eller kanskje den aller siste hekseprosessang i Norge gjekk for seg i Syvde (Vanylven) i 1680. To kvinner (frå Løset) vart funne skuldige, og vart brende som hekser.

Hel, død, dødsrike (ubøyeleg substantiv. I gammalnorsk hokjønning).

Uttrykket: i hel, finn vi att i mange samanhengar. og tyder då "til døds" eller "så ein døyr". Jfr. fryse, slå, svelte. ete seg, le seg ihel.

Vi finn det også att i samansette ord som: ihelslegen, ihelfrosen, ihel-svolten, iheltrakka, etc. Helhunger: svolt som nokre får når det lit mot slutten. Helsott: sjukdom som fører til døden.

Hèle, v., hèle, dele med ein tjuv. Jfr. talemåten: "Helaren e'kje beire enn stelaren".

Héle, f., rim, rimfrost, jfr. "Det va' kome so langt på haust'a, at det låg hèle på markjene kvar morgå, men' o for fort når sola kom opp".

Heilder, adv., 1) heller, jfr. "I synest du heilder ska'ta dinnje enn hinj".

2) heller, snarare. jfr. "Det e' heilder for stort enn for lite".

3) likevel, jfr. "Det va'kje so langt heilder".

Helle, f., 1) flat stein, 2) bakstrehelle, rund jarnplate til å steike kaker og fl. brød på, 3) eit fast og samanhengande. underliggjande lag: aurhelle, lei-helle, ishelle. Trøtehelle: flatt eller langsrakt område av opphovna vev. Trøte, m., opphovning av ein kroppsdel, ødem.

Hellar, m., Berghole, skyle (utoverhallande bergvegg). jfr. Tjøvehellaren under Branc. fjellet i Nordalen, Etter sagnet hadde eit utanbygds par tilhald der, og stal sauer frå bygdefolket. Det vekte harme, og ei natt drog nokre kar opp til hellaren og skaut dei.

Hellekake, f., tynn kake av gjærdeig eller natrondeig, som vart steikt oppe på omnen eller på ei bakstrehelle.

Helletak, n., tak med skiferheller.

Hylme, f., halmstubb, stylkar etter avskorne kornstrå på åkrane.

Hilore, v., våsprate, snakke etter munnen. Jfr. "Du ska kje motseie `nå, for det tol`an inkje. Du ska berre hilore me`nå te`du fe`nå frå di!" (blir kvitt)

Helpe, v., det same som hjelpe. I Syvde mest (eller berre) brukti talemåten: "Han (eller det) er meir til stelp enn til help" (meir til skade enn til gagn). Også brukt i formen: "Det stelp meir enn det helpe".

Heming, m., skikk, orden. Matheming, matskikk, alt som har med mat og matstell å gjere. jfr. "Dei hadde ein annen matheming der ho (verdottera) kom ifrå"

Hemne, v., hemne, gjere opp. Jfr. "Endeleg fekk han hemne harmen!" (endeleg fekk han gjort opp for den uretten som han meinte dei hadde gjort mot han!):

Hemn, m., gjengjeld for noko vondt eller krenkjande, jfr. talemåten; Hemnen er søt!.

Hemngjerrig, adj., som er fus eller lysten etter å ta hemn.

Hendig, adj., flink med hendene, praktisk.

Hengjebjørk, f., (Betula pendula), bjørk med lange nedhangande kvister; også kalla syriebjørk. Ei slik bjørk har lenge prydd kyrkjegarden i Syvde.

Hengslet, adj., med dårleg kroppshaldning; jfr. "Ein långe, hengslete kar".

Heppen, adj., som har hepne eller slumpelukke med seg. Kan også brukast ironisk om ein som alltid er uheldig. Jfr. Hanj Heppenj" brukt om ein person som stø er uheldig og rotar seg opp i vanskar.

Herd, (uttal. hær) f., aksel, skulder; kroppsdel mellom armen og halsen. Herdabreid breidherda. "Det e`kje meir enn du kanj bere det på harenje".

Herde, (uttal. hære), herde, gjere hard. Herding av stål ved avkjøling i vatn. jfr. herdslevatn: vatn brukt til herding av stål; tidlegare nytta mot gust (eit hudutslatt) og andre hudplager. Herde, i tydinga gjere hardfør: he seg; venje seg til å tole og lide vondt.

Herdatopp (utt. hæratopp), m., den delen av ryggen som stikk opp mellom bøggjene (boane) på eit dyr; kanskje mest brukt om hest.

Herdig, adj., og iherdig, modig, uthaldande. Ein iherdig kar: som har stort pågangs mot, som ikkje gjev opp i første motbakken.

Herding, f., det å herde (brukt i mange samanhengar); slit, hard påkjenning. jfr. "det spørst kor det går når det kjem i herdinga!" (når det blir alvor)

Hubro(r), m., (Bubo bubo), stor ugleart, med store fjørtoppar på hovudet. I Syvde kalla begul (bergugle). Fuglen skal ha namn etter skriket "uh" el. "huh" jfr. feigd og feigdafugl.

Herk, n., sarv, dårlege greier; brukt både om folk og ting.

Herke (uttal, herkje), n., hindring, situasjon der noko går vanskeleg, td, feil i ein lås. Også brukt om ein talefeil, jfr. "Han hadde eit herkje i målet" (had vanskeleg for å tale reint).

Herkje, v., 1) stramme opp taumane og surre dei over hyrvet, slik at hesten kan stå still. jfr. "Herkje hesten". 2) herkje ihop: surre eller binde saman no uvørent og i ein fart.

Hyrpe, v., sy uvørent og med lange, grove sting, jfr. "Hyrpe (snyrpe) i hop ei flær i eit gammalt klæsplagg".

Herme, v., 1) referere, sitere. jfr. "Han herme oftå ette kva gamle folk hade sagt, nå det va' spørsmål om fonnjafårnj". 2) imitere, ape etter ein person i ta og veremåte (gebærder), jfr. "Hanj va' so fæle til å herme ette folkja, a hanj skaffa si mange fiende på denj måten".

Harsk, adj., brukt opm feitt (smør, flesk etc.) som under lagring blir omforma (spal slik at det luktar og smakar ramt og beiskt, og skifter farge til blei eller gulleg (smør og flesk harsknar lett).

Hes, f., (uttal. hæs, fleirtal, hesja(r)). innretning til å tørke gras og kornnek på. Ein snakkar om å setje opp ei hes: Hesjastauren (2.3 m lange trestaurar) blir sette i jornda i ei snorrett rad, med 2-2,5 meters avstand mello kvar staur. Denne avstanden kallast eit golv. Mellom staurane blir det nå strakt (hesja)streng, eller spent (hesja)troder i 5-6 høgder. (I kor hesjane var det som regel fire troder: røvetroda nederst, som var 60-70 cm over bakken, og skurtroda øverst).

Endestaurane i hesjane vart staga av med band (kjettingar eller ann som vart feste til tollar som var drivne på skrå ned ijorda et par met frå enden av hesa. - For å hindre at hesjane skulle blåse overende, vart dei på sidene skora opp med treskorer (stenger med ei klyft i enden). Hesjastrengen og hesjatrodene vart bundne fast til staurane med hesbond dvs. meterlange bjørkekvister som var kløyvde etter midten, etter ein v teknikk.

Høyhesjane. Her vart graset rist til avlange kjember som vart lagde ove hesjastrengene. Ein starta nederst til venstre i eit gov², og arbeidde seg oppover til golvet var fullt.

Kornhesjane. Kornet var grunnlaget for maten, og måtte handsamast deretter: Det var viktig at kornaksa ikkje låg ned på jorda under tørkinga, då viile dei liggje fuktig. og ta til å gro- Kornbundana (kornneka) va difor sett på stylenden inn til nederste troda (røvetroda) i hesa. og bøygde med visen (aksenden) over denne.. Slik sette dei ~~ei~~ aksa skift på kvar side vis / inn til røvetroda til dene var full. Kornneka var stive, og hang difor dårleg på trodene. Ein la dei difor over venstre armen, og ga dei ein "knekk" med høgre hande før ein hengde dei op på trodene. Dette var

spesielt viktig for dei neka som skulle vere skur (den øverste rekkja), etter som den var mest utsett for sterk vind, som vi ofte hadde om hausten. Skurneke vart diflagde spesielt vel til rette. og ofte feste på ein spesiell måte.

Hesjastad: plassen på jordet eller åkeren der ei hes hadde stått. Hesved: Det utstyret (staur, troder, tollar, streng, etc, som trengdest til hesjane). Dette hadde gjerne plass i eit langt og smalt hus på garden: trodehuset. Hesje: hengje gras og korn i hes. - Før dei slutta med korndyrking i Syvde, og for siloane kom i bruk, var hesjing ein viktig del av gardsarbeidet om sommaren.

Hespe.f., bundel av tråd som er lagt i ring, opphespa trådbunt.

Hespetre, n., 1) garnvinde, 2) stygg eller vrien person, særleg kvinne, jfr. eit hespetre eller ei hyrpe.

Hest, m., hovdyr (art) av dyreslekta Equus, brukt som trekk-, ride- og kløvdyr; hanndyr av hest. Hesteansikt: langt, smalt ansikt, Hesterompe: hestehale. Hestetjagl: dei stive håra frå hestehalen, brukt m.a, til rennelykkjer i rupesnarer og trastasnarer. Hesterygg. Jfr. frakte noko på hesteryggen. Hestesko (lukkesymbol, når hengd opp på rette måten over ei inngangsdør). Hesteskosaum: saum eller stift til å feste hesteskoen til hover med. Hestevandring: ei innretning der ein eller fleire hestar går i ei sirkelbane, og med ei stang dreg rundt eit stort tannhjul, som i gjenoverfører trekkrafta til ein arbeidsmaskin. Hestesele: drageutstyr for hest. For denne innretninga, og dei mange namna på den, sjå "Jofolket" s.174.

Talemåtar: Slik mannen er mot øyken (hesten) sin, slik er han også mot kjæringa si. Hestehandel; jfr. "drive hestehandel" i ei politisk sak, eller liknande: Fire på moral og prinsipp for å oppnå det ein vil.

Hestemaur, m., vanleg svartmaur (Formica rufa), i motsetning til raudmaur (migrematpissemaur: Formica rubra). Hestemauren lagar store tuer (maurtuer) av barnåler, småkvister, etc. Egga til hestemauren er 2-3 mm lange, og bleikgul. Mauregg (Ovum formicae) blir samla i visse utland, og dei vart tidlegare selde gjennom apotek, som mat til små akvariefisk.

Mauren har lenge vore rekna for eit kiokt og flittig dyr, som vi menneske kan ha mykje å lære av, jfr. Kong Salomos ordtøke: "Gå til mauren du late, sjå på hans strev og vert vis..... Han syter for mat om soomaren, og samlar inn føde om hausten."

Hid, m., hole, der visse ville dyr har tilhald, eller der dei overvintrar, Jfr: bjønnjahid, ulvehid, røvehid, etc,

Higre, v., omlag det same som hustru, skjelve av frost, jfr. "E gjikk der o' higr: og fraus heile natta".

Hikk, m., einskilt, sterkt, spontant andedrag med tilhøyrande lyd (ved hikke).

Hikke,m., ujamn og uvilkårleg innanding med tilhøyrande sterk lyd på grunn av krampeliknande saantrekking i mellomgolvet.jfr.ha hikke, vere plaga av hikke.

Hikke,v., ha hikke eller hikstre: (eit anna ord for hikke).

Hil,m., ein lang,tynn fisk; stundom også brukt om ein lang,tynn kar: ein långe hi

Hin. peikande pronom, med formene: hin (hinn),m.,hi.m.,hitt,n., hine,pl. —

- 1) hin, den andre (av to);i fl:dei andre(av fleire).Står hin ved eit substantiv, får dette bunden form.Jfr.hin foten (den andre foten),på hi sidå. Hitt folket, ikkje den nærmaste familien,men dei andre i bygda.jfr "So gjere hitt folkje,men vi gjere det på ein annjen(og beire) måte!":
- 2)førre,føregåande: Hin dagen:i går (eller førdags); hi veka(forrige vike den nærmast føre gåande vika; hitt året (året før).jfr."Nei, det va kje ditte,det va hitt åre!".Hinmannen :djevelen.

Hind,f., hjortekolle, jfr." Ho sprang lett som ei hind!".

Hingst,m., ukasterert hanndyr av hesteslekta; grahest.

Hipen,adj.som ventar spent og utolmodig på at noko skal hende.jfr." Han var så hipen etter å kome avstad,at han fekk ikkkje ro på seg!".

Hir,n., eit opphald ,eit opplyse, td, i regnveret,jfr."No vart det eit lite hir,sc får vi prøve ut på åkren!".

Hire,v., gjere eit kort opphald,td. under tungt arbeid. jfr. "Nei,no får vi ta ei lite hir!" Om dyr:stå og døse uverksame, utan å gå eller beite.

Hisse,v., drive til aksjon; td. få ein hund til å jage og gøy.jfr."Han hissa hunde på meg då eg kom inn i tunet". "Han hissa hunden på geitene, for å jage ut av innmarka!"

Hisse,f., vasshisse eller beretre(d), jfr .Fig. Brukt til å bere vatnfrå brønn. kjelde eler elv for folk og fe.Ei hisseferd: to bøtter borne fram med hi




Fig. ..

Hisse,vasshisse eller beretre

Histre,v., hutre, småfryse.Jfr. " Han va´ so tynnkladde, at ånj gikk o´ histra og fraus".

HIt,f.,skinnsekk til å bere på ryggen, laga av rundflådd sau.Halsen tener som opning,og fotskinna blir forlengde til berereimar.

Hite,m., sterk varme.jfr. " Ditte vart noke te´brennhite!". (sagt om vêret).

Hjarte,n., hjarte, muskelorgan i blodkarsystemet som pumpar blodet rundt i kroppen Ordet hjarte blir brukt 1) i samanhengar som har med sjølve hjartet å gjere (hjartefeil og dei ulike hjartefungsjonane).

2) for å karakterisere ein sinnstilstand.Jfr." Hjartet hoppa i han av glede!". " Det var som om hjartet skulle breste" (av sorg). " Eg fekk sl hjarteverk" (angst og uro), etc. Hjartesadel: hjartepose , hinna omkri hjartet (på dyr,på slakt).

Hjá,el.hos ,prep., i huset til , i lag med.I syvdemålet blir denne preposisjonen konsekvent ombytt med: me(d), me(d) nå (hånå),me(d) nje(henne).

Jfr; " Meda ´anj va´ i bygdenje, budde ´anj me(d) oss" (hjå oss).

" Han bur me´ ´nje Kari inntil vidare". "E haure at ´anj ska ´arbeide me´ nå (eller åt nå) Hans i sommar".

Hjell,m., 1) stort trestativ til å tørke fisk på. 2) halvloft (budalofte, kovelofte i dei gamle røykstovene),hems med soveplass, trev,lem. 3)stor berghylle eller høgde i lendet som er flat oppå,jfr. stadnamna: Hjellen og Hjellar.

Hjerne,m., heile,den delen av nervesystemet som ligg i hovudskåla.Ordet også brukt for å uttrykkje åndskraft,tankekraft.jfr. "Nei,her nyttar det ikkje med rå kraft, her må hjerne til!!"

Hodde,f., hank, handtak,bøygte handtak frå eine øyret til det andre på gryter, kjel o.l.Talemåte: krokjen (kroket) som ei grytehodde.

Høke,f., Stivt ringband av metaltråd eller liknande til å halde att eit lød eller ei grind med.jfr. " Du må hugse på å hengje på hòkå, so ikkje ledet står ope!".

Hokre,v., gå vaklande og med møde. jfr" Han gjikk o´ hokra berreføttå på dei stive grasstubbane der slåmaskjinå hade gått".

Hól,m., låg, tørr haug eller vid,flat tue på eit vassjukt eller myrlendt område

Holk,m., ring til setje på enden av eit skaft, for å gjeré det stærkt.

Holl,adj., stor , sterk, velvaksen;dryg. jfr." Der va´mange sterke kare, men ´anj Eirik´e va no likevel den holljaste!". " Ei hollje tynnje": godt og ve ei tønne; ei dryg tønne.

Holveite,f., dreneringsgrøft med innmurt dreneringskanal.Har kanalen både hellelød og heller i botnen, seier ein at grøfta er "kistesett."

Horg,f., hop ,flokk, mengde. Brukt mest om dyr,men også om folk (i litt nedsttande menining.Jfr." Det heldt på å verte for lite mat,for dei kom heile horg (både bedne og ubedne).

Høse,f., strømppe. Talemåte:"Det går(så lett) som fot i hose!"

Hoseband,m., strømppeband. Hosebandstaden: der leggen er tynn like under kneet.jfr. beltestaden. Talemåte: "Å nå ein opp i hosbandstaden" . Mest brukt om åndelege kvalitetar,jfr" Som salmediktar rokk`anj ikkje Blix opp i hosbandstadenj!".Hoselest , strømppelest.Gå hoselestå: gå utan sko, gå på strømppelesten.

Høsen,adj., laus, svampeaktig, porøs.Mest brukt om (overgarva) lær.jfr. " Lèdet i disse skonå e´ so høse at det heilde kje vatne´ute". jfr.moselèd:høs overgarva lær.

Hoste,m., hoste (tussis). Kikhoste: gøyande hoste med "kiking", framkalla av mikro hordetella pertussis eller nærskyldte mikrobar.Hosteflage:hosterid.

Hovd,f., bugt eller bøyel av tre, fest i enden av eit tau eller reip,og brukt når skal snøre saman ei høybøre,eller gjyre eit høyllass eller eit veda-lass, etc.

Holm,m.,lita,gjerne berglendt øy, ofte med vegetasjon.

Holsvolten.adj., forsvolten,uthungra; svarer til ihelsvolten i Syvde,jfr."Gjeitene va´ so ihelsvoltne at dei åt einebar so det skulle vore høy!".

Hempe,f., stropp,lykkje(hempe i klær.jfr." Det manglar hempe i hanklædet!".

Honk (uttal.hånk),f.,(fl.henke(r),knippe,jfr. lyklehonk, fiskehonk, kredehonk,etc.

Hóp,m., hop,flokk,samling; også samkvem,samvære. Uttrykket "i hop" blir brukt i mange samanhengar i staden for"saman"jfr,: drage i hop, gøyme i hop, spare i hop,sige i hop,bøye i hop, knyte i hop,nå i hop, ta i hop,etc Ihopehav:samkvem, samarbeid,Jfr." Du må kje ha for mykje hopehav me hånå, for `anj he´ eit dårle`rykte!".Hop-eign: sameige.

Honnrot (hornrot),hornfeste på hovudet av dyr.

Hov,m., den"forvaksne" naglen på hovdyra.Hovskjegg: hårdusk på hesteføtene , like over hovane.

Haud og hovud,n., kroppsdel over eller fram for halsen på menneske og dyr.

I Syvde blir begge formene brukte: haud om sjølve kroppsdel, og om alt sm knyter seg til den;hovud i meir sosial og litterær samanheng, i hovudstaden,hovudredaktør,etc.Haud blir også brukt om noko son likna på eit hovud,ellerkan assosierast med det(spikarhaud, rivehaud,etc). Ord og vendingar på haud, knytte til sinn,tanke,vit og åndsevner:Ha e godt haud,vere eit storehaud (vere klok, forstandig); fylgje sitt ei haud; det gjikk ikkje ette mitt haud.Fare fram åhaude: falle framover

Haudebur(d): måte å halde eller røre hovudet på. Haudegjier(d): hovudende på seng. Haudekast:kast eller sleng med hovudet. Haudeplagg: brukt 1)om hovudplagg, generelt 2) om hovudplagg til kvinner,dvs. ein firkanta duk av ull, bomull eller silke. Silkeplagget, som var til kyrkje- og festbruk,var oftast utstyrt med faks og vart då kalla for faksahaudeplagg.Haudesmotte:halshol på klær.Haudetenne:skinn,flådd av hovudet på dyr. Haudetulla:forvirra i hovudet. Haudeverk:hovudverk,j i he slike haudeverk; ell.: i e'so låke i hauda.Haudeør:svimmel,el. svimren.

Hug,m., sinn , tankar. Ordet brukt i mange samanhengar og talemåtar.Jfr. "Han e' heilt greinalause,`anj he`verken hug elle` dug!" "Få,el.ha hug på ne (hug her i tydinga lyst).Hugbit: svarer vel nærmast til symptomane på kardialgi (verk under brystet av krampe i magemusklane,av for myk magesyre,halsbrand,sure oppstøyt.

Hugfallen,adj., modfallen,trist.

Hugge,v., trøyste, roe , stogge gråten,jfr. " Du må gå o`hugge banjet. Du høre at det e'so frå si!", " Når anj kjeme heim, he `anj alltid eit elle` annja å hugge`nje me`!" (hugge,her i tydinga glede.

Hugs,m., minne, evne til å hugse.jfr." I he` alltid hatt gode hugs,men i det siste he` e vorte heilt hugselause!"

Hugse,v., kome i hug,minnast,jfr." De må hugse på å ta me`styvla o`oljeklæde,for det verte nok ein våte tur!" " Jau, i hugsa `nå godt frå det `anj va litenj!"

Hugskot.m., infall, idé

Huke,v., bøye seg i knea og krøkje seg ned.jfr."hykje si ned".

Huld,adj.,-lt, -lde (gammalnossk: hulidr, huldr; eigen^tleg perfektum partisipp av hylje) ,løynd,bortgøymd,usynleg.

Hulder,f., den løynde,den bortgøymde,den usynlege.I folketrua eit vakkert kvinneleg vette med kuhale, som held til i berg og haugar.

Etter folketradisjonen var opphavet til huldrefolket dette (fortalt a bestefar, Erik J. Nordal,1841-1930):" Ein gong tok Vårherre seg ein tu ned på jorda,og tok inn til ein familie med mange born. Då han møtte kona,spurde han om å få sjå borna hennar. Fleire av desse var så sk ne og vanstelte, at kona ville ikkje vise dei fram,og gøymde dei vekk. Då sa Vårherre:" har du ikkje fleire born?". "Nei", svara kona. "No ly du!", sa Vårherre," og som straff for det skal alle som er dulde vert hulde(huldre)!! Dei bortgøymde borna kom aldri til rette. Dei måtte l under jorda,og vart opphavet til huldrefolket.

Etter andre kjelder,var det nokre av borna til Eva (vår første mor) som vart huldrefolk.

Huldretradisjonane har spela ei stor rolle i folkefantasiaen til mange europeiske folk gjennom tidene, og då eg vaks opp i Nordal i Syvde, var desse tradisjonane endå lys levande der (Jfr, "Jofolket", side 88, og sidene 276.279. Den mest prominente huldera på Nordalsfjellet heitte Velvora og budde i Velvorahaugen, (jfr. Fig...).




Fig.

Velvorahaugane på Nordalsfjellet.

(Bruvatnet(nærmast), i bakgrunnen: Kvandalshonnet.)

Huldrebuskap: buskap som i folketrua høyrer til huldrefolket. Huldreeventyr: Segner og eventyr om huldrefolk. Huldrefolk: haugfolk, dei underjordiske. Huldregard: gard som høyrer til huldrefolket. Huldrehaug: det dei underjordiske held til. Huldrekrøter: krøter som høyrer huldrefolket til (jfr. "Jofolket"). Huldreslått: (fele)slått som huldra spelar, eller som etter tradisjonen stammar frå huldrefolket.

Humle, f., insekt av humleslekta (Bombus). Humlebøle: humlebol, humlereir.

Humle, m., plante (Humulus lupulus) av hampefamilien; dei tørka blomstrane nyttast i ølproduksjonen.

Hummel, m., bygg (Hordeum); Bygg vart tidlegare dyrka i Syvde, Den treng kortare modningstid enn havre, som det kunne vere vanskeleg å få sikkeleg matkorn i regnfulle og kalde somrar, med tidleg nattefrost. Hummelsjupe: Vanleg namn på runde, og ofte lodne nyper (Rosa mollis m.fl.) som vart modne snart tidig med hommelen, i motsetning til dei meir langstrakte og harde hevre jupene (havrenypene), som først vart modne seinare på hausten (omlag samtidig med havren).

Hump,m., eit feitt kløt- eller fleskestykke,jfr.talemåten:" Der det e´ein feite homp,der e´det jamnast ein eiti!;(dvs.det som ser så bra ut.har ofte sine lyte). Hump, også brukt om ein kul eller ein rygg på ei flat strei-ning, td. ein køyreveg.

Hun,m., fjøl med ei borkside, halvplanke, Bakhun: fjøl som er skoren av sida på ein tømmerstokk,slik at den eine sida er flat og den andre halvrund.

Hund,m., (uttal.hond),brukt om hund (Canis) genereli, eller også i tydinge han-hund (rakkje), i motsetning til hohund (tisper,tik eller bikkje). Ordet også brukt i andre samanhengar:1) til å forsterke eller understru- noko usedvanleg,jfr."Det va´då hond te´knyld (kulde)!":"Det va+ då hon- te ka+!". 2) om personar som er spesielt grådige etter eit eller anna. jfr." Han va´ ein hond ette´kvinnfolk" Han va´ ein hond ette´brennevin 3) i visse talemåtar.jfr."Hund veit når måltid står!" (Brukt av ein som kjem i utide, når folk sit og et). Ein hundsalder: ei kort levetid Hundsonge, hondekvelp: ein liten (ung) hund.Hundedagar: årstid,tida fr 23.(24) juli til 23.(24) august.

Hurkle,v., gje frå seg ein urein,snorkande lyd: det hurklar og snurklar i halsen.

Husbond,m., brukt om mann i eigenskap av overhovud for huslyd og tenarar, ekte-man Husbondsfolk: sjølefolk, husbond og kone; husbond og matmor.

Husfar, m., familiefar,mann i huset; tilsynsman for internat o.l.

Husmann,m., mann(familie) som bur i eige hus på annemanns jord eller på bygsla jord .jfr. husmannsplass, plassemann,husmannsstove,husmannsstell,hus-mannsånd,etc.

Husvarm,adj., som finn seg vel til rette, eller tar seg vel mykje til rette i eit framandt hus,jfr" Han e´ vorten litt for husvarm,so du må nok ta i gj me´ nå!".

Hute,v., skrike og skråle; hute ein hund: stogge han,true han til å slutte med å gøy og jage.

Hyggje,m., hugnad,noko som gjer hugen glad,i motsetning til uhyggje: noko som gj ein trist og sår i sinn.

Hyl,m., ei djup grop på botnen av ei elv eller ein bekk.(fleirtal:hylja(r)).Går in i mange stadnamn.

Hylje,v., ause ned,om regn.jfr. "Hylje og regne".

Hylkje,n., dunk eller spann med ei flattrukt side,utstyrt med stroppar eller reima så ein kan bere det på ryggen.Mest brukt til bering av mjølk frå hamne gangane på fjellet og ned til bygda.

Hyll,m., hyll,hylletre (Sambucus).Hyllemerg,hylleroser (hylleblomst), hyllebær, hyllete:te kokt på tørka hylleroser.

Hylme,f., halmstubb i åkrane etter at kornet er skore.Rake hylme: rake saman laus halmstubb og kornavfall etter at kornbundena (neka) er sette i hes.

Hyming,m., ein veikvoren og sjukeleg person, jfr uttrykket;"Ein stakars hyming!".

Hýr,m., lyst,mot,pågangsmot.jfr." E he´kje noke hyr på maten i dag,i må visst ver sjuke!". Han tilboud mi fiskjerom (plass til vinterfiskje), men i va´k særle´hyra på det, for i e´so låke ta sjøverkja!".jfr. Uttrykket:"E e´sc ohyrenj": eg er ennå trøytt etter natta, er ikkje skikkeleg vakna.

Hýrg,n., vås, unyttig snakk eller lesnad.jfr." Nei, han ve´i ikkje ha te´deng. Dei seie at `anj gjere kje annja enn å sikkje innje o´lese hyrgjebøke!"

Hyrgjebøker: underhaldningsbøker, skjønnlitteratur.

Hynning (hyrning),m., tvertre i ein slede,vanlegvis med oppstående endar for å halde lasset på plass:sledehynning.

Hyrpe,v., snyrpe,drage i hop.jfr."Ho hyrpte i hop munnen"-Hyrpe ihop eit klædeplag (beste det i hop grovt og uvørent).

Hyrve,m., mellomstykkjet i ein hestesele; dendelen av selen som kviler tvers over ryggen, og tener til å halde opp drættet.jfr: "Jofolket",s.174.

Hyse,f., kolje (fisk)(Gadus aeglefinus)

Hyse,v., gje eller skaffe husrom.Jfr," Han brukte alltid å hyse splintefylgja (tat fylgja) når dei var ute og for."

Hækjen,v., svolten,grådig: havesjuk, som trår etter pengar og gods.jfr." Han e´sc gråhækjen at `anj får aldre nok!"-(Grå er her eit forsterkande suffiks.)

Hæl,m., den bakre delen av ein fot. Hælebot: lapp eller bot på ein hosehæl.Hælkapp foring ,støtteforingpå innsida av skoen,bak.Hæljarn: jarnbeslag til å fese under skohæl.

Hælsott,f., dødeleg sjukdom.jfr."Nei, no he´e visst fått hælsotta!".

Hæse,v., puste, pese , vere andpusten av hardkøyr og utmatting,t.d etter eit hardt løp.

Hævd,f., ord brukt i mange samanhengar.!) i god stand,velstelt,jfr."Garden er i god hævd", "Det kostar å halde det i god hevd" (mest brukt om jord).2) Hevd: eigeomsrett til noko som ein har brukt lenge utan påtale. 3) Gjødse,tae jfr." Det må nok mykje hævd til for å få denne skrinne åkeren til å bere gode frukter".

Hævde,v., gjere gjeldande,vise til,jfr."Du må hevde din rett"(du må stå på krava

Høg,adj,., høg, utstrakt i retninga oppover: eit høgt tre,eit høgt fjell etc.Bruk også i mange andre samanhengar,jfr.ein høg pris,ein høg alder, eit høgt t ein høg lyd, eit høgt mål; han går meg ein høg gang(han vil snart overgå meg),det var på høg tid,dei for høgt og lågt,osb. Høgsete: hedersplass ved bordet.jfr." Sitje i høgsetet": ha hedersplassen.

Hærsåld,n., (tre)såld brukt til grovrensing av korn på gamlemåten, i samband med bruken av tuste , skjedde og dryftetrøg,jfr .Fig...




Fig.

b: Tuste, c: Skjedde,d: Dryftetrøg,e: Hæresold.

Høvel,m., i Syvde brukar vi formen hývel, Verktøy til å jamne eller forme overflate, særleg av tre, Hyvlebank: arbeidsbank til å spenne fast og høvle eller arbeide med trestykke i.Hyvlekaure: høvleflis,høvlespon. Hyvelstonn:skjerejern,bitjern i ein høvel.

Høve,n., treff, slumpetreff,når noko passar eller er lageleg.,jfr!" Du får kome i om ved høve!" " Nei, det høver dårleg i dag!".

Høvisk,adj., høvisk, sømeleg.jfr." vise høvisk framferd".(føre seg slik det søme seg).

Høye,,v., arbeide med høyet,drive med slåttarbeidet.

Høyfleck,m., eit lag med høy, som er lagt utover marka til tørking.

Høyhas,f., sjå has

Høykrok,m.,spiss krok eller hakje til å drage høy ut or høystålet med.

Høylód,f., høyavling,sjå lód.

Høyløg,m., avkok av høy, ved visse høve brukt som ku-drikke.

Høyløyse ,f., slå lodaløyse.

Høymørd,. blanding av høyfrø og anna smått høyavfall ; oppsop frå høybruten i loda

Høymole, f., høymole (Rumex longifolius), meterhøg ugrasplante; slektning av rabarbra. Trivst best i feit jord.

Høyre, v., høyre, oppfatte lyd, tonar. tale, etc. Brukt i mange talemåtar og samanhengar, jfr. "Han verken ser elle høyre". "Han høyre det 'anj vil". "Ha lest ikkj høyre". "Han sist ikkje høyre" (han let som om han ikkje hadde høyrte det; jfr. "E ska gje di eit godt råd, Johannes: vi får ha tjukke øyre! dvs. vi får late som om vi ikkje hadde høyrte det). "Nei, di høyre kje oss til" (dette er ikkje vårt). "Høyre si fyre" (søkje råd eller opplysning om eit eller anna). "Ein ska høyre mykje før øyrene dette av!" "Nei, ditte e' det ve(r)ste e he' haurt!". Tunghøyrte, dau(v) høyrte. stein dau(v) (som ingen ting høyrer).

Høyterre, m., godt og lageleg vær for tørking av høy. jfr. "Nei, vi he' kje hatt ein skjikkele høyterredag på långe tide!". Høyvondel: eit samarbunde knipp eller fangan med (av) høy. Som bindemateriale brukte dei helst eit hansnar. Ein halmvondel var gjern ein ein halvdøgnstrasjon til kyrne. Fangan el fangan: så mykje som ein kan ta i fanget, dvs. mellom armar Halmsnar: halm samantvinna til eit band.

Hå, el ho, f., etterslått; mjukt, saftig gras som veks opp etter høyslåtten. Jfr. "Sleppe kratura ut på ho'nå" Jfr. uttrykke: "Å sleppe på bø!". Ho-supe: tradisjonell rett etter at ho-slåtten var ferdig, på tilsvarende måte som dei hadde sláttegraut (rømmegraut med mykje feitt på når dei var ferdige med slåtten, og skuragraut når dei var ferdige med (korn)skurden. Etter at dei, med dugnad, dvs, med gratishjelp av grannane, hadde lagt ferdig eit nevertak (torvtak), hadde dei også eit ein "graut" (eit grautagilde). Denne heitte tekkjargraut.

Hå, m., hå, fisk av haislekta (Acanthias vulgaris) ein lten haifisk som brukar å følgje tirskestimane under vinterfisket. Når folk kom heim frå fiskje væra om vårane, hadde dei stundo tørka hå med. Han var full av tørka tjukt, gult feitt i buken.

Håbrand, m., ei av dei større haiattene (Lamna cornubia).

Hgløyskjjen, adj., ein som hugsar dårleg, kanskje mest på grunn av høg alder.

Hål, adj., glatt; mest brukt om is og andre harde ting, men også om folk i tydinga "slu og sleip", jfr. "Hanj e' ein håle kar" (ein som ikkje er lett å gripe, td. i rettsleg samanheng).

Hålke, el. hålskje, n., det at noko er glatt, td. ein islagd veg. jfr. "Det vart ein slike hålskje (eit slikt hålkeføre) at det er uråd å kome seg til sjøss!".

Tillegg til bokstav "H"

Hald,n., list med fleire halvrunde hol inn mot vegg. Slike hald hadde dei i dei gamle røykstovene over bordet, til hornskeiene (matskeiene), og i snik verkstaden og i smiene til tenger, stempeljarn og liknande utstyr.

Halvkylping ,m., ein halvaksen gut.

Hal(v)skjorte, f.ei slags smikke eller eit halsklæde som gjekk eit stykke ned på t tet og pynta opp i halsopninga på vest og jakke (i staden for snipp og slips som seinare kom i bruk).Halvskjortene var alltid vel for-seg- gjort ofte pynta med prydsaum.

Handylve.n., reidskap eller våpen til å ha i handa; handverje:: ein kjepp, ein stav eller liknande.

Hatteføk,n., uro og forvirring i ein folkemengde. (Lærar S.A.S Rotevatn fortald ein gong på realskulen i Volda, at då den kjende bygdeoriginalen, Mad Moa, frå Ørsta/^{ein gong} hadde kledd seg ut i offisersuniform og gjekk gjennom a mugen ved Vokldakyrkja ein preikesøndg, då fauk hattane for han (i vørdrn. " Ålmugefolk"var tidlegare opplærde til å vise vørdrnad for offiserar og andre kondisjonerte ved å stå med hatten i handa når desse nærma seg. E det kanskje denne realiteten som ligg bak ordet og omgrepet hatteføk?

Hól,m., låg haug som ligg turr og jamn over terrenget i kring. På slike hólar torvmyrane , la dei tidlegare brennetorvet til tørk:

Horg,f., hop,flokk,jfr" det kom ei heile horg av sauer springande i mot oss!".

Hugbit.n., kvalmeanfall med væsketilstrøyming i munnen;oppstøyt, halsbrand.

Høsen,adj., laus. porøs, svampet,jfr.Skinnet hadde vore overbarka, så det var ho og utett". Tyet var tjukt og hose".

Hyrgje,v., våse, sladre; drøyme,ffr." I låg og hyrgja og drøymde utover morgoner. Ei hyrgjebok: ein dårleg roman,,jr:" Hanj vil kje gjere annja enn å li å lese hyrgjebøke(r)!".

Hå,v., hugse,minnast (hå, hår , hådde ,hått)

Hågløym skjjen,adj.,gløymesk, som hugsar dårleg, jfr." I he´vorte so hågløym skjjen i det siste. I har snart ikkje ette ka i heite!".

Hit 14 mars 1998 A. N.

(Eg er nokså trøytt!)

Hurpe,f., eit ufordrageleg kvinnfolk.

Hùn ,. (el. høn), halvplanke, bak eller bakhøn; fjøl med ei borkside.

Altså: Han gjekk ut i båten ,men sat ut i båt`a.

Det kan vere vanskeleg nok å vite når ein skal bruke preposisjonen i eller på ved stadnamn og bynamn , og her er det ingen klare reglar,men meir hevdvunnen praksis. Såleis heiter det på Røros,men i Molde;på Hamar, men i Bergen. Mange utanfor ståande seier på Volda,men vi som er frå desse traktene synes at det skurrar,for er vande å seie i Volda.

Idast,v., (idest, iddest, idst el. ist), å vilje umake seg med;gidde.jfr."Han e`so l at `anj ist(idest) ikkje å ta imot ein hundrekroning,om `anj fekk `nå Ideleg,adj., som hender jamnt, som ofte tek seg opp att.jfr." Ideleg uro,ideleg strid, ideleg klage!".

Idig,adj., flittig, strevsam,uthaldande,jfr:"`Anj Per e`alltid so idige,men `anj Hans he`alltid vore ein slaur,so`skjynte si attom når `anj kan det!".
Slaur: leting,tiltakslaus person.

Igle ,v., kjenne kvalme, slite seg og prøve å kaste opp , utan å få opp større mengder,jfr." Han igla og spydde mest på heile turen!".

Igle,m., leddmakk med sugeskåler (Hirudo medicinalis),blodigle, tidlegare brukt (folkə)medisinen til å suge ut "ureint" blod.Jfr. Fig.




Fig.

Blodigle (Hirudo medicinalis.)

Ifar,m., opning på støvlar, sko (og klær); Jfr." Stylane som du laga åt mi,e`for tråge i ifara.

Ihelfrosen,adj., død av frost (kulde),jfr.ihelsvolten, iheltrampa,etc.

Av andre avleide og samansette ord på i kan nemnast: iaftes (i gårkv idag, imorgå,ifjår,imyllå (imellom), innabeins, innhyses, ihop-blar ihop-kome.ihop-bunde,ihop-fløkt, ihop-grodd,ihop-løpen(Ihop-laupen,il krøkt, ihop-vasa,ihop-vunden,etc.

Ikkje,adv., nektingsadverb; brukt til nekte anten ei heil utsegn el. eit einst ord el. ordlag. Saman med verbet,blir "ikkje" trykklett, og lyder som "ikke" med mest trykk på sistvø staving. Såleis lyder t.d. "veit ikkje" som "veiti kje".Forkortinga "kje" er vanleg etter vokal,td. "du må kje" men blir også brukt etter visse konsonantar,td. kann`kje,vinn`kje,

Skal det leggjast spesiell vekt på eit ord, blir "ikkje" ofte omby med "inkje" t.d. "Det kan eg inkje tru",

I dei vestlandske målføra, blir nektinga gjerne sett næst etter verbet, sjøl om subjektet eller objektet skulle kome etter, jfr- "trur ikkje eg heider" (det tror jeg heller ikke). "Han såg ikkje (han så oss ikke). Etter Aasen.

Ikonn, n., ikorn, el ekorn (Sciurus). Ikonnskinn: gråverk.

Il, f., (fl. ilja(r)), fotsole, undersida av fotbladet, særleg i midten, mellom hæl og jarkane. (Etter gammalnorsk, il, fleirtal, iljar. Også kalla ilk.)

Ile, m., oppkome, matelv. Jfr. "Før vi fekk springen (innlagt vatn), henta vi allti vatnet frå ilen".

Ile, m., søkkjestein i enden av eit fiskegarn; ankerstein til båt; tau i enden av garn eller garnlekkje som går frå søkkjesteinen og opp til overfl

Ilk, m., jark, muskel på undersida av foten ved rota av storetåa; det same som st tåjarken i syvdemålet. Sj også

Ilke, m., træl under foten.

Ill, adj., (ill, verre, verst. (inkjekjøn: ilt), vond, lei, låk, motbydeleg; pinefull sår; arg, sinna vondlynt. Jfr. "Han skulda mi ei joraløysn (så mykje som ein kunne kjøpe ein gard for), men òn gjikk konkurs, fanten, o' e fekk ikkje so mykje at det kunne gjere ilt i mi aue!" (sitat etter ein gammal mann i bygda.)

Ille, adv., (ille, verre, verst), uheldig, dårleg, elendig: i ein lei situasjon: j "Sjå ille út". "vere ille ute". "Det lukta ille". "Han var ille reidd". "Han tok det ille opp". "Og alle tykte det var ille" (Frå GANLE GRENDI av Ivar Aasen.)

Illelate, f., refs, påpakning, vondord. Jfr. "Han fekk berre illelate for strevet".

Illendig, adj., elendig, ussel, nedfor. jfr. "E kjenne mi so illendig i dag, at e tru e må leggje mi ei stond!".

Illherveleg, adj., hard, fælsleg, urimeleg. Jfr. "Det var eit illhorveleg uver!".

Illkyndt, adj., vond av natur, hissig, vondkyndt.

Ilsk og ilskjen (ilskjen), adj., hissig, gretten, oppfarande, jfr. "Ho va' so ilskjen at ho va' mest ikkje til å kome nær!".

I make, seint, roleg. Sjå mak.

Iming, m., snø som fell som lette fjom. jfr. "Det va' berre ein liten iming av snø".

Innabeins, adv., på innsida av foten.

Innabords, adv., som er el. høyrer til inne i fartøy.

*) I syvdemålet talar vi gjene om fotsvokk, solesvokk ellersolegrop, Sjå svokk.

Innagjerdes (innagjærs), adv., som er innanfor gjerdet. Jfr. "Alt som er innagjærs er bømærk (slåttemærk) og ikkje beitemærk".

Innaskjers, adv., eig. det som er innafor skjera, i det indre farvatn.

Inna, adv.-. lenger inne, bak. jfr. "Gutane sat inna i bordet (bak bordet, mellom bor og vegg), Tausene sat frammai bordet (på framsida av bordet).

Innfeit, adj., feit innvendig.

Innful, adj., slø, lur, sløg,

Innmat, m., innvolær frå eit dyr, brukt til mat.

Innrøte, m., rote innanifrå, td, i eit tre.

Innsig, n., innstrøyming, særleg brukt om ein fiskestim på veg mot land eller inn fjordane.

Isbrand, m., skade på grasrota som følgje av at sola skin gjennom eit tynnt, liggjande islag om våren.

Isel, m., mjølke, sedposen i (stor) fisk, særleg torsk. (jfr. iseltorsk og rogn torske)
Isflogge, f., tynn isskorpe, små ispartiklar på vatnet.

Isjùkel, m., istapp, vanleg å sjå under takraftene om vinteren.

Issa! eit utrop brukt for å gje tilkjenne at ein mislikar eit eller anna. "Nei, i

I stad, nyleg, for kort tid sidan, jfr. "Du hugsar vel at i var her inn om i stad

I senn, om gongen jfr. "Det er viktig at du tek berre ein i senn!".

Islegg, m., fl. isleggje(r), beinskøyter; leggbein, særleg av hest, til å ha under sko og gli med på glattisen, td. på eit attfrosne vatn, For å få farstaka dei seg fram med ein pikstav, som dei førde mellom beina. Då eg opp i Nordalen, kunne eldre folk fortelje om bruken av isleggjer.

Istre, f., feittlag rundt innvolane, særleg på griser. Istresild: feitsild som har mykje feitt i innvolane, Istrevomb: brukt om ein overfeit person.

Istråm, m., iskant på vatnet, sjå tråm.

I tynn, el, i tunn, rundt; gå i tynn, Sjå tynn.

Tillegg.

Isgalt, m, arktisk djupvassfisk (Macrourus berglax). Isgaltlyse: tran, leverfeitt isgalt som har fleire andre namn (havkatt, sjøkatt, gulhå, hågylling, m. a. Isgaltlever og isgaltlyse vart tidlegare brukt som lækjeråd, m. a. mot augnesjukdomar, truleg på grunn av høgt innhald av vitamina A og

Innmat, m., innvolær som kan brukast til mat,

J

Ja,n., Ordet Ja blir brukt i mange samanhengar:1)Om samtykke, lovnad:jaord, sva eit klart Ja.2) I samtykkjande el.stadfestande svarord: Kjem du? J takk! Ja, det er sikkert! 3) Brukt for å uttrykkje tvil: Ja, kve veit? Ja, måtte du endeleg det? 4)Brukt for å innleie eller framhe eit utsagn: Ja, her er det skjedd store endringar! 5) Brukt for å fast ei kjennsgjerning: Akk ja, nå er sommaren snart slutt i år o

Jabbe,v., jatte med,tørrprate,våse.

Jadden, interjeksjon (utropsord);jammen!

Jafs,m., glefs; ta maten i ein jafs.

Jair,m., kant, rand,td.på ein vev,ein duk etc.Også brukt i topografisk eller ge grafisk samanheng. Jæren el. Jæderen skal vere eit slikt namn.

Jage,v., drive,skysse,skunde på: Jage buskapen på beite; jage ein på dør; jage (i arbeidssamanheng, td drive arbeidsfolket).Jage opp i tydinga sk opp dyr som kviler.jfr" På turen jaga vi opp ein stor rupeflokk ei hjortekolle med ein kalv.

Jaksle,m., kinntonn,tyggjetonn. Visdomsjaksle el.visdomstonn: inste kinntonn hc mennesket, som bryt fram først når det er i vaksen alder.

Jamaldring,m., som er like gamle.Jfr."Vi tvo e' jamaldringa".

Jamdøgn.n.,døgn i året då natt og dag er like lange.Vårjamdøgn:21 mars.Haustjar døgn:23.september.

Jamføre,v., samanlikne,ofte forkorta til jfr.

Jammen,m., det å vere jamn og uthaldande,særleg i arbeid.Om dette har vi eit p talemåtar eller ordspel: 1) "Jammen dreg seg!" dvs,det jamne arbeid gjev resultat, sjøl om det tar tid.2) "Jammen e'so godt eit gras, l vekse på villaste heidå!" Dette ordspelet refererer til planten Jam (Lycopodium alpinum) slik at dette plantenamnet fell saman med det substantivet som gjev uttrykk for jamt arbeid. Altså eit litt under fundig og tankekrevjande ordspel.(Sitatet om Jammen ,er etter far.

Hit 22-4-1997. A.N.

Jammer,m., høgsmelt klynk og klage,jfr," Der var skrik (gråt) og jammer".

Jamsis (jamsides),adv., side mot side,side om side,jfr." Dei gikk jamsides te kom til den smale kloppa,men då gikk presten fyst!"

Jamsliten,adj., som er like mykje slite.jfr." Når du ikkje gjere forskjjel på he og yrke,so verte søndagsklæda og kvar dagsklæda dine jamslitne!"

- Jamsterk,adj., like sterk." Dei prøvde si fleire gångje o' te'slutt fannj dei u dei va'jamsterke".
- Jamstor,adj., like stor(e) om få, men også om ein mengde med like store einingar jfr.: jamstor fisk, jamstor skog. (eigentleg jamstore tre i skogen)
- Jamstrøka ,adj., jamn på overflata,slett og jamnt.jfr."Etter den store snø-stormen, var alt jamstrøka!"Smørkanna var heilt jamstrøka" (smør gjekk heilt jamnt med den øverste kanten).
- Jark,m., og jarkane , den breidaste delen av fotbladet like båk tærne. I syvdemå skil dei mellom to jarkar:storetåjarken,den puteliknande muskelen storetåa, og lissetåjarken på den sida som ligg attanfor lissetåa.
- Jarband,n., band av jarnkjettingar til å binde bufé med på båsen.
- Jarn-netter eller jarnæte , berre brukt i fleirtal om frostnetter sist i august eller i den tida då dei var redde for at kornet skulle fryse. Ordet kjent og nytta i Nordal i Syvde då eg var ung.
- Jarreke ,f., jarnspade. Jarnspaden og jargreipa,avløyste spadegrevet og tregre i Syvde i 1870 -80 åra. Den første jargreipa kom til Støylen (Toregarden) rundt 1870,som premie for ei fin ku som hadde vore på utsting. Det blir fortalt at oldefar (Støyle-Jo) fekk låne denne greipa og fann den så god at han straks skaffa seg maken. Men endå vart sp grev og tregreipar bruke i dalen i mange ar. og dei slang i uthusa til langt over 1900-talet.
- Jarstaur,m., jarnstaur, spett. Orda spett og spade har nå teke over , i staden dei gamle namna jarreke og jarstaur.
- Jase,m., hare (Lepus). Jasemynt:haremynt. Jasegeit: haregeit,hodyret av haren. Sjå også hare.
- Jem el jim ,m., damp,dunst,snøk, td. frå noko som blir steikt eller kokt.
- Jenke,v., Tillempetilpasse slik at det gjev det resultat ein ønskjer.jfr "Det jenkar seg nok til slutt, slik at ein kan leve med det!"-
- Jenn,n., dialektord for jarn. Stadnamnet Plojennjenj el.Plojønnjenj, mellom Sätregaren og Heida ovanfor Tverbergstunet i Nordalen, har vore ein del omdiskutert i bygda i dei seinare åra.Lokaliteten svarer topogr fisk til eit plogjarn. Men det er blitt hevda at orda jenn og jønn tydinga jarn, ikkje høyrer heime i syvdemålet,og dei har prøvd seg eit nytt namn ,nemleg plojehonnet! I følge Ivar Aasen , er både je og jønn vanlege dialektord for jarn,og at det derfor er god grunn t: halde på dei gamle namna.
- Jo,m., snyltemåse, også kalla tju(v)-jo eller livre-jo Namnet er etter skriket denne måsen , som lyder "io" eller "io-io". Mannsnamnet Jo ,jonn el john,er berre ei forkorting av Johannes. Personnamna Jofred, Jostein JOrunn etc., heng saman med det gammalnorske jór (jó), som t~~id~~er hes

Jul,f., Jul,julehøgtid.Sjøelve julehøgtida omfattar i dag juleaftan og første og andre juledag. Tidlegare rekne dei jula frå juleaftan (24.desember) og til 13.januar (tjuandedag jul).I samband med jula er det visse faste, gamle uttrykk, som har halde seg fram til i dag; halde jul (feire jula der eller der); drikke jul (halde eller gå bort i julegjestebod); bere jula (gå frå huset utan å ha fått noko å bite i,dvs. mat eller drikke. Juleølet var ein viktig del av denne høgtida,og ein ølbolle heime hadde denne innskrifta: "I Juulen man Øllet må drikke, thi Syreblande duer ik Syreblande (gjæra myse),var ein vanleg kvardagsdrikk i eldre tider.

Jol.m., plantar av slekta Angelica.I Syvde finst to arter:1) Angelica sylvestris. dagleg kalla jol. Den finst i låglandet.Born brukar den til skvetter eller sprøyter. Blir elles ikkje nytta.2) Angelica archangelica. til da kalla kvann eller kvannjol. Var tidlegare vanleg i Syvdefjella. Kvannjo var tidlegare ein mykje nytta grosakplante,og den har gitt opphav til mange stadnamn fleire stader i landet. Sjå også "Jofolket,s.91-94.

Juleotte,f. I Syvde gudsteneste i kyrkja tidleg juledags morgonen, utan prest, då bygda var anneks til Vanylven.Som oftast var det klokkaren som stod for gudstenesta.

Jordbyte,n., jordskifte, tudlegare kalla "utskiftning".

Joraløysn,f., den sum pengar som trengst for å løyse inn,dvs.kjøpe ein gard.

Jordmakk,m., regnmakk (Lumbricus terrestris). Det vanleg namnet i Syvde er rauder Også kalla agnmakk. avdi den er det mest vanlege agnet når ein skal fis kreder,dvs.bekkaure el moldkreder.

Jordmor,f., offentlig godkjend fødselshjelpar.

Jordskyld,f., matrikkelskyld: verdi i skyldmark som ein grunneigedom står oppført i matrikkelen. (Matrikkel:Offentleg register over grunneigedomar.)

Jutel ,m., rise,berg troll.jfr. stadnamna Jutelesida og Jutelegjylet på Nordalsfjellet.

Jyltre (gyltre)-,v., småhoste,tørrhoste.jfr."I dei siste vikene he´´anj gyltra og hosta mestå stødt!":

Jøye , utropsord, brukt for å uttrykkje skrekk, undring,pine, harme,glede .ironi Jfr." Å jøye me´ kor ska dette gå?" " Å jøye me´for eit stell!"

Tillegg.

Jamstrøken,adj., fylt til kanten av eit kar: byttå va´ jamstrøka.

Jar ,m., el.jair, kant,rand på vev.

Jerme,v., bråke; den lyden som sau og geit lagar.

K

Ka, vanleg forkorting for kva.

Kage, v., kike, vende seg til, vende hovudet for å sjå etter eit eller anna.

Jfr. "Hunden kaga ikkje på maten i dag. Han må vere sjuk!".

Kagje (kage), m., låg busk eller lite tre med mange greiner. Mest brukt om ein låg flat einer, ein einekagje,

Kaggje (kagge), m., dunk; lite trekar med form av ei tønne. Ølkaggje, brennevinskagge

Kake, f., kake, flat klump; mest brukt om små, flate brød. Hellekake: kake steikt på helle eller omn. Det var fleire slag: settekake (med gjærdeig), natronka (med natron som hevingsmiddel), potetkaker, etc.; Raspakake: deigklump gjerne med eit stykke fleisk i midten, laga av oppraspa poteter, mjøl og vatn, og kokt i linntsaltvatn. Også kalla klubb, komle, etc.

Kakke, v., banke, bûke, gjerne slik at ein høyrer det. Kakk: eit enkelt slag.

Kakse, m., ei rik og mektig mann, særleg ein med faste eigedomar.

Kalbot, f., baksida av kneet; særleg brukt om gropa i foten bak kneet.

Kald, adj., som har låg temperatur, svzl, kjøleg, avkjølt. Brukt i mange samanhengar
1) for å karakterisere simpel mat: kalde poteter, kaldegraut, kalde skyr-soppe, etc. 2) for å uttrykkje redsle: Det for kaldt i gjennom meg: eg var reint kald då eg såg det. Nemnast bør også eit spesielt uttrykk nemleg "å liggje kalda-kjefta". jfr. "Når ein gje' si ut i slikt veir, må ein rekne me' å liggje kaldakjefta når som heilst!" - dvs. vere død (kald i munnen).

Kaldflire, v., smile eller flire hånleg.

Kalderid, f., periode av kaldt vær, særleg på ei tid av året då ein ikkje venta de

Kaldrøyke, v., smatte på pipa utan at det er varme i ho.

Kalj (kall), m., kar, mann, ektemann, gubbe, olding. Drengjakalj: eldre mann som ikkje har vore gift; svarer til tausakjæring.

Kalle, v., 1) rope på. bodsende, utnemne: kalle på hunden; kalle inn til eit møte: bli kalla til biskop. 2) gje namn: dei kalla henne Kari etter mora. 3) rope utnamn til, skjelle ut: dei kalla kvarandre med dei verste fornærmande utnamn.

Kaltre, v., rulle, valtrel, jfr. "Han var so fulle (rusa) at anj gjikk berre o' k og valtra!": Valtre: gå ustødt og snåve og dette av og til.

Kalv,m., unge eller ungdyr av ku,hjort,rein og elg. Kalvbeint:med beina bøygde in over slik at det blir trangt mellom knea.(motsett av hjulbeint.)
Kolvå: dativ fleirtal av kalv. Eldre folk i bygda brukte denne forma tidlegare,jfr." Birte, he´ du gitt drikke åt kolvå?", eller" He´du gi kolvane drikke?" Talemåte (ordtak):"Kyra hår ikkje ette´(hugsar ikkj at ho he´ vore kalv!".Brukt om ein som har gløymt at han sjøl ein gon var ung og urøynd).

Kalvslægje,n., organ i kua der kalven ligg,livmor (uterus)

Kammar.m.- menneskelort, menneskeekskrement.Ordet skriv seg frå dei gamle romara latin:Camera, som svara til vårt do,dass eller W.C. Seinare har orde hjå oss gått over til å tyde sjølve ekskrementa , men er i dag lite i bruk.

Kanne,v., telje: brukt berre i eit par faste uttrykk:Jfr."He´du kanna smalen?"
" He´du kanna šaudene for å sjå om du he´alt?"

Kapp,n., kappestrid. Brukt som forstaving i mange samanhengar.Jfr." Skal vi kapp (skal vi sjå kven som er best?), Kappete,kappdrikke,kappgå,kappsprin
kappride, kappsigle,etc

Karm,m., (tre) ramme kfing opning:dørkarm,glaskarm,etc;treramme som dannar siden og eller gavlane på eit køyretøy.

Kass.m., høgdedrag: pukkel eller kul på skuldrane og øverste delen av ryggen.
kass-en,tilsvarande adjektiv,Jfr. " Han er vorte svært kassen i dei s are åra." Herakassen: eit av fleire stadnamn der ordet kass går inn.

Kast.n., og kaste,v. Dei to orda blir brukt i mange samanhengar.Eit godt kast: om noko som ga godt resultat.Kaste fosteret: abortere. Kaste vekk pe ane sine; bruke dei opp til inga nytte.

"Ho kasta seg vekk då ho gifte seg med den slampen!"

Kastebyte,n., å byte på slump utan mellomlag.jfr!" Ska´vi gjere kastebyte?"

Katt.m., Katt, katt generelt(felis).Hankatt: fross, kause. Hokatt:kjette, køyse

Kattugle,f., ei melomstor ugle (Strix aluco)

Kaule,f., oppstyr,leven ,slagsmål.Jfr. " Der vart ei fryktele kaule!"

Koks,f., ei djup metallskål med handtak til å ause med.

Kjøpskål.f., skål i smmband med ein avgjord handel.

Kaure,m., ein krulla hårlokk; ein ullakaure. Hvylekaure:høvelspon.Fjellkaure:eit folkenamna på syste(r)ose (Sedum rosea)

Kause.m., den sentrale delen i eit kjerrehjul: hjulkausen.

Kav,adv., heilt i gjennom , fullstendig. Brukt berre ei samband med eit adjekti jfr.:Kav roten: kav eller kavande full.

Kave.,v., streve med, halde styr på, kive og trette. Jfr."Jå så! de kavar med s ten!" " Ho e´heilt utslita ette´alt kavet me´ongane!" " Han kunne ikkj symje ,og låg berre og kava i sjøen med armar og bein for ikkj.å druk

Kavl.m., fløyt på fiskegarn; kan vere av kork, ved, glaskuler etc.

Spombork (sponbork) var det namnet bestefar hadde på kork: Han kunne td. seie. "Det flaut opp som ei spombork".

Kängelvev.m., vevkjeringspinn; var rekna for å kunne stille blod.

Kåre (kårde). kårde; stikkvåpen med lang, rett og trekanta klinge: Prydvåpen som høyrer med til somme gallauniformer. Å gå frå kåre til greip: Talemåte som gjev uttrykk for eit høgt fall i sosial status og omdøme. Eigentleg eit fall frå adelsmann til bonde. jfr. "Ja, no gjikk'anj frå kåre te greip" (Høyrte av bestefar: Erik Jonson Nordal (1841-1930).

Kåtre, f., kort, lite bein, t.d. finn det i ledene på dyr. Spåkåtre: ristbeinet (talet frå haseleden på dyr. Brukt til å spå med. Jfr. "Jofolket" s. 305-306.

Keim, m., avsmak; så vidt merkbart innslag av uønskt lukt eller smak, td. i øl: er i ferd med surne, eller i smør som er i ferd med å harskne.

Kjid (kid), n., ungen til geita. Dativ fleirtal: Kji'já, jfr. "Birte, he' du gitt mat åt kji'já?" Kjiestekkje: bur eller avdelt rom til å ha kjea i når dei skal vere vekk frå mora. Talemåte: Å ha kjid i urenje: dvs, ha kid(et) i ura): vere uroleg og ha attelitt for eit eller anna: Kan bli brukt td. i følgjande situasjon: Det er kveld. Tausa (hushjelpa) skal gjere seg ferdig med kveldsstellet, for deretter å vere fri og møte kjeraste. Ho er synleg uroleg. I ein slik situasjon kan det kome til følgjande ordveksel i stova: "Ka e' det som går av' enje Petra?" "Å du veit ho he' kjid i urenje, so ho må skonde si å verte færige!"

På denne måten får dei sagt-utan å seie det direkte- at det er nokon som ventar på henne. På tilsvarande måte blir ordtak og talemåtar ofte brukt i syvdemålet, og særleg når ein person vil seie ei lei "sanning" til ein annan. Då gøymer dei seg gjerne bak ein talemåte!

Kjie, v., fødr, om geiter. jfr. "He' gjeitenje dokka kjia?, våre e'kje bjáynde end."

Kjiekjelve, n., trebit til å feste i munnen på kid, slik at dei ikkje kan suge mjølk i perioder, slik at ho også kan gje mjølk til huslyden.

Kjikje (kikje), v., gøyande lyd som når ein misser og får att pusten ved kik-hoste.

Kjilevink, m., hardt grep og rykk i nakke eller skulder, hjerne følgd av ein øyrefølsomheit. jfr. "I ga' nå ein kraftige kjilevink!"

Kinntaska, f., kuma; sjukdom som fører til stekr opphovning i kinna og i taska (gen), jfr. namnet, Skukdomen fører stundom til sterilitet.

Kjipen (kipen) adj., uroleg av energi og livsglede. Mest brukta om born og ungdom.

Kjipne, f., overskot av leiktrang og energi. Jfr. "Dei va' so fulle av kjipne at dei visste kje å styre si!"

Kjippe (kippe), v., rykkje til; få eit spontant rykk i kroppen av noko som kjem borte. jfr. "Vart du redde?", "Nei, i berre kjipte mi".

Kippskodd,adj. gå berrføtt i skorne.

Kjippen,adj., kveppen, lett å skræme, skvetten.

Kiinne (kinne),v., lage smør av rjømme(rømme).

Kjinne (kinne, kjerne),f., smørkjinne, kar brukt til tilverking av smør. Av smør-
kinner ver der to hovudtypar: struplekjinna (oppstadkjinna) jfr!"jofolke
s.144, og rullekjinna.

Kjite (kite),v., røre ved ein sensitiv (kjenslevar) stad på kroppen.

Kjitige (kitig),adj. kilen , som er lett å pirre.jfr." Du må kje røyve mi ,for
e´so kjitige!"

Kjage.v., drive hardt på med eit arbeid.Jfr," Han kjaga og masa stødt!"-

Kjekebein ,n., kjevebein

Kjeft,m., mest brukt om den store munnen hos dyr,men i visse høve også om munnen
hos mennesket.jfr. Storekjeft ein som ideleg skal vere fram på og dominer
Omlag det same som kjeftause og kjeftesmelle.Kjeftast: bruke kjeft på kva
andre. Ordet kjeft blir også brukt om ein vid opning,eit gap eller ein mu
ning, jfr.sekkekjeft,posekjeft, elvekjeft,fjordkjeft, og om eggja på eit
jarn (oksakjeft). Endeleg går ordet in i visse faste uttrykk:Kvar ein kj
(kvar einaste ein). Gjere kjeft(bruke munn). Gje kjeft(skjelle ut). Sle
med kjeften (seie fornærmelege ord). Liggje kaldakjefta (liggje daud).

Kjelde,f., grunnvetn som kjem opp avjorda;åkóme (oppkome); ile; brynn; mindre bek
som renn frå ei åkóme.Nokre av kjeldene i Syvde hadde særskilde namn, so:
fig, **)Fig. Ølkåná*/ Kjelda ved Blæjevatnet, m.fl. Den sistnemnde kjelda var kjend
si lækjekraft, og ein vinter då ei kone i Nordalen låg for døden midt
vinteren, drog to mann den lange og tunge vegen,for å hente to flasker v
frå denne kjelda til den sjuke kona,men det hjelte ikkje! "Contra vim
mortis,nulla est herba in hortis",heiter det i "Flos Medisinae,"det kjend
helsediktet frå Salerno, frå 1100- talet.På norsk: " Mot døden (dødens m
finst ingen urter i din hage"

Kjekle,,v., kivast, trette. Kjekl,n og kjekling,f.(kiving og tretting).

Kjekse,f., eit styggetroll av eit kvinnfolk. Ei hardlynt kvinne.

Kams,m., bollar eller små kaker laga av kamsedeig ,og kokt i linnt saltvatn.

Kamsedeig: deig laga av fersk torskelever og mjøl.Kamsehaud: ferske
torskehaud fyllte med kamsedeig og kokte i linnt saltvatn. Kamsemylgje
eller livremylgje: ein slags graut, laga av mjøl og kokt torskelever.

Kjelle,f., kvinne.Motstykket til kar,jfr.Det kom ein kar og ei kjelle ,såg eg.

Ei storekjelle: ei fin,formem dame:" Ho va´slik ei kjelle t´å hekle!" (
var uvanleg flink til å hekle).

Kjeringebrot, n., spøkefull eller nedstjande nemning på ei gammal kone.jfr." Med
rekne mai o´ kjeringebrotet, e´vi sju i husa".



Fig. Ølkånå . Kjelda ligg hittanfor Kambekollen,
og renn ned i Bruelva, som går over i Storelva (Nordals-
elva) litt framanfor Tungåstøylen, Foto. Sverre Brudevoll.




Fig. Kjelda ved Blæjevatnet. Foto: Sverre Brudevoll

Kjellarmann, m., den som står for skjenkinga i eit bryllau eller gjestebod.

Tjuke. f., klump eller høg kake; kongle eller noko med kjegleform. (Skyr) ostetjuke: "modna" (fermentert) kasein frå mjølk, forma som ei spiss kake og tørka. Grantjuke, furutjuke (granko^ongle, furkongle). Knøsktjuke eller knyske (Polyporus). Blindetjuke: Tunbalderbrå (Chamomilla suaveolens).

Kjøkemeister, m., person som leier trakteringe og seremoniane under eit bryllaup. Tilsvarer det engelske toastmaster.

Kjølsvin, m., vel eigentleg kjølsvill, planke som tener som underlag for ei mast.

Kjømt, adj., tilgjengeleg som er lett å kome til, jfr. " Nei, der va' kje framkjømt me' hest og slede". Seinkjømt: seinvoremn, som kjem for seint. Jfr. " Han Ola e' alltid so seinkjømtel! "

Kjerr, n., vegetasjon av lyng og låge buskar: bjørkekjerr, vierkjerr, etc

Kjørr, n., reip eller kjetting med fotklave til å binde dyr på jordet med.

Kjørre, det tilsvarande verbet. jfr. " Du får gå og kjørre øykjen , Hans, før du kjem inn til middag! "

Kjærald ,., kar, tidleare oftast eit trekar, til å ha eller forvare noko i (bømmer kanner, fat , tønner, dunkar etc.)

Kjøtt. n., kjøtt, kropp i motsetning til sjel eller ånd. Få kjøtt på beina: leggje på seg, for å sjå betre ut (om folk), eller for å bli meir høveleg til sla (om dyr).

Kjøtrøsen el. kjøtrøsa, f., kjøtsida , innsida på huder og skinn.

Kjøtmøle, m., eit lite kjøttstykkje.

Kjøtmøys, f., kjøttmeis eller tagokse.

Kjøve, v., kvele, stogge pusten, Jfr. " Du må kje kjøve ungen ved å leggje klær ov ansiktet! " Jfr . Kovne: å bli eller verte kvalt. jfr. " Han kovna ev den fæle røyke! ". " Ongen sette ein knapp fast i halsen. og kovna! "

Køve, m., kammers, soverom; lite rom ved sida av stova (opphaldsromet) i dei gamle røykstovene. Kovelemen: halvloft i utdýra over køven

Kóve , adj., tung og dårleg luft, td, i eit tettpakka forsamingshus, jfr, " Det va so kóve inne, at e måtte ut å få frisk luft. Kofte: omlag det same som kóve.

Krabbe, m., Krabbe , skaldyr (Cancer), Talemåte: å mate krabben : brukt om ein som kastar opp av sjøverk. jfr. " Jaså!, du laut mate krabben i dag , Ola! "

Krafse, v., skrape så det høyrest; skrape i hop. jfr. " I natt haure i ei mus som krafsa ute på kjøkena ". " Du får krafse i hop skålabrøta og få dei vek so ingjen skjere si på dei! "

Krakje (krake) , m., ein stakar , ein svekling; eit utsvelt dyr. Vårskrakje: eit ur underfora dyr som berre så vidt har klart vinteren. jfr. " Nei , no e' i vorte gammale o' opp i krakje, so i e' i legenje best! " dvs. så eg likar meg best når eg får liggje.

Krakilsk.adj., hårsår, illsk og trettekjær.

Krakk el knakk,m., liten stol med tre bein og utan ryggstød. Ordveksel om ein knakk

Mannen i huset til den innkomne: "Ta di ein knakk og set di ned ei stond!", Den innkomne: " Nei takk, i e'kje vansøten. I skulde berre seie frå nå far at gjeitene dokka e'komne ned på bømarkja vår!".

Vansøten: som treng om å sitje. Mjeltekrakk: liten skammel til å sitje på når ein mjølkar. Sagekrakk, slipesteinkrakk, etc.

Talemåte: " I ska vedde på at det e' han so he'gjort det. Tek i feil, kan du kalle mi ein krakk!"

Kram,n., vanlege, enklare handelsvarer, jfr. Krambud.landhandel, der ein kunne kjøpe det meste til dagleg bruk. Kram, også brukt om unyttige ting. eller ting av dårleg kvalitet.

Kram ei kræm,adj., mest brukt om klam og fuktig snø, som lett lar seg forme til snøballar og rulle til snødyr dvs, store runde ballar som kan bruka til å lage snømenner og snøkjeringar av- eit populært tidsfordriv for borna. Kræmesnøy (kræmesnø): Våt og tung snø.

Kramkar,m., kremmar. omreisande handelskar.

Krampe,m., kratt, små krokete tre. Krampebjørk:kronglebjørk, låg , krocket kbørk. krampeskog: kratskog; finst helst tett opp mot tregrensa.

Krangle,v., vere usamde, skulde på kvarandre,

Krangel,m., trette, uvenskap, strid og uhygge.

Kranglevoren,adj., trettekjær.

Krank el krånke,adj., veik og skrøpeleg av alderdom og sjukdom. jfr. " I he'vorte so krånke at i kan verken gå elle'stå!". Talemåte; Uta blank og inna krank

Krase,,v., Knuse til småbitar. Også brukt om lyden som kjem fram når noko blir knust på ein spesiell måte. jfr. " I haure kor det krasa. (el. knasa) nå vognhjula gjikk over det".

Kråkeføte(r), fleirtal av kråkefot: brukt om vanskeleg og utydeleg skrift, Jfr.

"E forstår ikkje dissa kråketånje åt doktera, so i veit ikkje kor mykje i ska bruke ta dinnja medisina!"-

Kråkemål,m., brukt om utydeleg tale, eller om eit språk som ein ikkje forstår.

Kreiste,v., presse , trykkje, streve med å få noko fram, det vere seg ein som har tungt for å tale (som har vanskjeleg for å finne dei rette orda), el. ein som sit og kreistar for å få av seg hard avføring.

Krekling ,m., krækjebær (Empetrum nigrum). Krækjebærlyng: namnet på sjølve planten

Krel,m., mage, buk. pøk. Talemåte: fylle krelen; få noke i krelen (få seg mat.)

Kremte,v., presse , trykkje og vri klær undet vask. "Dinnje bukå må du kremte vel når du vaska `nje, for ho e' so groande skjita!". ^

Kremte,v., harke, rense halsen.

Krenkje, v., skade, fornerme, såre, trakke på, jfr. "Ho kjende seg krenkt like inn i mergen av dei harde orda!"-

Krik, m., krok, vinkel, bukt, Gå i krok og i krik: gå ein krocket gang; gå i "sik-sak"
Jfr. "Vi gjekk i krok og i krik og leitte". Krik, kriken eller krikane
stadnamn på eit område der ei elv eller ein bekk buktar seg fram.

Kríl (lang "i"), m., fiskeyngel; mest brukt om småmørt eller seiyingel.

Krilla, f., meslingar eller kregda (morbilli); særsmittsam virussjukdom med småflekkete utslett over heile kroppen, andre symptom er m. a. lysskyhe

Krim, n., forkjøling, snue. jfr.: Å vere plaga av krim eller krimsykje.

Kring, m., krins, ring, ein stor sirkel eller boge-

Kringe, v., gå i ring rundt; jfr. " Dei måtte kringe fjorden, fordi der ikkje gjekk båt over den dagen", Kring om eller kringom: prep. med akkusativ. jfr.
" Han gjekk kringom huset", eller i forkorta form: "Han gjekk kring huset".

Krisle el. kritle, v., kile kite, kitle, klø. jfr.: det krisler i halsen.

Krøp, n., eigentleg eit lite rom til å krype inn i. Mest brukt om eit lite "rusker" eller om eit lite lågt og simpelt bustadrom. jfr. " Nei, det kje ein skjikkele hybel. Det va' berre eit krøp!".

Kroppe, v., plukke, pirke, jfr. "Du må kje drive og kroppe på ditta såret, elle' sete det si ilt i det!"

Krot, m., prydnad, med utskorne, måla eller sydde figurar el. snirkclar. Krotakjelve
kjelve med utskjeringar på rullen, brukt til å lage krotakaker med.
Tidlegare heitte det krita der det her heiter krota

Krukjen (kruken) adj., nedbøyd og veik av alder og sjukdom.

Krutle (uttal. krühjle), arbeide seintst og smått: jfr. " Du får krutle so godt du kan, for då verte det beire enn inkje!"

Krøpling, m., krøpling, vanfør person.

Krede, f., aure, bekkaure. Kredetrode: fiskestang. Kredetaum: snor til fiskestang.

Krøkje, v., krøkje, gjere krocket, Talemåte: Det må ty' tidleg krøkjast som krok skal ver

Krøkje, f., ein som går nedbøyd og krocket. Mest brukt om eldre kvinner: Ei staka gammale krøkje.

" Kukke, m1 (av kukka) fast avføring; skit; Kukke v1 (gjennom ilaliensk frå latin cacara "skite"; jfr dansk kakke, færøysk kukka, islandsk kúka), særleg barn; gå på do; drite; skite seg ut; måtte kukke!
†
Dei tre siste linjene er sitat frå "Nynorskordboka", Oslo 1986.

Kukke og pisse, tømme tarmen og blæra, høyrer gjerne saman, og særleg når det er tale om barnestell. I syvdemålet har vi to andre ord for denne kombinasjonen, nemleg vanne og jørte. Det tilsvarende eit uttrykk som er vanleg brukt i Austlandsområdet, nemleg: tisse og bæsje.

Sidan vi er inne på dette, litt udelikate feltet, vil eg nemne at vi i Syvde har lita regle som blir brukt når barn har gjort seg vondt på ein eller annen måte , og kjem gråtande for å få trøyst. Denne regla lyder slik: Hanen kukka, høna pissa, legg på eit lorteband. I morgå er det godt a Som vist ovanfor, har ordet kukke, lange historiske røter. Det same ha denne regla, som har røtene sine i den såkalla Dræck- medisinen , elle lortemedisinen - ei form for medisin som vart praktisert i Tyskland i Mellomalderen, og som etterkvart spreidde seg også til dei nordiske landa.. Hovudingrediensane i denne medisinen var urin og avføring , og ei blanding av desse produkta vart brukt m.a. på svollefingrar og ve flisme eller beinverk under namnet "ureint band".

Kulse, v., kjenne kulde i kroppen; mindre kaldt enn å fryse.

Kummar. m., mest brukt om rakler, slik vi finn dei hjå rakletre som bjørk. osp og hassel tidleg om våren.

Kure, v., 1) lute seg ned, gjere seg liten. 2) liggje still, kvile, sove, gjerne litt samankrøkt, slik småborn gjer når dei søv. jfr." No må de leggje dokke t å kure, småbonn, for no e´det kvelden o´ de e´trøytt ette´daja!" Og s kurde småbonna seg i hop og la seg til å sove. Kure seg i hop: leggje se tett inn til kvarandre.

Kuvende, v., Eigentleg "vende som ei ku": I sjømannsspråket: vende eit farty med vin den. Gjere kuvending: brukt om ein som brått skifter standpunkt i ei sa som gjer heilomvending.

Kva, eller ka. pron., særleg om ting; brukt i mange samanhengar. Her skal berre nem ast litt, 1) brukt som substantivisk spørjeod i direkte spørsmål: Kva? sa du? Kva er klokka?; 2) brukt som substantivisk spørjeod i usjølste dige spørjesetningar: Ho sa ikkje kva ho heitte.

Kvat, adj... kvikk, rask, effektiv, Jfr. talemåten: Det e´ mång ein långe og late, o mång ei liten og kvate.

Kvat-gør, n., slipesteingør; slam som lagar seg under kvetjinge på ei slipestein, o som samlar seg i slipesteinbrya.

Kvat- vatn, n., vatn til å rense slipesteinen med.

Kvade (kvåde), f., harpeis(harpiks), kleimen masse på nåletre. Også brukt om utflod (exudat) frå visse andre treslag.

Kvede, v., kvede, synge; segje, ytre seg om noko. Jfr. talemåten: Det finst alltid viser for den som kvede vil (det finst alltid noko å hengje seg opp i (finne åt, kretisere) for dei som berre tenkjer på det).

Kvedål el kvidål, m., buklist frå gris: bukflesk skoren av i ein smal strimmel. Brukt m.a. til syltaflesk og til fleskeklump i raspaballen.

Kveps el. kvefs, m., insekt (vespa). Kvepsebol: kvepsebøle, Talemåte: Å stikke handa eit kvepsebol (leggje seg op i ei sak som får fårlege konsekvensar- som ein får lide for).

Kveik, f., gjær, ølgjær. mest brukt om botnfall eller bærme i eit ølkar.

Kveik, m., ny kraft, nytt mot. Jfr: "Den gode kosten og vitaminkuren som eg fekk då eg kom heim (etter krigsfangenskapet) - saman med all den omsorg som vart vist meg-ga meg ein kveik, som gjorde at eg fekk livsmotet tilbake!

Kveike, n., tørre kvister o.l. til å gjere opp eld med.

Kveikje, v., tende på, gjere opp eld; gje ny kraft, styrke; gjere oppglødd. setje m
Jfr.: kveikje pipa, kveikje (på) jonsokbrisingen, kveikje på det gamle huset. kveikje i omnen; kveikje seg på ein dram; talaren sette ein kveikje i dei, med dei eggjande orda sine.

kveil, m., bukt, ring, rull av tau. Kveile: lage kveilar, kveile opp eit tau (el. tøg).

Kvein, f., tynnt grasstrå. Kvein (Agróstis), planteslekt av grasfamilien.

Kvein: hårstrå, jfr. " Han hadde berre att nokre få hårkveiner på hovudet!

Kveis, f., makk, rundorm i fisk, m.a. i torskelever.

Kveise el. kvise, f., køyne, finne, filipens, jfr. "Ansiktet hans var fullt av kveiser"

Kveite, f., største flyndrefisken, helleflyndre (Hippoglossus hippoglossus)

Kveitebanj (kveitebarn): unge (små) helleflyndrer.

Kveite, m., dyrka kornplante av planteslekta Triticum frå grasfamilien. Kveiteåker, kveitemjøl, kveitebollar, kveitebrød. Kveitebrødsdagar: den første tida i ekteskapet (eigl: då dei berre et fint kveitebrød).

Kveppe, el kvekke, v., få ein støkk.; skvette, bli skremd: Orda blir bøygde etter same mønster (kveppe, kvepp, kvapp, kvoppe)

Kvekke, v., kny, mukke, jfr. " Dei plaga han på alle måtar, men det kvakk ikkje i han

Kvekke, v., lydord som etterliknar froskekvekk (froskelåt). Frå latinstudiane mine hugsar eg ei lita regle som skal etterlikne "froskemålet". Den lyder slik: "Quam quam sit sub aqua, sub aqua maledicere temtat". Det vil seie Endå han (frosken) er under vatn, så prøver han (under vatnet) å tale vondt om folk.

Kveld, m., kveld, tida frå at det mørknar og til midnatt, tidsromet mellom dag og natt. Sjå også Aftan.

kvelde, v., 1) bli kveld, mørkne: ta til å kveldast. 2) slutte arbeidet for dagen.

Kveldsate, f.: den tida då dei (tidlegare) sat oppe frå det mørkna til sengetid.

Kveldsmål, n., 1) Brukt om kveldsmåltid, både for folk og dyr. 2) Brukt om den mjølka som blir mjølka om kvelden. Jfr. "Då dei hadde bryllaup i grannegarden, fe dei både morgomålet og kveldsmålet for å ha nok mjølk til gjestene"

Kvartel, n., ei kvart (dvs, fjerdedels) tønne.

Kvelp, m., hundsunge.

Kvinneside,f.: Tidlegare heldt dei strengt på at kvinnene og mennene skulle sitje på kvar si side av midtgangen i eit forsamlingshus. I Syvdekyrka var kvinnesida på venstre og mannssida på høgre sida av midtgangen.

Kverk,m., strupe ,hals; mest brukt i samband med fisk. Jfr.: Kverke sild: ta ut to nene før silda blir salta.

Kverke,v., kvele, drepe, gjere ende på. Jfr.: Dei hadde så nær kverka han (dei had så nær teke livet av han.)

Kverking,f., arbeid med å skjere opp strupen på fisk som skal saltast.

Kvern,f., innretning til å male noko på. For detaljer om gardskverna, slå "Jofolke side 117-118.

Kverrsetje,v., setje fast, halde fast; ta med lov, ta hefte i, dra inn, besklagleggje, konfiskere.

Kverv,m., ring, krins. Kvervel i vatn: ringstraum. Kvervel i håret: eit punkt der håret breier seg til sidene. t il vanleg kalla kverel. Kvervelvind og kvervelstorm: tynnaknut.

Kvie,., ei inngjerding for fe, også brukt om eit avgrensa stykke innmark, og i stadnamn som har samanheng med det.

Kvide,v., vere uhuga på, kvide seg eller grue seg for eitt eller anna. jfr. " Ho kvide seg fält for den lange reisa. Kvide,f., sjeleleg uro og smerte.

Kvingle,v., vingle, gå rundt, jfr. kvinglastraum eller ringstraum i ei elv.

Kvisl ,f., sidegrein av ei elv. Slike småbekker nær gardstuna vart tidlegare brukt som matelvar ,og som kjøleplass for mjølk. Kvisla: stadnamn (namn på eir liten bekk på garden Espehol ,Brudevoll i Syvde, brukt som ovanfor nemnt).

Kvitebikkje,f., det vanlege namnet på den kvite delen i auget, mest brukt i fleirtal: kvitebikkjene.

Kviteblik,n., kvite eller lysegrå flater eller flekker av korpel^{de} på steinar i utmarka. Slike bliksteinar kunne ha spesielle namn, og vart stundom brukt som grensesteinar mellom skogteigar og gardar, jfr. "Jofolket", s.83 og 19

(Hit 7. mai 1997, etter eintung dag.
A.N.

Kvitel,m., ullteppe til å ha i senge; ein del av sengklærne.

Kvitekoll,m., kvitekløver (Trifolium repens)

Kvitne,v., bli kvit i anletet. jfr. " Han kvitna vekk. og straks etter var det slutt

Kvitsymre ,f., geissymre (Anemone nemorosa)

Kvæden ,adj., liten , spinkel, jfr. "Han va ein liten, kvæden kar!" "Han e for kvæde for slikt tongarbeid" (han er endå for ung for slikt tungarbeid).

Kjøve.v., kvele; ta pusten frå. jfr. kvele nokon; verte kvalt av røyken; kjøve elden ved å hindre lufttilgang.

Kyrkne,v., setje maten fast i halsen,slik at det blir vanskeleg å svelje og pust.
Kylne,f., tørkonn for malt (jfr. " Jofolket", 156.

Kýl ,m., kul ,opphovning etter eit slag. Barkekylen: strupehovudet.

Kylp.m., hank, handtak,td. på ei bøtte eller ei korg.Tågekyip: handtaket på ein tåje (sjå det).

Kyrkjebakke,m., samlingsplass utanfor ei kyrkje.

Kyrkjebok,f., bok der presten fører inn opplysningar om døypte,konfirmerte, ektevigde ,døde og inn- og utmelde i Den norske kyrkja.

Kyrkjeklede,n., klede til kyrkjegang, helgekjede.

Kyrve ,v., reive eit småbarn, Verbet har samanheng med kjerv,n., bunt , knippe.

Jfr. laukjerv: eit knippe av unge bjørkekvister med lauv på, brukt ti smalefôr.Hertil verbet kjerve dvs. binde lauvkjerv. Ordet er nær i slekt med kyrve. Også her er det tale om "å lage ein bunt".

Kyss,n., i den vestlege kulturkrinsen: kjerteikn med munnen.

Kysse,v., syne godhug eller vørdnad ved å presse lippene mot noko(n); kjærteikne med munnen.

Køyne,f., kvise, kong.

Kånkje, m., ein tjukkfallen(overfødd) liten gutunge.

L

Lad,n., 1) låg mur el. lågt steinlad,td. under eit stabbur, eller under ei klopp
Budalad: Steinsoklar med utstikkande heller på toppen.Dette for å hindre mus,rotter og anna utøy i å kome seg innpå stabburet.Kloppalad: steinlad eitt eller fleire- som berklappa. 2) velordna stabel av eit eller anna: plankelad, vedlad,nevrelad,etc. Lød: fleirtalsform av lad (i syvdemålet) jfr:" Vassflødet tok beggje kioppaløda"-

Lade,v., leggje ladning i eit gevær. I syvdemålet heiter det løde.jfr: løde ei buse. Latein eller ladestokk: stong til å føre ladning inn i løpet på eit gevær med. Brukt til dei gamle munnladningsbørsene.

Lag,n., eit ord brukt i mange samanhengar:eit lag med måling.med jord,med sand e eit sammunnslag, eit bygdslag; vise hjarlag,ha eit underleg augnelag ha godt lag med folk: ha eitlett kjenneleg ; gangelag;vere i lysteg lag: vere medlem av eit idrettslag,etc.

Tillegg til bokstav "K"

K

Harnefle, v., banke, banke opp; slå med nevene (etter tysk, karnüfel: knobbe, deng
Kar(d)e, f., reidskap til å rive opp ull og lage krullar eller kaurar med.

Karde, v., reinske og kjemme ull med karder.

Kauke, v., rope høgt, for å kunne bli høyrd over lange avstandar, t.d. i fjellet.

Kite, v., kile, pirre; røre ved kjenslevare deler av kroppen slik ar det både pirra
(eggjar) og irriterer. Kitig, adj., som er lett å kite, jfr " I e´ so fol
kitige og mest onde´armå o´ onde´fotsolå!".

Knogje, adj., vanskeleg, mødesamt, jfr. " der va´ so trångt og knogje, at i kom me
ikkje til!".

Knyting, m., umode bær eller frukt: myrebærknyting, stikkelsbærknyting. jfr! Bæra e
kje modne endå, det e´berre gråknytinga!".

Kode, f., råmjølk, første målet etter at kua har kalva. Koderjøme og kodesmør: Rø
me og smør av råmjølk. Råmjølka er så rik på proteinstoff (eggek
stoff) at den stivnar (koagulerer) ved opvarming, td. i eit spann i
kokande var. En får då spannost eller råmjølkpudding.

Kofte, adj., varm og dårleg luft, slik det blir når mange folk er samla i eit lite
rom.

Kok, m., klump av mold eller gjødsel: ein lortekok.

Kollet, adj., ku utan horn, jfr. " Ho Dagros va´kollete, men hadde to små nygle der
honnja skulde ha vore!".

Kjuke, f., eller tjuke, kongel: grantjuke, furetjuke, lerketjuke. I min barndom lei
vi borna ofte med konglar. Vi tok ut frøa av grankonglane og fekk dei
å surre rundt i vinden (Desse frøa har ein hinneforma veng som hjelp
til frøspreiinga); og vi sette bein under konglane og laga " hysdyr"
dei.

Kommers, m., (etter latin: commercium, handel, som i eldre språkbruk tydde høggrøys
tale med pruting og spetakkel); ståk, uro, moro, spetakkel.

Kukelur, m., sniglehus, særleg av sjøsnigel.

Kukelure, v., (etter hollandsk koekeloeren: sitje innestengd og lure og gruble);
sitje åleine og gruble, jfr. " Han var ein raring som sat inne og kuk
lurte det meste av dagane!".

Kor, m., plassen til alteret i ei kyrkje.

Kordør, f., opning mellom kor og skip i ei kyrkje.

Kor, n.1) i antikken: personar som laga framsyningar med song og dans.2) gruppe av
songarar som syng ein - eller fleirstemmig.

Tillegg til bokstav "K"

Korje, ubunde pronomen, ein , eit av to;; " Eg såg etter begge, men fann ikkje korj.

Talemåte: for mykje og for lite e korje godt!.

Korpe, f., tjukk og knudret bork. Korpebjørk: bjørk med svart og knudret never .

Korpenevr: svart, hard og skrukket never.

Korkje, konj. verken; ikkje anten,, jfr. " Han fekk korkje vått eller turt!".

Køvørn, v., ein gammal . uskapeleg og ubrukeleg ting 1) eit gammalt kovørn av ein hatt 2) også brukt (i vondsinna meining) om ei gammal "skjebbe" av eit kvinnfolk. Skjebbe: 1) eit sterkt og hardført kvinnfolk, 2) ein flyndrefisk (sandskjebbe).

kostvare, v., (utt. kossvare), gjere seg umak (for noken), særleg med mat og drikke, jfr. " Nei, du ska kje kossvare di for mi skuld!".

Krampe, m., u-forma jarnkrok med spisse endar: kjeng: slå inn ein krampe som held nettingen oppe på gardstauren.

Krape, m., ruglet, usamanhengande ishinne på overflata av eitt eller anna.

krapyl, n., pakk , herk, pøbel, utskot: pakk og krapyl.

Kreiste, v., presse, trykkje hardt ved treg avføring.

Krekse, f., 1) kroket eller forvridd grein eller trestamme. Kreksebjørk: kronlebjørk kort og forvridd bjørk slik ein ofte kan sjå den i tregrensa i fjellet 2) ein ting , eit dyr eller menneske som er vanskeleg å ha med å gjere

Kritle, v., (utt. krih'le) eller krisle, kile, kite, klø, irritere: jfr. " det krih'le so i hal'sa, at i må hoste stødt!".

Krita-sky, f., (Cirrusky), frynsesky, fjørsky, Jfr . gammalt vermerke (etter besfar Erik): Skjye, skjye , krita o' små: He' kje du hatt synnja før, so får, du det då!

Krokgreide, nm,, (tre) greide, der det midt på tverrenden bak, er ein kraftig krok . blir brukt når ein skal dråge ein møkslede eller liknande. Krokgreidet er lett å hekte på og av, og det er såleis svært praktisk å bruke når ein har fått lasset dit det skal og sleden skal veltast. Mökslede: slede til å køyre møk på.

Krubbe, f. 1) fôrkasse til husdyr, særleg hest. Talemåte: når krubba er tom bitest hestane (skort og trange kår fører ofte til strid). Krubbebit : trang hjå hestar til å bite i krubbekanten (ein hestesjukdom). 2) liten kjel der meiane er fjøler som står på høgkant (med jarnbeslag (bandjarn)ur

Kvambelsmann, m., (tidlegare): ein person som følgde ein friar og var talsmann for han. Ordet er nemnt som eksempel på gamle ord i Syvde, av Hans Strøm (1762)

Ladd,m., oversokk,lest,raggsockk.om personar: oskeladd (eventyrfigur ,der i tydinga gut);tusseladd::ein person som er lite tess; ein pusling og reddha. Kanskje ein som går og subbar på sokkelesten?

Lagdommar,m., jurist som er fast utnemnd som meddommar i lagmannsrett.

Lagfører,m., korporal som er leiar for eit lag i ein tropp.

Lafte,v., felle saman tømmerstokkane i eit hjørne av ein bygning; det same som nave (hogge nøv)

Laft,f., utvendig hjørne på eit trehus,nøv.

Lagnad,m., høgare makt som har avgjerande innverknad på eit menneskeliv.

Lagnadstru,f., tru på at lagnaden rår for alt.

Lake,m., oppløysning av salt eller sukker i vatn, nytta til konservering av matvarer. Lakebrend brukt om sild som er blitt skjemd av gammal lake.

Laketurr: som er gått tørr for lake.

Lakk.m., (gjennom persisk frå sanskøtit),Opphaveleg saft frå lakktreet(Rhus vernicifera) som veks vilt i Kina,og som truleg har vore dyrka i Japan frå 6. århundr. etter Kristus. Nytappa, er lakkresafta lysegrå,men blir mørk (svart) når den tørkar og stivnar til ein fast lakk eller ferniss. Denne naturlakken har gitt opphav til den austasiatiske lakkvareindustrien og til moderne lak^kindustri.

Lakmus,m., fargestoff utvunne av ein lav (litmose), og brukt til å avgjere om ei løysing er sur eller basisk. Lakmuspapir: papir innsett med lakmus.

Lakris.m., svartbrun,søttsmakande ekstrakt,utvunnen frå rota av lakrisplanten (Glycyrrhiza glabra), brukt m.a. i hostemiksturar, i lakrispastillar, og til mange andre formål.

Lamb,n., unge av sau opp til eittårsalderen,vêrlamb,gimrelamb: uskuldig som eit lamb. I kristen samanheng, er lambet symbol på Kristus, Guds uskuldige offerlamb.

I denne samanhengen fell det naturleg å nemne dei såkalla Angst-Dei-smykkene, som særleg har vore i bruk i katolske land, men som også var kjende og brukte i Norge tidlegare:"Angst-Dei" er ei forvansking av det latinske Agnus Dei, som tyder Guds lamb.Hovuddelen i Angst-Dei-smykka, var ein^{er}liten^{er}lammefigur,laga^{er} sylv eller gull og fest til ei kjede slik at det kunne berast om halsen. I Toregarden i Nordalen skal det eingong ha vore eit Angst-Dei-smykke,men ein gong familien var i pengenaud,selde det til ein omreisande samlar.(Fortalt av Severin T. Nordal frå Toregarden.

Landlege,f., opphald i land; ei tid då sjøfolk og fiskarar ikkje kan ferdast på sjøen,på grunn av uver eller andre årsaker

Landemerke,n., punkt på land som det er lett å leggje merke til frå sjøen,og styre etter.

- Landrøne, f., vind som blæs frå landsida; austleg vind- i motsetning til utrøne, d
vind frå havet.
- Landskyld, f., årleg avgift tll eigaren av ein husmannsplass eller ein leigd gard.
- Landslut, n., avgift som ein notfiskar skal betale til grunneigaren når stranda har
blir brukt under fisket.
- Landsynning, m., sydaustleg vind; sydleg landvind.
- Landtøg, n., tau til å feste eit farty eller eit garn i land med; trosse.
- Landtroll, n., brukt (i spøk) om ein som kjem for seint til sjøen og ikkje når de
båten han skulle vere med, jfr talemåten. "Å stå landtroll" (bli ståande
att på stranda).
- Lang utt. lång, adj., lang; som har (etter måten) stor lengd.
Talemåtar. "I kjeme `kje so långt so´ i e´lange til!" (eg kjem ingen
stad; eg får ikkje vere med på nokon ting). Ein långeleting: ei lange
"slye" som ingjen taing ve´ gjere. jfr. talemåten: Det er mång ein lange
late, o´ mång ein liten og kvate!
- Långfingra, adj., ein som har lange fingrar, her i meininga tjuvaktig.
- Långsløkjen, adj., lang og smal; brukt mest for å karakterisere eit dyr.
- Langspann (långspann), målet frå spissen av tommelfingeren til spissen av langfin-
geren, når fingrane er utspente. jfr .Stytttspann.
- Langleggje (långleggje), v., galoppere. springe i galopp: eigentleg: strekkje ut,
leggje føtene framover.
- Langorv (långorv), n., ein ljå med langt orv (skaft), i motsetning til styttorv.
- Løpradag, m., ein dag som reknast som fridag eller kviledag, utan å vere helg.
Stubdom kalla halv helgedag eller halvhelg.
- Lape, v., hange slapt ned, jfr. " Det he´ vore so lengje turt at rabarbrabløda heng
og lape".
- Lapøyrd, adj., som har nedhangande øyre. jfr. "Den eine hunden var lapøyrd, og hin
hadde spisse øyre."
- Larke, m., ein klump eller tått av samanfilta hår, vanleg på låra av kyr og hester
som om vinteren har legje i ein fuktig og urein bås, I slike høve er
larkane oftast harde av inntørka lort. Når dyra kjem ut på beite om
våren rek dei etterkvart larkane, og ny, fin hårsetnad kjem i stader.
Det er dette som ligg til grunn for talemåten: "Ja, berre vent til
han (den vanstelte guten) kjem ut i verda, so reke han nok larkane
(for det er godt to og tæl i karen!).
- Larve, v., gjere dårleg arbeid. Verb med omlag same meining er: balle, klatre, koll
slarve. jfr. " Det er berre larv!". Ka du larva med?" Ein larv: ein dår-
leg og upåliteleg kar.

Larv, larvedom: brukt om dårlege ting, ting som ikkje verkar, om dårleg reidskap, et Laske, v., sy saman lærstykke. Til laskinga hadde dei m.a. bruk for ein laskekløve, ein laskesyl og ein lasketråd eller bekatråd, helst med bust i enden. Laske (laskje), m., 1) innsydd kile i eit klæsplagg, 3) trestykke som skal verne (td, ei åre) mot slit (ein årelaskje).

Laste, v., klandre, klage på, gje skulda for. jfr. "Dei lasta han for at han brukte så mange pengar". "Dei kunne ikkje laste henne for at ho ville ha fri av og til".

Lastverk, n., eit dårleg arbeid, jfr. talemåten "Hastverk er lastverk!":

Lat, adj., uvillig til å gjere noke, doven, giddelaus. Latnehond: skjellsord, brukt ein som er ekstra lat.

Late, v., late seg, drive dank, liggje og late seg.

Late, v., (lèt, lét, late el, lète), brukt som hjelpeverb og i andre samanhengar: Vi får la han sleppe denne gongen; vi får la henne gjere det; la det vere mellom oss; eg kan både gjere og late (vere); ho lét som om ho ikkje høyrde (eller: ho lest ikkje høyre). Han har late garden over til soren, eller som det heier på syvdemål; "Han he' lète garden over åt sø".

Lagklauv, f., kvar av to små kiauver som sit ovanfor og bak dei andre klauvene; mellom hjå storfe og gris.

Lauge, v., bade; vaske ved å ha heile kroppen i vatn, På syvdedialekt: laue, jfr. "Ska' vi gå o' laue oss?, vatnet e' fint i dag!".

Lauk, m., løk (Allium; underjordisk knopp. Talemåte: "Han e' lauken i laje (laget)! eller: "Han e' likaste lauken i laje!". (Han er den som set farge på laget; den likaste selskapsmannen).

Laup, m., 1) oval eller rund treøskje med hank på loket, som blir halde fast av to stolpar i øskjeveggen; tine, nistelaup. 2) I eldre tid eit visst mål eller kvantum av smør, i skrifeter kalla "en Løb smør" (ca. 15 kg), li med to våger fisk (ca. 36 kg), brukt som mål ved utrekning av visse avgifter.

Laupe, el. løype, v., (løyp, løyp, laupet el. løpe). springe. Om hodyr: vere i brunst, vere parelystne, flyge (sjå det), jfr. Kyra løype (i dag). ho løyp (i går) og he' løpe frå si for dinnje gångjen - Laupe eller løype i hop: tjukne, kuglere (om mjølk), For å få dette til, brukar dei ofte osteløype dvs. enzym utvunne av løypemagen frå unge jortardyr; også kalla kjåse. Ordet (verbet) laupe går i Syvde inn i følgjande regle, brukt i smabar med kappilaup eller løvetann (Taraxacum): Ein tar stilken av ein blomstrande kappilaup, spaltar den litt på langs i den nederste enden, tar den i munnen, og seier denne regla opp att og opp att, til stilken rul seg saman til ein fast ring. Og slik lyder regla: "Kappilaup, kappilaup, laup ihop som ein gullring; kappilaup, kappilaup, laup ihop som ein gullring, osv."

Laurdag.m., egentleg: laugardag, den 7. dagen i vika då ein skal lauge eller vask seg.

Laus,adj., som ikkje er bunden eller festa til noke; fri; som har losna eller kan løysast lett. Ordet blir brukt i mange samanhengar og talemåtar. Her er nokre av dei: Laus og ledig: fri og uten plikter, men klar til å ta fat der noko byr seg: ein lauskar. Laus i fisken: som har mjuke, utrena musklar, eller ein som er ung og urøynd. Laust liv: diaré. Gjere seg la gjere seg ferdig, td. til å reise.

Lausarbeid: tilfeldig (kropp)sarbeid. Lausarbeidar: person som tar lausarbeid; frilanser. Lausbeitt: som er lett å slå med ljå, i motsetning hårbeitt. Lauseld: brand; skadevarme. Laushår: falskt hår; parykk. Lausunge: lausunge. Lauskjefta: lausmunna; flåkjefta. som ofte seier noko s han burde ha tagt med. Lauslyndt: vinglande, lettlynt, sedlaus. Lausmylkt: lettmylkt; som er lett o mjølke. Lausreipa: utan bør (festa med reip) eller andre ting som tyngjer. jfr: "Går ein lausreipa, kan ein klare turen over fjellet på ein time". Lausunge: tidlegare brukt om bo som var fødde utanfor ekteskap. Lausøyre: rørleg gods; ting som kan flyttast, i motsetning til fast eigedom.

Lauvsegl,m., greiner med lauv på, brukt som segl på ein båt.

Lav.n., plante av gruppa Lichenes, bygd opp av ein sopp og ein alge som lever i s biose. Lavartene har vore, og blir framleis brukt til fleire formål: Som folkemat i trange tider (Islands lav: Cetreria islandica); Som mat t dyr (reinlav: Cladonia rangiferina); som lækjemiddel (fleire arter so fører antibiotiske stoff); til (plante)farging (Cetraria juniperina, med fleire).

Lava,m., 1) glødande, flytande stein som strøymer ut av ein vulkan, 2) storkna lav Pimpstein: porøs, storkna lava, brukt til sliping og pussing.

Lave,v., hange i store mengder eller klasar, særleg om noke som ligg jamnt utbreid ei viss høgde, og slik at det synes ferdig til å drysse ned når som helst t.d dogg, rim, dumbe, snø, etc. Jfr. "Det lavde av dogg på alle str "Det var so vått at det lavde frå kvar ein kvist" (vatnet (væta) hang fallelferdige dropar). "Ho var so tilstasa at det lavde av henne!"

Lavendelolje,m., gammal og velkjend parfyme, som mødrene og bestemødrene våre hadde leddikane av dei rosemåla klæskistene sine; utvunnen av planten Lava dula angustifolia, av Lippeblomstfamilien.

Le ,n., side av eit fartøy som vender frå vinden, i motsetning tøl lo eller lo-va den sida som vender mot vinden.

Lege, f., liggeplass, kan også vere ei seng, jfr. "I e' i legenje best!": Sitat ette ein gammal, sjuk mann i bygda, som låg for det meste.

Liggeplass for krøter (dyr) i utmarka: jfr. " Det viste legene ette dei i graset", Går inn i fleire stadnamn: Legene, Bulegene, m.fl.

Legd, el. legde, f., nedlagd eller liggjande, Brukt om kornåker om hausten når han e slegen ned av vind og vete. Jfr. " Det e' mykje legde i åkrane dinnj hausten".

Legd, f., i eldre tid ei form for fatighjelp på bygdene, der ein krins av gardar v pålagde å syte for ein fatig person som ikkje kunne hjelpe seg sjøl. Jfr.: kome på legd; liggje på legd eller "leik" Hertil namna: Leigdafo (eller leksfolk). lekskalj og lekskjæring.

Ledmus eller livemus, f., : rykking i musklar; mest brukt om rykking i musklar hj nyslakta dyr. Forstaviga av ordet skal ha med rørsle å gjere (lide, l eller lè-e). Endinga -mus, er ei forkorting av muskel.

Leting, el. lating, m., ein lat person. Ein gråleting. ein som er uvanleg lat. Talemåte: Det lagast ein leting til (den late får det som oftast ufor tent lett).

Lettber, adj., Lettbert: inkjekjønnsform av lettber. jfr. " Der er so fint å bu, for der er so lettbert!" Lettbert: ein stad der det er godt utsyn ; som er frittliggande slik at ein kan sjå vide omkring.

Lettekorn (lettekorn), n., umode korn med liten eller ingen kjerne (frå uår).

Lettfør, adj., som rører seg lett og ledig, jfr. " Han er svært lettfør for alderen!"

Lettnem, adj., som har lett for å lære. jfr. "Ho Kari va' so lettne at 'o trengde næsten ikkje om å lese på leksene!"

Lettsvevd, adj., som søv lett; som har lett for å vakne.

Lettvind, m., lett, tørr vind som saman med sol gjev god tørk på høy og hesjar.

Lid n., opning i eit gjerde; stad der ein veg går i gjennom: Også brukt om grinda som blir brukt til åstengje opningen. Tidlegare var det lid mellom inn-og utmark også på hovudvegane. Desse hadde spesielle namn etter staden (Vikelidet, Plasselidet, Tverbergslidet etc.), og fungerte såle som geografiske orienteringspunkt.

Lid, f., bergside, fjellskråning oftast med gras og eller skog; dal- eller åssid Går inn i mange stadnamn (Lidane, Lidabrunå, Bjørkelida, etc.).

Lide, v., (lid, leid, lide), 1) lide, halde ut verk eller pine, gjennomgå, plagast. jfr. " Han fekk lide for sitt feilgrep", "Han leid oftå ta haudeverk" 2) Om tid: gå, gli passere, skride. Jfr. Det lid til kvelds; det lid på dagen; det lid snart mot helja. Døme på ordveksling: A: "Kva so' lide B: " Nei, i veit ikkje ka so' lide, for i he' kje klokke". Det lid me det skrid (det går om det går smått) 3) vere komen lragt fram, nærme s slutten: Det lid med slåtten (slåtten er snart slutt).

Lide el. lède, v., røre, setje i rørsle, flytte, rikke, røyve, jfr.: lide på seg, lide fingrane, hendene, armane, hovudet; lide på foten etc.

Led, m., 1) led i kroppen: samband mellom to eller fleire bein: (okleled, kneled, etc. armen er ut av led. 2) rørleg kroppsdel som grensar opp til ein led: Jfr: "Han har skadd ytste leden på peikefingeren", ³) led eller kne på eit strå 4) ættled: lekk i ei generasjonsskjede, : jfr." Dei hadde vore bønder og fiskarari minst sju led!"

Lealaus, adj., brukt om ein stol, ein kjelke, ein slede, eller liknande, som skal hange fast saman i eitt stykkje, men som er blitt så laus i samanføyningane den leder og vrir seg ved bruk.

Ledrang (ledrång(e)), adj., stå vridd eller i ei vond stilling. jfr. "Du må vente til i får flytte på mi, før i tæ tak, for i står so ledrånge!"

Liggje, v., (ligg, låg, lege), vere i meir eller mindre vassrett stilling; ofte br i motsetning til sitje og stå: liggje på magen, på sida, på kne; lig fram å haude, fram å rame, attå bak. Ordet er mykje brukt, og går også inn i mange talemåtar og faste ordlag. Her er eit lite utval: Liggje i latsida, til sengs, på det siste (for døden) på likstrå. Liggje med (ha samleie med); liggje sengjarlega (kvile ut nokre dagar etter ein fødsel); Liggje i sak; liggje ned fyre (vere sengjeliggjande); liggje på loftet; Liggje ute (liggje under open himmel).

Lik, n., kroppen av eit dødt menneske. Om tradisjonar (i Nordal) i Syvde, i samband med død og gravferd, sjå "Jofolket", s. 268-273.

Likverje, f., åklæde som dei hadde over kista under transporten frå heimen og til grava. Dette var i eldre tider, før det vart vanleg å pynte kista på andre måtar, og som utvikla seg til den skikken vi kjenner idag.

like, v., synes godt om, vere nøgd med, jfr. "Somme lika mora og andre lika døtra, og so verte dei gifte beggje!"

Like, f., merke eller teikn til noko som skal hende. Jfr. "Det e' like til at de kjeme o' regne snart" (det ser ut til at det snart blir regn). "Det e' like til at det snart verte orførarskjifte!"

Like, f., vederlag, gjengjeld; skil; vinning. Stundom også brukt (sarksstisk) i motsett tyding, jfr. "Ja, du fekk like for våset!" (du fekk vantakk i staden for takk for at du hjelpe han). Vås: eigentleg det å gjere ein jobb i eit uver, eller under vanskelege tilhøve.

Likast, adj., flinkast, best: jfr. "Han vil alltid vere likaste karen".

Liklaken, n., svøyp, likblæje, eller likskrud. I eldre tid hadde dei på gardane ei (lik) svøyp liggjande, slik at dei ikkje trong om "å springe på bygda etter det når dei hadde bruk for det, for det var som oftast langt tid der dette var kjøpsvare. Av same grunn hadde dei også materiale til kister liggjande, og somme laga også kistene sine sjøl i god tid, Det gjorde td. Støyle-Jo i Nordalen, som var både snikkar og båtbyggjar.

Liknelse,n., Brukt om ein liten ting ,som er lite verd, eller for å gjere seg smålåten ved å late som om tingen er mindre verd enn han er.jfr,følgjar ordveksel mellom herrane A og B. A:"I høyre at du he'kjøpt di so fine båt !". B:" Ja, i he'no fått mi eit båtliknelse.so vidt i klara mi".

Liktå,f., (fl. liktå(r) , stundom også kalla liktårn, hard knurp eller hornliknande træl på ei tå, helst som følgje av for trange sko.

Lem,m., (uttalast gerne lim), rørleg kroppsdel, særleg brukt om armar og bein(gar lemene).

Leme,v., leme opp, dele sund el. opp; partere(eit slakta dyr).

Lime,m., sólv ;feiarkest laga av samanbundne bjørkekvister.Fjøsline:fjössolv; soplime brukt i fjøset.

Lín,n.,bastfibrar isolert frå linplanten(Linum usitatissimum).

Lín ,n., det å spakne,gje seg: eit stogg, eitt opphald.jfr." På arbeidsplassen buldra dei og skaut,så det var ikkje eit lín å få verken dag eller na

Line ,v., halle seg mot, stø seg til.Jfr." 'Anj hade slikt haudetynnj (var så svimmel) at 'anj måtte line si opp åt veggja so 'anj ikkje skulde dette!".

Hit 1.pinsedag kl. 9.30, 1997.

(Ved eit slumpetreff, høver teksten i dei tre siste linjene godt på min situasjon i dag.

A.N.

Linbendel, spergel (Spergula sp.),tênararve: Vanleg åkerugas.

Lind,,f., lindetre (Tilia cordata), Lind har mjuk, fin , langfibra bast, og linde bast har i lange tider vore nytta til å binde saman ting med, i staden for snøre eller tråd. Jfr.uttrykka: beste, beste i hop,"baste og bind

Linde ,m., breidt band brukt til å bind^ø rundt bagdasjer,ol. eller til å halde bleier og underklær på plass på speborn. I Syvde brukte dei til dett formålet ein 6-8 cm brei og bortimot to meter lang ulllinde, som dei kalla for reiv (el røyv). Hertil verbet reive(røyve) og substantivet røyvebanj eller reiveunge.

Lindre,v., mildne, lette, dempe; brukt om smerter ,sorg etc,Jfr den gamle, latin talemåten;" Sedare dolorem, opum divinum est" (å stille smerter er guddommeleg handling. Har vore brukt i samband med omtale av Opium som , med sitt innhald av morfin, er kjend for å stille alle smerter

Linfakset,adj., brukt om hestar som har raudleg farge og kvit mán; Ein linfakse.

Linså,m., ein stad der linstenglar blir lagt til røytings eller fåings. Under de prosessen blir dei mjukare delane oppløyste, slik at linen (linfibrane) lettare k

Lining, m., rundkant på klær: bukselining, skjortelining etc.

Linn. adj., bøyeleg, mjuk, i motsetning til stiv og hard, td. ei linn (stål) fjør.

I samband med mat og drikk: tynn, lite salt, td. linnt salta fisk. Også brukt i tydinga veik, mild dempa, ikkje skarp eller sterk: jfr.:

Linnvêr (mildvêr, lûke, tøyre); linn varme; linn straff. etc.,

Lemfeldig. adj., skånsam, mild; tyder omlag det same som linn. Jfr. "Nei no fór du visst for lemfeldig me' nå!" (nei, nå slepte du han for let

Leike, v., 1) leike, more seg. 2) boble (om kokande væske). I den sistnemnde tydinga har eg høyrte ordet brukt berre i ein samanheng, nemleg i samband med ølbrygging: Når vi som barn var med i dette tradisjonsbundne arbeidet, var vi innprenta at vi aldri måtte seie at bryggjarkjelen kokte, men at ho leikte. Braut vi dette tabuet, fekk vi vite at då vart ikkje ølet godt! (jfr. "Jofolket", s.154.)

Leikjende, n., ei innretning med ein rundtgåande nagle (laupar, kverel, sverv, skjel) innsett i eit kuband, for å hindre at dette surrar seg i hop.

Det same prinsippet er utnytta også i metalkjeder, og i visse andre samanhengar. (Sjå "Jofolket", s.144.)

Leikarvoll, m., ein samlingsplass ute i det fri, der ungdomen møttest til leik og dans.

Lein, f., 1) skråning, halling,; skråttliggjande plan ved sida av ein fjellrygg. 2) sidestykke td. på ein stige el. ein vevstad (vevstol). For illustrasjon på det siste, sjå "Jofolket" s.152.

Leirkjerald, n., leirkar.

Leite, v., leite, prøve å finne, sjå etter, velje ut, sanke. jfr: leite etter bær; leite etter sauene. "Han leita si nok opp atte!" (han kjem nok til rette av seg sjøl, skal du sjå!). "Du he' kje lov å leite uto(r)!" (Du har ikkje lov til å plukke ut det beste; du får ta opp og ned fyre!): "Han he' i alleslags sjukdoma, o' det siste e' at det leita på hauda me' nå!", d' at han er i ferd me' å bli sinnssjuk.

Leitargildre, n., ei leiting som er meir enn vanleg omfattande og vanskeleg, jfr. t. måten: Ditte vart noke te' leitargildre! (Uttrykket skal ta samanheng med (barne)leiken "Gøyme vekk og finne att!").

Leite, n., 1) høg stad i synsrande; bakkehøgde med godt utsyn. Går inn i fleire stad namn: Leitet på Myklebost, fødestaden til kunstmålar Ansgar Leiten; Leitet med Leitesteinen på vegovergangen mellom Eidså og Storeide. Tillegare, då folk ferdast denne vegen til fots, var det vanleg kvileplass ved Leitesteinen.

Leitt, ei etterstaving , etterfeste (suffiks),nytta til å karakterisere anletsform
Jfr. : småleitt, rundleitt, langleitt, raudleitt, etc.

Leiv,m., ei heil skive av flatbrød eller lefse (ein flatbrødleiv, ein løfseleiv(le
seleiv).

Løyve,v., få til overs(når ein har brukt det ein skal.Nornalform: leive .

Leivning,n., noko som er blitt til overs,eller som er att frå eldre tider,td.leiv-
ning etter ein gammal kultur.

Lèke,v., (lèk,lak,løkje el.lòke), renne,drype, sive gjennom mindre opningar: jfr.:
bytta lèk(e), båten lèk(e)." Nevretakjet på stovenje våre lèke, so vi
må stad å ta ut dropa!", dvs. : reparere der det dryp.

Lekal, adj. som lèk, jfr.:ein lekale stamp, eit lekale hylkje, ei lekale renne,etc

Lekk,m., ring, eller bukt i ei kjede eller lekkje: kjede eller band av metalringar
som heng fast i kvarandre (jarnlekkje, lekkje til armbandsur,etc.

Lenkje,f., omlag det same som lekkje. Garnlenkje: fleire garn feste saman til ende
Hundelekkje el, hundelenkje; sølvlenkje; leggje nokon i lenkjer: arrest
ere.

Lekkje,v., binde.feste med lekkjer; lekkje fast; lekkje i hop.

Lekkjehorv el. lèdhorv,f., trehorv med leder mellom tverstokkane.

Lem (læm),m., 1) luke eller liggjande dør, td. ved nedgangen til ein kjellar.
2), galleri i ei kyrkje. I Syvdekyrkja nede, heldt dei strengt på at
kvinnene skulle sitje på venstre, og mennene på høgre sida av midtgar
gen.Oppe på Lemen, der ungdomen mest heldt seg, rådde ein litt friare
tone, slik at gjenter og gitar kunne sitje om kvarandre, utan at det
vart rekna for klandreverdig eller usømeleg.

Lemend(e) ,n., (Lemmus lemmus), liten (gulfarga) gnagar som særleg lever på fjell
Også kalla fjellrotte. Lemendår; år med store mengder lemend som var
drar ned frå fjellet.Lemendet er kjent for å vere urimeleg tempera-
mentsfullt og sinna; ja, det kan verte så sint at det "sprekk" heite
det,td. når ein erter det med ein kjepp.

Lempe,f., viseleg og skånsam åtferd, jfr ordtaket."Med råd og lempe,kan ein dverg
felle ei kjempe!".

Lempe,v., 1) stelle,lage,tilpasse etter tilhøva. mildne på krava,restriksjonane.
jfr.:" Dei måtte lempe seg på begge sider for å få avtalen i stand".
2) kaste, flytte(noko tungt); lempe bagsjen inn i bilen. Lempeleg:sk
sam,mild, høveleg.Jfr." Han fekk ei lempeleg behandling".

Lemster,adj., stiv og sår i kroppen etter hardt slit .

Lengt,m., det å lengte; intenst ynskje; sagn. Heimlengt: ofte sjukeleg lengt eller
trang etter å kome tilbake til heimen eller heimstaden. jfr. " Ho
klarte aldri å slå rot og finne seg til rette i Amerika, og ho var
gjennom heile livet plaga av heimlengt."

Lengte,v., sakne, trå etter,ynskje inderleg.lengte etter , mot noko(n).

Lengting:lengt,

Lensmann, m., statstenestemann som har poititenesta og ymse administrative oppgaver i eit lensmannsdistrikt. Lensmannsdreng: eldre nemning på lensmannsbetjent.

Lèpe, m.; leppe el. lippe, f., dei tre orda tyder det same, nemleg kvar av dei kjøtflikane som dekkjer munnen hjå menneske og spendyr. og somme andre dyregrupper. Talemåtar: Gjere lepe: Gjere ein grimase, slik at underlip står litt fram. Vanleg hjå (mindre) barn før dei tar til grine. Hengje med leppa: vere sur eller fornærma: vere lei seg eller motla. Slengje med leppa: vere flåkjefta; sleppe ut av seg noko som er lite gjennomtenkt. Det skal ikkje kome over mine lipper: eg skal halde tett med det.

Lepje, v., sleikje i seg noko flytande med tunga. Katten lepjar når han skal få i seg vørke

Lerr, n., brukt berre saman med preposisjonen "på", jfr. "Set døra (eller glaset) på lerr" (set dei på glytt eller halvopne); han lerra på dyra, dyra stod på lerr då dei kom.

Lese, v., lese. Talemåtar: lese mellom linjene (oppfatte noko som ikkje er direkte uttrykt); lese ein tekstra (lese tekstra for ein): gje refs, reprimar lese noko slik fanden les Bibelen (plukke ut berre det ein sjøl har nyt av). Gå og lese, eller: gå å lese: ha førebuing til konfirmasjon. jfr. "Det va' det året e gjikk å lese!". Lesaronga eller lesarbond (dei unge (ungdomane) som går å lese (går for presten) og skal konfirmerast det året. Lese for maten; lese bordbøna.

Lespe, v., uttale s-lyden med tungespissen (for) langt fram mot tennene.

Lesse, v., lesse, leggje i lass. Talemåtar: Han he'kje kjøte' so lesse se' (han er alt for tynn, nærmast skinnmager! Han he'kje vite' so lesse se' (ironi: sagt om ein stakar som stod langt bak då vitet vart utdelt).

Lest el leist, m., 1) strømpéfot (strømpelést, sokkelést), 2) raggsokk. labb. 3) trefot på skap som ein menneskefot til å lage sko etter, eller til å setje sko for at dei skal halde fasongen. Talemåtar: å skjere alle over ein (dømme eller behandle alle likt og u- nyansert). Skomakar bli ved di lest! (hald deg til det du kann (og legg deg ikkje opp i dette som du ikkje forstår). Talemåten skriv seg frå dei gamle romarane, og er ei direkte omsetjing av den latinske setninga som lyder: Ne sutor ultra crepam (hald deg til skosolen, skomakar!).

Hit 19. mai kl. 1930. .

Så vart det litt gjort i dag og! A. I

Lirke,v., rigge, lede på eit eller anna, smått og varleg; prøve seg fram; gå fram med list og lempe for å opnå eit eller anna ,Jfr.:" Ho lirka so lenge med sparebyrsa at ho fekk ut pengane!" " Etter mykje strev fekk han lirke skruen på plass". "Til slutt fekk dei lirke sanninga ut av han!".

Lirype,f., skogarupe (Lagopus lagopus), er brunspreglet om sommaren og kvit om vinteren.

Lise,f., lindring ,lette; opphald, særleg når det gjeld smerter,jfr." Han låg i ei blå skrik heile natta,og fyst ut på morgonen fekk han ei lita lise, so han somna!". (Direkte sitat etter ein pårørande:)

List,f., snedig framgangsmåte, kløkt , lureri,jfr.: bruke list; gå fram med list o lempe; kvinnelist. Talemåte: kvinnelist er utan ende!.

Listig,adj., lur, slu; som vitnar om list/ eit listig knep/ gå fram på ein listig måte. Talemåte: Listig som ein slange.

Lit,f., tiltru,tillit,jfr."Når det gjelde penge ,kan kje du sekkje(setje) lit te noken!". " Nei, e kjenne kje veienj,so i får sekkje mi lit te dai, Hans!"

Lit,m., (fleirtal: l^{ite}, el. liter). mest brukt om naturleg farge,i motsetning til kunstig eller påsett farge. Men også frå denne regelen er det unntak. Såleis snakkar dei om ein "litapakke"og meiner med det ein (kjøpt) pulverpakke med eit syntetisk fargestoff, brukt til farging eller liting. Lit tyder eigentleg utsjånad (Aasen).Jfr.hamlit (hudfarge, anletsfarge), vår lit. haust lit, dags lit.Jfr. oga "uttrykket"å skifte litene", dvs. bli raud eller bleik i anletet(skiftevis).

Lit,m., augneblink, mest brukt i uttrykket.i siste liten: HJelpa kom i siste liten, dvs.så vidt tidsnok.

Lite ,v., setje farge på (mest om klær).Den adjektiviske formen av dette verbet(per fektum partisipp) heiter litt og går på fargen (kva slag farge det er tal om), Illustrerande ordveksel:Fru A:" He du haurt at `o Petra he kjøpt si nye kjole?". Fru B:" Ja, det he i haurt, men i vei ikkje kor anj e litt dvs. kva slags farge det er på han.Fru A:" Anj e bloraude!".

Liten,adj., fleirtal: små ; i bunden form:lisse (i syvdemålet).1) som ikkje er sto under middels høg: eit lite hus;vere liten av vekst; ein liten porsjon. 2)svært ung,ikkje vaksen: då eg var liten. 3) kortvarig,knapp: ei lita stund; ha lita tid. 4) ring, uviktig:det spelar lita rolle kva du gjer. 5)brukt substantivisk:ho skal ha ein liten, el.eit lite (ho skal ha barn) 6) adverbialt bruk: vere lite for seg (tiltakslaus,blyg). 7) bruk av liss a) for å skilje mellom to generasjonar (Lisse-Hans og gamle-Hans: Lisse-Kari og gamle- Kari) b)for å skilje mellom to ting av same slag, men det eine er større enn den andre ,td. storeriden og lisseriden i ein vevstol og storetåa og lissetåa. 8) bruk av små :småbonna, småfuglane, smågutane

Litmøse, m., mose, egentleg lavarter, brukt til farging. Ordet skal (via engelsk litmus) ha gitt opphav til vårt lakmus. ein mykje brukt fargeindikator dvs. eit stoff som har ulik farge i sur og basisk væske.

Liv, n., det å leve, levande tilstand , eksistens, tilvære: Ordet liv går inn i mange samanhengar, og dei fleste er velkjende. Difor berre sit lite utval her: Livsløp) Curriculum vitae): kort (skriftleg) biografisk orientering , brukt td. ved søknad på stillingar eller i andre personlege samanhengar: Ordlag og talemåtar: berge, ofre, misse, late livet, resikere liv og lemme ta livet av nokon, ta sitt eige liv, halde livet i nokon, kjempe for livet, setje livet til for noko (resikere å døy for ei sak), ta livet med ro, kjenne liv (merke at fosteret rører på seg), vere i live, vekk nokon til live , vere lys levande, bøte med livet. ville nokon til live (ynskje, prøve å ta livet av nokon) leve eit hundeliv, eit stille sitjande liv, eit liv i fatigdom; Leve sitt eige liv. vere liv laga (ha fra tida for seg, td. eit nystarta firma).

Livsarving, m., arving som ættar frå arvelataren i rett nedstigande linje

Livseleksir, m., (i folketrua): drikk som kan forlengje livet, styrkjedr

Livsykje, f., magesykje, diaré. Livskunst, m., det å kunne leve mest mogel rett og godt; dertil: livskunstnar.

Livsminne, n., (mest brukt i fleirtal): (nedskrivne) minne frå livet til eit menneske, jfr. " Han var 85 år, og hadde nettopp skrive ferdig sine "Livsminne" då han fekk helsotta (utt. hælotta)". Livssyn , n., :

måte å sjå menneskelivet på: eit kristeleg livssyn; eit lyst livssyn; livssynsnøytral. Livssynsorientering: ei orientering om ulike livssyns skulefag. Livsvarig: som varer heile livet, td. livsvarig medlemskap i ein organisasjon. Livsvarig fengsel: I Norge: strengaste fengselstraff, 21 år. Dei fleste som blir dømde til "livsvarig fengsel", blir sette f på prøve etter 12 års soning. Livsverk: det ein person har utretta i livet. Liv-von , f., von om liv (om å leve vidare), jfr. " Det såg myrkt ut ei stund, men no er det livvona, fortel dei!".

Livd, f., vern, le, ly. skjul, jfr. kome seg i livd for uvêret: finne livd: stå i liv

Live, v., gje livd. verne, jfr. " Dei planta tuntre for at dei skulle live for husa " På den snaue prairien var det ingen ting som livde når vinterstormar sette inn". " Når du går på ski i solskinet, bør du bruke solbriller for å live augene"

Livande , adj., tenleg til å live i, jfr. " Huset va´so gjise (gise) at der va´kje i levande om vintren, og om sommaren va´der so heitt at der va´kje levande av den grunn!". " Der va´alltid slike slåsting o´ leven, at der va´ livande for folk som vilde ha fred!".

- Liveleg,adj., stilt,lunt og fredeleg; også ein stad der det er rimeleg velstand.
jfr."Det var ein liveleg stad der besteforeldra dine kom i frå, for de var nok å livje seg på både frå sjø og land!".
- Livje.v., (refleksivt), livje seg:livberge seg.
- Livnære,v.,(refleksivt),livberge seg,td. av jakt og fiske; livnære seg som skodespelar,etc.
- Livdyr,n., ungdyr som skal fødest opp og brukast til avl, eller til å gje avdrått i motsetning til slatedyr.
- Livnad,m., måte å leve på ; samliv mellom menneske og familiegrupper,jfr.talemåten "Om `anj e' låke livnaden, so e' anj no verre skilnaden!" (sjøl om samlivet er vanskeleg, er det endå verre (endå meir smertefullt) å mått bryte opp og skilje lag).
- Livr el. lever,f., (fl.livra(r) el, levra(r);levra,den store kjertelen lengst til høgre i bukhol, opp under høgre del av mellomgolvet. Lever frå visse fiskeslag (torsk, sei,lange,m.fl.) er rike på vitamin A og D og på umet feittsyrer,og blir brukt til utvinning av medisintran. Fersk torskeleve kokt i linnt saltvatn, og levremylje (laga av flatbrød og leverfeitt), er, eller var populære matretter, særleg om vinteren i fiskjetida.
Blødlivr: klump av levra(koagulert) blod.Talemåtar: Å vere frisk på le
ra (vere kvikk,opplagd og lystig);Å snakke rett frå levra (seie rett det ein meiner.)
- Ljod (el. ljød), lyd,m., 1) bølgerørsle som verkar på høyreorgana,høyrse sinntryk låt ,ljom ,tone. I syvdemålet blir ordet ljod uttalt ljød,jfr." I ha ljødenj frå damppipenje like opp på høgda!" Dette er ein eldre uttrykks måte. I dag brukar dei ordet lyd.
Lydband :(polyester) band med finfordelt magnetisk materiale til å ta o og lagre lyd: del av filmstrimmel med optisk eller magnetisk lydopptak. (jfr. snakke inn på lydband; ta opp noko på lydband), blad
- Ljom,m., sterk lyd eller klang; fjern drynjande lyd; atterljom.(Det handskrivne/ til Nordalen ungdomslag(aktivt i 1920 åra), heitte FJELL-LJOM .Namnet kanskje inspirert av den kjend²Røros- avisa med same namn).
- Ljore el. ljøre (den sistnemnde forma brukt i Syvde),m.,firkanta røyk-og lysopning i taket over eldstaden i dei gamle røykstovene.
- Ljos el.lys,n., i syvdemålet:ljøs; straum av elektromagnetisk stråling som kallar fram synsinntrykk.Ord og vendingar i samband med ljøs (lys,ljos):
1) ljøs,ljøske, skin,skjær,opplyst tilstand; klar,tydeleg kunnskap:dags ljøs. solljøs,måneljøs,eldsljøs,elektrisk ljøs: det gjekk opp eit ljøs for meg(eg skyna brått samanhengen); kome fram i ljøset(bli oppdaga, a slørt), 2) eld,glod (glo):slå ljøs eller gjere eld (på gamlemåten, me flint , stål og knøsk); rake ljøset el. glødene (rake oske over glørne eldstaden slik at dei kunne halde seg til neste gong dei hadde bruk fo eld) .Gjekk likevel varmen ut , stakk dei somoftast over til

grannen for å skaffe seg glør(i staden for å "gjere eld" på gamlemåten Dette kalla dei "å låne eld".-Alt dette er for lengst historie,men ein del av dei gamle orda og uttrykka heng framleis att i språket, som td: " Er du ute for å låne eld?".brukt når ein av grannane kjem inn om, og så tidelaus at han ikkje kan sitje nedog prate ei stund. Det heng saman med at dei som gjekk til grannen for å låne eld , som regel hadde lita ~~lita~~ tid; 3)noko som gjev ljøs (lys):forma masse av stearin,voks el. talg, med veike i: oljelampar og elektriske lampar.

Talemåtar og sitat: Å setje ljøset(ljoset) under eit kar (la vere å vi kor flink el. dyktig ein er.Jfr.Matt 5,15:" Ingen kveikjer eit ljøs og set det under eit kar, men i staken; då lyser det for alle i huset. Såle skal ljøset dykkar lysa for folk. så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i himmelen!".Skuleljøs ,n.,ein flink og evneri person.Gje grønt ljøs for noko: Gje klarsignal for at eit eller anna kan setjast i gang; for fri bane. Raudt ljøs er stoppsignal,Heiter det a det brenn eit blått ljøs for eit eller anna, tyder det at slutten, ende eller undergangen er nær.

Nåljøs,,n., dødsvarsel; matt blå lysning som stundom skal vise seg på eller nær eit menneske som er feigt,dvs. som snart skal døy.Ordet heng s man med nåe,m.,som tyder dødning eller lik(jfr."Jofolket",268).

Ljøshåra,adj., ein person som har lyst hår,Ljøske utt.ljøskje.m.,1)lysni veikt lysskjær: atterskin.jfr." Vi såg berre ljøskjen av branden" 2) lys bli^{nk}; nordlys. Ljøsne,v., lysne,klårne,jfr." Vi kan kje reise før det ljøsna!", dvs. før de lysnar av dag." No ser det ut te^{at} det ljøsna ute dvs. at regnet og uveret letter.Ljøsleitt(e),adj.,ein person som er lys hud og hår;blid og venleg. Ljøsmele ,m.,lysstubbe, halvbrendt lys.

Ljøsríd,f., den siste fødelstida, då barnet "skjer ut". Den er som rege svært smertefull og er gjerne fylgt av ei høgt skrik frå den fødande kvi na. Dette har(truleg) gitt opphavet til følgjande talemåte:" Det va^{so} ein skulde høyre ljøserida!" - brukt litt sarkastisk- om eit oppøst og høgrøysta, storskrattande kvinnfolk. Ljøster el. ljøstr,f., stang mec spisse hakar i enden til å stikke fisk med. Ljøstre,v., stikke eller far fisk med ljøster,

ljøte (utt.ljøt),adj., skøyten, grovskoren, "lite pen",stygg; også ufjelg,utekkjel Jfr." Ho e^{so} ljøte at ò verøte sikkert ikkje gifte!".

ljøte, i syvdemålet;løte,v., (lyt. laut, løte),måtte, vere nøydd til, skulle.

(Eigentleg noko du får (tildelt) av lagnaden, ved lutkasting, dvs. ved kaste lodd. Døme på bruk: 1)måtte, vere nøydd til:du lyt gjere det/ ho måtte vere med anten ho vilde eller ei/ det er følt å lote gjere slikt/ har lote vente lenge. Upersonleg: det lyt lagast mykje mat.Frittstående utan anna verø: eg laut heim. 2) få (løyve,råd), ha lov til,burde: ho ly no gjere som ho synest; det lyt so vere;i dag lyt de heller kvile.

Lyge, v., (lyg, laug, løge ei. løje), 1) seie noke som ikkje er sant; skrøne.

Talemåtar: lyge so ein trur det sjøl/ lyge for noken/ lyge i hop ei historie/ lyge noke inn i noken (prøve å innbille noken eit eller ann som er usant; svarer omlag til: å lyge ein fulle). Lyge på noken(prøve å skade noken ved å fortelje lygner om han). Når ein person skuldar ein annen for å lyge, kan dette uttrykkjast på fleire måtar: "Nei, no lyg du!; du lyge!, eller: det laugst du!". Den sistnemnde uttrykksmåten bli rekna for den grovaste og mest fornærmelege. Andre ordlag og talemåtar "Han (ho) lyge si fram". " Denj so lyge, hanj stele mæ!" (også). " Det berre lygn o stuld der i gara!" (lygn og stuld: lyging og steling).

2) gje falsk opplysning, falsk informasjon, narre, vere svikefull. Eit par døme vil kanskje gjere dette klårare: Ein åkerflekk som ligg i ei bratt skråning rett imot den som ser han, synes å vere større en ein like stor åkerflekk nede på flata. Ein seier då gjerne at åkeren oppe i bakken "lyg seg større" enn det han verkeleg er. jfr. talemåte "Flatå e dyla, men brattå belja ta det!" (flata er dyla: ho er stø re enn ho ser ut til. Brattå beljar av det: ropar ut at her er eg, sj kor stor eg er!") Bratte, f., bratt bakke, fjellskråning, brattlende.

Ljuv, adj., herleg, behageleg: yndefull; søt, mild. Mest brukt i poetisk samanheng.

Ljå, m., reidskap med eit skarpt jarn el. stålblad festa på eit skaft (orv) og brukt til å skjere gras el. korn på rot med. Av ljå er det to hovudtypar: Lan orv (med langt orv (skaft) og styttorv med kort orv (skaft), Sjå "Jofoket" s.140. 2) Nokre ord og vendingar i samband med ljå og slått:: Ein ljå har to hovuddelar, bladet og orv²t. Å lage gode ljå (ljåblad), var tidlegare eit spesialarbeid, og ein god ljåsmed naut stor vørndnad i bygdene. Ljåbakke (ljåbakkje): ryggen eller bakken på eit ljåblad, i motsetning til egga (jfr. knivblad). Ljåsorv; skaftet på ljåen. Ljåtåg: ba det som fester ljåbladet til orvet. Ljåtågene var laga av tynne bjørke røter etter ved ein vissteknikk (Jfr "Jofolket" s.86). Ljåspik: tynnslit ljå; eit ljåblad som er mest utslite. Ljåkniv: lang kniv, laga av halv slite ljåblad eller ljåspik. mest nytta som stingarkniv (til hjartestikking) ved slakting. Mannen med ljåen: Personifisering av døden; tenkt (framstelt) som eit beinrangel med ljå.

Lo, f., dott av ull eller hår. 1) ullhår som slitst av strikka eller vovne plagg, J " Det vert mykje lo av ullkvitlane!". 2) korte fibrar på ty. Fløyel har lo på retta.

Lód, f. 1) Stråfôr (høy og halm). Lodaløyse: skort på stråfor til dyra (ikkje uvanleg når våren kom seint. Då måtte dei ty til tillegsfôr (rognebork, lyng, skav, einer, m.fl.) 2) skoren og utreskt grøde (korn og halm saman).

Lódabytte: " styrkedrikk" laga av høy, høyfrø (høymød), mjøl og varmt vatn og gitt til kyr i vårknipa.




Fig. 15. Spikarløda og klinkehammaren til Støyle-Jo.

Lød, f., metalstykke med hol i, brukt ved lagning av jarnnaglar, båtsaum og liknande.

Ei gammal spikarlød er vist på fig.

Lód, går som etterstaving (suffiks) inn i substantivet slettlód - ein gammal type av bjønnabørser som var slette (dvs. utan kulespor) i løpet. Lód har her samanheng med løde: leggje ammunisjon i eit gevær.

Lodd, n. 1) metallklump med ei viss vekt, brukt til å vege med (vektlodd). Tidlegare brukte dei (jamtunge) frø frå Keratonium-frukter (Johannesbrød) når dei skulle vege gull, edelsteinar og andre kostbare ting. Dette går att i vekteininga Karat (etter Keratonia). Som vektlodd vart også nytta penge stykke, ettersom desse har ei viss vekt svarande til verdien.

2) (metall) klump festa i enden av ei snor og nytta til måle vassdju til å fastsetje vertikal (loddrett) stilling eller til å drive urverk (dei gamle loddklokkene). 3) Tidlegare var lodd ei vekteinig her i landet. Eit lodd svara til ca. 15 g eller 1/32 pund.

Lodd, n., lut, "speleternig". 1) kvar av fleire like ting som blir kasta eller trek for å la tilfellet få avgjere ei fordeling. jfr: kaste lodd, trekkje lodd noko. Loddet er kasta; (på latin: jacta est alea, el. kasta er loddet). Skal vere sagt av Julius Cæsar, då han med heren sin gjekk over elva Rubicon 49 år før Kristus, på veg mot Roma for å skaffe seg regjeringsmakt over Romarriket. Avgjerda er teken. Nå er det berre ein veg, nemleg Fram, De er dette ein vanlegvis legg i uttrykket: loddet er kasta. 2) setel med nummer som er med i trekninga i eit lotteri. jfr: kjøpe lodd; ta lodd; vin narlodd; vinne det store loddet.

Lodde, f., (eigentleg "den lodne" fordi hannfisker har ei håret stripe langs sidene i gytetida), liten arktisk laksefisk: Malotus villosus (villosus tyder bustet eller håret).

Lodde, v., 1) måle djupn i sjø eller vatn med eit lodd i ei snor; lodde etter sild: søkje etter sild med lodd; lodde ei stemning: sondere, finne ut.

2) bruke lodd i ei snor for å sjå etter om noke er loddrett. 3) binde saman to metallstykke med flytande metall, td. tinn.

Løden, adj., hårvaksen, håret, med tett hårklednad, jfr "Du må snart klippe di, for du e'åt o' verte so løden i nakkja!". Mange plantar har lodne blad eller frukter, jfr. Lødnejupe el. lødnehjupe, som er fruktene av Rosa villosa (jfr. ovanfor).

Loft, n. 1) rom under taket i eit hus; lem. Myrkeloft, turkeloft; liggje på lofta.

2) tak i eit rom, himling. Loftsglas, loftstropp, loftstrydning, etc.

Løg, m., utkok, uttrekk av plantar og plantedelar (infus: te, eller decoct: utkok).

Eineløg: utkok av einebar, brukt til ekstraksjon av maltet under øl-brygging og til mange andre formål (til hårvask, til rensing av trekjøeld, etc). Høyløg: krøttrdrikk laga av høy som er kokt eller utbløyt i varmt vatn.

Løge, utt. løje, m., 1) flamme, bluss, eldtunge. jfr. "Lampen e' for høgt oppskrua for 'anj brennje me'sotande løje!". "Huse'sto i ljøs løje!" "Løjen st. høgt til veirs!".

Løge, v., brenne med loge, flamme, lyse. jfr. "Jonsokkvelden loga brisingane frå al. Jonsokhaugar og andre lett synlege stader rundt om i bygda".

Logg, f., nederste delen av eit (tre)kar der botnen er innfelt (i stavane); tilde også brukt om den delen av stavane som er nedanfor botnen. Legg'e: fle tal av logg. Jfr. "No må du te'å spare på smør'e, Petra. I høyre at d snart e'komen ned i legg'jene på smørambara!" "No e'det snart slikk-logg!" eit uttrykk brukt til å fortelje at nå er det straks slutt på forrådet av eitt eller anna; at (smør)karet snart er tomt (inspirert eit kjent folkeeventyr).

Lognt, adv., (vind)stillt og fredeleg med høveleg tempertur; lunt. "Det er lauffallstid og lognt i alle lundar" (frå diktet: Fyste tur av Henrik Straumsheim). "Denne hajen ligge so lunt til, at der kan vekse mest kva som heilst!".

Logo, m., (frå gresk, av logos, "ord, tale"), firma eller varemerke spesiell grafisk utforming, brukt som kjennemerke-

Logre, v., 1) om hund: svinge, dille med halen som teikn på glede, iver o.l.

2) logre for noken: smiske, gjerne med tanke på å få hjelp eller oppnå eitt eller anna.

Løk, n., laus eller hengsla del på eit kar, ei kasse eller liknande, til å stengje med; deksel, jfr. gryteløk, kisteløk, kasseløk etc. I overført tyding: lette på loket: la kome for ein dag litt av det som tidlegare var hemmeleg.

Løke, f., skote, slå, stengsel på ei dør eller grind, jfr. "Du må hugse på å ha lokå på dyra før du går, so 'o ikkje verte ståande oppe!"

Loke el. lonke, v., vere sein, somle, dra seg. jfr. " Hanj gikk alltid berre o'lonka, o det va'aldre noke driv ti 'nå når 'anj skulde arbeide!"

Lokke, v., 1) kalle venleg, rope til seg; Ein brukar ulike måtar (ord og vendingar. anten sagt eller sunge), når ein vil kalle til seg dei ulike husdyra: a) hesten: "Tobbå, tobbå. tobbå!". kua: " Kom kyra, kom kyra! (helst sunge, når ein vil kalle kyrne til mjølkeplassen): sauen: " korri, korri, korri!"; geita: Kille, kille, kille!"; grisen: Giss, giss, giss!"; Katten: Pussi, pussi, pussi!". For (gjatar) hunden er det meir komplisert: Vil ein ha hunden til å jage, seier ein gjerne tirr, eller ta dei, Vil ein kalle hunden tilbake, hutar eller plystrar ein på han. Tonefallet og ten det blir sagt på, spelar her ei viktig rolle. Jfr. Lokketone: kvart fugleslag har sine spesielle lokketonar, som stundom blir imiterte av menneske når dei vil oppnå eitt eller anna. I overført tyding: lokke med framtidige goder, rikdom etc. Jfr. " Han lova henne gull og grønne skogar dersom ho ville glfte seg med han og flytte til heimlandet hans!". 2) prøve å påverke, freiste; narre, forføre, Jfr. " Han lokka guten til stele, og guten let seg lokke, " " Han lokka henne med seg inn i skogen og forgreip seg på henne. Då skyna ho at han hadde lokka henne i ei felle!". Lokkefugl, lokke due: 1) due eller annen fugl brukt til å lokke ville fuglar. 2) I overført tyding: person, særleg ei kvinne, som blir brukt til å lokke nokon i ei felle. Lokkemat: agn eller åte, brukt ved fanging av dyr, og til fiske og jakt. I overført tyding: narre ein, td. med falske lovnader (som lokkemat).

Lom, m., symjefugl av slekta Gavia. Lomen, storlomen (Colymbus arcticus), held til fjellvatna, m.a. på Nordalsfjellet. Det er ein sky fugl, men stundom ka ein sjå han flyge lågt over vatna, og kome over dei grønne, brunspettet egga under vierkjerr langs strendene.

Longe, adv., (eigenleg dativ av lang), for lang tid sidan, for lengst. jfr. "Ditte (arbeidet) skulle vore gjort långe sida, men det he'kje kjime te'si Ordveksling: A: " Ska' anj Per te' fjells i dag?". B: " Ja, det ska' an men hanj e' reiste långe sida!".

ordenen

Loppe, f., 1) vengelaust parasittinsekt av Siphonaptera. Lopper kan ha tilhald både i sengklær og gangklær, og lus og lopper blir ofte nemnde i "ssme slegen" når skal skildre vanstell og ureinske i eit hus, jfr "Der va' atte gått me' loppe(e) o' lus!" (der krydde (var overgått) med lopper og lus over alt. Loppekasse : spøkefullt namn på seng. Loppebit: lite rødt merke i huda etter eit loppestikk. jfr. "Det er ingen ting bry seg om Det er kje større enn eit loppebit!". 2) Ha lopper i blodet: vere sv livleg og urøleg- Jordloppe: insekt av bille- ordenen. Loppemarknad: etter fransk: marché aux puces), marknad der det blir selde brukte ting til låge prisar.

Loppe, v., 1) reinske for lopper, jfr talemåten: "Han lyge so fort (like fort) so hondenj loppa si!" (dvs. avært fort). 2) snyte (for ein pengesum), plyndre. Jfr "Dei loppa han for svære summar i kortspel!"-

Lort, m., 1) ekskrement (klatt, rue) frå dyr og menneske; møk, skit. Talemåte: Fa opp som ein hjort og dette ned att som ein lort (svarer til: å fare og som ei løve og dette ned att som ein skinnfeld). 2) ureinske, søle, skrap. jfr.: vaske lorten av fingrane. av støvlane, etc.

Lopp, m., 1) visk, dott, jfr. høylopp, ullalopp; Myrlopp: Brukt både om sjølve myrulplanten og om "ulldotten" i toppen. Det siste er blomsterdekket som er blitt omforma til hår. 2) ein liten flokk, td. av krøter: ein lopp av av sauer eller geiter (ein saudelopp, ein gjeitalopp).

Løs, n., losning, glid. jfr. "Han va' ein fāmælte mannj, men når 'anj fyst kom på l va' 'anj mest ikkje te'å stogge!".

Losliten, adj., Om klær: som har fått loa sliten av, t.d. ei loslita kåpe, "Han såg svært losliten ut" (usteltt og dårleg kledd).

Losne, v., bli laus, miste festet: gråten, tårene losna; det losna eit skred: "Han hadde fått skjyrbuk, og tennene hilt på å losne".

Lõt, n., misstemning, innestengd harme, humørsykje. jfr. "Han he' lõt i dag, og då e 'anj ikkje å snakke til!".

Lõte, v., slå seg vrang, vere utilnærmeleg, jfr. "Han gjekk og lõta heile dagen!".

Lov, f., 1) rettsregel som er vedteken av styresmakene i samsvar med grunnlov og sedvanerett (grunnlov, straffelov, lov om målbruk i offentleg teneste, m. 2) samling av rettsreglar som gjeld i eit land (gjeldande norsk lov; alle er like for lova 3) lov i bõbelsk samanheng: samling av påbod frå Gud til menneska (Moselova, lova og profetane. 4) vedtekter for eit eller ein samskipnad (speidarlova, lov om drift av apotek). 5) setning eller formel som uttrykkjer eit forhold som på visse vilkår er konstant (naturlov, tyngdelov; psykologiske og økonomiske lover; Parkinsons lov). 6) norm, konvensjon, uskrivne lover for takt og tone. 7) brukt adjektivis i uttrykket: det er (ikkje) lov å gjere det og det (det er (ikkje) lov (ikkje) tillate).

Lov , framhald)

Med lov skal land byggjast og ikkje med ulov øydast: sitat frå Frostatingslova; finst også i andre gamle lover. Den første delen av sitatet:"Med lov skal land byggjast", står som innskrift over inngangen til Justisbygningen, Universitetet i Oslo.

Løve,m., innside av ei hand,handflate; innside av ein hanske eller vott.

Lovott,m., (av løve, eigentleg love-vott).vott med eitt rom for tommelen og eit sams rom for dei andre fingrane;bladvott.Talemåte:" E syntest i haure lusa hoste i lovotta!".(du skal ikkje prøve å lære meg(noke),ditt us kryp som berre så vidt er komen ut av reivane!).

Lubbe,f., ei tjukkfallen jente,

Lubben ,adj.rundvaksen,fyldig,tjukkfällen ; tettvaksen ,kraftig:ein lubben unge; lubben småskog; ein lubben hundsunge."Ho he´ei pæne talskjive,(eit v forma andlet),men `o e´ berre so altfor lùbba!".

Ludder,n.,(etter lågtysk luder,som tyder " åtsel,lokkemat,hore");prostituert kv

Ludo,m., eit brett- og brikkespel for to eller fleir personsr. Namnet er etter det latinske ludere,som tyder spele,leike. Ludo tyder: eg spelar.

Luft,f., 1) gassblanding som utgjer atmosfæren rundt jorda,jfr.: rein og urein luft; varm luft,kald luft;vårluft, haustluft,etc

2)I formen lukt (i Syvde brukt om romet over jordoverflata),jfr." Når dei fyrte av dei største dynamittsalvane, fauk stein og rusk høgt opp i lukta!". " Flyet va´ so høgt oppe i lùktenje at vi såg det berre so ein prikk!".

3) Luft(lukt)brukt om innblanding av framande stoff i lufta:innesteng luft (eller lukt), vond luft, tev, stank; lufta var slik der inne at det var ikkje til å halde ut!.

Talemåtar: "Han va´opp i lùkt og sky"(hsn var overstadig glad og opprømt over eitt eller anna)."Han for i lukt og sky" (i flygande fart; med stort hastverk). " Det var eit slag i lause lufta" (det var noke som ikkje ga resultat).

Lugg,m., hårdusk som heng ned i panna.Jfr.: leide hesten etter luggen.

Lugge,v., rive eller slite ein i håret.

Luke,f., lem,lita dør til å stengje ein opning med: kjellarluke;lùke-i-bank-eier postkontor. Trekkluke: luftluke i omnsdør.

Luke,v., reinske ugras og tynne ut plantane,td. i ei gulrotseng.

Lukke, f., lagnad, slump, god lagnad, framgang, gode levekår. *)

Talemåtar (ordtak): Det ein he'lyst til, det he' ein lùkke til.

Kvar e' sin eigjen lùkkesmed. Lukke på reisa: Blir som oftast sagt i alvmen kan også vere sagt ironisk, slik at ein meiner det motsette. Jfr.:

" No he' vi endele' fått`nå uta hus`å, o' lukke på reisa, sa ai!"

Lukt, f., eigentleg luftstraum med stoff i gassform, som påverkar luktecellene, jfr ange, brål, dâm, snøk; stank, tev; godlukt, matlukt, løklukt, sveittelukt; fiskelukt, sildelukt, lukt av nysteikt brød etc. Ordet er også brukt om luktesansen: han misste både lukt og smak (både lukt- og smaksevne) under den sterke forkjølinga.

Lùm, adj. linn, mild; mest brukt om luft og vind, jfr.: " Hanj e' lùme i dag!" eller:

" Hanj e' lùmren i dag!" " Det e' so lùmmt at i trur i må kaste ta mi trø

Lùmpe el lompe, f., tynne kaker, laga av kokte poteter og mjøl (utan bakepulver eller gjær) og steikte på begge sider: potetkaker.

Lumsk, adj., som lurar på høve til å gjere ei finte, eit pek eller det som verre e Kan vere skummel, farleg, ful og upåliteleg: ein lumsk fiende, ein lumsk sjukdom, ein lumsk plan.

Lun, adj., 1) skjerma mot vêr og vind ; som er i ly, jfr. logn. 2) høveleg varm, mild: ein lun krok. 3) stillfarande og godlynt, koseleg ,hyggjeleg: ei lun gjente; eit lunt smil.

Lune, n. el. f., (av latin luna: måne), (skiftande) huglag, stemning, humør. jfr. ein luneful person, lunefullt vêr, etc. Ein har lenge meint at månen innverkar på sinnet og sinnsstemningane, jfr. engelsk "lunatic" , som tyder mån sjuk eller sinnsjuk. Det greske namnet på måne er men, og dette ordet har gitt opphav til menstruasjon. ein tilstand som kan gje både fysiske psykiske plager.

Lunn , m., 1) rund stokk til underlag for noke som skal slepast eller flyttast fra. Mest vanleg brukt om dei stengene eller tvertrea som er lagde ned i ei båtstø(d).

Lunne, v., 1) leggje ned lunnar. 2) brukt om (eller av) ein fiskar som kjem heim ut fangst: " Vi he' lunnja i dag!" (vi har ikkje fått ein einaste fisk!).

Lunnar, m., (fleirtal av lunn). Det same som

Lunnende, n., (gammalnorsk: hlunendi); mest brukt i fleirtal: rett eller føremun s høyrer til ein jordeigedom,; også kalla "herlegdom". Elvefisket var eit lunnende som høyrde med til visse gardar. jfr.: "Han fekk garden med lut lunnende , eller "med lut og lunnar" (Jfr. " Gamle Grendi" av Ivar Aas

*) Å ha fiskelukke: vere heldig og få mykje fisk. Gjentalukke: ha flaks med gjent

Luns el. lonse, m., eit større kjøtstykke. Jfr. " Han fekk ein diger lonse av saftigt kvalkjøt!"

Lunsj, m., måltid mellom frukost og middag: svarer mærmarsrt til det norske dauremål eller dugur.

Lunte, f., leidning til å tende ei sprengladning med. Talemåtar: tende lunta (starte eitt eller anna som kan ha fårlege konsekvensar); ha lang lunte eller lang leidning (vere sein til å oppfatte ting); lukte lunta (ane uråd) Lunta gjev frå seg eitjereliknande lukt når den brenn.

Lur, m., (eigentleg ein uthola stokk), 1) blåseinstrument, ofte på skap som eit lan røyr (nevrelur, bronsetur). Lurlåt: den karakteristiske lyden eller tonen av ein lur, Gjætarane brukte ofte lur tidlegare for å gje signal. Det same gjorde Prillar-Guri under slaget ved Kringen i 1612.

2) noko samanrulla som har form av eit røyr, td. ein borkalur: rull av bor og never avflekt av ein bjørkelegg (om våren "når bjørka går").

Lur, m., benk eller platting som den underste kvennasteinen i eit kvennahus ligg på Lurås: bjelke under luren. Sjå kvern og "Jofolket" s.117.

Lur, m., blund. Ta seg ein lur: slumre, sÿvje (av), eller sove ei lita stund. jfr. : ta seg ein middagslur.

Lur, n., gøymsle, bakhand, reserve. jfr. " Han he' alltid noke på lur" (han har allti ein reserve; noke i bakhand når det knip om).

Lur, adj., slu, sløg, sliten, utspekulert. Talemåtar: lur som ein røv, ei lur gøymsle, det er lurt å spørje seg føre; det er viktig å vere lur, men ein må k vere så lur at ein lurar seg sjøl. Jfr mannen som steig på hampen når kjøpmannen vog. (sjå hamp).

Lure, v., (eigentleg: lerre på augneloka, ha augene halvopne), 1) liggje gøymd (i skj og lyde eller sjå etter noke; vente på høve til å gå til aksjon, jfr.: katten ligg og lurar på småfuglane; det lurar fårar kvar ein fer!

2) grunde på, undre seg over, spekulere: Eg lurar på kor gammal ho kan vere ; eg lurar på om han nokon gong har trenkt å betale tilbake dei pengane eg lånte han. 3) gå fram på ein gløgg eller listig måte; smette snike: Han lurte seg forbi vaktene; han lurte seg til å stele hundre kroner frå kista medan folket var ute. 3) narre, snyte og bedrage:

"Denne gongen lurte eg han godt!"

Lure, v., døse, slumre; mest brukt i uttrykket "lure han av", dvs, vere "dagtjuv", snike seg til payusar under arbeidet.

Luring, m., ein slu og upåliteleg person.

Lurk, m., 1) ein stor og grov stokk, 2) ein stor og tung kar, ein stor brande!

Lurv, el. larv, m., ein uflidd og upåliteleg kar.

Lurve, f., 1) fille, fillet eller utslite klædeplagg, jfr. "Han brukte denne broka så lenge at det berre var fillene i gjen!". 2) sjusket kvinnfolk.

Lurvet(e), adj., fillet, tjafset, uflidd: jfr. " Han va' alltid so lûrvete på hå'ra

Lus, f., (fleirtal: lyse(r); 1) lite blodsugande insekt utan venger, av ordenen Siphunculata. Mennesket har to lusearter, flatlus (Phthirus pubis) som held seg rundt kjønnsorgana (jfr, talemåten: frekk som ei flatlus), og menneskelu (Pediculus humanus). Denne finst i to biologisk ulike raser, haudelus og kroppslus. Haudelusa leve i haudehået, kroppslusa i klærne og på kroppen. Begge rasene trivst best der det er dårleg kroppshygiene. Lusepulver: pulverisert : sabadillefrø (Semen sabadillae). Lusesalve: kvisylvsalve. Lusehond: brukt som skjelsord. Gnitter: luseegg (synes i hår Talemåtar: det går som lusa på ein tjerkost, går urimeleg seint; å vere s ei lus mellom to negler: vere i ei stygg knipe. Full av lus: luset

Lyske, v., reinse for lus, Lyske seg: plukke av seg lus.

Lût, m., del. , stykke, jfr: dei fekk kvar sin lût av kaka, av garden ,etc, Jfr. Lod Lýt, m., fleirtal lÿte(r); i denne formen brukt om ein porsjon mat: Når folk i bygda for til bryllaups tidlegare, hadde dei alltid med seg ei føringskorg med bryllaupsmat(lefser, søst, etc), og når dei drog heim att frå bryllaupet, fekk dei med seg ein eller fleire lÿte av det so var att av bryllaupsmaten, som ferdamat eller til dei som var heime.

Lut, m., Væskeløysing av hydroksyd av alkalimetall: kalilut, natronlut; oskelut: lut laga av oske, særleg bjørkeoske. Talemåtar: Gå for lut og kaldt vat (lide under vanstell). Det skal sterk lut til skabbete hovud(ein må bru sterke middel for å få bukt med hardnakka plager).

Hit 30 mai 1997, kl. 12⁰⁰ A.N.

Dette (arbeidet) gjer eg fordi det er terapi for meg--Men:

Mot alderdomens siste plage, finst ingen urter i din hage

Lydast, v., vitje, sjå inn om, jfr. "Vi vilde vere glade om du kunne lydast om oss av og til!".

Lydrike, n., rike som står under eit anna og må lyde påbod frå det; vasallstat.

Lygne, f., feittdropar eller feitthinner på overflata av ei vasshaldig væske, td. i ei gryte der det blir kokt feit fisk. .(Ordet vart brukt i denne samanheng av bestefar(Erik Jonson Nordel, 1841-1930).

Lykkje, f., 1) sløyfe eller bukt på tau, tråd, o.l.: slå ei lykkje, lage ei rennelyk
2) eit stykke inngjerda mark: eit gjerde: uttala gjære.

Lyng, m., låge , buskforma plantar, for det meste av lyngfamilien (Ericaceae). Mest vanleg er vel røsslyng(Calluna vulgaris), som kan dekke store område. Dei skar (sanka) den tilkegare som tilleggsfôr i vårkveipa. Derav uttrykk skjere lyng -.

Lyse,m.1) tran,brukt som olje i kølene (dei gamle tranlampane:sjå køle).

2) skosmurning, kokt saman av tran, talg og tretjære,Jfr." Han smurde skoa sine godt med lyse før han drog".

Lyse,v., kunngjere offentleg,avertere; jfr.lyse til ekteskap: kunngjere at to ska gifte seg, Dertil : ta ut lysing.

Lyske,f.,lang grop mellom underlivet og framsida av låret;latin:inguen.Norsk:røyra

Lyskebrokk (hernia ingunialis),slit (med smerte) i røyra eller røyrane.

Lyst,f., trå, dragning mot noke,hug ,interesse,jfr.arbeidslyst,leselyst,matlyst; eller ha lyst på noke,jfr.gå med løstå (gammel dativ fleirtal av lyst):" N i går ikkje me´ løstå!". Sist eg hørde dette uttrykket brukt, var i 19 åra i Nordal i Syvde.

Lysteleg,adj., gledeleg, hyggjeleg,jfr." Det var ikkje noke lysteleg syn som møtte dei då dei kom heim etter innbrotet!".

Lystre,v., lyde, rette seg etter, vere lydlig mot,jfr." Hesten slo seg vrang og vil ikkje lystre" ,dvs., han let seg ikkje styre med taumar og tilrop.

Lystre,v., fange fisk med lyster.

Lytelaus,adj., utan lyte,jfr. " Denne hesten er utan feil eller lyte!".

Lægd,f., langstrakt søkk i lendet, stad eller flate som ligg lågt,jfr."Kjynnje heldt si mest ned´i lægdenje, der det va´ svalt".

Læke,f., mildvêr,tøyr.jfr!"Etter ein lang bolck med gnallefrost, vart det endeleg l

Lækje,v., gjere god att av sjukdom eller skade,gjere frisk: Ein seier gjerne:læk ein sjukdom, men grøde eit sår,Også frå denne regelen er der unnatak,Jf talemåten;tida lækjer alle sår. Lækjekunst:kunsten å lækje.verksemd som lækjar,lækjevitskap. Lækjemiddel: eit middel (ei hjelperåd, det vere fysisk eller psykisk) som lindrar eller lækjer sjukdom.Lækjeplante: me sinplante (opiumsvalmue, revebjølle,belladonna,m.fl.).Lækjingsblad: bl. av Plantago major, også kalla groblad eller grobladkjempe.Lækjevitskap moderne medisin.Ordet ofte brukt i motsetning til folkemedisin eller tradisjonsmedisin.

Læte,f., Lyd,tone, skrik etc. 1) dyrelåt:lambelæte , røvelæte; duelåt,kråkelåt,e 2) irriterande lydar, som gauling,hujing, dårleg sang, dårleg musikk,e Jfr." Det va´berre styggelæte" eller "det va´noke te´styggelæte!" 3) Klage, "oppatmaling" eller oppripping av ei sak,jfr," Det va´ allti same lætå!". Brukt om verk og pine:"Han jamra seg og let som ein sjø, visste kje å beride!".

Løyert,m., poseliknande plagg til å ha på spedbarn dei første levemånadane.

Løpestreng, m., ståltråd eller kabel som heng i fritt spenn (td. i ei li) mellom eit øvre og nedre feste. og som blir brukt til å frakte høyr, mjølk, ved og liknande, Jfr. "Jofolket", s. 43.

Løyse, v., gjere laus, gjere fri, td. frå eit feste: Løyse kjynne (kjyrne) frå båsen, løyse båten, løyse på bandasjen. Ein seier at ei kyr er åt å løyse når ho set av mjølk i juret og viser andre teikn på at ho snart skal kalve.

Løysing, m., ein frigjeven tæræl i norrøn tid.

Låk, adj., vond, pinefull, ill, sjuk, kle(i)n; motbydeleg, stygg: trist. I uttrykka "låk i ", følgd av namnet på ein kroppsdel, der står namnet på kroppsdelen (i syvdedialekten) alltid i dativ, jfr. "I e' so låke i hauda, i maja, i faingranje (fingrane), i føtå, i tånje", etc.

"Kvar heilst e' det du he'låkt?" (kvar i kroppen er det du har vondt).

"E' det låkt når i trykkje på her?" (gjer det vondt o.s.b.)

"Det he' vore låkt me' oss det siste åre!" Det har vore mykje sjukdom og mykje trist her det siste året)

Talemåte: Det er ein låke fugl so' skjemme' sitt eige reid!"

Lån, n., noke som er lånt, særleg pengar; studielån, banklån, pantelån, etc.

Talemåte: Lån skal kome læjande igjen (når du har lånt eitt eller anna (smør, kiffi, mjølk, etc.) skal du alltid betale tilbake litt meir enn det du fekk låne !)

Låne, v., få til bruk ei viss tid (før tilbakelevering); låne pengar, låne bøker, etc

Låre, v., (etter engelsk lower; eigentleg: gjere lågare), fire eller senke (med talje eler liknande): låre livbåten på sjøen; låre seglet.

Lårbeinshals, m., smalt stykke på øvre delen av lårbeinet. Har lett for å bryte, særleg hjå folk som lir av osteoporose eller beinskjørheit.

Låt, m., 1) lyd, tone læte: fuglelåt, godlåt, felelåt, lurlåt, etc. 2) musikkstykke. melodi. slått: spele ein låt etter Myllarguten. 3) sutre, jamre, klage. jrf. talemåtene: låte og klage; der var gråt og ille låt.

4) uttale seg om, klage over, laste. Jfr. " Han klaga se' over verdøtra so' skulle ha alt på sin eigjen måte!"

M

M,. m-en, fl.M-ar. 1) M står for Mille= 1000 i den latinske talrekkja.

2) M "- Mark (tyske)

3) M "- karakteren Mykje godt.

Mage,m., Magesekk,sekkforma utviding am matmeltingskanalen. Kyra (drøvtyggjarane) har fire magar: vomba, huå (hua),gørhaudet og vingstra.

2) samnemning på magesekk og tarmkanal, jfr.: arbeide på tom mage, ha vondt i magen, ha treg eller laus mage, etc. 3) buk, vomb, underliv:stomage, istrebuk, storkarsmage; storevomb og storevambre(brukt om overfødt " storkarar"(tidlegare).I overførd meining:gå med ein ordførar i magen ambisjonar om å bli ordførar): krype på magen for noken(krype for, vis seg underdanig). Talemåtar:Han (ho) he´kje mågemål eller magemåt(de kan ikkje styre seg,dvs.passe måten når dei et); han he´majenj som avg (han lever (berre) for maten.

Mageriv,n., mageknip, magesmerter som brukar å gå over etter ei stund;vindknip.

Magemunn,m., opning mellom matrøyr og magesekk.

Maggedeise,f., ei storvaksa og tjukkfallen kvinne; ei meggje eller magge.

Magesykje,f., livsykje,diaré.

Magesaft,f., saltsur, enzymhaldig matmeltingsvæke produsert av kjertlar i magesekken.

Magesår,n., sår i magesekken eller tolvfingertarmen.

Magnat,m., rik og mektig person i næringslivet, storkar (industrimagnat).

Opphaveleg brukt om overhovuda for adelslekter i Polen.

Mak,n., ro, (vere) på staden der ein er,halde seg roleg.jfr:" I bad `nå so innste dig i kunnje om å vere i mak (og ikkje dra ut på den farefulle ferda, men `anj vilde `kje lyde, og no ser de kor det gjikk!",dvs,gale.

I faste ordlag: sit i mak (sit roleg); stå i mak: stå roleg der du st I dativforma makje, går det inn i nokre faste uttrykk:gå i makje(gå s og roleg), ro i makje,etc,Ein kan også forsterke uttrykket,ved å setje aulande (el aurande),jfr." Du må gå i aulande makje, so du ikkje skrøm opp rupene!".

Make, m., (substantiv laga av eit adjektiv. Tyder eigentleg: "det eller dei som høyrer saman"), 1) ektefelle, den eine av eit par ~~dyr~~, han eller ho: ekte make ; finne seg ein make. 2) den eine av to ting som høyrer saman i par: Desse skorne er ikkje makar; eg må prøve å finne maken til den votten eg miste. Som adjektiv: desse vottane er akkurat maken (akkurat like). 3) Brukt om liknande ting eller noke som er likt: Maken til flogvit skal ð leite lenge etter; det finst ikkje hennar make! 4) I utrop: Nei no har eg aldri høyrte på maken! Talemåtar: Han er ikkje meir enn manns make! (han er ikkje likare enn andre folk; han er ikkje noke ut om det vanlege!). Krakje søkje makje og like bonn leika best!

Makelaus, adj., som det ikkje er make til, uvanleg, eineståande, framifrå: det var e makelaus vinter, eit makelaust uvêr , ei makelaus budeie, ein makelaus tale.

Makeskifte, n., byte av fast eigedom mot annen fast eigedom av same verdi.

Makk, m., 1) eldre nemning på dyr av rekkjene flatmakk, leddmakk, rundmakk; virvel-laust, langstrakt, ormeliknande dyr; i syvdedialekten ofte ombytt med orm. Jfr.: innvolsorm, bendelorm, skølororm (skolopender, tusenbein), mfl meitemakk el. raudemakk (Lumbricus terrestris), mykje brukt til fiske med makk; jfr talemåten: å vri seg som ein makk på kroken.

2) insektlarve som liknar på makk : eplemakk (jfr. eplet er makkete). Makkebol, n., hol eller rom etterinsektlarver (makk) i frukt, td. i eple Makkebøle, n., hop eller samling av makk; også brukt om involsparasittar hjå husdyr, Når det kjem makk saman med avføringa, seier ein at dyra har makkebøle.

Makkefluge, f., spyfluge som legg egg i matvarer.

Makkehol, m., borehol etter insektlarve.

Makkesmogèn, adj., makketen, som er gjennombora av tremakk (insektlarver).

jfr.: "Både kjistå o' stolane va' heilt makkesmögne" (Ordet har samanheng med verbet smyge, som tyder krype, smette, lure seg fram.)

Makkemjøl, el. mottemjøl, n., støv, pulver av treverk som er sundgnege av insektlarver

Mott, m., 1) møl (møll), 2) midd, 3) borebille som går på treverk.

Malt, n., korn, mest bygg, som har spirt ei tid og utvikla eit enzym som kan føre stivelse over til sukker , Jfr " Jofolket", s.154.

Maltekstrakt, m., sirupslignande ekstrakt av malt.

Malurt, m., (eigentleg urt mot møl (møll), plante av korgblomstfamilien (Compositae). Planten har sterk lukt og beisk smak. Har vore brukt som råd mot møl og til å gje absintvin og brennevin sin karakteristiske, beiske smak . Talemåte: Ha malurt i begeret for ein eller annen (øydeleggje gleda; peike på ulemper.) Vermut: eit anna namn på malurt.

Mammon, m., (ordet særleg brukt i bibelsk samanheng), Avgud for rikdom, pengar, jordisk gods, Talemåtar: samle seg mommon; dyrke mammon. Mammonstræl: penge kjær, havesjuk person.

Mandel, m., frø frå frukta av mandeltreet (Prunus amygdalus), ein plante av steinfruktfamilien. Av mandeltreet finst der to slag . Det eine gjev søt mandel, den som vi brukar til mat, og den andre gjev bitter mandel, Den smakar svært beiskt og er giftig, fordi den inneheld stoff som spaltar av blåsyre. Den blir litt brukt i medisinen ,og dessutan til utvinning av mandelolje. Hagemandel: prydbusk med greiner av ein steril varietet, innpoda på eit vanleg mandeltre. Hagemandeltreet har lyseraude, fyllte blistar. Når den innpoda delen etter nokre år visnar vekk, skyt det nye greiner opp frå rota og blir til eit vanleg mandeltre, med mindre og lysare blomster, som utviklar mandelfrukter der det er klima til det. Mandelpoteter: potetsort med lange, krokete knollar.

Mane, v., 1) bruke magiske formlar eller ritual (frå Svartebøker og liknande skrifter) for å skaffe seg makt til å gjennomføre visse handlingar. Maninga var ein del av magien, som har røtene sine langt tilbake i tida (jfr. magi og svartekunst), 2) påverke oppmode, støre , formane, jfr: mane (eller eggje) nokon til strid, til kamp for ei sak; mane til ettertank til samhald, etc.

Mang el. mång , n., stoff, tilfang, ingrediensar som noke blir laga av, jfr, Mengje: blande, røre i hóp, og mengjest: som lar seg mengje. Talemåte: det er lett å lage god mat når ein he`godt mång! (jfr. mokk.)

Mang ein el. mång ein (brukt som) ubunde pronomem, jfr.: mång ein time, mång ein da mång ei gode stond(stund); mångt et tungt tak. I fleirtal mange el. mång (likt for alle tre kjønn). Talemåte: Det er mång ein långe o`late, o`mång ein liten o`kvate!". Kvat: kvikk, energisk.) Mångeduble: auke mange gonger, jfr.: " Du ska få det mångedubbelet i gjen dersom du hjelpe mi dinnje gongjen!".

Mangel, m., skort; det å vere utan det ein treng: matmangel, mangel på arbeidskraft. 2) feil lyte: huset har fleire feil og manglar, m.a. er taket utett. ((Spøkefull ordveksling mylljå gamlekarå, A og B: A.: Korleis er du te`friss me`den nye verdøtra di?" B: " Nei, det er det veste skrape`so`he kjime har på gare`nj!" A:" Seie du det? Det kan no tenkjast at det er feil o`mangla på begge side!", B:"Ja, det er nettopp i he`sagt, at ikkje he`o` rompe o`ikkje he`o`brøst!".))

Mani, m., (frå gresk mania, "raseri") 1), i psykiatrien: oppspilt sinnsstemning med sterk sjølkjensle og verketrong. 2) sterk, einsidig lyst eller interesse fiks idé, dille. Jfr. Han har ein rein mani når det gjeld motorsyklar: Kleptomani, pyromani: ha ein urimeleg trong til resp. naske (stele) ell å setje eld på eit eller anna.

Mån el man, f., (egentleg "hals" eller "nakke"), lange , stride hår langs oversida av halsen på ein hest, jfr. " Merra vår va´ raudbrune, men o´ hade ljøs´e mån o´ljøs´e lugg, o´kvit´e stjennje (stjerne) i pannenje!"

Månkje el. manke, m., 1) øverste del av halsen på ein hest, 2) lange nakkehår på somme dyr (td. løvemanke); stridt , tett mannshår. jfr. " No e´anj glaskollte, men anj hade ein svære hårmankje då anj va´onge!".

Manna, m., (etter det hebraiske ordet "man" som tyder gåve). 1) I følgje Bibelen, var dette ein slags føde som jødane ved eit under fekk i øydemarka. 2) inntørka, søttsmakande plantesaft, fått ved såring av manna-ask (Fraxinus ornus); brukt i farmasin mellom anna i avførande preparat 3) manna-lav, ein etande lavart (Lecanora esculenta), som veks mellom anna i Midtausten.

Marbakke el. maribakkje, m., (mar etter gammalnorsk marr som tyder hav eller sjø), bratt botnskråning utanfor strandområde i sjø eller vatn.

Mare, f., 1) i folketrua: eit kvinneleg vette som set seg på brystet til ein som s jfr. mareritt: ein tyngsel med vonde draumar som kan melde seg når ein søv, helst om natta. 2) I overført tyding: noke som trykkjer og tyngjer jfr. " Dei økonomiske vanskaner Reid han som ei mare".

Marhalm, m., brukt om fleire, fleirårige arter av ålegrasfamilien (Zosteraceae). De veks på botnen i sjøen, og har mange norske namn forutan marhalm (sjøgras, ålegras, havbendel, marlauk (som tyder havløk). Ein av artene, Zostera maritima, kan vekse fleire meter nede i sjøen, og blir ofte kalla bandtång. Arter av marhalm finst langs heile norskekysten.

Marm, m., sus og brus av havbårer og vind, jfr. Garborg (i Haugtussa):

Eg kjenner deg, du havsens marm
med galdre-song.

Marme, v., suse, bruse; også tyte og klage og rippe opp att det same, jfr. "Han kunne aldre slutte å marme over den uretten som han meinte han leid under arveskiftet!".

Marmele, m., (etter gammalnorsk marmennill, der mar tyder "hav" og mennill "liten ma altså: ein liten havmann (havtroll, havvette) som, etter folketrua, kunr tale med folk, gje dei varsel og hjelpe dei som gå han eitt eller anna Ein mann i Nordalen (Paul K. Myklebust) som i sin ungdom hadde vore sjømann, hadde mange sitat og vessar etter marmælen, og her er ein av "Det myrknar i sky og det svartnar på hav. Tak av du som votten gav!

Marihand, f., namnet blir brukt om Orchis maculata (flekket marihand), og om flei nærstående arter, som har det til felles at dei har eit karakteristisk rotsystem. Og det er desse rotsystema som har gitt opphav til dei : interessante plantenamna. 1) Grev ein opp flekket marihand, vil e finne at den blomstrandende planten er vaksen opp av ein knoll, som i bl stringsperioden er svart og innskrunpa, i motsetning til den lyse, g

te sideknollen. Synet av dei to knollane ved sida av kvarandre, har sett folkefantasi i sving: den lyse og vakre er blitt til handa til Jomfru Mari medan den svarte, skrukkete kontrasten, automatisk måtte føre tanker inn på ein person som skikkeleg folk nødig søkte selskap med.

2) I staden for handforma knollar, har knollane på mange orkidéarskap av ein liten ball eller testikkel som på gresk heiter Orchis. Det var den greske botanikaren Theofrast, som 300 år før Kristus, førebukte namnet Orchis på ein raudblomstrande plante av marihandfamilien, som i dag heiter Orchidaceae på fagspråket.

Mat, m., 1) føde, særleg i tillaga stand: morgåmat, middagsmat, nonsmat, kveldsmat; turremat, skulemat, fiskemat, kjøtmat, kattamat, hondemat, grisemat, hønsmat; lese for maten (be bordbøn), takke for maten: Talemåtar: Dette er mat for mons (ein godbit, ynskjemat); maten er halve føda.

2) næring, næringstoff: "Det er lite næring i lettekonn, i kaffi og tynne supe". (sitat.). Lettekonn: umoge korn, mest brukt om havre.

Mate, v., 1) putte mat i munnen på (med skei), jfr: mate lissebanje. mate bestemora so ligge te sengs. 2) forsyne med råstoff: mate truskemaskina, mate ein datamaskin med opplysningar. 3) brukt om mogning av korn. jfr. "Hevrå e' åt o' mata si (eller matast) dvs. havren er i ferd med å få kjerne i ferd med å bli mogen. Fullmata: som er vel forsynt og ikkje treng meir. Mest brukt om fisk som ikkje vil ta agnet, Jfr. "Kredenje va' fullmata, so dei vilde kje bite!"

Matauke el. mjølauke, m., det giftige overvintringsmycelet (overvintringsstadiet) av kornsoppen Claviceps purpurea. Fagnamnet på matauke eller mjølauke er Secale eller Secale cornutum, og refererer seg til den giftige soppdelen, som stikk som små bøygde horn ut av dei modne (rug)aksa. Denne giftsoppen trivst også på andre kornarter enn rug, og visse år var soppen så vanleg, og kom i så store mengdet over i matkornet, at det førde til alvorlege forgiftningar over store deler av Europa. Sjukdomen som gjekk under namnet ergotisme, førde til skader på nervesystemet, kramper og netsett blodomløp, stundom kaldbrand (kolbrand gangren) i armar og bein. Sjukdomen hadde ofte dødeleg utgang. Ergot er eitt av fleire namn på mjølauke. Mjølauke blir brukt i farme

Matheming, m., matskikk, matstell

Matjord, f., øvre moldrikt lag på dyrka mark.

Matmons, m., ein person som er glad i god mat.

Matmor, f., husmor, den som har ansvaret for matstellet.

Matstove, (uttala masstove), f., hus til koking og matlaging; eldhus; også brukt om lita stove, der ein set frå seg mjølk og andre matvarer, og der ein også kan ha måltid, td. sommarstida. Ei slik masstove hadde dei i

Toregarden, på Støylen i Nordal, då eg var ung. Huset som snudde i aust-vest, hadd tre rom. Den sentrale delen var eit lite ,firkanta stoverom, utan loft, og med ein bè-te under raftene og tvers over romet, slik det va vanleg i dei gamle røykstovene. (Ljoren og eldstaden var nå fjerna. Inngangsdøra til romet var frå vest, og til veggen midt i mot var hengsla eit lite bord, som dei kunne slå opp på veggen når det ikkj var i bruk. Over bordet var eit hald for matskeier, o.l. Lys til ro fekk dei frå eit lite , småruta glas på nordveggen, og møblane i rom var små krakkar med tre bein ogein langbenk langs veggen på sydsida. På austsida av stoveromet, var det bygt inn til ein skjå, til ved e og til høgre for inngangsdøra til stoveromet, var det eldstad (grue med gryter og anna kokeutstyr. Jfr. Fig.




Fig. 126. Toretunet sett frå Jotunet (ca. 1940). Ved stova står Rasmus T. Nordal. Sitjande i forgrunnen: Ragnvald Nordal. Det lange låge huset til høgre er den gamle Masstova (Matstova) i Toregarden.

Matsøkjande, adj., tenleg til mat. jfr. "Kjyklingshanane e´ endå so små at dei ikkje e´ matsøkjande". " Kredene e´ endå so skrinne ette´ vintera at dei ikkj e´ matsøkjande, Du får vente me´ å fiske dei te´ ut i august, når dei he fitna (blitt feite) og lagt på si!".

Mokk, el. mauk, n., væske til å koke mat med (vatn, mjølk, o.l.). Grautamokk: vatn ell vassblanding til å koke graut av. Graut hadde ein sentral plass på matsetelen i det gamle bondesamfunnet, og det var derfor viktig at den vart laga på rette måten. I prinsippet er det svært lett å lage graut: ein rører ein viss mengde mjøl (eller anna mång) ut med kaldt eller lunka vatn, gjev blandinga eit oppkok under omrøring, og lar blandinga få koke nokre minutt. Er menden av mokk og mång som den skal, bli resultatet godt. Men stundom hender det at det blir klumpar i grauter. Det skjer når ein set mjølet til det kokande mokket. Når ei ung og urøynd tenestgjente gjorde denne tabben, fekk ho gjerne høyre det av matmor på denne måten: "Dersom du lar grautamokket koke (når du har mjølet), vil du alltid få klumpar i grauten!", og så la ho gjerne trugande til: "Og dersom du ikkje kan koke skikkeleg graut, då vert du ikkje gift!".

Maule, v., 1) tyggje, ete seint, gamle 2) ete berre eitt slag mat utan det som høyrer til: maule smør, ost, (spike)kjøt, pålegg, etc.
"I e' so såynte (at) i kan maule eild!" (eg er så sint at eg kan maule eild). Herme etter ein mann i bygda.

Maur, m., maur (Formica): 1) migemaur (pissemaur), hestemaur, maurtue, mauregg.
2) Talemåtar: flittig som ein maur; du late gå til mauren og vert vis (Bibelsitat).

Maure, v., 1) arbeide som ein maur, arbeide trutt og uthaldande. 2) stikke, grave, verk murre: Gikta maura i bein og hofter; det maura i heile kroppen.

Mid eller méd. f., kvart av to landskapspunkt (landemerke) som ein kan dra ei siktelinje mellom til navigering. For å kunne fastsetje eit geografisk punkt, trengst to siktelinjer som skjer kvarandre i ein (rett) vinke. Det geografiske punktet ein er ute etter, er skeringspunktet mellom dei to linjene eller hjørnet i vinkelen. For å kunne ta "god mid", trengst gode landemerke (audkjende fjelltoppar, nes, holmar etc). Å kunne ta skilleleg mid, kravde innsikt og røynsle, jfr. talemåten: å mide på månen, brukt m.a. om ein som ikkje kan sitt handtverk.

Mide, v., ta mid; mest aktuelt i samband med å finne att ein fiskeplass på sjøe

Mid, adj., som er i midten el. er komen til midten. Adjektivet går som prefiks inn i mange samansette ord (midmorgon, middag, (midafan. jfr. nedanfor), midnatt, midvinter, midsommar, midbergs (midt i fjellsida), m.fl.).

Mid-aftan, mar-afta, Marafta-tuå: Det siste ordet, er namnet på eit gammalt solmerke i fjellkanten sydvest i Nordalen. Når sola står over Maraftatu er klokka ca. 6 (18) om ettermiddagen. Då var det midr-aftan eller "mid-kvelds" etter gammal rekning. (Jfr, Vest-Avisa 2. juli, 1994.)

Midt,adv., (egentleg inkjekjønnsforma av det gammalnorske adjektivet midr; sjå r
Prøve på bruk: dei drog midt på natta; han stod midt på golvert; det
midt i laget(middels bra); ta midt på treet (ha eit mellomstandpuni
midt i tvo (to like delar): Jfr."Trøstervers til smårollingen som da
bakover og slo seg på enden":

Vis raua va´ ta glas
hadde `o gått i hundrede knas.
men `o va´ ta kjøt o´ blo(d)
o´ derfor gjikk `o berre midt i tvo!

Mekedag, avkorta form av midvikedag, onsdag. Eldre folk i bygda brukte dette namn
et då eg var ung, mellom andre bestefar min, Anders Amundson Nordal
(1841-1933).

Mige,v., (mige,,meig,mige), pisse,late vatnet.Mige seg ut(pisse i klærne).

Mighus,n., forhud (preputium penis)mest bruktom hest. Migemaur: pisse-
maur, eitermaur.Mighus: eit gammaldags utedo.

Mellom,prep.,I Syvde brukt formen myllå: myllå huså; myllå Jul og Nytt år;ein
myllåmann (ein som går i mellom og forhandlar om ei sak).

Minst,adj., (superlativ av liten).Minstemann: den minste (yngste) i ein (barne)
flokk. I minste lag: vel lite, mindre enn det burde vere.; Ikkje det m
ste! (absolutt ingen ting); det måtte då vere minst so pass!(det
skulle ein i det minste vente!.)

Misfoster,n., unormalt utvikla foster;mislukka produkt; vanskapning.

Mismæte,v., ringeakte. ha ringe tankar om. jfr."Du ska´kje mismæte `nå Lars (de
vesle friaren).Hugs på at ånj e`ta ei gode slekt, og slikt kjeme
at`te på bonnj`å!".

Miss ,I syvdedialekten myss, m., feiltreff, mistak.jfr." I steig i myssenj`e o´
for fram å-haude"(eg steig feil og datt framover).

Mjelk el mjølk,f., mest brukt om kumjøl

Mjelke,v., 1) dra eller suge (med maskin) mjøl

geiter; gå å-mjelke (dra til fjells el.til utmarka for å mjelke kyrne
2) gje mjelk,jfr. " Dei he´ ei mjeltekyr so´mjelka seks liter i mål
" Dei he´også fleire mjelketurre kyr (turrekratur) på ga´ra!"

Mjelte,m., mjelk,eller ting som har samanheng med mjelk.1) rester av mjøl

ene etter handmjelking; jfr.Vaske av seg mjelten.2)ordet går som pr
fiks (førestaving) inn i mange samansette ord og stadnamn:Mjelteveg: v
til mjølkeklassen; jfr. uttrykket"fram i mjeltevegå" Mjeltebakken: sta
namn; ein gammal mjølkeplass, Mjeltemond (el.-mund):mjølketid, jfr.mor
3)mjelte, el. mjølke ,m., sæd i hannfisk, i motsetning til rogn.

Surmjelk, f., meir vanleg kalla skyr. Skырblende (ei blanding av surmjølk og vatn), var tidlegare ein vanleg leskedrikk, særleg om sommaren når det var varmt jfr, bygdevessen om presten og klokkaren: "Når presten får mjelkeblende, får klokkaren ondestandet!". Når skырblende blir ståande ei stund, fell ostestoffet til botns, og blir til "ondestand". Som skikken var, skulle presten, som hadde høgst rang, drikke først av skåla, og dermed vart han lurt for den mest verdfulle delen. Talemåte: du ska' ikkje gråte over spilte mjelk, for 'o rennje snart att (t)i".

Mjøl, n., 1) pulverliknande masse, oftast finknust eller malen, av korn eller andre plantemne, 2) finknust masse av dyriske eller mineralske emne. Talemåtar: "Han he' kje reint mjøl i posen". (han driv med luteri, og har eitt eller anna å skjule). "Han passar på å mjøle si eigja kake!". (han syter for føremunar for seg sjøl).

Mjøldyft og mjølsåd (eigentleg mjøldumbe og skalflisar av eit korn): uttrykk brukt i eldre tid av tiggjarar eller fatigfolk som var ute for å tigge eller låne mjøl, jfr: "Du he' kje ei mjøldyft å låne oss? Det fins ikkje ei mjølsåd i gjen heime me' oss. Ja, vi he' vore svøre i mange dage (Svør: heilt lens.)

Mjølkerald, n., lite trekar med skråttliggjande lok til å hengje på veggen.

Mjølkersldet og saltkjeraldet, som innheldt tilfanget til den dagvisse kveldsgrauten, hadde sin farte plass på kjøkkenet i dei gamle bondeheimane på bygdene våre. Mjølbyre (mjølbyrde) og konnbyre: Større forvaringskar for resp. mjøl og korn.

Mød, n., smått avfall av høy og halm.

Mód el. mot, n., sinn.huglag, mot. Går inn i fleire faste uttrykk: vere ved godt mot (ha god von. sjå lyst på situasjonen); vere vel eller ille til mote. (mote er her ei gammal genetivform etter preposisjonen til. Han hadde ikkje mod på det (han var lite huga på det) Misse motet; halde motet og setje mot i nokon; Ta motet til seg; vise mot og mannskap; drikke seg til mot, m. fl.

Moda, adj., lysten. opplagd (på), jfr. "Eg var ikkje mykje moda på å ta den turen, for eg visste at eg ville få lite att for den".

Modast: ha lyst til eller mot på, jfr! "Å vere lausarbeidar va' lite å modast på, so i prøvde å få mi mitt eigje!"

Modig, adj., djerv, uredd. ein modig mann. Gråte sine modige tårer (sørje tungt over eitt eller anna.)

Modfallen, adj., trist, nedfor. Det e' so modalaust!: brukt om ein vanskeleg situasjon som ein ikkje ser utgangen av.

Mor el. moder, f., (mødre(r).mødrene) 1) kvinne som har barn (sett i høve til barne el. borna); Også eit hodyr i høve til sit avkom. 2) som del av mange samansette ord: husmor, matmor, fostermor, jordmor, m.fl.
Talemåtar: "Eit lite sår og ei gammale mor ska du ikkje forakte!".
"Han bed for si sjuke mor", (han ber for seg sjøl under påskot av å tale for andre). "Ho e'kje av mors beste bonn!". (ho har eit tvilsamt rykte og er ikkje til å lite på). Uttrykket: Plitt moders åleine, dvs. heilt åleine, synes å ha eit komplisert opphav som eg ikkje skal gå ir på her.

Moras, n., ordet har samanheng med marsk, som tyder myrlendt terreng, sump.

Møke, f., skuffe, reke, spade,

Møke, v., flytte masse med skuffe, spade o.l.: moke snø, moke veg, moke fjøsen.

Møk, møk eller møk, n., noko som er ihopmoka, mest brukt om gjødsel (kumøk, hestemøk etc. Møkadunge: gjødseldunge. Møkslede: slede til å køyre møk med.

Mold, f., mørkfarga, porøs jord av omlaga organisk materiale, blanda med mineralemr

Molde, v., 1) strø eller ha mold over: mylde ned kornet 2) spreie jord (eller osk ut over snøen tidleg om vårane for å få snøen til å smelte fortare. De var serlæg for å få åkrane snøfrie så tidleg som råd var, at dei gjorde dette. Mylderive: tung, sterk rive brukt til mylding.

Møl, m., banke av småstein (og litt sand) lagt opp av sjø eller vatn. Elvamøl: småstein og sand lagt opp gjennom tidene i og ved ei elv (som har rast).

Moreld, m., små lyspunkt som kan vise seg i havoverflata når sjøen er i rørsle, og som kjem av sjøllysande plankton.

Morfin, n., smertestillande narkotisk stoff som blir utvunne av opium eller opiumpvalmue (Papaver somniferum). Morfin har namnet sitt etter den greske søvnguden Morpheus. Somniferum tyder: den som fører til søvn.

Morgon, m., 1) tid omkring soloppgang, første del av dagen, 2) neste dag, el. sein I den gamle syvdedialekten, heiter fleirtal av morgon: menna, uttala nennja. jfr. "Dinnje hjorten va' heilt ned åt huså to mennja i forrige vike. Hanj e' her andre tide me'men det e' best å sjå `nå om mennjå!" (det siste mennjå), er dativ fleital av morgon). Talemåtar: Morgonstur har gull i munn: morgonen er beste tida for ymse gjermål, td. ljåslått på harbeitt mark; jfr. den gamle strofa: "Morgenstund har guld i mund. otten ljåen biter".

Kloke ord: utset ikkje til i morgo kva du kan gjere i dag! Og

I morgo er ein skjelm! (du skal ikkje lite på morgondagen, han kan bli annleis enn du trur).

Morkake, f., (Placenta), organ for stoffutveksling mellom mor og foster

Morken, adj., halvrotten, smuldrande, mør, skøy: ein morken trestubbe; eit morke golv.

Morsk,adj., bister ,streng sint,barsk,jfr.: gjere seg morsk for å skaffe seg respekt.Også: morske seg opp,td. for å få ungane i ein klasse til å lyde

Morsmål,n., det første språket eit menneske lærer.

Mort,m., 1) karpefisk med raude auge (Rutilus rutilus), 2) småfisk, særleg 1-2 års gammal sei.

Morter,m., (frå latin mortarium), kar av hardt materiale,der ein med ein støytar eller ei støyteklubbe, som blir kalla for pistill, kan knuse eller pulverisere frø og liknande, og der ein kan blande pulver og lage salvar Tidlegare var morteren mykje i bruk i apoteka, der dei hadde morterar til ulike formål. Små morterar, oftast av metall, blir også brukt i haldet.

Moske,utt. moskje, m., garnlykkje (som ein heklar, knyter eller bind saman med ei ny garnlykkje). Moskefall: ein stad der ein moske er oppreven eller feilknytt. Er det siste tilfelle,snakkar ein gjerne om ein dragemoske Moskeride eller moskekjelve: mal eller modell som moskane på eit fiskgarn blir bundne rundt og som bestemmer moskestorleiken.

Mót,n., 1) møte; Godt mot!dvs, vel møtt.Helsing (kanskje meir brukt tidlegare) nokon møttest(på ein veg). 2)Ein stad der to ting møttest, td. to vega (vegemot) eller elvar(åmot). 3) Eldre nemning for sjukdom som kjem brått på. Tidlegare kunne ein stundom høyre folk seie:" E fekk eit sl mot!". Spurde ein kva dette gjekk ut på,kunne ein få dette svaret:" D kom so´ kasta over me´ o´e måtte gripe me´fyre so e´ikkje gikk over ende!" Etter folketrua, var det"mot" som det her er tale om, møtet me eit vette eller ein føring (dødning),som altså var sjukdomsårsaka.

Mot,prep. (med dativ),mot og imot: han kom imot oss; han rodde mot vinda.(dativ Preposisjonen blir nytta også i mange andre (velkjende) samanhengar.

Mote,adv., oppover, oppetter ein bakke eller eit høgdedrag, i motsetning til unda Blir også brukt som preposisjon med dativ:" mote bakkja" (oppover bak Jfr. den følgjande talemåten eller bygdevessen:"Det e´ togt i mote bakk gå, men tyngre å frie o´ikkje ja få!".Og her er ein meir vanleg talemåt " Det e´ i motbakkja ein går oppover".(Brukt som trøystande ord t.d. t ein ung person som er midt i eksamenstriden.)

Muge el mue ,f., ein stor dunge,oftast brukt om høy: høymue.jfr. " Dei raka turrhø ihop i støre mue(r), som dei deretter lesste opp og køyrde heim".

muggen,uttal.muggjen,adj., 1) dekt av mugg ,mygla. 2)sur og gretten ,furten, jfr.

´O va´temmele´muggja mot mannja sine i dag, ´o Store- Birte!".

Mukke, v., mukke , knurre , ytre mishag.

Mukk, n., veik meinigsytring, veik protest; jfr. " Det kom ikkje eit mukk frå forsamlinga".

Mule, m., munnparti hjå større dyr, særleg jortardyr og hest.

Surmule, v., vere tverr og furten, jfr. "han gjekk og surmula stødt!"

Muleband, n., munnkorg , grime (eigentleg: band rundt mulen på eit dyr.)

Mulle, v., 1) snakke lågt og utydeleg, liksom til seg sjølv, jfr. " Han mulla noke or at han snart skulle reise til utlandet". 2) nynne.

Mumie, m., lik som på grunn av balsameriung eller inntørking ikkje har rotna.

Mund, n., tid, stund eller leite då noke brukar å hende. I syvdedialekten uttala mond, jfr.; fiskemond: den tid på døgnet då det er best å fiske med ang og agn. Det er på den tida då fisken har sit matamond, dvs. når han skjer mat meir enn andre tider på døgnet. Kveldsmond, morgomond, mjeltemond, kvilemond, m.fl.

Mun, el. møn, m., hjelp, gagn , nytte, verknad, føremon: sjå seg mon i noke (finne a ein har bruk for det; ein mon større: litt større; ein god mon mindre mykje mindre; ta sin mon att: ta att det forsømde. Talemåte: " Alle mon drege, sa musa ho pissa i havet!"

Monsleg el. munaleg, stor, dugeleg , skikkeleg, jfr. " No må du skjere di monslege brødskjive o' mette di so' du bida ei stond!".

Munn, m., lippene og opningane mellom dei; munnhole; gap; kjeft. Går inn i mange velkjende ord og talemåtar. Her er nokre få prøver: ta munnen for full: lo for mykje, overdrive; snakke noken etter munnen: jatte med; ta ordet ut munnen på noken: kome ein i forkjøpet med å seie noke; ta bladet frå munn: snakke rett ut, syngje ut. Munnhell: talemåte, ordtak, frase som går att hjå ein person eller i eit miljø. munntil-munn-metoden: metode for kur stig anding med innblåsing av luft i den skadde; munnskåld (Stomatitis aphthosa) betennelse i munnslimhinna med kvite små sår. Årsak kan vere Herpes simplex virus eller allergisk reaksjon. Munnskåldrot: tormentill rot , rota (rotstokken) av Potentilla erecta.

Munntøl, n., roleg stund, som mellom to harde smerterider. jfr. " Han hadde ikkje mu tol!" (han hadde så vondt at han måtte ynke og jamre seg alt i eitt.)

Munnty, n., snakketøy; jfr. " Den karen hadde munntyet^o orden!".

Mus, f., (fl. myse(r) , mysene), gråbrun smågnagar an musefamilien. Talemåtar: skip gjekk ned med mann og mus (ingen vart berga); fjellet fødde ei mus (ett Æsups fablar: det vart smått resultat i høve til innsatsen.)

Museøyre, n., øyre på ei mus. Når åreblada (blada av or) var så store som museøyre kunne vi ta til å fiske kræde heime omvårane - heitte det. Museøyre eller mjelkeøyre: ørlita vierart (Salix herbacea), som veks nær vasskanten i fjellvatn. Planten finst m.a.i Skinstødet ved Kvandalvatne på Nordalsfjellet.

Mus-skjer,n., spissmus (Sorex)

Mute,f.1),gåve,penngar som ein gjev i løynd for å påverke noken til eigen fordel.
atikkpenngar; mest brukt i fleirtal:ta muter.2) Løynd, løyndom,jfr.:
gjere noke i mutå (dativ fleirtal),i smugg,slik at ingen skal vite de
Det gjekk i mutå (det gjekk hemmeleg for seg).

Mute,v., gje hemmelege gåver for å oppnå føremunar;gje stikkpenngar; kjøpe,smørje:
jfr. uttrykkja:la seg mute, ta og gje muter.

Mutel,utt.môtel,m., liten kniv.jfr. "Hanj hade kje annja enn ein knivsmôtel å hjelpe
se med!".

Mutt.adj., fåmælt og sur : han ga berre eit mutt svar.

My, el . mygg,m., insekt som hører til ein underorden av tovenger,og har veide-
horn med minst seks ledd. Malariamygg:kvar av fleire myggarter som over-
fører malariaparasittar, som er årsak til malaria, ein alvorleg tropisk
og subtropisk febersjukdom.Malaria er verdens mest utbreidde sjukdom.

Myhank,m., 1) stor mygg med slank kropp og svært lange føter (långefot el.stankelbe
2) ein flokk eller sverm av mygg.

Mykje,v., gjere mjuk eller mjukare.1) gjere skinn mjukt i ei lèdbråk(eldre metode
2) tukte ,dengje ,banke, pryle, gje juling. jule opp.Mjukne: bli mjukar

Mykje,f., ein omgang juling, jfr."Han skulde ha hatt ei fagna mykje, slik so hanj
he fire åt!"

Myle,v., smile lurt eller skjelmsk; dra på smilebandet.

Mylje,f., matrett laga av oppbrøte flatbrød,som først blir bløytt opp i varmt kjøtt
sød og deretter hatt feitt over. sød: væske som noke er kokt i.

Mylske,v., handtere fort og planlaust,Jfr." Han mylska på med penge,men fekk ingen
ting igjen!" Også: snakke fort og dominerande: " Han mylska og prata so
vi andre fekk ikkje sagt eit ord!".

Myrebær,n., Fagnamn: Rubus chamaemorus.I samband med denne planten hadde vi fleire
namn: myrebærblød eller myrebærgras(den overjordiske delen av planten):
myrebærrose (myrebærblomst);myrebærknyting(myrebærkart);myrebær(den
raudfarga, men harde , umodne frukta);Molte (den gule,modne frukta).
Moltemyr, myr eller myrlendt område der molteplanten veks.

Myrlopp,m., myrull.

Mynde,f., 1)lag, eigenskap; vørndnad, respekt,age: der følgde alltid slik mynde me
han" 2) myndig åtferd, haldning;autoritet; makt; fullmakt:"han hadd
både makt og mynde- gamlelensmannen!"

Myrkeskodde,f., tjukk tåke,jfr." Dei veina si vekk i myrkeskoddenje"(dei gjekk se
vill i den tette tåka).

Myrkje,v., ta bort lyset, gjere det myrkt,jfr." Dei store treda ute i ha'ja myrkje for ljø'se i stovenje!" " Flytt di litt frå lampa,so du ikkje myrkje fyre mi når e ska'arbeide!" " Allje ljøsa va' slokna, o' de va'heilt myrrt". (myrrt står for imperfektum-forma myrkt, som oftast blir uttala myrrt, likesom supinumforma.) Myrkne: bli mørkar etter som tida går.jfr. " Det e'alt åt o' myrkna(r) so vi må skonde oss heim vis vi ikkje ska'myrkne ute!"

Myrkn,n., mørker. jfr. " Ska'du virkele'sleppe hondenj ut i myrknet no når det regne'so fælt?" " Han laut arbeide i myrkna, for der fanst ikkje lj

Myrkning,f., på den tida då det tar til å bli mørkt,jfr " Det e'heilst i myrkninge nje (aṭ) ein kan få sjå flagermusa, for då e' ò ute og flyge o' leit ette'insekt".(myrkningenje:dativ eintal av myrkning.)

Myrkleitt,adj., mørklaten , mørkfallen, som har mørk hud- og hårfarge.

Myrsoleie,f., soleihov (Caltha palustre).

Myrra,m., harpiksliknande stoff, fått ved saring av borken på tropiske Commiphora arter. brukt m.a. til balsamering og røykjelse.Gull, røykjelse og myrra, var,som kjent, dei offergåvene som dei tre vise mennene frå Austerland hadde med til Jesus-barnet.

Myrsnipe,f., gråbrun, spraglet vadefugl med langt nebb (Calidris alpina),Overført: mor som synes best om egne born.

Myrt el myrte,m. ; tropisk og subtropisk planteslekt. Fleire av artene blir bru som prydblantar. Myrtekrans: krans av myrte, ofte brukt som brurekrans

Myse,f., dern del av mjølka som blir att når ostestoffet er skilt frå

Myte,v., lure, snikje, gjere noke som ikkje skal bli kjent, jfr," Han mytte seg ve (han sneik seg bort). "Han mytte seg heim att frå arbeidet".

Myting,m., ein som held seg i skjul. Ordtak: "Maten er ingen myting" (det er ikkje lett å skjule at ein er altfor gled i mat)

Mæle,m., Gammalt hol- mål, varierte frå landsdel til landsdel: På Sunnmøre var ei mæle ei tridjedels tønne. Mest brukt til korn og sild.

Mælekjer el. mælekjerald,n., målekar.

Mæne,v., (er ,te), tære , svekkje, skrumpe inn, sjukne bort. jfr," Sola mæne' go på snåyen (snøen) om dagane"."Å ja, det går jamnt nedover.E går no i og mænest vekk!".

Mæt,adj., dugande,verdfull, som er å same på.jfr,: det va' kje mætare greienje; han va' kje mætare karenj!

Mødast,v., streve, plagast, ha bry med,jfr." I møddest so me' å få trådenj på nå i dag, for i e'åt å dimest på synet".

Mødre,utt.møre,v., sleppe lamma og kjea fram til mødrene så dei kan få suge .

jfr. " Birte, kan du gå og møre låmba,for no e´saudene komme!".

Møne,n., kant der to skrå takflater støyter saman; takrygg.

Mønås,m., øverste takbjelke under mønet.

Mørje, el . myrje,f., laus masse t.d. av glødande kol og oske:eldmyrje.

Møyr,adj., Om matvarer: mjuk og lett å skjere el. tyggje;ikkje seig eller hard.

Måt,n., 1) mål eller merke som viser forbruk av eitt eller anna,jfr.: Julemåt og Kyndelsmyssmåt:Merke i høybruten i ei løde som viser kor langt inn i hø stålet ein bør vere komen (dvs. kor mykje som bør vere brukt) på desse tidene om vinteren dersom fôret skal vare til våren.Er ein komen lenger enn desse"måta" viser, kan det vere fåre for lódaløyse. (sjå lód.)

- 2) mål eller merke som noke kan tilpassast etter:rettmåt,ripmåt,strekmaß; krutmåt:eit lite rommål til å mæle av krut med. Talemåtar:" Stormen va´ opp i måtet i natt!" (den har sjeldan vore sterkare på desse kantar).
" Det va´ kje måt på kor han forsynte se´ta brudagrauta!" " Det e´ two måta me´ alt!" (ein bør aldri gå for langt til den eine eller den andr kanten.)

Måte,m., måte, tilhøve, stode,metode, åtferd. Talemåtar:" Det gjeld å halde måten "Måten er best lålen"(måtehald er best). Kome til måte:kome til på r tid, akkurat då noke hender,jfr." E kom te´ måte då slagsmålet va´på det villaste!".

N

Nabb,m.1) knagg eller pinne på ein vegg til å hengje ting på .2) påle eller toll driven ned i jorda til å tjore dyr i; tjorepåle, 3) ein framståand bergknatt eller bergnibbe.

Nabeitt,adj., vise sterk trang til. vere grådig etter. jfr. " Geitene va´so na-beitte ette´å kome si ned på bøen, at det va´mest oråd å gjære dei ute."

Nag el.nagg,n.,agg , hat, misunning.Jfr." Etter (det urettferdige)arveskiftet, b han nag til broren i mange år".

Nage,v., gnage, pine , plage i sinnetJfr," Han var ofte naga av tvil i desse ára'

Tillegg til bokstav "M"

Mannsauke,m., krakk eller liknande til å stige på for å nå litt høgare.jfr. " Nei, ditte e' for høgt fyre di , Petra. Her trengst det ein mannsauke!".

Manngar(d),m., rekkje av folk som leitar etter noke (helst folk eller fe som er vekk-kome.

Matelv,f., lita elv eller bekk som rann gjennom tunet eller nær ved,der dei (tidlegare) henta vatn til hushaldet.

Meinbekse el. meinbægje ,n., eit hinder; noke som er i vegen eller til meins på ei eller annen måte.

Meiskro(r),f., meiskestang;åreliknande stukk som dei rørde i maltet med under meis kinga når dei bryggja øl.

Mèl'e,m., (tostavings tonelag), samantrakka gjødsel i ein smalegare: smalemèle.

Mør,n., hakkemat, kjøtfarse;oppmalen innmat frå slakt brukt til morpølse.

Mørhonn,n.,ein tut sett på kjøtkverna som deigen vart pressa gjennom når dei skulle lage morpølse,

Mannebisk,adj., mest brukt om hestar som hadde lett for å bite etter folk,når dei skulle hentast heim til arbeid frå beitemarka.Stundom også brukt om arg og hissige kvinnfolk.

Meinhalde.v., halde fast av all makt,jfr." Stormen va'so ståke at i måtte meinhalde mi for ikkje å gå i koll!".

Me'godå , med det gode,jfr" Du får prøve me'godå fýst og går ikkje det, får du finnje på andre råde!".

Måg,m., verson, svigerson.

Nagl, m., tynn hornplate på dei ytste ledda av fingrar og tær hjå menneske og aper
Noglå: dativ- fleirtal-form, brukt av eldre folk i bygda tidlegare, Jf
" Du må sjå å klippe neglene dine ,gut! Ser du ikkje at du he´ eit la
me´ lort onde noglå!". "Når vi va´ i markjenje, o´ hade gløymt kniva,
måtte vi renske potetenje me´ noglå!". (Dei to sitata er etter ein
gammal mann i bygda.) Talemåtar: bite negler: vise teikn på nervøsitet
Vere som ei lus mellom to negler: vere i ei lei knipe; han er ein har
nagl: ein steil og ubøyeleg mann.

Nagle, m., nagle, pinne av tre til å feste med, (Det tilsvarande ,gjort av metall, va
kalla bolt, spikar eller saum.) Tidlegare vart heimegjorde trenaglar
mykje brukt i bygningsfaget, mellom anna til å feste dei banda som
batt saman og stiva av stavane og bêtane i ei låvebygning.

Nagleband: hudkant inst på ein nagl. Naglebit: stikkande verk i fingra
eller tær etter frost. Naglerot: inste delen av ein nagl.

Napp, n., 1) lett rykk, særleg av fisk som nappar i eit snøre. Jfr. uttrykket: eg
fekk ikkje så mykje som eit napp. (bokstaveleg: om fising; overført: om
skort på interesse for ei sak). " Det gjekk med rykk og napp" (rykkevis
ujamnt.) 2) Napp i napparye: tottar av tjukt ullgarn, vove inn i under
sida av ein tjukk duk. Napparyer var tidlegare ei vanleg overbreidsle
sengane.

Hit 20 juni 1997. A.N.

Nare , v., gni og gnure seg mot det ein ligg på. Jfr. "Hunden låg og nara seg for å få
for å bli kvitt loppene" (han låg og gnura seg og velte seg på mark)

Nase, f., (el. m.) lukteorgan i andletet hjå mennesket og visse dyr.

Ord og vendingar i samband med nase: Oppstoppnase, ørnenase, jødenase
ølnase, naserot, nasekryl og krylnase, nasevengjene, nasebor, naseblod.
naseklut, naseduk, nasedrope, nasebjønn (inntørka naseslim), nasevorte
Snulle(snakke gjennom nasa); ha bein i nasa (vere fast, vite kva ein
bruke nasa til stav og raua til styre (fare så uvørent fram at det går
gale); grine; rukke på nasa (vise misnøye); ha eit stort snyteskaft (ha
altfor stor nase. "Det er for seint å snyte si når naså e´vekk (brukt o
ein som har forsømt ein stor sjangse). " Ein tume på ei nase o´ei aln
ein dverg gjer ei store forskjell!". Nasebråde: (brukt om dyr (geit,
som trengjer seg fram i flokken jfr. "Nei, sjå på det nasebrådet!". Bru
også om folk som oppfører seg som desse dyra: om ein som "e´allje sta
framme o´ingjenj stad velkomen". Å setja nasa høgt i sky (vere stor p
det; vere overlegen og tru at han er noke til kar!)

Nakk og nur: Uttrykk mest brukt om ein person som er så sjuk at han ikkje orkar å liggje still i senga, og som velter og vrir seg, jfr. "Han for nakk og nur og visste kje å beride!".

Narr, m., 1) i eldre tid: komisk utkledd person som skulle more folk. 2) i uttrykket gjere narr av (ape med, spotte), jfr. "Dei gjere narr ta mi fordi e' ikkje va klædde so so hine!". 3) narraktig: latterleg, innbilsk, jålet.

Nõt, f., Nøtt. I botanikken definert som ei tørr frukt med eitt frø (har nòta to frø, snakka ein om "filipine". Nète(r): fleirtalsform. Forstavinga Nat som refererer seg til ordet nõt, går inn i fleire ord i syvdedialekt (stundom attala nata-). Jfr: Nate-skog ("skog" av hasselbusker); nate-vise: hoblomsten (arret og støvvegen) på hasselbusken. Er synleg s ein liten raud knopp på hasselgreinene tidleg om våren. Etter pollina sjonen (overføring av pollen (støvkorn) til arra, utviklar hoblomst seg til ein natehamsing, som kan ha ei eller fleire nèter, innfelt groper i fruktklasen (natahamsen). Har hasselfrukta berre ei nõt, sei ein at det er ei enkje. Ei frukt med to eller fleire nèter, heiter respektive: tohamsing, trehamsing, firehamsing, etc Natakjenning: nøttekerne, nøttefrø. Natatråden: frøstrengen i nøtta. Talemåte: "Ho (han) so netthendte at ho kunne slå knut på natatråden!". Natebrun; nøttebr Nateskal: nøtteskal. Nateår: eit år med mykje nèter. Ei natakanne: 2 l ter hassenøtter, tidlegare brukt som verdimål" jfr. "Han skulda me' tvo natakanne!".

Notling, m., overlêr til ein sko.

Notle, v., skjere til og sy i hop ein notling.

Nogg, n., gnagsår, jfr. verbet nyggje (nygg, nogg, nogge), gni, skade ved gniding. Jfr. Skonogg: gnagsår som ein kan få av for trange sko; båten ligg og nygg mot berget; hylket nogg meg i ryggen.

Navar, m., (fl. navra(r)), bor med eit skrueforma skjær eller blad. Navarshol: hol s er bora med ein navar. Sarkastisk (spottande) replikk: "God reidskap g godt arbeid, sa mannen han flådde merra med navaren!"

Navle, m., navle (Umbilicus), gropeforma arr etter navlestrengen på bukveggen.

Navle, v., binde om og skjere over navlestrengen på eit nyfødt barn. Talemåte: "Han (ho) kan ikkje vere rett navla" (kan ikkje vere retteleg klok!)

Navlebind: bind til å leggje over navlen på nyfødt barn. Navlebrøk: br i navleregionen.

Nebb, m., ei, n., spiss, hornkledd del av kjevepartiet hos fuglar og somme andre dyr
Talemåtar og fraser: kvar fugl syng med sitt nebb (kvar og ein utfald
seg etter sine føresetnader). Den tyske versjonen lyder: "Ein jeder
Vogel singt wie ihm der Schnabel gewachsen ist" Setje seg i mot noke
med nebb og klør: med alle middel Vere bleik om nebbet: hange med ne
bet (vere redd eller motlaus). Nebbet: spydig , kjeklevoren.
Nebbetong: lita, spisstong med runde eller flate kjevar.

Nida (nedan), adv., nedan, nedanfrå; nedantil. Også brukt som preposisjon med dativ
jfr. " Dei kom nida gar´a" (dei kom frå garden nedanfor). Merk også
uttrykka: " Han kom nida- gjønå råsa" (han kom oppover råsa).
" Han va´ våte neda-i beiltestada" (nedanfor beltestaden).

Ne, n., eller near (substantiv fleirtal); tyder eigentleg " nedgang, avtaking". Ti
fase då den synlege delen av månen minkar; motsett nymånre. jfr. utt
et i ny og ne (frå tid til anna , no og då, eller bokstaveleg: i vel
sande og minkande måne.)

Nevr, el never, f., ytre del av bjørkeborken. Nevra er bygd opp av døde, vasstette
korkceller og ligg som eit vernande lag kring sjølve (inner) borken
som er oppyugd av levande celler, laga av kambiet eller sevjlagt.
Om våren når "bjørka går", kan ein lett fjerne nevra frå borken. Det
kallar ein å nevreløype (el. neverløype). For å få nevra flat, slik
den kan brukast til tekking av nevretak (torvtak), blir den lagt i l
(nevrelad) og pressa flat med noke tungt over. Nevreløyping vart
sjeldan brukt, utan at dei hadde bruk for nevr i eit bråfengje. Det
vanlege var at dei skar risp langs bjørkeleggene like inn til veden
og flekte av borken og nevra under eitt. Vart dette gjort på rett t
kunne dei lett skilje nevra frå borken etterpå.

Nid, n., skam, fortråd, noke som eim må ergre sog over og vere lei for, jfr. "Det
eit stort nid at du skude mysse den fine øykjenj!"

Nide, v., gå i mot, håne , fornærme. jfr. " Når vi va´ i lag, skulde `anj alltid nide
inn på mi, og te´ slutt vart e so leide ta det at i tok for hardt i
gjen!".

Nidbanne, v., banne i eitt vekk. jfr. " Han nidbanne ned i skarveongane (gutafanta
so´altid gjore `nå fortred!".

Nidstire, v., sjå heile tida (vedvarande) på noke: jfr. " Anj sat o´ nidstirde på m
heile kvelden!". (sagt av ei jente som ein unggut var heilt forgr
i).

Niding, m., ein heilt i gjennom simpel person.

Nidingsverk, n., eit skarvestykke gjort av ein niding.

Nisk (nidsk), adj. gjerrig, ein som aldri vil gje. jfr. "Han va´so niske at `anj ga
aldre vekk eit øre uten at `anj måtte!".

Nidvise, f., nidkvad .Ofte brukt av personar som ville hemne seg på, eller harselere over ein kvann i bygda.

Niste, f., mat til å ta med på arbeid eller på tur; ferdamat. Hertil: nistepakke, nistelaup, nisteskrin, nitebombe. Det siste var eit litt større kar som td. vart brukt av karane til å ha med mat i, når dei drog ut i øyane på fiske tidlegare." Den må ha ei fagna matabombe som livet or ein annen skal stonde!" (Ordtak).

Niste, v., eller niste ut, forsyne med niste for lenger tid, td. for eit båtlag eller ein ekspedisjon. jfr." Kenn e' det so ska' niste dokke ut te' tur

Nit, n., sting, hald, brått påkomande smerte, som når noke blir forstrekt eller sli nar: få eit nit i ryggen.

Nite, v., rikke seg, kome av flekken. jfr."Vi tok i alt vi vann, men det nita ikkje dvs. dei fekk ikkje tingen av flekken.

Nype, el hjupe, f., I botanikken blir hjupe kalla for ei "falsk frukt" fordi den kruk forma ,kjøtfulle delen (det som vi et), er laga av blomsterbotnen og ikkje av fruktblada (som er det vanlege). Dei verkeleg fruktene (botnisk sett), er dei lysegule, harde smånøttene som ligg inne i den krukkeforma delen av hjupa. Desse smånøttene kallar vi i Syvde for hjupehus. Hjupe er den norske frukta som er rikast på C-vitamin. Hjupe toler tørking og lagring utan at C- vitaminet blir øydelagt. Nyprtor: klunger. Det finst mange Rosa-arter, som gjev hjupe av ulike storleik og skap. I Syvde skil folk til vanleg mellom to hovudtypar: hommelshjupe, som er relativt store og ofte lodne. Dei blir først modne, gjerne samtidig med hommel (byggen). Dette med modningstid og den runde formen, har kanskje gitt opphav til namnet.

Den andre hovudtypen heiter hevrehjupe (havrehjupe), Dei er meir avlange enn hommelshjupe, og er glatte og relativt harde. Dei blir seinare modne enn hommelshjupe, omlag samtidig med havren.

Nyre, n., el. f., kvar av dei to kjertlane i bukholia hos menneske og dyr som skil ut urin. I syvdemålet heiter nyre (latin ren) oftast ryggjanyre, for gjere det klart at det ikkje er tale om testiklane (latin testis) som også heiter nyre (fl. nyre(r)). eller kode og "stein".

Nyretalg: nyremør; hardt feitt som ligg rundt nyrene (på husdyra). Etter utsmelting og siling, gjev nyremøren eit fast, gulleg feitt, dei kallar for tal.

Nygle, f., 1) tapp i botnen på ein båt, lenseplugg. Nyglehol: hol i botnen på ein båt til avløp av vatnet når båten står på land. Ordtak, " Det e'kje verdt å lage nyglå før båten e' bygde!" (det største og viktigaste m ein lage først. Det finst også eit sarkastisk ordtak som lyder: "Den har nygle, får alltid båt!". Det svarer til: "Den som har klave, får alltid ku!". 2) lite (laust)horn, mest vanleg på bufe.

Nyte,v., (nyt, naut, nòte),1) like, ha glede av:nyte det vakre utsynet; nyte li

2) ha til fritt rådvelde, ha nytte, fordel av ,jfr"Han kunne allt: nyte godt av at den eldre broren gjekk føre med råd og dåd"

3) smake , ete , ta til seg, t.d. nyte god mat og drikke; 4) få ha fred, behalde: ho naut ikkje maten (ho kasta opp; klarte ikkje å hal på maten),Dei hadde nokre saude,men dei naut dei ikkje (dei miste dyra når dei var i fjellet på sommarbeite.)

Eller slik: "Det vart tongt før ongefolkja å ta over,for dei naut ikkje kratura sine (dyra omkom på ein eller annen måte).

Nyse,v., støyte luft brått og uforvarande ut gjennom nasen med ein særskild lyd.

Moro og ordspel i samband med nysinga:Når noken naus, skulle ein se: "Pst". "gje på" eller "prosit" (dvs." måtte det bekomme deg vel!) høvisk replikk til ein som nys.Ein sa også gjerer:" ein nys og ein gjest. Snart kjem klokkar eller prest!". Nysepulver: pulver som får ein til å nyse.

Nys,m., el.n., det å nyse.

Nyve,v., runde av , kutte,t.d. øverste delen av øyrene på ein sau eller eit lam, f å ha det som kjennemerke (eigarmerke) når dei slepte dyra på somm arbeite i fjellet. Det vanlege var at berre den eine eller begge øyrespissane vart skorne av (jfr."Av høgre øyrå", "Av venstre øyrå" eller "Av beggje øyrene".Det heitte seg at særleg det sitnemnde mer kunne misbrukast av dei som ville tilvende seg andre sine sauer, fo då kutta dei øyrene så langt nede at det ikkje var plass til andre øyremerke.

Nyven,adj., butt, avmålt, tverr, olm. jfr." I veit ikkje kva gale e he'gjort `nå Hans. Anj va´ so nyven når i trefte `nå i dag!":

Nakje,v., klå av,gjere (seg) naken. misse alt.Jfr." Han nakne seg på aksiespekula- sjonar, og no står han der, naken som nåla!".

Naken,adj., heilt avkledd,jfr. "Du får vente til i får på mi klåda, for no står e spilder nakjen!"

Nåle, v., sy i hop med nål og tråd.,stoppe, bøte.jfr" Kan du vere så snild og næl i hop hosehelane mine, for dei står og gape´ ette`hjelp!".

Nam,adj.,, mottakeleg for læring; tungnām, lettnām. jfr."""I ska´seie det va´forskj på dei to bonnja: denj eine va´ so tongnāme at anj fekk ingjen tain inn i haudet, meda hin va´so lettnāme at`anj berre trengde om å lese over leksene eit par gongje og so kunnje `anj det!".

Nāme,n., evne til å lære. jfr."Anj he´ tenkt å gjere onda studiet på tvo år, men det går nok bra, for `anj he so godt nāme!"

Nepe,f., rotfrukt av Brassica rapa ,var dyrka i reitar(små åkerflekker) i bygden våre lenge før potetene kom i bruk.Når hungeren etter vitaminer og grønnsaker vart for stor, hende det at nokon (særleg born) kunne for gripe seg på nepereitane til grannane.
Bestefar (Erik) hadde ei regle om korleis det gjekk med ei gjente so heitte Guri, med klengjenamnet "geit", når ho stal neper:

Guri Gjeit språng i reit
stal ho femten nepe(r).
Stakk ho splita, fekk ho skita.
Det hadde ho berre godt ut ta!

(Setninga"Stakk ho splita", om eg hugsar rett,tyder kanskje at ho rei sund stakken sin under det dramatiske toktet.)

Før potetene kom i bruk, var nepene ei viktig C-vitaminkjelde for fol vårt.

Næpe,adj., akkurat, så vidt: om mål og vekt: kanskje i knappaste laget.Jfr.Ordveking. Herr A:"Jaså,du kom over den morkne vårisen med livet!" Herr " Ja, men det var nokså næpe,for eg datt ned i attmed land der isen hadde losna!". " Eg likar ikkje den nye handelsmannen, for han er all so næpen på vekta!".

Nipper ,adj. og nippert,adv.,, omlag det same som næpe.

Nær,adv.,nær, som ikkje er langt unna, el. borte. Talemåtar: Dei kom frå fjern og Eg er endå like nær (alt er endå like uvisst);Det var på nære nippet(var berre så vidt);han tok seg nær av det(vart leid seg for det);dei var samde, på ein nær(alle så nær som ein).

Nærdjup,adj., om vatn eller havstrand som er djupe inne ved land.Jfr: " Der var så nærdjupt at der var fårleg å bade for ungene!"

Nærgående,adj. påtrengjande, nærsøkjen, innpåsliten.

Nærhendes,adv.som er nær ved handa, innan rekkjevidde.,jfr."Dokterhje var kje nærhendes i gamle dage. Ofte måtte dei bruke både båtskyss hesteskyss for å få dokter til den sjuke!"

Nærkomen,adj.,som er komen nær slutten,jfr."Han var svært nærkomen a svolt og utmatting, då dei endeleg fann han.Som adverb:" Dei var nærkomne med arbeidet, då pengane var oppbrukte og dei fekk bod om å slu Nærkone: (ulærd) fødselshjelp i eldre tid, då det var langt til jord mor. Nærliden,adj., om tid. jfr."Den tida var nærliden då alt skulle vere fredig". Nærskyld : som er nær i slekt,jfr." Vi må no vel vere nær'skylde, vi so e' syskje'ne bonnj!"

Næst, el. nærast, (superlativ av nær; nærare, næst) , Brukt som adverb,og som pre sisjon med dativ, i tydinga nærmast inntil,jfr." E gjikk næst hånå ".

Næst,adj., brukt i bunden form i tydinga næraste (nærmast påfølgjande), Jfr.Næshuset, næste garden, næste brua,etc. Også: Næste gongen (vi møtest): næste da næste året.

Næsten,adv., mest, nærpå. Ordveksling, gut A: "Er du ferdig med leksene dine?"

Gut B: "Ja, næsten!"

Nøkkel, lykel (lykjel);berre den sistnemnde forma blir (vart) nytta i syvdemålet.

Stabburslykel(budalykel), lødelykel, kistelykel; trelykel (brukt i gamle trelås, mest i lødebygningar), med fleire.Lyklehånk: lykleknipp
Lyklegeit: geit med "lyklar", dvs.to små "hudtappar"under halsregionen
Lykleblom:Maria nøkleband (Primula veris).Ein gammaldags pipelykel hadde desse hovuddelane:lyklepipe,lykleskjegg (den delen som hadde de spesielle førene og hakka), lykleskaftet og lyklehandtaket.Lyklebei Clavicula (etter latin: Clavis:lykel og cula:minskingsform), kragebeinet.

Næden,adj., 1) skarp og gjennomtrengjande vind. 2)fornærmande eller krenkjande tal eller oppførsel. jfr:"Hanj va'so nædenj mot mi, at e fann det retta å gå i frå `nå!". (Flytt dette ordet opp på sin rette plass under"æ"

Nÿne,v., (lydord) syngje lågt med attlaten munn slik at lyden kjem ut gjennom nasa; sulle: nÿne på ein voggesong.

Nyne,f., "Musikkinstrument" laga av haudet på ei hektaseld, der augnesteinane er tekne ut slik at den hinna som lagar skiljet mellom augene står att. Når ein skal bruke \oint "instrumentet",set ein munnen mot augneopningane av sildehaudet og tar til å nÿne. Hinna mellom augene vil då omforme forsterke lyden av nyninga.

Nøyde,v., (nøyder, nøydde.nøydd el nøydt) 1) drive med makt,tvinge,presse.jfr."De nøydde meg til å selje huset!". "Til slutt måtte dei nøyde maten i han 2) be ein gjest om att og om att om å forsyne seg. Tidlegare var det r na for god vertskapskikk å "nøyde" gjestene på denne måten. Det blir f talt om ei kone som hadde omgangsskulelæraren i hushaldet, at ho "nøydde" han på denne måten: Første gongen: "No må du berre ete!".Andre og tridje og fjerde gongen sa ho omlag det same, og læraren åt. Til slutt sa ho med bydande mål: " Et og grav skulemeister, for det tr du!". Skulemeisteren var då ferdig og sat att med den tome skåla, og s ra slik: "Takk som byd. I he´ so gjort. Her e´ kjr meir. E kan `kje grave hol på skåla!" - Et og grav skulemeister,er seinare blitt eit munnhell i bygda.

Nøre, v., 1) tilføre næring, styrkje, gje ein helsekveik. I Syvde heiter det: å nøre i ein person eller eit dyr for å skaffe nye krefter etter ein sjukdom eller etter ein periode med for lite næring. Jfr: "Mora passa alltid på å nøre ti`nå Hans litt ekstra, so ånj kunne kome si ett sjukdoma". 2) nøre elden: tilføre brensel for å halde elden gåande. Nå, forkorting for hånå (honom); her skrive: nå eller berre nå, når eg referere utsagn på syvdedialekt.

Nåljos, n., eller feigdaljos var eit av dei dødsvarsela (feigdavarsela) som dei rekna med i Syvde i eldre tid (jfr. "Jofolket", s, 268). Feigdalysen var eit (uforklarleg) lysfenomen som viste seg på ein slik måte at det verka skræmmande (på dei som trudde på slikt).

Nåe, m., (gammalnorsk: nár eller når, lik, dauding. Jfr.: bleik som ein nåe, eller meir vanleg i dag: bleik som eit lik. Ordet heng likevel att i visse gamle ord og uttrykk, som td. i sjukdomsnamnet:

nå-risle, f., der førstestavinga nå, skal referere seg til det gammalnorske nåe. etterstavinga -risle, har truleg samanheng med det gammalnorske ordet risa, som m.a.går inn i gammalnorsk blodrisa, som tyder "blodsprei". Nårisle el. nåreschj`le som det oftast blir uttala: hudsjukdom med rauc leg utslett. Fagnamn: Herpes zoster.

Det bør nemnast at etymologien, dvs. opphavet til ordet er omdiskutert. Den forklaringa som ovanfor er nemnd, skriv seg frå "Nynorsk-ordboka", "Norsk medisinsk ordbok" av Audun Øyri, forklarar det slik: Nå, i eldre norsk nau, som tyder overhud, og risle som tyder blære. Øyri skriv det om nårisle: "Herpes zoster, helveteseld, eldre norsk, antonseld, brennepå nårisle; akutt betennelse framkalla av vasskoppevirus i ein eller fleire hjerne- eller ryggmargsnervar, med hissig utslett av blærer, og etter blærer i ein større eller mindre del av forsyningsområdet for ne vane, og brennande, stundom sær[^]s sterke smerter svarande til forsyningsområdet".

Nårislegras: Linnea borealis; brukt i folkemedisinen mot nårisle.

Tillegg til boka stev "N"

Nit,n., sting, kjensle av eit slit;hald,jfr." Eg fekk eit nit i ryggen".

Napparye,f., sengeteppe med innvove napp på undersida. Napp:korte trevlar av tjukk ulltråd,

Napp,n., lett rykk av fisk som nappar i eit snøre,jfr. " Det vart dårle med fisket dag, i fekk kje so godt som eit napp!".

Nasebråde,n.,ein usympatisk,pågåande person som legg seg bort i alt.

Na'te, eller na te:forkorta form av ned att: jfr," Nei, i ve' kje vere her oppe (på fjell'a) lenger: I ve' nate"(dvs.ned att til bygda).

Natte- dim,n., den stunda av døgnet då der er mørkt eller dimt, dvs. halvmørkt, s natta er om sommaren.,jfr." Det tok ikkje lang stunda. Det var gjort u da på eit nattedim!".

Naukeⁿ,v., site og streve maksimalt. Går det gale, heiter det at personen har fornaukra seg.

Netje,f., feitthinne kring involane på slaktedyrsærleg feite sauer og bukkar.

Netje,v., gå seg fast i eit garn eller eit gjerde, Netjasild:mindre sild som har b hangande i notnoskane.

Neise,v., gje spitorð,stikke etter, spotte, erte ,gjere narr av,jfr."Han neisa mi me' at i va' ein lausongje!!".

0

O-bøn, f., våbøn, vondt ønskje, forbanning. Og her er eit døme: I eit bryllaup i Syvd vart ein av gjesten så alvorleg sint på brureparet fordi han ikkje fe alt det øl han ville ha, at han henta hesten og køyrde frå garden i fu sinne. Brur og brudgom kom til og prøvde å stogge han, men han berre piska på hesten medan han ropte til brurefolket: "Ja, takk for her! Måtte Vårherre drygje arbeidet fyre dokke!!"

Oje, øye og jøye, utropsord brukt i visse situasjonar; dei to siste mest i samband triste ting; jfr. "" Han verke te so at han måtte øye sil!". "Å jøye mai so leidt ditte va'!".

Oke, v., (av ake) flytte, lede; flytte seg smått; skubbe seg fram, jfr. " Han kuune ikkje bruke beina, men prøvde å øke seg fram".

Oker, m., samnemning for visse jordmineralblandingar, med gul, brun eller taud farg mykje brukt til måling av hus. Okerfarge: oker, okergul, for spøk kall "lambeskjite".

Okle, n., område på overgangen mellom leggen og foten. Oklekul: beinknok på utsida a av okleleden. Okleled: hengsleled mellom ristbeinet i fotrota, og legg- og skinebeinet i leggen. Brigde eller forvri oklet: forstrekkje eller slite over ledbanda i okleleden. Oklesid: som når ned til oklet, t.d. ein oklesid stakk. Ein oklesnø: snø som når opp til oklet: " Det ein oklesnø i natt".

Okse, el. ukse, m., 1) handyr av storfe, stut, tyr. Talemåtar: sterk som ein okse; ylm som ein okse: belje som ein okse. Yksnekyr: uksegalen (brunstig) ku; Oksepeis: pisk laga av kjønnslemen (penis) av okse. Oksehøvel: høvel med handtak som kan minne om korna på ein okse.

Olboge, m., (av alen og boge, jfr aln), den midtre leden på armen: Talemåte: krype kne og olbogar (krype på alle fire. Albogstøyt eller albogedask: Brå smerte som ein kjenner når ein støyter olbogen, men som gjev seg for Jfr. talemåten "Albogdasken og enkemannsorja går fort over!".

Olderåre, el. olderor, svartor (Alnus glutinosa). er større enn gråoren og har hard mørk kjerneved.

Olleander, m., mykje brukt stoveplante ^{av} Gravmyrtfamilien.

Olivin, m., olivengrøn eller brunleg bergart, bygd opp av magnesium- og jarnsilik. Eit stort olivinfelt på Åheim i Vanylven, blir utnytta kommersielt. O i Syvde finst fleier (mindre) førekomstar av olivin. grøt eller grstein, som denne bergarten blir kalla lokalt, og som er blitt nytta m til slipesteinar, sender, altoter o.l. Jfr. "Jofolket, s.120.

Odel, m., 1) eigedom som det er odelsrett til. Odelsrett: rett til å eige eller til å løyse inn (etter takst) ein jordbrukseigedom dersom eigedomen i minst tjue år i samanheng har høyrte til ei og same åtta i rett nedstigande linje, og dersom han ikkje i meir enn to år har vore ute or familien. Odelstakst: takst på eigedom som skal løysast inn på grunnlag av odelsrett. 2) del av rettsystemet som gjeld odel, jfr.: ha ein eigedom til odel og eige (til uavkorta eller " ubestrideleg" eigedom).. Odelsbonde: bonde som har odelsrett til ein jordeigedom som han/ ho sjølv eig og brukar. Odelsboren : fødd med rett til odel. Odelsfri: fæ eigedom som det ikkje hefter odelsrett på. Odelsgard: gard som noken har odelsrett til; attegard. Odelsgut: gut med odelsrett. Odelsjente: gjente med odelsrett. Odelsting: del av Stortinget med 3/4 av medlemene der. (jfr . Lagtinget: den minste av dei to avdelingane i Stortinget med 1/2 av medlemene der.) Odelstingsproposisjon: lovframlegg til Stortinget frå Regjeringa , til skildnad frå Stortingsproposisjon.

Ofjelde, m., uhygge, kiv og strid, uhyggeleg tilstand, jfr." Kvar han kjeme, verte det alltid ein ofjelde!"-

Øg, adv., au, attåt, dertil, desutan, med; brukt trykksterkt, men berre etter det ord eller samanhengen det knyter seg til. jfr.: dei øg skulle bort: vi vil ò vere med ; han hadde vore der øg, lite vente eg , og lite fekk eg øg.

Øg, konj., brukt til å jamstille to ord, setningsledd eller setningar av same slag. De ordet er trykklett, som det ofte er, fell "g"-en lett bort og ordet blir uttala som å eller o. Den sistnemnde skrivemåten har eg ofte brukt i dette skriftet.

Døme på bruk: både/ is og snø/ stor og sterk/ Ola og Kari / eple, pærer og plommer; dei vart gåande og prate.

Ogje, el. ó-je, m., vørðnad; redsleblanda respekt for ein person; mindre redsleblanda enn Age (agje), som står for tukt og lygnad, jfr.: " Dei hade store ogje fyr lærara sine" (for læraren sin) Ogje, fordi han hadde hø moral og var langt meir kunnskapsrik enn dei, dvs, elevane. Jfr. Age: te til lydnad.

Oljebblad, n., kviteblad, blad av kvitbladtistel (Cirsium helenioides). Når vi var slåtteteigen saman med bestefar (Erik) og skar oss på ljaen, tok han kviteblad, rula det mellom lovane til det vart mjukt og saftigt, og deretter pressa han den oljelikmande safta frå bladet direkte i såret. som grodde fort.

OLm, el ÿlm, adj., sint og lunefull. Mest brukt om dyr, og særleg om oksar, jfr.

" Dinnje oxen e' ÿlme, so du må passe di fyre `nå!" " Han belja som ein ylme okse!"

Olmose, f., 1) almisse, 2) hjelpelaust menneske, ein stakar. jfr. " Han lova å gje olmo se dersom grise purka overlevde, og han fekk nyte alle grise-ongane", dvs. få dei til å leve opp så han kunne få selje dei. (fortalt om ein manni bygda.)

" Din olmo se tosk!!" : eit sterkt uttrykk brukt når sinnet tar styringa.

Om, m., veik lyd, døyvt dån; ljom eller atterljom av fjernt bulder. jfr. " Dei haure omen myllå fjellå ette den store steinfonnjenje! "

O-make, v., skaffe bry eller ekstraarbeid, jfr. " E vilde kje omake nå hit berre fo so lite! "

O-make, utt. omakje), m., bry, ekstraarbeid, jfr. " Det va kje omakjen verdt! "

Omakelaus, adj, makeleg, doven, idalaus. Mest brukt positivt, saman med ikkje. jfr.

" Den karen va kje omakelaus! " (han kvidde seg ikkje for litt ekst arbeid, for ekstrabry).

Omsbrik, utt. omsbrik. ein liten benk ved sida av grua. Ordet brukt av bestefar (Er

Omskrå, utt. omskrå, det hjørnet i romet der omnen eller grua hadde plassen sin.

Då eg var liten, sat eg ofte i skyminga inne i omskråa hjå bestefar (Erik) og hørde han fortelje frå gamle dagar.

Ondvere, v., vere forutan, klare seg utan, jfr. " Vi får nok ondvere moltenje i år for molterosenje fraus vekk i vår! "

Ondkåre, ånkåre)el. ånjåre, v., Ordet vart brukt tidlegare av eldre folk i bygda i staden for "orsake" eller "seie seg lei for", jfr. " Han ånjåra si me at ånj hade vore sjuke og derfor ikkje kunne halde avtalen! "

On, f., 1) lyst, arbeidslyst, tildriv. Mest brukt negativt saman med ikkje, jfr. " / hade kje on for noken ting. Ja, ånj va heilt onalaus! "

2) vellyst, kjønnslyst, sterk kjønnsdrift. jfr. " Den stygge ona førde nå opp i mange personlege vanska og farskapsaker! "

Onn, f., 1) annsemd, travel arbeidstid . 2) hardt utearbeid på ein gard, i regel på ei viss årstid; vinne. I Syvde brukar vi i mange samanhengar vinne der dei andre stader brukar ordet onn (vårvinne, haustvinnem. fl.)

Onnig, adj. drivande, trottig.

Onsdag, m., Odins dag, midtvekedag. som ofte vart forkorta til mekedag (tidlegare brukt ev eldre folk i bygda:)

Onøyten, adj., ovnøyten, som ikkje kan halde måten med mat og drikke. jfr. " Han va alltid so onøyten, og når ånj kom te bryllaups eller andre stade der ånj fekk tak i brennevin, rende ånj si alltid fullje! "

Ore, f., selering, oftast av jarn, som skjekene blir feste til i hesteselen.

Jfr. " Jofolket", s.174.

Opium, m., el.n., (gjennom latin frå gresk, av Opos, plantesaft) 1) inntørka mjølkesaft frå den umodne kapselen av opiumsvalmue (Papaver somniferum) Opium inneheld ei rekkje såkalla alkaloid (plantebasar), der det viktigaste er morfin, som, i medisinsk opium finst i mengder på ca. 10 prosent. Opium og morfin er viktige legemiddel (brukt m.a. til å stille sterke smerter), men dei er også fårleg rusgifter. 2) I overført meining blir opium brukt som symbol på noke som verkar sløvande på dømmekrafta til folk. jfr. det følgjande utsagnet frå Karl Marx: "Religion er opium for folket!".

Orde, utt. ore, v., nemne, seie lausleg: tale frampå om. Jfr. "Han orda frampå om vi ikkje kunne slå oss i lag og kjøpe ei truskemaskine". Ordast: drøft tale om, jfr. "Når vi møttest me'kjirkjenje te' helgjene kan vi alltid ordast om det du skreiv om!".

Ordkløyvar, m., ein person som fer med ordkløyving; ein flisespikkar: ein kverulant

Orm, m., Ordet orm blir brukt om mange ulike skapningar frå fleire dyregrupper:

1) Om slangar (Serpentes): langstrake, skjelklædde dyr av krypdyrorde (buorm, hoggorm, m. fl.) 2) om makk av rekkjene flatmakk, leddmakk, rundmakk; om innvolsparasittar, meitemakk, insektlarver m.fl. Det latinske gruppenamnet er her som oftast Vermis, svarande til det engelske worm og det tyske Wurm. Dei norske namna som kjem nærast, er (truleg) makåme og kveis, med visse unntak som skolorm (tusenbein), doggorm (ein makk som finst på gras), bendelorm, m.fl.

Ormegras, n., Fellesnamn for fleire bregnearter. Namnet heng kanskje saman med at rotstokken av visse bregnearter, mellom desse ormetelg (Dryopteris filix-mas) lenge har vore brukt mot innvolsparasittar eller "innvolsor

Ormeham, m., slangeham; kan kome over slike i utmarka der hoggormen har skift ham (eller huda), slik den gjer med visse mellomrom.

Orv, n., skaffet på ein ljå, ljåsorv. Langorv og styttorv: brukt respektive om ljå med lange og stytte orv. Sjå ljå.

Orjonast eller årjonast, v., Omkome, krepere, gå tilgrunne, "vansmekte" av utmatting, men mest på skort av drikke, jfr. "E e' så tyste at e kan årjonast!".

Ormebol, n., tilhaldsplass og ynglestad for orm; ormereir, ormebøle.

Ordtak, el. ordtøke, n., fyndord; setning, ofte i rytmisk form og med (bokstav)rim, som gjev att livsvisdom grunna på (livs)røynsle, og ofte med ein innbyggj moralregel. Døme på ordtak med bokstavrim; "Den må tidleg krøkjast som krok skal verte", Eit anna kjent ordtak: "aust eller vest, heime er best". Ein såkalla talemåte står ordtaket nær, men har gjerne ei litt lausare form.

- Ort,f., gammel mynteining; tilsvare^y 24 skilling eller 1/5 speciedalar.
- Os,m., 1) (tung og) illeluktande eim,damp; dunst frå noke varmt eller kokande: matos, os frå kjøkkenet. 2) tett og kvelande røyk, td.frå farafinlamp: som er "for høgt oppskrudde" slik at dei får for mykje olje og for lite luft. Kolos, eldre nemning for karbonmono-oksyd (CO). Giftig gass som lagar seg når ved, kol o.l. brenn under for liten lufttilgang. Ved normal forbrenning, lagar det seg som kjent karbondioksyd (CO₂).
- Oske,f., pulverliknande rest som blir att etter at eit organisk materiale er oppbrent. Talemåte: gå frå oska til elden (gå frå vondt til verre.)
- Osp,f., lauvtre av slekta poppel (Populus tremula),Tremula tyder den som skjelv, og refererer seg til blada. Dei har lang stilk som er flattrykt frå sidene. Dette gjer at ospelauvet ledar seg eller skjelv ved det mins vindpust,jfr. talemåten : å skjelve som eit ospelauv.
- Ote,f., slagsmål ,strid,jfr," Det vart ei fæle ote, for ingen vilde gje si!"
- Ote ,v., ake seg att eller fram; flytte seg litt: etter litt, td. ote seg framover.
- Oter,m., 1) rovdyr i mårfamilien (Lutra).Blir våt og glinsande i skinnet når han ute og fangar fisk,jfr. talemåten; våt som ein slentr! Slentr er eit anna namn på oter, og dette er det vanlege namnet i Syvde. 2) fiskereidskap laga av ei fjøl med metalkjøl som dreg ut ei snor me fortaumar, som det er fest"ørretfluger"til.,jfr.fiske fjellkræde med o
- Otre,v., gå baklengs. Otre hesten: dra i taumane og " be hesten" otre.
- Otte,f., morgonstund, grålysing; den siste delen av natta, eller tida nærmast før (høver best på vinterstida).Talemåte:vere oppe i griseotta.Bakgrunnen for talemåten er (truleg) følgjande: Når dei skulle slakte gris vinte tid (td, julegrisen), gjekk dei tidleg i gang, for dagane var korte, og det var mangt som skulle gjerast før kvelden kom. - Også i slåtten og når dei skulle til fjells for å mjølke , var dei(gjerne)oppe i otta Jfr. " Morgenstund har guld i mund,i otten ljaen biter".
- Og her er kva Håvamål tilrår lesarane sine å bruke otta til:

" I otta vere oppe vil du fregd vinna og folk fella.

Sjeldan liggjande ulv lambekjøt fær eller sovande mann siger!"-

Tillegg til bokstav "O",

Orering, m., ring i hesteselen som vert halden på plass med opphenget og er feste for dråttareima frå bogtreet.

Oferd, f., (eller uferd), ulykke, uhell, skade: fare ei o-fer´ (bli ute for ei ulykke eller eit stygt uhell).

Omkalfatre, v., snu opp ned på , endre fullstendig, jfr: "Det heitte se´ i bygda e nyekåmå omkalfatra heile huset før ho vart fornøgde!".

Oppskøke, f., 1) nybryggja øl. 2) Arbeidet med å ause det nybryggja ølet frå gilsåen (gjæringskaret) og over i lagringskara (øltynnene og ølkaggane) Hadde dei mykje øl , slik som når dei bryggja til til eit gammaldags storebryllaup, inviterte dei ofte grannar heim for å smake på oppskoka for å få vurdert ølet på velsmak og styrke. Under slike seremoniar, gjekk det ofte livleg for seg. Jfr. " Jofolket" s.160.

O-ty. n., ordet blir brukt om lus, lopper og om (mindre) skadedyr av ymse slag.

Olmose, f. 1) almisse; gåve til trengjande 2) ein stakar som treng hjelp; eit hjelpe-laust menneske. Talemåtar: Ein olmose-tosk (ein stakars dumming). Det er lite hjelp å få når stakaren skal hjelpe olmøsa!

Ohorvele(g) , adj. uvanleg, kolossal: jfr. "Hanj Nils he bygt si ei ohorvele´ store løde. I lure på ka ònj he´tenkt å ha innj i `nje?!.

Olyste, v., stille eller stette lysta; tilfredsstille si lyst; mette seg, jfr" I dag ska´du få olyste di på fersk tosk. kams og og nykokt toskelivr!".

Ondesett(e), adj., stappmett, jfr. "Ja, ette´eit slikt herremåltid e´ ein godt ondesette!".

P

Padde, f., 1) klasse av skiftevarme virveldyr; Amphibia. 2) art av klassa padde (Bufo bufo) Paddehatt: trollhatt (hattesopp). Talemåte: Å vekse opp s paddehattar (som sopp i regnvêr; mykje på kort tid.) Paddesli: gelelik nande masse med paddeegg i; grolappegauple.

Pakk, n., dårleg selskap, herk , ramp. tjuvepakk.

Pakke seg :kome seg vekk;"dra dit peparen gror!". Jfr."De får sjå o´pakke dokke fr dýrå fort, de so ´ e´fullje ta franzos!!".(sitat etter ei kone i by da, som harmdirrande jaga ubodne gjester på dør). Franzos: dialektnamn på venerisk sjukdom. Eit anna ord brukt om venerisk sjukdom i Syvde (denne sjukdomen tidlegare var nærmast ukjewnd), var poks eller paks. De orda heng saman med det engelske pox, som tyder "koppa", men som tid legare også var eit namn på kjønnsjukdomen Syfilis eller great pox. i motsetning til small pox (koppa, Variola), ein akutt særsmittsam og alvorleg virussjukdom. Sjå pøke og pøke-ær.

Palmehelg, f., helja før påske (palmelaurdag og palmesøndag).

Pant, n., eigedomsgode som tener som trygd for oppfylling av eit krav. jfr.: setje ga den i pant; ta pant i huset; løyse inn eit pant.

Pante, v., 1) setje i pant, 2) krevje pant eller utpanting, ta utlegg i. Panteatte attest som syner kven som har heimelen på ein eigedom, og kva for heft som ligg på eigedomen; tillysingsattest. Tinglysingsbok: bok eller perm der tinglysingsdommaren samlar avskrifter av alle tinglyste dokument. Tinglysingsbrev: dokument som inneheld avtale om panterett i eig domsgode. Pantegjeld: gjeld som ein skuldnar har gjeve pantetrygd for; hypotekgjeld (dvs. gjeld med pant i fast eigedom.) Pantesetel: kvittereing frå pantelånar for handpant: pantelapp, stampesetel.

Papir. n., 1) stoff utvalsa av tynne, samanfiltra fibrar. 2) blad, ark til å skr på. Talemåtar: få tankane ned på papiret; eksistere berre på papiret (berre i teorien, berre pro forma); avtalen er ikkje verd det papiret han er skriven på; han fekk avskil på grått papir(fekk sparken, måtte slutte på dagen.) 3) dokument, attest, vitnemål, verdipapir, manuskript: søkjaren har gode papir (har gode attestar og vitnemål); eit gullkant papir(verdipapir som gjev stor fortjeneste), 4) om person: han er eit dårleg papir (er lite tillitvekkjande, har dårleg ord på seg).

Papirlaust ekteskap: samliv utan vigsel eller skrivne avtaler, samvits-ekteskap, jfr punkt 3 ovanfor.

Papyrus, m., 1) sumpplante av storrfamilien (Cyperus papyrus), nytta til taugverk, koger og båtbygging. 2) skrivepapir laga av stengelmergen i papyrusplante. 3) papyrusrull med skrift på. Papyrusrull: stykke av papyrus (2) lima saman til rull.

Par, n., 1) to som høyrer meir eller mindre saman; (ekte)makar; eit par sko: noke som er ihopsett av to like delar, td. eit par briller (eit brillepar).
2) nokre få: eit par kroner; dei reiser heim om eit par dagar.

Parle, m., klump, kule; mest brukt om ekskrement forma som små kuler: saueparlar, geitaparlar, hareparlar.

Pjasken, utt. pjaskjen, adj., ufrisk, i dårleg form, jfr. "E he'vore so pjaskjen i det siste, so det e' mångt so 'he'vorte ugjort!".

Pass, adj. passande, måteleg, I uttrykket "so pass", tyder det i minste laget. jfr. "Det måtte no vere so pass (eller so pass mykje) om det fyst skulde vere!", Eller sagt på ein annan måte: "Han kunne ikkje ha gitt bort mirre, når han først skulle gje!".

Til pass: dette uttrykket tyder "som fortent", jfr. "Det va' te'pass å t'nå, so som hanj he' fire åt!".

Paule eller purle, v., boble, velle fram (om vatn): også ringforma dragsug i vatn etter større ting som søkk. jfr. "Det sto' grøne paulenjette' t'nå då anj sokk!".

Peik, n., skarvestrek, prette, jfr. "Han gjorde meg eit stygt peik, men det skal han nok få lide for!".

Peike, v., vise til ved å strekkje fram peikefingeren eller handa.

Påk, m., ein tynn kjepp. lita stang, grein eller vidje; vanleg brukt til å ha i hendene for å age husdyra når ein skal drive dei hit eller dit, t.d. heim eller på beite; handverje. jfr. "Per, du må gå og skjere deg ein pjåk, so du har eit handverje om du skulle møte den ylme storoksen!":

Pjåk er den vanlege uttalen.

Patte, m., el f., spene, sugenvorte, kvinnebryst.

Patte, v., sugemjølke av mora, Pattedyr: dyr som andar med lunger og har mjølkekjertlar som skil ut næring til avkomet; spendyr, sogdyr (Mammalia)

Pedant, m., pirket, nøyaktig person, formalist. Pedanteri: småleg pirk, formalisme.

Pepar, m., frukt av peparplanten (Piper nigrum). Det finst to handelsformer av svart pepar (skarpt krydder av umogne frukter) og kvit pepar (eit mildare krydder av dei mogne fruktene. Talemåte: Ynskje, eller be ein å dradit peparen gror (ynskje han langt av stad; be han reise og ryke!)

" Munnen gikk på `nje som ei peparkvenn!"(ho skravla i veg).

Peparsvein:Upphaveleg brukt om ugift hansakjøpmann som handla med krydde ugift ungkar over 30 år. Peparmøy:(etter peparsvein), ugift kvinne over 30 år.

Per ,m., (latin Petrus, gresk Petros , av Petra "fjellknaus").Uttrykket: Per og På står for kven som helst; kreti og pleti.

Perikum,m., fleirårige plantar av perikumfamilien. I Syvde kalla ølkong (etter be tefar(Erik).Både i Syvde og andre stader i landet har perikum blitt nytt. under ølbrygging for å gje ølet god smak. Planten har også vore nytta s brennevinskrydder: Perikumbrennevin. Dette hadde ein gulbrun farge og ei karakteristisk smak etter den eteriske oljen i prikumsplanten.

Pengegras,n., skilingsgras,engkall (Rhinanthus).

Perm,m., kvar av dei to sideplatene i ei innbunda bok; bræde.Også omslag kring lau papir: ringperm, samleperm.Uttrykk: lese eller kunne boka utanboks frå .
perm til perm.

Peive,v., prøve å handtere eit verktøy eller reidskap som ein ikkje har lært å bru. Jfr.;" Han sto´ der og peiva me´ein skarpe ljå, so det va´ fårle å kom `nå nær!".

Pikse,m., 1) treplugg,tidlegare brukt i staden for metalstift når dei skulle " pi skinn",dvs. spenne ut skinn til tørkings. 2) liten trekile. flat under og rund over, brukt til å stramme bandet som fester ljåbladet til orvet (ljåpikse).

Piren,adj., veik, skranten, redd; får positiv tyding når brukt saman med nekting,jf " Det var kje pire for ein 7-8 åring å klare den lange skulevegen vin ters tid,når det var storm og rennedriv" " Ho va kje pira o´ Lissje-Pe so´skulde klare si i lag me´ vaksnefolkja!".(det var ingen spøk for ho Lisse-Petra å skulle klare seg....).

Pirevill,adj., ustyrleg, vill og galen, vere i panikk.

Pirial,m., lett alkoholrus. jfr."Han drakk seg på ein pirial"(han drakk seg på ein lette: han stiva seg opp med ein dram.)

Pirte,v., erte,tirre, perke bort i. Jfr." Han Hans e´ so stygge te´ å pirte tause: " Han pirta borti lemedet med ein kjepp for å få det sinna!"

Pipre,v., skjelve, riste. I uttrykket "pipra og skolv" tyder dei to orda omlag de same, og svarer omlag til:han skolv so han riste.

Piske,v., slå med ei piske, peise, dengje.jfr." Han piska på hesten så han sette avstad i gallopp". " I den gamle skulen fekk elevane pisk når dei var ulydige"- I den siste setninga er pisk substantiv.

Pisse,v., late vatnet, urinere,mige. Det siste ordet blir mest brukt i samband med hest og storfe, jfr. `O dagros he´ migje opp i båsen sin i natt so dei va´ ålvått!". Mighus: forhud på hest.

Pjage, v., streve, mase, arbeide hardt. Utpjaga (adj.) jfr. " Han var heilt utpjaga då han endeleg var ferdig med arbeidet! "

Plitte, v., halde seg, motstå ei freisting. Alltid brukt saman med ei nekting, Jfr. " Han klarte ikkje å plitte si. Han måtte alltid naske te´si eitt elle anna når `anj hadde høve te´det! "

Plitt, m., tiljefjøl; ei lita fjøl til fotstykke i framromet eller bakromet på ein båt. Andre stader , d.t. nordpå, kalla plikt. Jfr. Peter Dass i Den nordsk Dale-Vise: " Tofte, Tillie. Plict, Mast oc andet sligt, Som er brugeligt I Søeleeners stict".

Uttrykket "plitt moders åleine" (heilt aleine), har neppe samanheng med ordet plitt nemnt ovanfor. Jfr. " Han budde i det gamle huset plitt moders åleine i mange år! "

Plog, m., I Syvde skilde dei gamle (mellom andre Paul K. Myklebust) mellom ard og pl. Ard var den eldste typen. Den hadde plogjarn, ein "snute" av jarn, og skulle likne på ein hyppeplog, Den gamle "treplogen" hadde desse hovud-delane: arås (arås): plogås, det mellomstykket som plogdrettet og skene var feste til. Plogjarnet eller arejarnet, eit jarnstykke spent runn spissen av aurskida (den nederste delen av plogen). Plograma heldt dei ulike delane av plogen saman, og enda øverst i plogkylpen eller plogskett. Frå plogkylpen gjekk to stenger nedover gjennom aråsen og ned i aurskida. Veltefjøla var øverst fest i aråsen og nederst i aurskida. På dei eldste plogane , var også den gjort av tre.

Orda ard og ar- heng saman med det latinske ordet aratrum som tyder pl

Pósne , v., svulle opp i innvolane av tarmgass. jfr. " Eg pøsna så opp etter maten.

Det må vere eit eller anna som eg ikkje har tolt!

Pósen , el oppósen , adj., oppblåsen, gassfylt.

Prikevere, v., klare seg, halde ut. eksistere, jfr. " Dei hade `kje annja råd enn å flytte, for dei kunde `kje klare å prikevere si der lenger! "

Prins, utt. prains, f., ransel, skreppe. Sidestykka og botnen (som var flat) , var lavtynne fjøler. Resten var av skinn. Loket (dekselet) var fest på baksida med to lærstroppe. Prinsa vart mest brukt til å ha mat i når dei gjett og heitte då geitleprins (utt. jeihleprains). Prinsa kunne også brukast andre formål, td. å ha skulemat og skulebøker i før det vart vanleg med " kjøperanslar".

Pronke, el. prånke, stase seg opp; kleseg i syljer og stas; mest brukt om kvinner, jfr. " Det va´svært so prånke ho va´i dag! ". (pronke, v., pronk, adj.)

Plugg, m., jarnstift , jarnplugg; treplugg, td. skoplugg eller skopinne. Hertil: si pinneskive (1-2cm tjukk tverskurd av ein bjørkelegg, tidlegare brukt til å lage skopinnar av heime); (sko) pinnesyl; (sko) pinnehammar, skopinne rasp. Selepinne (orepinne); pinneved: småver^d; knust treverk, jfr. " Sto: knuste alt til pinneved! "

Pløse, f., 1) skinnlapp under snøringa på skotøy. 2) hudpose, blème, blære. jfr. " Han hadde store pløser under augene".

Pløse, v., pløse seg , svulle ut i pløser eller posar.

Pløsen, el. pløset, adj., som har hud- eller feittposar , td. i andletet: oppblåser opphovna, pløsen.

Póde m., plante, avleggjar. I skjemt også brukt om ein gutonge, eller i litt nedsetjande meining om ein vaksen person, jfr: Ja, han er ein underleg pode!

Póde , el. pote, v., føre plantedelar saman slik at dei gror i hop og veks vidare se ein plante. Poding kan berre brukast på nærstående arter.

Pòka, f., eldre namn på sjukdomen koppar med fagnamnet Variola (latin variolus: mirkingsform av varus , som tyder kvise, kweise eller køyne.

Poka eller koppane: Akutt, særsmittsam og alvorleg virussjukdom (eterresistent RNA-virus) som 12 dagar etter smitte gir ein første feberbolk som varer 2-3 dagar med litt flekkete utslett med prikkblødningar; etter 1-2 dagar med lågare temperatur, kjem ein ny feberbolk og nå kjem det bli mer som etterkvart vert pussfylte, først på hender og føter og i andlete seinare over heile kroppen; pussblemmene (koppane) tørkar inn- først i midten; dett av som skorper etter 7-10 dagar og det kjem til syne små (koppar); til sjukdomen høyrer ofte lungebetenelse, betennelse i bein og ledd, blødningar, rygg og hovudsmerter og ein sterkt utmødd tilstand. Sjukdomen fist i to former. Den alvorlegaste forma (variola major), har ein dødsprosent på 25-40. Den mildare forma (variola minor), har si år i eit mildsare koppevirus enn det vanlegaste.

Poke -vaksinering (koppevaksinasjon): poting av kukoppevirus(i hud) for å frem smittevern (immunitet) mot koppar. Tidlegare måtte alle born i Norge ta denne vaksinen. Sjøl fekk eg den i 6-7 årsalderen, og det var Gamlejord mo ra på Eidså (Johanne Eidsvold) som sette den på tre stader i den venstre overarmen. Vaksinen slo til, og let etter seg tre lyse ær i huda som vi kalla pòke-ær. Dei fleste av min generasjon bar på slike rest av livet. I 1980 kunngjorde Verdens helseorganisasjon at sjukdomen Variola eller koppar var utrydda i verda. Dette er vel neppe rett, men dag er koppevaksinering lite nytta i Norge. (Sjø også under stikkordet poks ovanfor.) Namnet Vaccine heng saman med det latinske ordet Vacca, som tyder ku . Vaccina er ein virussjukdom hjå storfe som liknar mykj på koppar (variola) og som kan smitte menneske på vanleg vis, eller overførast ved innpoding(slik som når vi blir vaksinert. Når vi blir vaksinerte mot koppar, får vi ei lett form for kopesjukdom, men nok til at etterpå ikkje kan få sjukdomen, fordi vi er blitt såkalla immune mot de sjukdomen. Dei som tidlegare fekk og overlevde koppane, vart vansira i siktet for resten av livet.

Potet, f., 1) potetplante (Solanum tuberosum) 2) knoll av potetplanten. Potetplanter høyrer heime i Syd-Amerika, der den var dyrka då spanjolane kom til landet. Potetdyrkinga i Norge tok til rundt 1750, og det var særleg prestane som har ein stor del av æra for at potetene så fort vart almannseige (derav namnet "potetprest"). Potetknollane har ein tydelig toppende der knoppene eller "auene" sit. Herifrå gror potetålane eller potetgroane fram og utviklar seg til ein ny potetplante om dei blir sette i jorda. Blir potetene om vårane liggjande i ein mørk kjellar vil dei ålerne, dvs. potetålane veks og strekkjer seg mot lyset, men for å klare det, syg dei næring frå poteta (potetknollen) som skrumpar inn, og tørkar opp. Det same skjer med setjepotata ute i åreren, for når vi tar opp potetene om hausten, finn vi setjepoteta som ein liten svart klump som vi kalla for potetmora. Andre ord og uttrykk i samband med potet(planten). Potetrose: potetblomst. Poteteple: toppfruktene av potetplanten (inneheld giftstoffet solanin). Potetstyl: heile potetplanten, både det som er over og under jordsa. Potetlau(v): potetris, potetgras. Potetlauvet frys lett når kulda set inn om hausten og blir svart og då sluttar potetene å vekse. Potetene har lenge vore viktige for folkehelsa i landet vårt. Dei er rike på karbohydrat , og ei viktig C-vitaminkjelde. Talemåte: Han (ho) er som poteta , han (ho) brukast til alt!.

Pýse, v., plukke, sanke i hop. jfr. "De får kome og hjelpe me å pýse bær, småguta, so ska' de få åte det de vill!" (sitat etter ein gammal mann i bygda.) "Lasse' veilte, so i måtte bruke ei heile stund te' å pýse ihop alt so låg ned i vegaveitenje!".

Pýse, f., reddhare, feiging, sutren og bortskjemd unge.

Pyset, el pysete, adj., stakarsleg redd, jfr. " Han var for pysete til å bade, for han meinte at vatnet var for kaldt!".

Pusk, n., (utmarks)område tett tilvakse med kratt og småskog, jfr.: Der va' so mykje puske at der var mest uråd å kome fram". Pyskje: omlag det same som puske.

Hit 14. juli 1997. A.N.

Pøyte, f., skitsøyle, Lite myrhol, vasshole, Jfr. " Han ateig ned i ei pøyte, og var våt langt opp på leggen!"-

Pöte, v., stikke, bore, støyte med ein kjepp eller stang, jfr. "Han dreiv og pöta med ein kjepp inn i holet for å jage ut rottene". "Han sat og pöta tenene etter maten"

Pöte, v., fiske (dorge) med stang på sjøen.

Prakke, v., nøyde, presse innpå, overtale. Jfr. "Her va' eit splaintebøle i dag, og dei prøvde å prakke inn på mi ei gammale klokke!"-

Prate, v., snakke, tale saman. jfr. "Vi sette oss ned og hade ein hyggjeleg prat om gamle dage, for 'o Birte va' slike ei pratsame kjelle!".

Preike, v., forkynne, halde preike (halde gudsteneste). Ein preikar: ein lekpredikan
Preikesøndag: ein søndag då det er gudsteneste i kyrkja. Fyre preikå o ette preikå. Preikebok (bok brukt ved husandakt dei søndagane det ikkj var gudsteneste i kyrkja. Syvde og Vanylven delte prest, slik at det berre var gudsteneste i kyrkja annenkvar søndag.) Jfr. "Jo folket"
"Han hilt ei heile preike fyre mi før i reiste" (han formana meg og g meg gode råd med på vegen.)

Prente, v., framstille bokstavar og billed i prent; trykkje, prege.

Prent, n., prenta skrift. prenta bokstavar og billed; trykt produkt. Kome på prent bli prenta (attgitt) i aviser, i bokform, o.l. For grovt til å kome på prent (for umoralsk eller fornærmande til å bli fest til papiret.)
Prentesvarten: spøkefullt symbol for det "utysket" som får skulda for misprenting; trykkfeilsdjevelen. Prentefridom: rett til å offentleggje meiningar på prent utan sensur.

Preg, n., særmerkt form, utsjånad, eigenskap, karakter, svip. jfr. "Dei vanskelege ti høva i heimen, sette tidleg sitt preg på han".

Premi. el. premie, m., 1) utmerking, pris, jfr. "Han fekk premie i høgdehopp på idrett. stemnet. og foreldra fekk fystepremie for storebukken på dyreutstillinga!" Premiebukk, premieokse, premiehest, etc, 2) avgift, betaling etter fastsette takstar: premie på livspolise, trygdepremie, etc.

Prest, m., 1) person med teologisk utdanning og vigsle^{tt} til å gjer^{tt} tenest i ein kyrkydlyd. Sokneprest, sjukehusprest, etc. Presteskyss: Før bilane kom, hadde dei gardbrukarane i Syvde som hadde hest, plikt til å hente presten i Vanylven dagen før preikesøndag og køyre han tilbake etter preika. Pli tenesta gjekk på omgang, og ettet preike kunngjorde klokkaren frå kordø kven som skulle ha presteskyssen neste preikesøndag.

Prestegards-spøkjelse: Dei fleste prestegardane hadde sitt "spøkjelse som oftast ein poltergeist: eit skrømt som bankar og bråkar, bankeånd) Slik var det også med prestegarden i Torvika tidlegare: Då bror min, Erling, var

i 17-18 årsalderen, var hang gardsdreng hjå presten Anders Skrondal på prestegarden i Torvika. Det var tanken at han skulle liggje om netten i "Borstova" der tenarane heldt til i gamle dagar, men somme netter var der så mykje uro og framande lydar i huset, at han fekk ikkje sove. Det var kjent frå tidlegare, at det spøkte i Borstova, så då Erling fortalde presten kva han hadde høyrte fekk han flytte inn i hovudhuset.

Prestehistorier: historier om "øvrigeita", som også prestane høyrde til var godt stoff for "almugen" i bygdene tidlegare. Også om dei mest "færge-rike" av våre prestar (dvs. Syvde- og Vanylvsprestane), finst det ein del legender, men dette ligg litt for perifert til å kome med her.

Prestesykje: kronisk strupekatarr hjå folk som talar mykje.

2) Person som står for seremoniar og kultushandlingar i eit religiøst samfunn: Buddistprest. offerprest. øvsteprestm. fl.

Primstav.m., etter gammalnorsk Prim: nymåne. Primstaven var ein slags Almanakk bygd over den Julianske kalenderen med den 19-årige månesyklusen. Sjølv "kalenderen" var ein trestav med innskorne merke for kvar dag året og med særskilde teikn for helgedagane. Då den Gregorinske kalenderen kom i bruk rundt år 1700, vart primstaven ubrukeleg.

Prim.m., mysost som er lite innkokt og som ein ikkje formar, men sel i øyskjer og spann, myseprim; myssmør.

Prim.v., tøv, tull.vås.

Prime.v., drive med unyttige ting; vase og tøyse, jfr. "Ka du sit o´prima me´Petter Kast frå di ditta tulluje og kom di ut på garenj og gjer noke gagns arbeid!".

Presse, el perse.v., leggje trykk på, trykkje. jfr. "Kan du vere so snild og perse buksa mi, Anna?".

Pro, el. ptro, tilrop til hest for å få han til å stogge; stopp, stans!. Ein brukar dette tilropet samtidig med at ein strammar taumane.

(Vil ein ha hesten til å gå, ropar ein: Firr!, samtidig med at ein slakkar taumane og slær dei lett ned på dova til øyken.)

Prost.m., prest som fører tilsyn med prestane i eit prosti.

Prosti.n., embetsdistrikt til ein prost.

Prostata, m., i) blærehalskjertel hjå menn: Prostataplager: mest vanleg er betennelse svulst og prostatakraft.

Prute.v., prøve å få ned prisen, tinge, kjøpslå. Prutingsmon: skilnaden mellom den prisen seljaren krev og den prisen han kan tenkje seg å gå med på.

Prøveklut, n., tystykke til å øve seg på når ein skal lære å sy; mest brukt i overførd meing: noke ein brukar til å prøve seg fram med. jfr. "Eg er ikkje interesset i å ver^{de} prøveklut for han!".

Purke, f., hogris, sugge; stundom brukt for å karakterisere ei feit, lat og ustelt kvinne. Talemåte (ordtak): Når purka er full, er dravet surt (det som ein nornalt finn seg til rette med, blir ubrukeleg når ein lever i overflod). Drav: maltavfall etter ølbrygging; mask.

Putevær, n., putevar, overtrekk på ei pute.

Pùtre, v, !) boble, syde, småkoke (lydord omlag som pùrle og mùrle, jfr. "Potetene mùrle og kokte". Tilsvarende: potetene putra og kokte.

2) mulle, mumle, kviskre, jfr talemåten: "Den so' pùtra (kviskra) han lyge!"

3) brukt i formen pàtre el. pòtre: prøve å lækje ved å seie fram visse ord og formular, henta frå Svartebøker og liknande litteratur, eller lært av andr. Pàtrekal, m., ein som driv med pàtring eller signing. Pàtrekjæring: signe-kjæring. Og slik kunne denne "legekunsten" bli praktisert (fortalt av bes far, Erik): "Ein mann i bygda hadde ei sjuk ku, og sende bod etter ein påt kal, som kom og såg på kua. Deretter gjekk han inn på kjøkenet og bad om t fagna (dvs, store) lefsekliningar, og desse tok han med til fjøsen, men in fekk lov til å vere med han inn.

Pàtrekalan, som nå trudde at han var ålein i fjøsen, stelte seg bak kua, to ein lefseklining i kvar hand og strauk kua over lendene medan han sa fram desse orda tre gonger: "I stryke di over dine lende me'klining i beggje min hende. Gjere kje det di godt, so gjere det di slett ikkje vondt"

Deretter sette kalen seg på fjøskrakken og åt lefsekliningane i ro og ma Det han ikkje visste, var at ein av dei halvaksne borna til bonden hadde gøymt seg i fjødsen og sett kor det heile gjekk til".

Pylse, mat fyllt i rensa tarmar og innvolar: morpylse, blodpylse, rullepylse, m.fl.

Pylsevær: det skålda innvolsmaterialet som blir brukt til å ha pølsedeigen Pylseskinn: det animalske eller syntetiske "skinn" som ein fjernar når ein brukar pølsne. Tidlegare var det alltid frå innvolar av dyr, nå ofte av plast. Talemåtar: ei pylse i slaktetida (ein bagatell i den store samanh gen); rosina i pylsa (overført: høgdepunktet, det beste (som kjem sist); alt har ein ende, men pylsa har to; passeleg pylsa er best (jfr. måten er best låten).

Pøyte, f., myrhol, vasshole, skitsøyle. Jfr. "Han steig ned i ei pøyte og vart våte og skiten langt opp på leggjen!".

Pøk, m., 1) skinnpose, skinnbelg, dvs. rundflådd skinn av eit mindre dyr (geit eller 2) mage, buk, jfr. "Han va' visst ein storkar, for 'anj hade ein store pøk, m ei klokkekjæde ta gull tvers over vesten!" (sagt av ein gutunge i bygda).

Q

Quantum satis: påskrift på reseptar frå lækjaren til apotekaren eller den som skal lage medisinen. Uttrykket tyder: tilstrekkeleg mengd, og har sama heng med eit eller anna hjelpestoff (vatn, spiritus, stivelse o.l) som skal brukast når dei lagar medisinen. I dag blir dei fleste medisinsk preparata som går over apotekdisken, laga i farmasøytiske fabrikkar.

R

Rabbagast, m., (etter skodespelet Rabagas (1872) av V. Sardou), villstyring, jfr.

" Han va' ein fæle rabbagast, særle' då 'anj va' onge!"

Rabb, m., 1) steinet, låg jordrygg: bergrabb, 2) skrint stykke mark: lyngrabb.

Jylsrabb, m., kanten av eit gjel eller jyl. Ordet går inn i mange stad namn: Rabben. Geitarabben, Rabbane m.fl. Ordet går også inn i den kjen visa om Rabbesvarten, der eit av versa lyder slik:

Rabbasvarten skulde gjeve kjempene mat

160 leive .

To tynne rjømme, tre tynne skyr

og skjekjelen ta 16 veire,

so ingjen det kunnje beire.

Skjekjel, el. skjekel: skrott (jfr talemåten med skinn og skjekel: med skinn og bein el. med skinn og skrott; heil og holden.

Rabbe, f., kålrot, ein dyrke varietet av Brassica napus. Det finst fleire dyrka varietetar av denne arten. Mest vanleg hjå oss, er kålrot, nepe og turnips. Desse plantane høyrer til korsblomster-familien, og plantane av denne familien er jamnt over rike på C-vitamin. Til denne familien høyrer også skjørbuksurten (Cochleare officinalis), som særleg i Nord-Norge var ein viktig skjørbuksplante tidlegare.

- Rad,f., linje , rekkje. Stundom med omlyd røke, som i uttrykket:ette(r) rokes
Jfr. " Gamlelensmannen tok tenarane fyre si ette' rokes og fortalde dei kva dei skulde gjere den dagen"(Ette rokes: i tur og orden . Ette far , som fortalde om tensta hjå lensmann Lund i Vanylven då han var ung.) Det meir vanlege uttrykket er ette(r) rad: den eine etter den andre. jfr." Gjeitenje kom gåande ette rad: Fyre kom `o Krit, ette kom `o Smit. Åle o´ Dokke o´ Lykle o´Sokke. Å ettepå kom Lissetas. ylmande o´stylmande, liten o´ tas, me´ ein liten flekk oppå tryna" (Jfr. Voggevisen etter far, Jakob E. Nordal, "Jofolket s.308 og 310.)
I rad og rekkje (på linje ved sida av kvarandre),jfr." Nausta atod i rad og rekkje langs sjøkanten".
- Radig,adj., lett, greidt,jfr." Det gjekk nokså radigt å rydje opp (etter festen), for vi var fleire som hjelptest åt!"(I staden for "nokså radigt" kan ein sei " nokså rade"
- Rade,v., setje opp i rad. rade opp.Jfr." Kvar kveld rada han arbeidsbeinen opp la veggèn ,før hasn slutta og drog heim.
- Raft,f., den nederste delen av taket på eit hus;det punktet der taket er fest til langveggen. Under raftene på uthusa (særleg stabbura) var det god tørk plass. Her spente dei ut skinna til tørk,og her hengde dei opp troder ^{dei} kunne tørke morpølser,sild,fisk etc. Raftall: den øverste stokken i langveggen på eit hus; raftestokk.
- Rafteskjegg,m., den nederste kanten av eit tak;utrefte,takskjegg.
- Rage,utt.ragje,m., ein høg og smal ting.jfr." Ein långe raje: ein långe stakje; e långe hekjel: namn som vart brukt om lange, ulenkelege unggutar.
- Ragestrå (ragjestråd),n., tynt og bøyelegt grasstrå. I følge Ivar Aasen brukt om Anthoxanthum (odoratum) eller gulaks, men sikkert også om andre gr arter.Namnet tyder eigentleg berre eit strå som ragar opp, og bestefar (Erik), som hadde litt kjennskap til plantar,kunne bruke det på denne måten: " Nei, der va´kje stort å verte feite `ta (dvs.der var ikkje st å slå),der va´so opp-beitt, at det sto berre atte nokre ragjestråd her og der!"
- Ragg,n., grovt og ujamnt hår; mest brukt om geitehår (geiteragg) men også om lurv ustelt folkehår.
- Ragge,m., hårsokk, oversokk eller lest.Raggsokk:lest strikka av tjukt, grovt garn.

Tillegg til bokstav "P"

Parle,m., rund, fast avføringsklump: saudeparle,hjaseparle, hesteparle,etc.

Parle,v., late avføringa som parlar,jfr:" Sauden sto´ og riste på rompå og parla".

Pennestokk.m., avlang øyskje med skyvelok til penn, blyant og viskeler for skulebo
na.

Pikke,v., banke svakt; nippe.,fr." I pikka port i nå so vidt (at) `anj snudde si
o´spøre kva i vilde!". " Sporvenj sat på lødetroppene´nje og pikka ti
konnj so´hadde dotte ta konnjlassa".

Pirte,v., erte,pirke bort i.jfr." Han pirta systra si til o´begynde å grine!".

" Han tok eit stråd og pirta bort i snielen so `anj drog inn honnja"-

Pýse,v., sanke i hop, plukke,jfr."No he´ de vore so flinke, småbonnj, at no ska´
de få kome inn i hagjen og pýse dokke alt det bær de vil!".

Påk,m., ein tynn kjepp til å jage krøter med.

Hit 27. mars 1998.

Dette får vere det siste tillegget.

Det er blitt mange sider i alt, og end
er der mykje meir å hente, for syvdemå
et er utruleg rikt på eldre ord og vend
ingar.

Arnold Nordal.

Rak,n., noke som rek eller driv omkring,td. med straum eller vind.

1) ting som driv omkring på vatnet og som blir kasta opp på strendene; vrakgods. 2) beinrester etter dyr som har omkome i utmarka, jfr. "I kom fram på eit rak opp på fjella i dag, o' i fann klavenjette denj saud vår so' vart vekk i fjår haust"-

Rak,n., (den brukte delen av) veiken i eit talgalys eller voksllys, og den tilsvarande veiken i dei gamle tranlampene.Sjå Køle.

Rak,adj., 1) rett, rank: rak i ryggen, 2) bein,rett, som går i rett linje: gå rak vegen; gå rett på sak; dei er rake motsetningar.

Rakekniv,m., barberkniv. Talemåte: skarp som ein rakekniv, også brukt i overført meining.

Rakedis,el.rakedei's ,m., (etter frisisk rake-defes: "slumpetreff"),reking,flakk- ing; sjølstyr, uorden,Kome på rakedis:bli flytt eller slengt vekk de det ikkje skal vere. jfr.følgjande formaning frå ein far til sonen" Når du e'færige me'eit arbeid, ska' du alltid sekkje (setje) arbeidsbein- en på plass so`anj ikkje kjeme på rakedis, o' du må gå å leite ette `nå når du trenge `nå!"".

Rakkar,m., tidlegare mann som gjorde forakta og ureinsleg arbeid:var hjelper for bøddelen , var nattmann (dvs, tømde dobøttene til folk,etc);var ein fa ein trave, eit dårleg papir.Rakkar var eit"sterkt" ord ,som gjekk og gæ - i bunden form- inn i eidar og skjellsord,jfr." Fy til rakkaren" (ty omlag det same som: Fy fan!- Og: "Nei, sjå på den rakkaren!"".

Ram,m., labb,fot:At dette ordet tyder labb,høyrest kanskje framandt for ein syvding med det same , men får meining når ein får ordet i sin rette sa anheng,som t.d. dette:" Sauden prøvde å kome seg unda,men bjønne språr ette' og fekk snart ram på sauden o' slo `nå i hel (me'framlabba) !". Uttrykket rame eller få ram på , tydder eigentleg å slå eller daske til med ramen eller labben, som tilsverer loven,dvs. innsida av handa.

At ordet ram tyder labb eller framfot, og såleis har samanheng med henc hjelper oss til å forstå uttrykket fram å rame,jfr.uttrykka: hunden læ fram å rame på golva (hunden låg på magen med framstrakte labbar) og: " han støytt fote mot ein stein og datt fram å rame!""-

Ordet (substantivet ram ,heng saman med det gammalnorske hrammr som tyder (bjørne)labb.

Isolert tyder uttrykket få ram på: få has på, råke, ramme.

Ram,adj., 1) fast , urikkeleg: det er rame alvoret .2)flink,glup : Ho er ram til å plukke bær. 3) strid, hardsett,utspekulrt: ho er ram til å lyge.
4) stram,harsk, beisk:"Det var ein fælt ram smak på dette feittet (smør det er blitt altfor gammalt før det vart brukt.

Ramle,v., larme ,bråke, gjerne med ein hol og buldrande lyd,Jfr,Talemåten;Tome tynner ramlar mest (brukt om ein person som har lite å fare med,men som brukar store ord og snakkar alt i eitt.) " Det vart ei fæl ramling då kjerra med dei tome mjølkespannene velte!.

Ramn,m., svart kråkefugl. Talemåtar: svart som ein ramn; stele som ein ramn: den eine ramnen høg'ge kje auenje `to hinn (den eine fanten (eller kje ringen)hjelper den andre.)

Ramaskrik,n., (frå Bibelen,Jer,31,15, etter byen Rama),klagerop, harm protest,sto av misnøye.

Rams,m., ramsløk (Allium ursinum),finst her og der i beitemarka,og når mjølkeky får den i seg, set den vond smak på mjølka.
Geitrams (Epilobium angustifolium),i Syvde kalla Gjeiss-skog (Etter bes tefar,Erik). Er eit stygt ugras med lange underjordiske jordstenglealar. under siste krigen prøvd som te-erstatning.

Randås,m., liten bjelke over grua (i dei gamle røykstovene) brukt til å henge gryt krokane (skjeringane) i. jfr. "Jofolket, s.15.Det vart tilrådt heime, at dei som hadde vanskeleg for å uttale den dirrande "r"-en, skulle øve på ei spesiell regle. Dei heitte seg at dei var "kleise" dei som ikkje klå å seie den harde "r"-en, og " medisinen" var å seie dette tre gongar ut å dra pusten: "Ein får kje vere kleise på sitt morsmål som skal seie: raudt, rakt, strakt ,råbaraka røveskinn over randås. Ein får kje vere kleise på sitt morsmål osb....."

Rang og vrang,adj.(uttalast rång), 1) med innsida ut,vrengd,jfr." Den eine hoså c e´ rånge, so du må ta `nje ta di o´snu`nje!". 2) feil, som ikkje er den rette, jfr. " Vi tok rånge veienj, kom fram ti´ det rånge huset og møtte dei rånge folkja!". Rångesidå el. rångå: vrangside,Overført:den vonde si eller "styggeseida jfr." Han va´ te´ vanle´ ein hyggjeleg mannj, men når `anj snudde rånge side til, då va´ `anj `kje nådige!"

Rångauå: eigentleg den vrengde eller vridde auga eller augene.Overført: sjå skeivt til noke eller noken. ja, endå meir:kanskje med misunning og Rångseles (eigentleg: rangsøles,motsøls),bakvendt, forkjeret,jfr: " Du står so rångeles til.då må flytte på di so du får beire tak!"

Rape,v., gurpe opp luft frå magen . EIn raap: ein gurp.

Rape,v., gli, rase ut: rape (med foten): misse fotfestet." Dei såg fleire stjerne rap den kvelden" Stjernerap: stjerneskot.

Rask.n., Avfall, matavfall : Potetrask (potetskrell).silderask, fiskerask(silde-rød, fiskerød, bein og anna som ikkje er etande).Rusk og rask (dårlege greier)." Desse kjøpeleikene va'berre rask. Dei tolde ingen ting!".

Raske,v., samle fort og uvøre. jfr." Han raska ihop det viktigaste av det han hadde bruk for til turen, og for på dør!".

Rasp,f., 1) grov fil:a)trerasp med grovare og finare fileflater; b) skorasp(lita rasp fest til eit skaft, brukt inne i skoa for å raspe vekk skoplugg (sko der solane er feste med treplugg). 2) rasp (rivjarn), brukt til mange formål, men kanskje mest til rasping(findeling) av rå poteter.

Raspaball, raspakake, kømle,klubb,m.fl.:Kokt deigklump,omlag så stor som ein tennisball, laga av raspa poteter,mjøl og litt salt, og helst med eit stykke salt flesk i midten.Talemåte:"Han fekk ei fæle rasping!" (han fekk ein fæl medfart, ei fæl skjennepreike).

Rasp,n., oppraspa masse (helst av rå poteter), mest brukt til raspaball og til lagring av potetmjøl (potetstivelse).

Rast,f., rad , rekkje , linje.jfr." Dei sette ripstreda i tvo raste".

Rass,m., (gamalnorsk rass),rau, bakende.Rasshol: endetarmsopning (brukt som skjelsord).

Rast,m., kvil, stans, pause. Rasteplass: kvileplass.Når folket vårt gjekk åmjelke på fjellet tidlegare, hadde dei sine faste kvile- eller rasteplassar både når dei gjekk opp på fjellet med tomhylkja på ryggen og når dei kom ned att med ei tung mjelkebør. Desse rasteplassane, eller kvildene var utstyrt med steinsessar, og kvar gard hadde si kvild."Framgardingane"i Nordalen hadde desse rasteplassane:Nedste kvilda,Øvste kvilda, Brukvilda og Brekkekvilda.Dei same rasteplassane vart også brukte av andre som ferdast på fjellvegane.Også på fjellovergangane og mellom bygdelaga, var det meir eller mindre faste rasteplassar, gjerne knytt til store steinar (Trygesteinen på overgangen mellom Brudevoll- Landsyrket og Dravlaus, og Leitesteinen mellom Eidså og Storeide), eller andre landemerke.

Talemåte:" Han var så sjuk og uroleg, at han fann verken rast eller ro"

Rasle, el.ratle.v., (lydord); om ting: gje ein tørr, klanglaus, låg lyd: det rasla i turt lau(v) når dei gikk; han rsala med pengane sine i lomma.

Rat.n., skrap, skrammel, ting som er kasta til side,jfr."Alt va' i ei einaste mylj Sledar og kjerrar, arbeidsbein og klædefiller låg rut over rat ut over heile tunet!". Rut: uorden,hulter til bulter.

Raud,adj., med farge som ligg mellom orsansje og fiolett i sollysspektret.Ordet g inn i mange samanhengar,og her er eit lite utval:den raude hanen (symbol på skadebrand); raude hundar(barnesjukdom med raudt utslett (Rubella);verke so ein raud klut (vekkje sinne og raseri); raudt lys (stoppsignal); å gå s ein raud tråd gjennom eitt eller anna (vere grunntanken eller den beran ideen i).

Raubete: varietet av bete med tjukk , raud rot(Beta vulgaris);
Raude el. rauden: det raude i egget, eggeplommen. Røde; raudfarge(morgårøde, kveldsrode; sola røda i fjella om kvelden; han fekk skamrøde i ansiktet; røde i huden etter insektstikk o.l. Raudt hår, raudt skjegg: Raud hærde folk er kjende for å vere temperamentsfulle. jfr. talemåtene: raudt hår og fregner veks ikkje på god grunn, og han brasa opp som ein raudein
I denne samanheng bør det nemnast at både Bjørnstjerne Bjørnson og Peter Dass hadde raudt hår , så dei som måtte kjenne seg råka av det som her e nemnt, er i godt følgje. Raudhyll: art av hyll med raude frukter, (Sambucus racemosa); Raudkløver (Trifolium pratense); Raudkjelk(e): raudstrupe (sisteleddet i namnet etter tysk: Kelchen, dvs. " liten strupe"-)
Raudmose: raudvoren bladmose av slekta Sphagnum, også kalla for rosemose, i motsetning til den kvite Sphagnum-arten eller sprengjemosen, som er de mest vanlege, og som finst på myrar og andre våte stader. Denne kvitmosen var det vanlege tettingsmaterialet i mosefella mellom stakkane når dei skulle lafte hus. Raudmosen (rosemosen) har vore nytta i folkemedisinen mot ros eller rosen (Erysipelas) ein hudsjukdom valda av Streptococcus pyogenes, og som artar seg med sterk raudfarge og varme i huden som trutna opp. I denne samanheng kan det liggje nær å tenkje på Signaturlæra, som seier at likt skal kurere likt (Jfr. Similis similibus curantur), Men i de fleste folkemedisinske lægerådene er der ein kjerne av realitet, og slik det vel også her, for Sphagnum- artene skal innehalde antibiotiske eller desinfiserande stoff. Raudesykje: smittsam svinesjukdom. Raudesott: blodpiss. Raudåte: raudfarga småkreps som driv omkring i sjøen og blir eten av slid og kval (Calanus finmarchicus). Raudkål: form av varieteteten hovudkål (Brassica oleracea capita rubra). Raudløk: form av cepaløk.
Rauk, m., kornbundan (kornband, kornnek) sette mot kvarandre til tørt, med stýlen (raua) ned mot åkeren og visane mot kvarandre. Metoden ga sjeldan gode resultat, på grunn av dårleg vær og vind om haustane, Det vanlege var di for at dei hesja kornet i trodehesjar etter ein spesiell teknikk. Sjå (høy)hes og hesjing. Rauk eller raukan blir også brukt om dei små haugan eller stablane av kornband som ein legg i hop ut over kornåkrane når ein skal rydje plass til, og arbeide med oppsetjing av kornhesjane.
Raudaur, m., raudleg og litt grushaldig jord; rekna for dårleg matjord.
Raudfisk, m., au'er eller klokkar (Sebastes). Namna raudfisk eller rødfisk, heng sam med fargen på fisken eller fiskekinnnet. Namna au'er og klokkar, skal ha samanheng med at denne fisken har så store utståande auge.
Raudlit, m., raudfarge (lit: farge).
Raudlitt, adj. som har raud farge, raudfarga, jfr. "Mora kom i (hadde på seg) ein ra litte kjole, og døtra ei grøn litte bukse".




Fig. Raudetåte (Actinia equina)

Raudetåte (fig,) er ei sjøanemome (sjørose) som er vanleg på stein og fjell knattar m.a. langs Løsetstranda i Syddefjorden. Den har vore brukt mot raudesott hos kyr i bygdene våre, og med til dels gode resultat, blir det fortalt. Eg kjenner ikkje til om dette er blitt etterprøvd på vitskapele grunnlag, men det kunne ha vore ei interessant oppgåve.

Namnet , som er reint lokalt, heng saman med den tåteliknande formen som organismen har, når fangarmane rundt munnopningen er inndregne.

Raudsprengd, adj. raudleg, isprengd med raude prikkar eller flekker, jfr. " Han va' heilt utvarra, o' raudsprengde i auene ette' det fæle døgnet!". Utvarra. overtrøytt av somnløyse.

Raudetosk (raudetorsk) ,m., torsk med raudleg skinn, taretorsk. Sjå torsk.

Raus el raust, adj., gavmild, romhendt , ikkje småleg eller gnien, jfr, " Ho var al. så raus med gåver!".

Raute, v., (lydord); Om storfe: gje frå seg den vanlege varslings- eller lokkelyd. " Kynnje sto' o' rauta på båså". " Kyra sto' o' rauta ette' kalva".

Rau, el. rau (gammalnorsk rauf: " hol"), bakende, rump, ræv, m. fl.

Til denne kroppsdel knytter det seg mange vulgære ord og uttrykk som kanskje kan verke avskyeleg på mange, men det er språklege realitetar, som har rett til å bli nemnde i denne samanheng, Rauakløve eller rauaskøre: kløfta mellom dei to rauaholvane. Rauahol (latin, anus), endetarmsopning. Rauafjelde: varme etter den som sist sat i sessen (ordet stundom brukt spøkefullt om to som skifter plass. Han he' kviksylv i rauenje! (brukt om ein person (helst ein gutunge) som er så uroleg at han ikkje orkar å sitje still.)

Rav, m., gult eller brunt mineral av fossil harpiks frå førhistoriske nåletre, særleg brukt til smykke.

Rav, adv., brukt i talemåtane : rav-galen, ravande galen eller rav ruskande galen (heilt og fullstendig galen.)

Rède, m., stor kjønnslem på handyr, særleg på hest(hesterèden).

Redig, el reidig, adj., fullkomen, ekte, heilt i gjennom, jfr. "Han va' ein redige fark " Dei fekk si ei redige bløyte!" (dei vart heilt gjennomvåte)

Reid, el reir, n., 1) liggjestad (lège) for visse dyr; særleg verpestad og rugestad for fuglar: Ekornreid, fuglereid, musereid, etc Talemåtar: bere til reids :

a) brukt om dyr som samlar tilfang til reiret. b) om unge menneske som samlar saman til bustad (I eldre tider hadde unge par som skulle gifte seg ein " uskriven rett" til å fare rundt i bygdene og "bie til bustad", dvs be om ting som dei ville ha bruk for når dei skulle setje bu, eller som dei også heitte: "setje fot under eige bord". Vi har også to andre talemåtar om reir: Det er ein dårle' fugl so skjemme' sitt eige reid (det er ein dårleg person som talar nedsetjande om opphavet sitt), - og når fuglen får vengje, skjite' anj i reidet. (det siste går på den eller dei som vanvyrde sitt opphav. 2) Heim, tilhaldsstad (td. spionreir)

Reide, v., 1) ordne, stelle i stand. preparere, jfr " Han måtte ha hjelp til å reide senga si". " Han reidde sjøl dei skinna som han brukte til sko".

2) ordne , betale, førebu, utstyre, ffr. " Han måtte reide ut heile kjøpesummen kontant til lensmannen, før han fekk skøyte på garden" (ref. frå ein jordahandel i 1860 åra). " Dei heldt på i fleire dagar å reide seg ut til turen, før dei endeleg kom av stad".

Reideleg, adj., ærleg, rettskaffen , påliteleg.

Reik, f., skil i håret. Beinreik: skilen mødt oppe på hovudet. Skeivreik: skilen på ei av sidene.

Regjere,v., (frå latin, av regere: styre; har samanheng med Rex:konge),1) styre, makta (over eit land),jfr. talemåten; pengane regjerer verda.

2) husere, herse med,bråke, halde leven,jfr." No må de slutte å regjere so,onga! Vi kan kje høyre man'nje mål!"

Regle,f., risper,rim og ordspel,til underhaldning og tidtrøyte; tidlegare ofte brukt av besteforeldre og andre som skulle ha tilsyn med halv-vaksne bor Bestefar (Erik) hadde mykje underhaldningsstoff for oss borne som må kur karakteriserast som regler.Under stikkordet "randås", er det teke med ei slik regle, og her følgjer to andre:

Arbeids-regla.

Ein og to sauma sko.

Tre og fire sauma slire.

Fem og seks las ei leks.

Sju og åtte gat ei gåte.

Ni og ti stod i smi'

ell've og tolv trampa i golv.

Tretten og fjorten leste på lorten.

Femten og seksten sela på hesten.

Sytten og atten letta på hatten.

Nitten og tjue saumte nå Per ei lit skinnhue.

Hatte-regla.

Hadde i hatt den hatten i hadde hatt, då hadde i hatt hatt, aij!

Grammatikken i denne regla er interessant, med dei ulike tidene av verbet å ha, men det skal eg ikkje kome inn på her. Derimot høver det her med ein liten kommentar til uttalen av det personlege pronomenet "eg" (1.person eintal):

Der dette pronomenet er trykklett, som i dei første delane av regla, ligg uttalen syvdemålet nærmare "i" enn "e" eller "eg".Legg vi fonetiske omsyn til grunn, kan v seie at det personlege pronomenet "eg", i syvdemålet har tre uttaleformer:Som "i" der det er trykklett, som "e" ved middels trykk (t.d i setninga: "e o' anj Pe og endeleg blir det uttala som "aij" når det er sterkt trykk på det, slik som i enden (slutten) av "Hatte- regla". Dette er grunnen til at eg i dette skriftet o "Ord og vendingar frå syvdemålet, ofte har brukt "i" i staden for "e) eller "eg".

Regn, n., nedbør i form av vassdrapar: ausregn, duskregn, striregn, plaskregn, vårregn, silregn, hylgjeregn, regnbolk (langvarigt regnvêr), regneling (regnskur), regnboge (sjufarge boge som viser seg når sola skin på regn. Regntunge skyer (vassfllte skyer som varslar regn).

Reie, f., huske, gyngje.

Reie, v., reie seg: svinge seg fram og tilbake i ei reie.

Reike, v., gå seint, gå og drive, spasere omkring for å få tida til å gå medan ein ventar på eit kvart.

Reim, f., strimmel av lær eller skinn (med spenne og hol): beltreim, klokkereim, skreim, dråttareim (på hestesele), m.fl. Talemåte: Det er lett å skjere breide reimar av annen manns rygg (det er lett å forsyne seg når ein anne betalar):

Reine, f., nedre kanten av ein åker som ligg i ei skråning. Tidlegare, då dei hadde dårlege plogar, og pløgde berre "onda bakkja" (nedover), drog dei med myk av åkerjorda ned til reina. Ein del av denne jorda køyrde dei om vårane (når dei gjorde åkeren ferdig til såings) opp att på den øverste delen av åkeren. Dette kalla dei "å køyre reine" - Åkerreine: generelt namn på kanten av ein åker.

Reinfann, m., meterhøg plante av Korgblomstfamilien (Chrysanthemum vulgare). Plante som er hardfør og har sterk lukt, blir ofte dyrka på kyrkjegarden i Syvde

Reinsam, adj., reinsleg som held det reint og i orden omkring seg. Det motsette er skitsam.

Reinmalt, adj. som har klårt og reint mål. "Gamleklokkaren va' so reinmalt, o' snakk o' sång so tydele'" (O-mælsk(e)): brukt om ein person som har tungt og vanskeleg for å snakke.)

Reinhårig, adj., (frå svensk, og tyder eigentleg ein som er fri for lus i håret), p liteleg, rettskaffen. jfr. "Det va' reinhårig gjort ta 'nå Petter, at 'an våge å seie si meining".

Reis, f., 1) utfart, ferd. 2) ein gong, ei vending, jfr. "Han va' so tråsokjjen at 'an kom i gjen tre reiser (tre gonger) for å overtelje 'nå Per te' å vere me' si te' Amerika!".

Reise, utt. røyse, v., 1) reise, setje i opprett stilling, rette opp, setje opp.

Røyse grinda på ei låvebygning (reise stav-verket på..). "Han røyste si ta stola o' gikk att o' fram på golva". Røyse gjest: ein seier at katten "røyse gjest" (reiser gjest) når han set ein av bakføtene til vêrs og slikkar seg i baken. 2) brukt refleksivt: Dei mektige fjella reiste seg mot himmelen (steig, lyfte seg). 3) stille på beina, skaffe til vegar: reise ein hær; reise pengar til den nye fabrikk. 4) lage i stand, setje i gang reise sak mot noken; reise debeat om eit kvart.

Reise,v., 1) bryte opp, fare avstad, dra:han reiste frå kona si(han flytte frå.. snøen reiste på få dagar (smelta,tina vekk); han reiste med sykkelen mi og han kom aldri igjen (han tok med seg..). Talemåtar:"Reis og ryk!"

" Eg bad han reise dit peparen gror!".2) vere på reise, fare:det høyrde med til arbeidet hans at han måtte reise mykje rundt om i verda.Reisefeb spenning, uro og kanskje (sjukeleg)angst føre ei reise.Reisepass: a) p til bruk på ei utanlandsreise b) uvenleg oppseiing, avskil (jfr,"Han hadde gjort så mykje skade for forretninga, at han fekk reisepass og måtte slutte på dagen!".)

Reist,n., (i Syvde reksl), taklagd lita hudplate utanpå skinnen til fisk,td.silde reksl. Reksle : fjerne (skrape av reksl)frå fiskeskinnet. Jfr." Han fekk ei fæle reksling (skrape, overhaling,skjennepreike) då faren fekk høyre at han hadde drukke seg full, og vore ut i lag med fantane og stole!".

Reit,m., liten åkerlapp,jfr. nepereit (eller rabbereit), gulrotreit, potetreit. Ordet skriv seg frå den tida då åkrane berre var små lappar i innmarka, frå den tida heng ordet att i mange stadnamn (Reite.Reiten,Reitane, Reitabakken.m.fl.)

Reise ,el. røyse, kjent frå uttrykket: liggje å røyse , som var brukt om svelteföra kyr (vårskrakar) som var så veike og forkomne at dei måtte ha hjelp til å røyse (reise) seg frå båsen . Uttrykket "liggje å røyse", vart o stundom brukt som "beisk humor" av (eller om) gamle stakarar som måtte ha hjelp til å kome seg opp av senga.

Reiv el. røyv (i Syvde),m.,ein ca. 10 cm brei og 2m lang linde av ull, brukt til å rulle rundt spebarnet for å halde på plass bleiene og det andre tøy som er under.Røyven skulle også tene til å halde beina til barnet på plass, slik at dei heldt seg rette og fine.

Reive,v., vaske og stelle spebarnet og leggje det i reiv. Å kjyrve eit spebarn, var det same som å røyve (el reive)det. Også ordet (verbet) linde var brukt. Reivunge:eit spebarn i reiv.

Reke,f., spade;nå mest brukt om ein trespade (snøreke, fjøsreke).

Reke,v., (reke, rok,rokje) 1) drive på vatnet eller sjøen: flyte av stad med vind og straum,jfr." Båten sleit se´ stormnatta og låg og rok ute på fjå´ra om morgona ". 2) gå og slenge, drive omkring,Jfr.rekekjepp:ein arbeissky person som rek gardimellom og snik seg til eit måtamål av og til.

" Katten deira he´ vore vekk i mange dage, men no haure i at `anj hade rokje si heimatte!" 3) liggje unytta; liggje og slenge.jfr."Primstaven `ass Gamle-Jo låg so lenge og rok at `anj kom vekk!".

4)røyte,misse hår(kanskje mest brukt om dyr).jfr.uttrykket:å reke lar-kane.Sjå larke el larkje.

Ein person som rek(e) atto(r) , er ein som ikkje klarer å halde tritt med dei andre.

*)

Rekje el. reke, n., jysje, rykte, nysn, jfr. " Det gikk eit rekje i fjår (i fjor) om prestenj hade søkt se´ vekk , men det vart visst ikkje noke `ta det! ".

Rekel (utt. rekl el. rekkel i Syvde); (frå lagtysk: "stor gardshund, slamp"), brukt om eit langt og magert menneske eller dyr.

Rekkje, v., 1) strekkje (fram, opp, ut): rekkje fram handa, rette ut tunga, rekkje (strkje) ut eit skinn (med eit rekkjingsjarn, i skofaget), 2) løyse, følgje: rekkje opp eit trådnyste; følgje faret etter eit dyr : dei rekte faret etter bjønne over myrane)

Rembe, v., strekkje seg i halvsøvne, jfr. " Han låg o´ remba se´ o´ hade lita lyst ti å stå opp! ". Også brukt om dyr som strekkjer seg etter ei kvilestund.

Remje, v., skrike eller låte som ein katt. Hertil: (eit) remj.

Riglavoren, adj., ustø; brukt mest om ting som står på bein: stolar, bord e.c.

Rigle, v., stå laust eller vaklande. jfr. " I e´ so vidt rigleføre! " (spøkefullt sagt av sjuke folk som så vidt kan gå og stå).

Ride el. rède, moskestokk; mal som garnmoskane blir knytte på når ein bind garn: garnride.

Rèm, f., spile eller ribbe, t.d ei grinda-rèm . Også brukt om lange og smale innmar teigar som ligg side om side.

Rimne el. rivne, v., få rift, sprekke, breste, gå sund, jfr. " Dei stappa i sekken til han rimna! ", " No må du `kje ete meir, gut, elle´so rimna du! ".

Rimne el. rivne, f., eit rift eller ein liten skade i huda, slik at vevet (kjøtet) under ligg bert; svir og gjer vondt. Slike rimner kan ein få på hendene under spesielt arbeid, og under tærne når ein går berrføtt, Ei slik tå rimne kallar dei gjerne for tåkjeft.

Rene, v., dovne, misse sin opphavelege smak og kraft; brukt om drikke, t.d. øl so står i eit ope kar. jfr. " Det (ferdige måltidet) stod og rena vekk før dei endeleg kom! "- (Rene, etter gammalnorsk rena : minke, visne, tape seg , om mat og drikke).

Rengje el. vrengje, v., snu innsida ut, slik at rangesida vender ut, jfr. " Han rengde ta se´ trøyå o´ gjikk i gong me´ arbeidet! ". "Rette det som rengt er. reise det som velt er" (etter Ivar Aasen i "Harakdshaugen").

Renne, v., (renn, rann. runne, ut. rønnje el. ronnje), 1) Om væske: flyte, strøyme, jfr. " du ikkje at det renne ut ÷ve?! "- (at det går over kantane på eit kar). 2) lèke, vere utett: "Tynná e´ so gisa at `o renne som ein sil! " " Buda takjet rennje, so vi må stad å ta ut dropa! ". 3) smelte om metal: " E må alltid ha på mi´ brillje so i ser når massingen renne, når e ska sekk i hop streng! "- (dvs. løypestreng. Etter Severin T. Nordal, som var ein meister til slikt arbeid.)

*) Også i uttr. "rekje te´: spor etter, jfr" eg såg ikkje rekje til storebukane i fjellet (der eg venta å finne dei)

4) glide, kome på glid, jfr. "Føtene rannj onda mi", eller "e' rann stad" (gleid og datt). 5) ide; skifte i sinnsstemning, jfr.: "Det rann meg i høg at.." "Eg kom på, eg hugsa på at.." "Då rann sinn'et i meg slik at eg visste 'kje kva eg gjorde!" 6) om sola; "Dei stod opp då sola rann, eller ved solrenning (med det same sola vart synleg over fjellranda). 7) Om plantar: spire gro, vekse opp, "Ongskojen (ungskogen) rann fort opp ette' at vi slutta å slå i utmarkjene". jfr. renning: eit ungt sl eller eit ungt tre (hasselrenning el. hatletein; seljerenning, bjørkerenning, etc. 8) fare av garde, springe, flyge. "Ska' vi gå og renne på skeise i dag?" ; "I rende ette' 'nå, men nådde 'kje 'nå i gjen" 9) vinde: leggje opp garn til ein vev på ein rennebom(b), dvs. stativ til å leggje opp renning til ein vev på. Renneføk: rennedriv. Renne-lykkje: rennesnare, Rennemoske: ein moske i eit garn som ikkje er skikleg knytt, slik at trådane i moskane glir. Renneskite: diaré

Rensl, n., tur, snartur, jfr. "Du får gjere di eit rensl o' sjå ette' geitene, Per, for dei kom ikkje heim i aftes!" (dvs. i gårkveld)

Rensle, f., stadig renning, jfr. "Det vart noke te'rensle ta dinnja friara!. I hø at 'anj e' der både natt o' dag!"

(Uttrykket: ta seg eit renn (og sjå ette' geitene), seier det same som å gjere seg eit rensl, jfr. ovanfor.

Reste, v., mangle, vere i vegen med, jfr. "Ka e' det so reste hesten dinj, sida du ikkje kanj brùke 'nå?". "Å, 'anj he skadd den eine foten!"

Rett el ritt, adv., straks, om kort tid, jfr: "Vi må skonde oss å få inn turrhøyet, ritt no kjeme det å regne!":

Rett, adj., 1) rett, bein, oppreist, jfr. "Det va' slike storm, at ein kunnje 'kje stå 'nå rette!" (at ein klarte ikkje å stå opreist). 2) feilfri, korrekt, sann, høveleg: gjere rett og skjel for seg (gjere rett for seg; vere i deleg i sine økonomiske saker); finne det rette ordet; vere på rett veg 3) normal, med ⁱ sne fulle fem, jfr. "Han kan ikkje vere rett (oppe i h vudet) som finn på slikt!"

Retta(r)løyse, f., ein dårleg og upåliteleg person.

Rev, m., (i Syvde utt. røv) 1) rovdyr av hundefamilien (Canidae). Fjellrev, raudrev, sylvrev, kvitrev, m. fl, 2) ein lur person. Talemåtar: mikkel rev: ein litig rev; ein gammal rev. Ha ein rev bak øyra (vere lur og underfundig). 3) ordet "røv" blir brukt om nederste troda i ei kornhes (trodehes). Røve-troda blir bunda så høgt at kornbanda kan stydjast inn til den skiftevis frå sidene, med stylen: ned mot åkeren og visane bøygde de over røvetroda. Dette er for å hindre at kornaksa kjem nad i åkeren.

Røveleike, f., revebjelle (Digitalis purpurea). Viktig medisiplante.

Revekake, f., frø frå revekaketreet (Strychnos nux vomicae). Inneheld det giftige stoffet stryknin, og har vore brukt som røvegift.

Revehi (røvehid), n., revebol, revebøle; hiet til raudreven.

Revestrek (røvestrek): fare med røvestrek: fare med knip og fanteråder.

Revekrok (røvekrok), 1) knep, fanteråd, intrige 2) spenne røvekrok: ein slags selska leik eller styrkeprøve mellom to som ligg på ryggen ved sida av kvar andre med hovudet til kvar sin kant, og med albogen til den eine krøkt inn i albogen til den andre. Deretter løfter dei to tevlarane det beinet som er nærast den andre, tar saman øverst ved okla og prøver å vippe kvarandre over (slik at den eine går rundt med nakken i golvet). Det tr ikkje om å vere den sterkaste som vinn, men den som kan dei rette knepa (jfr. namnet,)

Reveglefs. m., revesaks. Namnet har samanheng med verbet glefse: snappe med munnen, bite kjapt og iltert.

Rigabalsam, m., folkeleg namn på ei sprithaldig stoffblanding, som opphaveleg vart laga i Riga (jfr. namnet), men som lenge har vore laga på norske apote Rigabalsam, og rigabalsam og honning, var tidlegare populære husråder, mot forkjøling og til sårvaske.

Rikke, v., lede, flytte av flekken, jfr. "Lasset var så tungt at hesten rikka det ikk

Rikke, f., flammeved; når den er av bjørk, blir den gjern kalla flammebjørk eller rikkebjørk. Rikkeved gjev ved polering vakre mønster, og blir m.a. brukt knivskaft.

Rikkesky, f., cirrusky, fjørsky. Eit gammalt vêrnerke etter bestefar (Erik) lyder: "Skye, skye rikka (el. krita) og små. He´ kje du hatt synnja før, so f du det då!".

Rikket, adj., tverstripet, jfr.: Ein rikket´e katt (ein katt som har lys grunnfarge med mørkare tverstriper.) Ein rikkete genser: ein tverdtrippa genser,

Rikse, v., gå seint, men ofte fram og tilbake, jfr: "Han for og riksa ut og inn av dý enje heile daganje". "Jau, hanj (gamlingen) riksa´ oppe ei stond kvar de

Rikte, v., knirke, skrape, kvine, som td. hengsla på ei usmurd dør.

Rim, n., lag av små iskrystallar. Det første rimet på markene, etter ei frostnat om hausten, kalla vi hele (eller haile). Det tina fort når sola kom opp, i motsetning til det rimet som la seg om vinteren når dagane var kalde

Rim,n., 1) vers, strofe med endereim,td. barnerim ; regler og rim.2) lydleg samsva mellom to eller fleire ord: bokatavrim, enderim. m.fl.

Som døme på bokatavrim , kan nemnast diktet "Haraldshaugen" av Ivar Aasen " Fram daa Frender i fredlege Kappsteg." I det mektige diktet "Gamle Nori av same forfattar, er det både bokstavrim og enderim:

" Gamle Norig nørst i Grendom
er vaart eige Attarland.
Der er Hav som heilt åt Endom
leikar om den lange Strand .."

Rine,v., (rin, rein , rine) 1) kvine, skrike med høg og skarp lyd,jfr.rine som ein gris 2) stikke og rive i lukt- og smaksorgana.jfr." Dunsten (lukta) av d sterke eddiken va´ so skarpe, at det rein opp i nasenje". " Det va´ so rinande surt at i måtte skonde mi å spytte det ut!".

Ringe (utt,ringje el,raingje),f., lågt og breidt trekar til å setje (søt)mjølkk til surning i. Då stig mjølkefeittet opp, og legg seg som ei tjukk. gulleg flogge (hinne) på overflata,medan mjølka under tjuknar og surnar(og bli til skyr). Det mjølkeproduktet ein såleis får heiter åfalleringje eller rjømeringje (rjøme: rømme). Før mjølkeseparatorane kom i bruk, var det den vanlege måten å skaffe seg rømme på. Åfalleringe,flatbrød og spekeki var (tidlegare)ein viktig del av den populære sæterkosten som laurdagsfriarane og søndagsgjestene vart oppvarta med.

Ringorm,m., soppsjukdom hjå menneske og dyr; arter seg som som runde flekker eller ringar av uslett.Årsaka er oftast soppartene Trichophyton eller Micro. sporum.

Ringormgras ,n., soldogg (Drosera-arter).Blada av soldoggartene,særleg av rundsoldogg(Drosera rotundifolia), liknar litt ringormflekkane på huda, så kanskje er det den såkalla " Signaturlæra" som også her er ute og går(dv at"likt skal kurere likt" (similis similibus curantur).Saft eller sleipe (slim) frå soldoggblada vart smurt på ringormen, og det blir foratlt fr visse hald , at det hjelpte (Jfr .Høeg: Plantar og tradisjon,s.320.)

Ringstraum,m., vasskvervel; ein stad det vatnet går i rundgang,Jfr. kvinglastraum: vassrørsla i ei elv eller ein hyl der to elvar møttest i ein viss vinkel.

Ripel,m., strimmel; eit langt og smalt stykke: ein ty- ripel,ein skoga-ripel (ein smal skogteig ;jfr. rim el markarim: ein smal innmarksteig.

Rippe,v., haste, skunde seg.Jfr."No må du sjå og rippe deg,Hans!".Rippå: diaré,livsykje; ein "tilstand" då ein må rippe seg for å kome tidsnok (på do).

Ris,n., eit lite høgdedrag eller platå, Går inn ifleire stadnamn (Riset,Risemyrane Risesteinen: ein stor og lett synleg stein"som ligge opp på Risa".

Rise,v., (ris, eis, rise) 1) reise seg ,stå opp,kome på føtene ,2) kome seg, reis. seg etter eit tap eller ein skade,jfr." Det va´ kje større skaden enn at ´anj rise no snart ette´ det!". 3) nå høgt opp eller langt fram:" Det nye huse´rise svært att med (ved sida av) det lisse gamle!".

Rise,v., gje ris,jul^øving.

Ris,n., "buske"(bjørkekvist) eller "Meister Eirik", brukt til å rise uskikkelege ungar med.Solveris : bjørkekvister(endeskot avbjørk) brukt til å lage soplimar av.

Ris,n., straffemetode("avstraffing")med bruk av (bjørke) ris.

Rispe,v., stryke av med hendene eller fingrane:rispe bær av klasar eller greiner; rispe korn av eit aks.

Rispe,f., skrøne eller god historie.jr." Han sat og fortalde risper heile kvelden!

Risle,v., sikle, sildre, renne smått med ein sped lyd. Risling: lyden av ein ris lande bekk eller ei elvasikle.

Rist,f., øvre delen av fotbladet,mellom tærne og fotleden,okle. Risthøg: høg over rista, Overført: hoven, kjepphøg, " stor på det", jfr. " Du må kje ver for risthøge når du kjeme ut mylljå folk, farr,for då verte du snart jamna!".

Riste,v., sprette opp, opne med kniv,jfr." Når vi slakta,riste vi alltid opp buke (på dyr´å) fyst, o´tok ut innmaten.Sida so opna vi brøstkasså"

Rite ,v., risse, teine, etterlikne,jfr." Han sat og øvde seg i å rite tal og bokst " Han va´so oppatterita ette´fara , at det va´so´du skulle ha sett same mann´enj !" (han var så hoggande lik faren, at...)

Riste,v., 1) føre eller rykkje fort at og fram,opp og ned; skake:riste ei flaske, riste på hovudet; riste eit teppe, 2) bivre og skjelve av kulde eller indre uro; gyse ,grøsse,jfr." E ris-i-hold når i tenkje på ka i skal i-gjø-nå !". (eg får kuldegysningar når eg tenkjer på kva som ventar meg.) Uttrykket "ris-i-hold har eg etter bestefar(Erik).ogdet står for skjelvingar og kuldegysningar som ein kan merke når ein kjem ut for,elle tenkjer på noke uhyggjeleg og skræmmande, eller når ein får feber.

Riste av: riste vekk: riste (eit eller anna) av hendene: slette av hendene ; hunden riste av seg veta då han kom opp av vatnet.

Riv el. rèv,m., valse, bom i vevstol.Sjå vevstol, vevstad.

Riv,n., ribbein ,sidebein. Dampa sideriv av sau (= dampa saueribbe eller "pinnekjø er ein populær matrett, særleg ved juletider.

Riv,n., 1) smerter som liknar på rivningar i kroppen: mageriv(mageverk som brått kjem på). Riv og rensl, el. riv og rensl: flog:verk som flytter seg frå s til stad i kroppen ("giktsmerter") 2) det å rive lista under høgdehopp: D vart riv!.

Riv, n., ei smal grynne som går ut frå land (framhald av eit nes under vatn).

Uttrykk: ta riv i segla: ta inn segl, minke seglføringa. Overført: setje ned farten, eller slutte med eit eller anna som kan skade, eller få skadlege konsekvensar.

Rive, f., reidskap med tindar til å rake med: høyrive, hagerive, rakemaskin (rakerive sleperive, m-fl. Ord, etc. i samband med den vanlege høyriva: 1. rive-haud (hovudet eller " kam(b)en" på riva 2) rivetinde 3) tindetre(d), uttast gjerne taindetraid: emne til rivetindane; som oftast runde, finger tjukke kjeppar eller spiler tilsmidde av (hard) hasselled 4) rivenavar (navar av slikt kaliber at han høver til å bore hol for rivetindane 5) riveskaft.

Rive, v., 1) rive ned, øydeleggje: Rive ned eit gjerde, ein mur; rive ned det andre har bygt opp; rive laust; rive sund; rive hol på. 2) skrape, raspe, gni sunknuse til smular: rive ost, rive gulrøter, rive av (eller riple) ei fyrstikke. 3) herje, svi, irritere: den skarpe lukta reiv i nasa; brennevinet reiv i halsen; gikta reiv i kroppen. Talemåtar: "Han kom og reiv oss opp lenge fyre dag" (han kom og vekte oss (reiv oss opp av senga..) "Han re opp i gamle sår!" (han minnte om leide ting frå fortida). Rive kjeften på ein person (slå av ein kort prat), jfr. "I fekk so vidt rive kjeften på nå Pål før anj før!" "E vart so opprivenj (av alt det heide i haure, at i fekk ikkje sove). Oppriven: oppspilt, uroleg.

Rive, f., ein spalt eller eit lite op ,td. i ein vegg (ei veggjarive).

Rivje, v., lage eit skar eller eit rift, td. i øyrespissen på ein sau, for å ha det som eigarmerke. (Sjå øyremerkjinnng., jfr. " Sauden va rivja ni (ned i) høgge øyre nje" (sauene hadde eit rivj i høgge øyra, og tilhørde difor gardbrukar A.

Rivoling el revoling, f., stramming av eit laust band ved å ta ut ei bukt, stikke inn ein kjepp og dra rundt. Ta revoling: strekkje eit band med revoling. (Ettefar, Jakob E. Nordal).

Rivsjuke, adj, som har lyst til å rivast, dvs. prøve krefter, td. med ein kamerat.

Ridhette el. rivhette: brukt i talemåten: gje ein person ei ridhette (gje han ei skrape . Eigentleg tyder det vel: å rive eller slite ein i håret.)

Rjome (utt. rjøm i Syvde), m., fløyte, mjølkefeitt; mest brukt om den surna varen, og om feittlaget over søtmjølke som har stått til surning (jfr. åfalleringe). Rjømebite: flatbrød oversmurd med rjøm. Rjømegraut: graut, kokt med rjøm som makk. Rjømegrautsfeitt: gult, flytande mjølkefeitt, som kjem fram under kokinga av rjømegrauten. Gulfargen skriv seg frå karotenfargestoff frå fôr. Rjømestrokke: Trekar med lok, brukt til oppsamling og forvaring av rjøm. Rjømekolle: det same som åfalleringe, Sjå ringe.

Riv, n., ei smal grynne som går ut frå land (framhald av eit nes under vatn).

Uttrykk: ta riv i segla: ta inn segl, minke seglføringa. Overført: setje ned farten, eller slutte med eit eller anna som kan skade , eller få skad lege konsekvensar.

Rive, f., reidskap med tindar til å rake med: høyrive, hagerive, rakeskin (rakerive sleperive, m-.fl. Ord, etc. i samband med den vanlege høyriva: 1. rive-haud (hovudet eller " kam(b)en" på riva 2) rivetinde 3) tindetre(d), uttast gjerne taindetraid: emne til rivetindane; som oftast runde, finger tjukke kjeppar eller spiler tilsmidde av (hard) hasselled 4) rivena-var (navar av slikt kaliber at han høver til å bore hol for rivetindane 5) riveskaft.

Rive, v., 1) rive ned, øydeleggje: Rive ned eit gjerde, ein mur; rive ned det andre har bygt opp; rive laust; rive sund; rive hol på. 2) skrape, raspe, gni sun knuse til smular: rive ost, rive gulrøter, rive av (eller riple) ei fyrstikke. 3) herje, svi , irritere: den skarpe lukta reiv i nasa; brennevinet reiv i halsen; gikta reiv i kroppen. Talemåtar: "Han kom og reiv oss opp lenge fyre dag" (han kom og vekte oss (reiv oss opp av senga..) "Han re opp i gamle sår!" (han minnte om leide ting frå fortida). Rive kjeften p ein person (slå av ein kort prat), jfr. "I fekk so vidt rive kjeften på `nå Pål før`anj fór!". "E vart so opprivenj (av alt det heide i haure, at i fekk ikkje sove). Oppriven: oppspilt, uroleg.

Rive, f., ein spalt eller eit lite op , td. i ein vegg (ei veggjarive).

Rivje, v., lage eit skar eller eit rift, td. i øyrespissen på ein sau, for å ha det som eigarmerke. (Sjå øyremerkjimngl., jfr. " Sauden va`rivja ni (ned i) høgge øyre`nje" (sauen hadde eit rivj i høgge øyra, og tilhørde difor gardbrukar A.

Rivoling el revoling, f., stramming av eit laust band ved å ta ut ei bukt, stikke inn ein kjepp og dra rundt. Ta revoling: strekkje eit band med revoling. (Ette far, Jakob E. Nordal).

Rivsjuke, adj, som har lyst til å rivast, dvs. prøve krefter, td. med ein kamerat.

Ridhette el. rivhette: brukt i talemåten: gje ein person ei ridhette (gje han ei skrape . Eigentleg tyder det vel: å rive eller slite ein i håret.)

Rjome (utt. rjøm i Syvde), m., fløyte, mjølkefeitt; mest brukt om den surna varen, og om feittlaget over søtmjølke som har stått til surning (jfr. åfalleringe). Rjømebite: flatbrød oversmurd med rjøm. Rjømegraut: graut , kokt med rjøm som makk. Rjømegrautsfeitt: gult, flytande mjølkefeitt, som kjem fram under kokinga av rjømegrauten. Gulfargen skriv seg frå karotenfargestoff frå fôr. Rjømestrokke: Trekar med lok, brukt til oppsamling og forvaring av rjøm. Rjømekolle: det same som åfalleringe , Sjå ringe.

Rjupe (nå helst uttala: rupe), f. Vi skil mellom to slag: skogarupe (lirype) og fjellskarv (fjellrype). Begge slaga er kvite om vinteren , men om somma en, er skogarupa brunflukret , medan fjellskarven er gråflukret. Dei to slaga har også ulik låt. Under snøridar om vinteren, når skogarupe søkjer ned til bøgardane, kan ein høyre den kjende rupeskratten frå skogarupe: hrrrr- ko -bækk, ko-bækk. Fjellskarven , derimot, er meir stillfarande, og seier mest berre: nju-nju nju. Rupestegg: hanrype. Rupehøne: horupe. Rupereid: rypereir. Skyte rupe: gå på rypejakt. Rupesekk: gammaldags ryggsekk med snøring i halsen. Rupeonge, rupekuld, rupefjøy, rupejeger rupebrøst, rupesaus.

Rupebær: Arctostaphylos alpina. Planten, som er ca. 5cm høg, har tynne, sagtakka blad med tydelege nervar. Blada blir sterkt raude om hausten og sit lenge på etter at dei er visne. Kvit krone og saftige frukter, først grøne, så rau og til slutt glinsande svarte. Finst på rabbar og tørr hei, mest i fjellet, men også i låglandet.

Ro, f., smal, og oftast litt bøygd stripe eller kant som lagar seg ytterst på eggja a eit bitjarn, når dette blir litt meir enn framkvatt på ein slipestein. Roa som sløver eggja, kan lett slipast vekk med eit bryne. Å kvetje fram eit bitjarn: kvetje (slipe) det så pass at eggja, som er sløv og skaret etter br får ein rein, skarp kant. Kvèt ein meir, får ein "ro" (= slipegrad(?)).

Kvetje (kvatte, kvatt): slipe på ein roterande (rundtgående) slipestein.

Ro, f., kvile , fred, stille: setje seg i ro; slå seg til ro for natta; eller: "Sjukdomen var slik at han fekk verken rast eller ro (verken ro eller kvile).

Ro, f., (fl. rø(r), rørne el. rø'nje), 1) lita plate på spissen av ein klinkenagle, 2) ring som går kring noke; ring, holk.

Ro, v., 1) drive fram ein båt med årar. Ro fiskje: drive (vinter) fiskje med robåt. dag er dette sjeldan her til lands. 2) overført: fire på ytterleggående standpunkt for å kome vel frå det. jfr. " Det er tydeleg at han nå er ute c ror! ".

Rød, ., fiskeskin, jfr. " Ti(d)legare kokte vi alltid fiskjen me' rø'da, o' vi åt c når det ikkje va' fisk so' hade reksl! " Talemåtar: " Anj e' berre rødet o' ryggjenj! " (brukt om fisk som er svært mager) - " Ho he' vorte so tynn' j at ` o e' berre rødet! " (ho er blitt så mager , at ho er berre skinn).

Eit gammalt rød : eit gammalt "skinn" (brukt om ei gammal , utlevd kvinne.

Røde, m., raudfarge, brukt td. om kvelsdrøde og morgorøde i skyene.

Røke, f., rad, rekkje; ordet kjent frå uttrykket "etter røke", etter rad, "i tur c orden". jfr. "No ska' du ta fyre di det so' ska' gjerast ette' roke, so ingje ting verte gløymt elle' oversett! "-

Rokk, m., reidskap til å spinne på, Rokkehjul: hjul på rokk. Rokkesnor: snor som går om hjulet og trinsene på ein rokk. Rokketrøde: trødebrett (pedal) på ein rokk. Rokkedreiar: rokkemakar. Sjå også "Jofolket", s.150, og Fig.




Fig.

Rokk av Hardangertypen, laga av Anders A. Nordal (1841-1933)

Rome, m., eller valsaks. giftig myr- og lyngheiplanta av Liljefamilien (Narthecium ossifragum). Er skadeleg for dyr (særleg sau) som beiter der den veks. Skal vere årsak til (saue)sjukdomen alv-eld.

Romfrek el romfrekjen, adj., stor, voluminøs; som treng eller krev mykje plass.

Brukt både om ting og personar.

Romhelg, f., (etter det gammalnorske adjektivet rúmheilagr dvs. "som ikkje er heil etter lova"); nå mest brukt om dagane mellom andre juledag og nyårsdag.

Romtennt, adj., som har store mellomrom mellom tennene.

Rong, f., spant, tvertre, oftast i framskuten eller bakskuten på ein båt, jfr. "So drog eg til han med fiskestongi, so han datt uvita bak i rongi" (strofe frå (folke) visa: "Eg rodde meg ut på seiegrunnen")

Rone, m., (utt. råne), galt, han-gris.

Rope, v., rope, tale svært høgt, skrike. Talemåte: som ein ropar i skogen (til fjellet), så får ein svar (ein får løn som fortent).

Rorbud, f., husvære (bustadplass) for sjøfolk i eit fiskevær.

Rós, f., el. rosen, hudsjukdom valda av Streptococcus pyogenes. Sjå raud.

Røse, f., vindrøse, hardt stormkast, stormflage, stormbye, jfr. "Det kom ei fæle vind
røse og flengde ta halve lødetaket!".

Rongsvævd, adj., som søv eller vil sove på urett tid, jfr. "All dinn je reisin gja he
gjort nå heilt rongsvævde!" Rongsvævd: rangsvævd. .

Rosagolv, n., fengsel: kome på rosagolvet: kome i fengsel

Rôte, m., 1) det å rotne; tilstand i noke som rotnar, jfr. "Den nye mathemingen (mat-
skikkane) førde til mykje tannrôte på bygdene" " Dei fekk turrôte (resp.
blautrôte) på potetene".

Røten, adj., 1) om organiske emne som er i ferd med å gå i oppløysing: roten fisk.
rotne egg etc. 2) moralsk forderva, korrup, jfr "Det finst mange rotne
(korrupte) personar og mykje rotenskap mellom dei som styrer verda i dag!

Ru, adj., grov, ujamn. Mange plantar, t.d. alm, har ru(e) blad og mange dyr har ru tu
ge. Huda kan vere tu på hendene.

Ru, f., vårull. Rue, v., klippe av ru'a.

Rue, f., klatt eller liten haug av dyreekskrement; kurue, hesterue (Andre stader
kalla: ruke (ei kuruke).

Rott, m., "kyssetrut", jfr, "gjere rott": spisse saman munnen og skyve lippene fram.

Rot, n., romet under taket på eit hus. Rotet på stabburet var vanleg tørke- og " mod-
ningsplas" for (turre)sild, morpylse, spekekjø, etc, jfr. talemåten: " Det
e' beire å hengje i rotet om hausten enn å leggje i røysa om våren!".

Hengje i rotet: hengje opp kjøt som skal bli til spekekjø. Leggje i røysa
Svelteforing var ikkje uvanleg i eldre tid. For der det var gode sommar-
beite, var det freistande å "setje på" fleire dyr enn dei sikkert hadde f
til, og vone på ein tidleg vår. Kom ikkje våren tidleg, men derimot svæ
sein, prøvde dei "å tigde" buskapen i gjennom ved å setje ned rasjonane,
ved å ty til tilleggsfôr (som bork, lyng, einer, etc). Dyra veikna då vekk o
vart "vårskrakar", og stundom daua dei rettog slett av svolt og vart ned-
gravne i ei steinrøys. Det er slike tilhøve det er sikta til i den siterte
talemåten. Ei slik "gravrøys" for vårskrakar, vart gjerne spotteleg kalla
ei krakerøys.

Talemåtene: "Å vere komen fram på grønegraset" eller "Å vere framfødd", dvs.
ha fått ei fast stilling i samfunnet, eller ha skapt seg ein sikker levev
har også samanheng med det som her er nemnt.

Romse, v., romse på seg: røre seg i svevne før (opp)vakning), jfr. " De må vere still
for liss je-banj et (i voggenje) romsa på si, o' det trengje å få sove
lenger!"-

Rùne, f., ein stor flokk som er i rørsle, t.d. ei rùne ned saude (sauer).

Rùtel, m., ein tjukk person: mest brukt om ein tjukk halvvakxen gut: ein tjukke rùt

Rydje.v., rake vekk kvist og anna rusk frå slåttemarka tidleg om våren, for at der skal bli godt å slå når den tid kjem,

Rovletøya el rovne-tøya,adj.Adjektivet blir brukt om eit fjell- eller (ut) mark-område der snøen er så vidt vekksmelta at ein ser ned på marke her og c Dette synes å vere eit gammalt og lite brukt ord,for den einaste stader eg har høyrte det brukt, er i Nordal i Syvde, Der lyder det tydeleg rovle-tøya , men denne førestavinga høver dårleg inn i denne ordsamanheng. Det gjer derimot førestavinga rovne , som på gammalnorsk heiter rofne ,og tyder smelting eller oppløysing, slik at det mediet det er tale om, blir skøyrt, svampaktig og holet. Sjå. revla (nedanfor)
:.....

Hit 7.august 1997.A.N.

Romp, el.rump,m., Rau, bakede ; mest brukt om barn,jfr." Han måtte få ris på rompen fordi han var ulydig!".

Rompe, el rumpe,f., "vedheng" på bakkroppen av visse dyr: kattarompe,honderompe, l rompe, m.fl. Jfr. hale,spel,stjert,el stert,vøyle,spor(d).

Rompestjert el.halstjert (halestjert),m., den reima på hesteselen som går langs ryggen på hesten , og ender i ei lykkje som går rundt rota av hestehale

Rùne,f., ein stor flokk dyr (helst sauer og geiter) på fart i utmark eller langs rås eller ein veg (ei sauderùne), jfr, verbet rynje.

Rompetroll,n., larver av froskar og somme padder,med symjehale ogtokner som blir borte når dei går over til å leve på land.

Rust, el ryst,f., 1) oksydasjonslag på metall; mest brukt om jarn (jar-ryst), svar til eir på kopar. Talemåte;gammal kjerleik rystar ikkje!

2) ei gruppe av småskog, td. or el.åre (ei åreryst).

Ryde ,n., ei tett samling av låge busker: eit eineryde, eit klongreryde

Runn,m., klynge av busker og kratt (ein hasselrunn,ein rognerunn).

Rynje,v., drysje, strøyme som når ein masse av partiklar som korn,gryn,sand o.l. sig eller renn ut eller framover.jfr. " Konnj et rynde ut gjønå eit hol i sekkja!". " Grushøla rynde fullj'e ta sand og småstein!".

Rumple.v., uroe, rive i,skiple. Talemåte: " Det gror seint det såret som ofte ver rumpla!".(det er vanskeleg å skape forsoning der ein aldri sluttar mec rippe opp i gamle sår (i gamle konflikter).

Rusmiddel,m., samnamn på alkohol og narkotika; gusgift.

Ruse,v., valde rus, gjere drukken av rusande stoff og alkohol.

Rus,m.,ørsketilstand valda av rusgift,fyll og rangel

Revla. I dag 8.aug.1997), fann eg dette i Aasens Ordbok,s.600:

"Revla (?),v.n. (ar), begynde at tõe, saa at enkelte Pletter og Striber blive sne frie.Sdm. iFormen røvla(o´). Hertil Revling(Røvling),f. Sneens forsvinding paa enkelte Pletter, (Isl.refil-tá.).

Litt meir om adjektivet rovletøya : Dei gammalnorske og islandske orda rofne og refil, som begge har med (snø)smelting å gjere, minner om det norske substantivet rimne eller rivne, og det tilsvarende verbet rimne ell. rivi. Sprekker eller rivner i snølaget, er eit velkjendt begrep, jfr.

"Der ligger et land mot den evige sne.

i revnene kun er det vårliv at se" (Bjørnsen (?)

I si bok " Gamle ord og uttrykk", som eg nettopp har fått i hende, skri Ragnar Ørstavik dette: "røvletøya.adj.opptint snø så stein og tuer er ko til synes . Det var røvletøya midbergs" O.R. d.e."

Etter dette er adjektivet rovletøya (slik vi uttalar det i Nordal i Syvde) , eit meir forståeleg og vanleg ord enn eg frå først av trudde.

Rùne,v., buldre , brake som når noke raser ned.jfr." Det va ei fæle rùning då snåien (snøen) skaut ta helletakja, men endå verre va det den dagjen då steinfonnja gjikk opp i skara!"

Rùne,f., eit avlagt klæsplagg som berre kan brukast til det verste grovarbeid. Jfr " Du må ta på di ei gammale rùne når du ska ut o'gjære me'piggtråd!".

Ræde,f., ei fille av eit klæsplagg som i beste fall kan brukast som fugleskremsel.

Ryte,v., (ryt ,raut, røte), snorke:" Han raut so høgt at dei andre på roma fekk ikkje sove".

Ræbeist,n., (Gammalnorsk hræ,`daudskrott`,åtsel).rovdyr, udyr,grådig dyr,jfr, ræfugl: rovfugl,åtsel.

Ræbikkje,f., ein grådig,forsvolten hund. jfr. ræbikkjemål: brukt meir eller mindre spøkefullt om eit overdådig måltid av ein som var svært svolten,jfr, "Ja ditte vart eit reine ræbikkjemålet!".

Ræhals,m., ordet har eg etter ein gardbrukar og bygdesmed, som var kjend for sine kraftuttrykk og sin bannskap, og situasjonen var denne.Mannen stod ved smiestedet (ambolten) og hamra på ein glødane jarnstump, då taket av smie tanga glapp så den glødane jarnbiten spratt bort etter smiegolvvet.Då lyd det høgt og iltert frå smeden:" Nei, pine dedlsåg du kvar dinnja ræhalse for!". Situasjonen, og mannen som sa det,tyder på at ordet ræhals ikkje høyrer med til dei mest respekterte glosene i språket.I følgje Aasen, er ræ og re eller rede gamle ord for penis eller kjønnslem, og det ligg å tru at det var denne kroppsdlen smeden sikta til.

Ræde,f., Ei kvinne som er "lett på det"og går frå den eine til den andre.

Rækje, v. harke opp slim or halsen. Ordet har samanheng med

Råke el. råkje, m., munnvæske (Saliva), munnvæske som særleg lagar seg når ein tyg maten, og som er med og startar matmeltinga, jfr, "E e' so såre i halsa, i kan mest ikkje svelje råkjen!". Vi skil mellom råkje, sikl el. slève spytt. Råkje er munnvæske som held seg inne i munnen eller går nedover mot magen. Sikl og sleve er munnvæske som, meir eller mindre uviljes, sig ut av munnen, og spytt er den munnvæska som vi pressar ut med ein luftstøyt.

Ræme, f., det å vere râm eller hæs anten av sjukdom i halsen eller av målskifte. Jfr. "No meina e at 'anj Hans he' fått skjeggråmå!" (sagt litt spøke fullt om ein som er i målskiftet). Adjektiva hæs og râm tyder omlag d same, nemleg å vere uklår i målet, eller vere me'ir eller mindre "måll.

Ræse, v. brukt om ei elv som bryt seg fram med stor ofse, anten som følgje av uvanleg sterk nedbør (regn) eller som følgje av rask snøsmelting, Under slike tilhøve, bryt elvane seg ofte ut av sett vanlege får og legg et seg stein ,røter, grus og anna urýde på markene omkring.

Ræse, v., gå, flakke, streife omkring (om dyr). Når husgyra står inne om natta, har lang veg til beitet, og streifar mykje om kring om dagane, seier ein gjerne at dyra ræser holdet av seg. Med dette meiner ein at dyra bruka så mykje energi til å farte om kring at det t.d. går ut over mjølke- mengden hjå mjølkekyrne, eller at dyra blir magre av det.

Ræhækjen. adj., grisk og grådig: mest brukt om ein person som aldri får nok av jor disk gods. Også brukt i formen gråhækjen.

Ræsvolten, adj., grådig, forsluken (brukt mest om dyr), jfr: " Hondenj va' so ræsvolte at han kunne ete mest kva det skulle vere!"

Røkjen, adj., flittig, påliteleg. I Syvde berre brukt i formen trurøkjen , og då og då om ein person som er flittig og påliteleg i sitt arbeid.

-røn , adj., ei endestaving (Suffiks) brukt om vind: som kjem frå den kanten som førstestavinga nemner, td. austrøn, landrøn, nordrøn, etc. Det tilsvarande substantivet er Røne, f., også her knytt til ei første staving som på tilsvarande måte viser kvar vinden kjem frå. I Syvde brukar dei mest ordet i samansetninga utrøne (vind frå vest; solgangsbr. Dette er vind som, særleg på varme dagar, strøymer inn fjorden frå havkanten.

Røte, el røte seg, v., skyte røter, jfr. " alle stiklingane som vi sette røtte seg og tok til å vekse".

Røyr, f., ferskvassfisk som liknar aure, og har raud buk (Salmo alpinus). Var tidlegare meir vanleg i fjellvotna våre enn i dag (då den må konkurrere med den utsette auren.)

Røyk, m., synleg forbrenningsprodukt, samansett av gassar, damp og faste partiklar.

Det steig røyk opp frå skorsteinspipene. Røykbrisingar: For å hindre at potetlauvet skulle fryse når det såg ut til frostnetter tidleg på hausten, laga dei røykbrisingar rundt om i Nordalen. Røyken la seg då over dalbotne og livde mot frosten. Røykleggje: a) bokstaveleg: løyne med eit dekke av røyk. b) overført: røykleggje planane sine (hindre at..) Talemåte: det er ingen røyk utan eld (det må vere eit eller anna som li under).

Røyke, v., påverke ei matvare med røyk for å få fram røyksmak og for å konservere (jfr. røyking av sild, laks, kjøtvarer etc.)

Røykjelse, m., blanding av plantedelar og plantestoff som gjev frå seg god lukt når den blir brend eller varma opp. Viktige ingrediensar i den bibelske røykje sen , var myrra og virak. (Sjå desse stikkorda.)

Røyne, v., oppleve, prøve; få vite gjennom eiga oppleving; merke; måtte tole eller gje nomgå, jfr. "Når ein røyner det , so veit ein det. No fekk han sjøl røyne det han ikkje trudde skulle hende!"

Røyne på : gjelde; stå om; når det trengst som mest, jfr. " Han svikta då de røynde på!" Tunge tak røyne(r) bak! (humoristisk talemåte, brukt som kommentar til ein "baksmell" der det høver.

Røyre, f., lyske; gropa mellom låret og underlivet (jfr. lyskebrokk)

Røys, f., ihopkasta eller nedrasa dunge av stein. Leggje i røys: rive ned øydeleggj jfr. " Under krigen la dei heile byar i røys". Talemåte: kaste på røysa (ka bort som ubrukeleg.) Leggje i røys: dyngje ned med stein. td. eit åtsel ell eit sjøldauda dyr. I elre tid ein måte til å gravleggje storfolk på. (jfr gravrøyser). Røysekatt, m., lite rovdyr i mårfailien (Mustela erminea)

Røyre, v., binde omkring, surre, jfr, " Du må røyre ein tråd rundt faingrebandet ditt. so det ikkje dette ta!"

Røysn, f., framhjelp, noke som ein har nytte og glede av. Oftast brukt for å uttrykkje eit negativt tilhøve, jfr. "Det vart ikkje 'nå te' slik ei røysn for det fytle sjøldå noke godt me' det som ein tileigna(r) se' me' urette!

Røyte, v., 1) få til å rotne eller løyse seg opp. Røyte skinn: bløyte slik at håra losr. Til røyting av huder og skinn, brukte dei ein spesiell hyl i Nordalselva, som heitte skinnhølen. Den var høveleg til sitt bruk, for her møttest to elvar i ein viss vinkel, slik at det laga seg ein "kvinglastraum" som hel skinna i høveleg rørsle under røytinga (slik at dei ikkje la seg ned på elvabotnen). Under røytinga , var skinna festetil ei stang, som i andre er var fest til ein toll (påle) på land,, jfr. uttrykket: "Leggje (skinn) til røytings."

Røytingsvêr el. røytingevêr: varmt vêr med mykje regn om sommaren og haust som gjer at det er vanskeleg å få høyet og kornet tørt. I slike røytevêrsbolkar blir høyet av dårleg kvalitet (raudehøy), og kornet har lett for å gro i hesjane, slik at det blir skadd på den måten. 2) skifte hårklådnad, felle hår. "jfr." Hunden røyter, så det er hundehår over alt!".

Gomrøyte; munnskåld; sår i munnen som har sitt opphav i visse Herpes-vira
Røytesole: mellomsole i ein sko(botn).

Røyve, v., 1) røre, flytte, lede på, jfr. "Etter ryggskaden kunne han ikkje røyve føtene, men han kunne røyve både hendene, fingrane og overkroppen".

2) kome bort i, røre, jfr. "Vi fekk lov til å sjå opp i fuglereida, men vi fekk ikkje lov til å røyve dei!". "Bjellekyra må visst vere sjuke, for ho he'kje røyvt maten sin i dag!".

Rå, f., på seglskip: rund bom som sit på tvers av mast og gjev feste for råsegl.

Rå, adj., 1) rå, el. rått, som ikkje er (nok) kokt eller steikt: rått kjøtt; brødet var rått inni. Som adverb: sluke noke rått: godta noke kritikklaut.

2) uforedla, uferdig: råemne til mat, klær, etc.: Råsukker (uraffinert sukker rå huder og skinn etc. 3) grov, brutal, uhøvla, ukultivert: Køyre rått; ein rå pris; ein rå vits: rå og hjartelaus, etc.

Råbandsknut, m., den mest vanlege knuten når ein skal knyte saman trådar eller bår. Råbandsknuten er ein såkalla båtmannsknop, ein dobbelknut med smetting over og under slik at ein får to lykkjer som ein kan dra saman med to dobbeltrådar som ligg heilt inn til kvarandre utan tråd i mellom. Ein nær "sløking" av råbandsknuten er "kjæringeknuten". Den skil seg frå råbandsknuten i andre gangar smetting (av dobbelknuten) slik at dei dobbeltrådane som ein brukar til å drage ihop med, har trådar frå dragelykkja mellom seg.

Råbarka, adj., om lær: ikkje gjennombarka. Skinn eller lær som skulle brukast til trøskar eller overlær i trelappar, måtte ikkje vere heilt gjennombarka, for då vart det ikkje tett (meinte dei). Under barkinga (garvinga) passa dei på at det vart att ei lita rårånd (hinne av ugarva hud) i midten av huda eller skinnet. Dette kontrollerte dei ved å skjere små stykke av det materialet som skulle garvast, og studere tversnittet. Dette gjorde dei tid til anna ettersom garveprosessen skreid fram. Eit anna namn for rårånd, var råtått.

Råd, f., 1) forråd, forsyning; økonomisk evne, utkome: ha god råd (ha rikeleg med pengar. ha råd til (ha evne til å greie økonomisk).

Talemåte: Han (ho) spør ikkje råda til råds, dvs. han (ho) spør ikkje (seg sjølv) om dei har råd (økonomisk evne) til dette før dei handlar el. kjøper. Ein høyrer ofte denne talemåten brukt i formen: han(ho) spør ikkje raua til råds. I denne formen gjev talemåten knapt nokon meining. Derimot har den opphavslege (rette) formen, tilknytning til to andre talemåtar

nemleg:den som kjøper alt han ser, han får gråte når andre ler. og når tyl kjem til torgs,får kremmaren pengar.2) utveg ,hjelp:det vert al tids ei råd; det var ikkje anna råd;han visste seg ikkje si arme råd; boteråd,hjelperåd, kjerringråd, husråd; meinråder,etc. 3) Lækjeråd:eit godt råd mot hoste, mot fotsopp,etc.; han hadde prøvd mange råder, men ingen ting hjelpte.

Råde,v., 1) gje råd,jfr." Han rådde meg til å kjøpe garden"

2)rå vid seg , sanse seg, kome til seg sjøl etter å ha vore sanselaus ei tid (som følgje av narkose,slag i hovudet, e.l.).

3) skaffe til vegar,utstyre:jfr:"Han dreiv og rådde seg til med det som trengdest til vinterfisket.

Rådlaus,adj.,som ikkje veit råd, som ikkje veit kva han skal gjere i ein viss situasjon; brukt i formen rådalaus .Jfr!"Han stod der heilt rådalause og såg på at stormen tok lødetaket."

Rådrikjen,adj., sjølrådig, ein usympatisk person som gjerne tar seg til rette.

Rådsmor,el. råsstor,f., ei bydande og herskesjuk kvinne,jfr. " Det vart noke te råsstor ta `nje Sara ette`at `o vart gifte o` fekk makt o`mynde!"

Rådig,adj., som er flink til å gje gode råd, og til å finne løysingar i vanskelege situasjonar.

Rålendt,adj., brukt om vassjuk jord som treng drenering.

Råme,m.,mengd vate som skal til for å gjere ein ting rå;fukt, ræe,råske.jfr, om vårane etter snøsmeltinga, er det mykje råme i jorda. og på varme dagar etter regn, er det mykje råme i lufta.

Råmjelk,f., proteinrik mjølk av eit spendyr like etter fødel.Råmjelkepudding: pudding av råmjølk frå ku; også kalla spannost, kjelost og kalvedans. Eit anna namn på rømjølk er kóde. Dertil kódrjème og kódesmør.

Råne,m., ukastrert hanngris, galt;(avls galt eller avlsråne.)

Rås,f., gangstig, krøterstig; kurås, geitarås (i fjellet eller utmarka).Ei rås fleire ræse (el. ræser).

Rås,f., el.n.,grokraft;brukt om ein plante eller eit dyr som trivst godt og veks fort.,jfr." Det er god rås i den bjørka" (ei råsabjørk): Råsaskøg: un med god rås i.

Råslag,n., rå stykke av kjøt eller fisk.Kjøt av nyslakta dyr. I Syvde også brukt o slakteavfall (blod,lever, hjarte og annen innmat) nytta til morpølse og til matretter som blodpølse, blodsvèler,raspaball.etc. I slaktetida om hausten,særleg der dei hadde mykje slakt,var det ei heil vinne å seg av slakteavfallet på beste måte, slik at det kunne bli ein viktig d av matforrådet i tida som følgde.

S

Sabadille ,m., lusepulver; pulveriserte frø frå ein løkplante (Schoenocaulon officinalis) som høyrer heime i fjella i Syd-Amerika.

Sabb,m., 1) seinvoren person; sjusket,uflidd mann .

Sabba,adj., 1) svær ,kraftig og dugande:ein sabba kar.2) framifrå,grepa: ei sabba kjæring.

Sabbe,v., gå seint og tungt; dei gjekk og sabba i snøsurpa.

Sabbe,f., ei sjusket og skitsam kvinne"som går og sabbar".

Sadel,el.sal,m.,1) ridesete;sete på ryggen av eit ridedyr. Talemåtar: sale hesten (leggje sal på hesten); svinge seg i salen; kaste eller vippe noken a salen (vinne over ein motstandar);sitje fast i salen(vere trygg der ei er; i den maktposisjon ein har). 2) underlag til å bere og fordele tryk av last på ryggen av lastedyr:kløvsadel,pakksadel.Sadelknapp: fremte ,oppbøygd del av ein sadel, stundom prydd med ein knapp.

Sadelfatt,adj., nedbøygd i ryggen; også kalla salryggja.(jfr.ei salryggja merr)

Sag,f., handverktøy eller maskin med tanna egg, til å kappe,kløyve eller skjere hardt vyrke,særleg tre:bakksag, kappsag,grindasag,tømmermannsag,rompesag (stikksag),løvsag (til lauvsagsarbeid),jarnsag(baufil,til bruk smia), skogssag ("storesag"): langt og breidt sagblad med handtak i begge endane ,til felling av tre og til kutting av tjukke strongar.Sirkesag, mest nytta på sagbruk.Sagestol (sagekrakk). Sagemask:sagflis.

Sago,m., 1) næringsstoff (karbohydrat)som ein vinn ut av mergen på ymse palmer(særlig sagopalma) og andre plantar. Ei etterlikning lagar dei i dag av potetstivelse. Sagogryn: gryn av sago mjøl,Sagosupe: suppe kokt på sago gryn.

Sagrada-bork,m., bork av den amerikanske busken Rhamnus purshiana. Sagradapille:a førande pille laga av ekstrakt av sagradabork.Den norske busken trol hegg (Rhamnus frangula) er ein nær slektning av kaskaraplanten, og borken av denne planten har tilsvarende eigenskapar som kaskaraborken

Sak,f., 1) tvistemål som er til rettsleg prøving; søksmål.Føre sak mot noken;sa er oppe til doms.

Sake,v., skulde,klage på. Kjenne seg saka i noke: kjenne at ein ikkje er uskuld

Saka,adj., skuldig; som ikkje kan frikjennast. Saklaus: uskuldig(motsett saka.)

Sakkarin,m., kunstig søtstoff med sterk søteevne utan næringsverdi .

Sakne, v., 1) vere utan ,mangle,jfr." Eg saknar ei skikkeleg hakke til dette arbeide

2) sakne. oppdage at eit eller anna er blitt borte,jfr:" Då vi kannj` (talde,tale over) smalen i stad,sakna vi eitt `ta låmb`å!" (då vi talde smalen i stad,oppdaga vi at der mangla eit lamm). Sakne verda::duppe a somme ein liten augneblink, slik at ein ikkje merkar kva som går for seg omkring ein,jfr .følgjande ordveksling: Per: " He´ du sove Hans?". Hans: " Nei, e he´ kje sove, i berre sakna vera eit øyeblik!"

Sakn,n., og saknad,m., det å sakne; lengt,mangel; kjensle av sorg,kjensle av å ha mist noke viktig eller dyrebart,jfr.: sitje att i sorg og saknad etter at ein som var nær og kjær er blitt borte. "Det vart eit stort sakn for meg at eg ikkje fekk vere med på haustjakta (det året eg drog heimanfrå)!"

Sakse,v., hakke opp med øks eller kniv,td. kjøt eller innmat som skulle brukast morpølse (kjøtpølse), Før kjøtkvernene kom i bruk, var dette den vanlege metoden til lagning av saksamat(findelt kjøt og slakteavfall), og findeling vart gjort i eit trau som dei kalla saksebrye .Ordet saksemat(eller saksamat) heng att i ein talemåte i bygda , som (heldigvis)ikkje kjem lenger enn til ein trussel,men som likevel kan verke som ein utløyssande faktor for ein person som"held på å sprekke av sinne" og som i si sjelenød ropar ut: "Den skarven, den djevelen, den lygnhalsen! Dersom han turar si fram, skal eg snart gjere han til saksamat!!" (eller hakkemat).

Salisylysyre,f., organisk syre ,som først vart funnen i borken av plantar av pilefamilien, der mellom anna selje (Salix caprea) høyrer heime. Acetyl-salisylysyre ,som er laga av salisylysyre, er eit av dei stoffa som blir brukt i størst mengde i medsinen i dag. Den blir brukt m.a. som smertestillande kjemiddel og som " blodfortynnande" middel for å hindre slag.(Norske preparat: Globoid, Albyl,m.fl.)

Salme,m., salme,ofte skrive psalme (etter gresk: psalmos, som tyder "song til stringespel". Song til bruk i kyrkja, under religiøse møte,o.l.Jfr. salmebok, salmediktar,salmemelodi,salmeskald, salmesong, salmetone, salmevers. Davisamane i Det gamle testamente.)

Salmodikon ,n.,etter gresk psalmodia, som tyder" det å syngje til strengespel",jfr. me.: einstrengja strykeinstrument,tidlegare brukt m.a.i samband med salmsong.

Salpeter,m., namn på visse salt av salpetersyre, brukte som gjøddåel.Eit av desse er (var) Norgessalpeter, som eigentleg er eit varemerke for kalsiumnitrat produsert i Norge. Salpetersyre,med den kjemiske formelen HNO_3 , har lengvore ei av dei viktigaste uorganiske syrene i kjemisk industri.

Salt,n., Koksalt,kjøkensalt, matsalt.Dette er meir eller mindre reint natriumklori med den kjemiske formelen NaCl. Det er dette stoffet vi til vanleg kalla salt.Det finst i alt sjøvatn,og ein kan vinne det ut av det. Ein kan også lage det ved å blande saman høvelege mengder saltsyre og natronlut. Det finst ein mengde syrer i naturen, og mange er blitt laga i laboratorier og fabrikkar. Alle syrer kan lage salt, og det finst derfor ein mengde stoff i denne stoffgruppa.Men det mest vanlege og mest brukte er natriumklorid eller koksalt, og difor kallar vi dette stoffet rett og slett for salt.

Saltsprengje,v., strå litt salt over ferske matvarer (td,fersk fisk) for å gje den ein høveleg saltsmak ved snarleg bruk, men ikkje nok til full konservering; lettsalte,linnsalte.

Saltkjerald,n., saltkar;mest brukt om dei saltkara av tre, som i eldre tid hadde s faste plass på kjøkenet ved sida av mjølkjeraldet (med mjøl til kveldsgrauten).

Saltstein,m., avrunda,glatt stein til å knuse salt med.Til same formål nytta dei også ei flaske, når dei skulle lage smørsalt (finsalt) av grovt havsalt

Sam-aldra,adj. (uttal. samm-aldra), som er like gamle eller jamaldringa(r).

Salve.m., lækjemiddel eller kosmetisk middel til å smørje på huda (lusesalve,skab salve, sårsalve,m.fl.)

Salve,v., 1) gni inn med salve(t.d.eit sår, sår hud.ein hudinfeksjon,m.fl.)
2)innvie (til prest eller konge) ved å smørje på salve under visse seremoniar.Salvekrukke,;salvetube (emballasje for salvar).

Sambygding,m., ein person frå same bygd,jfr." E møtte ein sambygding i bya i dag, vi vart i lag (slo oss i lag)heim atte!".

Samle,v., drage i hop,plukke saman, sanke ,sanke saman,td. pengar ,gods,folkeminne folkemedisin, frimerke,etc. Talemåte: etter ein samlar kjem ofte ein snøydar og etter ein knark kjem'e jamnast ein øydar. Knark: gjerrigknar

Samfengt,adj., blanda; samfengt rugmjøl: mjøl av rug blanda med mjøl av eit anna kornslag.

Sannspådd,adj., som spår sant,jfr." Det vart som du sa'de: du vart sannspådde dinn'je gongj'en!".

Salve,m., 1) skotsalve: fyre av mange skot samtidig,anten med gevær og kanoner eller ved steinsprenging (dei skaut ein ny salve i tunnelen).2) kome med grove skuldingar, gje kjeft og skjennepreike,jfr." I fekk ein fæle salve ta kjeringe'ne då i kom heim,fordi e hade gått over isen no når 'anj e'so rotenj o' oppskjent ta solen'nje!". (flytt opp på sin rette i

Samstelt ,adj., stå saman om ein ting, vere samd med andre om eit tiltak. jfr." Al karene va´samstelte om at no skulde bjønn´enj takast, for no hadde han herja nok i husdyrflokkane!".

Samsure,v., gå ihop ,passe saman; mast brukt om mat og drikke, jfr." Nei, ditte vil ikkje samsure!", eller "Nei, ditte samsura dårle'!".

Eit samensurium : ei samanblanding av likt og ulikt- , av ting som ik høver saman; jfr." Nei, jøye mai! ditte va´eit fælt samensurium!".

Sand,m., små, oftast harde mineralkorn av forvitra bergarter; har mindre korn enn grus: finsand, støypesand, skjelsand (sand av knuste muslingskal). Sandbanke (ein banke av sand i elv eller vatn). Sandbotn: botn (i ei elv, e sjø, eit vatn)dekt av sand på botnen. Sandmel el. sandmæl: sandbakke, s leg langs eit vatn eller ei elv. Sandpapir: papir med pålimte sandkorn
Talemåtar: Strø sand på ei avgjerd: godkjenne det andre har rådd til eller vedteke. (Uttrykket skal ha opphavet sitt i at dei tidlegare strådde sand over eit nyskrive dokument for å tørke blekket, i staden bruke "trekkpapir", slik det vart vanleg seinare. Renne ut i sanden: jf "prosjektet rann ut i sanden" (det vart ikkje noke av det, eller det v ikkje fullført). "Byggje huset sitt på sand"; etter Matt.7,26-27 (byggj på sviktande grunnlag).

Sandmale,v., reinse og skjerpe ei kvern som har "kleimt seg" ved å sende i gjenno den ein høveleg porsjon skjelsand. Kleime seg (om kvern):gå tungt eller stogge opp etter å ha fått eit klisterlag av råtørka (halvtørk korn mellom kvernsteinane, For å få kverna i gang att, letta dei litt opp (den roterande)oversteinen, og let kverna male skjelsand ei lita stund. Sjå kvern.

Sankt, adj., (etter latin sanctus: heilag), brukt framfor namn på helgenar , og då forkorta til St. eller S. (St.Olav, St. Sunniva ,m.fl.)

Sankthans:(eigentleg Sankt Johannes´dag), jonsok. Sanktveitsdans:(ei entleg Sankt Vitus´dans, etter helgenen Sankt Vitus -, som ein trude kunne hjelpe mot sjukdomen, ein nervesjukdom som framkallar rykning i andletet og lemene som ein ikkje kan styre med viljen.

Sann ,f., brukt i det stadfestande uttrykket" mi sann" (ja, mi sann; nei, mi sann
Jfr. "Han skal ,mi sann,få det", og:" Ja,mi sann,slik gikk det (dvs dårleg), hade dei haurt på mai, so hade det kanskje gått andeleis!"-

Sanndrøymd,adj., som drøymer om ei hending som ber til. '(går i´oppfylling).

Sannspådd ,adj., som spår sant; som gissar på noke som slær til.

Sanse,v., ta opp inntrykk frå omverda, eller formidle inntrykk frå indre organ slik at dei kan registrerast av medvitet, Sansekake: ein kilevink eller øyrefik,jfr. " Den fanten skulde hatt si ei skjikkele´sansekake!",dvs. ein kraftig reprimande eller ei straff som han ville hugse for framtida.

Santal,m., person som høyrer til ei ikkje-arisk folkegruppe i Bengal,Bihar og Hindustan i India. Santalmisjon: misjonsverksemd mellom santalane.

(Ariar,m., (gjennom tysk frå sanskrit: arya tyder "høgboren"):1) person som høyrer til dei folkeslaga som talar indiske og iranske språk, 2) ettersom den tyske språkforskaren Max Müller (1823-1900):indoeuropear.3) brukt uvitskapeleg av nazistiske forskarar og politikarar om: ikkje-jødisk tysker; om personar av nordisk rase.)

Sarv,n., avfall, skrap ,skrot; svineri: det er berre sarvet!

Sarve,v., 1) slurve: sarve frå seg eit arbeid.2) gjere uvettug og skøyteslaus bruk av eit kvart,td. eit instrument eller ein annen bruksting.jfr: " Han he brukt bilen so lenge uten ette(r)syn,at no e´ anj heilt utsarva!"

Satan,m., (gjennom latin frå hebraisk:´fiende´) Ordet blir brukt i fleire samanhangar: 1) som namn på djevelen,jfr. påkalle Satan; vere i Satans makt. 2) brukt i visse kraftuttrykk eller eidar,jfr, hald opp, for satan!; kv: satan vil du her? satanisme: djevledyrking. Satans (adj. eigentleg getiv av Satan):pokkers, helsikes,jfr.eit satans leven; ho er eit satan: kvinnfolk!; han er ein satan til å lure folk!.

Sonke,v., dialektform av sanke),samle ihop, samle saman; jfr. følgjande ordveksling: " Kar `anj far dinj æ?" " `Anj e´ på fjellj´a o´ sonka saude!" "Når du e´ færige me´ da´ja, må du sonke ihop arbeissbein´enj o´sekkje `nå inn i kjellar´enj!".

Saud,m., (i syvdedialekten er "d"- en i enden av ordet tydeleg), sau (Oves arie: mest brukt om hodyret.Han-dyret heiter saubukk eller vêr-Talemåtar: dum som ein saud; vise saudementalet: fylgje flokken utan å tenkje.Jf: historia om dōsasauden på Hornelen:" Tidleg ein vår, slepte ein mann saue sine på beite på fjellet Hornelen (på Bergensleida).Ein av saue var svært mager etter vinteren, og for at han ikkje skulde fryse i hel, batt bonden ei gammal dōs (dvs. ei gammal stakkefille) rundt han før han slepte han. Då dei andre saue såg denne underlege skapningen, vart dei så redde , at dei sette på sprang ut for stupet, den eine etter dei andre. Og så følgjer setninga som viser"saudementaleten": "Og dōsasauden tenkte mæ saj: " der so ´dei andere fær, der fær også aij!"!"

Saudefjøs. Saudegare:avdelt rom for sauer i ein fjøs.Saudeskjære:sauesauullsaks. Saudekjøt.Ein sau(d): ein godmodig og truskuldig person,ein gofjott.

- Saup,n., kjernemjølkk. Saup har lett for å gøyve og koke over når ein varmar det c i ei gryte eller kasserolle. Dette er bakgrunnen til talemåten: Å gøyve over som ei saupgryte; brukt om ein snarsint person som brusar opp for den minste ting. Saupskolt: ein dummeskolt; helst brukt som skjelsord.
- Saum,m., samanhengande rad av sting,jfr.: buksa gjekk opp i saumane. Saumfare:gråske nøye.
- Saum,m., større spikar,nagle til å feste og/eller skøyte saman arbeidsstykke med (båtsaum, hestekosaum).
- Saur,m., (gammalnorsk:saurr), skit ,lort , ureinske; kan også tyde sump og våtlendt område.Det er truleg den sistnemnde tydinga av ordet som ligg til grunn for namnet Saurdal i Syvde, Jfr!"Betydningen bliver da: den myrlendte Dal, hvilket passer med de naturlige forhold" (Jfr.O. RYGH:Gårdsnavne.)
- Save,m., sevje, sevjelag(kambiumsone) som utviklar seg mellom borken og veden på t om våren, og som ein kan skrape av,td. av bjørkestammer der borken nettopp er avflekt.Når far og bestefar var i skogen og flekte (bjørke)bork om vårane , hadde vi borna stor glede av og vere med og skrape save av dei nyflekte bjørkeleggene. Saven la seg då på knivbladet som ein gulleg, mjuk masse som vi kunne sleikje av og tyggje safta ut av. Det smakte herleg og lukta av bjørk!.
- Sed,m., (fl.seder el. si`de),skikk ,bruk , sedvane;tilvand åtferd, vane.Jfr.: gam seder og skikkar; lære seg gode seder.
- Sede,v., lære opp i gode seder; lære fin og sømeleg framferd. Oppseding: opplæring i gode seder.
- Sedd,f., ein stad der noko kjem til syne ,eller kann bli sett.Jfr " Ja, no e`mjelkaranje i seddå fram på brune`nje!".(nå har mjelkarane nettopp kome til syne oppe på bruna.Bruna eller brunå er her eit stadnamn: Seddå er dativ fleirtal av sedd.)
- Sedd,adj., (eigentleg perf.partisipp av sjå:ser,sedde, sedd el.sett),Jfr. Han vart sedde med kyrkja i dag. Talemåte: "Anj e`kje all`je der`anj e` sedde!" (det er meir ved han enn det ein får inntrykk av når ein ser han;eigentleg er det ein innful kar som ein bør passe seg for!.)
- Seg, refleksivt pronomem; objektsform brukt for 3. person eintal og fleirtal.
- 1) i samband med verb; han slo seg; han likte seg dårleg; han trudde seg ikkje til å gjere det (han våga seg ikkje til å gjere det, for han var ik sikker på å klare det. 2)i preposisjonsuttrykk:han gjorde ikkje mykje av seg (det var lite med han;han gjorde seg lite gjeldande). Han var heilt frå seg av sinne.
- Seild, el. sæld,f., ei dokk eller grunn renne i eit slett terreng.jfr."Om vårane lå snøen og isen alltid lengst heim i seid`enje".(siste ordet; dativ av se

Segn, f., 1) forteljing, melding: få syn for segn, 2) kort forteljing som lever på folkemunne og som gjev seg ut for å vere sann, i motsetning til eventyr. Har i syvdedialekten formen sogn i uttrykket: ei seiandesogn, dvs, ei storhending som vil bli hugsa. Dette er eit gammalt uttrykk som går heil tilbake til gammalnorsken der det heiter segjandssogn.

Sekel, m., (frå latin, eigentleg 'tidsalder') hundreår. Sekelskifte: hundreårsskifte.

Sekk, m., større pose, behaldar. ilåt av strie, jute, papir, o.l. brukt til mange ulike formål. I følgje latinlæraren min på Gymnaset i Volda, Jostein Øvrelid, er sekk eit svært gammalt ord, sett i verdssamanheng, og det går att i nær ståande former i mange språk. Sekkekjeft og sekkerau: øverste og nederste delen av ein sekk, jfr. " Han to' hondrekjilosekkjenj me' mjøl i fån' gje', me' vainstre handenje i sekkjekjefta o' høgre i sekkerauenje o' bar `nå innj på buda!". Talemåtar: myrkt som i ein sekk (kolmørkt) : Kjøpe katter i sekken (bli snytt eller lurt): sleppe katten or sekken (gjere kjent nok som folk venta på å få vite); to store får ikkje rom i ein sekk (to store og jamgode, har alltid vanskeleg for å semjast). 2) varemengd som får : i einsekk: ein mjølsekk, ein potetsekk, ein vedasekk, etc. 3) eit poseliknande organ: magesekk. Sekkejeband: band til å binde rundt sekkekjeften. Sekkestrie: grov strie, brukt m.a. til å lage sekker av. Sekkefille: klut sekkestrie. Sekkefyrkled: forkle til grovare bruk, laga av sekkestrie. Dritsekk: skjellsord. Få både i pose og sekk (få rikeleg) (under talemåt.

Seinfør, adj, seinvoren; ein person som ikkje får unda det han skal, jfr. " Han e' alltid so seinføre!" (det går alltid så smått med han).

Seinhaustes, adv., seint på hausten; like før vinteren kjem.

Seinkomen, adj., som kjem seint. jfr. geitene som i sommar kom presis heim om kvelden er vortne so seinkome i det siste, og stundom kjem dei ikkje heim i de heile" 2) som er seint utvikla i høve til alderen, jfr. " Han va' seinkom lenge, men når `anj fyst tok te' å vekse, gjore `anj det til gagns!".

Seinmælt, adj, som snakkar seint og tungt.

Seintenk, adj., som er sein til å tenkje eller ordne tankane sine; motsett til sn tenkt

Seise, v., drive til, slå til. Jfr. " I seiste te' `nå so `anj trainta" (eg klemd til han så han datt overende. Trainte: syvdedialekt for trinte. Sjå det

Seks, talord, grunntalet 6. Talemåtar: Ta i så det seier seks (ta i så det verkele monar); " No får de ro kara' so det seie seks!"-

Selle, m., ein kar, ein mann; er i dialkten vår ofte jamstelt med ordet: kjelle (kv ne), jfr. " E møtte dei fram på setre'nje då dei kom over fjellet. Der v to sella o' ei kjelle"- " Ja, det va' ein ondale'selle!" (det var ein sr dige kar!)

Semje,v., få ein ting eller ein skapning til å passe saman med ein annen,jfr." Kat og hunden semst dårleg". "Vi må lage eit gjestebod for å semje i hop kåne´nje våre!"(sagt i spøk ev ein ung , nygift mann til ein granne også var nygift) . Semjast: bli forlikte.

Semje,f., det at to eller fleire er blitt samde om noke; avtale,forlik.Jfr "Dei striddest lenge om bruksretten, men til slutt kom dei fram til ei (skr leg) semje".

Sende,f., Ein faststående (olivin)stein med slipeflate som ein dreg bitjarna att og fram på for å skjerpedei.Jfr.Fig. Sjå også "Jofolket,s. 120.



Fig.

Jon Reidar Nordal demonstrerer bruken av ei sende

Sending,f., noke som blir sendt frå ein til ein annen, ofte ei gåve av matvarer. Tidlegare hadde grannane(dei best situerte) med ei korg med festmat (le ser,søst etc) når dei for til bryllaups til slektningar.Ei slik matgåve kalla dei for føring,og den runde korga med kylp som vart nytta til slikt bruk heitte føringskorg.

Sen, f., 1) bandforma vev av parallelle tettvovne trådar som fester ein muskel til skjelettet. Senedrått: smertefull muskelkrampe. Sèna (i bunden forr stundom brukt som namn på penis (oksesèna), 2) tråd av sen; tynn ,sterk tråd av plast eller nylon,brukt som mellomstykke mellom angelen og fiske snøret eller som fisketaum. Senehinne: senet ,tynn utløpar som ein muskel endar i.Seneslire : hinne kring ei sene. Seneslit: forstrekking; slit : ei sene,Senesterk:somhar sterke sener og musklar,jfr. ein senesterk kar Senete el. senut: som har godt synlege sener og musklar.

Seng, f., 1) møbel med utstyr til å sove ei eller kvile på: barneseng,dobbelseng, himmelseng, køyseng , dragseng,m.fl. Talemåtar:gå til sengs; halde sengs (vere sjuk og sengjeliggjande);ta ein kvan på senga (vitje noken før han har stått opp, overrump; gå til sengs med noken:liggje med, ha samleie med; dele bord og seng med: ha nært samkvæme med, som ektefolk eller sarsbuarar.

Sengjahalm: halm brukt som underlag i seng. Sengjehest:grind til å setje mellom madrassen og sengjestokken (sengekanten) for å hindre at td. senklar eller småbarn fell ut. Sengjalege:namn på den tida då kvinnene l. etter ein fødsel for å kvile ut og samle krefter. Sengjamat: Mat,ofte rjømegraut (rømmegraut),med mykje gult rjømegrautsfeitt over, som grannekonene bar til barselkona under sengjelega.

2) dyne; over eller underbreisle 3) Kvilestad,lege (av granbar el. liknande), 4) bed : hageseng.jfr.Så til ei seng med gulrot. nepe ,etc.

Seig,adj., 1) om væske:tjukk og kleimen; slimet, som vanskeleg kan delast opp i dropar,jfr. seig som sirup.Seige,f., (el m.,?), eit stoff som gjer eit stoff eller ein masse seig og samanhengande,jfr.almeseige: slimet utkok av almebork, tidlegare brukt i staden for vatn, når dei skulle lage flatbrøddeig av dårleg mjøl, for å få (flatbrød)leivane til å halde saman under bakinga og steikinga.2) som kan bøyast og strekkjast utan å breste mjuk og sterk , i motsetning til møyr(når det er tale om kjøt), jfr. t. emåten: seig som eit hondeskin (hundeskin); seig som ein seljerennings (her i motsetning til brøysk), 3) dryg; lang og hard:eit seigt arbeid; ein seig tur.4) sterk og uthaldande: ein seige kar: ho e´ o-trule´seige å arbeide; han e´ seige te´å drikke! .5) treg, sein: sein i sninga. Seigliva:ein skapning som det er vanskeleg å få livet av.Katten er kjent for å vere utruleg seigliva. Det er vel derfor det heiter at katten har sju liv.

Seid,m., sei,; fisk av torskeslekta(Gadus virens).I syvdedialekten er endekonsontanten tydeleg,Seien skifter namn etter kvart som han veks,jfr. mørt, pale, småseid og storseid.

Seksæring,m., ein båt med seks årar. Det same som ein trerøring,dvs. ein båt med tre årepar .

Sel.n., seterhus; lite hus med soveplass og kokeutstyr, der budeiene heldt til og arbeidde når dei om somrane var på setrane med buskapen.

Sel,m., kobbe; sjøpattedyr av ordenen Pinnipedia,

Selfangar,m., person som driv selfangst.

Selhund ,m., (frå lågtysk Sehunt`sjøhund`) , sel.

Sennesblad,n., Blad av viss^l Cassia-arter i erteblomstfamilien, brukt som avføringsmiddel.

Senneste,m., avførande te av sennesblad.

Selje,f., seljetre (Salix caprea). Seljeveden rotnar seint, og seljekjeppar blir ofte brukt som gjerdestaur, der dei stundom kan setje nye blad og greiner. Seljeborken er seig, og kvistfrie skot gjev gode emne til seljefløyter. Borken blir også brukt som tilleggsfôr likesom borken av visse andre tre, men seljeborken kjem ikkje særleg høgt på denne vediskalaen, slik det går fram av følgjande regle, der forverdien av fleire borkslag blir vurderte mot kvarandre:

Vie(r) velte, selje svelte.

Rogn reiser ku av bås

Hegg legg merg i legg.

Øsp legg smør i øyskje.

Seljerenningane er seige og lette og kløyve på langs, og dei vart tidlegare mykje nytta til tågebinding. Sjå tåge og tågje.

Sess,m., ein stad der ein kann sitje, sitjeplass, sete, jfr. " Dei fann sessane sine rundt bordet " " Han var tung i sessen! " (han var seinvoren; sein i vendinga).

Sè`te.f., det å sitje (sit , sat, sete eller søte) . jfr. kveldssète: tidlegare bruk om tida mellom kveldsmaten og sengetid. I formen søte: " Ditta vart ikkje lange sø`tå! ". Ordveksling: Kari: " Ve`kje du sekkje di ned? " Petra: " Nei takk, i e`kje vansøta. (Vansøten: adjektivisk form av eit tilsvarende verb.)


Setje,v., (set , sette , sett), I syvdedialekten blir "tj" i dette ordet til "kkj" , " Ska du sekkje ganj i kveld? " " Ska`kje du sekkje di ei stond? " Ordet blir brukt i svært mange samanhengar, men det meste er så velkjent at eg skal ikkje bruke plass på det her.

Setjande,adv., springande, farande i sto^h fart, jfr. " Han kom sekkjande inn på tunet o va`heilt andpusten! " .

Setne,v., skirne, klarne ved at faste partiklar fell til botns, jfr. " Du må la kaff få stå o`setne ei stond før du slår `nå opp! " .

Sev,n., (utt.sæv), sumpplantar med trådsmale eller flate linjeforma blad.

Sev-veik -, lys-sev(Juncus effusus). Mergen frå denne planten vart bru som veik i kolene,dvs. dei gamle tranlampene.Jfr. fig. Sjå ogs "Jofolket", s.16 og s.85-86.



(Fig)

Sev-veik (= merg frå lyssev.)

Si,n., trevlar og trådar av opplukka tauverk nytta til drev,dvs til tetting av båtar, Jfr. følgjande strofe frå ei regle som eg har etter bestefar(Er

" Trikka trakka Mari-Kari koka si.

Stapp inn i !"

Si-kokingå gjekk ut på å koke tautrevlane saman med tretjære, som hindra rotning og hjelpte til å gjere det tett.

Oldefar (Støyle-Jo) var båtbyggjar,og bestefar hadde ofte vore medå koke

Sid,adj., 1) som heng eller rekk langt ned:ein fotsid kjole; sid i kjakane.

2) som ligg lågt i lendet:der er so sidlendt (der er våt og vassjuk jord)

3) dryg , ustyrleg, umåteleg: han er sid til å drikke.

Sidd,f., lengda på noke nedetter,jfr." Er det høveleg sidd på stakken din ;Kari?"

Side,f., av sid: `noke som tøyser eg nedetter`1) høgre eller venstre del av mennes eller dyrekroppen,Talemåte:ha eit honn (horn) i sida til ein kvan (misl: vedkomande),jfr." Han Hans he`alltid hatt eit honn i sida til mai,ette at i slo`nå so grondig på idrettsplassa i vår!".

Siderev,m., sidebein. Talemåte:" Hanj e` sø skrin`nje at ein kan telje sideriva på `nå!" (han er så mager at ein kan telje sidebeina på han!).

Siddu , tilsvarer "ser du": ei personleg frase, berre brukt av ein eller få personar og ofte nytta både i tide og utide.Jfr." Ditte e` svært vanskele, siddu. so derfor må vi gje oss god tid, siddu!".

Sige,v., (sig, seig, sege); røre seg seint og jamnt:sola seig ned bak åsen;Vatnet gjennom muren; han arbeider ikkje fort,men han sig jamnt.Han var så trøyt og utsliten at han seig i hop der han stod.

Sike,v., (sik , seik, sike), sige, reinne seint og smått,jfr."Du får prøve og sike av kaffikjelen, og sjå om der er att nokre dropar!".Du må gje deg god tid og sike sòdet vel av potetene!."

Sikle,v., sirle og renne med ein veik lyd; risle;det sikla og rann i vegaveitene under snøsmeltinga.

Sikle,f., ei elvasikle ; ei gròv eller veite med lita vassføring.

Sigg,adj., sløv av utmatting.Jfr." E hadde arbeidd overtid me`lossing av ein båt i nesten eit døgn, so då i skulde gå heim atte ettepå va` i temmele` sigge.

Sigle,n., kvennasigle, kort stålstykk som ligg tvers over spenålen og tener til å drive kvernsteinen rundt.Sjå kvern , og "Jofolket" s.115-118.

Signe,v., 1) signe ved å gjere korsmerket over. 2) velsigne med tiltalen:" Gud ve signe.....", eller"Gud signe....", dvs. måtte Gud gje lykke eller kraft. I helsande tiltale, avkorta til "signe", Jfr.:signe kvilå, signe maten, signe arbeidet, signe strevet,etc

Sikte,v., la gå gjennom ein sikt for å skilje grovare og finare smådelar frå kv andre. Siktamjøl: finemjøl , i motsetning til grovemjøl eller usikta mjøl

Sikte,v., skuldgje; sikte ein kvan for eit brotsverk.

Sikte,v., ta sikte når ein skal skyte:Siktemål, siktepunkt; det som ein siktar me

Sil,m., reidskap til å sile med. i regelen på skap som ei avkorta trekt med eir småmaska eller perforert botn.

Silhår,n., (oftast uttala silår), sil fletta av hår; tidlegare vanleg brukt, m.a.t siling av mjølk i staden for silaklut eller andre typar av sil.

Talemåte: "Det lè`ke som eit silår!".

Siladrope, m., mest brukt om ein skvett nysilt, spenevarm mjølk til katten, jfr. "Pu no må du kome og få siladropen din!".

Sille, v., omlag det same som sildre; drype så tett at dropane mest heng i hop.

Stadnamn; Sillehammaren: ein hammar som mest alltid er svart og våt av vatn som "sillar og renn" nedover han.

Sime, m., tau, reip (gammalnorsk sími). Ordet nå (mest) berre brukt om tongsime. eit reip som blir brukt til å stramme (høyslede) tonga og presse den ne mot høyet, slik at det tar mindre plass og ligg stødt under køyringa. Tonga som høyrer (høyrde) med til høysleden, er ei slags grind med bøye lege spiler, som ein legg over høylasset, og strammar til med tongsimen.

Sine, v., 1) tørke opp . om mjølkekyr før kalving. Når mjølkeproduksjonen gradvis minkar og stoggar opp ei tid før kalving, seier ein at " no e' kjynnje å å sina" eller "å å tonnja". Tonne: turke, jfr. " det er god høyterre, råhøyet er å å tonnja". og " dei våte klærne tonnjar fort i lettvinde

Single, v., gje frå seg ein klingande, ringlande lyd: det singla i glasbrot; det singla i bjeller.

Sinn, n., 1) (det indre i mennesket som stad for) tankar og kjensler, hug. Ha sinnsro: ha fred i sinnet. Vere sjuk på sinnet: lide av ein eller annen form for sinnsjukdom. 2) hug, gemytt, natur, lynne. Sinnelag: huglag.

Sipe, v., sutre, smågråte.

Sipete, adj., som har lett for å sipe: ein sipete unge.

Sisselrot, f., steinsøte (Polypodium vulgare), rotstokken smakar søtt.

Sjau, m., lausarbeid. Bryggjesjauar: ein som arbeider med lasting og lossing.

Sjau, talordet sju (7). Går endå att i visse talemåtar, jfr. " Grytå syde like godt for tvau som for sjau!" (når ein først skal koke, gjer det liten skildnad om ein kokar for to som for sju). (syde syd, saud, søde), her i tydinga koke.

Sjølfostring, f., det å vere i arbeid hjå framande (t.d. på vinterfiske) og halde seg maten sjøl. Sjølfostring, m., ein som praktiserer sjølfostring.

Skabilken, n., ein lang og ulenkeleg ting; brukt både om ting, om folk og om fe: ei langt skabilken!

Sjånad, m., noke som er (lett) synleg, Sjånadlyte: skavank, eit lyte som er lett synleg, I "nordalsdialekten" uttala " skjónalyte." Når eg tenkjer meg om, har eg berre høyrte ordet brukt ein gong, og situasjonen var denne: Eg hadde slått av to framtenner under leik, og då far kom til og såg ulykka, sa han: " Stakars deg!, du he' fått eit skjónalyte som du får dragast me' resten av livet!".

Sjøsterk, adj, som toler å ferdast på sjøen utan å bli sjøsjuk.

Sjøverk, m., sjøsyke. Kjenne sjøverken: merke at ein tar til å bli sjøsjuk.

Sjun.n., ein forkomen stakar., jfr.: eit stakars sjun (ein forkomen , liten skapning , t.d. eit lite vått og hutrande lamm om våren).

Sjølbedd, adj., 1) utan oppmoding, frivillig: han gjorde det sjølbedd (utan at noker bad han om det), 2) som ikkje er innbeden: han kom sjølbedd (utan invitasjon)-

Sikke, v., få noke til å sige i hop med dunking og skaking: sikke i hop mjølet i ein sekk.

Skake, v., riste sterkt, skubbe fram og tilbake.

Skake, v., ause, ause opp. Skake opp: ause ølet frå gjæringskaret og over i øltønne for sluttgjæring og lagring, Oppskøke: namn på ølet i oppskakingsfasen. For fleire detaljar, sjå "jofilket" s, 160-161.

Skal, n., tjukkare eller tynnare hylster omkring visse ting, som frukt, egg, blaudyr , m.f. Talemåte: ha valet og ta skalet (kunne velje fritt men ta det ringaste). Talemåten brukt av ein mann i bygda om ein gut som hadde valet mellom to gjenter, men som, etter mannens meining, tok den range.

Skalk, m., endestykke , t.d. på ei t brød. Skalkfest: uformell samkome der ein et restane etter ein større fest

Skalk, m., ein fante, ein skjelm, ein svindlar.

Skalkeskjul, n., påskot, falsk grunngjeving; kamuflasje.

Skam, f., 1) vanære: føre skam over ein: gjere skam på bygda. 2) blygsel; kjensle for det som er sømeleg: han raudna av skam. Talemte: å bite haudet ta skammen (forherde seg, setje alle sømelege omsyn til side; gje seg pokker i kva folk meiner). 3) skade, ulukke. Talemåte : det vart både til skam og skak Blodskam: kjønslig omgang mellom personar som er så nærskylde at dei ikkje kan gifte seg; incest.

Skamfere, v., øydeleggje, skade sterkt ved hververk eller på annen måte. Jfr. " Rampe hadde skamfert båtenj `ass Lars i natt. Kanskje va` det hemn for di dei meinte `anj hadde fiska laks olovle!". "Ei ta kunå `ass Per hadde føre u for ei ufs o` skamfert se."

Skant, m., målestikke, brukt til å fastsetje høgda av væske i eit kar, t.d. ei mjølkebøtte. Når dei skulle bruke skanten, sette dei han loddrett ned i karet og såg etter kor høgt væske stod på stikka, og dit flytte dei skantemerket: ein (tråd) ring som kunne flyttast opp og ned på stikka. Skanten vart mest nytta når dei mjølka på fjellet om sommaren, for å finne ut kor mykje kårkua hadde mjølka før dei tømde denne mjølka saman med den andre i hylket. for så å kunne skante i frå ein tilsvarande mengde til kårfolket, når dei kom ned att til garden.

Sist, v., (?) late som: Ho sist ikkje vite om det (ho let som om ho ikkje viste om det.

Skard, n., ei kløft i ein fjellrygg eller mellom to fjelltoppar. Går inn i mange stadnamn.

Skarljøs (skarljos), n., lysning frå himmeleg gjennom eit skar eller mot horisonten .jfr," Eg såg han i skarljøset (eg såg siluetten (omrisset) av ha mot lysninga frå himmelen (gjennom skaret).

Skare, m., harfrosen snøskorpe som brest under foten. Blir det harfrosne snølaget tjukkare slik at det ber (gjerner både mann og hest), snakkar ein om haesnø .

Skarv, m., symjefugl av slekta Phalacrocorax.

Skjarv, m., fark ,kjeltring, ein dårleg kar.

Skarvepakk, n., dårlege folk, kjeltringar.

Skarvestykke, n., lumpen, skammeleg framferd, jfr.: gjere eit skarvestykke.

Skat, n., topp og avhogne greiner av eit fellt tre.(Bjørkeskat, granstat, etc)

Talemåte: Å dra buska etter skatet(gjere noke på ein dum og tingvint måte.) jfr. " Å ikkje betale og gjere opp for seg i rett tid, er som å drage buska etter skatet: Det vert berre tyngre ettet kvart som tida går!

Skau(d), f., (gammalnosk skaudir, eigentleg hylster), forhud på kjønnslemen på hanndyr, særleg hestar. Andre namn: skaudhus, mighus.

Skav, n., noke som er avskava; mest brukt om bork og dei ytste delane av veden av lauvtre, brukt som tilleggsfôr (særleg i vårknipa).

Talemåte: "Han ser ut som om hanj skulde ha kjime ta skaveskoja!"

(Brukt om ein vanstelt og sveittegrimet kar som nettopp er komen tilba frå ei skikkeleg slitarøkt.)

Skavgras el, skjeftegras, n., (Equisetum hyemale). Planten er rik på kiselsyre , som gjer at han kan krukast til skuring og pussing av treverk. Vart tidlegar brukt i staden for sandpapir til pussing av skaft o.l.jfr.skjeftegras.

Skjak (el.skjadak), n., svimling (Lolium trulentum); giftig ugras som lett blanda seg med kornet, og valdar sjukdom om det kjem i mat eller drikke, t,d, øl som er bryggja av svimlingblanda korn, jfr. Skjæks øl: øl som ikkje nyteleg og som valdar svimring og kvalme.

Skjå, m., gjennomskinleg hinne, særleg av magehinne frå ku. Før glasruter kom i bruk vart skjå brukt som " ruter" i skjålykter, og i skjågrinda i ljorene (ta lukene) i dei gamle røykstovene. Øyreskjå: trommetinne.

Skjå, m., skur, tørkehus med tynne fjølevegger, uten vegger eller med "vegger" av lån dvs. kvist og einebar tredd inn mellom opp standarar langs sidene av sk et, jfr. torvskjå, vedskjå, m. fl. Skjå vart også bruktom eit lite tilbygge til gavlen av ei røykstove, og brukt som plass for ved , reidskap, etc.

Skavl,m., skarpt, rundt jarn til å hole ut eller skave med.

Skeid,f.,1) reidskap med skaft og utvida holt endestykke,brukt til å ause og elle ete meir eller flytande mat med.Teskeid, barneskeid, matskeid, sylvskeid m.fl.2) innhald i ei skeid: eit skeidablad, td.eit skeidablad medisin t gonger om dagen.

Skeiv,adj., som vik frå den rette linja; som hallar til eine sida; skakk , skrå, ikkje rett. Skeiveskrå:eigentleg ein skeivgådd sko; brukt om eit eller anna skeivt og uskapeleg.

Skeive,v., gå skeivt,slingre, t.d . eit hjul eller noke anna som går rundt.

Skeivmynt,adj., som er skeiv i munnen.

Skeivtent,adj., som har skeive tenner

Skeivøygd,adj.1) med auga som står på skrå,2) skjegløygd, ein som skjeglar.

Skine,v,skrikke og springe vilt; brukt om kyr som prøver å kome seg vekk frå (ku)-bremsar og andre plagsame innsekt i sommarvarmen

Skinstøde,n., ei grynne i ei elv eller i utkanten av eit vatn,der kyrne kan vade ut i og stå og slette vatn over seg med halane for å bli kvitt innsekta og få kjøle seg av på varme sommar dagar.

Skjedde,f., ein sverdliknande trekniv med skaft og innskorne hakk i kantane, brukt til å banke dei siste restane av korn ut av kornneka med, etter at des hadde hatt ein omgang med tustene på lødegolvet. Sjå tuste.

Skinn,n., hud, særleg av mindre dyr:Geitaskinn, saudeskinn,kalveskinn, røveskinn.e

Skinne,f., hinne som liknar skinn, som td.innvolskinnene på dyr (jfr.pylseskinne)

Skinnbloyte,f., ei regnbloyte som går gjennom klærne og like inntil skinnenet.

Skinneegg,n., blautegg, egg utan skal.

Skinnefeld,m., teppe, overbreidsle av lodne skinn. Talemåte:"Ein kan ikkje strekkje seg lenger enn skinnfelden rekk!" (ikkje ut over det ein har økonomisk e til) .

Skinnefisk,m., kufte eller sid trøye av barka skinn; tidlegare vanleg brukt under vinterfisket, på skap som ei skjorte eller ein bluse.

Skinneklæde,n., fiskarklædning av garva skinn: skinnhatt,skinnstakk, skinnbrok og sjøstyvlar, Jfr. Fig.

Skinnestryte,f., blokkebær

Skinnevingje,f., flaggermus

Skir,adj., rein, ublanda, jfr.det er skire gullet(det er reint gull), "Det er rei og skire lygna han fer med!".




Fig.

Vødnad til vinterfisket (etter D. Liseth)

Skire,v.1) klare, gjere skir; skilje ei væske frå botnfalletved å slå varsamt av øverste, klare laget.2) tømme av sòdet (kokevatnet), td. av poteter, gurøter, fisk.etc.jfr." Kan du skire av potetene Petra?!"

Skirne,v., om væske: bli klar, på den måten at grugg og liknande legg seg på botnen. Skirnast: skirne seg, få stå og bli klar,jfr." Når vi bryggja øl t bryllaup o.l. måtte vi gjere det i så god tid, at kveik (gjær, gjær-celler) og anna småfragg fekk tid til å botnsetje seg, slik at ølet var klart når vi tappa det av tønnene!"

Skirsle,f., (gammalnorsk: skirsl,eigentleg`reinsing`),dåp.Skirslebarn; dåpsbarn; stundom uttala sjislabanj el. kjislabanj. Skirslavatn: dåpsvatn. Sjå også skjørseld nedanfor.

Skit,m., 1) drit, lort, skarn, ekskrement, fis, fjertjfr.: sleppe ein fis; laskiten gr (forsøme ^hheinholdet) 2) rask, skrap: denne sykkelen er berre skiten. Talemåte: skit la gå! (all right; eg godtar tilbodet!).3) heilt, fullsterdig, overmåte: skit full (drita full); skit-blid (tilgjort blid); skithol eit hol eller ei hule full av skit og søyle; også ein stad med dårleg rykt

Skiten,adj.,1) som ikkje er rein; møket tilsulka:skiten på hendene,på bein etc. Talemåte:"Det va både lite o skite!" (det var både lite og av dårleg kvalitet)

2) rå, sjofel, ufin:vere skiten i kjeften; ei skita prette.

Skitegammen,n., eit møte eller ei tilstelling som startar pent, men som som utartar til krangling og slagsmål.Skitneklæsvask,1) vask av skitne l 2) Offentleg skitneklæsvast:(familie) krangel for open scene under rett saker og liknande, Skitnesøndag:siste søndag før jul. Skitord:krenkjande og spottande ord og utsagn. Skitordspose: ein person som "alltid" er full av skitord.

Skite,v., (skit, skeit,skite), ha avføring, drite, gå på dass.

Skite i noke:ikkje bry seg om; gje ein god dag i.

Skite,f., laust liv, diaré,renneskite. Renneskitsflelde,n., brått påkomande varme veret, som ofte kan føre til (sommar) diaré

Skitsam,adj., ureinsleg.

Skitprat,n., vondtenkt tullprat, baktaling med tanke på å skade.

Skitsekk,m., dritsekk,ein dårleg og forakteleg person.

Skjekel (utt.skjekjel),m., utk^{ant}ant,hjørne,snipp (særleg ein naturleg hudsnipp);
Også brukt om skråtten av eit slakta dyr, i talemåten "med skinn og skje kjel" (med skinn og skrått; alt i hop).

Skjekle,v.,gå ustødt og stolpret,jfr. " Hanj gjikk o' skjekla i trelappå,so `anj klarte kje å fylje hine når dei gjikk fort!".

Skjebbe,f., ei grovbygd og hardfør kvinne,fr." Der va' ei fæle skjebbe, ho va' mest som ein kar!"

Skjekte,v., gå "arm-i-arm"; mest brukt om unge, forelska par.

Skjelle,v., skjenne, gje kjeft,jfr." Han skjelte mi ut me' dei styggaste ora `anj kunnje finnje på. I he' aldre vore so utskjelte i mine dage!"

Skjelle,f., kald, skarp vind ned langs elvar og dalstrøk.

Skjelte,f.,sterk bivring og skjelving, som følgje av frost eller feber.

Skjelterid: skjelteflage. Skyrskjelte:ei skjelterid som ein stundom kar få etter å ha drukke for mykje kaldt skyr (surmjølk).

Skjelv,m., skjelving; sterk indre ure eller spenning,jfr." Han fekk seg ein skjelv då han hørde om den fæle ulukka, og han skolv i målet då han fortalde c det!". Få den store skjelven:bli verkeleg redd.

Skjelve,v., (skjelv,skalv, skolve), bivre, dirre, riste,skøke,jfr."Han sklov i knea då han gjekk nedover den bratte bakken med den tunge børa"

Skjerr,adj., sky, redd ,som lett rømer unna.jfr. "Rupene var så skjerre i dag, at c var uråd å kome dei på skothald!"- Taskjerr: brukt om husdyr, t.d. hest som rømer unna når ein skal hente dei i marka. Kaldskjerr: som er redd for kulde. (jfr uttrykket kaldskjerre lauvtre).

Skjôte,v., jage,drive,jfr." Du må gå og skjote etter geitene,for dei er komne ned på bømarka!".

Skjót,n., renn, rensl,ein kort tur: ta eller gjere seg eit skjot.

Tispeskjot,n., eit fælt oppstyr (som når ein jagar ein flokk ville hundar på dør.)

Skimeskjote,v., jage på flog utan mål eller retning.

Skøl,n., oppblanda eller urein væske; skølvatn. Skølelv: ei lita grov som veks for opp og blir brun når det kjem spillevatn (sterkt regnfall).

Skøle,v., skvalpe,spille(om væske).jfr." Han va' so skjelvhendte, at han skøla ut i kaffi når han drakk!".

Skofôt,n., sko og hoser saman-, og gjerne slik at hosene er rulla i hop og stappa ned i skorner, som deretter er knytte ihop med reimane slik at dei er greie å bere med seg. Tidlegare gjekk folk ofte berrfôtte om sommaren. Skulle dei på tur, og hadde bruk for sko og hoser når dei kom fram (t.c i grannebygda), bar dei skofota med seg , og tok på seg att når dei fanndet høveleg. På den måten gjekk dei lett, og sparde på skoa.

Skogaløde,f., utløde; høyløde på slåtteteig som ligg (låg) langt unda hovudbruket. Jfr. stadnamnet Løskogane i Nordalen, der det tidlegare var høyløder på kvar slåtteteig.

Skoganyste,n., lamb eller kid som er fødde i utmarka.

F

- Skjeppe, f. 1) gammalt kornmål av varierende omfang, mellomalderen frå 24,3 til 32,4 seinare fast omlag 17,5 l (1/8 tønne). 2) målekar somrømer ei skjeppe
- Skjere, v., (Skjer, skar, skore), skjere. Ordet brukt i mange samanhengar: skjere brød, gras, korn, etc; skjere ansikt: gjere grimaser; skjere griser, skjere hest (kastriere); vere (godt) skoren for tungebandet (ha lett for å ordleggje seg skjere seg på ein ljå; eit fint skore anlet (eit anlet med reine, skarpe drag); ho skar i å gråte; det skar han i hjartet.
- Skjere, v., brukt utan objekt i tydinga skjere åkeren, jfr. "Åkeren er skjær (moden til å skjere), så nå kan vi snart ta til å skjere"
- Skurd, m., arbeidet med å skjere kornet; kornhausting.
- Skjelm, m., ein dårleg og upåliteleg person, Talemåte: "Men, du kan gjere ein skjelm urett!". underforstått: for også ein skjelm kan ha sine gode sider! Skjelm kan også brukast om ein skøyer, ein prettemakar, jfr. "Han var ei stor skjelm!".
- Skjenebein, n., leggspik; fremste og tjukkaste knokkel av dei to knoklane i leggen.
- Skjerding, m., lang jarnkrok med skar i til å hengje gryter, kjelar og liknande på over eldstaden; grytekrok.
- Skjerdingelag, n., hakar på øverste delen av skjerdingen som nedste delen kan flytt oppover og kan setjast fast i. (Skjerdingane hadde øverst ein krok som dei hang i, over ein stokk (=randåsen), som gjekk tvers over eldstaden. Sjå også "Jofolket, s. 15) (Skjeringelag og øyremerking; sjå det).
- Skjerpe, v., gjere skarp: skjerpe eit bitjarn; skjerpe tonen i ein samtale; skjerpe seg (ta seg saman.)
- Skjere, f., saks. Saudeskjere: skjere til å klippe sauder med; saudesaks.
- Skøre, f., kjepp med ei klyft i enden, brukt m.a. til å stydje oppe høy- og kornhes med: hesjaskøre.
- Skjærseid, n., (gammalnorsk skirslareldr av skirsl: 'reinsing'; etter latin purgatorius) 1) etter kakolsk lære: reinsing etter døden, som frir ei sjel f synd og skuld.
- Skolorm, m., tusenbein; leddyr som tilhøyrrer klassa Scolopendra. Skolorm truleg ei omforming av dette namnet.
- Skolt, m., panne, (hjerne)skalle. Talemåtar: få noke inn i skolten (lære, skjyne no Vere tett i skolten (vere dum. ha tungt for det).
- Skorpe, f., 1) hardt lag utanpå noke: brødskorpe, osteskorpe. Gryteskorpe: fast lag, td av graut over grytebotnen. jfr. "Skrape grytå" (skrape i seg gryteskorpa eller gryteskova, gjerne med "sul" att åt, noke som stundom vart rekna for ein lekkerbisk, Sul, n., i denne samanheng: noke attåt som gjev smak t.d. sirup, sukker, kanel, mjølk etc.
- Skose, f., 1) god historie, rispe, skrøne; jfr. "Han va' alltid füllje ta vitsa o' sk 2) fantord; fornærmande ord og uttrykk, jfr. "Ho kjaure ti 'nå nokre fæle skose før ò før!".

Skyte, v., (skyt.skaut.skote), løyse skot, sende i veg, fyre av skot.

- 1) råke , ta livet av eller skade: skyte hjort, skyte rupe, skyte på bl
- 2) minere, sprengje: skyte ut ei tomt; skyte vekk ein fjellknaus.
- 3) drive, skuve, støyte av stad: skyte slåa for døra; skyte inn pengar(b tale inn); skyte hjartet opp i livet(ta mot til seg), skyte saman til gåve (leggje saman pengar) 4) reise, strekkje ,tøye: katten skaut ryg huset skaut fort i veret(det kom fort opp) 5)spire,gro, vekse: Kornåkr ne held på og skyte (setje aks); trea skyt knoppar,blad og røter.
- 6) sleppe, kaste av seg: ha frosen fisk i vatn så han kan skyte isen. ormen skyt hamen (skifter ham) 7) abortere: merra skaut fylet (el.kas fylet); kua skaut kalven (el. støra. Det utstøytte fosteret kallast stør,eit stør, ein størakalv). Utskøt: om folk: avrat; om varer: vrak, jf vrakfisk (fisk som blir sortert ut før pakking og sal) 8) losne, gli eller renne avstad: det skaut lause ei steinfontj opp i honnja i dag (c losna ei steinfontn.); føte`nje skaut onda `nå, so `anj skaut stad so långe ánj va!" (Skaut stad: gjekk over ende). Talemåtar: "Han skaut si heilst att om når det va`noke so`røynte på!"(han heldt seg i bakgrunne let dei andre gjere jobben). " Å skyte sporv med kanoner" (overdimensj ert tiltak; mishøve mellom mål og middel).

- Skøt, n., 1) det å skyte, fyre av eit skytevåpen (skotvåpen); smell når ein fyrer a eit skytevåpen. Bogeskot, pilskot, børseskot, pistolskot, kanonskot, varse skot, m.fl. Talemåte: Å ha eit skot i honnj`a (i kruthornet), eller " Ha he`endå eit skot i honnj`a!" ,d.v.s. han har ennå ikkje gitt opp, for han har ein reserve, nemleg eit skot til i "kruthornet" sitt)
- 2) kule,prosjektil: han hadde fem skot i magasinet; det måtte til to skot for å felle bjønnen; der var så dårleg med vilt, at dei fekk ikkje løyst(eit)skot for heile dagen. 3) ein renning eller ein(årleg)tilvekst på eit tre, lett synleg som topp- og sideskot på gran og furu.
 - 4) skot: tilbygg eller avdelt ytterkant av eit hus; sval; skytje. Også brukt om eit skur eller tørkehus. Vedaskot: skot med plass til brennev Hesvedskot eller trodehus der materialet til korn- og høyhesjane (hesjastaur.hesjatroder,hesjaskorer, hesjastreng og endetollar fo høyhesjane) blir lagra når det ikkje er i bruk.
- Skotgamp, skotmerr: gammal hest som er ferdig til avliving ved skyting

Hit 2.september 1997, A.N.

Talemåte: Få eit skot for baygen (få ei åtvaring i ein eller snnen samanheng)

Skodde, f., samling av ørsmå vassdropar som sviv i lufta, og som lagar seg når temperaturen går ned under doggpunktet med at damp fortettar seg kring kondensasjonskjernar. Skoddebanke: tett samling av skodde. Skoddedott: litt samling av skodde. Skoddeflak: ei langstrakt samling av skodde. Skoddestål: stor skoddebanke. Skoddeyr: yr, dvs. fint regn or skodda. Skoddevind: vind som fører skodde med seg inn frå havet. Myrkeskodde: tett skodde som gjer at det blir mørkt i lufta.

Tett skodde kunne verði stor plage, når folk skulle finne krøtera sine i fjellet, og her er ein gammal eid som var brukt når dei skulle mane vekk Skodda: "Skodde, lodde, du hore-hodde, dra når og ned te `nå Gamlefar din!" Uttrykk: veine si vekk i myrkeskodde `nje (gå seg vill i skodde)

Skoddefòle: humregauk (Scolopax gallinago); låten til denne fuglen minner litt om ei svak knegging: namnet skriv seg frå dette.

Skotholk, m., den bladslira øverst på kornstrået som akset skyt ut av.

Skrat, n., rat; ein dårleg eller ubrukeleg ting.

Skrate, v., sortere ut det som er dårleg eller ubrukeleg; rate, jfr. Skratfisk eller ratfisk: fisk som er sortert ut og går som andre- eller tridjeklasses v. I denne samanheng kan også nemnast uttrykket "Kongens avrat", brukt om ein unngut som "slepp" militærtjenest og blir kjend: ikkje stridsfør.

Skrekke, v., (skrekk, skrakk, skrokke), ta av, bli mager eller skrinn. Det motsette av å leggje på seg:

Skur, m., den øverste rada av nek på ei kornhes. Skurtrode og røvetrode: respektive øverste og nederste troda i ei kornhes. Dei kornbanda som skulle brukast til skur, vart gitt ein knekk på midten før dei vart hengde over skurtrode og litt av stýlen av neket vart drege fram under troda. Dette for å hindre at neka datt av når det kom vind, for skuren hadde ein viktig funksjon som vern for det som var lenger nede i hesa (t.d. når det kom ein regnelling).

Smitl, n., (utt, smihjl el smisjl), ein slags salve, oftast samankokt av harpeis (kvade svovel og tretjere, og brukt mot skabb, ureine sår og sårsauke, dvs, utslett av ulike slag, klåde, etc.

Skrå, f., (fleire skrær). 1) ein bit av eitt eller anna til å tyggje på (tobakskrå) 2) ein skinnlapp eller eit lærstykk, jfr. bikskrå: ein skinnlapp med 1 buk på, brukt når ein skal lage bikatråd (lintråd innsett med bik, brukt som skotråd). 3) brukt om gamle skinn- og lervarer og om sko. Jfr. uttrykket liggje med skrær(r)ne i vêret, eller setje skrær(r)ne i vêret (liggje på ryggen (død) med skoa i veret, eller ha falle baklengs t.d. på glattise). "Å. han liggje no snart mæ skrærne i veiret!" (spottande sagt om ein so ligg alvorleg sjuk).

Skreppe,v., kyte, rose,skryte: dei skrepte av henne fordi ho var så flink til å l.

Skreppe,f., stor lærveske til å bere på ryggen eller ved sida.Nisteskrepe.

Skreppehandlar,m., ein som drog rundt på bygdene(med skreppe) og selde småting.

Skolm og skalme,f.,kløft, opning,kjeft.Skolma (bunden form eintal): I Syvde brukt om lippene på hesten (hesteskolma).Skalme (skolm): tørr, einromma fru som er laga av eitt fruktblad, og som opnar seg etter ryggsaumen og buk saumen.Skolmkapsel eller belgkapsel:tørr einromma frukt som opnar seg etter buksaumen,som er feste for frøa.Skalmerye:tett samling av vikker som er samanfilta med klengjetrådar. Etrebelg: ertebelg. Etr er syvde-dialekt for ert.

Skrede,f., far, merke etter eit skred, Skredfare:fare for skred (i påska er det o stor skredfare i fjellet.)

Skræde,f., rest,avfall; I Syvde brukt om dei (kjøt)trevlane som blir att når dei smeltar ut talg av nyremør og anna innvolsfeitt. Steikt i panne med lit salt og krydder, gjev det ein bra matrett.Kjøtttrevlane i skrædene skriv seg vel for det meste frå kringsakset eller krøset, ei dobbel bukhinne-fald som tarmane er opphengde i.

Skryten,adj., stygg (lite pen) med grimt, grovskore andlet,jfr." Ho va´ skryta d `o va´onge,at `o vart ikkje gifte!"

Sko,m., 1) låg fotklednad av lær,skinn,tøy,plast o.l.: lågesko: sko som når berre oklet; høgesko (snøresko), beksaumsko(beksaumstøvlar), piggsko (brukt til friidrett, gummisko,m.fl.Sko-trøsk:overlær og helkappe(helstykke)t ein sko.Skoutstyr og skomakering: sjå "Jofolket",s.171.

Talemåtar:Kjenne kvar skoen trykkjer(vite kvar vanskane ligg); gå skor ne av seg (vere uheldig med eit foretak, dumme seg ut.)

Eit kraft- uttrykk:"Han er den største tosk som går i to sko!"

Grevsko. hesteko med hakar(stålbrodde) til bruk på glatt vinterføre. Ein seier då at øyken er grevskodd eller skarpskodd, jfr, uttrykket: ei skarpskodd debattant.

Skreid, f., ein framskridande flokk eller hop.jfr."Ei skreid med hestar kom ned rå " Han Hans kom jagande med ei heil bukkeskreid som skulle til slaktings

Skrev,n., 1) den del av kroppen der føtene møtest;kløv ; jfr.." Han vod ut til vatner stod han keilt opp i kløvet (skrevet)!"."Han sette seg til skrev (eller omskravs) over hesteryggen. 2)steg,dvs, avstanden mellom to fot trin når ein går framover(= skrevlengd),jfr.: gå med lange eller korte skrev. Skrevs ,adv.: Han sette seg skrefs over benken.

Skreve,v., setje føtene frå kvarandre; sprikje med beina:stå og skreve.

Skreve på: stige fram i;gå med lange steg.

Skrikke, v., hoppe og springe, og gjere eit og anna byks. Mest brukt om kalvar og kid og andre ungdyr som skrikkar omkring i yr livsglede.

Skrin, n., lita kiste, jfr. mataskrin, nisteskrin, ferdaskrin, smekkeskrin, pengeskrin,

Skrinn, adj., tynn, mager, saftlaus, tørr, jfr. skrint kjøt, skrin jord,

Skrinnest: ta av, magrast, skrekke. "Dyra i skogen skrinne (el. skrinne) gjerne ut over vårane når det blir smått om mat".

Skrubbe, f., Skrubbar (Cornus suecica).

Skrukke, f., rukke; ein brett, ein skrukk, ein ujamn og knudret del av ei flate.

Skrukke, v., knurve, lage skrukkar på t.d. eit klæsplagg. Skrukketroll: (landdyr av ein) familie i klassa krepsdyr; Oniscus. I vanleg tale brukt om fleire st. innsekt med rukket og stripet skal.

Skrulling, m., ein tomsing, ein tulling full av rare griller.

Skrye, v., harke og hoste opp slim frå halsen. Skrye, f., slim i halsen.

Skugge, m., mørkt område bak ein ugjennomskinleg ting som ei lyskjelde lyser mot.

Skuggeredd: som er redd skuggen sin; som er redd utan grunn. jfr. "Den karen er kje skuggeredde" (han er ein djerv og uredd kar som ikkje er lett å skreme). Skuggeboksing: boksetrening utan motpart.

Skuggål, m., glatt, hard is, jfr. "Det va' blånke skuggål på veia, so der va' mest oråd å fote si! - og skulde du køyre, måtte det vere me' ein grevskodd øyk!".

Skumhatt, n., skumlag over ei vāske, td. på toppen av eit ølglas.

Skryle, v., gråte høgt og skrålande (mest brukyt om barn): "Du må slutte med den skrylinga, elles skal du få juling!".

Skråve, v., gje ein raslande eller knitrande lyd: det skråve i papiret og i gammalt, turt lauv under føtene.

Skumpe, v., puffe; gje ein trykk: Han skumpa bort i meg; han skumpa meg til sides; han skumpa bort i bordet så det riste.

Skrækje, v., tale høgt med ein skjerande, skrapande lyd, som kan minne om skriket frå visse fuglar

Skumring, f., skyming; tid på dagen med halvlys, særleg tida mellom at sola er gått ned og til det blir heilt mørkt: skumringstime, skumringstid: "Det va' særle' på dinnje tidenje når vi bonnja v'innje me' nå bestefar, at hanj fortalde om gamle dage".

Skurve, f., 1) sårskorpe 2) skorpe(r) i skalet på frukt og poteter: skurvete eple (skurvete potete(r)). Skurvesykje: sauesjukdom som lagar sår og skorper.

Skusle, v., bruke planlaust, spille, øyde, jfr. "Han skusla vekk arven sin, og sat a like naken som før.

Skutel, m., lang og smal reidskap med tilkvesste endar, brukt til å skyte veften frå og tilbake mellom trådane i renninga med.

Skue,v., (skue, skua(el.skudde), skudd),skyve frå seg, dytte,puffe.Jfr." Han skua båten frå land, og sette seg til å ro": "Han skua (bort i) meg så eg dat ut i elva." "Lasset var så tungt at han måtte skue i dei verste kneikane, og der det var på det brattaste , skudde dei alle i hop!". " Han hadde so nær skua meg i koll!" (over ende).

Skvaldre,v., tale høgt og ståkande;skravle.Skvaldrebytte: skravlebytte. ordgytar.

Skvelje, ,v., strøyme fram; gulpe, kaste opp. Mest brukt om småbarn som"skveljer og mjølk",etter å ha fått i seg for mykje.

Skyle,n., eit lite rom til å gøyme seg i , eller krype inn i for å finne livd: eit skylle under ein stor stein , ein berghammar, eller liknande-

Skygne,n., eit skur,eit lite ope hus eller hyskje. Mest brukt i uttrykk der ein person vil uttrykkje"smålate", jfr. følgjande ordveksling: Herr A:" Eg høy: at du har bygt deg nytt naust!", Herr B: "Ja, det er kje store greiene men eg har nå sett opp eit lite skygne!".

Skjør,n., surmjølk; mest brukt om den tjukke surmjølka som lagar seg ved naturleg surning av ferskemjølk (søtmjølk) eller nyseparert mjølk.Jfr, åfalleringe og rømmekolle .Ordet skjør blir også brukt om den tjukke, kvite væs son finst i visse umodne frøkjerner (hasssel og kornfrukter) og som utviklar seg til frøkjerner (kime og frøkvite).Skyrkøst: ostestoff som f ut når ein varmar opp skjør: Skyrmyse:myse (valle)frå skjør.Skyrost:ost l. ga av skyrkøst.

Skyrbuk,m., skjørbuk (Scorbutus); sjukdom som melder seg når det blir for lite vitamin C i kosten. Tidlegare fekk sjøfolk ofte denne sjukdomen,som dei mette hang saman med mykje bruk av skjør,som var ein del av den gamle skipkosten.Fagnamnet Scorbutus skal ha utvikla seg frå gammalnorsk skyrbjúgr via hollandsk scheurbuik og engelsk scurvy. Alt dette var sjøfarande nasjonar som kjende vel til sjukdomen.

Skyrpe,v., (lydord),blåse gjennom munnen så lippene dirrar; mest brukt om dyr, og særleg om hestar: hesten stod og bles og skyrpte.Også folk kan i visse høve skyrpe så maten sprutar ut av munnen, t.d når dei"svelgjer rangt" (får maten i vrangstrupen), eller ved ukontrollert hoste.

Skyrskjelte,f., skjelte, frostflage som startar i mageregionen. Kan melde seg ette for stort inntak av kaldt skjør(jfr. namnet).

Skytje,f., 1) tilbygg til ei løde; eit smalt rom på sida av huset,2)I løder bygde stavar (ein eldre byggemåte),er skytja det smale romet som er mellom staveane (stavrekkja) og sideveggen.

Skytoke,m., (utt, skytokje), ei lita sky.

- Skyss,n., skysse, føre farande folk; båtskyss, hesteskyss, jormorskyss, presteskyss
Skysslede, skysskjerre: finare køyredoningar brukt til skyss eller til sta
Skyss,også brukt i tydinga jage vekk, sende vekk ,jage (nærgående elle:
innpåslitne personar; dyr som er komme dit dei ikkje skal vere,etc.)
- Skål,f., lite, meir eller mindre rundt kar;fruktskål, ølskål,m.fl. Gje att i skåla
gje bruregåve, skålegåve,bryllsupsgåve. Talmåte: "Han slær ikkje si skål i
benken!", Han er gjerne med i eit lystigt lag!
- Skåre,m., ei rad med avslege høy på ei eng:långorvs-skåre (langorvs-skåre), maskin
skåre. Rake høyet i skårar: rake høyet i strimlar eller høyskårar.
- Skøde,v., sjå roleg og granskande på.jfr." Han sat og snudde og skoda på den nye t
sleiva , som han nettopp hadde gjort ferdig." Talemåte:" Du skal ikkje sku
hunden på håra og fanten på fillene!"-
- Skjæne,v., tørke , tørke opp,jfr." Skone hass sto so lenge ute i sole'nje at dei
va'heilt oppskjænte!".
- Skjæning,m., tørke, tørkebolck, td. langvarig tørke med solskin som skader avlinga.
- Skjær,adj., ferdig til å skjere (om åker),jfr." Konnj'e he'mata si godt i det sist
(kjernene i korna er blitt faste og harde; har gått over frå å vere mjuk
skyr), så no e' åkren snart skjære og skuren kan bjâynde(ta til).
- skjær,adj., rein , ublanda, jfr." Ditta va' jammen sterkt, i trur det e' reine
og skjære spriten!"-
- Skjøns , el. skyns, adv., på skrå, skeivt, jfr. " Dei va' færige me' slåtta, o'
långorva o' rivene'nje va'sette på skjyns opp ette' veggja".
- Skjør,n., skjót, utfall, skjørr,jfr:" Du får gjere eit skjør etter gjeitå, o'jage
dei opp i markja!".
- Skjól,n., ein feil i munnen på hestar, slik att tannkjøtet går inn over tennene (o'
"skjuler" dei.
- Skjór,f., svart og kvit kråkefugl med langt vele. Skjorareid: stort og lett synleg
reir som skjora bygg i tretoppar.Skjora er kjend for å vere ein "uærleg
fugl , som naskar og stel, særleg alt som blenkjer,og skjorareid blir
stundom brukt om ein tilhaldsstad for tvilsame individ,
- Skjoret,adj., brukt om svart- og kvitrosete klær,som i mønsteret kan minne om ei
skjor,jfr." Det va' fælt so skjorete ho var i dag!".
- Skofte,v., vere borte frå arbeid eller skule.
- Skoft,n., det å skofte,jfr" Det har vore mykje skoft på den arbeidsplassen i år".
- Skoglid,f., bergside med skog,
- Skogaløde,f., høyløde i skog eller utmark; utløde.
- Skogateig,m.,eit langstrakt utmarksområde med skog på, avgrensa med visse merke
(bytesteinar) under eit jordskifte.

Skøre ,f., hakk, skar, merke: han skar ei skore i kjeppen med tollekniven.

Brukt m.a. om dei einskilde merka på ei stangvekt eller bismarvekt, der ein flytter loddet utover stanga etter kvart som tyngda på vektkroken aukar, til ein når øvste skora (som er det maksimale av det vekta kan tole (brukast til), Jfr talemåten: å ta opp i høgste skora ,dvs. å presse kunden maksimalt. Det er lovleg , men ikkje særleg velsedd.

Skør-spo,m.,(fl. skorspøne(r)), korte bitar av tverved som kjem fram når ein høg over ein trestomn med øks.

Skrangle,v., klirre, rikte, skramle: Skranglekjerre:skranglet , utbrukt kjøretøy.
" Denne bilen er den reine skranglekjerra!"

Slabenk,m., benk til å slå opp mot veggen,og slå ned for å bruke han som seng.

Sleikje,v., stryke over med tunga, slikke, Sleikjepott:peikefinger. Slikkepott:rei skap til å skrape matrestar av kjørelid med. *)

Sleipe,f., 1) lag, vedheng som gjer at noke blir sleipt; slim, 2) grønsleipe: mes brukt om blaute, slimete vassplantar.

Slentr,m., oter (Lutra), Talemåte: "våt som ein slentr", brukt om ein person som som kjem frå eit vås, gjennomblaut"så det renn av han".

Slentre,v., gå makeleg og avslappa: gå og slentre omkring.

Sli, n., slim , seig væske. Sli-taum : Slimtråd som " stekk" frå kjønnsdelen av kyr når dei løyp (er i brunstperioden).

Slie,f., slimliknade masse av vassplantar, t.d. på botnen av eit vatn; jfr. stadnamnet Slivatnet. (= dyngje).

Slintre,f., ei seig hinne i kjøtt, ein seig kjøttrevl.

Slipe,v., slipe,kvesse. Slipestein. Slipesteinbrye: eit trau under slipesteinen ti å ha vatn i ,for å halde slipeflata rein og våt. Slipegør: kvatgør: grums som smlar seg i slipevatnet i slipebrya.

Slikje,v., vere glatt og glinsande: " Det va´ ein slikjande fine hondsonge!"-

Slite,v., 1) dra,rive ,tøye noke så det går sund, jfr." Du kan slite av stylken, m det beste er å slite opp ugraset med rota!". 2) nytte mykje og lenge så bruken set tydelege merke: slite (på ,eller slite ut) sko og klær.

Talemåte: Der er rikeleg utkome både til bitande og slitande (både ti mat og klær). Slit,n., mein eller skade i musklar eller sener etter e skadetak eller utak. Ein slitar: eit trurøkje arbeidsmenneske. Slit med helse: frase som ofte blir brukt i samband med at noken får e nytt plagg eller nye sko.

*) Talemåte: Den som ikkje ete seg mette, han heller ikkje sleikje seg mette!
Brukt t.d. når det er spørsmål om å få med seg dei siste restane av eitt eller anna (som ein har rett på).

Slitne,v., 1) breste , ryke: slepetauet slitna; skoreima slitna.2) gå frå kvarandre bli usamde: venskapsbanda mellom dei to slitna.

Slitte,v., drage.rykkje, slite og drage på eitt eller anna,jfr. " Ho for og slitta og drog på den tunge kjelken heile den lange vegen!"

Slève,v., sikle; slette seig vāske (spytt, rāke) ut av munnen.Talemāte: sleve ett. noke (ha lyst pā),jfr." Ho har gātt og sett pā,og slēva etter den ringlengde!". "Sleve so det rennj'e!"(gje uttrykk for si lystkjensle,ved sterksleving). Hundar slevar ofte"so det rennj, e" nār dei ser eitt eller annasom dei har sterk lyst pā, men som dei ikkje får tak i.

Slire,f., 1) hylster, futteral for kniv. sabel, sverd,o.l.: stikke kniven i slira Sliresaum: ein spesiell syteknikk, brukt m.a. til slirer.2) vagina.

Slire,v., gi, ikkje gripe; slure,jfr." Viftereima slira, sā motoren fekk ikkje kjøling".

Slóg,n., innvolar frå fisk; fiskelog (= gør og gjenne:innvolar og tarminnhald (= g Slóge ,f.1) slep,etterslep; noke som ein dreg etter seg, td. eit tilheng av grein og tre til eit lass, for at det ikkje skal gli for sterkt nār ein køyre ned ein bakke. 2), grein eller tretopp som ein dreg høy pā ned ei fjel side. Skulle sloga vere stor og ta mykje høy,laga dei gjerne sloga av bjørketoppar som dei la jamsides,og batt saman med eit tvertre eit styk ovanfor rotendane . Slik fekk dei eit greide,som ein mann kunne gå in nār dei skulle drage sloga. Slógeveg: ei stripe i skogen det er jamna s pass at ein kan drage der ei sloge.

Slogsild,f., sild som inneheld berre "slog" og ikkje rogn eller mjelte.

Slòk,n., kvenneslòk: ei stekt hallande vassrenne som fører vatnet frå kvennadamen og ned mot spjelda av kvennekalen.

Slokken,(partisipp av slekke (slekk, slokk,slokke ; slokne(av seg sjøl),slutte brenne.).slokna 1) om lys eller eld 2) i forma slokkjen: modlaus,oppgidd jfr. " Han vart heilt slokkjen dā han fekk høyre at faren hadde gātt kon kurs og mist alt!". (jfr. "No slekk'e lampen!" dvs. no sloknar lampen!)

Sløkkje,v., (syvdedialekt: slekkje).(sløkkje , sløkte,sløkt),1)fā til ā slokne; sløkkje (el.slekkje) lampen, sløkkje lyset;"det va'myr(k)t o' slekt i hu'sa"(det var mørkt og sløkt i huset). " Han låg der me'tome o' slekte au'e" (døde og glanslause).2) gjere om inkje,ta bort:sløkkje all von!; sløkkje tørsten; sløkkje sorga.

Slokne,v., gå ut (om eld som held opp ā brenne); elden slokna pā grua, lyset s na i staken. Ogsā døy, somme vekk.jfr," Han slokna stilt o' role' som ei utbrent ljøs!"-" Ho nådde han ikkje i live.Han va'alt slokna dā ho kom fr

Slubbe,v., 1) spille,søle (om væske);slubbe med vatn.Ein slubb eller slubbert: ei likeglad fyr; ein slappfisk.Ei slubbe: eit slubbet kvinnfolk.

Slubbeduk: slabbeduk; ein klut under haka som tar av for væske og mat restar når ein slubbar under måltidet.(jfr.sleveduk,slevesmikke for ba

Slumse,v., gjere noke "fort og gale", vyrdlaust:han slumsa mjølk i glaset så det skvatt!jfr. " Ditte må gjerast skjikkele". Her går det kje an å slomse!

Slurpe,v., drikke,supe i seg i lange drag med ein surklande lyd.

Slurk,m., munnfull, sup ,svelg; ta seg ein slurk; ta seg ein slurk av flaska.

Slute,v., hange ned; glidande , nedgåande"linjeføring"i eit landskap,jfr." Den bra bakken slutte(eller sluta av) ned mot elve, dvs. han vart gradvis slak re ned over mot elva. Slutherda: med nedhangande skuldre,jfr. Ein slut-her(d)a kar. Slutøyrd (el. slukøyrd),1) som har nedhangande øyre (ein slutøyrd sau, ein slutøyrd hund).2)modfallen,nedfor. jfr."Han Per var no så slutøyra (slutøyrd) då han kom heim.etter å ha sett at stormen ha øydelagt båten hans!"-

Slye,f., 1) ein lang og ulenkeleg skapning,ffr. talemåten: ei långe slye(ei lang slye). 2) ein omrekande (herrelaus) hund: ei hundeslye.3) som skjellsord i tydinga ein upåliteleg rekarfnt og dagdrivar; ein som "slyng bygda!"

Slysne,f., uheld, uheppe ,skade; gjere ei slysne: vere ute for eit leidt uheld.jfr " Han var alltid så uheldig. Alltid var han ute for ei slysne!"

Slåtte,n., utslått; eit område utanfor bøgardane der dei slo gras til vinterfôr f husdyra. Slåtta hadde sine namn, og kvar gard hadde sine hevdvunne eller tildelte slåtte. td. Storeslåtten under Brandefjellet og Blåfjellslåtten under Blåfjellet (i Nordalen). I dag er det lenge sidan slåtta var i b som slåttemark, men namna heng ennå att fleire stader.

Slepe.v., 1) drage, drasse med seg; jfr."Han slepte og drog på alt for mykje (unø digt),når han var ute og reiste. Sleperive: reidskap til å dra saman høy med på eit jorde, jfr. Han spente hesten for sleperiva og gjekk i gang med å drage fram høy til hesjane". 2) arbeide hardt,slite, streve.

Slep,n., noke som ein dreg etter seg: eit brureslep; ha ein båt på slep; ha ein ung flokk på slep. Ein slepar: ein flittig og trufast arbeidar.

Sløg,adj., lur , slu: ein sløge kar (ein lur, utkropen fyr, som det er vanskeleg å " hamle opp med !)

Sløgje,v., (sjå slog,fiskeslog) ; skjere opp fisk og ta ut innvolane: sløgje torsk sei, laks etc.

Smal,adj., 1) ikkje brei (om flate); ei smal tøyrimse; ei smal rim; vegen er smal. 2) grann, tynn: ho var smal om livet.3) knapp tilgang på mat,jfr . uttry "smal i kosten" og"Smal-Hans"

Smalemånen: den første månaden då ei kvinne er gravid (?) (er kvalm og har lite lyst på mat)-

Smale, m., samnemning for sau og geit. Smalekrøter: saudesmale og geitasmale.

Smalefjøs: den delen av fjøsen der ein har smalen, ofte avdelt med vegg frå kufjösen. Smalemèle, smaletad: hardtrakka gjødsel i ein saude- eller geitagare (dei avdelte roma for sauer og geiter i smalefjösen.)

Smalekjøt: kjøt av småfe (sauer og geiter); kanskje mest brukt om sauekjøt.

Smale, m., flokk, hop, jfr. uttrykket: heile smalen (heile flokken; heile hopen.

Smalne, v., bli smal (are) .

Smatte, v., (lydord), lage ein smellande lyd med munnen når ein et eller smakar på noke. Smatte på hesten, for å få han til å gå litt raskare.

Smeit, m., forted, vondsinna prette, uvenleg handling, jfr. " Han gjor(d)e mi ein stykke smeit 'anj Ola i dag. E hadde kje venta mi noke slikt ta hånå!".

Smellfeit, adj., svært feit, i uvanleg godt hold; smellande feit (om dyr).

Smelte, v., brøde, gjere rennande ved oppvarming, jfr. smelte eller brøde smør; smeltetalg.

Sme(i)ren, adj., ein ekkel, kvalmande smak som byr ein i mot.

Smette, v., (smett, smatt, smotte); føre, stikke gjennom ein opning; trengje seg fram gjennom ein opning: smette tråden gjennom nålauga; smette seg gjennom eit holi veggen ; hønsa smatt ut gjennom eit hol i gjerdet.

Smøtte, f., smal opning som ein kan smette i gjennom, jfr. " Kaninene hadde funne si smøtte og kjème si ut o' rømt til skogs!".

Smed, m., handverkar i metalarbeid: grovsmed, finsmed, gullsmed, sylvsmed.

Smi, v., (smi , smidde , smidd), gjere smedarbeid. Talemåtar: Passe på som ein smed (passe nøye på når noke vanskelg skal gjerast): " Når du he mange jarn i elden, då svide som oftast det eine!" (når mykje skal gjerast samtidig, vert oftast noke forsømt). Det gjeld å smi medan jarnet er varmt (det er viktig å nytte høvet når det byr seg).

Smide, v. skjere med kniv i tre: smide spøne til å tende opp i omnen med. (Spo eller spon, m., tynn skive av tre: Fleirtal: spøne (spøner). Smide til ein gjættstav, ein trenagle, ein tynnetapp. etc. (Smide til: gje si rette form med kniv).

Smie, f., hus , rom til å smi i; verkstad for ein smed. Her til: smiebelg (blåsebelg), smieavl (avl, esse), smiekol (trekol), smiested (ambolt). smiehammar.

Smitl, (utt. smihjl), n., heimelaga salve av svovel , tretjere, kvade eller harpeis: ofte er også lyse (tran) tilblanda. Brukt mot klåde (skabb), sårsauke (utslått) og gamle sår.

Tretjere var tidlegare eit universalmiddel i folkeleg terapi, både for folk og fe. I smitlet vart legeeigenskapane til tretjera forsterka ved at den vart samankokt med dei andre nemnde ingrediensane.

Lyden "hjl" får ein til ved å setje tungespissen opp mot framtennene (i ov munnen) og blåse ut luft (på begge sidene av tunga) medan ein slappar av ar sikt musklane. Same lyd i hatl, krutl, sutl, etc.

Smitter, el. smitt, m., lite grand, smule, litt, jfr. " Kan du sende mi ein smitter me' smør, Anna?". " Nei , han fekk ikkje mykje, berre ein liten smitter!".
Talemåte: smitt og smule: alt i hop, rubb og rake." Han tok med seg kvar smitt og smule då han reiste!".

Smokk, m., 1) fingersmokk: hylster til ha på ein (skadd) finger. 2) tåtesmokk: gummi-hylster med hol i til å ha rundt ein flaskeopning slik at småbarn kan su drikke or flaska, jfr. tåte.

Smolt, n., feitt utsmelta frå slakteavfall frå gris og av anna grisefeitt, Brukt ti matlagning (smoltringar) og som salvegrunnlag i apoteka. Til dette for målet, meir vanleg tidlegare enn i dag.

Smolt, m., laksunge i utviklingsstadiet.

Smoltne. v., bråne, smelte, jfr. "Det hadde vore so heitt på kjøkena at smøre va' smoltna då dei skulde hente det o'sekkje(setje) det fram!".
"Anj smoltna(r) fort snåyen (snøen) no om daganje ette'at det vart luke o' sola fekk kome til!".

Smùkle, v., skjere til eitt eller anna av tre; forme, jfr. " Han sat o'smùkla på ein trelappe-botn meda `anj prata o' fortalde".

Smyte, el. myte, v., lure, gøyme, jfr. " Han mytte si (seg) vekk for å sleppe å vere med i tungarbeidet"(han lurte seg bort..) " Han for og mytte seg for at ingen skulle få vite kva han dreiv på med".

Smuldre, v., løysest opp (av nedbrytande krefter): bli til mindre og mindre bitar; forvitre: Den gamle trerota i skogen smuldra vekk etter som åra gjekk. Ja, sjøl ein stein kan smuldre opp og bli til sand og jord når han får tida seg! Smuldre, verb med objekt: smuldre åkewrjorda (findele klumpar i åk jorda).

Snake, v., snydje, snuse: leite etter eit kvart, særleg mat. Snakebykkje: 1) ein hund som går og snakar etter mat, 2) ein person som går og snusar og snyd for å skaffe seg kunnskap om eller innsyn i eit eller anna (ein"spion")

Snakedag, m., ein dag (ei tid) då det er skort på eitt eller anna. Talemåte: Etter kakedag kjem(e) snakedag (etter ei tid i overflod, kjem det(oftast) mag tider).

Snare, v., vri , tvinne. snu rundt, jfr. " Hesten snara seg fast i fotbandet(tjoret)."
" Dei snara ihop fleire trådar for å få eit sterkare band.

Snar, n., 1) snur, kast, lykkje, t.d. på ein tråd, 2) buskas, kratt, skogholt.

Snaratvare, m., kverulant; ein som alltid skal snare og vri på orda i ein diskusje eller samtale




Fig.

Dekorert smørkanne i tre

Smør, n., Næringsmiddel som ein lagar med å kinne fløyte av kumjølkk; mjølkefeit
Smørsalt: finsalt; tidlegare laga (til husbruk) ved å knuse grovsalt med e flaske, som dei rukka over saltet på ei (spekke)fjøl. Smørkanne: kanne (kar til å ha smør i. Smørkannene kunne vere av krusety eller av tre, td. slik som staskanna vist på fig. Smørøskje: enkel tredåse til å ha smør i. Smørform: firkanta treform som tok ca. i kg smør. På innsida av forma var det innskorne figurar og mønster, som "kom att" på utsida av smørklumpen når forma vart teken av. Slike dekorerte smørklumpar vart helst lage til dei store høgtidene, til bryllaup og liknande. Smørbite: flatbrød påsmurt smør. Smørband: omslag med usalta smør. Vart: tidlegare ofte brukt på mindr skader både hjå folk og fe. Smørtjuke (el. smørkjuke): nykinna smør forma som ei halvkule. Smøraue: ein smelta smørklump midt i grautfatet til å duppe i. Smørlukke: det å kunne lukkast med å få smør. Når rømmen var av svært dårleg kvalitet, som den ofte kunne vere i eldre tider, kunne dei kinne og kinne utan å få smør. Då sa dei at dei hadde mist smørlukka !.

Snerke, v., (snerk, snork, snorke), 1) krympe, dra (trekkje) seg saman, minke i omfang: Ulltøy har lett for å snerke, 2) luske seg vekk, fjerne seg, jfr. "Hjorten gjekk lenge og beitte oppe i sletta, men til slutt snork han seg vekk". 3) gå tynnklædd og småhutre (medan ein ventar på eit kvart).

Snerk, m., ei samanskrumpa hinne, slik ein kan sjå den på kokt mjølk.

Snedden,adj., gløgg, kvikk ,omgjengeleg,jfr." Det var ei snedda kjelle!"(ei lika des jente).

Snerten,adj., snedden, rask i vendinga,lettbedd. Snerte.adv.Det va´ snerte gjort!

Sneid,f., ei avskora skive,jfr." Han skar seg ei dugeleg sneid av fenalåret!"

Sneidord,n., skose, spitord,fantord,jfr." Han skaffa seg mange uvener, for han var alltid ute med sneidorda sine!"

Sneis,f., mengd,tal på tjuge: ei sneis egg (eit tjug egg). Sneisevis:i sneiser, me devis."Der hadde samla seg sneisevis av folk for å sjå på!"

Snik,n., råmjølk

Snike,v., stryke råmjølk ut over lefsene før steiking for å gjere dei kvite og glisande.På den måten får ein sniklefser, som er (var) ein populær variant av dei vanlege lefsene.

Snik,m., ein person som skaffar seg føremunar på ein lur eller uhederleg måte

Snikje,v., prøve å lure seg til eitt eller anna.Snikreklane: underfundig reklame. er på grensa av det lovlege.

Snev,m., aning, lite utslag; keim: ein snev av forkjøling.

Snurten,adj., furten. småfornærma, tykkjen.jfr." Ho vart snurta på mi fordi e kriteserte kjolenj `nja!". (... fordi eg kriteserte kjolen hennar).

Snev ,el.snever,adj.,knapp,trong, i mi nste laget,jfr." Dinnje trøyå di e´ litt f sneve i armanje!"

Snøk,m., dunst eller drag av pirrande godlukt: ein snæk av steikt løk.

Snåsse,v., vimse,skunde seg, mase og vere uroleg for eit kvart.

Snåssing,f., vimsing , annsemnd,ekse,jfr. " Han er i ein fæl snåssing i dag!" (Ha er i eit fælt ekse i dag; han var uroleg og usikker).Uttrykket vart brukt av ei kvinne i barselnød, då dokteren som var henta, storma inn i huset.

Søge.f., amme. Når dei i eldre tid skulle til kyrkje med dåpsborn vinterstid, og mora var for veik til å vere med, fekk dei med ei av grannekonene som hadde mjølk i brystet som søge. (Så lenge den (usæle) trua rådde, at udøypte born hørde djevelen til, måtte dei ut i allt slags vêr for å få borna døypte. og det var særleg i slike høve at dei hadde bruk for søge.

Sòd,n., vatn eller væske som noke er kokt i (potetsod,fiskesod,kjøtsod, etc)

Solle,v., bråke, larme, jfr." De må kje solle so fælt ,onga!".(de må ikkje halde så fælt leven!).

Soll,m., ståk, bråk ,uro. Talemåte:Å sånke (sanke) soll på:samle seg omkring nok og vere nærgående,jfr." Dei sånka soll på tjuen o´ trua me´ å jule `nå opp!". " Buskapen sånka soll på hondenj når dei syntes at `anj vart for nærgående!"

Sodd,n., kjøtsupe med gryn og grønnsaker

Sodden,a., råvarm (om luft), jfr:" Der var heitt og sodde i romet"." `Anj e` heite o´ soddenj i dag!" (det er varmt og fuktig i lufta i dag).

Soppe,f., skyr (surmjølk) blanda med småbrote flatbrød(= skyr SOPPE).Rjømesoppe: soppe laga med ,skyr og rjøme (rømme).

Sorp,n., rusk og rask som kan rotne og bli til jord. Sorpedunge: Tidlegare hadde mange gardar ein sorpedunge i utkanten av tunet. Dit kasta dei husavfall, fiskeslog, lauv, hageavfall o.l. og blanda det med (torv)mold. Resultatet vart ei feit jordblanding som kunne brukast til gjødsel.

Sol,f., sjøllysande klote (klode) som er midtpunkt i eit planetsystem; fiksstjerne. Til dagleg brukt om "vår" sol, som jorda er ein av planetane til.

Solaue (solauge),f., solskiva slik ein ser den gjennom eit tynt skylag, dis eller eit sota glas.

Solrøv,m., brukt om solvarmen som ein "lurande røv"(rev),som får oss til å bli dor og late. " No må du passe di so ikkje solrøven tæ di!": ein talemåte som ein stundom høyrer brukt for å "skrame" og vekkje noken som held på å somne i solvarmen. Talemåtar;Når ein snakkar om sola,so skin ho (sagt når ein som ein nettopp har snakka om dukkar opp). Det finxt ingen ting nyt under sola (dvs,på jorda).Når sola går i veat, arbeider den late best.

Soleihov,m., Caltha palustris (omrisset av blada minner om ein (heste)hov.)

Soldogg, ringormgras (Drosera rotundifolia), Kjertelhåra på bladplate løyser opp dei insekta som blir hangande fast. Myrplante.

Solv,m., soplime laga av bjørkeris:

Sopp,m., trollhatt (brukt som gruppenamn for hatt soppar).Folk var redde for å bruke hatt soppar til mat,fordi dei visste at sopp kunne vere giftig (jfr, namnet trollhatt).

Sorphøne,f., snurrebass, eit leiketøy for born.

Sorpekrå,f., kråa bak omnen, der dei samla rusket når dei sopte golvet.Omskråa. I kveldseta , i eldre tider, dreiv karane ofte med litt trearbeid inne i stovene.Spøner og anna travfall frå dette arbeidet vart sopt bort i sorpekråa (omskråa) og brukt når dei skulle tende opp i omnen.

Sot,n., røyksverte;karbon frå karbonhaldig materiale som ikkje er heilt oppbrent. Når parafinlampen får for mykje olje i veiken, og dermed for lite luft, (oksygen), set den av sot i lampeglaset, jfr." Du må skrue ned lampen, Birte, for du ser at han sotar. Sote:setje av sot.Skorsteinspipa er full av sot!

Sotaks,n., soppsjuksom på korn som gjer at akset blir svart av soppsporar frå sotsoppen.

Sott,f., ofte dødeleg sjukdom,jfr.helsott(sjukdom med dødeleg utgang.Farsott: smi sam sjukdom; Gulsott,lungesott,m.fl, Sotteseng:mest brukt i eldre tider om folk som låg lenge til sengs av ein alvorleg sjukdom, jfr." Han døde på sotteseng ".

Spann,f., el.n., rundt kar med bøyel til å bere i: blekkspann,mjelkespann, bærspann etc. Halvannakannaspann: spann som tar ca.3 liter. Kanne: gammalt ho mål for vêske. Det same som to potter eller 1,93 liter.

Spann,f., fingermål a) styttspann: avstanden mellom spissen av tommelfingeren og spissen av peikefingeren, når fingrane er utsprikte.Långspann (langspan den tilsvarande avstanden mellom spissen av tommelfingeren og spissen langfingeren. Spanne,v., måle med utsprikte fingrar.

Spannar,m., ei insektåme som "går" ved å flytte framenden og bakenden skiftevis, liksom når ein spannar med fingrane .

Spe,n., hån, spott: bli til spott og spe (kome i vanry; bli til skadefryd i byg

Speiss,m., buske eller ris til å jage eller slå med,jfr.Du må gå og skjere di ein speiss o´ jage kjynne opp om garanje!" " Du skulde hatt ta speissa, din fante!".

Spenol ,utt.spenål ,m., jarnbolt som går ut frå kvernkallen og driv kvernsteinen rundt med hjelp av siglet,dvs . eit jarn som ligg tvers over spenolen.

Sperre,f., skråbjelke under eit tak. Sperrepar: to sperrer som møtest under takryg

Spidd,m., tynn,kvass jarnpinne brukt til å steikje noke på over open eld: Steikje kjøt på spidd .

Spike,v.,knuse, slå i småbitar.jfr." No må du passe di so ikkje du spika skåla!".

Spilder,adv., heilt, fullstendig: han var spilder naken, eller spildrande naken.

Spildre,f., langt, smalt og tynnt trestykke; ei tynn og smal fjøl. Spildreverk: nc som er laga av tynne spildre , og som det derfor er dårleg hald i. Brukt nedsetjande meining.

Splite,v., spjere, rive sund,jfr. " Ho steig so hardt til at ho splita stakken!".

Spjöt ,n., Gammaldags stikk-og kastevåpen, når uttala med trang "o" (=ó) .I syvde målet,i visse samanhengar,brukt om eit langt skaft, ei stang eller trod jfr." Han hadde funne seg eit langt spjöt og dreiv og skulle rive ned ei skjorareid frå tunbjørka!".

Spjöte,v., fikte , peike med ein lang stav, ein paraply eller liknande.jfr: " Han hadde tjent i bya,og vorte so fine at `anj gjikk o´spjöta me´ ein paraply, enten det va´sol elle´regn!"-

Splint,m., reisande tater. Splintebøle: splintefølgje, fantefølgje; ei gruppe eller eit følgje av taterfolk.

Spolmakk,el. spolorm,m., innvolsparasitt; rundmakk av slekta Ascaris.

Spong,f., fl. spenge(r), ei tynn, smal metallplate brukt til skoning (beslag).

Spo,m., (fl. spøne(r),flis eller tynne skiver av tre eller metall.Jfr: smide spøne av ein tørr kjepp til å tende opp i omnen med:Hyvlespo: hyvlekaur,hyvlefl Jarnspo el. jarnspon:avfall frå jarndreining.

Sponbork, utt. spombork,m., bork, eller rettare kork (Suber) frå korkeika. Bestefar (Erik), brukte alltid ordet spombork i staden for kork.

Spitord,n., skitord, fornærmande og sårande ord og uttrykk.

Spjåke,v., pynte, stase seg til, meie seg ut.jfr."Det va´ då fælt so ho hadde spjåk seg ut!". Spjåkeri: det å spjåke seg til på ein smaklaus og utfordrande eller narrevoren måte. (Spjåkeri,n.)

Spór, el spord,m., hale på fisk; fiskespór.

Sporv,m., 1) gråsporv 2) i samansette ord,fugl av art i finkefamilien; gulsporv, snøsporv,m.fl.Sporvetaind (sporvetidend):Tidlegare: ein skatt eller tid end til kyrkja (som låg til visse gardar) for at prestane skulle be om at sporven ikkje øydela kornhausten. Talemåtar:Å vere ein sporv i tranedans (vere underlegen i ein viss situasjon);Å skyte sporvar med kanner (bruke overdimensjonert utstyr;bruke unødig energi på ei sak).

Sporvehauk,m., liten hauk som særleg jaktar på mindre fuglar (Accipiter nisus).

Sporenstriks,adv.strake vegen, beinveges,jfr:" Ho for sporenstriks heim og fortalde det til mora!".

Sprake,v., knitre. Det sprakar i omnen når ein fyrer med visse slags ved , t.d. ved av nåletre og einer.(Desse vedslaga har små oljerom som"eksplodere" når veden brenn

Sprale,v., sprette eller vri kroppen eller lemene hit og dit. jfr.: "Raudemakken sprala på ongelen, og dei nyfiska kredene låg og sprala på elvebakken"

Språke,v., bruke ord og vendingar som er framande eller ubrukte i heimemålet; tale tilgjort og unaturleg, knote,jfr." Han hadde vore i bya nokre vike, o´ kom heim atte o´språka!".

Sponseklut,m., Når sponset (loket) på eit mjølkehylke var utett,la dei ein klut over sponseholet og trykte spunset ned i,slik at det vart tett.Det var dette tøyestykket (kluten) dei kalla for sponseklut.

Sprekk,m., eller sprekke,f., brest, rimne (rivne),jfr." Det va´ fullt av sprekke(r i isa", " Det kom kald trekk inn gjønå (gjennmom) sprekkene i det gisnhuset".

Sprekke,v., (sprekk, sprakk , sprokke),1) få, slå sprekker, breste , klovne, riv: glaset sprakk, pølsa sprakk; han sprakk i målet, 2) skilje seg,breste: mjølka sprakk,majonesen sprakk.Talemåtar;" Han sprakk av sinne", "Han så han heldt på å sprekke!".

Sprengje,v., (sprengjer,sprengde,sprengt),1) få til å breste, sprekke ,eksplodere; kløyve, knuse , splintre: sprengje ei mine,ein stein,ei låst dør: sprengje noke i lufta 2) sprengje mjølk: få mjølk til å breste.Hertil: Sprengje,m.,stoff son ein set til søtmjølk for å få den til å breste,dv

få mjølka til å skilje seg i kost (ostestoff) og myse (valle).

Til sprengje kan ein bruke ei syre, i form av surt skyr (mjølkesyre), eller osteløype, utvunnen frå løypemagen frå unge jortardyr.

Sprette, v., (sprett, spratt, sprotte), 1) fare, hoppe rykkje til skvette: gneistane spratt ut over golvet; han reiv av seg jakka so knappane spratt; han spratt som ei loppe! 2) opne seg, spire, springe ut: lauvet og blomst-rane sprett ut om våren og sommaren. 3) opne: sprette ei flaske (opne ei Spretteboge: skyteboge, pilebørse).

Spinn, n., roterande rørsle, rundgang: flyet kom i spinn; Vevkjeringa (kongroa) laga eit spinn (nett) av fine trådar! Det gjekk i spinn for meg: eg miste sj

Spinne, v., lage tråd av fibrar (ull, lin, hamp, etc) med hjelp av ein spinnemaskin (rok ^{kontroll})
Talemåtar; Naud lærer naken kjerring å spinne (det er nauda som driv).

Spune, m., resultat eller produkt av spinning; nyspunnen tråd. Heime hadde vi ei lit regle der ordet spune var med. Den lyder slik:

Måndag og tysdag sat ei kjæring og spann.

Onsdag og torsdag bar ho spunen sin fram.

Fredag og laurdag åt ho opp det ho vann:

vinninga av spinninga.

Spy, v., kaste opp, bryte seg. Spye, f., oppkast, jfr. "Der ligge spye ette katta innje på golva!" "I verte so kvalme ta å høyre på `nå at i kanj spy!"

Spýte, f., strikkepinne.

Spýte, v., strikke, handstrikke med strikkepinnar. Spýte opp att eit hosepar (spýte nye lester på hosene). jfr: "Hosene `ass va `oppattespýta!"

Spæl, m., hale; berre brukt om ein kort hale: ein geitaspæl, men ei sauserompe.

Spå, v., seie føreåt kva som skal hende i framtida. Spåkåtre: Spåkåtrene var korte bein frå haseleden på dyr. (Fig, Fagnamnet på dette beinet er Tali eller ristbeinet.




Fig.

Til venstre vender kassen av kåtra mot oss, til høgre hola.

Spåkåtrene har ein "kass",dvs. ei utbøygd eller konveks side, og ei "hole" eller grop på den motsette sida. Og her ei eit døme på korleis ein brukar spåkåtra når ein skal spå vêret:Ein reiser seg opp, legg spåkåtra på hovudet og seier;" Dersom det vert godt vêr i morgo,skal du snu holå opp og kassen ned,Seie kje du meg sant, skal eg brenne deg vel opp i kol og oske!".Deretter nikkar ein spåkåtra av hovudet og ned på golvet, og så ser ein etter om den har lagt seg til ro med "holå opp og kassen ned" eller omvendt.

Legg merke til trusselen som er innbygd i ritualet.

Stabbe,v., gå seint og vaklande,jfr."Ongen hadde vorte so pass store at han stabba og gjekk .

Stabbe,m., kort, avskoren del av ei tjukk trestamme; hoggestabbe.Og her er ei gåte som vart brukt i bygda:" Det står ein ting i bondens gård som har flei hår enn hunden har hår. Kva er det?" Svar: "hoggestabben"-

Stabbestein,m., steinblokk som er oppsett i vegkanten på bratte stader eller på steinbruer,for å hindre utforkøyring.

Stabbur,n., hus til å lagre mat i, sett opp på steinblokker eller steinlad, slik a golvet står fritt over bakken. Dette for å hindre at mus, rotter og anna uty skal kome inn og gjere skade.Av same grunn var også buda-troppa (stabburstroppa) frittstående(ikkje fastbygd med buda , som var det mest brukte namnet på stabburet; jfr.:Budalad (kvar av stein-sokkelane under budagolvet), budalykel,budaglas,etc.)

Stabeis,m., sjølrådig og stridbar mann ."Det kan kje vere lett å vere gift med ein med ein slike stabeis!".

Stakar,m.,(gammalnorsk stafkarl,`tiggarr´; eigentleg ein kar som går med stav.

1) hjelpelaus person eller skapning som det er synd i, jfr . uttrykket "stakars sjun". (sjun,.n, brukt i syvdemålet om ein ynkeleg, hjelpelaus skapning, som eit lite forfroset lamm, ein blind kattunge som kravlar fram for å få tak i morsmjølk, eller ein vanstelt unge).

Ordet blir ofte brukt for å gje uttrykk for medkjensle,jfr. uttrykk som lissestakaren som vart morlause; stakars folk, stakars hesten,etc.

2) brukt om ein viljeveik og udugeleg person, som ikkje fyller son pl i ei arbeidsgruppe,jfr." Det e´ kje òke vondt ti nå. Han e´berre ein stakar som ikkje dygje(duger) te noke!".

Stakarsdom,m., fatigdom,armod,vanstelt, jfr." det vart berre stakarsdom der i gara ette´at mannen øydela si på drikk,o´ foreldrskylde lag´

Stakarsleg,adv, småleg : "Det va´stakarsle´ gjort å ta betaling for so lite!"

Stalme,m., mjølkespreng med hardt og utspent jur,overfylt av mjølk.

Stalme,v., stalmesetje; trutne opp av mjølk som spenner ut juret.

Stame,v., tale støytvis og hakkande på grunn av talefeil eller nervøsitet, støte.

Stamegauk,m., brukt spottande om ein person^{SOM}/stamar og har vanskeleg for få sagt det han vil; sutlegauk (utt. sohjlegauk), omlag det same som star gauk. Orda skal ha samanheng med at(den vanlege) gauken,i tida før han sluttar å gale om våren,ofte kan ha "talevanskar", etter som han sutlar c stamar før han kjem i gang.

Stamp,m., eit opent kar som liknar på eller kan vere ei tønne eller ein fustasje se er avskoren på midten; ein avskjering. Vaskestamp: ein stamp som tidlegare vart brukt til klæsvask.Linestamp: stamp til å ha oppkveila fiskelirer i. Fiskestamp, kjøtstamp,etc.

Stampe,v., elte, banke, trampe, støyte, tøve(valke):stampe grauten med tvora:stamp ihop jorda rundt eit nyplanta tre;stampe(tøve, valke) visse ting laga ull,for å gjere dei meir høveleg til bruk.Til dette hadde dei spesielle stampeverk eller stamper drivne med vasskraft. I Vik i Syvde var det ei slik stampe dit folk kunne gå å få stampa veimålsvevjar(vadmålsvevar),kvitlar ,etc, Stampe i golvet:trøde i golvet.Eit stamp:eit tramp, ein du

Stampe,v., setje i pant hjå ein pantelånar: stampe gullklokka for å få låne pengar.

Stampekinne,f., oppstadkinne, struplekinne; høg sylindrisk kinne, litt smalare nede enn oppe , med tåril(tverel)til å stampe opp og ned i fløyten med. Sjå "Jofolket",s.144.

Stallvækje,f.Om vinteren når det var sledeføre og dei skulle ut og køyre med stassen , brukte dei ofte bjøller på hesten, Desse var av to slag; a) stallvækja var ei lita bjelle med lys klang, som dei feste i brystreima mellom bogtrea.Dombjellene, som vart feste på hyrvet,var runde og innhole, og med metallkuler inn i,som rulla rundt og slo mot veggene når hesten gje eller sprang.Dombjellene ga ein mild velklang som hørdest på lang leid.

Stare,v., (gammalnorsk stara;lågtysk star av starr=`stiv`),måte å sjå på; stire; jfr.: han fekk ein stir (vart stiv i blikket. Stir,m., eit stirande uttrykk,jfr." Dette skal gje folk ein stir når dei får kjennskap til det" (dette vil bli lagt merke til,vekkje åtgaum!).

Star,n., syn, blick, augnelag. Det siste går på korleis augene ser ut og korleis er ein "fører" dei, ettersom dette kan gje uttrykk for tankar og kjensler for eit godt eller dårleg sinnelag.

Star el. stær,m., namn på visse augnesjukdomar 1) grøn stær, eller Glaucoma, ei gruppe tilstander med auka væsketrykk inne i auget, som ved å skade synsnervepapillen kan gje synsfeltutfall og stundom fullt synstap.

2) grå stær,Cataracta, dimme eller uklære i augnelinsene som fører til synsvanskar.

Starblind eller stærblind, adj., 1) blind av star 2) heilt blind; stokkblind.

Stire, v., sjå lenge og nøye på noke eller noken. jfr. " Hanj va´ so forgapte ti `n at`anj sat o´ nidstirde på `nje heile kveldenj!" For å forsterke eller understreke, set ein gjerne ei forstaving som nid-, ein- eller naud- fram for verbet.

Stare, m., svart sporvefugl med mørk , glimsande førdrakt (*Sturnus vulgaris*).

Staup, n., drikkekar av metall; beger.

Staur, m., 1) stong, grann påle; stokk som er tilkvesst i eine enden: gardstaur, hesstaur, jarstaur (jernstaur) 2) ein gap, ein tosk, ein tverdrivar.

Talemåte: bort i staur og vegger (riv ruskande gale!).

Staut, adj., flott, høgrest, jfr. " Hanj va´ ein staute kar, akkurat som farenj!".

Stav, m., Kjepp, stokk brukt til stød; Grunnstolpe i ein bygning; sidefjøl i eit stavkjerald, m. fl. Talemåten: med nasa til stav og raua til styre, blir gjerne brukt for å setje spiss på ein dramatisk situasjon som denne (referert) "Han Sivert va´ ein store o´ sterke kar-Han tok tjuen på fersk gjerning, opna dyra og sende nå ned troppa med naså til stav og raua til styre!"

Stavre, v., gå stivt og ustødt, jfr. " Det va´ berre so vidt at `anj klarte o´ stavre si opp troppa"-

Sted. n., ambolt i smie; smiested.

Stegg, m., (eigentleg `dyr med brodd`dvs. kjønnslem), `handyr av visse fuglar, særleg rype: ein rupestegg. Også andestegg, gåsestegg, m. fl.

Steindylp, fugl (*Saxicola oenanthe*). Typisk er det at fuglen hoppar frå stein ti stein og vippar med vylet. (jfr, verbet dylpe, som tyder hoppe, vimse og springe omkring).

Steinyld, adj., grøn av kornspirar; brukt om åkeren når spirane er så høge at ei ikkje ser småsteinen i åkeren. (Ordet skal ha samanheng med verbet ylla av ull, og ikkje med dylje (gøyme, løyne). Difor stein- yld og ikkje stein- dyld, som ein stundom høyrer.).

Stek, (utt, stæk), adj., hard, sterk, vill, jfr. " Han (vinden) e´ so stæke at du må pass godt på hatten din når du går ut!". " Storebukken va´ so stæke at `anj reiv mi i koll, so i måtte sleppe bandet!".

Steinhogge, v., skade eller sløve egga på ljåen ved å hogge mot ein stein i graset.

Stekke, n., eit lite rom i ein fjøs der dei hadde unglykkea visse tider i døgnnet , f å halde dei vekk frå mora, slik at det vart att ei viss kvote av geitemjlk også til gardbrukaren: eit kjiestekke.

Stele, v., ta noke som høyrer andre til uløyves , og slik at ingen ser det.

Talemåtar; tjue trur at alle stel. Lygn og stuld er nær i slekt. han bå laug og stal!

- Stirre,v., stå i mot, halde i mot; drage tungt.Han prøvde å stirre oppe ei stund kvar dag,for,som han sa:" I veit at senggja tære!"."Hesten stirra og drog på det tunge lasset opp etter dei bratte bakkane".
- Still,adj., urørleg og lydlaust:hesten stod still i greidet framfor vogna og venta; der var heit stilt i huset, ingen ting rørde seg og der høyrdest ikkje ein lyd.
- Stille,f., stillstand, ro,togn.I samband med lufta; stilt vêr, vindstille; storm og stille.I samband med vatn eller sjø:a) ei stille i ei elv: eit område d vatnet står stilt eller renn stilt,b) svartestille: blikstille; ein sta der sjøen er heilt fri for krusingar og bårer.
- Stille,n., innretning til å stille eller justere noke med.Kvennastille:innretning t å løfte og senke oversteinen av kverna med, slik at det blir høveleg avstand mellom over- og understeinen.Stillet på skoen av kvennateina: ei innretning som regulerer kor fort kornet skal renne ned i kvennaug
- Stille.v., justere eit stille slik at det verkar som det skal(t.d stillet på skoe i kvennateina): Stille klokka: setje den fram eller tilbake.
- Stille,n., eit bur eller avdelt rom i einfjøs for unγκkje og/ eller smålamb, Jfr. stekkje.
- Stilne,v., minke i styrke:stormen stilna; ropa stilna; gråten stilna.
- Stillfarande,adj., stillferdig , spakferdig.
- Stjant,m., stubb,restar og stubbar av småtre ,busker eller stive stykker.
Tannstjantar: tannstubbar, jfr."Tennene mine he'vorte so dårlege at det mest berre stjantane i gjen!".
- Styl,m., 1) den nederste delen av eit strå eller eit kornband 2) ein heil potetplar ein potetstyl: potetplanten på det stadium då den er ferdig til innhaust av potetene (omfattar både den overjordiske og underjordiske delen av planten).
- Stykel, (utt, stykjel),m., horntapp; den indre,levande delen av eit horn.Når vi skulle lage bukkelurar av horna av storebukkane, måtte vi la horna ligg ei tid i ku-dembe eller våt jord, slik at hornet losna frå stykelen.
- Støre,,v., kaste fosteret, abortere (mest) berre brukt om dyr: eit støralamb, ein størakalv. Stør,n., eit dødt foster.
- Stordrikkar.m., ein drukkenbolt; ein person som ligg under for rusdrikk.
- Storetar., ein som et (for)mykje.
- Storrisen adj., stor og grovbygd (kan brukast både om plantar dyr og menneske).
- Storfolk,n., fornemme folk. Storkar og storekjelle: folk av høg rang eller stand..
Mest brukt om folk frå dei høgare samfunnsklassene.
- Storekjeft,m., ei kjeftause, ein som alltid skal ha siste ordet.

Stor,adj., som tek mykje plass eller rom; diger dryg,svær, i motsetning til liten
Storkakse,storbonde, storkar.

Stormaga,adj., storvomma (storvomba ,jfr.vomb,f., fleirtal: vembre);mann med"storkarsmage" . Tidlegare kunne ein ofte mellom " kondisjonerte" menn i sin beste alder sjå stormaga menn som kunne minne om illustrasjonane av dei gamle eventyrkongane.Bygdefolket såg på slike persoar med ei blanding av misunning og forakt, og kalla dei for sturvembre eller menn med storkarsmage.

Stortju(v),m., person som stel mykje. Velkjende stortjuar var Ole Høyland og Gjest Bårdsen,som i si samtid vart folkeheltar for sine tjuvbragder avdi"dei to frå dei store og ga til dei små".

Storvilt,n., her til lands ommfattar dette viltartene bjørn,hjortedyr, ulv, jerv o gaupe.

Styr,adj., tung, stiv og stimpem,jfr." I he´vorte so styre at e kan mest ikkje nå ned i markjal!"-

Strende,v., moke,skuffe vekk jord,lor,snø etc.jfr " Kan du ta fjøsrekå(fjøsreka) strende vekk lorten frå fjøsrenne´nje?"

Stime,v., kommandere,prøve å halde styr på,jfr." I he´stima so lenge me´(dei ulydige) ongå at i e´heilt utslita!"

Stridbuk,m., person som er strid og hard og ikkje vil gje seg.

Stridsfør,adj. unggut som duger til soldat; i motsetning til ein som på sesjonen(utskrivningsmøte for vernepliktige)blir kjend "Ikkje stridsfør"og som spotteleg er blitt kalla for kongens avrat.

Støde,f., ståande stilling, det å stå,jfr," Det vart ikkje lange stod´å" (det vart ikkje tid til å stå lenge). Tøga-stode:brukt om følgjande situasjon:To personar møttest på ein veg, Dei kjem i prat,men klarer ikkje"å slite seg lause men blir ståande og prate og prate.Til slutt går dei nokre steg frå kvar andre ,men snur og kjem tilbake og heid fram med å prate. Når dei endeleg klarer å slite seg lause og gå kvar til seg, seier dei som har sett på: " Ditta vart noke te´togastode!". Jfr-tøge,v., dra, strekkje ,tøye:du må tøge fram ermane dine so du ikkje frys på hendene;han tøga opp buksa for at ho ikkje skulle bli våt når han vod berrføtt over elva; han tøga i speane for å få ut dei siste mjølkedropane av juret.

Stoppe,f., eit djupt spor, hol eller grop av dyreføter,jfr." Kjynne (kyrne) hadde trakka der so lenge at heile innhegninga va´ berre stoppe(r)!"

Stoppet,adj., full av stopper.

Stote,v., tale eller lese ustøtt; hakke ,stame.jfr." Han va´ heilt o- mælske. Han stotter berre og støta!"-

Storkne,v., stivne, bli fast. .Fast feitt som talg og feittliknande stoff som voks, brånar når ein varmar dei opp og storknar når dei kolnar.

Styrne,v., tjukne,stivne:Søtmjølke styrnar(blir tjukk) når ein set den bort ei tid ved romtemperatur;ein styrnar til i kroppen når ein blir sitjande for lenge etter å ha røynt seg sterkt.

Strokk,m., eller strokke,f., sylindforma trekjerald med lok;butt; holk.

Rjømestrokke: strokke til å samle fløyte i til å kinne smør av.

Latnestrokk,m., skjellsord;brukt om ein gørlat person; ein gørlating.

Stylk;m.,1) stengel; den sentrale delen av ein urt, som blad og blomst er feste til
2) bladstylk (bladstilk): plantedel som fester eit blad eller ei frukt til stengelen eller greina; bladskaft.Rabarbrastylk: den kraftige bladstylken av eit rabarbrablade.

Stylke,f., periode då fuglane skifter fjør. Hønsa er pjuskete i denne tida, og ein seier då gjerne at hønsa er stylkesjuke eller at dei har stylkå.

Stril,m., person som høyrer til kystfolket kring Bergen.

Stry,n., stutte og grove trevlar av lin, hamp eller jute;avfall fra spinninga av dei nemnde fiberslaga.Talemåte: narre ein opp i stry(narre ein grundig).

Strype,v., kjøve ,kvele.

Struple,v., stige eller gjer feil når synet er dårleg; vasse i sorp og søyle.

Struplestyvel: ein som går og struplar;også brukt som"reprimandeord", jfr.:" Din struplestyvel!".

Struple,f., hose utan lest;ein hoselegg,brukt av kvinner til å live og verne om nalar.legger når dei om sommaren gjekk berrfotte på fjellet eller i mark. Tidlegare gjekk folk alltid berrfotte når dei skulle til fjells og mjølke kyrne. På desse turane måtte dei ofte vade i høgt lyng og anna moras,og når veret var kaldt og ufyse, kunne dette vere ein sur jobb, særleg for kvinnene, som ikkje hadde langbuksene som verna om dei berre leggene (slik karane hadde). Det var særleg på slike dagar at kvinnene hadde god nytte av struplene.

Struplekoke,v., koke så det struplar,dvs. så det sprutar og skvett,jfr. "Potetene struplekokar, så du må slå ned varmen!".

Struplekinne,f., oppstadkinne.

Strut,m., tut,mest brukt om struten på kaffekjelen.

Stryte,f., ein framståande munn; mule , snute.Talemåte:Få seg ein på stryta(få ein slag på munnen. I overført meining; få sterk og sviande motbør i ei sak

Stynje,v., puste ,sukke tungt så det høyrest; pese,jfr."Han hadde så vondt at han laut stynje".Stynylven var ein feigdafugl (dvs,den varsladdød og ulykke

Stynylv,m., hubro, eller bergugle (bergul). Stynylen har ein stynjande låt, som har gitt opphav til talemåten: Å låte og bere seg som ein stynylv!

Stylte, el. styltre, f., stang med fotsteg til å gå med (for moro skuld).

Stylte, el. styltre, v., gå som på stylter. jfr. " Ho styltra i veg på høghæla sko".

Oppstyltra, adj. tilgjort, oppskrytt, usætande . . Jfr. "Alt det han driv med og seier, er så oppstyltra at ein veit ikkje kva ein skal tru!".

Styve, v., (av stuv el. stubbe av eit tre), hogge ned, hogge av, kutte. Særleg brukt om mindre tre og greiner: styve greinene på frukttrea.

Styd el. stød, f., stad i fjøra eller ved eit vatn der ein kan dra fram ein båt, jfr båten ligg(e) nede i styda (eller stýde'nje).

Støde, n., stad , plass. Ordet er ofte knytt til ei førestaving, jfr: hesjastøde (ein plass på jordet eller i åkeren der det har stått ei hes (hesje), som det viser ei rånd (rand) etter. Skinstøde: ei grynne ved kanten av ei vatn eller i ei elv, dit buskapen søkjer på varme sommardagar for å kjø seg av og bli kvitt insektplaga.

Støde, f., underlag i kornstålet i ei løde; det nederste laget der kornbanda står o reiste med stýlen mot golvet. Stødekal, (utt. stødekalj) : ei slags symbolisert eller personifisert(?)nemning på den siste resten av stød under kornstålet: " Der gjikk (gjekk) stødekalen j" brukte dei å seie når den siste resten av halmstålet fôr gjennom treskemaskina, og den fe ein ny låt når den gjekk tom.

Støyl, m., 1) opphaveleg brukt om ein mjølkeplass i utmarka langt borte frå garden; ein bustøyl eller sæter. Seinare vart ein del av desse bustøylane gard tun, og områda rundt gjort til innmark, som gradvis vart dyrka opp. I dag finn vi ordet att, både i stadnamna på dei gamle bustøylane i fje og andre stader, og som gardsnamn.

Styr, m., aktivitet, bråk, oppstuss, røre, uro: det følgjer alltid mykje styr og ståk med jula; det vart eit fælt styr då det vart kjent at dei måtte pakke ihop og reise på kort varsel.

Styre, n., hjelpemiddel, særleg handtak til å styre med: sykkelstyre, plogstyre; sty på ein båt. Styrevøl: rorpinne. Styregreie: styreinnretning.

Støre, v., påverke, telje til, tilrå, jfr. " Dei størte meg til å selje bilen fordi c meinte at eg såg for dårleg.

Støv, n., dumbe; små lette fjom: husstøv, vegstøv, etc. Støvblad (støvberar, mjølberar på plante, med støvsekk og stønkorn (pollen, pollenkorn)).

Ståk, n., 1) bråk, leven ,ulyd 2) annsemd, kav, oppstyr : larne og bråke; styre og stå

Subbe, v., gå tungt og drage føtene: gå og subbe. Ei subbe: ei subbet kvinne; ei subli kjæring.

Sugg, m., 1) stort , kraftig dyr: ein sugg av ein gris 2) ein stor, kraftig kar.

Sugge, f., 1) purke , 2) stor, tjukk og kanskje litt ustelt kvinne.

Súl el. suvl, n., 1) noke feitt eller saftigt som dei åt attåt brødet eller flatbrødet

brødsul. Brødsulet var tidlegare spekekjøtt, fleisk, brødgraut, skyrost, sirup, syltetøy o.l.; med andre ord det som svarer til vårt pålegg.

2) (sur)mjølk eller ei onnor velsmakande væske som dei åt attåt grauten; grautasul. Graut og sul var tidlegare den vanleg kveldsmaten, Grauten var som oftast kokt på heimemale havremjøl, ofte med ein god del såder (skalrester) i, Sulet var oftast skyr (surmjølk). eller i mjølkeknappe tider er syreblande (laga av gjæra myse og vatn).

Suge , v., (syg, saug, søge), dra inn gjennom munnen eller nasen: barnet syg (bryt mjølk frå) mora. rovdýret syg blodet av byttet. Talemåte: dette har han ikkje søge av eige bryst (dette har han ikkje funne på sjøl).

søge, f., amme, ei kvinne som gjev brystbarnet mjølk når mora ikkje kan

Sug, n., det å suge, drag, søg. Han tok eit kraftigt sug av sigaretten.

Han kjende eit vondt sug for brystet når han tenkte på den kjære heime sin som var så langt borte! Sug: her vond kjensle (av lemgte og sakn).

Sur, adj., som smakar surt eller syrleg , i motsetning til søt, jfr. sur mjølk, sure frukter, sure oppstøytar. m. fl. Dette er den vanlege måten å sjå det på.

I kjemien seier ein at ei væske er sur når den har ein (såkalla) pH- verdi som ligg under 7, og i kjemien snakkar ein om syre i motsetning til base dvs. væsker som har lut-karakter (med pH- verdiar over 7.)

Døme på bruk: 1) i samband med lukt og smak: ram, skarp, vond, 2) i samband med jord: rå, vassjuk. 3) i samband med sinnsstemningar: barsk, ublid (sure kjæring og ein sure kalj). Surehol: ein person som alltid er misnøgd og avvisande. 4) i samband med arbeid: surt tente pengar; arbeidet som bryggjesjauar for ein unngut, var eit surt brød .

Surkl, n., våg og ureinske i augene og i sår.

Surkle , v., gje ein suklande væskelyd; svakke, jfr. " Han var så våt at det surkla

(svakka) i skoa!" " Det surkla i brystet på han" (av slimet i lungene

Surl, n., noke som er samankokt eller samanblanda Jfr. " Kva fekk du til middag idag

" Å, det va´ noke oppattevarma surl frå i går!".

Supaslekt, f., fjern , "utvatna" slekt, mindre enn tremenning.

Surpe, f., blautfor, røre: opphakka halm og / eller høy, bløytt i vatn, og tilsett litt mjøl. Både ku og hest var hækne etter surpe. I overført meining: eit fält rot! "Alt var i ei einaste surpe!".

Suse, v., lage ein veik brusane lyd, slik ein kan høyre den frå ei elv eller ein fo i stille kveldar.

Sus, m., susande lyd: elvesus, sus frå vinden; øyresus.

Surre,v.,1) gje ein summande lyd:humlene og biene surrar mår dei fer frå blom til blom og sankar honning: ei fluge surrar i glaskarmen.

Surre,v., binde fast med tau og liknande: surre att ein sekkekjeft; surre dekkslast så den ikkje blir slengd overbord når båten kjem i grov sjø;surre ein ein avbroten skistav eller eit skaft, så dei kan gjere tenest for eit bråfengje

Susle,el.sutle (utt.sohjle) ,v., eit lydord,jfr.: rote eller plaske i vatn eller vate; tale lespane og utydeleg: ein sutl, ein sutlegauk: ein person s lespar og snakkar så utydeleg at det er vanskeleg å forstå han.

Sutre,v., smågråte;klage med veikt mål:syte: barnet sutra og gret;han gjekk alltid sutra og klaga over eitt eller anna.

Sutte,v.,(lydord),patte,suge: spebarnet sutta på tåteflaska, medan den eldre broren trøysta seg med suttekluten.

Sval,f., svalgang; smal gang eller tilbygg til eit våningshus; stundom brukt som spiskammers,dvs. til lagring av matvarer av ymse slag, jfr: "Ragnhi gå ut i svala og hent ei åfalleringe til meg!".

Svane,v., ta av, minke (om trøte) ,jfr." For nokre dagar siden var foten så truten og stiv som ein stokk. I dag er han svana ned til næsten det normale" Sjå trøte.

Svang,utt,svång(e), adj.,tom, smal over magen. Mest brukt om dyr som har fått lite å ete .Jfr. " Kjynne (kyrne) he´ vore so svånge i det siste.. Det e´ visst på tide at dei snart får skifte beite!".

Svange,(utt.svångje),m., 1) hudfald mellom låret og bukveggen på kvar side av eit (hus)dyr, 2) flanke, lyske. røyr.

Svengje,v., snøre inn, gjere smal og slunken,jfr." I ser at livreima `ass Hans e´vorte for korte (ta all julemata), so det e´på tide at `anj kjeme si i arbeid so´ anj får svengje si ein grand!".

Sveng,m., det å vere svang,dvs. tom og slunken,ffr. Stundom svengen og stundom sprengen (snart for lite og snart for mykje mat).

Svart,adj.,1) med meir eller mindre kolmørk farge, frå ei overflate som kastar tilbake svært lite lys: svarte sko;svarte natta;svart kaffi,m.fl.

2) skiten , urein:vere svart på fingrane; svart på klæda .3) dyster, mis lykka.mørk: sjå svart på framtida; eit svart år for norsk skøytessport

4) tomt, øyde: svarte garn (garn utan fisk).Adjektivet svart går inn i e mengde sansette ord:svartekunst (manekunst,trolldomskunst); svartebok: (bok med hekseformularar);svartleitt(som har mørk hudfarge); svartor (Al nus glutinosa) ; svartsjuk(sjalu,misunneleg;svartesniel (skogsnigel); avartår (uår)Svartebrand (brukt som skjellsord).Talemåte:kjeilenj(kjel finn åt grytenje (gryta) og so er dei svarte beggje! (brukt om to perso som prøver å kaste skulda på kvarandre). (Finne åt: klandre,kritisere)

Svasse, el. svásse, v., (lydord), gå og vasse i væte og surpe, jfr. "Han gjikk o' svássa i bløstøde'nje so det gjikk `ná mest over skone". Blåstøde: våt s; surpe; blanding av snø og vatn. Svássar, m., ein uvøren og ustyrleg person; eit "våbøle" med hang til alkohol, jfr. "Det va' ein fæle svássar!". Sveim, m., Tung og til dels vond lukt, slik ein kan oppleve det i eit trangt forsølingslokale eller i eit lite sjukerom, jfr. "Der va' ein slike sveim at klarte kje å vere der lenge!".

Sveisen, adj., flott, nett, sjarmerande: ei sveisen jente.

Syterose, f., (Sedum rósea) av bergknappfamilien (Crassulaceae). Floranamnet er rosenrot av di det luktar rosenolje av rota. Namnet syste(r)rose heng truleg saman med at blomstertoppen dvs. "rosene" på han- og hoplantane er svært like, men ikkje heilt. Når folk (utan botanisk kunnskap) såg han- og hoplantane i blomst, fekk dei inntrykk av at dei likna kvarandre "s to systre", medan ein botaniker snart ville finne ut at det var han- og hoplantar det var tale om.

Svin, n., 1) dyr av svinefamilien (Suidae). 2) kvar av fleire raser, slekter eller underfamilier av svinefamilien (villsvin, vortesvin, tamsvin). Ordet svin blir også brukt om marsvin (Cavia porcellus) ein sydamerikansk gnagar som er mykje brukt som forsøksdyr i vitenskaplege laboratorier. 3) (vanleg) gris, tamgris (Sus scropha var. domesticus). - Ordet svin går inn i mange samansette ord, talemåtar og skjellsord: svinearbeid (fyseleg arbeid; grisearbeid; svineblom; plante av slekta Senecio i korgplantefamilien; svinefamilie: familie av ikkje-jortardyr i ordene partåa hovdyr (Ungulata), Svinesti: inngjerding for griser. - Talemåtar: Kaste perler for svin (etter Matteus 7,6); gje noke verdfullt til persnar som ikkje kan verdsetje det; full som eit svin (overstadig rusa). Skjellsord: svin: griset og ufjelg person; svinebeist: omsynslaus og ta veleg person; svinehund, svinepels: svinebeist, rakkar. Svinepakk: rakkar pakk. Sjå også: gris, galt, purke, su og sugge.

Su, f., vakse hodyr av gris; avlspurke: ei ureinsleg kvinne (ei skitsud).

Sud, f., samanfelling i bordvegg, båtside o.l. der kanten på det eine bordet ligg over kanten på det andre.

Svir, m., drikking, festing, turing. Svirebror: drikkebror. Svirelag: drikkegilde; fylfest.

Svire, v., vere med i ville drikkelag; drikke, feste.

Svoll, m., byll, verkebyll (abscess), samling av våg (puss) etter nedbryting av betent vev. Jfr. uttrykka : setje seg til svolls, eller drage seg til svolls (hovne opp og lage våg). Vågmor: kjernen i ein svoll. Svollefin ger: verkefinger.

Svelle, v., (svell, svall svolle), få større omfang; bolne, tjukne, trutne. 1) svolme om frost; fryse opp til eit tjukt islag-til ein issvoll. 2) trutne, svolme opp ein stad på kroppen der det er i ferd med å lage seg ein svoll. 3) losne, kome ut: flisa sat så lenge i fingeren at ho svall ut; han støytt storetåa, og det sette seg ureint i såret so naglen svall. 4) vekse, tjukne: elvar og bekker svall fort opp under det sterke regnveret; gryna svell under kokinga; det er svært kor han Ola har svolle opp rundt magen sidan han fekk gode dagar !

Svolt, m., hunger; sugande kjensle under brystet på grunn av matmangel. Talemåtar: Svolten stod for døra; å vere skrubbsvolten (vere glupsk og uthungra som ein ulv).

Svór, m., 1) hud på svinekjøt (flesk): fleskesvór. 2) grasrot med jorda i kring: gras svór.

Svorte, el. svørte, v., gjere svart, farge svart, jfr.: svørte skinn-og lervarer (med sodaløysing og "fikteri", dvs. ferrisulfat løyst i vatn). " Han berre se er det før å svørte meg!" (for å tale nedsetjande om meg).

Svorte, f., noke til å farge svart med; Skulle dei farge tøy eller garn, kunne dei kjøpe ein "litapakke" med svartfarge som dei løyste i vatn og varma kj narene i, eller 2) dei kunne bruke svartedepel, dvs. jarnhaldig myrjord so dei fann i bygda. jfr. stadnamna: Jar(n)holene og Svartediket.
Skosvørte: svart skokrem.

Svæde, n., svad; ei bergskråning det jorda er skrapa av, av steinras, isskuring eller annen måte. Jfr stadnamnet Blånkesvædet: det (store)svædet som glinsar (når sola eller sterkt dagslys står på det).

Svær. adj., glup, flink, jfr. " Ho va´ so svære te´ å lese fyste skuledagen, at det va eit bin! , o´ det vart ei svære kjelle ta `nje då `o vart vaksa!"
"Han va´ so svære te´å sprainge då `anj va litenj, at allje trudde at måtte verte ein idrettsmannj `ta `nå!"

Svåse, v., forfriske seg, jfr. " Du må kome inn og svåse deg ei stund!" Dette er ein talemåte som ofte blir brukt når ein person, gjerne ein framand, kjem t gards etter å ha vore ute i frost og uver, Svåsinga går ut på å be gjesten inn og gje han mat og varm drikke, og kvile ei stund før han drar vidare eller tar til med sitt vanlege arbeid.

Svæve, f., ((plantenamn); brukt om ei gruppe plantar i korgblomstfamilien som let seg att om kvelden. Mest brukt om plantar av slekta Hieracium, men stundom også om løvetann eller kappilaup (Taraxacum).

Svæve, v., få til å sove, roe, bysse (småbarn) til som; Stundom også brukt om å slå i svime eller drepe med ein kakk (eit slag) i hovudet, Gjerne brukt om større fisk som ligg og spralar.

Svæv, el. svævd, adj., brukt som etterstaving (i samansette ord) for å karakterisere visse typer av svevn(søvn): Lettsvævd(som søv lett); tungsvævd (som søv tungt); rangsvævd (som søv til range tider av døgn), etc.

Syde, v., (syd, saud, sode) 1) koke, eller vere i ferd med å koke, Talemåte (sitat) etter ein barnlaus familiemann: " Grytå syde like godt for sjau som for tvau !" (det er stort sett det same, anten ein kokar (lagar mat) for sju som for to). Jfr. sod: vatn (væske som noke blir kokt i(potetsød, fiskesod, m.fl.2) gje frå seg ein susande eller fresande lyd som når noke kokar. Elvasød: sus frå ei bratt elv eller ein foss.

Svør, adj., lens, fri for. jfr. "Vi e' svøre for smør i dag, so de får bruke anna pålegg i staden!". Ordveksling: Herr A: " Du he' kje eit tobakkeflys å låne mi, for i e' heilt svøre?" Herr B: " Jau, men det får klare si me' ein liten møle, for i e' snart svøre e me'!". Eller: "for e kan kje svøre mi heilt!".

Svøyp, n., liklerret, likskrud. Folk som budde avbakeleg, hadde gjerne eit svøyp liggjande. Dei kjøpte når det hōvde slik, så dei kunne sleppe å fare lange vegar etter det når dei sjøle eller ein av grannane hadde bruk i det. Av same grunn hadde dei også likkistemateriale liggjande.

Svøype, v., 1) binde rundt, klæ på: svøype eit spebarn 2) vikle rundt, pakke inn: svøype eit lik.

Sylv, el. sølv, grunnstoff som er eit mjukt og glinsande edelmetall. I samansette ord som tar til med sylv, lyder det helst syll-(syllsmed, syllskei, syllskål, etc) Sylvtomling: lite sylvbeger brukt til skjenking av brennevin. Sylvplett: nysylv med eit lag av sylv utanpå.

Synst, adj., sydlegast (sørlegast), som ligg lengst syd. Jfr. synste Møre: den delen Møre som ligg lengst syd. ~~I det følgjande~~

Synst, adv., som ligg lengst syd. I det følgjande, gamle trøysteverset til (syvde)-guten som ikkje hadde funne seg gifte, er ordet synst brukt adverblielt:

Gråt ikkje ,syt ikkje lisse faren,
du ska' få tausa me' gule håra
inst og synst i Jøringefjåra!

Verset har eg etter bestefar, Erik J. Nordal (1841- 1930)

Syn,n., el,f., evne til å sjå (gammalnorsk:sjón el syn,jfr. sjónalyte.dvs. eit (lett)synleg lyte. Dette er eit sjeldent dialektord i syvdemålet.Sjå lyte).1) synssans:ha godt syn;vere åt å dimmest på syna; ha dårleg s 2) det å sjå ein ting, få auge på,jfr .Talemåten: få syn for segn (sjå at det er rett det som er blit sagt.3) noke stort og uvamleg,e sarsyn eller ein visjon:det var eit syn å sjå kor fort og lett han (hjorten) sprang opp gjennom skogen:det er eit syn å sjå kor mykje blåbær som er i markene i år!; det var eit trist syn, som eg seint v gløyme. Syner,dvs. ordet syn i fleirta,går på noke uverkeleg eller immaterielt,jfr." I det siste året hadde han hatt underlege syner,dv. hallusinasjonar,openberringar. 4) auge; andlet ,fjes, fleis:,jfr." E fekk sola midt i synet(midt i andletet);" Eg drog til han midt i synet!"(midt i fleisen!) 3)meinig,oppfatning,jfr." Eg har nok eit heilt anna syn på den saka!".

Syne,v., 1) vise fram,peike på,la sjå,jfr." Mor synte meg Linnea og fleire andr blomstrar,og fortalde om Carl Linné ". "Han synte meg rundt på garden "Han hadde synt stort mot under krigen!"."Han synte meg korleis eg skulle starte motoren" (han lærde meg, underviste meg i korleis.... " Det synte faret etter dei i snøen", 2)sjå ein liten del av:,jfr."N må de kome ned i fjøsen,for o´ dagros ligge og kalva. Det synte so vidt ti haudet på kalva då i gjikk!"

Synest,v., sjå ut til, like,tykkje om ,meine: det synes meg å vere det beste for ha Talemåte: kvar synes best om si syre (kvar synes bert om sitt eige) Syre: her er det truleg tale om heimelaga matsyre,dvs. gjæra myse, so utblanda med vatn var ein vanleg drikk i eldre tider.(Ein annen variant av talemåten lyder:dei skrepper kvar av si syre).

Syvje,v., kjenne somnen, bli somnig,dubbe av,jfr." Nei, i he´kje sove, i he´berre so vidt askna ver(d)a eit øyeblik".

Syndauke,m., kiving,kjeftbruk og ufjelde, særleg innan familien og mellom grannar. Jfr." Der var alltid eit læven og ein syndauke,so det va´kanskje derf han reiste sin våg!".

Synfaring,f., det å ta i augnesyn for å gjere seg kjend med eller kontrollere: dra på synfaring på byggeplassen.

Sysvorte,f., svartetrast, kjend som sangfugl,jfr.sangstrofa:" Sysvort.sysvort fugle min. Lat meg høyre songen din når det lakkar mot kvelden!".

Syte,v., 1) klage, gramme seg,jfr." Ho går no alltid og syter for eit kvart!". 2) ha omsorg for, passe sørgje for,jfr!"Eg skal syte for at du får varene i rett tid". " Dei hadde mange barn å syte for".

Syte,f., mest brukt om ei kvinne som syter mykje."Ho er ei store syte!"-

Syten,adj. brukt i uttrykket "like syten" : like glad, likesæl; Jfr. " Han va´
like syten enten han sokk eller flaut!" (han var like glad anten det
gjekk slik eller slik!).

Sød,m., væske som er samansett av sædceller og sekret frå kjønnskjertlane; sperma.
Sædavgang: uttøming av sæd;ejakulasjon. Sædcelle:kjønnselle av han-
kjønn; spermie. Sædgjevar: person som gjev sæd til kunsttig sedoverfør

Sæde,n., (av såd) 1) frø (mest av matkorn) som ein har sådd eller skal så; såkor:

Sæl,adj., glad , gledeleg, hyggeleg: sæle dagar;sæle stunder.

Sæle,f., stor og inderleg lykke (i religiøs meining); frelse.

Sæle,v., gjere sæl; gjere glad og lykkeleg; gjere ei velgjerning.Gjere ei sælebots
gjerning (hjelpen ein i ein vanskeleg situasjon; gjere ei velgjerning.

Sælebotsgåve: gåve som skal hjelpe noken som har det vondt. Sælebotsdø
eller sælebotsdaude:død som er ei utfriing frå eit pinefullt og ulykke-
leg liv.

Sælekjær,adj., snild og elskeleg person.(mest) berre brukt i negativ samanheng,jf
" Den karen er kje ælekjære!"(han er ein hard og brutal person som ald
lar nåde gå for rett).

Sere,v., dele ; dele opp ein flokk av blanda buskap slik at kvar gard får sine dy
Ordet blir brukt t.d. når (alle) sauene er sankane ned frå fjellet frå
sommarbeite og står saman i ei innhegning.(Ordet blir uttalt med tydel
"æ"-lyd)-Jfr også:" Ho sera han med maten" (ho ga han annen og betre ma
enn dei andre borna, for di han var liten og veik: Ho nørte i han spes
elt for at han skulle kome seg).

Sær,adj., som merkjer seg ut: eigen; særmerkt,spesiell. 1) Ein sær person:ein som
er vanskeleg å gjere til lags; furten,grinet.Særeige: det at to ektemak
eig noke utan om det som er sams for begge, til skilnad frå sameige.
Særrett: føremun framom andre for ein person eller ei gruppe;privile-
gium.

Sætande,el. sætandes,adj., som ein kan lite på, i motsetning til usætande(upålitel
jfr." De må kje høyre på han. Det er heilt usætande det han seier!".

Søgg,n., snakk, tale; mumling og ståk som frå ei forsamling der mange talar i mun-
nen på kvarandre.

Søggje,v.1) om vind og sjø: suse,tyte, bruse 2) tale høgmælt og lenge. Ei søggje: ei
talekjær kvinne,jfr. " Dei sto´der ^{op} søgja i timevis!".

Så,m., stort ,rundt trekar gjort av tjukke stavar, brukt m.a. til bryggjing.

Rysteså: så brukt til ekstraksjon av maltet med kokande vatn eller eine
løg . Resultatet er výttr(vørter), som deretter skal takast til gjæring.

Gilså: så brukt til gjæring av výtret,Jfr. "Jofolket", s.154-163.

Sågidder,m., (utt.såjidr), lette vibrerande dunstar som ein kan sjå over nypløg
åker om våren.

Så,v., 1) leggje korn eller frø i jorda 2) så eller leggje spirar til eit eller anna ,i åndeleg eller immateriell meining.jfr. "Han sådde hat mellom brødrene". " Dei sådde splid mellom folket".Talemåte:som ein ^{ein haus} sår ska

Så godt som,adv., mest,næsten,jfr." Så godt som alle fekk spanskesykja det året".

Såld,m., ope ,vidt kar eller kasse med holet botn,til å rense korn,frø, jord, san eller liknande i. Sælde,v.: rense eller sortere i ymse kornstorleikar med hjelp av såld.

Såne,v., misse sin opphavelege smak; bli skjemd,ulne,surne,jfr."Fiskjen he^c leie & såna,so ^canjanj e^c mest ikkje folkemat lenger!".

Sår,n., skade på hud,slimhinner eller underliggjande vev:brannsår,gnagsår, kjøtsår magesår, skotsår,skrubbsår,etc. Talemåte:"Eit lite sår og ei gammale mor ska du ikkje forakte!".(det kan kome mykje vondt ut av eit lite sår om det ikkje blir stelt). 2) skade på overflata av noke: det fine bordet har fått eit sår i lakken; det hadde samla seg kvade i såra på fureleggene. Talemåtar om hugsår eller sjelelege sår: rive opp(eller rippe opp) i gamle sår; strø salt i opne sår(minne ein om noke leidt gje eit plaster på såret (rette opp ein urett); slikke såra sine(ko seg etter eit nederlag.).

Sår,adj.,som kjennest vondt,som verkjer eller svir:sår hud,sår hals,såre hender,så auge, såre føter,etc. Talemåte: Å råke sårefoten: røre ved eit ømt punkt; dra fram eit argument som gjer motparten rasande sinna!
Jfr. følgjande utrop frå"sidelonja": " Ja,mi sæl,der råka han sårefote

Sårsauke,m., sårke, utslett; gust og gustsår(Urticaria).Sårtennt:vere sår i tennen og tanngarden.

Såte,f., kjegleforma ihopraka haug av høy: høysåte.Når dei(tidlegare) tørka graset marka, tok det i beste fall to dagar å få det så tørt at dei kunne kø det inn i løda og setje det i stål. For at det halvtørre høyet ikkje skulle råne opp att om netterne, sätte dei det(laga såter av det) om kveldane,og bar det ut over att neste dag, eller når det vart høveleg høyterre.

T

Ta, forkorting for av, utav, frå og ifrå. Stundom også for detta (dette). Jfr.:

"Grauten e' laga ta mjøl o' vatn". "E e' ta Syvda. Kar e' du ifrå?". Svar:
"E e' ta Syvda e me'".

Tad, n., gjødsel, møk, dyregjødsel til åker og eng. Marketad: tad, gjødsel brukt til eng
Tedje, v., gjødsle.

Tøde, f., gjødning, gjødsel, gjødselvatn. Tødegras: gras som veks på veltadd eng, t
der det renn gjødselvatn frå ein fjøsdunge.

Ta, eller take, v., (tek (tar), tok, teke), 1) gripe, fate (ta fatt i), halde.: Ta på seg eit arbeid; ta sekken på ryggen; ta med handa; ta ihop bøkene, etc.
2) Verbet blir brukt i ei rekkje andre samanhengar, som td. ta seg for par mange nordmenn tok land i Nord Dakota; han tok roret; dei tok høge renter. tok han kraftig (skjennte på han; banka han opp); ta noke med fatning; ta ein tur, etc.

Tafatt, adj., som manglar tiltak; handfallen,

Tafs, el. tjafs, m., liten floke av samanfilta hår; rimser eller trevlar av utslite tøy. jfr. "Ho var alltid så usteltt og tafset på håret!". "Klærne var brukte så lenge at dei var fulle av tafsar!".

Tagg, m., kvass ende, pigg, spiss,: det mangla ein tagg på tannhjulet; hjorten måtte vere gammal, for han hadde mange taggar på horna. Tagga, adj.: med taggar, særlig brukt i botanikken: bladet er tagga (eller har taggar) i randa. I syvde dialekten heiter det oftast tigget: bladet e' tiggete i kanten.

Tagl, el. tjagl, n., tjukt, stivt hår; mest brukt om hår på ein hestehale: hestetjagl. To til tre hestetjagl vart snura ihop og brukt til rennelykkjer i trasta og rupesnarar, og til forsynd på ein krædetaum, dvs. ein finare "usynleg" taumstump mellom sjølve taumen og angelen.

Tagne, v., stillne av, stogge, halde opp, jfr. "Endeleg tagna skriket frå ungen!". Han tagnea ikkje før han fekk sin vilje fram!", (han heldt ikkje om mase før han fekk det som han vilde).

Togn, f., opphald i (sterk) lyd, skrik eller bråk, jfr. "Verte kje det anart ei togn, så går i frå vita!" (vert det ikkje snart eit opphald, går eg frå vitet!).

Tak,n., grep, det at ein tar fatt i noke. Talemåtar:Tunge tak røyne bak!. "Den so'ete eit mål ette' `anj e' mette , hanj teke eit tak ette' `anj e' trøytt!". Symjetak, spadetak, åretak. Ryggtak, basketak (styrkeprøve). Skippertak:(gjere eit gofs,ta eit krafttak).Krampetak: krampe,kramperid Kvelartak,strupetak,overtak (orda også brukt i overførd meining. Knipe-tak: vanskeleg situasjon). Grustak,snadtak,m-fl.

Tak,n., tak, overbygning på hus:bølgeblekktak. helletak. Torvtak:tak med taklagd never over trodet og grastorver over.

Tekkje,v., 1) leggje tak på eit hus,2)leggje på det som er over trodet. Det som ska verne mot nedbør(jfr.blekktak,helletak,torvtak). Tekkjargraut: i eldre tid, la dei (falltid) torvtaka med dugnad.Det var skikken at arbeidet avsluttast med eit kraftigt måltid rømmegraut: tekkjargraut (jfr.slåtte graut,skuragraut,.m.fl.)

Takande,adj. ferdig til å ta; moden; slakteferdig,jfr.: bæra er kje takande endå (er ikkje fullmodne; nyepotetene er snart takande (dei er komne så lang at dei er etelege);hanekyklingane er kje takande endå(dei er for små t å slakte).

Takast,v.,(tekst,tokst,tekest), 1) kivast,slåst: dei tekst stødt, og dei har tekes om dette lenge. 2) passer på,ha omsorg for:han har mykje å takst over!

Takskjerr,adj., sky, var, som er redd for å bli teken (fast); mest brukt om ein hest som rømer unna når ein skal hente han i marka.

Takk,f.,el.m., ordet takk kan ein sjå på som"ei symbolsk betaling",eller eit uttrykk for takksemd overfor noken som har gjort ein ei tenest eller synt vel vilje.Kan også vere eit uttrykk for samtykke,til at ein godtar ein ting Jfr." Vil du ta til takke med dette?",(er du nøgd eller tilfreds med dette?).Forma "takke".er ein gammal genetiv av ordet takk, etter prepos sjonen til som styrer genitiv. Jfr. det gamle uttrykket "å kome til måt kome til stades der noke hender)-

Takke,v., uttrykkje takksemd: takke for gåva; takke for sist;takke ja eller nei (ta imot eller avslå.Takke for seg (og gå):"takke av", slutte .Handtakke, takke opp i handa (takke ved å ta ein i handa.Vantakke:utakke: gje ei skita takk,jfr utropet:Ja, dette var (den skitne) takka eg fekk!" " Det er mora ein kan takke for at gjenta er bortskjemd (det er mora s har skulda for...). Talemåte:utakk er verdens løn!.

Tale,v., 1) bruke målet (røysta) og språket; ytre seg:snakke ,prate, vitne:tale lågt, høgt,kvast,tydeleg ,alvorleg; talast ved om noke;tale fram på om (ynte om, nemne, kome inn på); tale ut med noken (greie opp,gjere opp) Taleevne:evne til å kunne ytre seg klart og tydeleg. Talefeil: fysiolog feil i måten ein person talar på.(I bygdemålet seier ein gjern at ein slik person har taleherkje, at han har eit herkje i målet, eller at han er "omælske",dvs.u-mælsk.

Talemåte, m., måte å tale på; omfattar også bruken av meir eller mindre faste uttrykk som grensar til ordtak, dvs. talemåtar som gjev fullstendig meining, utan å stø seg til ein spesiell situasjon. Jfr. Ivar Aasen: Norske ordte Etter dette skulle talemåten "Å tale er sølv, å teie er gull" kunne klassifiserast som eit ordtak.

Tale, m., 1) Tale, omtale: bordtale, minnetale, valgtale, m.fl.; kome på tale. 2) samtale; forhandling: kome i tale eller kome i snakk. 3) foredrag, tale i ei forsamling. Talekunst: det å kunne ordleggje seg godt; retorik Taletrengd: ein person som er fæl til å prate; som likar å høyre sitt eige mål, men som har lite å fare med. Talemål: målet slik vi snakkar de til dagleg, munnleg språk i motsetning til skriftspråk. jfr. uttrykket: i tale og skrift.

Talg, f., fast innvolsfeitt, utvunne særleg frå nyremor og netjå frå drøvtyggjara Talemåte: tære på talja (tære på eige feitt; ofte brukt om ein som har levd i overflod ei tid. Også brukt om å tære på oppspart forråd). Talgkjertel: hudkjertel som skil ut talgliknande stoff i hårsekken. Talgaljøs (talglys): kjertelys støypt av talg. Talgamøle, m., eit stykk talg. Talgokse: talgmeis, kjøtmeis.

Talisman, m., amulett; fetisj; ting som ein trur har trolldomsmakt til hjelp for de som ber han på seg.

Talmast, v., skrante; tærast vekk under ein langvarig sjukdom, jfr. "Han låg og talmas lenge, før han endeleg fekk sleppe" (fri frå plagene; før han endeleg f døy).

Tambak, m., massing som ser ut som gull; blir brukt i billege smykke og i ur.

Tambur, m., trommeslagar. Bertefar (Erik) fortalde om den kjende trommeslagaren Tambur-Elling (frå Volda(?), som hadde slikt drag på tromma, at han skaf glasmaisterane i Bergen arbeid, ein gong i førre hundreåret.

Tange, m., 1) låg, smal odde; nes 2) spiss del av eit reidskap (kniv, fil) som går in i skaftet; knivstange (uttalast gjerne knivstångje).

Tenje, v., (ten, tande, tant) 1) strekkje, strekkje ut, spile, spane (t.d. eit skinn som skal tørkast) 2) springe fort, med lange steg (jfr. strekkje ut).

Tan, n., (av tenje), villt sprang, renn, løp: hunden la på tan etter reve Overhøyrtd replikk: "Du skal få tenje på kjeften før eg skal by deg fisk!". (sagt av ein mann til hunden som ikkje ville ete sur fisk)

Tonn, f., (fl. tenne(r)). 1) hard bite- og tyggjereidskap festa til kjevane i munnen framtonn, hjørnetonn, visdomstonn; kvaltonn, ^ésyøyttonn, m.fl. Tannbein: bein som tonna er oppbygd av; utanpå dekt av emalje. Tannbyll: byll fylt materie i kjøtet rundt ei tann. Tannpøtar (tannpirkar, tannstikke); Tann røte: øydelegging av hardsubstansen i tennene av syrer frå sukkerhaldig mat og drikke; karies.

Talemåtar: vise tenner: vise sinne; ta att; hakke tenner:skjelve så tennene hakkar); skjere tenner:gni tennene mot kvarandre i sinne eller smette; vere rusta til tennene:vere fullrusta; føle,eller kjenne nokon på tennene: prøve seg fram overfor ein person; ein ser ikkje mannen lenger enn til tennene: ein ser ikkje lenger inn i ein person enn til tennene.

Adjektiv i samband med tonn og tenner, blir laga ved å knyte eit først ledd til endinga -tennt,jfr.glistennt,gristennt eller romtennt (som ha stort mellomrom mellom tennene,særleg mellom framtennene i overmunnen; skartennt: som manglar ei eller fleire tenner i tannrekke;sårtennt,m.f 2) tagg,framspring,td. blad med tenner i randa; tonn på tannhjul, på sk reverktøy, sag o.l.: sagtonn.hyvletonn,jfr. grovtennt,fintennt,osb. som seier noke om eigenskapane av tennene. Tannlaus,adj. 1) som vantar tenn eller som har dårleg tyggjereidskap,jfr." I he'vorte so tannjause sida e vart gammale, so e he' vanskje me' å tyggje maten!". Tannlaus i overf meining: det var eit tannlaust innlegg ,dvs. harmlaust ;utan brodd.

Tannkval,m., underorden av kvalar, som skil seg frå bardekvalane m.a. ved at dei ha tenner. Spermasettkvalen (Phyceter macrocephalos, Mammalis,Cetacéa),er ein representant for denne gruppa. Spermasett eller hvalrav som fins i holrom i kroppen på denne kvalen,er ein voksart som blir brukt i salv Tannhøns,fl. av tannhøne,f., familie av hønsfuglar som har tannliknande innskjerir gar i undernebbet.

Tankelaus,adj., som ikkje passar på det han skal,og som gjer slysner eller ulykker utan å vilje det.jfr. " Nei, at du kunnje vere so tånkelause, Hans, at du ikkje stengde igjen for hønså, for no e' heile flokken reiste til skogs!".

Tankeløyse,f., mangel på omtanke,jfr!" Nei, det va'kje vondt meint, Det va' berre i tankeløse'nje gjort!".

Tape,v., 1) lide tap, misse, gå glipp av,jfr." Var der nokon som der leid vondt,c vardt for tap og spille" (I. Aasen i Gamle grendi). Talemåte: våga v og våga tape(r)(den som vågar noke, han anten vinn eller taper).

2) lide nderlag; bli slått:tape ein fotballkamp; tape ein krig.

Tapp,m. pinne eller liknande til å .tette hol med,jfr.tønnetapp, tapphol, øltappar
Ordtak: kvar si lyst, sa øltapparen han drakk medan dei andre slost!

Tappenstrek,m., (etter tysk Zapfenstreich, at `tapp` og `slag`eigentleg signal til å slå tappen i øltønna) 1) i det militære:kveldsignal, eit kvarter før rosignal, jfr.blåse tappenstrek 2) tidspunkt då tappenstrek lyder.

Tara,m., 1) vekt av innpakninga eller emballasjen til ei vare. 2) frådrag av tare ved veging.

Tare,m., ^{me} ~~me~~ sanamn på store brunalger, særleg av slekta Laminaria; breidblada tang. Laminariaartene har ein rund stilk med eit breidt, oppdelt blad i toppen. Laminariastilken (Stipes laminariae) har vore nytte til viss medisinske formål. Langs den lange kysten vår finst det store mengder tang og tare som i dag er eit viktig utgangsmateriale for produksjon alginat, eit karbohyd^urt som blir brukt til mange ulike formål.

Taretorsk,m., småtorsk med brunt eller raudleg skinn.

Tarre,m., rist i kylne til å tørke malt på. Tarrefjøl:fjøl frå tarren (med mange hol i). Tarrefjølene skulle helst vere av åre,ved (ved av or) for ikkje å setje smak på maltet. Jfr. "Jofolket"s.156.

Tarveleg,adj. 1) enkel, simpel, billeg; av dårleg kvalitet, fatigsleg:få tarveleg; og gå tarveleg klædd. 2) stygg, sjofel, jfr. "Det va´tarvele´ gjort å nekkje`nå me´ at han va´ lausongje!". (det var sjofelt gjort å "slenge i han" at han var lausunge). Nekkje,v., minne ein om noke som kan vere til skam. Nekkje`nå: nekkje hånå eller honom.

Taske,f., 1) hand- eller skulderveske; skinnpose; pung, patrontaske. 2) Testikkel-pung. 3) ei kvinne med låg moral, ei naske-taske. Naske: småstele.

Tass,el. tasse,m., 1) noke eller noken som tassar, td. ein nisse eller eit ~~eller eit anna~~ vette. 2) liten, puslet person eller dyr: ein liten tass av ein hund. Gråtass: brukt som namn på ulven.

Tasse,v., gå med slepande eller subbande steg, labbe, subbe: han gjekk og tassa i for store tofler.

Tater,m., (frå tyrkisk tartar) 1) person som høyrer til omstreifande folk av uli opphav; fant; omstreifar, til skilnad frå sigøynar. 2) kjeltring, rakk røvar. jfr. "Din tater!", Taterfylgje: eit fylgje, ein flokk med tater Tatre-Ingebrikt eller Løfsebjønn: omstreifar, kjend frå trolldomssaka i Syvde/ Vanylven i 1680.

Taum,m., 1) snor, snøre. Kredetaum: snor til fiskestang brukt til kredefiske. Krede bekkare; moldkrede, 2) band, snor som ein styrer eit trekkdyr med.

Taumbukt: bukta av seletaumane, gjerne brukt til å gje hesten ein rap for å få han til å gå fortare. 3) noke som liknar på ein taum, td. ei seig væske som sig ned som band eller trådar. Slिताum: taum av seigt slim som sig ned frå kjønnsorganet på kyr i brunsttida.

Talemåtar: halde i taumane; i overført meining: styre og råde; bestemme. Gje taum (slakke på taumane); i overført meining; gje fritt spelerom, "Hanj he´fått for långe tauma, og no ser de resultatet!"

Køyre med stramme taumar: halde kustus; dirigere. Taumkøyre: dirigere m hard hand!

Taus, f., 1) gjente; i syvdemålet var (er) ordet taus likestelt med ordet gjente og i ke respektert." I Nedigarden hadde dei to tause og tre guta, og Nedigar tausene va'kjende for å vere svært penel" Ordet taus blir også brukt om ei (respektabel) tenestegjente, jfr. "Dei brukte å ha både taus og dren der i garden" Ville dei uttrykkje noke nedsetjande om ei gjente, som va "lett på tråden" og hadde dårleg rykte, snakka dei gjerne om ei flokse eller tæse. 2) Tausa-kjæring: brukt om ei eldre, ugift og barnlaus kvinn ei peparmøy; ei atte(r)gløyme. Tausafut: ein som spring etter gjentene. Tauseløn: Årsløn for ei (teneste)taus. Eit vedimål, omlag som eit kufôr eller eit sildemål.

Tauvr (tauver) eller meir vanleg tovr, n., (etter gammalnorsk taufr, som tyder trolldom), ein husdyrsjuld (mest vanleg hjå kyr) der dyra sluttar å ete og berre står og sturer. Mot denne sjukdomen brukte folk mange råder både rasjonelle og irrasjonelle (jfr, taufr). Av dei rasjonelle rådene so er blitt brukte i dei seinare åra, kan nemnast Glaubersalt innbakt i ei deig laga av pulveriserte tovrefrø (Semen foenigraeci). Dette reinsa opp i tarmene, og då kom mathugen som oftast att.

Tauvre, el. tovre , v., fortrolle; setje sjukdom på. Tovra, adj., brukt om krøter som lir av sjukdomen tovr. Også brukt for skjemt om ein matleid person, dvs. e som av ein eller annen grunn ikkje har lyst på mat.

Touvrebøn , el. tovrebøn (uttal. tåvrabøn), f., Signe- formular (trolldomsformel) br mot tovr.

Tave, m., klut. fille, lapp. trevl, flis. jfr. " Dei hadde gjort reint bord. Dei hadde teke absolutt alt. Der var kje så godt som ein tave i gjen!"

Tavle, f., (frå latin, tabula). 1) plate av mørk skifer og med treramme rundt, brukt til å skrive på. Skrivestiften eller greffelen var av eit mjukt ,grått steinslag, Tavle og greffel vart tidlegare brukt i folkeskulen. i staden for papir og blyant. Når timen var slutt, la dei greffelen i pennestokke spytta på tavla og turka av med ermen, og så var skriveutstyret klart t neste time!. 2) plate av papp, tre og liknande til å skrive eller riss inn tekst på: Veggtavle, oppslagstavle, etc 3) samling av bok⁴, reglar, opp lysningar, ol.: Hustavle : samling av levereglar for medlemene i ein hu lyd. Slike reglar var tidlegare med i eit tilleg til Luthers katekisme Ettetavle: liste, register over medlemmene av ei ætt utetter i tida.

Te, m., 1), blad av den kinesiske tebusken (Camelia chinensis) og drikk laga av des blada. 2) blad ,blomster og frukter av andre plantar, brukt til te på tilsvarande måte som kinesisk te: hyllete, solbærte, nypete ,m. fl.

- Te,v., 1) vise, syne, gje, jfr. "Te katten ein mjelkedrope, Anna, du ser at han går her og snakkar og er svolten!". 2) oppføre seg, jfr. "Han hadde vore lite ute og visste ikkje korleis han skulle te seg i eit slikt selskap!"
- Teft,m., lukt av spor etter dyr eller menneske; vêr, jfr. "Hunden fekk teft av reven". "Han hadde god teft når det galdt pengar og forretningar!"
- Teie,v., (teier, tagde, tagt), la vere å gje lyd frå seg; la vere eller halde opp å tale, skrike, rope, ynke seg etc.; gjeld både for menneske og dyr. Talemåtar: den som teier, han samtykkjer; han laut lære seg å teie med urrette små sorger talar, medan dei store teier. Utrop: "tei deg!" (Hald kjeft)
- Teieplikt: plikt til å teie. Teieplikt har mellom andre helsepersonale og prestar.
- Teig,m., 1) utskifta, avgrensa, mindre jordstykke i innmark eller utmark: skogateig; slåtteteig 2) kvart av dei rektangulære åker- eller innmarkstykkene som eit innmarksfelt er delt opp i. Teigeblanding: det at eit gardsbruk har jorda oppdelt i teigar som ligg blanda saman med teigar som høyrer andre gardar til. Bladteig: spalte i ein avis. Ordet teig går inn i mange stadnamn i kommunen: Teigen; Teigane; Breiteig; Ormeteigen; Långeteigen, Talemåte: å ta verda i små teigar (la vere å ta på seg større oppgåver jfr. "Det var lite med han og lite fekk han gjort, for han likte best å ta verda i små teigar!").
- Tein,m., 1) rotskot, renning: hasletein, seljetein. 2) tynn pinne eller lita stong. Ladetein: ei lita jarnstong som dei brukte tidlegare når dei skulle løc munnladningsbørsene. 3) primitiv handredskap til å spinne med, laga av ein konisk trestuv med tung svingskive: handtein; spinne med handtein.
- Tele,m., islag i jorda; tjukk skorpe av gjennomfrosen jord.
- Telegløp, el. telegrøp, n., tining i frosen jord; det at jorda blir blaut og laus når isen smeltar i grunnen slik at t.d. grusveggar kan bli vanskeleg å ferde på avdi dei blir fulle av holer og groper.
- Teine,f., 1) fiskereidskap av flettverk, netting, o.l. der fisk og anna må gjennom e kileforma inngang og kjem inn i eit rom som det er vanskeleg å finne ut av: hummarteine, åleteine, m.fl. 2) kasse over kvernsteinane som kornet røy ut av og ned i kvernauga.
- Tindr, el. tindra, f., mellomgolvet (Diaphragma); den plata av muskel og bindevevshinne som skil mellom brysthola og bukhol; mellomgolvet er den viktigaste andedrettsmuskelen, med nerveforsyning frå nervus phrenicus; også kalla midtgarden.
- Tenne,v., (utt. tennje), bruke kjeft, tjandre; seie imot på ein utidig måte. Tennebikkje: ein hund som ideleg gøyr og held leven; ei gneldrebikkje.

Teppe,v., tette,gjere tett.stogge ,stengje;jfr." Dei tepte igjen inntaket te' kvennadama når ikkje dei skulde bruke kvenna"." Dei tepte godt igjen kring hønsegjerdet so ikkje hønsa skulde kome se' ut!".Teppe att døra.

Tepperot,f., tormentillerot,blodrot (Potentilla erécta). Rotstokken (rota) av denne planten er rik på garvestoff, og namnet tepperot viser til den folkemedisinske bruken av rota mot diarré.

Temje,v.,1) gjere tam.lydig,dressere.Temje ein hest: venje han til selen og køyre-greiene. Temje ein villstyring:jfr." Han var ein umilius då han kom,men eg skal seie deg, far,at der fekk han tamt seg!".(tem,tamde,tamt).

2) styre , tøyme,jfr." Du må lære å temje sinnet ditt,gut,elles går de gale med deg!".3) øve , trene.

Terge,v., erte , provosere,jfr.:terge eit lemend: terge på seg ein okse,"Ho e' so fæle å tirge, at ho kan tirge på si ein stein!".

Terre,m., tørkevêr, Høyterre ;godt tørkevêr for høyet: " I dag har du god terre fo klesvasken din,Petra!"

Tett,adj., 1) som ikkje har hol,opning,gjennomgang:heil,i motsetning til lek:lyste lydtett, vasstett; vasken er tett; pipa er tett.

Tette,m., bakteriekultur som gjer mjølk tjukk og seig.Det heiter seg at dei somme stader brulte tettegras (Pinguicula vulgaris) eller tettegubbe (= sva tesmiel) for å skaffe seg tette når dei skulle lage tette mjølk. Men det synes ikkje å vere brukt i Syvde. Derimot er det kjent at dei tok eit skeiablاد tettemjølk og blanda til (søt)mjølke når dei ville lage tette-mjølk,og dette fungerte.

Tev,m., 1) pust, andedrag, 2) vêr, teft(om vilt);få teven av byttet.3) vond lukt; stank,jfr,"Der va' ein slike tev at det va'mest uråd å halde det ut!"

Teve,v., puste, ande tungt og fort,jfr. " Hunden sat og teva etter at han hadde gjo eit skjørr etter geitene".Ordet er mest brukt om dyr.

Teveja,v., gje frå seg vond lukt: lukte ille: det tevja frå eit halvrote kadaver.

Tidtgjengd ,adj., som går ofte;som kjem tidt og ofte inn om (utan invitasjon),jfr. " E he'vore so tidtgjengde i det siste, so de e'vil snart leide ta mi!"

Tideløyse,f., det å ha det travelt.

Tidelaus,adj., " Han e' alltid so tidelause!".(han har det alltid så travelt!.)

Tids,adv., 1) I uttrykket: tids nok:jfr. " Han kom alltid tids nok,dvs.til rett ti "Det er tids nok at vi drar etter non, for det er ikkje så langt" (klarer seg om vi dreg etter non..) 2)vere på ferde:" Kva er tids her?" (kva er det som går for seg her?). Tiss er den vanlege uttalen av orde

Tidt,adv.1),ofte,: " Tidt eg minnest ein gammal gard" (I.Aasen).2)raskt,fort:jfr " Pūsen din slær so tidt at det e' vanskeleg å telje `nå!".

Tidend, f., 1) avgift av fangst(fisk, vilt ,etc) 2) tidlegare, avgift til kyrkja for tenester, td. sporvetidend (utt. sporvetaind): betaling for at prestane bad om at sporven ikkje måtte ete opp kornhausten.

Tigle, v., spare, knipe. økonomisere med, jfr: " Dei tigla med (dyre)fôret ut over ettervinteren for at det skulle vare til våren, og dei tigla med para finen til lampane for at den skulle vare lenge. Det gjorde dei ved å skrue ned veikane på lampane så langt dei kunne utan at lampane slok. Då sa dei at lampen (lampane) tora så vidt! "

Tik, f., tisper, bikkje;

Tikse, v., gramse, slite eller rive i noke; suge, jfr. " Tvillinglåmba tiksa o' saug mora stødt, so ho fekk aldre fred! "

Til, prep. og adv. Ordet er mykje brukt, og som preposisjon styrer det både dati (mest vanleg), men også genitiv, i mange gamle og faste uttrykk, som ti borda, til fjells, til gards, til vårs, til morgons, til tidar, etc.

Ordet blir også brukt som adverb i mange samanhengar: Ta til, leggje ti vekse til, setje seg til, leggje seg til, etc.

Ordet "til" blir ofte forkorta til "te". I denne formen har eg her skrve det te´. Apostrofen etter "e"-en er teken med for å markere at e del av ordet er borte, jfr.: te´kvelds, te´dømes, te´seinare, m.fl.

Tilburd, m., 1) åtferd, framgangsmåte. 2) uvanleg eller merkeleg hending, jfr. " Det vart ein slike tilbør her i vinter då silda kom like inn i Syvdefjorde

Til dess, brukt som adverb: " De må vente (med utdelinga) til dess alle er komne! "

Tilfreds, adj. (blir gjerne uttala "te´friss). glad, nøgd. Også brukt i tydinga: eg skulle ønskje at. jfr. " I va´ te´ friss i hadde vore der den dagen! "

" I va´ te´ friss i hadde hatt alle dei pengane som hadde vore ned i dinne pongja! "

Tilgagns(oftast uttala til gangs); med stor energi, med grein, så det munar.

" Du spør om dei rodde? Jau, rodde gjorde dei , og det til gangs! "

Også i uttrykket: gjere gangs arbeid(gjere noke som duger).

Tilgjord, adj., kunstig, unaturleg, oppstylta, jfr. " Alt e´ so tilgjort me´ nå, ente´ anj snakka elle´ det e´ noke ´anj ska gjere! "

Tilhald, n., opphaldsstad, jfr. " Smalen brukte å ha tilhaldet sitt opp i håmrå om sommaren ", Håmrå : dativ fleirtal av hammar, jfr. ut på stråmdå (ute strendene)

Tilje, f., 1) bord eller brett til å stige eller gå på i botnen av ein liten båt.

2) fjøl eller planke i eit golv.

Tilkomen, adj., 1) tilårskomen; ikkje ung lenger, jfr. " Det var mest tilkomne folk som hadde møtt fram for å høyre og sjå bispen" " Unghønene dine er nå så pa tilkomne no at dei snart vil ta til å verpe! " 2) som er komne til stade:

" Der var mykje folk samla. men dei fleste var tilkomne frå andre bygder "

Tillks,adv.,1) leggje tilliks : samanlikne,jfr." Dei la tilliks stilebøkene for å sjå kven som hadde fått best karakter"-2) likesom,jfr."Han var ein hov fyr, tilliks med fara!".

Tilmåte,v., måte til,tillemp, gjere høveleg,jfr." Han måta det slik til at alle fekk likt"."Han måta slik til holet i fuglekassa at berre visse fuglar kunne kome inn og ut". Tilmåting: tilpassing,tillemping.

Tilnamn,n., eit tillaga, eller "påhengt"namn, oftast eit utnamn eller klengjenamn og såleis ei form for mobbing.

Tilreidd,adj., sjå ille ut, vere mishandla, skamfert,øydela,gd,jfr."Han var ille til reidd etter å ha vore i basketak med bjørnen!" (fortalt om gjætaren Jysup som rundt 1850 var i kast med bjørnen på Nordalsfjellet).

Tilslag,n., tildømming med hammerslag til den som byr høgst på ei vare på ein auk- sjon.

Tilgrise,v., forsøple, skjemme ut, td. badestrender med avfall, husvegger med innskrifter, og pøbelstrek av ulike slag.

Timje,v., skilje, sjå så vidt,anten på grunn av dårleg syn, fordi det er for mørkt eller uklårt, eller for langt borte,jfr."Eg kan berre så vidt timje i største bokatawane" " Vi kunne så vidt timje båten ytterst i synsrane

Tine,v., avhamse,plukke nètene (nøttene) ut av hamsane,jfr." Omgane sit o' tina n

Tine,v., plukke og riste sild ut av eit garn,jfr." Karane driv og tinar sild".

Hit 22.11.1997.

Tind,m., 1) pigg,tann,takk,td.på ein kamm, ei rive eller ei horv.2) ein spiss fjell topp; ein fjelltind. Ordet går inn i mange stadnamn i fjella.

Tindetred,n., hard ved,ofte av hassel, brukt til rivetindar.

Tinararve,m., Spergula arvensis .Namnet tinararve har eg etter bestefar(Erik J. Nordal). Spergula arvensis, er fagnamnet,dvs. det latinske namnet: Det mest vanlege norske floranamnet er linbendel.

Tinglyse,v., offentlig registrere og kunngjere eit dokument for å gjere det retts- gyldig,ved å føre det inn i tingbok,panteregister og liknande: Tinglyse skøyte.

Timbre,f., tømmerverket eller veggene i ei trebygning.

Tikle,f., ei lita bjølle; ei bjellekikle.

Tikle,v., klinge med lys, dempa klang.,jfr. " No kom geitene, for i haure tiklinga ute på veia!"-

Tiple,v., piple,drype. Tiple ei (mjølke)ku.Ordet berre brukt ved handmjølking: avslutte mjølkinga ved å stryke spenane (ovanfrå og ned) mellom fingrar for å få ut dei siste dropane.

Tjøv,v., den delen av ljåen som fester ljåbladet til orvet; ljåtångjen (ljåtangen).

Tire,v., ha ein viss glans; blinke,skine , stråle,jfr." Eg ser deg Gud,i kvar den blom som turer", Johannes Barstad,salme.

Tirande,adj., skinande, blinkande, lysande: eit par tirande (eller tindrande) auge

Tirre,v., erte,terge,hisse opp .Ordtak: tirren hond får rive skinn.

Tise,v., knise, fnise,småle,jfr" Kva er det du tisar åt?": Også sladre," Din tisel-tut!"

Tiske,v., kviskre,prøve å seie noke som ikkje alla skal høyre: dei tiska bak rygge på han, Talemåte: den som tiskar (el.kviskrar), han lyge!.

Tispe;f., 1) hodyr av hund eller rev,2) erotisk ,lettferdig kvinne; ei flokse.

Tiss,m., organ for urinering, særleg penis; mest brukt i barnespråket.

Tiss,n., urin, piss; mest barnesprok. Det same gjeld tisse: urinere ,pisse.

Tissetrengd: pissatrengd.

Tja, (av ja)utropsord; uttrykk for tvil eller ettertanke: tja, eg veit ikkje sikkert!, brukt som eit tvilande ja .

Tjafs,m., ein bustet hårlokk; ein hårtjafs. Tjafset:full av tjafsar; ei tjafsete skjorte; ho er alltid så tjafsete på håret!.

Tjern,n.,(i syvedialekten: hokjønn ei tjennj), lite vatn: ei stillje,myrke tjenn.

Tjor,n., i syvedialekten tjør eller kjør; eit hestekjør. Kjetting eller tau, til vanleg fest til ein toll (påle) i den eine enden og til ein av føtene til eit husdyr som beiter i den andre enden, slik at dyret berre kan beite i eit avgrensa område. Kjørre (tjøre),v., setje i tjor,jfr." Når du kjem te tuns, får du sprette frå o' avsele merra, o' so får du gå og tjøre i heima i lødjenje!".

Tjåk,n., strev,mas.

Tjåke,v., tjase og mase med daglege plikter (som aldri tar slutt !).

Tobbe,f., merr; mest brukt som kalleord,jfr." tobbå, tobbå, kom hit ska'du få klare eller få noke godt!

Tofle,f., el. tøffel,m., innesko av lær eller ty, og utan snøring og hæl;morgonsko
Talemåte: å vere under tøffelen (vere kua av kona si; vere tøffelheldt

Tøge,v., slite .dra: tøge i spenane (når ein mjølkar),tøge fram trøyeetmet; tøge opp buksa. Togastode: brukt om to som kjem i snakk på ein veg og som "aldri klarer å slutte"og gå frå kvarandre.

Tøg,n., tau, reip. Byratøg: tog til å bere noke i,jfr." Han trengde eit byratog(m hovd i togbukta)når han skulde bere høy frå slætta^u (utslåttane).

Gyrdatøg ,n., gyrdetau: tau brukt til å gjyr(d)e, dvs.snøre i hop, td. ei vedavelte eller eit høyllass.Togamøle : ein taustump.

Tøgne, v., strekkje seg ut, bli lenger, bli større: Truskesnora togna etter at dei hadde brukt henne ei tid, så ho vart slakk og ikkje vilde drage. Då laut dei stogge truskinga ei stund og stramme snora.

"Guten e' liten ette' aldera, men berre vent nokre år, so skal du sjå at 'anj togna(r)!"

Tókje, m., ein liten "knurv" av eit husdyr, td. eit lamm eller ein uksekalv som på ein eller annan måte vantrivst, og ikkje veks og utviklar seg slik som jamaldringane, jfr. "Dinnja oksekalven din Ola e' ein liten tokje so 'det ikkje verte noke ta; i allefallj verte det ingjen avlsokse!"

Tól, n., 1) trekar med lok, som er vidast nedantil og smalnar oppover, slik at det står stødt, 2) liten kagge med hank til å bere etter (tarvetól).
Jfr. "Jofolket" s, 142.

Tokle, v., gå og trave og mase med viktig småarbeid (som blir lite påakta så leng det blir gjort), jfr. "I går no her o' tokla, dag ut og dag inn, utan å kome so langt so' i e' lange til!" (dvs.: utanom garden): hjartesukk ei frustrert bondekone.

Tòn, m., ein lat og seinfør mannsperson som ikkje får arbeidet unda.

Tòne, v., somle, vere upresis, jfr. "Han sa at han skulde vere færige me'arbeida og vere her klokka seks; og no er o' hal'sju og endå e' 'anj ikkje i seddå! I lure på ka' 'anj tona me?" (Tòn og tòne burde kanskje skvast med "ù" i staden for "ò"; altså med open u).

Tong, f., høytong, grind laga av bøyelege (elastiske) spiler. Tonga blir lagt over høylasset og "dregen åt" dvs. pressa ned, stramma til med tongsimen.

Tongsime, m., (uttalast tångsime; reip til å presse ned høytonga med.

Tore, v., brenne med så liten flamme som råd er utan å slokne, jfr. "Det var berre så vidt det tora i lampen, for dei skulle spare på oljen!"

Tore, f., toredyn, toreskrall; lyd som kjem i samband med rask utviding av lufta når det lyner.

Tøre, v., våge, ha mot til, jfr. "Han torde ikkje å gå inn i det huset åleine når det var mørkt, for det heitte seg at det spøkte der.

Torna, v., (i syvdemålet uttala tonna el. tonnj'a), tørke, tørke inn; gje mindre vêske av eit eller anna slag, jfr. "Mjølkekynne tonnja(r) (sluttar å mjøle ei tid før dei skal kalve", "Elvane tonna etterkvart opp, når det kom lange turkebolka(r)". "Høyet tonna godt når det e' solskin og lettvind

Torv, f., det å turve (eller trenge) eit eller anna, trong, turft, jfr. "Det e' so ra me' dagletorvenje, det minka(r) jamnt, sjøl om ein tæ lite kvar gong"

Daglegtorv, f., det som trengst eller går med kvar dag. Jfr. talemåten: husmora bere meir ut atte i fyrklæda, enn det mannen kjøyre inn me' hes og vogn. (Her er meint td. daglege turar til vedskjulet for å hente inn i forklædet).

Torv,n.,1) myrjord,dvs.(tjukke)lag av omforma planterester, som lagar torvmyrane.
2)kvadratiske stykke av myrjord, som etter tørking blir brukt som brensel under namna torv eller brenntorv.Stykkka blir tilskorne(forma), anten med torvkniv eller torvspøde. Torvløk: vassfylt grop eller område i torvmyr der jorda er skoren opp til brenntorv, jfr. uttrykket"skjere torv" i torvvinna som til vamleg kom like etter vårvinna.Torvløde: torvhytte, som regel sett opp i utkanten av ei torvmyr, og brukt til ettertørking og lagring av torvet.For å lette ettertørkinga, var veggene i torvlødene svært utette, og ofte var dei laga av låne i staden for av fjøler. Lånevegg: vegg laga av (bjørke) greiner og einekvister.

Torve,f.,1) graslag med røter og jord; grastorve,grassvord med eit jordlag under.
2) eit stykke brenntorv, Talemåte:å kome under torva (døy og bli gravlag Grastorver vart alltid brukte til å halde nevra på plass på dei gamle torvtaka. Då snudde dei alltid grassvoren ned, jamna moldlaget som då snudde opp, og sådde grasfrø i det for å halde jorda på plass.

Turnogg,n (?) brukt i uttrykket" i turnoggå",i løynd:utan at noken veit eller skil vite om det,jfr." Nei, den karer belja ikkje ta det når det e'noke han vil ha gjort,for han gjere det i turnoggå!" (Belje ta det: belje av det: rope det ut, fortelgje om det: gjere det kjent)).

Torre ,m., (gammalnorsk torri) , i eldre tid: namnet på månaden frå midten av januar til midten av februar; mellom julemånaden og gjø. Gjø:i eldre tid: namnet på den månaden som følgde etter torre.

Desse gamle månadsnamna har halde seg i syvdemålet like fram til vår tid slik det går fram av den følgjande vessen som eg har etter mor (Anne A. I dal,1877-1959) ;Han Torre med sitt skjegg lokkar bonna under solvegg; og ho Gjø med sitt skinn jagar bonna inn.

Torsdag,m., (etter gammalnorsk tórsdagr, eigentleg guden Tors dag), fjerde dagen i veka. Torsdagsnatta (natta mellom torsdag og fredag) trudde dei at alle slags trollskap var ute og fór.

Hit 1.12. 1997. A.N.

Torsk,m.,(til vanleg uttala tosk), art av torskefamilien; Gadus murhua.Etter art og storleik talar ein om skreitorsk, småtorsk, taretorsk,m .fl.

Torskehovud : vanleg uttale er torskehaud eller toskehaud. Kokt ferskt i lettsalta mukk (kokevatn), er torskehovud av mange rekna for ein delikatesse. Det er særleg tunga, kinnfiskane og slutret som blir høgt verdsett Slutret er den mjuke massen av halvt oppløyst bindevev som lagar seg under kokinga av hauda,Slutret blir gjerne sóge av beina med ein slutrande lyste noke som kanskje gjev ei forklaring på ordet.

På halvemål blir torskehovud kalla toske-aud eller berre rett, og slett aud! For nokre år sidan ringde ein av våre mest kjende ernæringsforskarar til meg og spurde om eg kunne fortelgje han kva den matretten var laga av som dei på visse stader på Sunnmøre kalla for aud. Det låg meg på tunga å svare han: "Veit du ikkje det, ditt toske-aud men eg stod meg mot freistinga, og i staden ga eg han ei innføring i det sunnmørske halvemålet. Torskelever er eit viktig råmateriale både for mat og medisin. Fersk torskelever kokt i lettsalta mukk, er ein delikatesse for dei som likar det. Det same er matretten kams. Det eggstore bollar laga av omlag like delar fersk torskelever og (grytmjøl og kokt i vatn tilsett litt salt. Torskeleverolje eller tran er eit viktig produkt utvunne av torskelever. Lar ein torskelever liggje ei tid ved vanleg temperatur, vil den gå i oppløysing, så leveroljen renn ut. På den måten skaffa dei seg tidlegare lyse eller råtran som vart brukt til mange formål, mellom anna til brensel i dei gamle tranlampane som dei kalla for koler. Namnet lyse heng truleg saman med denne bruken. Medisintran er raffinert (rensa) torskeleverolje. Tran inneheld fleire stoff som er viktige for helsa vår, mellom anna A- og D- vitaminer.

Tosk, m., det same som torsk: ein dumming, fåming, tulling; jfr: "Å for ein tosk!" "Din tosk!". "Du er ingen tosk!". Toskehaud, n., ein stor tosk! Nærståande ord: tosken, adj., dum, fåmen, uforstandig; toskne folk; eit toske spørsmål. Toskeferd, f., tosket framferd. Toskeskap, n., det å vere tosken.

Torste, m., (uttal. tosste), tørst, trang til å drikke, jfr. "I fekk ein slike toste ta all dinnj' a saltmata", Tystedrikk: leskedrikk til å stille tørste med. Skyrblande (surmjøl utblanda med vatn) var tidlegare ein vanleg leskedrikk.

Tyrste, v., (uttal. tyste), 1) vere tyst; kjenne tyste, , trengje væske, jfr. "I g... o' tysta i timesvis i varmen utan å få noke å drikke!". 2) lengte stund, jfr. "Etter dei lange og tunge krigsåra, tysta folket etter fred!"

Tyrst, adj., (uttal. tyst), som kjenner trang til å drikke, jfr. "I e' so tyste at kan årjonast!" Årjonast: forgå, gå til grunne. omkome.

Tortimast, v., (uttal. turrtimast), vantrivast, ha det tørt og trasigt, t.d. ved å vente på mat og drikke, jfr. "Det va' eit syrgjele' byllaup. Folk mått sikkje der å turrtimast i timesvis o' vente på matenjl!"

Torvtak,n., tak tekt med never og torv.

Torvvol,m., blir helst uttala torvål;planke ,stokk langs takufsa som held torvet på plass så det ikkje sig av taket.

Torvkrok,m., ein av fleire (jarn) krokar som held torvålen på plass.

Tøs ,n., tafs, trevle. Tosedott: ein dott av tos eller laust tvinna bomullsgarn brukt som tettingsmateriale og pussegarn.

Tot,n., 1) tuting ,uling; sus ,jfr." Dei låg og høyrde på tötet av vinden utanfor"
2)ideleg snakking og masing:" Hald totet ditt!" Tothol:brukt om ein som aldri kan teie , men som ideleg snakkar og tyt.

Tove, eller tøve,,v., gni og kremte (presse) ullty i vatn for å krympe det og gjer det mjukare og sterkare: tøve vottar og sokkar.

Tovne,v.,krympe, bli mindre og tjukkare; tovne i hop.

Trakke,v., gå, stige ,trampe,trø vedhaldande på same staden: trampe ned graset.

Galtrakke:trakke flatt; trakke lenge på same staden. Talemåtar: trakke en tærne (råke på ømme punkt, støyte, fornærme).

Trale,f., 1) eike i eit (vogn)hjul 2) spildre av tre.

Trampe,v., stampe, styöte foten hardt mot underlaget: trampe i golvet av sinne; trampe takta; trampe ned for fote.

Traudig,adj., flittig, uthaldande i arbeid,jfr,"Han va kje so særle glögge, men är va so traudige,o derfor gjikk det nå godt!".

Trebole,f., bleme i hendene etter uvandt arbeid, t.d etter roing.

Trege,v., gjere misnøgd,vere lei seg for,harmast over.,jfr."Eg trega på at eg selc garden!"

Treisk,adj., gjerrig,påhalden.

Treklopp, f., hakkespette; klatrefugl med stive, tilspissa stjertfjører og langt, sterkt kileforma nebb. Namnet heng truleg saman med den klappelyden ein høyrer når fuglen hakkar i trestammene.

Trelappe ,m., sko med tresole; trelappesko.

Trinte,v., gå over ende, falle,jfr." I smüre te nå so ånj trainta!" (eg slo t han så han datt).

Trod,n., fjølelag over sperrene på eit hus, brukt som underlag for never og torv i dei gamle torvtaka.

Trode,f., stang. Kredetrode:fisketrode, fiskestang, Hesjatrode:stang brukt i (korr hesjane før hesjastrengen kom i bruk.. Trodehus: skur til hesjatroder og annen hesved; hesvedhus.

Trøs ,n.,,nedfalne greiner og halvrotne kvister i skogen;trosved. Det heitte seg a trosved fritt kunne plukkast i skogen av dei som måtte ha bruk for det.

Tred,n., tre (i syvdemålet heiter det tred , med tydeleg endekonsonant).

1) I botanisk samanheng blir ordet tre brukt om ein forveda plante med opprett stamme over ei viss høgd 2) I vanleg talemål blir ordet også brukt om noke som er gjort av tre og om ved og tremateriale:treskei, trebytte, trenagle,tresko. Hespetred,n., I overført meining brukt nedsettjande om ein person av hokjønn. 3) i uttrykket:kjøpe silda (varen) med tredet:kjøpe ei tønne sild, slik at prisen på sjølve tønna (tredet er medrekna i prisen.)*Talemåtar: Ta midt på tredet(foreslå ei løysing som ligg omlag midt mellom ytterpunktta ; slikt veks ikkje på alle tre(dei er noke uvanleg, ei sjeldan vare); han legg ikkje to tre i kors, eller han legg ikkje to pinnar i kors! (han gjer absolutt ingen ting!).

Treakel,n., lakris. Ordet er eigentleg ei omforming av Theriak. ein universalmedisin som vart laga og brukt i eldre tider , og som inneheldt m.a. opium og ormekjøtt.

Tregg,adj.seinkomen,tverr,tungbedd.

Trehendt,adj.,uskikka til finare arbeid,slomset,"som ikkje får hendene med seg": ein treneve.

Trene,v., bli stiv og hard som tre:vantrivast, visne , tørke vekk (om plantar),jfr " Vi prøvde oss me'rosentred og andre fine planta, nen dei trena alle i hop!".

Trive,v., gripe; ta raskt eter noke: " Han prøvde å trive det frå meg".

Trivast,v., (trivst ,treivst ,trivest), trivast,vere frisk og vel tilfreds; også finne seg vel tilrette der ein er.Om plantar og dyr:høve vel til stader

Trivle,v., famle og føle seg fram,som om det var mørkt,jfr: " Han var så svaksynt at han måtte trivle seg føre"-

Tryte,v., (tryt.traut,trote); ta slutt. skorte,jfr." Dei hadde ei matelv (kjelde. åkome) som aldri traut, verken vinter eller sommar". " Gjev at ho aldri måtte tryte!"

Tryge,f., ei slags ramme til å spenne under føtene så ein ikkje skal søkke ned i snøen; eit slags snøsko.

Tryne.n-. 1) langstrakt snute på visse dyr: grisetryne.Tryneband:band til å ha over trynet til grisen,særleg når han skulle slaktast. 2) ansikt få seg eit slag midt i trynet (midt i ansiktet)." Eg likar ikkje trynet på den fyren!".

Trys,m., slag, lettare skade.jfr." Han fekk seg ein stygge trys då han datt utfor toppa!".

Trysje,v., drive uroleg og oppkava med eitt eller anna: "Ka du fer o' tryse ette"

*)4) Ordet tred blir også brukt om busker:ripstred,stikkelsbærtred,solbærrtred, ros-tred,m.fl.

Troll,m., 1) I folketrua: stort (eller sjeldan lite),stygt, sterkt og fårleg, men dumt og godtruande, menneskeliknande vette som bur i skogen eller ber og skremer eller gjer skade.jfr.skogtroll, bergtroll,m.fl.

2) vond, lei, uskikkeleg eller vrang skapning,(menneske eller dyr):

Eit troll av ei kjæring(som skjeller og smeller) ;eit troll av ein mann (som bannar og slær); eit troll av ein hest(som sparkar og bit)
Eit troll av ein okse (som er ylm og fårleg), etc.3)brukt om fårlege og helst om ekle dyr, som leddy (skolorm,tusenbein),biller(tordive kongro (vevkjæring),alle slags kryp, uty og åmer, td. slike som fins på lauv og gras, og inne i gallar (dvs. rundvorne utvekstar på mang plantar m.a. selje og vier..Vidare : korstroll.rumperoll , skrukketrom,fl. 4). Folk snakka også om trollfisk i samband med ukjende eller monstrøse skapningar, som dei av og til kunne dra opp av sjøen.

4) ordet troll gjekk også inn i namn på sjukdomar og plager, som ette folketrua skulle vere påsette med trolldom. Her var det mast tale om sjukdomar som kom brått på,jfr.hekseskot (brå og sterk smerte i (veik)-ryggen som skulle ha si årsak i eit skot frå ei heks:, og (alv) gust eit hudutslætt som kjem brått og som alvevetta fekk skulda for.

5) troll går inn, mest som førestaving i mange samansette ord, som har sitt opphav i ei førestelling om overnaturlege krefter:

Trolle,v., påverke med å bruke hemmelege.overnaturlege kunster ; gjere trolldom mo (eit objekt),forgjere, forhekse, trylle,mane, jfr uttrykk som: å kun trolle; trolle på noken (t.d. sjukdom); trolle fram(t.d. ein som er død. Det same som mane fram);trolle bort noke eller noken.

Trolldom,m., det å trolle, svartekunst,magi; påverknad frå noken som trollar,jfr.uttrykka: å kunne trolldom; å fare med eller gjere trolldom ; leggje, se je eller kaste trolldom over noke eller noken ; det kviler eller ligg ein trolldom over staden; løyse frå trolldomen.

Trylle,v.1) forgjere, forhekse,dåre, fortrylle, hugtake,jfr." Han vart ståande reid som trylt av all fagerdomen!". 2) drive magi, trolle mane: trylle fram noke: skaffe noke på ein"mirakuløs" måte , td. ei flaske superfin vin
3) gjere tryllekunster, trikse med kort og liknande.Tryllekunstnar: person som gjer tryllekunster (NB: merk skilnaden melom trolle og trylle. det siste går mest ut på å "forvilde,forvirre, gjøre en forstyrred i hovedet", som Ivar Aasen uttrykkjer det.Men både i syvdemålet og i den reindyrkanynorsken , er grensene mellom dei to orda uskarpe.)

Trollbrågn, m., bringebærbusk med svarte bær, truleg Rubus nessensis eller skogbjønnebær. Planten er sjeldan i bygda, og då eg som 11-12 åring, sama med ein litt eldre kamerat, kom over ein slik bringebærbusk i utmarka, sa han at det var ein trollbrågn og at vi ikkje måtte ete b for då kunne vi bli fortrolla. Det var den uvande, svarte fargen som skrømde.

Trolldomsurter: mange plantar og plantedelar som inneheld sterktverkande stoff, har fått ordet troll hengde til namnet. Av norske plantar av denne grup kan nemnast trollhatt, som i Syvde er eit samnamn for hattsoappar. Mange av desse er giftige, og det visste folk om, samtidig med at d visste at kunnskapen om desse plantane var liten. Dei fleste skydde derfor (hatt)sopp som matplante. Trollhegg, m., Rhamnus frangula. er annen norsk plante i denne gruppa. Planten inneheld sterktverkande (førande) stoff, som saman med dei heggebærliknande fruktene har g opphav til namnet.

Både i Norge og ellers i verda, finst giftplantar som har ein sterk og karakteristisk verknad på sentralnervesystemet, og som kan føre til sinnsforvirring og ha døden til følgje. Og dei typiske trolldomsurtene høyrer til denne gruppa. Best kjende her i landet er dei plantane av potetfamilien (Solanaceae): villrot (Hyoscyamus niger) piggeple (Datura stramonium) og galnebær (Atropa belladonna), som gjekk inn i dei gamle heksesalvane. og ga rus og halusinasjonar.

Trollmann, m., mann som driv med trolldom, Rundt 1680 ferdast det ein mann i Syvde som vart rekne for trollmann. Han var av taterslekt, og gjekk under namnet Tatre-Ingebrikt. I følgje bestefar (Erik) hadde denne mannen eit kroppsslyte: Han var skeiv i nakken, og det såg difor ut til at han alltid snudde hovudet att, eller til sides. Dette for å s om djevelen var etter han, meinte folk!

Trollkjæring, f., heks; kvinne som etter folketrua står i samband med overnaturlige krefter, domonar eller djevelen, og kan føre skade på folk og fe. I 1680 vart to kvinner i Syvde klaga for ha gjort skade på folk og fe med trolldomskunstane sine, og dei vart kjende skuldige, dømde og brende. Dette var ein av dei siste hekseprisessane her i landet. Ordet trollkjæring eller heks blir også brukt om ei stygg og vondsinna kvinne. Altså i nedsetjande meining, medan ordet trollmann i blir brukt om ein bortimot genial mannsperson som kan tenkje ut og skape nye og verdfulle ting.

Trollspytt,n., eller trollklyse,f., spyttliknande væske produsert av skumdyr (Cica som lever på visse gras og urter).

Trollnyste,n., gand, finball;balliknande klump som ein av og til kan finne i ell på innvolane av dyr når ein slaktar, og som inneheld hår , og stundo sand og metalbitar.Det vanlege namnet på desse hårballane var gand, e namn som peikar mot eldre førestellingar om hekseri og trollskap .

Trollty,n., trollpakk.

Trollunge,m.,1) unge av troll 2) ein uskikkeleg unge.

Trollet ,el. trollete,adj.,som gjer ugagn, fylt av vondskap, uskikkeleg: trollete ungar;trollete geiter (som ikkje lar seg gjære ute).

Trollmjøl,n., varenamn på eit ugras- og gjødslingsmiddel.

Hit 7.12.1997.A.N.

Trommesykje,f., sjukdom hjå storfe der vomma blir sterkt utspilt av gass frå gjæ ande fôr.

Trommeskin,n., skinn på endane av ei tromme,jfr uttrykket: stramt som eit trommeskin!

Trone,f., gild, opphøgd stol som sete for høgtstående person,regjerande fyrste,. pave,ol. Hjå dei (dispotiske) orientalske fyrstane, var trona ei alterliknande innretning der " alterbordet" var eit platå eit godt stykke oppe på veggen,der det var sitjeplass til fyrsten og hans førstedame. Trona var oppsett i enden av ein stor sal, og dei som skul nærme seg trona , mätte kone krtypane på kne. På eit museum i Burma, har eg sjøl sett trona til den siste regjerande kongen, som hadde si residens i gamle Mandaley då engelsmennene tok landet i 1854.

Tronehimmel: eit lite tak over trona; baldakin.

Trong,adj., (uttal. trång),1) som har liten plass, snever,smal: ein trong dal; ei trong gate; ein trong fødsel (i overført meining: ein treg og vanskeleg start).2) økonomisk vanskeleg, fattigsleg: han vaks opp i tronge l det var tronge tider.Trongsyn: innsnevra, einsidig og intolerant syn på visse ting. Trongstig: smal passasje, krok , hjørne: jfr. " Bukkane va så ville at karane måtte møte dei i trångstig for å få tak i dei!".

2) kome i trongstig: kome i knipe , i klemme (kome i ein vanskeleg s tuasjon).

Trongrøme.n., noke som gjer plassen eller romet mindre.jfr:" Du samlar på so mykje gammalt skrot, Hans, som berre verte stående til trångrøme!" (dvs, so berre blir ståande og ta opp plass).

Trøse, m., urensa korn; det same som drøse.

Trøte, m., opphovning, trutning på ein kroppsdel. svull, ødem, Trotevøl: ei langstrakt opphovning på kroppen, slik ein kan sjå det etter eit hardt slag.
Trøtehelle: eit rundvore trøtelag.

Trutne, v., 1) hovne, svelle opp, få trøte, 2) Om treverk: svelle opp og bli tett av vate: setje eit gise trekar til trutning i vatn. Døra var trutna, so ho gjekk ikkje att.

Truten, adj., hoven, opphovna. Også brukt om ein person som (med kropps-språk) viser tydeleg at han er furten, fornærma og utilnærmeleg; jfr: "Ho va' brututa o' Marte i dag då i møtte 'nje: Ho gikk forbi og sa kje eit o'

Trurøkjen, adj., plikttoppfyllande, påliteleg; grundig og samvitsfull i sitt arbeid

Trygg, adj., 1) sikker påliteleg, som ein kan lite på. jfr. " Dei måtte vente på trygt vår før dei la ut på turen" (dei måtte vente på stabilt vår...)

2) trygg, fri for fåre, jfr. "Nedanfor Hjellen (den store sidemorene) var det fonnatrygt, Difor samla dei (tidlegare) alle husa der i eit stort tun".

Tryggle, v., 1) be inderleg og vedvarande om eit eller anna, jfr. "Han trygla og bad så lenge om å få vere med, at til slutt let dei han få sin vilje for, sleppe maset!" 2) be i ein frekk og truande tone for å kunne tilvende eitt eller anna, jfr. " Han trygla og knegikk meg så lenge etter å få låne pengar, at til slutt vart eg lei av han og kasta han på dør!".

Trykk, m., støyt, puff, slag, medfart, jfr. " Dette er sterke saker, som toler ein trykk, " " Ho he' no tolt ein trykk før, so ho står si nok for ditte med!".

Tryte, v., raute smått, utan å opne munnen (om kyr).

Tråde, v., setje tråd på: tråde på nåla; tråde i skoreimane; tråde krødene (fisken på hånkja.

Træl, m., 1) ufri (kjøpt, hærteken) person som eigaren rår heilt over (til arbeid o sal); slave. 2) trottig arbeidar; ein slepar, 3) klump av tjukk hud, særleg inne i handa, etter hardt arbeid med spade, greip, etter roing,

Trøsk, m., ringvegg, rund vegg i sidene på eit kar, særleg når denne er bøygd saman av eitt stykke slik som i ein laup, ei (smør)øskje eller ei (mata)bomb
Skotrøsk, m., overlær og hælstykke på ein sko.

Tråbakt, adj., brukt om eit (flat)brødemne som er seigt og tungt å bake ut til leiv
Overført: brukt om ein ungdom som har tenkt seg langt skulevegen, men det går uvanleg seint med på grunn av måtelege evner og ein del stryk
Jamfør følgjande ordveksling melleom ein mann i bygda og meg sjøl de tida eg framleis gjekk på skule: Sambygdingen; "Går du på skule endå? Eg måtte vedgå det. Då spytta mannen ut skråa, tørka seg om munnen med bandabaken, såg meg ertande inn i augene, og så kom det med tyngde: " Då må du jaggu vere ein tråbakte leiv!!".

Trøyte, v., 1) halde ut: "Vi få no trøyte ei stond til før vi slutta(r)"
2) vente: "De må kje trøyte for lenge før de går, for det e' langt, dagane e' korte!". Talemåte: trøyter du alna, trøyter du alltids spann.

Trøyt, m., tung avslutning på eit arbeid, jfr. følgjande ordveksling. Herr A: "Vart d færinge me'arbeida i aftes?". Herr B: "Ja, men det vart ein skikkele' trøyt!". (i aftes: i gårkveld).

Tugge, f., den mengde mat som ein har i munnen på ein gong; ei munnfull., jfr. "Du må kje ta alt i ei tugge, elles so kan du kovne!" "No må du ta store tu ta skivenje Ola. so du verte færinge i lag me'hine!".

Tull, m. 1) noke som er samanrulla eller samanfløkt; bylt, vase, 2) ein tull eller tulling: tåpe, tosk, raring; ei "rettaløyse": ein som berre fer med v. og "ikkje er tilrekneleg"; ein som det "går rundt for oppe i hauda!"

Tull, n., dum handling, feil, mistak. tøys, vås, vrøvl, fjas: det va berre tull!; sjå å få slutt på det tullet!

Tulle, v., balle, pakke, binde om: fløkje i hop: "Du må tulle eit band kring fi so du kan stogge blodet!" "Nei, he du no tulla i hop tråden i gjen!".

Tullebukk: person (mann) som er fæl til å tulle:

Tunge, f., beinlaust, muskuløst organ i munnhola hjå menneske og dyr:

Talemåtar: ha ei skarp tunge (snakke skarpt og sårande). tøyme tunga: halde tann for tunge (vere varsam med kva ein seier når ein er sint; tale med to tunger (vere falsk og seie snart det eine og snart det andre): jfr. "Hanj skreppe di opp i ansikte' og lasta di på baken!".

Tungeband, n., band av slimhud som fester bakkdelen av tunga til botnen av munnhol. Å vere skoren for tungebandet (ha lett for å snakke, for å uttrykkje seg) Å løyse på tungebandet til noken (få ein til å snakke i veg!)

Tun, n., område, plass mellom og omkring husa på ein gard. Bruk av preposisjon: i samband med tun: dei er ned på tuna, fram i tuna, ned i tuna. Mem. dei gjekk ned på tunet, fram i tunet, ned i tunet; og dei kom til tuns.

Her har vi alle fire kasusformene av substantivet tun representerte:

Tun : nominativ

Tuns: genitiv

Tuna: dativ

Tunet: akkusativ

Tuntre, n., stort, gammalt (lauv) tre som står attmed husa, og som etter folketru er bustad for tunvoren.

Tunvor, m., (gammalnosrk gardvordr) vette, ofte tenkt som attergangar av ein forfar som held til på garden, og vernar den; tunkalj (tunkall), nisse. (Uttrykker: "Benk i bordet" (engelsk: tuch wood), skal ha samanheng med trua på at gardvoren budde i tuntrea. Desse var ofte så store at det vart laga (mat) bord av dei, og dermed følgde gardvoren med inn i huset, slik at dei kunne påkalle hjelp frå han når dei banka i bordet

Tungras,n., Polygonum aviculare; liten plante av Syrefamilien

Turnips,m., fôrnepe(Brassica rapa,Subspesies rapa) Turnipsåker; åker med fôrnepe

Tuske,v., lyde veikt av noke eller noken som rører seg.jfr!" I høyre noke so' tús oppe i halmståla.Kanskje det e' mus elle' fùgla?". Tuske til seg: sk fe seg, få tak i,kanskje på ein uærleg måtejfr:" Han tuska te' si hus for ein slikk og ingen ting!"

Tusk,n., 1)det å tuske; ein veik skraslande lyd,jfr." I haure noke so' tuska bort i lyn'gja!". 2) ståk, uro, leik ,jfr." Det vart eit fælt tusk opp på lofta. I lyte visst opp o' sjå ka so' går fyre si der!".

Tuskhandel,m., bytehandel med pruting (kjøpslåing) og knep.

Tutle,v., (uttal. tühjle; same lyd som i hahjl (hassel)↓) gå smått,tasse,rusle, " Det va' so kaldt ute,at anj tutle si snart inn i gjen".2)arbeide smått; stelle; arbeide nærmast for tidsfordriv,jfr." Ho gjekk og tutla og flytte på eitt og anna i huset og vente på at gjestene skulle kome"

Tutlen ,el. tuslen,adj., liten , puslet, skrøpeleg, sein til å arbeide, lite for seg; åndeleg redusert.

Tusling,m., ein tuslen person; ein pusling,ein stakar.

Tvag,n., Urin , land, flytande gjødsel.

Tverr,adj., som er nokså vinkelrett(i enden);prammen er tverr bak og spiss framme
Tverke (ubøyeleg substantiv), noke som står på tvers eller i vegen, Jfr, uttrykk
På tverke: til meins,til hinder, ulageleg,bakvendt, rangstelt, skeivt:
jfr. " dette kom på tverke for meg; alt går på tverke i dag!".

Tverdrivar,m., ein vrangpeis, ein stabeis.

Tverr for ,adj., tverr, motvillig: 'Han va' alltid so tverfyre når ein bad. `nå ei handsrekning!".

Tvøge ,f., 1) ein vaskekiut til oppvask på kjøkenet 2) ei grovare vaskefille til golvvask, jfr. två,v., vaske (två, tvådde, tvådd).

Tvore,f., kjøkenreidskap: ei kort stong (tvoreskaft) med ein krans av korte spje eller greinstubbar i enden , brukt til å stampe og røre,særleg når ein kokar graut; grautatvøre.

Tyd,adj., Om dyr: spak, tam, vinelskjen (folkekjær), selskapeleg.,jfr." Geitene v so tyde at einj kunnje gå bort åt dei o' klappe dei!".

Tyken,m., (uttal. tykjen), djevelen, hinmannen, jfr." Dersom du ikkje slutta å bannje, kjeme `anj tykjen o' tæ di!".

Tyken,adj., uttal. ty'kjen) el tykken,støytt, fornærma,snurten, arg,jfr."E veit ik kva vondt i he gjort `nå,men `anj vart so tykjenj at `anj snakka k meir tve'mi denj dagjenj!".

Tyl,m., ein tosk, ein dummung,jfr. talemåten; Når tyl kjem te' tor'i får kremma en penge`! (te' tor'i: til torgs) .

Tyle,n., golv.Fjøstyle: fjøsgolv.

Tyne,v., gjere ende på, øydeleggje utrydje, kverke ,drepe: Tyne ugraset med eit hor-
monpreparat." Han tok kvelartak på meg , så eg var redd at han skulle
tyne meg!". Tyne ut.1) grise til , skjemme ut,Jfr:" Han tynte ut den
nye bukse si med feitt ,så dei måtte sende ho til rensing".

2) skjemme bort,jfr." Det e´ein pene o´kjekke gut, men `anj e´ berr
so uttynde. Det e´ mora so´he´tynt`nå ut seie dei, for ho let `nå
gjere akkurat so´ anj vilde!"

Tynne,f., 1) stort , rundt stavkar med bogne vegger: øltynne,vasstynne,etc.

2) særleg eldre mål for mengd som går i ei tynne a) ei tynne korn:
eldre mål for korn og faste varer(139 liter);b) ei tynne fisk: eldre
mål for fisk og flytande varer (115,8 liter)

3) eldre flatemål som svarer til 3,937 dekar. (Ei tynne korn var om
lag høveleg mengd såkorn til dette arealet: Altså til"ei tynne land".
Talemåtar: Stå som sild i ei tynne (stå tettpakka); tome tynne(r)
ramla(r) mest(dei som har minst å fare med,skrik ofte høgast og held
seg mest frampå).

Tyrve,v., dekkje til med torv,jfr "Når du sè´te (plantar) eit tred, må du tyrve d
godt til rundt rota!".

Ty(r)ste ,v., (uttal. tys´te), vere tørst, lide av tørst:Mest brukt adjektivisk,j
" I e´ so tys´te (at i kan årjonast)!" (eg er så tørst at eg kan for
Tyre el.tyri,m.,gammal fureved som inneheld mykje harpeis (harpiks); " feit fure
Tyrespik,f. spile av tyreved brukt til fakkell eller opptendingsved.

Tynnaknut,m., kvervelvind, stormknut,I den gamle vessen;Kyndesmyss-knut jaga(r)
Jula ut! , er det hardt vintervêr med storm og " stormknutar" som
ligg til grunn og ikkje mannsnamnet Knut.Den gamle merkedagen, Kynde
myss (Kyndelsmesse),(2. februar) , kom midt i den hardaste vinterti
då det ofte var mykje storm og uver, altså Kyndesmyssknuten.

Tyte,f., hard steinknurrp inne i eit mjukare steinlag, slik ein finn det i
kvernsteinar, brynesteinar,m.fl.

Tyte,v., gnåle, mase: "Ka du tyte ette´?" (sjå også ovanfor,s.

Tæje,v., (tæje,tædde,tædd),løyse opp, skilje noke som er samanfløkt: tæje opp ei
tøg;tæje opp ein vase med tøs.

Tæl,m., godt to, tiltaksevne,framtak,energi,driv,tiltaksvilje:" Det va´ tæl i der
kara; det va´ meir tæl i hånå enj i þøra!"

Tæring,m., 1) det å tære; bruke,bruke opp. Talemåte:setje tæring etter næring (t:
passe forbruket etter inntekta,eller etter det ein i det heile rår (t:
2) tuberkulose.

Tæse,f., 1) tøffel 2) gammal utgått sko 3)ei som fer med slarv; slarvekopp.

Tætte,v., stige svært varsamt, jfr. "Ho hadde så vondt at 'o klarte kje ein gong å tætte på foten!".

Tøk,adj., takande;; høveleg til å ta eller hente, jfr. "Griseongane våre e'snart tø'ke, so du må kome ein dag o'sjå di ut einnj"

Tøle,f., samling av reidskap eller småting som ein gøymer på til seinare bruk. Ordet berre brukt i fleirtal. jfr. følgjande ordveksling: Herr A. "D he'kje einj rivenavar å låne mi?", Herr B: "Jau. I får sjå ette'i tølenje mine, so finne i'nå kanskje!". (i tølenje:dativ fleirtal av tøle)

Tjon,n., småarbeid, dagleg pliktsyssel; dyrestell.

Tjone,v., gå og tokle og mase utan at det viser stort etter det ; pusle og stelle for folk og dyr.

Tørling,m., (u)grasrøter i åkrane, som kjem fram når ein pløgjer og horvar om våre og som ein prøver å rense ut før ein sår eller set poteter.

Tøve,v., krympe ulltøy, td, vottar, sokkar etc., ved å gni og kna dei våte og va me plagga mellom hendene og mot eit underlag.

Tøye,v., smelte vekk; om snø på eit jorde eller i marka. Sjå også snø, s

Tøye,v., (tøygd, tøygd), gjere lenger eller vidare; strekkje, lengje: tøye strikken (til han slitnar); tøye kroppen; tøye armane i vêret; tøye genseren. Talemåte; Han er ikkje lang å tøye (han er snarsint).

Tøyme,v., få eller halde styr på; styre, age ,temje, jfr. "Du må lære di å tøyme sinn'e ditt; gut, elles går det di gale i livet!".

Hit 21-12-1997. A.N.

Tå,f., 1) kvar av dei åtskilde, leddelte framspissane av foten hjå menneste og dy Storetåa og lissetåa var dei vanlege "bruksnamna" på yttertærne, men so barn lærde vi namn også på mellomtærne., og namna på heile tårekkja va storetå. tå-tille, tilleros, abelfru og store skrubbehesten på skogja: Tåkjefst: sår eller rimne på ei av tærne under. Slik² sår fekk ein stundom når ein gjekk berføtt om sommaren, og dei hadde vanskeleg for å gro.. For å rense såra og live tåa, røyrdede dei rundt ulltråd innsett med (tre) tjer Liktå,f., (fl. liktæ(r)) eller liktorn; hard klump i overhuda, særleg på på tærne, med ein torn eller ein pigg som veks innover og gjev smerter. 2) fremste delen av ein sko eller ein hoselest: skötå. hosetå.

Tåg,f., (f. tåge(r), 1), rotgrein av tre eller ein annen plante, Tåger, særleg av bjørk, vart brukte til å feste ljåbladet til orvet (ljåtåg) og til flettverk å ymse slag. 2) trevl, fiber, streng i musklar og vev .
Blodtåg: samanfilta masse av fibrintrådar som lagar seg når eim rør blodet (ved slakting)). Fibrin: det proteinet (eggekvitestoffet) som vert utfelt i trådar under blodlevringa.

Tåge,m., berekorg fletta av tåger eller selje-renningar.

Tåhette,f., tåkappe; ler- eller stoffstykke som dekkjer tåa på sko eller støvel.

Tåte,f., sugepose med oppbløytt mat, som tidlegare vart brukt til småborn.

Tåvr,n., kusjukdom, der dyra mellom anna missar urta (sluttar å jorte) og står berre og sturer. Tåvr tyder tauver eller trolldom, og viser til ei gammal tru om at sjukdomen hadde med trolldom å gjere.

Tåvrefrø: bukkehornfrø (Semen foenigraeci),brukt som medisin mot tåv

Tågebær,n., 1) plante av rosefamilien med krypande jordstenglar og raude bærliknande steinfрукter (Rubus saxatilis). 2) fruktene av tågebær.

Tår,m., litt drikke; slurk, sup, drope: ein kaffetår, ein mjølketår, etc.

Talemåte; Å ta seg ein tår over tørsten (drikke litt for mykje av ei alkoholisk væske).

Tåre,f., (drope av) væske som blir utskild av tårekanalen, og som kan renne frå augene ved sinnsrørsle, smerte eller andre påkjenningar.

Talemåtar; le eller gråte so tårene trillar ; få tårer i augene (av sorg el. liknande); ha lett for å ta til tårene; spare tårene sine (ikk gråte i utrengsmål). Krokodilletårer: falske tårer; brukt om ein person som lest gråte , men som ikkje meiner noke med det.

Tårekjertil: liten kjertil som ligg bak øvre augneloket og skil ut tårevæske. Tårekanal: kanal som leier tårevæska frå suget til nasen.

Tåreperse: person som er snar til å ta til tårene.

Tått,m., (fl. tætter, tættene), 1) einskild tråd eller del i tvinna snor eller re 2) eit visst karakterdrag, jfr. " Det e´ ein vondetått ti `nå !". " I he´ alltid vore ein vondetått i denj? slektenje!". Råtått tynn stripe av ugarva vev i midten av ei heimegarva hud. Dei meinte at dette sku gjere huda tett(are) når den vart brukt til sko.

U

U, vokal. Trang (ú), som i bu, bur, hus, hud, ute: Åpen (ù) som i luft, hug.

U, ein partikkel (tilsvarer ei førestaving), som blir brukt 1) saman med eit substantiv eller adjektiv for å uttrykkje noke uhøveleg, dårleg, illsedd eller avskyeleg: som td. utid, ubrukeleg, udyr. 2) brukt om noke som det er ^{skort på} uro, ulag, uheppe, uflaks-3) for å uttrykkje motsetning eller nekting: ublid, ujamn, uhøveleg. U- partikkelen blir sjeldan brukt der motsetningane kan uttrykkjast med eit eige ord, så som stor og liten, lang og kort, lys og mørk, etc. I syvdemålet og i fleire andre dialektar, går denne "u"-partikkelen oftast over til "o", jfr.: o-tid, o-brukeleg, o-jamn, o-ro, etc.

Ubedd, el. ubeden, adj., ikkje beden (el. boden), jfr. frasen: "Kar ska den obodne sikk (sitje)?" Svar: "Borte i krånje som ei bikkje!", "Han kom oboden (o-bidd, sjølbidd) til selskapet".

Ubeist, n., eit fælt beist, udyr, monstrum. Også brukt som skjellsord.

Ubendig, adj., sterk, vill, ustyrleg. Jfr.: "I kjende ein ubendige trong til å slå te` `nå!".

Ubyde, f., fantestrek, fortræd. fornærming, jfr. "Dissa ongene te` `nje Rebekka ska no alltid vere ute me` `obydenje sine!" (eller: "og gjere obyde)

Ubyre, f., ei altfor tung bør; ei bør som er så tung at det kan skade deg, jfr. "Nei no trur i at du he` tekje på di ei obyre!".

Ubytt, sdj., u-skift, noke som ikkje er delt, jfr. "Det e` kje lov å forsyne si ta (av ,utav) obyttå!" dvs, av den varen eller egedomen som endå ikkje er delt, men som ligg føre til deling. Obyttå: (gammal) dativ fleirtal av obytt. jfr. ta (uta) ollå obyttå (av alt som (endå) ikkje er delt. Talemåte: Å ha noke ubytt med ein kvann (ha noke å tviste om eller vere usamde om).

Uboteleg, adj., som ikkje kan bõtast eller gjerast godt att. Jfr: "Branden gjorde uboteleg skade!".

Ueins, adv., usamd, jfr. "Dei vart ueins om bruken av fjellbeita" (Dei kom i krang om..... Det motsette kan lyde: "Dei kom alltid vel over eins om bruken av fjellbeita!")

Ueteleg, adj., ubrukeleg til mat.

Ufager,adj., ljøt(ljot), stygg, skryten, i motsetning til fager, som i eldre syvde syvdedialekt vart uttale fair eller fair´e. Jfr. følgjande utsagn ette ein gammal syvding, som under ei helgavitjing hjå slektingar, hadde vo i fjøsen og sett på dyra, og som kom inn att i kjøkenet og uttalte seg (skrytte) på denne måten: "I he´ vore ned i fjøsa og sett på kratura dokka, og der va´ `kje mange ofair´e vårskraka å sjå! Ja, kjynnje dok va´fair´e!", dvs. glinsande og velfødde!

Adjektivet u-fager(o-fair), blir ofte nytta saman med ei nekting, for derved å oppnå sterk, positiv verknad. For det den gamle mannen gjerne ville ha sagt, var at dyra var uvanleg fine og velfødde.

Jfr. også stadnamnet Faireskogen, ved Saurdalsvatnet i Syvde. (Tyder: d fagre skogen eller fagerskogen.)

Udåd,f., ugjerning , illgjerning, valdsverk.

Uer,m., raudfarga djupvassfisk(Sebastus marinus); klokkar eller rødfisk. Ordet uer skal vere avleidd av au (auge), og heng truleg saman med at denne fisken har så utståande auge når den kjem opp frå djupet.

Uerstatteleg,adj., som ikkje kan erstattast, svært verdifull, umissande, jfr. "Uerstattelege verdiar gjekk tapt under branden".

Uferd,f., ulukke ,stygt uhell, jfr. "Han for ei o-fer o´ slo si ihel, då anj skulde opp i Storefjelle´ o´løyse nokre bøkka so´ hadde gått si faste!".

Ufin,adj., usømeleg, simpel, sjofel, jfr. " Han var ein ufin person som dei fleste fc akta!"

Ufisk,m., ein uvanleg og stygg fisk som oftast vart kasta på sjøen att når dei fekk ein slik "vanskapning" i garn eller på line, dels fordi dei meinte det var ein ufisk som ikkje var etande, dels fordi dei trudde det var e " feigdafisk", dvs. eit varsel om at ein av deira næraste var feig (dvs skulle døy snart.) Feigd: snarleg død (dødsfall). I eldre tider var man på vakt etter feigdadod eller feigdamerke. Ein ufisk kunne vere eit sl feigdadod , Og når slikt eller liknande uvanleg hende , sa dei gjerne: " Du ska´ sjå (at) det e´fýre ei feigd!"

Hit 31.12.1997. A.N.

Ufjelg,adj., sjusket, ustelt, urein; motbydeleg, ekkel, stygg, jfr. " I tikte `anj va so o-fjelge, at i to´ o´ gjikk frå `ná!"

Ufjelde,m., ufjelg ting eller tilstand, uhygge , kiv og strid, jfr. " Der anj kom, vart det alltid ein o-fjelde!". Ufjelt: utriveleg, jfr. " Der va´ so o-fjelt at i vilde `kje vere der lenger, og tok o´gjikk!"

Ufred, m., 1) vepna konflikt, krig: ufreden varde i sju år. 2) usemje, splid, uvenskap: ufred mellom grannane var ikkje uvanleg. 3) uro, forstyrring: jfr. "Der var slik ufred, at det var uråd å samle seg om leksene!". 4) ein uroleg person, jfr. "Han e' ein slike o-fred, at 'anj forstyrra' heile klasså!". Ein o-frèd: ei oro-kråke.

Ufs, m., 1) bratt bergvegg, berghammar; jfr. "Han søkte livd mot regnet under ei brat bergufs". 2) nedre kant av hustak; takskjegg; takufs.

Ufsedrope, m., drope frå takufsa.

Ufåande, adj., som ikkje kan skaffest eller oppnåast.

Ufådd, adj., el. ufått, som ein ikkje har fått, jfr. "Han lånte 1000 kroner av meg, og lova å betale dei tilbake fort. Det er gått to år, og endå er dei ^{ufådde} Ufådd. Ein skal ikkje klage over ufådd skade (ordtak).

Ufyseleg, adj., motbydeleg, vemmeleg, ekkel, stygg, utriveleg: ufyseleg vêr; eit ufyseleg arbeid; ein ufyseleg fyr; ufyseleg prat, etc. Brukt som adverb: dette er ufyse å stelle med!

Ufysne, f., det å vere ufysen; noke som er ufyse, jfr. "Det va' ei fæle ofysne å skulde tømme landkumane (om våren);

Uføre, n., 1) vanskeleg (vinter)føre 2) vanskeleg situasjon: kome opp i eit økonomi uføre.

Ufør, adj., ikkje i stand til noke, td, til å gå; uskikka, td. arbeidsufør.

Ugagn, n., (skade)verk, mein, jfr. "Ha di vekk, din tosk, o' ikkje ver her o' gjere o-gagn!". Ugagnskråke: person som gjer ugagn (som berre er til meins

Ugge, m., finne på fisk: lede på uggane; ein kunne sjå rygguggane over vatnet.

Ugild, adj., som ikkje gjeld; ikkje rettskraftig; ugyldig.

Ugrei(d)e, v., (-r, greidde, -dd, el greitt), fløkje i hop, skape ugreie: ugreie hår (fiske) lina, trådehespa, etc.

Udig, adj., doven, lat, utan tiltakslyst, gjerandslaus. Brukt om ein som ikkje ist (idst) å gjere noke!. Jfr. "Hanj berre site der o-idige so so' 'anj pla gjere!".

Ullne, v., (om feitt) harskne og skifte lukt, smak og farge: smøret og flesket var så gammalt at det var ult og gult!.

Uhandsleg, adj., vanskeleg eller tungvint å handtere, jfr. "Dinnje tvørå e' so o-handsle å bruke, for 'o e' for store for grytenje!".

Uhortveleg, adj., svært stor, umåteleg, veldig, uvanleg, jfr. "Det va' ohorveleg me' seid i fjåra det åre'!".

Uhumske, adj., ekkel, urein: uhumskt vatn. 2) suspekt, umoralsk: uhumske tilstander

Uhumske, f., 1) rot, skit, svineri 2) umoral; lumre tilstander.

Okse ,el .okse,m., 1) handyr av storfe; stut,tyr: kyr (ku) og okse; ei oksegala kyr (ei kyr som løyp'e,dvs. som er i brunst); leide ei kyr til okse (ta henne til paring). Oksehøyvel, el.okshøyvel (etter handtaka som liknar (okse)horn): stor høyvel med handtak for to personar. Oksenakke: stor , kraftig nakke.Oksepeis: pisk laga av kjønnslem på okse, jfr.: peise på hesten (jage,piske på hesten)." No må vi peise (dvs, drive hardt på med arbeidet) so vi verte fer(d)ige til kvelds (På gammalnorsk heitte ei ku "ei kyr" slik som i syvdemålet). Talemåtar:sint,sterk som ein okse; belje som ein (ylme) okse.
2) hanndyr av elg eller rein: ein elgokse; ein reinsokse.3) dyr av ok slekta: bisonokse,moskusokse.Oksehovud:1) eit oksehaud,2) gammalt hol mål for flytande varer:= 231,6 liter.

Ukultivert,adj.,udanna; som viser udanna framferd.

Ukunnig,adj., ikkje kunnig,som skortar (fag)unnskap på eit visst område.

okvemsord,n., skjellsord, vondord,jfr."I gjor(d)e mitt beste, o´ likevel va´ det berre okvemsor(d) å høyre!"-

Ufniske, adj., kaldt og surt med storm og nedbør.jfr." Det va´ so kaldt o´ ofnisk at i kvidde mi fyre å gå ut!".

Ul,m., el. n., det å ule; lyd når noken uler.

Ule,v., lage ein langdregen lyd som liknar lyden "u" : hunden og vargen uler. Vinde uler om novene.

Bergul ,m., bergugle. hubro.

Kattule,f., kattugle: mellomstor ugle (Strix aluco).

Ul,adj., skjemd,gammal,harsk,med usmak:smøret,flesket har vorte ult.

Ulege.f., langvarig og tung sjukelege,jfr." Han fór ei o-fer(d) o´ ettepå fekk ei stygge o-lege!".

Uln,v., verte ul,harsk, skifte farge og få usmak:feite matvarer som feitt flesk kjøtt og smør, ulnar lett.

U-ladd,adj., ikkje lødd(ladd),jfr."Býrså e´o-lødde".

U-lag,n., 1) dårleg form, dårleg humør, gretten,jfr."`O Petra va´ visst i o-lag i dag, `o va´so sure!".2) u-orden, ut av lage:økonomien var i u-lag o alt var berre rot!".

U-lasteleg,adj., som ikkje kan lastast,lytelaus, uklandreleg, skuldfri:han gjekk ulasteleg kledd; ingen er ulasteleg, men han var ulasteleg i den saka!

U-lende,n., vanskeleg lende, veglaust,ulendt terreng, villmark. U-lendt:(om terreng vanskeleg å kome fram.vilt og veglaust.

U-lenkeleg,adj., lang og hengslet: ein långe o´olenkele´kar!

U-lideleg,adj., u-uthaldeleg;som ikkje ertil å halde ut:ein ulideleg svolt; ein ul eleg verk og pine.

Ulk, m., art av ulkefiskane. Sjøulk: eldre og velrøynd, hardbarka sjømann.

Ull, f., 1) hår på eller av sau, eller visse andre dyr: saudeull, lambeull, angoraull.

Talemåte: mykje skrik og lite ull (sa mannen han klipte grisen): ett

tysk: Viel Geschrei und wenig Wolle, sagte der Mann er schor das Schwe

U-lov, f., lovløyse. Jfr. følgjande passus frå Frostatingslova: Med lov skal land (et

(vårt) byggjast og ikkje med ulov øydast.

Ulsblakk el. ulvsblakk, adj., lyst gul. Ordet er truleg samansett av ulv og blakk,

skulle då tyde ulvefarga. I Syvde er ordet berre brukt i samband

med hestefarge: ein ulsblakk(e) hest.

U-lukke, f., hending som valdar stor skade ; alvorleg uhell, katastrofe: bilulukke.

flyulukke gruveulukke, etc. O-lukkesfugl: 1) fugl som varsler ulukke

(jfr. fegdafugl) 2) person som ufrivillig valdar ulukke, 3) person

som ofte er ute for ulukker eller uhell- Å kome i ulukka : brukt om

ei ugift kvinne som blir gravid uviljes.

Ulv, m., rovdyr i hundefamilien; varg, gråbein, m. fl. (Canis lupus). Talemåtar: ein

tute med dei ulvane ein er i lag med (gjere som kameratane, som dei

ein er saman med); ulv i saueham: " Ta dykk i vare for dei falske p

fetane! Dei kjem til dykk i saueham, men innvendig er dei grådige

ulvar (Mat. 7, 15).

Ulv, m., (gamalnorsk úfr, frå latin uva, uvula = drue) drøvel. Dra opp ulven på

ein: brukt som eldre lækjeråd, eller (nyare): som trussel.

Uløyves, adj., ulovleg; uløyves handel; som adverb: gjere noke utan lov, jfr. " Han lå

tok hasten til grannen uløyves, og brukte han på ein tur til handels

mannen!". " Han fekk mulkt for å ha fiska (laks) uløyves".

U-låt, m., styggelåte, ulåte. ulyd, jfr. " Denne musikken er berre ulåt som det er vor

å høyre på!",

Umak, m., bry, møde, strev, jfr. " Ditte verte ein omakje fyre di!" " Du kunnje i

spart di dinnje omakjen, for gjeitenje kom heim ta si sjøle!"

Umaka, adj., som ikkje har make: ein omaka sko: ein sko som ikkje er par. eller so

er eit uhøveleg par; omaka ski, omaka vottar, etc.

Umakje, m., (uttal. umakje), umak: gjere seg umak med: ta bryet med, jfr. " Han

gjøre si . si o-makje me´ å rydje pent opp ette´si når `anj slutta

arbeide` om kvelden!".

Umaklaus, adj., som skyr å gjere meir enn det som absolutt trengst; ofte brukt sam

an med ei nekting for å oppnå ein sterkt positiv effekt, jfr. " Ho

´kje omakelause, den kjella!". (Ho er ikkje redd for å gjere ein ekst

innsats eller gjere ei ekstravending, den gjenta!)

Um, el. Om, prep. og adv., brukt i mange samanhengar. Her eit lite utval.

1) I visse tidsuttrykk, som om morgonen, om dagen, om kvelden, m.fl., brukte eldre folk tidlegare dei gamle dativformene, i fleirtal: om kveldå, om dogå, om mennå (utt.mennjá), Her er eit eksempel på dette: "Ti(d)le om mennjá meda det endå e´dogg i grasa, e´ det best å slå me´ styttrorva i småmarkjenje!".

I denne setninga er det mange dativar:

mennjá: dativ fleirtal av morgon, ,styrt av preposisjonen om.

grasa: dativ eintal. styrt av preposisjonen i.

Styttrorva: dativ eintal av styttrorv, styrt av preposisjonen med.

Småmarkjenje: dativ eintal av småmark, styrt av i.

Småmark: udyrka mark der det veks småhøy, dvs. stytt gras i motsetning til långhøy, dyrka på atteleger.

På tilsvarende måte , vart: vatn til votná: kalv til kolvá ; strand til strondå, m.fl.

2) forbi (fram om), ut over eit visst punkt: Vatnet stod han opp om knea ; han gjek bort om elva (til den andre sida av elva): han må ha gått om oss (han må ha gått forbi oss utan å sjå oss eller leggje merke til oss (fordi der var dårleg sikt; skog ,skodde).

Undvere, v., vere forutan, låne bort, jfr. "Jakob, kan du ondvere drengjen din eit par tima? I skulde ha vore opp på stovetaket o´ tekje ut ein drope, og då trengje i noken so´ kan hjelpe mi!". Ta ut ein drope: tette eit takdr

Omfar, n., jamn rad kring om noke; omgang: eit omfar i eit laftehus (ein omgang stokkar); ein omfar i eit spýt (strikkesøy); eit omfar moskar i eit fiskegarn (ei rad med moskar frå den eine kanten til den andre.)

Umfarsykje, f., farang, kor<tv[^]arig sjukdom som spreider seg frå person til person (også kalla omgangssykje).

Umgangsskule (omgangsskule) , m., i eldre tid : folkeskule der lærarne og elevane flytte rundt frå gard til gard , Vart slutt då dei fekk skulehus i bygdene.

Omgå, v., gå utanom , Omgå lova: setje seg utover lova utan direkte å bryte henne.

Omgåast, v., (omgåst, omgjest el, omgikst , omgåst). ha selskapeleg) samkvem med, vere saman med; ha lag med, jfr. " Han omgikst ingen, ikkje ein gong sin eigne systkjen!".

Omgang, m. 1) ha venskepeleg samkvem med noken. 2) handtere eller bruke ein ting på ein viss måte, jfr: " Han hadde ein kritikkverdige omgang med sprengstof "Han hadde ein lettsindig omgang me´ pengå o´ derfyre va´ `anj penge-lause stødt!". 3) seksuelt samkvem, jfr. " Dei skulda han for å ha seksuelt samkvem med mindreårige". Talemåte: Gje , eller få ein omgang juling(... ein porsjon juling; piske , eller bli piska opp).

Omgjengeleg,adj., som er lett å omgåast; lett å vere saman med.

Oppattegjord ,adj., oppattergjord,dvs. gjort ein gong til; endra.,jfr." Det va' so stygt gjort fyste gångjen , at `anj måtte gjere det oppatte både ein to gångje, før dei vart fornøgde me´det!". Jfr:Oppatespýta hoser.

Umhender el.om hende ,adv.,brukt i uttrykket vere om hende(r),vere med barn; grav: I syvdedialekten heiter det:onde hánda eller opp onde hánda. jfr." De seiest at `o Kari Nedigara e´ opp onde hánda i gjen.Dei kjeme tidt, s det verte `kje folkelaust der i gara!".

Une,v., like seg godt, trivast.

Univers,n., (frå det latinske adjektivet universus: det som femner om alt); allheimen , verdsromet.

Universal,adj., uniersell, som gjeld alt og alle.

Universitet,n., institusjon for høgare undervisning og forskning i mange vitenskap og vitenskapgreiner: filologi, jus, medisn, farmasi, realfag, samfunn fag, teologi,m.fl.

Unote,m., uvane, uskikk: leggje av seg unotane.

Unåde,m., misshag, uvilje: falle eller kome i unåde(få noken mot seg); Gje seg ov på nåde og unåde (gje seg over utan vilkår).

Ur,f., lende dekt med (store) steinar frå isbrear og seinare forvitring og ras.

Går inn i mange stadnamn:Gråura,Storura, Långura, Urene, m.fl.

Talemåte: Å ha kjid(kje) i ure`nje(å ha kje i ura): Brukt om ein person som viser uro og rastløyse,fordi han veit at noken ventar på ha (Her er eit eksempel på bruk: Det var kveld på garden.Tenestetausa visste at friaren var komen og gjekk ute og venta. Ho visste også at måtte gjere seg ferdig med kveldsstellet i huset før ho fekk fri. Ho masa på , og var tydeleg irritert på ungane som "aldri vart ferdige n kveldsmaten!". Mannen i huset merka at Petra var amper , utan å vite grunnen.Til slutt sa han diskre´ til kona:" Ka e´det so går `ta `nj Petra i kveld?". "Hyssj!" svara kona." Veit du `kje at `o he´kjid i ure nje?. `Anj Hans kom so tile´i kveld og går ute o´vente på `nje!".

Hit 7.1.1998. A.N.

Urid.f., ei uversrid med snø og frost,kanskje mest brukt om sterkt og uventa snø- som kjem seint på våren,då det minkar med loda (foret) åt husdyra.

Då stod ofte lodaløysa for døra, og dei måtte" på skaveskogen" for å skaffe tilleggsfôr til dyra : skav (bork, særleg av rogn og selje),bj keris, einer, lyng, etc. for å få dyra levande gjennom vårknipa.

Dette var i eldre tider, og denne driftsmåten er det (heldigvis) for lengst slutt på.

Urykk, utt.O-rykk).m., uvêr, hardver; helst kortvarigt,men på ei tid då det er til skade og fortred for dei som er avhengig av vêret.

Ut,adv.(ut,ytre,ytst); brukt i mange tydingar og samanhengar,1) med retning eller rørsle frå inne i noke (bort frå eit rom eller ein innestengd tilstand ut av huset; ut av båten; ut av båsen; ut av fengselet,2) bort frå den indre delen av landet, i retning mot sjøen eller havet: ut frå land: ut i fjorden; ut i øyane, 3) utetter frå eit visst midtpunkt eller frå sin eigen ståstad:rette ut hendene; vekse ut` (om greiner på eit tre.). 4) spesielle uttrykksmåtar som går på retning og stad: ut og ovai gjerdet: ut og nedai husa.Ut og nord: ut med havet i nordleg retning. 4) bli til inkjes: slokne ut, døy ut; stryke ut.5) førebu, utstyre: ruste ut ein ekspedisjon, eit skip; ruste ut ein hær.

Uta og utan, Adv. prep .og konj., 1) utanfrå, utetter, oftast saman med ein partikkel (frå , etter, til):dei va´ nettopp komne uttafrå o´ inn i stov då stormen to´ taket!, 2)inn frå kysten eller havet; vinden sto´ " utta o" dvs.rett innfrå havet.jfr." `Anj står"utta i" o´ brennje me nårvesta!". Som preposisjon: inn frå eller vestanfrå:" Dei kom "uttagara" o´va´heilt ihelfrosne(utanfrå,inn frå garden utanfor);" Dei kom "utta øyå" o´hade me´si ei føring me ´slid!".(dei kom utanfrå øyane..) 3) som konjungsjon:uten at:"Han hadde vore der ,utan at egvisste om det

Uttabeins,adv., på den sndre sida av ein lem (gjeld altså ikkje berre foten (bein) men også andre deler av kroppen, t.d. utsida av armen, leggen,låret: uniforma har snorer uttabeins.Uttabeins i motsetning til innabeins: jfr. " Han hadde fått stygge skrubbsår innabeins på rista og (store tå) jarken.

Ut-av, prep. av, frå, ifrå, blir ofte forkorta til " uta" eller "ta". Jfr,jfr." Vi va´fem ta oss i båta;to ta Syvda o´ tre ta Vanylva."Du må vere so snilde o´turke ta bor´a, Petra!".

Utarte,v., utvikle seg til noke verre: diskusjonen utarta til den reine slåstarku Utattespytta,adj., jfr," Besteklæda `ass såg ut so dei hadde vore togne o´ utatte spytta. So stygt hade `anj fère me´dei!".

Utburd,m., (utt,utbør), Opphaveleg brukt 1) om gjenferdet (fòringen, attergangare av eit barn som vart sett ut (bore ut) for å døy.2) om gjenferdet av ijet udøypt barn. Slike fekk (tidlegare) ikkje bli gravlagde i vigsla jord, men fekk ei grav utanfor kyrkjegarden. Utbørane heldt seg mest langs vegar og stiar, og plaga dei som ferdas der på mange vis, td. med skrik og skrål. Bestefar (Erik) fortalde følgjande om ein utbør som ein gong i tida heldt til heime i Myrebakkane:"Ein mann frå Nordalen hadde vore til sj

og kjøpt sild, som han bar i ein tåje på ryggen. Då han kom fram i Myrebakkane kjende han at tåjen vart tyngre og tyngre. slik at mannen måtte lu seg framover for å klare å bere han. Dette varde ei stund. Men br. hørde mannen ein skrellelått, og med det same hoppa noken ut or tåjen, som vart så lett at mannmen heldt på å fare fram å haude. Då mannen skulle til å sjå, var tåjen tom. Han skyna då at det var utbøren som hadde vore ute og gjort han ei prette: Han hadde sett seg opp i tåjen og gjort seg tyngre og tyngre, medan han plukka ut silda. Og då han var ferdig med det, sette han i ein skratt og for sin veg!".

Utdyr, f., 1) ytterdør, 2) gang eller inngangsrom i (stove)hus.

Utekk, adj., (utt.o-tekk'e), utekkjeleg, jfr. " Hanj e'so otekke, at det e' mest ingjenj so've' verei lag me' nå!".

Uterus, m., livmor.

Utett, adj., ikkje tett, som læk: eit utett kjerald: eit lekale kjerald. Huset va gammalt, så både glasa og dørene var gisne og utette!

Utoleg, adj., (utt.o-tolige), 1) som er lett å knuse, jfr. " Dinnje porselensvasen e'so tynnje o' otolige, at viss du sleppe `nå, vi' du sikkert kome te'å spike `nå!". 2) som lett blir sjuk, jfr. " I he' vorte so otolige sida i hade den stygge o-legå, at i verte sjuke berre det blæse på mi 3) som lett blir støytt eller fornærma, jfr. " `O Signe e' so o-tolige at du må vege ora dine på gullvekt før du snakka te' `nje!".

Utoleleg, adj., som ein mest ikkje kan tole, jfr. " Han e' ein otidige o' ofysele' person som det e' heilt o-tòlele' å vere i lag med!".

Uty. n., 1) mindre skadedyr som rotter og mus, jfr. " No e' det kome o-ty borte på budenje (stabburet): Der va' nusalort, o' der va' gnaga både på flat brødet og på annja ætele' so' dei hade kjème over!". 2) lus og lopper

Utrøne. f., vestleg vind, solgangsvind; mest brikt om den viden som på varme dagar bles inn frå havet gjennom fjordane.

Utskot, n., 1) framstikkande del av noke, td. takskjegg; framspring på hus; utbygg, sval, skot. 2) noke som er vraka: utskotsfisk (vrakfisk), vrakbord (fj som det er feil på), etc. 3) kriminell eller usosial person, pakk. ramp.

Utspjåka, adj., utstasa på ein overdriven og smaklaus måte.

Uveiden, adj., somm er for stor og uhøveleg til formålet, jfr. "Storehakkå (dubbelhakka) e' for tonge o'oveida te' å renske ogras me' i gulrotsengjå!"

Uvite, v., (utt, o-vite). svime av, dåne: falle i uvit, liggje, vere i uvit.

Uvija, adj. ikkje gjort med vilje, jfr. " Å nei. å nei! trefte steinen di ?!. Ja, du må vite at det va' o-vilja verk!".

U-vene,f., (utt,o-væne), villmrk, u-oversiktleg terring,jfr." I dag kan de tru at vi fekk ein skrekk:ongane skulde `stad å plukke bær, men kom ikkje atte, so vi måtte `stad å leite ette`dei.Te` slutt fannj vi dei langt bort i o-vænå!, Dei hadde rette o`slett veina si vekk!".

V

Vade,v., (ved, vod, vïde), 1) vade el. vasse;gå i ein masse som legg seg tett inn til føtene,som vatn, snø, sand,søyle; men også brukt om gras,lyng. I overført meining: frátse i ,ha overflod av:vade i pengar.2) symje i overflata (om fisk,jfr." Fiskjen (silda) e`oppe o` ved`e!". " Dei vor svært, kredenje,fram i vøtnå i jafte (i aftes,dvs. i gårkveld).

Vad,n., vadeplass (i ein grunn del av ei elv).Å vade , var den (eldste og) mest primitive måten å kome over ei elv på.Deretter kom byksa: ei rad med store steinar som gjekk tvers over elva, slik at dei kunne "bykse" frå stein til stein og kome tørrskodd over. Næste trin var kloppa:ei smal gangbru, brukt til folk og småfe.Til slutt kom brua som var så brei^{ster} og at ein kunne køyre over ho. Ordet vad, gjekk tidlegare inn i mange stac namn, og nokre av desse er framleis i bruk.(Vadet; Lissevadet,Bruvadet Sätrevadet,m.fl.) Vada vart brukte både av folk og fe. I vada kryssa dei elvane også med hest og (drag)slede før bruene kom.

Vad,n., fortaum i fiskesnor: Også kalla forsynd eller"vorm".Det sistnemnde var grar ne, gjennomskinlege trådar,laga av eit plastliknande materiale for at c ikkje skulle skreme fisken.Til kredefiske (ørretfiske) med oter og fluge, var vadet som oftast fine slikesnorer.Ved vanleg kredefiske med stang, var agnet alltid raudemekk(Lumbricus terrestris).

Va(d)bein,m., ein liten rull eller vals, som bilr fest på båtripa, og tener til å drage fiskesnora over.

Vadmål, el. veimål ,m., tjukt ullty (med dobbte trådar i renninga);tidlegare mykje brukt i gangklær, særleg for karfolk:

Vage, f., uttala med tydeleg "g" ; stytting: ein stytt slede brukt til tømmerkøyring

Mest brukt i fleirtal, jfr: " Vi brukte vage'nje når vi skulde drage fram stronga". Stronge: tjukk, avkvista trestamme; uttal. strån'gje).

Vagge, v., røre seg seint frå den eine sida til den andre: båten låg og vagga i sjø
Ha ei vaggande gonge: " Det vart sagt om 'nå Olaves, at 'anj vagga so ein båt i sjøgong, når 'anj gjikk! "

Vagina, f., (latin: slire, skolm), hjå kvinne og pattedyr av hokjøn: røyrforma del av kjønnsorganet mellom dei ytre delane og livmora; skjede, slire

Vagl, n. 1) sitjestang: stang som høns og andre fuglar sit og kviler på om natta: høn hadde alt vagla seg for natta, jfr . talemåten: leggje si me'hønså og st oppatte me' grisa (leggje seg tidleg og stå opp att seint . Brukt om folk som er kjende for å vere dorske og late). 2) Hanebjelke: ein kort bjelke mellom sperrene under eit tak.

Vagn, m., stjernebildet Karlsvogna eller Den store bjørn (Ursus major). Berre bruk i bunden form: Vagnen. Ordet tyder vogn, som er hokjøn, men som på gamm norsk heitte vagn og var hankjøn som stjernebildet (jfr. Vagn, m.)

Vak, n., 1) fiskevak: ringar i vassflata etter fisk (kreder) som hoppar etter flug
2) fiskestim i vassflata.

Vak, adj., 1) vaken (som ikkje søv; som er ved fullt medvit 2) kvikk. livleg, påpasseleg, årvak; sky og var (om dyr), jfr. " Han va' vak og var som ei villdyr! "

Vake, v., utt. vakje (vakje(r), vakte, vakt) 1) vere vaken, ikkje sovande. jfr. " Ska' d vakje oppe nyåret i kveld? ". " Ja , det ska i , for i he' vakt oppe allje nyåra so lengje i kan høgse! ". Å vakje over ein sjuk (sitje natt vakt over ein som er sjuk) 2) vise seg i, eller hoppe over vassflata (fisk). Vakstr, eller nattevakstr: det å halde seg oppe (vaken) om natt. for å passe på eit eller anna, jfr. Vakstrehus: små steinhus der gjætara: søkte ly om nattanår dei vakta og verna husdyra mot udyr(tidlegare) Rester etter slike vakstrehus kan ein endå sjå rundt: om på sætrane (o meir eller mindre overgrodde med brennenøt(brennesle) som trivst godt den veltadde jorda i og rundt tuftene).

Valbjørk, f., rikkebjørk; bjørkeved med rikket (bølgjet) struktur, brukt til knivskaft og liknande.

Valen, adj., stiv av kulde, nomen "iskald", jfr. " I e'so valen på hendenje (el. på håndå) at i må 'stad å finne mi nokre vette (vottar)! "

Vald, m., el. n., brutal bruk av fysisk makt; maktmisbruk, jfr uttrykket: bruke vald og makt: " Dei braut seg inn og tok han med seg med vald og makt! "
Ta ei kvinne med vald (valdta ei kvinne). Valdsbruk: gjere bruk av va

Val,n., det å velje .Talemåte: Å ha valet, men ta skalet (gjere eit dårleg val(g) kunne velje,men ta det ringaste).

Valte,v., styre og ordne opp. Talemåte: skalte og valte (styre og ordne opp etter sitt eige hovud).

Valtre,v., gå ustødt, vagge: han gjekk og valtra som ei gås.

Valk,m., 1) ei utposing på kroppen av underliggjande feitt,jfr."Ho var så vel- fødd at ho hadde feittvalkar både her og der på kroppen!".

2)utposing eller rukker på tjukt tøy,jfr." Dei tjukke veimålsbuksene `a va´ so lange, at dei låg i valka´nedover føtenje!".

Valke,v., 1) handfare; knipe og kjenne på,jfr: " Du må `kje drive so o´valke på kredenje, elle´ so verte dei kje etande!".2) knipe og kna,tøve, stampe valke eller tøve ullplagg for å gjere dei meir slitesterke.

Vaul,m., havbukt eller område som blir meir eller minder tørt når det er fjøre sj jfr. stadnamna: Vaulen og Vaulane.

Hit 14.1.1998. A.N.

Van, førestaving,brukt i samband med substantiv, adjektiv og verb: gjev uttrykk f noke negativt: noke som det skortar på, som er for lite eller manglar, som td.vanhelse, vantrivsel, vanfør, m.fl.

Vandelaus,adj., lett, enkel,ikkje vanskeleg.

Vandelaust,adv. lett, enkelt å gjere, jfr." Dette er så vandelaust at kven som hels kan gjere det!"

Vane,m., tilvand handlemåte el. framferd,jfr.ein god vane; ein inngrodd vane.

Talemåte: vond vane er vond å vende! Vanedyr: dyr som alltid følgjer vanane sine..Kyr er typiske vanedyr.Dei finn alltid att båsen sin når de har vore ute frå fjøsen , ofte i lang tid.(Vi er alle meir eller mindr vanedyr.)

Vanflidd,adj., uflidd, sjusket. dårleg stelt.

Vakant el vankant,n., rundvoren,ikkje reinskoren kant; side med bork på skurlast.

Vanlukke,f., vanheppe, vanlagnad.

Vanmakt,f., maktløyse, som ingen ting maktar

Vanry,n., dårleg omdøme: kome i vanry for eitt eller anna.

Vantakk,f., utakk, Talemåte; vantakk (el. utakk) er den løna som verda gjev: Elle som det oftast heiter: utakk er verdens løn.

Varp,n., 1) kast med garn;2) i overført tyding:eit kupp, ein god handel:" Han gjc eit godt varp då han kjøpte den garden!"-

Vandsam,adj.,vanskeleg å. gjere til lags(særleg med mat og klær),kravstor.jfr.

"Dinnje katten e´so vandsame; `anj smaka´ `kja annja kjøt o fe(r)skejme

Varre, v., Gå og reke ute om netene, jfr. "Dei gjekk og varra oppe om netene, so dei var heilt uskikka til arbeid om dagene!".

Varsel, n., 1) melding, fråsegn, gitt på førehand, t.d om eit viktig møte, varsel om betaling av kontingent, etc. Frå sjøkrigens dagar: dei torpederte utan varsel. 2) Førebod eller overnaturleg teikn om at noke (spesielt ell alvorleg) skal hende. Jfr . feigd, feigdafugl, feigdabod.

Var, v., vernande overtrekk: eit putevar eller putevær. I Syvde nyttar dei helst de sistnemnde formen.

Vara-, førestaving, brukt for å uttrykkje ein reserve, noke som ikkje er det rette eller det likaste. Varamann: ein som møter i staden for ein annen.

Jfr. Varevott: reservevott; I overført meining: ein person som blir brukt som ein (mindreverdig) reserve for ein annen, jfr. "O Lina vilde aller heilst vere i lag me`nå Ola, men når `o ikkje fekk det til, brukte `o `nå Hans som varevott".

Varde, m., 1) endereist stein eller ei opplødd steinrøys på eit høgdedrag eller ein fjelltopp for å markere eit toppunkt i landskapet.

I Syvde bilr ordet uttala vare. 2) vête: bål som tidlegare vart tent på fjelltoppar for å varsle om krig og ufred. (Her kan det nemnast at Viten er namnet på ein fjelltopp i Dalsfjorden.)

Vansira, v., skade, skamfere, jfr. " Han vart heit vansira i ansiktet av (små)koppene " Han overlevde branden, men han vart heilt vansira av brandsåra!"

Vansøten, el. vansèten, adj., som ikkje har fått tid til å sitje så lenge at han er utkvild. Mest brukt saman med nekting, jfr: Ein person frå grannelaget kjem inn om som snarast. Kona i huset: " Du må finne di ein stol!". Den nettopp innkomne: " Nei takk. e e´ kje vansøten . og forrestem må i vere snare, for det står noken ute og vente(r)!"-

Vaspe, v., vasse , vade i strøymande vatn.

Vasse, v., vade, gå i vatn.

Vatn, n. , vatn, ferskvatn i motsetning til sjø eller saltvatn. Får formen vass- som førestaving i mange ord: vassdrag, vassjuk jord, vassbytte, m.fl. Talemåtar: ta seg vatn over hoved (ta på seg noke ein ikkje greier); gå over bekken etter vatn (fare langt etter noke som ein finn nær vec Få vatn på kvenna si (få noke å fare med; få medhald i ei sak, og derme kunne gå desto sterkare på med sitt eige syn).

Ve, m., 1) periodisk smerte som kjem føre ein fødsel.; fødselsrid: ho er åt å kjenner veane. 2) sjeleg smerte: Ve og verk sjeleleg pine (lengt, angst og depresjon, etc.) som fører til kroppslege smerter.

Jfr. uttrykket: ve og vel -. dvs. vondt og godt, lyst og smerte, motgar og medgang, jfr. "Han far hadde alltid omtanke for mitt ve og vel!" (ha far hadde alltid omtanke for meg anten det gjekk meg godt eller dårleg

Vé,n., (gammalnorsk: heim,bustad),i norrøn tid: ein heilag stad, blotstad. Nå ber kjent i uttrykket: varg i véum (ulv i heillagdomen), etter gammalnorsk: vargr i veum , der veum er dativ fleirtal av "vé". I norrøn t tydde varg i veum:fredlaus mann, dvs. ein som kven som helst kunne drepe utan å få straff.

Vêr,n.,(blir uttala veir): 1) tilstand i atmosfæren med omsyn til nedbør, temperatur, vind og skydekke: styggevêr. godevêr, sommarvêr, vintervêr, turr vêr, regnvêr. våtvêr, mildvêr, hardvêr, uvêr ,mfl. Talemåtar:be om go vêr (be om fred og forsoning); vere ute i hardt vêr (vere i vanskar grunn av motstand,press,o.l." Den karen sel ikkje hønsa i våtvêret!" (den karen sel ikkje hønsa når det regner på dei, for då ser dei pjuskete og lite tiltalande ut.Eller sagt på ein annen måte:det er dumt å selje ei vare (å handle)på ei ugunstig tid, dvs . når prisane er låge). vêrast:"Det e' visst åt o' veirast i dag, ser det ut til!". det er visst i ferd med å klårne opp og roe seg etter uvêret). vêrbarka: vêrbiten;merkt av vêr og vind i andletet.Vêrbrest:1) atter-skin av lyn som er så langt borte at ein ikkje høyrer tora; kornmo. 2) smell i lufta føre vêrbyte; vêrbyte: endring, skifting i vêret. Folk hadde den trua at kornmo hjelpte til å mogne kornet om hauste Kornmo, etter kornmogning,dvs." det som mognar kornet".

Vere ,m., 1) åme av brems, eit innsekt som utviklar egga sine i eller under huda på visse dyr, m.a. kyr.2) kul i huda over ein vere. Verefluge: kubrem.

Vere,n., eksistens,liv.Talemåte:det er spørsmål om å vere eller ikkje vere (de gjeld liv (eksistens) eller død (undergang) for eit eller anna). J Hamlet (av Shakespeare): " To be or not to be,that is the question!"

Vêre,v., 1) snuse, få teven av: hunden vêra viltet: 2) Overført: ane; vêre god forretning; vêre ein sensasjon

Verfar,m., svigerfar; tiavarande: vermor, verbror, etc.

Vêrhår,n., lang bust på overlippa(overmunnen) av visse pattedyr; tener som sanse reidskap.

Vêr,m., (utt,veir), hanndyr av sau;saubukk.Som førestaving i samansette ord: veir: jfr.: veiralamb, veiraskinn, veirahaud, veirahonn, veirapylse ,etc.

Vêrbolk,n., ei tid med eit visst slags vêr; jfr. ein gode veirbolk eller ein godeveirsbolk, ein oveirsbolk, ein styggeveirsbolk,etc

Verhane,m., 1) vindfløy med haneform, 2) vinglevoren person; ein som snur kåpa et vinden.Jfr. ein politisk vêrhane: ein som skifter standpunkt " etter den politiske vinden bles!"

Verfast,adj., sitje verfast : hidra i å reise på grunn av uvêr.

Verdsleg,adj., 1) som gjeld det jordiske, det materielle,jfr." Hanj he'aldre ha sans for annja enn det vedslege; ein fullblods materialist utan høggar hugmål!" 2) ikkje- kyrkjeleg; profan.

Vèdvoren,adj., blyg , smålåten, lite for seg.

Vèmùl,m., ein vedvoren stakar"som ein kan gjere med som ein vill!";ein tufs.

Veft,m., 1)i vev(nad): trådar som går på tvers av renningstrådane (= varpen); isle (det som vert slege inn med skeidestokken), 2) vinterull (= ru).

3) Jfr . uttrykket " å spinne på vevft":spinne til venstre side, i mo setning "å spinne på varp".

Veg,m., ferdselsåre, trafikkåre, særleg utanfor byane.Talemåtar: gjere veg i vell inga (få arbeidet unna; ordne opp).Der det er vilje,der er det veg (er oftast viljen det står på).

Vegg,m., 1) side i ein bygning;fleirtal: vegger. Veggjemyllå: mellom veggene,jfr. uttrykket: fare veggjemyllå eller kaste veggjemyllå.

2) ein kile til å kløyve med; eit trestykke som er tilkvest i eine enden.

Veggjesmid,m., trelus; eit lite innsekt som gnagar i veggene slik at ein kan høyre ein veik knitrande lyd.

Vegn,f., el.veidn, reidskap til fangst,særleg til fiske.

Veik,m., tråd, strimmel av tvinna eller vove garn som syg opp brennstoff og brenn med lysande flamme når ein tender på. Sevveik: lyssev(Juncus effusus mergen frå denne planten vart tidlegar brukt som veik i dei gamle tran lampane eller kolene.Jfr " Jofolket" s.86.

Veite,f., grøft, dreneringsveite for å tørke ut vassjuk jord.Vegaveite: veggrøft. Kvennaveite:leidningsgrøft for vatn til kvern(bruk) bygd opp av jord stein. Holveite:dreneringsgrøft med innbygd steinkanal.Kistesett holvei holveite der alle fire sidene av dreneringskanalen er utfôra med stein og heller.Laga for litt større vassføring., td.for ei lita grov som sk ledast under jorda gjennom eit skrånande jorde.

Velde,n., storveges makt,vald,jfr. uttrykket: makt og velde:

Gikk alle konger frem på rad
i all : sin makt og velde,
de maktet ei det minste blad
å sette på en nelde.

Nelde: nesle. H.A.Brorson(1694-1764).

Velte,v., rulle over ende, eller rundt:han velte steinen ned over bakkane.

Velte,f., (utt. veilte);noke som er velt(a), eller lagt i haug.

Vedaveilte: skogsved, lagt saman til ein avlang rull og omgyra (omgyrda) med eit veilteband (reip,tau,samanbundne vidjar,el.)

Ei slik vedaveilte kunne relativt lett rullast unda bakke i ein veilveg (ei skogfri stripe i terrenget) til den kom så langt ned at veien kunne hentast med hest og slede. Einevelte: vedavelte der veden er eine . Eine(r) vart ofte transportert på denne måten frå utmarka.

Vendelrot,f.,fleirårig urt med bleikraude blomstrar i halvskjerm .Fagnamn: Valeriana officinalis.Når rota av denne planten får liggje og tørke, får den etterkvart ei sterk lugt, som kattane går etter.Derfor det norske namnet katterot.Rota blir brukt i medisinen som eit nerveroande middel.

Vendereis(e),f., brukt i uttrykket gjere vendereis : snu tilbake utan å ha nådd fram eller fått gjort det ein var ute etter. Omlag det same som bomtut.

Vending,f., 1) det å vende, sning,jfr."Før dei fekk innlagt vatn, måtte dei gjere mange vendinga(r) til brynnen kvar dag for å hente vatn!"

" Du ska høyre på mai! Det er for tungt fyre di å ta alt høye(t) i ei vending!". " Saka tok ei ny vending!" 2) vend; seiemåte ,ordlag, jfr. "Han (ho) kunne mange gamle ord og vendingar frå syvdemålet!"

Venje,v., gje ein vane; øve,lære opp, lære seg til å bruke.jfr." De må `kje venje dokke te tobakk, småguta! Det er so lett for å verte ei last, so det er vanskele å venje si av me!". Venje av eit barn (med å få bryst)"Dinnja ongenj vart både try o`fire år før `anj vart avvande

Verpe,v., (verp,varp, vorpe; gammalnorsk verpa, som tyder kaste);om fugl: leggje egg
Talemåtar (ordtak): slik går det når egget skal lære høna å verpe (r ein ung jyppling vil lære ein eldre og velrøynd person).Verpesjuk høne høne som går uroleg og kaklar før ho skal verpe,jfr.talemåten:gå omkring som ei verpesjuk høne.

Vers,n., (gammalnorsk vers, latin versus:`vending´) 1)verselinje i ei strofe, dvs. gruppe av verselinjer som høyrer ihop (for å gje(full) meining), jfr versa i bibeltekstene.Ein kan td.seie at strofa har fire verselinje Har strofa berre ei verselinje,blir strofe og vers det same, og svar til dei meir norske orda vend og vending. Seier ein td.at eit vers har åtte vender, tyder det at verset har åtte verseliner.

2) I bibelsk samanheng, tyder vers ein del av eit kapittel.jfr.Evangeliet etter Johannes,kapittel 3, vers 16.

Verse,v., setje versa i eit dikt i rett orden. Her er eit døme på bruk av ordet:

Ungdomslaget var på tur, og hadde ikkje sangbøkene med. Formannen:
" Eg vil gjerne at vi skal synge ein sang, men sidan vi ikkje har sang
bøkene med, må vi ta ein som alle kan . Kan eg få eit forslag?"
Fleire røyster: " Mellom bakkar og berg!". Formannen: "Ja, av denne
sangen kan vi alle versa, men er her noken som kan vere forsangar og
verse`nå?" (dvs. verse honom). " Ka meina du med det?", spurde fleire
Formannen: " Det vil seie å ta versa ette`rokes, dvs. i tur og orden,
so` dei står i sångbokjenje!"

Vess,m., " Mundheld, Talemåde; gammel Formular. Anekdote med visse usedvanlige Ud-
trykk, etc. Sdm. Formodentlig en avvigende Form av "vers"" (Etter I. Aase
Ordet har vore kjent og ofte brukt i Syvde, særleg i eldre tider, då
folk i bygdene mora seg med å lage vessar om kvarandre. Og her er døm
på eit par slike "bygdevessar" frå førre hundreåret:

"Han sa fram ein vess, `anj Støyle- Rasmess!"

" `Anj e` go for tvo, `anj Støyle-Jo!"

Verv,n., (ulønt) ombod: han hadde mange offentlege verv.

Verve,v., vinne, knyte til seg: verve medlemmer, tilhengjarar. Verve seg; la seg ve
som soldat: bli yrkessoldat.

Vest,m., klesplagg utan ermar; undertrøye. Vestefikke: vestelomme; Tidlegare hadde
gjerne tobakkeåsen og klokka (lommeuret) plassen sin i kvar si veste-
fikke. Talemåte: å ha fleire drammar under vesten (vere full).

Vette,n., (i folketrua); overnaturleg skapnad eller ånd (vesen, genius) som he
seg nær menneska, eller ute i naturen og som kan vere godkynte eller
vondkynte (huldrer, haugfolk, jutular, vass- og sjøvette som kvennaklett
(nøkk), draug, m.fl.).

Vevkjer(r)ing,f., kongro, edderkopp (Aranea). Kongelvev: kingelvev, vevkjer(r)ing-
spinn.

Vevstad,m., det same som vevstol. For detaljar , sjå "Jofolket", s.152.

Vid,f., (fl. vi-a(r).el. vidjar), seig bjørkerenning som det er rispa borken av, og
som deretter er vridd heilt i gjennom slik at den kan brukast som band
Tjukkenden av vida, heiter halsen (vie-halsen). Den er det laga eit ka.
eller ei lykkje på, og gjennom denne lykkja træder ein vie-spålen (dvs
grannenden av vida) og knyter den om vie-halsen når ein skal binde sa
eit eller anna med vida, eller når ein skal binde saman fleire vidjar
til eit reip. td. til eit velteband.

Vidjane vart laga store eller små, alt etter kva formål dei skulle bru
ast til, og formåla var mange, ettersom vidjar tidlegare vart nytta de
vi nå brukar hyssing, snøre , tau eller reip. På ein vel utstyrt gard

hadde dei også på lager vidjar i ulike storleikar samla i henker. Slike vidjar var så tørre og harde at dei måtte bløytast opp i vatn før dei kunne brukast. " Å kome på hånkja", dvs, på vie-hånkja (vidjehanka): Denne talemåten markerte at ein gut eller ei jente passerte 30-årsgrrensa utan å vere gift. og såleis kom på hank med (i gruppe saman med) pep(p)ar-sveinar og pep(p)ar-møyar.

Vidjar vart m.a. brukte til skibindingar, hamleband, velteband, kuband, ledhøker, fiskehenker, til opphenging av spekekjøtt, etc.

Det skulde ein god del til, både av handelag og røynsle, for å kunne "vinde vi'a(r)" og bruke dei, men denne kunnskapen gjekk vidare frå generasjon til generasjon så lenge dei hadde bruk for han.

Ved, m., (blir i Syvde helst uttala som vid (altså med "i").

1) I botanisk samanheng: alt cellelev som ligg innanfor borken eller sevje laget (kambiet) i ein (tofrøblada) plante. 2) det døde og harde vevet som ligg innanfor borken i buskar og tre. 3) brenneved: nedhogde tre og buskar, toppar og skat, brukt til brensel (famneved, fyringsved, småved, etc.) 4) gagnved: ved frå ulike treslag og av ulikt skap, brukt til mange ulike formål (hesved, innved i båtar, hjulbukter, hjulkausar, bøttestavar, og husgeråd av ymse slag, etc.). 5) som del av namn på tre og buskar (hundaved, krossved, mfl.) I samansette ord, har ved formen vida- eller vidar-, som er ei gammal genitivsform av ved eller vidr som er den gammalnorske formen og den som står syvdemålet nærmast. Slike ord er: vidamark, vidaskog, vidakost (ein dunge med vid), vidavelte, vidahus, vidaslede, m.fl.

Vède, v., samle ved; vere i " vedamarkjenje" for å hogge og få heim brenneved.

vin, m., (el. ven) I Syvde brukar dei helst forme vin, jfr. " Dei va' alltid so gode vi'ne!".

Vinelsken, adj. (utt, vinelskjenj), kjælen, som gjev eller tar mot kjærteikn; smeikj jfr. " Nei, sjå på katten , du, kor vinelskjen `anj e'!. `Anj fer o' stryke inntil beine dine!". (Sitat etter Støyle. Tore, 1848-1926).

Vier, f., (i syvdemålet: vie (ei vie), namn på små buskar og tre frå plante-slekta Salix i pile-familien (Salicáceae).

Vie(r)- slekta har mange arter som kan vere vanskeleg å kjenne i sær. Ein av disse artene er mjelkeøyre (Salix herbacea), som er vanleg i fjellet i Syvde, og som er kjend for å auke mjølkemengden når kyrne er på sommarbeite i fjellet (jfr. namnet),

Bork og brot (oppbrotne kvister og tynne greiner) av vie(r), selje og rog var det mest vanlege tilleggsfôret for storfeet i vårknipa i eldre tider. Mindre brukt var bork av øsp (osp) og hegg.

Den påreknna fôrverdien av desse plantane, går fram av følgjande regle:

Vie(r) veilte,
selje sveilte.
Rogn røyse ku av bås.
Øsp legge smør i øyskje.
Hegg legge merg i legg.

Vidførig,adj.,som fer eller ferdast vide,jfr."Lissjegutenj e´ vorte so vidforige sida `anj lære(lærde) å gå, at i må vere ette´ `nå stødt for at `anj ikkje ska´ gjere si skade!".

Vidgjeten,adj., el. vidgøten (den siste formen nytta i Syvde); som er vide kjend. Jfr." Ho (Sefora)vart vidgøta for gustemedisinen sin!" jfr.gjeten; partisip av gjete,v.,(gjet,gat,gjete,el.gøte): gisse,gjette, tippe; omtale,nemne.

Ved(a)laus,adj,som ikkje har(brenne)ved,eller brensel.

Ved(a)løyse,f., vedmangel.

Ved(a)laust, adv,jfr." Det e´ alltid ved(a)laust der i ga´ra!".

Vidlyftig,adj., 1) omstendeleg,innvikla, mangslungen;komplisert: ein vidlyftig framgangsmåte. 2) lettliva; som har mange rare påfunn.

Vidstrakt,adj., som strekkjer seg vidt,langt:Vårt vidstrakte land.

" På prairien i Nord Dakota e´det mange vidstrakte åkra(r)!!"

Vidsveimd,adj., mangslunge, vidstrakt.jfr." Området var så vidsveimt at det tok å å bli kjend der!".

Vivendel,m., (Vill)kaprifol (Lonicera periclymenum), klengjebusk med velluktande gule til lyseraude blomster og raude bær.

Veke,f., el.vike,tidsrom på sju dagar,rekna frå og med måndag til og med søndag. Gamle folk i bygda nemnde vikedagane slik:såindag,måndag.tysdag, meke dag (eigenleg: midvekedag),to(r)sdag, fredag.laurdag.

Nokre faste uttrykk i samband med veke: atte-kjeme-vikå (komande vike neste vike); i vikå so´va´ (i vika som gjekk,eller forrige vike);

ätte dage:(svarer til ei veke: fjurten dage(svarer til to veker);

møtest eingong for vikå (ein gang kvar veke); vere vikå ut(vere vika tilende,til og med søndag).2)brukt om eit tidsrom som varer omlag ei vike:den stille vikå eller påskevikå; julevikå; pinsevikå.

Vikemùn: endringar som skjer på ei vike,jfr." Grase´vekse so ein kar sjå vikemünen!".

Vik,f., 1) mindre,ofte trang, innskjering i strandlinja; liten fjordarm; kil(e), våg.Ordet går inn i ein mengde stadnamn rundt om i landet.2) noke som liknar ei vik: kjev- vik,munn-vik.Hårvik:vikar (innbuktningar) i hågar(d)en over tinningane.

Vikar,m., (etter latin ,vicarius: `som kjem i staden for`).person som,for ei kor are tid, tar over ei stilling eller eit embete for ein annem: lærarvikar, lensmansvikar,m.fl. Vikarierande motiv: motiv ein tyr til for å dekkje over det verkelege motivet.

Vike,v., (vik, veik, vike), dra seg tilbake eller gå til sides: dei måtte vike fo overmakta; han måtte vike for motgåande trafikk.Dei ville ikkje vike e tomme på krava .Vike formannsplassen: gje frå seg eller forlate formannsplassen:Talemåtar:den vik'e so'mest veit.(Jfr.Det er den klokaste som gir seg. eller: den e'beire den kvisten som bogna(r) enn den som breste.)

Vikje,v., (vikje(r), vikte,vikt), 1) bøye ut frå ei rett linje eller eit plan: Jfr, vikje hesten (dra i eller stramme taumen på den sida som ein vil at hesten skal gå til). 2) vikje ei sag: bøye ut annakvar sagtonn til same sida for å lette skjeringa. Vikjejarn(vikjetong): reidskap til å vikje med.

Vilje,m., 1) evne til medviten gjerning og/eller åtferd: ha sterk eller veik vilj vilje til makt; vilje til å overleve; leggje viljen til; gå på viljen, ha sin vilje ,eller få sin vilje,jfr."Dei fekk sin vilje med henne all som prøvde seg!".(ho var så"lett på tråden" at alle fekk det som dei var ute etter).Gjere noken til viljes(gjere (mot han) slik han ynskjer det. Talemåtar: det er viljen for verket(det er viljen det står på) Der det er vilje,der er også veg!

Viljelaus: som er utan vilje,Viljemenneske:person med sterk vilje

Vilje,v., (vil, vilde,vilja; presensforma"vil" , blir ofte forkorta til "vi")
Supinumforma(av verbet å vilje)heiter i syvdedialekten vilda,jfr." I veit at her e'penge(r) på gara,so dersom i hadde vilda, kunnje i ha lånt di disse penga'nje, men i tore `kje å gjere det for `nå far!"- å vilje, er eit modalt hjelpeverb, og slik blir det oftast brukt (Jfr. " eg vil ha det:han vil alltid vere best;kva vil du gjere no?"), men det kan også fungere som sjølstendig verb (Jfr." kva vil du her?; dei vilde ut; hunden vil inn .)

Prøver på bruk: 1) ynskje,ha hug til;krevje (med underforstått infinitiv):ho verken kunne eller ville kome; følket vil fridom.2) med infinitiv etter: ynskje , ha hug til ;krevje," Eg vil ha løna mi"; " Eg v i det lengste tru det".3)omframtid: kome til å (bli eller gjere noke. Det vil snart syne seg; Dei vil ein gong angre det dei har gjort!"

4) I preteritum omtenkte tilfelle: Kva ville du(ha) gjort om du var i hans stad?"

Vime, v., fare hit og dit som i ørske; vingle; ha rare innfall: vime seg vekk, eller kanskje meir vanleg: veine seg vekk: misse retninga; rote seg bort td. i myrkeskodda.

Vim, m., person som fer og vimar.

Villrot, f., Hyoscyamus niger, plante av Søtvierfamuolien (Solanaceae): Heile plante inneheld giftige stoff som kan gje rus og halusinasjonar om ein får dei i seg i store nok mengder, jfr namnet. Både rota og blada av den planten blir brukte til medisinske formål.

Villkatt, m., ein vill katteart som lever i skogane i Sør-Eyropa (Felis sylvestris). Namnet blir også brukt om forvilla tamkattar.

Vill(e)kjøt, n., daukjøt i sår (Caro luxurians).

Villspik, f., ei galneheie, jfr. "Ho Petra va' ei slike villspik då ho va' ong'e!".

Villstyring, m., ein agelaus, styreslaus unggut; ein villbasse.

Vind, m., 1) luft som er i meir eller mindre sterk rørsle. Talemåte: å snu kåpa (ei kappa) etter vinden (følgje den mest populære meininga).

Vindknut, m., 1) kvervelvind, tynnaknut, vindkast 2) samanpressa luft (eller gass) i innvolane (som kan gje smerter).

Vind-gjer(d), f., vidflage som lagar ei mørk stripe på sjøen eller vatnet.

Vindhol, n., lufthol, t.d. på ei piste eller ei seije fløyte, Piste: kort blåseinstrument eller tvitt, laga av or eller selje.

Vindskei, f., (utt. vindskjeid), tverrfjøl på enden av eit tak.

Vindskjegg, n., blåflis, finnskjegg (Nardus stricta). Jfr. "Jofolket", s. 206.

Vinne, v., (vinn, vann, vunne), 1) sigre; få, oppnå (vinst, premie); vinne ein krig; 2) ha framgang, få, nå: Vinne fram med ideane ssine; vinne inn på konkurrenten i skisporet; 3) skaffe seg, oppnå: vinne makt og ære 4) greie, vere god til: "No må vi slå meda' vi vinnje, so vi verte fer(d)ige me' teig'ja (med slåtteteigen) til kvelds!" (Meda vi vinnje: alt vi orkar. "Vinnje du å lyfte dinnje mjølsekkjenj opp i sledenj åt mi?!") Talemåtar: våga vinn og våga tape(r), (den som vågar noke, han anten v. eller taper); den vinn'e som trå er, men tape(r) som brå er (den som er trå(søkjen) og uthaldande, han vinn; men den som er brå og fort gjev seg, han taper).

Vinn: (substantiv), brukt i uttrykket: leggje vinn på (ta spesiell omsyn til; gjer seg føre med, leggje arbeid på).

Vinne, f., arbeid, onn; mest brukt om dei store sesongarbeidz i landbruket: vårvin (vårarbeid med stell av åker og eng), slåttevinna (eller slåttē), og haustvinna (skuren eller kornhausten).

Vin(g)str,f.(fl.vin(g)stra(r), fjerde eller atterste delen av magen hjå jortardy
Vingstratippen: den nederste ,avsmalnande delen av vinstra.

Vinstre,adj., venstre, i motsetning til høgre.Vinstrehendt: keivhendt.

Vinterbrauta,f., mjølkevegen, etter latin:via lactea; det svakt lysande bandet av stjerner som strekkjer seg over himmelen.

Vinterdag,m., 1) dag om vinteren.Talemåte:han(ho) he vore ute ein vinterdag før!
(har prøvd litt av kvart i livet) 2)vinterdag,i bunden form eintal:
14. oktober,den dagen då vinteren etter gammal rekning tok til. På
(dei gamle) primstavane var denne dagen avmerkt med ein vott.

Vinternatt;f., 1) natt om vinteren 2) VInternatt, i bunden form fleirtal:tida om-
kring 14. oktober(= vinterdag), Den årstida som vi kallar vinter, er
ikkje klart avgrensa.Ein seier gjerne at det er den årstida som ligg
mellom haust og vår, og som i alle høve inneheld månådane desember, ja
ar og februar.

Vinterdvale,m., 1) I zoologien: somnliknande tilstand med lågt stoffskifte hjå vi
se pattedyr om vinteren.Bjørnen ligg (i hi(d))i vinterdvale.

2)i botanikken: stogg i veksten på grunn av ytre tilhøve, som lit
vatn, låg temperatur,etc.

Det finst mange samansette ord med vinter- som førestaving:vinterarbe
vintereple, vinterfiske, vinterferie,vinterfôring, vinterforråd, vint
fôdd (ha 30 vinterfôdde sauer);vinterføre,vinterhalvår, vinterklede
vinterkulde,vinterkøyring,vinterpels, vinterrute,vinters dag (dette a
beidet kan berre gjerast vinters dag(el.om vinteren) når det er kaldt
og godt sledeføre), vintersesong, vintersild.vinterved,etc.

Vintring,m., eit årsgammalt fýl (eller fól: unge av hest;fðle).

Vippe,v., svinge (røre seg) opp og ned, eller att om fram: steindylpen (ein tra-
fugl:Oenanthe oenanthe) sat på ein stein og vippa med vylet(opp og i
Vippe krede(r): vippe kredene (bekke)auren) på land ned kredetroda.
Det står og vippar mellom borgarleg og sosialistisk fleirtal.

Vippe,f., 1) kvast eller kost til å stryke eller skvette med (brukt m.a. til dyn-
king av tøy som skal strykast eller rullast).2)augnevippe,dvs. rada
augnehår på augnekvarmen.3) toarma heiseapparat som ein vippar om ein
ås (brukt m.a.for å hente vatn opp frå ein brynn); vippestong. 4) app-
arat som viser overforbruk av elektrisk straum.

vis,f.1) måte (å gjere noke på),jfr." Det vart no gjort på ei vis !" (underforstå
brukbart, men ikkje så godt som det skulle!) 2) ofte brukt i samanset
ord som tyder mål eller mengde:flokkevis,metervis,tonnevis,m.fl.

Vis,adj., særskilt klok, klarsynt, djuptenkt. 1) adjektivet brukt generelt: ein vis mann har sagt at.....; dei vise mennene frå Austerland. Talemåtar: ein då kan spyrje meir enn tie vise kan svare; gå til mauren ,du late, sjå hans strev og vert vis(Sal.ordtøke,6,6),2) visdom gjennom røynsle; jfr " Han va' atskilleg visare (klokare) då ham kom igjen enn då `ajnj reiste på den turen , som både ga han kunnskap og mange ting å tenk på!".

Visar,m., pil,nål eller liknande, som viser tid ,vekt,retning, etc.:retningsvisar, vegvisar,klokkevisr, m.fl.

Visar-. brukt som førestaving i ord som; visargut(erendsgut), visargjente (erendsgjente).

Visdom,m., det å vere vis eller klok.Kong Salomo var kjend for sin visdom (jfr. i.Kong.3,16-28). Ein salomonisk dom:ein vis og rettferdig dom.

Vise,f., lyrisk eller episk dikt, med enkelt (folkeleg)innhald og melodi. Nidvise spottande,vanærande vise;spottedikt. Talemåtar: ei halvkveda vise:(å fram si meining på ein lur og innful måte; bruke halvdregne ord;ymt): det er den gamle visa (noke ein ofte har hørt før); det vart enden i visa (det vart sluttresultatet).

Visesong: I min ungdom var det vanleg med visesang i bygda, og fleire av ungdomen hadde sine handskrivne visebøker. der dei samla populære viser som dei høyrde av andre i bygda, eller som dei lærde når dei v utanbygds på arbeid.(Jfr. det vedlagde heftet av (mine)"Daleviser")

Viselund,m.,(utt.vise-lond), visemelodi,visetone.Setninga:" Denne v hadde ein slik fin tone", kunne på den gamle syvdedialekten bli uttry slik: " Dinnje viså hade ein son fine lond" (Son, er ei forkorting for soden eller slik;lond (lund= melodi).

Vise,m.,1) topp, toppende av (korn)strå og kornnek (korn-nek,korn-bundan) i motsetning til rotenden eller stýlen. 2) fruktanlegg, arr (Stigma).

Natavisen: det raudfarge arret som er synleg i hoblomsten av hasse²or våren.

Visleg ,adv., klokt, gjort med (stor) forstand:alt ute i naturen , er makelaust v leg gjort!

Vising,f., framsyning,jfr." søndag skal dei ha vising av huset som skal seljast"

Viske,v., lage vondlar (porsjonar) av høy og halm til buskapen(særleg storfeet).

Vondel,m., rundt knippe av høy omvunde med eit halmsnar, nok til eit måltid for ei kü,ein kálv eller ein okse. Halmsnar: kort "band" av sama tvinna halm. (Metoden med visking blir neppe brukt lenger).

Visne,v., 1) Om plantar; bli slapp og tørke inn; misse livskrafta: 2) Bli gradvis kjenslelaus, jfr. "Eg kjende kor venstre sida gradvis visna vekk, då eg fekk slaget første gongen!"-

Visen,adj., slapp og inntørka (om plantar); halvt kjenslelaus, nomen eller lam.

Viske,v., stryke ut med eit viske-lød (viskelêr).

Vise,v., 1) syne, peike på, jfr. "Bestefar viste meg korleis ein skal ta mergen ut a sev-veiken (sjå "Jofolket", s.85), og han viste meg fleire andre plantar som han kjende. 2) sende avstad, bort: vise ein elev ut av skulen; vise han ut eller utvise han." "Ho viste han vinterveien!" (ho svara ei kontant nei på frieriet hans!). " Ho viste han døre" (ho bad han gå s veg) 3) gje prov for; syne: få høve å vise kva ein duger til.

Visp,m., reidskap (av bjørkekvister, ståltråd ,o.l.) til å vispe med.

Vispe,v., røre fort i noke med visp: vispe krem; vispe ihop smør, sukker og egg; vi eggedosis.

Viss,adj., sikker; bestemt, ffr. "Anj va´ visse på at `anj hade læst dýra før `anj fór!". "Heile bygda veit at det e´ visst o´ fast mylljå dei !". (at det skal bli eit par av dei!). " Han e´ på ein viss stad!" (er på W. " Her ser det ut som ein viss mann he´vore ute!" (..fanden sjøl..) "Her ved bordet he´ kvar (mann) sin vis´se plass!".

Visshendt,adj., stø på handa; god til å råke : han slo `kje feil ein einaste gong!

Visshøv,adj., god til å råke det ein siktar etter.

Visst,adv., 1) med lett trykk: truleg, venteleg; rimelegvis : det er visst sant.

2) med tungt trykk: heilt sikkert, utan tvil: visst er det sant!; ja vis nei visst!

Visse,f., det at noke er visst, i motstning til u-visse: det at noke er usikkert Jfr. " I kanj kje få sagt kor glade i e´for at i he´fått visse for at`a e´i live. For like sida i haure om olukkå, he´ i gått her i ovisse´n o´ berre venta o´venta!". (i ovisse´nje (el. i uvissene) er dativ ein tal av ovisse (uvisse)). Talemåtar: visså e´ beire enn vona; eller sag på ein annen måte: det e´ visså ein he´ og vona ein fæ(r).

Vite ,el. vete,v., (veit, visste, visst) 1) ha kjennskap til, ha greie på: eg veit godt kven du er; det kan vere lygn for alt eg veit: rømmegraut var de beste han visste; han visste verken ut eller inn (var heilt i villreid. 2) ha sans for, ha evne til: den karen veit å snu seg (er flink til å ord. opp)

Vit,n., el,vett ,1) tenkjeevne,(praktisk) forstand,skÿn, klokskap ,omtanke:

bondevit,flögvit, fjellvit,næringsvit, samvit,sjøvit. Talemåtar: ha godt vit: snakke som ein har vit til (snakke dumt eller tankelaust); bruke vitet; ta til vitet;" Han he´ kje vite(t) so´ lesse si!"(han har ikkje vitet som tyngjer seg; spottande merknad brukt om ein stakar som har lite "på mørkeloftet") , Det seiest om bjønne at han har ti manns styrke og tolv manns vit; misse vitet,gå frå vitet (bli gale sinnsjuk) 2) vere med fullt medvit,vere ved sans og samling og ikkje i uvit).

Vitre,v., varsle, gje melding om;jfr" Du må vere so snilde å vitre mi om det,vis du høyre om noke som kan hjelpe mi !"

Vitring,f., varsel, vink om eit eller anna,jfr." I fekk ei vitring om at her skulde skje viktige ting i dag.Det va´derfor i kom!"

Vitskremd,adj., sanselaus av skrekk,, jfr. " Ho kom springande og var heilt vitskremd,for ho trudde ho hadde sett ein føring (eit gjenferd).

Vitskreme,v.,(skreme,skremde ,skremd), skreme vitet av noken:

Vokstrahald,n., hald eller sting i innvolane etter ein hard springmars eller liknande; mest vanleg i oppveksten.

Völende,n., matrøyret (Oesophagus); når dei skulle ta ut innvolane av eit slakt.baur dei først ein sterk hyssing rundt volendet, for at ikkje göret skulde renne ut.

Vomb,f., (fl. vembre(r)).1) magesekk hjå dyr; den fremste og største av dei fire magesekkane hjå jortardyra (dei andre tre er nettmagen,bladmagen-(gorhauddet) og løypemagen (el. vingstra).2) Storevembre: spottenamn brukt om folk med storkarsmage: overfødde mannfolk som ein tidlegare ofte kunne finne mellom dei såkalla kondisjonerte(overklassen, embetsstanden)

Vombafyll,f., fôr eller mat som det er lite næring i,mem som fyller opp i vomba el. magen

Von,f., det at noke er rimeleg, truleg , tenkjande.jfr. " Det er von om at du får reise heim til påske,dersom det går framover slik som nå!". Talemåtar (ordtak): det er von i hangande snøre (så lenge ein driv fiskar,er det von om fangst); så lenge der er liv, er det von); von er fatig manns trøst! " Du må ta med deg paraplyen på vona det kjem regn!"

Vond,adj., (verre ,verst); 1) vanskeleg,tung: gammal vane er vond å vende (ordtak 2) dårleg ,ring, motbydeleg, ufyseleg; fysisk og psykisk plagsam: pinefull.skadeleg;trist:vond smak; vondt i halsen,vonde tider ;det v. vopndt å misse mora i den alderen. Med vondå (gammal dativform);Jfr. " Det va´ kje me´vondå gjort!" (der var ikkje gjort i vond meining

Vondkynt,adj., fårleg,vondarta, vondskapsfull: ein vondkynt person; ein vondkynt sjukdom.

Vondskap,m., 1) noke som er til plage,verk og smerte; illske : det sette seg von skap i såret. 2) hug til å gjere andre vondt,jfr. "Den mammen er full av vondskap! Ja, heilt i gjennom vondskapsfull!". Vondskapsfull: full av vondskap,vondkynt,vondtenkt, full av skadelyst.

Vør,m., steinrygg lagt opp langs ei elv for å hindre at den fløymer over t.d. under sterk snøsmelting og vassfløde.2) opplødd stein på ei eller beg sidene av ei båtstø; steinbryggje: båten la til ved voren.

Vörd,m., usynleg fylgje, vardøger,verjeånd,vaktar,verjar: gardvörd;tunvörd . Etter folketrua, heldt tunvören til i tuntrea.Det var oftast store tre som m.a. høvde til bord, og dermed følgde tunvören med inn i husa Det er dette som skal vere den underliggjand ideen til uttrykket :ban i bordet (engelsk:tuch wood)d.v.s: "Kall på tunvöden!".

Voren,adj., som er så, så laga ,så skikka. Mest brukt i samansetning med adjektiv og verb, med den eigenskapen som førsteleddet nemner, men ofte i mindre grad; blåvoren, kranglevoren,rundvoren, vinglevoren-

Vorte,f.,1) knuteforma utvekst i hud eller slimhinne:brøstvorte, handvorte,skjeggvorte,m.fl. Jfr!" Ho hade fullt ta vorte på hånd'å: Han hsde ei skjegg vorte på nase'nje". (hånd'å og nase'nje er dativformer) 2) knuteforma utvekst på plantar, td. i borken og på røtene av or (Alnus) og på røtene av plantane av ertefamilien (Leguminosae)*) Vortemjølk: plante av skekta Euphorbium, med kvit mjølkesaft som tidlegare vart brukt til å fjerne vorter med. Vortesvin: klumpet dyr med stort hovud og vorter på kinna av den afrikanske villsvinslekta Phacochoerus.

Vrak,n., (det same som rak: det som rek omkring): 1) skrog av skip som er totalhavarert;drivgods,rekved,2) noke som er skadd eller øydelagt og ikkje kan brukast:køyre bilen til vrak; eit bilvrak.3)person som er hjelpe- laus; åndeleg eller kroppsleg nedbroten: bli vrak av eit lastefullt l kjenne seg som eit vrak; vere eit nervevrak.Vrakar,m., person som granskar varekvalitet (t.d på fisk, frukt og kjøt) og skil ut det som ikkje held mål (jfr. vrakfisk eller rakfisk,dvs.vraka fisk),Vrakgode gods som driv omkring etter eit forlis.Vrakpant: godtgjerdsløse som staten yter når ein leverer inn brukte motorkøyretøy til opphogging i godkjend avfallsplass.. Vrakplyndring: det å plyndre skipsvrak.

*) Disse vorteforma knollane er rike på nitrogenbakteriar (kvelstoffbakteriar) som har evne til å binde nitrogen frå lufta, slik at plantane er sjølforsyrmd dette stoffet. .

Vott,m., (fl.vette(r)),1) plagg for hendene; oftast med eitt rom for tommelen og eitt for dei andre fingrane: bladvott. Fingervott:: vott med rom fo kvar av fingrane;vante. Vettepar: vottepar.Talemåte : å fiske me' turre vette (brukt om ein som har kjøpt eller skaffa seg fisken frå ein fiskar eller fiskehandlar og ikkje fiska han sjø1). 2) ein usjø1 stendig person som lett lar seg styre av andre; ein godfjott.

Vri ,el vride, (vrir,vreid,vride),v.,1) snu,svinge på noke så det skifter stilling kjem av lage eller mister skapet sitt: bende, bøye; vrikke: vri om lykelen; vri armen ut av led; vri hendene i kvide; vri opp dei våte klærne. Vrien: ein som er vanskeleg å ha med å gjere; ein vriompøis Vride ei vid: vinde ei vid.

Vri ,el.vrid ,m., 1) vridning ,bøyg,kast ,lykkje:slå ein vri på vi(d)jehalsen (s ei lykkje eller eit kast på vidjehalsen:).overført: Gjere eller fin på ein ny vri (finne ein ny og lurare måte å løyse eit problem på):

Vrikke,v., bøye,lede smått og titt: Vrikke fram båten(med ei år i akterenden, i s den for å ro den).Ho vrikka på hoftene når ho gjekk.Vrikke foten: for stuve eller brigde foten i okleleden (i ankelen).

Vrimle,v., kry.yrje:det vrma av feil i stilen;der vrmla av fisk i nota: det vrml av stjerner på himmelen.

Vrimmel,m., ein brote ,ein mengde. der var ein vrimmel av folk på stemnet.

Vræle,v., skrike ,gaule, gråte høgt: ungen vrælte av sinne.Vræl,m., gaul, skrik:

Vrøvl,n., toskeprat, tullprat,dumt snakk. Vrøvle: fare med tullprat.

Vyrk,adj., omsorgsfull, snild,hjelpsam,jfr." Han va' alltid so vyrke for lissebro (han var alltid så snild og omsorgsfull mot veslebroren).

Vyrke,f., 1) yrke, kvardeag: helg og vyrke(helg og yrke; utan skildned; se' likt

Vyrke,n., emne, råmne til å lage noke av :Øsp (osp) er eit godt vyrke til å lage fyrstikker av: teak er eit godt vyrke til finare bruksting.

Vytr,n., vørter; brun,sukkerhaldig væske som ein silar frå knust, vassblanda malt.

Vær,n., fangstplass ved sjøen;hamn ved havet der folk samlar seg og driv fiske; fiskevær.

Vær,n., 1) sekk , pose, omslag til å forvare noke i, emballasje, 2) (tøy) pose: e. overdrag til vern: Putevær:det same som putevar. Pylsevær: pylseskinn.

Være,n., 1) det å vere eller finnast på ein stad.Nærvere:det å vere til stades,jf " Det trengst ditt nærvere på siste møtet når vi skal skrive under dokumenta". Tilvære:det å verfe til,jfr."Han måtte tidleg ut og prøve kamper for tilværet", " Det måtte vere eit trist tilvære å måtte gå som tena heile sitt liv!".

Være, n., 2) stad der ein held til eller forvarer ting, jfr. "Du he' kje eit krotakjelve i værå dine so' i kan få låne, for i ska' bake krotaløfse(r) te' bryllaupa. (i vær'å: dativ fleirtal av være). 3) kjerald eller rom som noke kan vere i, jfr. "Du he' kje eit være te' det smør'a so' i lånte me' di, for i må ha me' mi krùkkå heim atte!". (me'di(med deg): av de Væring, m., innbyggjar; brukt i samansette ord som øjeværing (ein person som bur ute i øyanne) og lomværing (ein som høyrer heime i Lom).

Væse, v., det same som svæse: forfriske, varme seg opp, jfr: "Det e' kaldt ute! D må kome inn og svæse (væse) di ei stond før du dreg vidare!" (meint e "Du må kome inn og få deg litt varmt i livet og varme deg før du drar vidare!". Når personen kjem heim, kan han t.d. seie til kona: "E fekk noke te' svæsing borte i Ola-gara i dag då i kom ta fjella!":)

Vøde, v., klå seg til uvêr. jfr. "Dei va' godt vødde før dei fór, so det står ikkje noke på dei!".

Vøle, v., reparere, setje i stand, stelle, jfr. "Der hade kje vore mannj på gar'a dei siste åra ,so der va' mångt so' måtte vølast og ettersjåast!".

Vøle klede: bøte og stelle, lfr. "Før du reise(r) i fiskjå, må du sjå over o' vøle sjøklede dine!"

Våbøle, n., brautande og ustyrleg person, jfr. "Du skulde halde di for go'til å vere i lag me' eit slikt våbøle!".

Våbøn, f., vondt ynske, forbanning: be eller lese ei våbøn over noken, Eit døme:

Det var bryllaup, og ein av gjestene syntes at han fekk for lite øl. I harme henta han hesten og spente for staskjerre, ropte på kona og t henne kome og bli med. Deretter spytta han ut skråa og jaga på hesten medan han ropte til brurfolket: "Måtte Vårherre drygje arbeidet fyre dokke!!".

Våg , f., 1) (med uttalen vøg) , lyftestong (vektstong) , td.ein stokk eller eit spett som ein kan flytte eller lyfte noke med når ein bikkar vøga over ein vøgamat , det vil seie, ein stein eller ein kloss som blir lag under vøga). 2) (med tydeleg "å"-lyd : gammal vekteining for tyngre varer: 36 pund eller 18 kg.

Våg, m., materie, verk, svoll; puss (fagnamn).

Vågmor, f., kjernen, midtpunktet i ein svoll (el. svull). Vågmora følgjer stundum med bandasjen når ein skifter på ein (moden) svoll, eller ein kan klemme den ut.

Våge, v., (våger, vågde, vågd el vågt). 1) setje på spel, resikere: våge livet for å hjelpe; det får våge seg, for no er det gjort! Talemåte: våga vinn og våga tape(r), (den som noke vågar, han anten vinn eller taper)

våge, v., 2) driste seg til, tore, ha mot til. han våga å gå over isen, sjøl om han visste at han var otrygg!." Eg vågde å protestere fordi eg visste at eg hadde rett!". Vågehals: ein dumdristig person; ein som tar store sjangsar.

Vågestykke, n., vågespel, det å utsetje seg for fåre, jfr. "Det var eit stort vågestykke, med det gjekk bra!".

Våhøv, adj., usikkert; fr. "Det er våhøvt å skulde ernære si me' jakt og fiske":

Våde, m., stygt og fårlg uhell. Vådeskot: fårleg og skadeleg skot som er løyst av vatn; "Han vart drepen av eit vådeskot!". Vådeverk: skade som er gjort av vanvare.

Vår, m., tida mellom vinter og sommar; omfattar månadane mars, april og mai: Vårbod: varsling om at våren kjem, td. den første dagen då "sola kjem att" etter å "ha vore vekk" frå tunet (på grunn av dei høge flella) i så og så mange viker. På Støylen i Nordalen, der eg vaks opp, var sola vekk i 18 viker og kom først tilbake den 22. februar, den dagen som i dei gamle almanakene fall saman med merkedagen Peder stol; sjå "Jofolket" s, 104.

Eit anna vorbod var vårløysinga med alt den førde med seg. og flyttfuglar kom tilbake. Tidleg vår; sein vår: uttrykka knyter se til dei meteorologiske tilhøva i perioden. Vårarbeid: alt arbeid som knyter seg til arbeidet på ein gard om våren og i våronna. Vårast: merke i naturen som viser at vinteren er i ferd med å sleppe taket. Vårbær: ku som kalvar eller skal kalve om våren. Vårfjøs: fjøs i utmarke til krøtera om våren. Vårgjæle: fregner (eller solbrend farge på huden). Hadde ein ungdom mykje vårgjæler, vart det rekna for eit lyte, og det heitte seg at somme klinte seg til ansiktet med grolappegaupler (som var lette å finne i vasspyttar og smågrøver om vårane), for å bli kvitt fregnene.

Denne terapien grunnar seg på ein gammal påstand om at "likt skal kurerast med likt", og det som her er likt, er fregneflekkane og dei brune kjernene i grolappeegga (froskeegga). I denne samanheng kan det nemnast at det latinske postulatet (påstanden): Similis similibus curantur, dvs. likt skal kurerast med likt; er det viktigaste grunnlaget for homøopati. Vårblomstrar: plantar som blomstrar tidleg om våren. Det er plantar som har eit kraftig rotsystem som er fyllt av opplagsnæring. Typiske vårplantar i Sydwd, er geiss-symre (kvitveis: Ranunculus nemorosus) og kusymre (Primula acaulis). Vårknipe. f., fôrangel som følgjer av sein vår eller som følgjer av at dei hadde "sett på" for mange dyr om hausten. Vårskrakje, m., sveltefora dyr om våren. Vårssid: kulde eller snøfall sein på våren; urid; urykk. Vårstid: (i bumden form eintal): våren. Vårsild: sild som gyt langs kysten i februar og mars; hertil; vårsildfike: Vårsøg: susen av vind og rennande vatn om våren; vårbrus. Våryr: Kåt, vilter, vill og galen; ein våryr unggjentelått.

vås,n., slit og strev ute i vind (storm) og uvêr;jfr:" Det vert ikkje anna råd: vi må ut og ta oss eit vås!" Våsklæde:klær som ein brukar når ein ska ut og ta seg eit vås,td. regntøy og langstøvlar.

Våse,v., ferdast ute i regn eller uvêr

Vås,n., sludder og vrøvl; meiningslaust snakk:fare med vås(fare med sladder og vrø

Våt.adj., gjennomtrengd med vatn, som inneheld mykje vatn, vasshaldig. Våtsam: jamleg våt!" Det var våtsamt vêr heile den hausten, og vi gjekk ålvåte mest kvar dag så lenge skurden varde!". Ålvåt: gjennomvåt,skinnvåt.

Våtvare,f., flytane vare,jfr." mange syntes at der var for mykje våtvarer i det bryllaupet!" (at der var for mykje rusdrikk...)

Våtlende,n., våte eller sumpige marker.Våtlendt,adj., vått og sumpig (om jord).

Våtmark,f., nemning på innsjar.myrrar, sumpområde og grunne sjøområde langs kysten.

Våtrøyk,m.,vassdamp som stig opp over våte og fuktige ting (våte klær. myr og myr jord,etc)

Vått,n.ein vâske-skvett, ein liten slurk, ein drope.jfr." Du må gje katten eit lit mjelkevått.:Du ser at han går her og snakje(r)!"

Hit 5.2.1998. A.N.

Y

Ydde,v., brydde,spire, brukt om groane (spirane) på spirande korn som viser seg som små oddar (broddar, spissar).

Yksne,v., Om ku: vere brunstig; oksegalen. Ei yksnekyr: ei brunstig ku; ei kyr som løyp'e. Yksne : brukt som fleirtalsform av ukse:"Eg møtte to ylme^{yksr}

Yl , m., mild,linn varme, jfr." I synest her e'kaldt. Du får kveikje i omnen so her verte ein liten yl !".

Yllast,v., bli loden ,få ull,jfr. " Saudenje e' åt o' yllast opp atte (etter at dei var klippte).

Ylmest,v., bil olm, sint., jfr. " Uksen ylmest når han ser noke raudt!", " Eg vei ikkje kva den karen går og ylmest for!".

Ymse.adj., skiftande, ikkje alltid like eins: i ymse høve: på ymse sider..

Ymse,adv., på ulik vis: det kan gjerast på ymse måtar..

Ynde,n., noke sers fint og tillokkande i veremåte eller lag.jfr" Ho hadde både ungdom og ynde!". Yndeleg,:det var ein yndeleg skapning.Yndling: favoritt han var yndlingen til læraren.

Yngel, m., (mest brukt kollektivt): om avkom av visse dyr, særleg av mindre arter med talrikt avkom: fiskeyngel. Rundt 1920 sette dei ut ørret- og lakse yngel i mange fjellvatn i Syvde. I menneskeleg samanheng, blir ordet brukt i nedsetjande meining.

Yngja, v., bli ung att; bli yngre. Berre brukt i uttrykket: yngjast opp att. jfr. følgjande ordveksling: Fru A: "Det va' svært so stramme og oppstasa 'a Karolus va' i dag!", Fru B: "Ja, hanj e' visst at og yngjest opp atte for du he' vel haurt at 'anj he' fått si kjærest på sine eldre dage!". Yngleplass: plass der dyr får ungar: Talemåtar: Han er ein av desse som får pengane til å yngle. Det yngla av gode idear, men få kunne brukast.

Ynk, m., ynking, jammer; klagning; lett jamrande, klagande lyd: han hadde så vondt at han laut ynke seg der han låg. Ynkeleg, adj.: det var eit ynkeleg syn so møtte dei. Medynk: medkjensle.

Ynske, n., 1) vilje, hug eller lyst til å få eller vinne fram med noke, trang ette å oppnå noke: jfr. "Folk sa at han hadde eit sterkt ynske om å få tak gjenta, men kanskje endå meir i garden!". 2) venleg, kjærleg tanke: god ynskje for Jula og Nyåret; gode ynskje for framtida, etc, Ynskjedikt: dik som blir opplese (særleg i rodio) etter ynske frå lydarane. Ynskjekvis gaffelforma kvist av lauvtre som blir brukt til å peike ut underjordi malm- og vassårer med. Talemåte: Ynsk ned i eine handa og spytt med i den andre og sjå til kven du har mest i. (Talemåten har ofte ei meir grevkorna form, og det var i denne formen eg hørde han første gongen: To sjøklede gamlinga stod på kaia og såg ut på fjorden der det låg ei stor, fin fiskebåt. Herr A: I skulde ynskje at i åtte ein slike båt so dinnje som 'anj Store-Ola he' kjøpt!" Herr B: "Kja-ja. Ynsk ned i ein handa o' skjit ned i hi, og sjå kven du he mest i!".

Yppe, v., 1) yppe seg; lette på herdane og gjere seg til å ville slåst; briske seg Yppe seg: våge seg fram på i strid og krangel, vise ein utfordrande og førsel; egle seg innpå: "Du kan berre kome her og yppe deg, gut, så skal du få svar som du vil hugse!" 2) vekkje, valde, starte: yppe kiv, strid, trette, ufred. 3) byrje, starte, ta til, jfr talemåten: det er mang som yppast med skjemt og endar med alvor.

Yppig, adj., frodig, svulmande, eggjande, sexy: Ho hadde yppige former som verka eggjande!

Yr, n., fint regn, t.d. frå skodde: skodderegn eller skoddeyr.

Yr, adj., vilter; vill, galen, lausslept; fortumla: yr av glede; yr og rar i hovudet

Yre, v., 1) kome, strøyme på i stor, talrik mengd, yrje, kry, aule, myldre, vrimle: de yrer og kryr av maur over alt; eit yrande liv.

Yren,adj., ør,fortumla;utilpass, urven, uopplagd;uhyren, morgongretten.

Uhyren: geispande og morgontrøytt.

Yrje,v., myldre, kry, jfr." Vi ser ut i rømda so vid ein kring

der stjerner i natti yrjar"(Aaseni Vit og tru).

Yrke,f., kvardag, arbeidsdag, i motsetning til helg,jfr" Han driv på same måten både helg og yrke (han gjer ikkje forskjell på kvardag og helg)

Yrke,n., arbeid; særleg arbeid som ein vanleg driv med og lever av; fast ,lønt arbeid; livsstilling; læraryrke, snikkaryrke, låglønnsyrke,etc.Yrkeslau som ikkje har noken ting å gjere.Yrkesløyse: skort på arbeid,lediggang. Talemåte:yrkeslaus er sjeldan lastelaus.Jfr. det gamle,latinske ordtake "Otium est pulvinar diaboli" (leddiggang er djevelens hovudpute, eller leddiggang er rota til alt vondt,som det til vanleg heiter på norsk).

Yrkesaktiv:som har inntektsgjevande arbeid.Yrkesfiskar: fiskar med fis som hovudyrke.Yrkeskarriere:: karriere i yrkeslivet.Yrkesmyalgi:muskel-smerter (særleg i nakke, skuldrer og armar) som kjem av at musklane bl haldne spente(ofte på grunn av feil arbeidsstilling, einssidig oppattek rørsler, o.l.; yrkesnevrose:Yrkesutdanning: utdanning til eit yrke:

Yste,v., 1) lage ost ved å varme opp mjølk og setje til sprengje (syre eller os løype) slik at kaseinet og visse andre emne går saman (koagulerer) og k skiljast frå mysen (eller vallen).Ostemassen blir presse i stykke og lagt til gjæring og mogning.2) Blirenmysen kokt i nn saman med fløyte- eller mjølkeblandingar, får eim mysost (brunost) av ulike kvalitetar.. I Svude er det eit moderne og relativt stort ysteri.

Yte,f., ytre side eller overflate med nærmaste lag innanfor.Yteved eller geite: d ytsyte (og ringare) delen av veden i stamma av eit nåletre.Til dels ogs i andre treslag.

Yte,v., gje , gje tilskot til : yte pengar eller hjelp til eit visst formål; yte til idrettslaget; yte etter evne. Yteevne: evne til å yte. til å prestere noke.

Ytre,adj., ytre,det som er lenger ute; også det som er nærmare havet,jfr: "Lokalbå gjekk ytre i dag"; dvs. ytre leida: Jfr stadnamna:Ytre og indre Skør: Ytrebrandal,m.fl. I samansette ord får ein ofte formen " ytter": yttedør (den ytre døra eller utdyra).Ytterklær: klær til å bruke ute, utan dei andre klærne. Ytterbork:den ytterste delen av borken på eit tre (o fattar m.a. korklaget eller nevra. I medisinsk samanheng, snakkar ein o ytre sekresjon (som utskiljing av sveitte gjennom huda) og indre sekresjon (som utskiljing av hormon (frå hormonførande kjertlar) til blode

Yvebreitsle,f., (eller: yvebreitle.utt,Yvebrei`hjle; same lyd som i hahjl (hassel ålkæde, sengeteppe; også i tydinga: det som er over ein når ein ligg i senga, i motsetning til ondebretlå (undebreitsla).

Yvelæte;f., skumhatt på ølkrus eller ølbolle. Når ein gniar skulle tappe øl til ein gjest, tappa han seint og heldt ølskåla lågt under krana, silk at det vart ein stor skumhatt på ølet: Med andre ord: mykje yvelæte (skum) og lite øl. Det er dette som ligg til grunn for talemåten:(det skulde vere øl, men)det gjorde seg opp i yvelæte!Talemåten er brukt i samanhengar der resultatet ikkje svarer til forventningane.

Yvemann,m., mest brukt i formen overmann,jfr." Der møtte `anj Stor- Ola sin overmann!".

Yvestode,f., uro,larm. bråk, spetakkel,jfr. " Der vart noke til yvestodel!".

Yvje,v.,vere uklår i tankane, gå som i ørske;vere korthugsen og " røre". Jfr." Han går berre og yvjar og veit ikkje stort kvar han er!".

Yvj,m., ein som går og yvjar,jfr:" `Anj e` vorte opp i yvj i det siste!".

Æ

Ær,n., eller arr, merke etter sår.

Æra,m., (latin,aera `tal, årstal som kronologisk utgangspunkt´). tidbolck, epoke: oljefunna i Nordsjøen skapte ein ny æra for norsk økonomi.

Ære,f., 1) vørndad, heiderleg omdøme, gjetord, ry, glans,respekt: kome til ære vinne heider og ære; setje si ære i å gjere det godt. 2) sterk ros,høgrad av påskjøning, hylling: dette er til stor ære for deg. 3) sjølkjensle, sjølrespekt:han eig ikkje ære i livet (han er heilt utan skruplar; dette går på æra laus.4)høgtideleg lovnad : skrive under sjømeldinga på ære og samvit .4) syne ære:du skal ære foreldra dine. 5) tilbe, dyrke, vise ærefrykt : du skal elske og ære Herren din G Ordtak, talemåtar:når lorten kjem til ære,veit han ikkje korleis han vil vere. Æra er lettare gått enn fått.Den eine æra er den andre ver. Dei gamle skal ein ære, dei unge skal lære.Ære den som ærast bør!

Ærefull,adj, som gjev ære: eit ærefullt oppdrag

Ærekjær,adj., som trår etter ære; som har sterk ærekjensle;; som held på og hevdar si ære,jfr. " Han var for ærekjær til å be noken om hjelp!".

Ærelaus,adj., utan ære; som blir sett ned på og vanvyrd av folk.

Ordtak: Den som agelaus lever, han ærelaus døyr.

Ærend,n., 1),gjeremål,ombod ,oppdrag (som ein blir send av andre eller som ein sjø går for å greie med: han hadde eit ærend til byen; han gjorde seg eit ærend til grannen for å spørje nytt; han gjekk ærend for motparten dennegongen.2) tur for å utføre eit oppdrag:: Ærendsgut, ærendsgjente: gut og gjente som spring (går) ærend for ein person eller eit firma.

Ærendslaus, adj., som ikkje har eit ærend, og som derfor må finne på eitt eller ann til ærend for å oppnå det han vil. jfr.talemåten:" Det er mangt til pike ærend".Her er det den tidtgjengde friaren som må finne på eit eller anna til ærend som " forklarer" kvifor han kjem så ofte til gards.

Det er den tilsvarande tankegangen som ligg bak uttrykket: å gjere seg ei ærend.2) som ikkje har fått utført ærendet sitt:jfr. " Dei laut gå heim att ærendslause!".

Ærerik,adj.som fortender ære; som det går gjetord om:det vart ein ærerik (polar)ekspedisjon.Ærersgjest: heidersgjest. Æresjuk: som er sjukeleg æregjerrig: Æresoppreising: (tilbakekalling av og) oppreising for ærekrenkjande skudingar.omtale og liknande.Kan gje grunnlag for krav av ære(s)bot.

Æresak: sak som det for ein er viktig å få ordne oppi, jfr." Det vart ei æresak for han å betale den kausjonsgjelda som broren hadde til grannen."

Ærverdig,adj. som fortene^{tt} ære og vørndnad:ein gammal , ærverdige lærar.Stormen tok det gamle, ærverdige tuntreet.

Ætt,f., sammemning på alle dei som er(eller reknar seg å vere) etterkomarar etter ein og same person; slekt; òg: familie: same ætta hadde budd på garden i lange tider.

Ætta,adj., som kjem av ei viss ætt eller frå ein viss heimstad:dei ætta frå same garden i same kommunen.

Ættar,eller ætte- vere ætta frå, vere utstokken frå; brukt som førestaving for å markere ættetradisjon eller ættesamanheng. Ættargard:gard som har vore i sa slekta i mange generasjonar. Ættegranskar: person som driv med ættegransking;geneolog:Ættegransking: gransking av opphavet til og utbreiinga av ætter og samanhengen mellom dei.: gransking og opprekning av avstammings-tilhøva i ei ætt; geneologi .

Ættesoge,f., 1)islandingesoge.2) bygdehistorisk segn eller soge om personar og ætter frå 1500,1600 og 1700.

Æve, f., 1) brukt i tydinga lang tid, jfr. følgjande ordveksling. Faren: "Er du alt slutt i tjeneste'nje?" Sonen: "I hilt ikkje det ut! Dei fjurten daga'nje i va der kjendest ut som ei heile æve!". 2) tidsalder, tidbolc. 3) endelaus t tid som aldri tok til og aldri vil slutte: i all æve: for alltid. Æve i bibelsk samanheng: ein sann Gud frå æve og til æve. Æveleg: 1) evig: (de ventar) æveleg liv; til æveleg tid. (I uttrykka æveleg og til æveleg tid er det bygt inn eit startpunkt, men ikkje eit endepunkt. Dette i motsetn til uttrykket : frå æve og til æve, der det er verken opphav eller ende. Jfr. uttrykket (Gud vare din inngang og din utgang) frå nå og til ævele tid). 2) evig: kvar ævelege dag (dvs. kvar dag som kjem og går) 3) evig (adverb, i tydinga svært; overlag): det var æveleg langt dit!.

Ø

Øde m, n., sjukeleg væskesamling i veva, ofte i samband med hjarte- eller nyresjuk domar; opphovning, opptrutning. Eldre norske namn:: vatersott, kvapsott. " vatn i hold".

Øks, f., (gammalnorsk: øx). (eldre) hoggereidskap av metall eller stein, med eller utan skaft. Den moderne øksa er lage av eit jarn- eller stålstykke som til eine kanten tynnast ut til eit blad m²d skarp egg, og som til de andre kanten endar i ei hammarflate, ein pigg eller liknande, og med he for skaft. Øksehammar:: tjukkenden av øksehovudet , ofte nytta som hammar Øksekeft: økseegg . Øksekomité: komité nedst^{ett} for å få skore utgifte drastisk ned i eit budsjett. Økseskaft: skaft av tre som øksehovudet bl festa på . Talemåte: god dag mann , Økseskaft (etter eit folkeeventyr; fullstendig meiningslaust svar som blir gitt på ein spørsmål som ein i høyrer eller forstår. Og her er eit eksempel på ein slik situasjn: Han Daue-Petter (som var mest stein-dau) stod og sette opp piggtrådgerde langs (hovud)vegen då presten kom køyrande forbi. Han kjende ikkje Daue-Petter, men stogga likevel hesten (som skikken var) for å slå av ein pra

Å setje opp piggråd er eit styggearbeid, og for å live hendene, arbeidde Petter med vottar, sjøl om det var sommars dag. Fire-fem born stod rundt Daue Petter for å følgje med i arbeidet. Presten: "Her var det mange kjekke barn!", Daue-Petter: "Ja, det e' eit styggearbeid, so det e' derfyre i he' vette(r) !".

Økt, f., eller ykt, stund, arbeidsstund, arbeidsykt; tida mellom to måltid.

Om sommaren og i vinnene når folk var svært tidleg oppe, rekna dei me fem måltid om dagen: lissøefrukost (morgobite) ved 4-5 tida, frukost (8-9), middag (12-13), non 16-17) og kveldsmat (20-21) Etter middagen hadde dei ei kvilestund. Dette ga fire arbeidsykter: morgonykt, mid-dagsykt, nonsykt, og kveldsykt. Ordet ykt vart også brukt i samband med kvile: "Dei tok seg ei lita kvileykt eller ein pust i bakken," Matykt: Ved (jule)festar og liknande tilstellingar, var det alltid ein pause omlag midt i programmet då folk kunne få kjøpe seg mat og forfriskningar. Dette opphaldet kalla dei for matykt.

Øl, n., gjæra maltsaft (vørter), Om øl og øltradisjonar i Syvde, sjå "Jofolket", 154-163. Ordet går inn som føre- eller etterstaving i mange samansette ord: ølbrygging, øltynne, ølgjær, ølbolle, ølskål; barnsøl, festar øl, gravøl, m.fl.

Øle, v., gjøle, smigre, smiske, eggje opp. jfr. "Dei dreiv og øla med han for å få ha på si side!", "Ho dreiv og øla med krøtera for å ty dei til seg!".

Øle, n., eller tøle, har same meining som tyl og tufs; ein stakar. Ordtak: Det er e øle i kvart bøle (Det finst ein tyl (ein tøl) eller ei tyle (eller ei tøle) i alle slekter)-

Ølgøys (gj), m., eller ølgeis), sterk eller stinn øllukt: Jfr. "Det va' tydele' at 'a hadde drukke, for det stod stinne ølgøysen uta munnj'a på 'nå!"-

Ølkong, m., (plante), Pericum; tidlegare brukt som ølkrydder i staden for humle.

Ølsoppe, f., soppe (sjå det) laga med øl i staden for med (sur) mjølk.

Øgje, adj., skråmande, som den kjensla ein har når ein står på eit høgt stup eller ein fjelltind og ser nedover. jfr. "Der va' so øje at i vart heilt haud ør!" (eller: fekk haudetynnj). Jfr. age (aje) og oge (oje.)

Øm, adj., 1) som toler lite før det gjer vondt; sår; jfr. "Foten va' so øm og hoven at i kunne næsten ikkje kome bort (t) i 'nå!". Eit ømt punkt: 1) eit så punkt på kroppen 2) I overført meining: noke som er særleg sårbart h ein person; som vekkjer såre kjensler og (kanskje) harme. 2) som vitnar om elskhug og kjærleik: ømme ord: eit ømt blick. Ømtolig (ømskinna, sær i overført meining): som t'fler lite, sart, sensibel, kjenslevar.

Øne,v., gå omkring halvt i ørske utan mål; glane eller stire tomt framfor seg.

Kjenne seg svimren og utilpass. Ein øn: ein som berre går og ønar.

Ør,adj., svimmel, fortumla, haudeør,jfr." E vart so øre i hauda ta alt levena, at i syntest i kunn'je bryte mi !" (kaste opp).

Ør- og ørande ; brukt som førestavingar i uttrykka ørliten og ørande liten ; ørsmå ørsmått,m.fl.

Øre,m., el.n., I samansette ord: pengestykke med ein viss påstempla verdi: ein toøre,el. toøring; ein femtiøre el, femtiøring etc.Namnet er avleidd av det latinske aurum , som tyder gull. 1) skandinavisk mynteining verd 1/ 100 krone. Talemåtar og faste uttrykk:ikkje eit (lite raudt) ; han åtte ikkje eit øre (han stod der heilt pengelens); det er ikkje verdt fem øre (det er heilt verdilaut); Nøyaktig på øret(det stemmer heilt, akkurat på øret).2) før: nordisk vekt- og mynteining, omlag 25 verdt 1/ 8 mark;3) før; i landskyldrekninga: jordegodseining som ga e bismarpund smør (eller tilsvarande i andre vareslag) i årleg leige.

Øse,n., kant eller opning der vatn (eller vind) bryt fram eller skifter retning. Kvennøset : øverste delen av kvennasloket. Eit vindøse:eit avgrensa råde der vinden tar særleg sterkt:Der va' eit følt vaind-øse (vindøse

Øse,v., skape uro i sinnet; setje kjenslene i sving; ofte brukt saman med opp; øse opp: eggje, hisse; forville med lokking eller smisking,jfr."Dei øste han opp så han gjorde det dei bad han om (og som han ellers ikkje vil ha gjort!)." Han øste opp ongene so dei var heilt ville!".(eller opp-øste). Øsast,v.,(øsest, østest,øst), hisse kvarandre opp-,jfr" Onga va'so føle til å øsest at det var mest uråd å halde styr på dei!". Oppøst: perfektum partisip av øse opp):som er komen i øsing, jfr: "Han dreiv og øste seg opp, og til slutt var han så oppøst at han var heilt rasande!".

Øskje,f., el øyskje; eske; fyratilkkeøyskje (fyrstikkedåse); smørøyskje;pappøyskje

Øvre,adj., 1) om del av noke : som er,eller ligg lenger oppe: den øvre av dei to gardane, jfr. gardsnamnet Øvregar(d).

Øvst,adj.,og adv., som er,eller ligg øverst oppe.Jfr. gardsnamna: Niggaren (Nediga en), Miggaren (Midtigaren) og Øvstegar(d)en.(Øvre og Øvst er komparative former, resp. komparativ og superlativ, av ei positiv form (ov,ø eller ovan) som nærmast har teoretisk interesse. Brukt som adverb:

" Faren og mora til brura sat Øvst ved bordet,nærmast brurefolket".

"Han var så flink at han stod (fekkt stå) Øvst på kyrkjegolvvet då han vart konfirmert!".

Øy, f., 1) landområde (vanleg større enn holme og skjær, og mindre enn kontinent som har vatn rundt seg på alle sider, 2) eng, engslette, låglende langs elv. I Nordal i Syvde, finst det minst to slike elvasletter med stadnamn på øy, nemleg fremste og heimste øynå ovanfor Riseelva (under Risebakken) på Jo-støylen.

Bruk av ordet med tyding 2) Bunden form eintal: øynå (øy'nå). jfr. " De fremste øynå er større enn den heimste". Akkusativ eintal: øynå, jfr. " E he tenkt mi opp i øynå ". Dativ eintal: øynje (øy'nje), jfr. " Mer går opp i øynje"

Øyde, v., bruke, bruke opp, sløse vekk, leggje øyde. Øydar: Person som viser stor uforstand i pengesaker og sløser vekk pengar og gods. Talemåte(ordtak) Etter ein avlar kjem det ein øydar. og etter ein samlar kjem det ein snøydar!. Øydeland 1) aukt , ubygd land. 2) ein øydar. Øydd el. oppøydd (prf.part. av øyde). brukt, oppbrukt.

Øyr. f., sandslette eller sandtange som går ut i vatnet, særleg ved elveos; oppskolte banke med sand og grus i vatn. Ordet går inn i mange stadnamn rundt om i landet, mellom anna i Øyra og øyragardane i Syvde.

Øyre, n., (i Syvde er ordet oftast hokjønn. Fleirtal øyro eller øyre), 1) ytre, synlege delen av kvart av dei to høyreorgana hjå menneske og virveldyr: øymusling: Øyremusling er eit mykje brukt namn på den ytre (synlege) delen av høyreorganet vårt. Namnet har samanheng med likskapen mellom dette organet og øyreskjel (Pecten maximus) som også heiter kjerringøyre eller kam-musing på norsk. 2) samnamn på den ikkje synlege delen av høyreorganet, med øyregangen, mellomøyret og det indre øyret med høyre nerven. 3) sans for musikk (tonar): ha godt øyre, ha øyre for musikk. 4) Brukt om noke som liknar på ei øyre: Gryteøyre: Feste for grytehodde dvs. grytehandtaket. Øyrestav: høgare stav i eit trekar til feste for kylp eller handtak.

Talemåtar, ordtak og faste uttrykk: Små gryter har også øyrer (sagt for å hindre at nærverande born får høyre ting som dei ikkje bør høyre (for då kan dei kome til å sladre)). kvesse (eller spisse) øyrene (høyre godt etter, følgje godt med), jfr. Læraren: " No må de kvesse øyrene bonnj, for no kjeme det noke viktig!". Om dyr: reise eller spisse øyrene (lyde og vere på vakt mot fåre). Leggje på øyrene (slå øyrene ned) vise teikn på sinne:

Å ha tjukke øyre (ikkje bry seg om kva som blir sagt):

(K)

Å gå inn den eine øyra og ut den andre (gløyme det som blir sagt li. fort som ein høyrer det); Å ikkje vere turr bak øyrene (vere for lit. og for urøynd for ei oppgåve - som eit nyfødt barn som er fuktig bak øyrene): å tute ein øyrene fulle om noke (mase opp att og opp att om sak); ein skal høyre mykje før øyrene dett av (uttrykket brukt for å uttrykkje sterk undring eller forarging).

Øyrebein: kvart av dei tre beine (hammaren, ambolten og stigbøyelen) trommehola i mellomøyra. Øyrebrøsk: bruskskjelett i den ytre øyra. Ogs. brukt om sjølve øyremuslingen). Øyredask: øyrefik; øyresnipel: øyrefli. nederste ,mjuke delen av øyremuslingen. Øyreskjå: trommehinne; Øyrehole: 1) trommehole 2) holrom i tinningbeinet rundt øyregangen og de. indre øyra ; øyreklåde: klåde i øyrene: Overført: brukt om nyfikne, om trang etter å høyre nytt eller sladder. Øyrestol: øyrebrusk, øyremuslin Øyrestein: kalkhaldig tyngdeløkam som blir skild ut av jamvektsorgana i den indre øyra hjå alle virveldyr; otolitt.*) Ørnebein el. øyrebein): tverrbein attanfor toknene i ein fisk (I Syvde er berre forma ørnebein brukt) Ørnebeinstykka og sporstykk var rekna som dei dårlegaste stykk i fiskefatet, jfr. følgjande utrop (hjartesukk), sitert etter ein gardsdreng som var misnøgd med den fiskematen han fekk servert: " Kva e´ ditte matmor? berre ørnebein o´ spora!!".

Øyremerkje: setje eigarmerke i øyrene på husdyr .Mest brukt på sau, Dei mest vanlege øyremerka var: 1) Rivje, f., tommelang rift skoren på langs i enden av den eine eller begge øyrene. Under sortering av saue etter øyremerka (eigarmerke), kunne det lyde slik: " Dinnje sauden e´ rivja ni (ned i) høgre øyrenje" (resp. ni vainstre øyrenje. eller ni beggje øyrå); 2) Øyrekutt: kutting av øyrespissane ca. ein tomme frå enden. Dette vart gjerne uttrykt slik: " Dinnje sauden he´av høgre øyrå (resp. he´av vainstre øyrå; he´av beggje øyrenje).

3) Hjul og skjeringelag: halvsirkelforma, resp. trekanta hakk inn i s. på den eine eller begge øyrene omlag på midten.

Ved å kombinere desse merka, kunne dei få fram mange ulike e. garmerke på saueøyrene:

Merkjeteknikk. 1) Rivja: Den ytterste delen av saueøyra vart pressa flat mot ei fjøl, og deretter kløyvde dei øyresspissen med tollekniven.

2) Øyrekuttinga vart gjort på tilsvarande måte 3) Hjulet vart stempla eit merkjingsjarn, der egga var forma som ein halvsirkel.

Skjeringelaget (sjå skjering) vart klipt ut med ei saks.

*) Av otos = øyre og litos = stein

Å

A (m.), vokal med enkel lyd (ikkje diftong).

Å, f., elv, særleg mindre elv. Gårdsnamnet (stadnamnet) Tungåstøylen har truleg samanheng med å (elv). Det høver med terrenget at det er staden der ei større å eller elv deler seg opp i mindre å-ar med " elvatunger" i mell Eidså: Det kunne liggje nær å meine at dette stadnamnet er avleidd av eid (altså Syvdseidet) og å (som står for elv) Men i følgje O. Rygh (Gårdsnavne i Romsdals Amt)) er dette ikkje rett ,og at det opphaveleg namnet på denne elva var Eidsa , avleidd av ordet eid." Det er derfor troligt at Eidsa er Gårdsnavnets rette form", sluttar Rygh.

Å, prep., på eller over; til, eller bortimot overflata av eit eller anna, jfr. bruken av opp på og oppe på "Legg hatten opp på hylla" . " Hatten ligg oppe hylla". I syvdedialekten og i andre dialektar der dei framleis nyttar kasus,, og med preposisjonen "å" i staden for "på", ville dei to setningane lyde: " Legg hatten opp å hyllå og " Hatten ligg opp å hyllenje (hyllå og hyllenje er her resp. akkussativ og dativ eintal).

Preposisjonen "å" vart tidlegare brukt langt meir enn i dag, då den er gått over til "opp-å" og "på", men framleis heng preposisjonen "å" att i ein del faste uttrykk: han for (datt) fram å haude, eller han datt fr å rame; han for (datt) att å ende, eller han datt att å bak: det hend høgst å dag, dei røyste (reiste) steinen å ende; kjeppane stod å ende opp etter veggen. I dei siterte døma står preposisjonen "å" saman med e substantiv. Det gjer den også i uttrykket å gågnå, der gågnå er ei bøy ningsform (ein gammal dativ fleirtal av substantivet gang: gåing, go ge; det å gå på føtene.)

Uttrykket å gågnå , har framleis ein plass i syvdedialekten, og har er døme på bruken: Ein mann i bygda hadde ein dag vore ekstra tidleg oppe og vart difor litt overraska då han møtte ein av grannane med det sa han kom utn i vegen. Dette ga han uttrykk for då han helsa på denne måt " God morgå granne! Er du også å gognå so tidleg på dag?". (dvs.: i ga eller i farten). Ein kunne også høyre følgjande: " Om sommaren når kynne va på fjella, va' det ikkje ovanle'at mjelkarane var å gognå al reide i 4-5 tidenje!"

Å, utrops- eller tilropsord (interjeksjon). Ordet kan ha ulik meining alt etter de samanhengen det står i eller den måten det blir uttala på.

1) brukt som tilrop eller utrop: å, du stakars gut; å, du som står der borte. Kom hit så eg kan få snakke med deg; å du, å du som her har enc seg dei siste åra! 2) brukt for å uttrykkje eit ynske: å, gjev det va så vel! 3) brukt til å uttrykkje kjensler t.d. glede, sorg, redsle o.l å, kor fint vi skal få det saman!; å nei, å nei for ei ulukke!

Å, infinitivsmerke; blir sett føre verb som står i infinitiv. det er inga skam å han skal ut (for) å fiske (her brukt for å uttrykkje eit formål).

Åbin, n., særstyn, noke ut om det vanlege, noke framifrå: jfr. "Dinnj'e døtra 'as. Petter vart noke te' åbin! Dei seie at ò kanj gå på skjide (på ski) like godt som ein kar!". Åbin blir stundom forkorta til bin, n., jfr. "va 'eit bin at du klarte å få dinnj'e store laksen på land åleine!"

Åbite, m., morgonmat, lissefrukost, morgobite; ein liten matbit før frukost når de var tidleg oppe.

Åboden, adj., bråkande, storkjefta og frekk. Om born: nasevis og uskikkeleg.

Åbot, f., omvølsle, forflægring (mest brukt om hus).

Åbreitsle, f., yvebreitsle (i seng) i motsetning til undebreitsle. Tidlegare helst uttala åbreihj'le.

Åbyrgsle, f., (uttal åbyrsle), ansvar; det at ein borgar, tar på seg ansvar for noke eller noken, jfr. "Før dei fór, sette i 'nå i åbyrsle om at 'anj måtte passe godt på lissesystra si!" - Setje i åbyrsle: påleggje ein ar svar.

Åfall, n., fløyten eller rjømen (rømme) på eit mjølkekar. Åfalleringe: rømmekolle

Åfått, adj. noke ein har til gode, som manglar, som ikkje er som det skulle vere. jfr. "Den løna som han lova meg for arbeidet, er åfått til denne dag! "Hanj finnje alltid noke åfått, det same kor vel ein prøver å gjere ò fyre 'nå!"

Ågang, m., (uttal ågong), tilstrøyming. pågang., jfr. "Då vi (som dei fyste i byg ennje) fekk radio, fekk vi slike ågang av folk som vilde høyre, at de vart ei store plage!"

Åkave, v., drive hardt på med eitt eller anna. Åkave seg: kave seg opp, ta på seg mykje, Åkava, adj. oppkava, utkøyrd, jfr. "Han va 'so åkava at sveitten rar ta 'nå!"

Åkrekål, n., åkerkål (Brassica rapa).

Åkerreine, f., engkanten kring ein åker.

Åkóme, f., kjelde, oppkome.

Ål, m., fisk i ålefamilien med slangeliknande kropp (Anguilla anguilla). Uttrykk og talemåtar: slank som ein ål eller åleslank; sleip som ein ål (brukt om ein sleip eller utkropan person); vri seg som ein ål (kvi seg og vi tydeleg uvilje).

Ål, m., frøblad som stikk fram av spirande korn, og groe på poteter og visse andre knollar; mest brukt om potetål. Ålrenne, v., gro opp eller bruke krafta (opplagsnæringa) til å setje ål, jfr: "Potetene ålrenn når dei blir liggjande i kjellaren utover våren". Potetknollane blir då etterkvart mjuke og sktukkete.

Ål, m., 1) mørk stripe langs ryggen på dyr 2) renne, djup før i botnen av elv eller innsjø; djupål.

Åleten, adj., alt-etande, som et alt, jfr. "Eg er åleten likesom geita!".

Ålljøs, adj., ålljos, heilt lyst, jfr. "Det va' heilt ålljøst om morgonen før dei fé

Ålmenning, m., 1) innmarks- eller utmarksområde som fleire gardar brukar saman, ofte brukt i bunden form fleirtal, jfr. "Han (dei) for fram på ålmenningane". 2) skog-, beite-, eller fjellvidder som stat, kommune eller private eig, men der dei einskilde gardane har bruksrett.

Ålmuge, f., (ordet vart tidlegare meir brukt enn i dag), stor samling av folk; særlikt før, brukt i bunden form eintal om småkårsfolket, folket på landet, "i dei gemene hop". Hertil: kyrkjeålmuge, tingålmuge, m. fl. jfr. "Embetsmennene saug ut ålmuen!": Ålmugeskule: før 1889 nemning på folkeskulen.

Ålsvart, adj., heilt svart, svart over det heile.

Ålsveitt, adj., våt av sveitte over det heile.

Åltekt, adj., dekt over det heile: "Om morgonane var markene åltekte av héle (rim).

Ålvåt, adj., gjennomvåt, jfr. "Dei va' so ålvåte at det rannj ta dei!".

Åme, f., larve, td. av sommarfugl eller bladkveps.

Åmøge, v., mase og støre til for å oppnå eit eller anna, jfr. "Smågutane åmøga so lenge på bestefaren for å få' nå me' på fisketur, at te' slutt måtte 'anj gje si o' vere me' dei!"

Åmot, n., stad der to åar (elvar) møtest eller renn saman.

Ånkåre, v., (uttal. ånj'kåre), skulde på; orsake seg med, jfr. "Han ånkåra si me' at 'anj hade vore sjuke, og at 'anj derfyre ikkje kunnj'e kome so' avtalt

Årbot, f., omvølsle, lapping og stell a klår; mst brukt i eit fast uttrykk: "Ditte plaggjet e' kome heit ut av årbotenj'e!". (dette plggjet er så dårli at det lar seg ikkje bøte lenger).

Årette, v., kile fast; drive ein kile inn i enden av ein trenagle, eit skaft eller liknande, for å utvide, slik at naglen eller skaftet ikkje glir ut.

Årjonast, v., lide sterkt under skort på mat og særleg drikke, jfr. "I e' so tyste at i kan årjonast!".

Årleg, adj., som gjeld for året, jfr "Han he' kje kjøpt, men betala' årle' leig".

Årlegen, adj., (uttal. årlegjen). som har lege eit år ute (t.d. tømmer eller ved)

Åremål, n., tidsrom på eit visst tal år: leige, eller vere tilsett på åremål.

Årøde, el. årjøde, m., uro, gøyning, som når ein (akt)hund vert skremd og tar til å gøy. jfr. "Det va' stilt o' midt på nattenj'e, då honden gjore ein slike årøde at vi vakna ta det!"-

Årsbonn, n, m (eit banj, fleire bonnj); born som er fødde same året, jfr. "Jau, mi sannj: Vi va' årsbonnj o' vi gikk å lese i lag, o' sida so gifte oss, so' de veit!".

Årsgammal, adj., som er eit år gammal: ein årsgammal okse, eit årsgammalt barn.

Årsmot, n., årssdag, same tid som året før, jfr. følgjande ordveksling: Ein slektni. kjem på bssøk. Gjesten: "Goddag og takk for sist!". Verten: "Ja, det e' ikkje stokkete tida sida 'du va' her sist: Det e' no snart att i årsmotet!". (det er ikkje stokkete tida: det er ikkje kort tid, dvs. det lenge sidan sist; snart eit år på dagen).

Årsmun, m., den endring som skjer med ein ting på eit år, jfr. "I ser tydele' årsmunen på små-granene dokka i plantefeltet. Der e' fine årsskot!".

Årstød, adj., som sikkert kjem att kvart år, jfr. "Her i fjellbygdå e' kje kveite: årstøde, so det e' for våhøvt å drive me' ditte konnjslagja!".

Årstødt, adv., årsikkert, om jord, planteslag som kvart år gjev rimeleg god avling. jfr. "Dinnj'e planten he' kjeme atte årstødt so lengje e' kanj hògs"

Årvand, adj., om plantar som gjev usikker avling, motsett til årstød.

Årveg, m., åring, årsvekst, jfr. "Nå, korleis står årveien me' dokke?".

Årviss, adj., 1) som skjer, kjem att, tar seg opp att kvart år, jfr: "Ditte he' vore denj årvisse turenj for kånenje o' maj i mange år!". 2) om jordveg: årstød, årsikker.

Å røyse, brukt i samband med uttrykket: liggje å røyse: liggje hjelpelaus; særleg brukt om dyr som er så sjuke eller utmatta at dei ikkje klarer å rei: seg med eiga hjelp. Uttrykket er stundom brukt også om folk og ting, j. "Den gamle kåna hdde gått overende og låg å røyse då dei fann 'nje!"
"Etter stormen, låg konnj- hesjane å røyse bortette' åkranje!".

Ås, m., 1) berebjelke, særleg horisontal takbjelke; golvås, møneås. 2) det som noke sviv rundt, aksel, aksling: hjulås. 3) på plog: (horisontal) bom som g frå den bakre delen (med veltefjøl o.a.) fram til festet for dragkraf arås (frå latin: aratrum, plog og ås) d.v.s. plogås.

Ås, m., langstrakt høgdedrag, med eller utan skog, låg fjellrygg; åsrygg.

Åsete, n., det å bu eller sitje på ein stad. Åseterett(el. åsæterett):rett for næraste etterkomarar til å ta over jordeigedom arvelataren lét etter seg, mot å løyse ut dei andre arvingane.

Åslendt,adj., om landskap: fullt av åsar og bakkar.Åsrygg: øverste delen av ein ås.
Åsside: side, skråning frå toppen av ein ås mot (flat) lendet nedanfor.
Åstad,m., (tyder eigentleg: på staden) , 1) I jussen:stad der eit brotsverk har gått føre seg: forbrytaren hadde sletta alle spor på åstaden.2)I jussen: stad som det er tvist om i ei sivil rettssak.

Åsyn,f., (det å sjå på; påsyn;mest brukt i religiøs samanheng:for Guds(Herrens) syn (for Guds auge, i Guds påsyn),2) andlet:Herren lyfte si åsyn på deg og gjeve deg fred!

Åt,n., det å ete,; noke som et eller gneg. Avåt:smådyr, særleg insekt som snyltar eller gjer skade på plantar eller dyr ved å suge eller gnage.

At,prep. og adv. Som preposisjon: 1) (bort) til, (inn) til, mot;jfr." Han gjekk bort til glaset og såg at dei siste gjestene kom, før dei sette seg åt bordet." " Dei prøvde å kome seg åt land før uveret slo til for alvor"." Han dro seg åt seg det meste av handelen i bygda".Kome at:: hende, råke,jfr."Ka e det so he'kjime (kome) åt nå Petter sida `anj ikkje kønnje vere på turen; e' `anj vorte sjuke?". " Ka e`det du står og flire åt?".
Som adverb: til,nær til,imot,innpå,jfr." I la åt so det smallj!" (eg klemde til så det small); dei fannj åt mi fyr det i snakka syvding (de lasta (gjorde narr av)meg. fordi).jfr.talemåten (ordtaket):kjeile finn åt gryte`nje og so e`dei svarte beggje (finne åt:nekkje, laste. gjere narr). Adverb i uttrykket gjere åt:lækje , særleg med trolldomsråder,jfr."Ho kunne gjere åt både mot svekk (engelsk sykje,rakitt) og og mange andre ting.Kome åt: jfr."" Vanskeleg å kome inntil for å få gjort det ein ska

Åte,f., lokkemat for dyr i snarer ,feller o.l.

Åtferd,f., måte å bere seg åt på,oppførsel,framferd (i Syvde oftast i formen åttafær.jfr. " Ditta va' ei skammeleg' åttafær!").Talemåte: lukkå va' bein enn åttafæra!" (dette kunne ha gått reint gale, slik som han fór åt, men han hadde lukka med seg og derfor gjekk det bra!).

Åte, f., dyreplankton eller fiskeyngel som er næringsenme for større sjødyr (fisk og kval). Åtsild.el.åtesild: sild som er full av (raud)åte).
(Plankton, (av gresk plankton:`noke som driv omkring`): (ør)små organ ismar i hav,ferskvatn og luft(dyreplankton og planteplankton).

Åtsel,n., (oftast uttala åssel). daud ,rotnande kropp av dyr. kadaver, daudskrot
Åtselfugl: fugl som lever av åtsel

Åtte, talord,grunntalet 8. Åttebladrose,f.,roseliknande figur eller ornament med fire blad; særleg brukt i prydsaum og åklevev.

Åttring,m., båt med åtte (fire par) årar; åttæring.

Åtvare,v., gjere noken merksam på ei uheldig følgje av ei handling;gje noken førevarsel om ein fåre; formane; vare,jfr."I åtvara `nå mot å gå over den rotne vårisen,men `anj brydde si `kje om det, og so gjikk det so `det gjikk!": " Nei, det mangla ikkje på åtvaringa, men ka hjelpe det, når ingjen retta si ette`det!"

Åvelt,adv.alvelt; heilt rundvelt;om dyr: liggje på ryggen med føtene i vêret, jfr. " Merra ligge åvelt ovai (bø)garenj!".

Åvelte,v., velte over ende, velte rundt;jfr." Lasset åvelte då dei skulle køyre over skråninga!".

Hit 1. mars 1998.

Til nå er eg ferdig med hovuddelen av arbeidet over " Ord og vendingar frå syvdemålet!" Nå står tillegga for tur: Tillegga som omfattar ord og vendingar som eg har kome på under arbeidet så langt. Dei vil bli før inn(usortert) som tillegg under kvar sin bokstav som"Tillegg til bokstav A, bokstav B,etc!" , og så vil det vise seg kor langt eg rekk.

A.N.

Liste over viktig litteratur brukt under utarbeiding av manuskriptet.

Knudsen,K. Unorsk og Norsk.Kristiania 1884.

Nynorskordboka, Oslo 1986.

Rygh,O. Gaardsnavne i Romsdals Amt,Kristiania 1808.

Schjøtt,S.Dansk-norsk Ordbok. Kristiania 1909.

Strøm,Hans.Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør. Sorøe 1762.

Øyri, Audun. Norsk medisinsk ordbok.Oslo 1989.

Aasen, Ivar.Norsk Ordbok,1873-utgåva. Kristiania 1918.

Aasen, Ivar.Søndmørsk Grammatik. Eegset 1851.

.....

Nordal, Arnold. Jofolket-Ein slekts- og miljøstudie.Fredrikstad,1989.

Sandanger,Per. Gamle ord og talemåtar frå Sande,Larsnes 1998.

Ørstavik,Ragnar.Gamle ord og uttrykk.Volda 1996.

Dei to sistnemnde publikasjonane kom eg over mot slutten av arbeidet.

Blommenholm mai 1998.

Arnold Nordal.